

Ragnhild Haugen

# Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal

Avhandling for graden doctor artium

Nordisk institutt  
Det historisk-filosofiske fakultetet  
Universitetet i Bergen  
2004



## Føreord

Dess meir ein trur ein veit om noko, dess meir ser ein alt ein slett ikkje kan. Med utgangspunkt i det eg hadde funne ut om sogndalsdialekten i hovudoppgåva mi, såg eg at ei geografisk og sosial inndeling i ulike grupper ikkje gav meg tilfredsstillande svar på kva som var i gang med å skje, eller kva prosessar som styrer talemålsutviklinga i bygda. Då eg fekk høve til å gå i gang med eit doktorgradsprosjekt, var det nettopp slike spørsmål eg ville prøva å finna betre svar på. Eg har gjort fleire delundersøkingar og samla sett har eg difor fått eit større perspektiv enn kva ein metode åleine kunne ha gjeve meg. I dette prosjektet har eg også hatt kontakt med mange personar.

Eg vil takka alle som har vorte involverte i dette prosjektet i ulike fasar, og på ulike måtar vore til hjelp for at dette prosjektet har late seg gjennomføra.

-takk til Tore Kristiansen ved Københavns Universitet som inspirerte meg til å gjennomføra eit slikt fleirdimensjonalt prosjekt, for mange nyttige diskusjonar kring praktisk tilrettelegging av haldningsgranskingar, for kritiske merknader og konstruktive kommentarar.

-takk til Knut Ottersen og Tor Nesje ved IT-avdelinga på HF, Universitetet i Oslo for hjelp til redigering og brenning av cd-ar.

-takk til Sogndal kino, kinosjef Dagfinn Rude Johannessen og medhjelparane hans for løyve og hjelp til å gjennomføra kinogranskinga.

-takk til Tore Tønning, overingeniør ved Statens Kartverk i Sogn og Fjordane for teikning av kart over Sogn og Fjordane og Sogndal kommune.

-takk til Knut Hofland ved HIT-senteret for kolpling av tekst og tale og for utarbeiding av eit skreddarsydd søkjeprogram.

-takk til Sogndal ungdomsskule og rektor Bjarne Ness for stor velvilje og hjelp til å gjennomføra haldningsgranskinga blant alle elevane våren 2001. Takk også til norsklærarane i alle dei sju klassane som gjorde dette praktisk mogleg.

-takk til alle elevane som stilte velviljug opp og har medverka til at det i det heile vart noka undersøking. Takk også til foreldra deira som gav elevane løyve til å delta i prosjektet.

-takk til bakgrunnsinformantane mine Inge Jarle Yttri, Tordis Randmo, Eirik Flugheim og Maia Vatlestad som har vore avgjerande kjelder for å gå god for tradisjonelle og nyare sogndalsformer med svært få belegg i materialet.

-takk til Randi Benedikte Brodersen for mange konstruktive og interessante samtalar om haldningsteori og metode.

-takk til kollegaer og studentar ved Nordisk institutt for inspirasjon og praktisk hjelp.

-takk til Angie Williams, Peter Garrett og Nikolas Coupland ved Universitetet i Cardiff for gode tips og godt opplegg i statistikk under opphaldet mitt der.

-takk til alle ved Afdeling for dansk dialektforskning ved Københavns Universitet for gjestfridom og gode arbeidsforhold under opphaldet mitt der.

-takk til Oddbjørn Haugen, bror og konsulent i Statistisk sentralbyrå for nyttige diskusjonar kring bruk av statistikk.

-takk til Kirsti Lie, mor og lærar ved Sogndal ungdomsskule for god støtte og oppmuntring, og med eit godt øyre og blikk for det språklege.

-takk til hovudrettleiaren min Helge Sandøy som både med stor fagleg innsikt, gode idear, stort engasjement og med tru på meg har hjulpet meg framover i prosessen til eit endeleg sluttprodukt.

-takk til medrettleiar Gunnstein Akselberg som ofte har fått meg til å tenkja gjennom ting ein gong til.

-takk til konsulent Kolbjørn Slethei for uvurderleg hjelp med den statistiske delen av avhandlinga, fleksibilitet og mange nyttige og konstruktive samtalar kring avhandlinga.

-takk til mentor Magne Espedal for oppmuntrande kommentarar i sluttfasen.

-sist, men ikkje minst takk til min kjære Tiit Anderson for inspirasjon, støtte, omsorg, tolmod og oppmuntring i den krevjande sluttfasen av prosjektet.

Eg har vore heldig og hatt mange støttespelarar undervegs i prosjektet, folk som har trudd på meg og prosjektet og som har oppmuntra meg til på stå på i arbeidet. Sluttproduktet er like fullt eine og åleine mitt eige ansvar.

Bergen, 04. juni 2004

Ragnhild Haugen

© Ragnhild Haugen 2004

1. utgåve, 1. opplag

ISBN 82-497-0260-3

Programvare: Microsoft Word

Skrift: Times New Roman

Trykk: Allkopi, Bergen

Denne avhandlinga vart levert inn den 18. juni 2004 til vurdering for graden doctor artium ved Universitetet i Bergen. I den oppnemnde komiteen sat:

Professor Gjert Kristoffersen, Universitetet i Bergen (leiar)

Professor Inge Lise Pedersen, Københavns Universitet (1. opponent)

Professor Ernst Håkon Jahr, Høgskolen i Agder (2. opponent)

I innstillinga frå komiteen datert den 16. november 2004 vart det konkludert med at avhandlinga er funnen verdig til å kunna forsvarast for graden doctor artium. Tid og stad for doktordisputasen er fastsett til fredag den 17. desember 2004.

# Innhald

Føreord .....	iii
Innhaldsliste .....	v
Oversikt over vedlegg .....	xiv
Oversikt over kart og figurar .....	xiv
Oversikt over tabellar .....	xv
Forkortingar og teikn .....	xx
1 Innleiing .....	1
1.1 Målsetjing .....	1
1.2 Å skildra, forklara og forstå talemålsvariasjon .....	3
1.2.1 Forklaringstypar i humaniora .....	7
1.2.2 Korleis kan ein forstå? .....	8
1.3 Tidlegare forskning .....	9
1.4 Hovudproblemstillingar .....	10
1.5 Kapitteloversyn .....	11
2 Bygdebyen Sogndal .....	12
2.1 Geografisk avgrensing .....	12
2.2 Folketalsutvikling .....	13
2.3 Næringar .....	14
2.4 Innflyttarane .....	15
2.5 Ungdomsmiljøet .....	16
3 Talemålet .....	25
3.1 Målføra i Sogn og Fjordane .....	25
3.2 Sognemåla .....	25
3.3 Sogndalsmålet i høve til dei andre midtresognsmåla .....	26

3.4 Grammatikkskisse .....	28
3.4.1 Fonologi .....	28
3.4.2 Morfologi .....	32
3.4.3 Fonologiske reglar .....	35
4 Teori .....	37
4.1 Makronivå .....	37
4.1.1 Samfunnsstruktur .....	37
4.1.2 Region .....	38
4.1.3 Lokalsamfunn .....	39
4.1.4 Språksamfunn .....	40
4.1.5 Sosiale kategoriar .....	41
4.2 Mikronivå – Individnivå .....	42
4.2.1 Innleiing .....	42
4.2.2 Nokre definisjonar av haldningar .....	43
4.2.3 Haldningskomponentar .....	45
4.2.4 Språkhaldningar .....	47
4.2.5 Personlegdomsfunksjonar .....	47
4.2.6 Samanheng mellom haldningar og åtferd .....	50
4.3 Mesonivå – samanbinding av individ og gruppe .....	54
4.3.1 Haldningsdanning .....	55
4.3.2 Stereotypiar og verdidomar .....	57
4.3.3 Sosiale normer .....	60
4.3.4 Identitet .....	60
4.3.5 Identitetshandlingar .....	64
4.4. Forklaringsmodellar .....	65
4.4.1 Ulike metodar i haldningsgranskinga kan knytast til ulike forklaringstypar ..	65
4.4.2 Korleis språkhaldningar kan fungera som forklaringar på språkbruk .....	70

5 Metode .....	71
5.1 Datatypar og testmetodar .....	71
5.1.1 Kvantitativ versus kvalitativ metode .....	71
5.1.2 Kvantitativ versus kvalitativ metode i sosiolingvistikken .....	72
5.1.3 Direkte og indirekte metode i språkhaldningsgranskingar .....	75
5.2 Forprosjekt .....	77
5.2.1 Observasjon av språklege variablar .....	77
5.2.1.1 Lydverk .....	77
5.2.1.2 Formverk .....	78
5.2.2 Testing av metode til haldningsgransking .....	78
5.2.2.1 Val av varietetar .....	79
5.2.2.2 Ferdiglaga skriven tekst versus fri spontan tale .....	81
5.2.2.3 Éin tekst versus mange tekstar .....	82
5.2.2.4 Éi versus fleire stemmer .....	83
5.2.2.5 Forprosjektet .....	83
5.2.2.6 Andre alternativ .....	84
5.2.2.7 Ynske med denne testfasen .....	87
5.2.2.8 Konklusjon .....	87
5.2.2.9 Vald løysing .....	88
5.3 Val av informantar .....	90
5.3.1 Fordelar med å velja ungdomsskuleelevar .....	90
5.3.2 Ulemper med å velja ungdomsskuleelevar .....	91
5.3.3 Krav til informantane .....	91
5.3.4 Prinsippet om tilfeldig utval .....	92

5.4 Val av metodar og framgangsmåtar i denne granskinga .....	94
5.4.1 Haldningstest ved Sogndal kino .....	94
5.4.1.1 Bakgrunn .....	95
5.4.1.2 Tidlegare undersøkingar .....	95
5.4.1.3 Viktige faktorar .....	97
5.4.1.4 Nokre kjenneteikn på dei to varietetane .....	99
5.4.1.5 Framgangsmåte .....	100
5.4.2 Språkhaldningsdelen .....	101
5.4.2.1 Planlegging og gjennomføring .....	101
5.4.3 Sosiale nettverk .....	104
5.4.4 Språkopptak .....	105
5.4.4.1 Planlegging .....	105
5.4.4.2 Praktisk gjennomføring .....	105
5.4.4.3 Merknader til undersøkinga .....	106
5.4.5 Djupintervju .....	106
5.5. Etisk drøfting .....	107
5.5.1 Generelle prinsipp .....	107
5.5.2 Konkrete avvik .....	108
5.6 Språklege variablar .....	112
5.6.1 Lydverk .....	112
5.6.1.1 Vokalisme .....	112
5.6.1.2 Konsonantisme .....	113
5.6.2 Formverk .....	113
5.6.2.1 Konsonantisme (plosivbortfall) .....	113
5.6.2.2 Pronomen 1. person fleirtal .....	113
5.6.2.3 Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord .....	113
5.6.2.4 Bunden form eintal av adjektiv og kvantoren <nokon> framfor hokjønnssubstantiv .....	113
5.6.2.5 Preteritum og perfektum partisipp .....	113
5.6.2.6 Plosivfesting av affrikatar .....	113



5.6.2.7 Adverb .....	114
5.6.3 Kommentarer til variablane .....	114
5.6.4 Kvalitetskontroll av talemålsmaterialet .....	121
5.6.5 Ekserpering, koding og kontroll .....	123
5.7 Sosiale variablar .....	128
5.7.1 Kjønn .....	129
5.7.2 Foreldrebakgrunn .....	130
5.7.3 Klassetrinn .....	131
5.7.4 Kvalitetskontroll av informantane .....	131
5.8 Data og datakvalitet .....	135
5.8.1 Validitet .....	135
5.8.1.1 Fase I – Kinogranskinga .....	137
5.8.1.2 Fase IIa – “Verbal guise”-testen .....	137
5.8.1.3 Fase IIb – Eigenvurderinga .....	139
5.8.1.4 Nettverksskjemaet .....	140
5.8.1.5 Fase III – Språkopptaka .....	142
5.8.1.6 Fase IV – Oppfylgingsintervjua .....	143
5.8.2 Reliabilitet .....	143
5.8.2.1 Fase I – Kinogranskinga .....	144
5.8.2.2 Fase IIa – “Verbal guise”- undersøkinga .....	144
5.8.2.3 Fase IIb – Eigenvurderinga .....	144
5.8.2.4 Nettverksskjemaet .....	145
5.8.2.5 Fase III – Talemålsopptaka .....	145
5.8.2.6 Fase IV – Oppfylgingsintervjua .....	147
5.8.3 Variabeltypar og datanivå .....	147
5.8.3.1 Fase IIa – “Verbal guise”-testen .....	149
5.8.3.2 Fase IIb – Eigenvurderingsskjemaet .....	151
5.8.3.3 Fase III – Språkopptaka .....	152
5.8.3.4 Nettverksmatrisa .....	152
5.8.3.5 Fase IV – Oppfylgingsintervjua .....	152

5.9 Statistiske testar .....	152
5.9.1 Haldningsgranskinga – “verbal guise” .....	153
5.9.1.1 Faktoranalyse .....	153
5.9.1.2 Testing av faktorane .....	154
5.9.1.3 Testing av varietetane .....	155
5.9.1.4 Testing av stemmene .....	156
5.9.1.5 Testing av ekstremverdiar .....	160
5.10 Hypotesar knytte til dei ulike problemstillingane .....	161
5.10.1 Hypotesar knytte til haldningsgranskingar .....	161
5.10.1.1 ‘Konativ haldning’ – ‘folk i Sogndal generelt’ .....	164
5.10.1.2 ‘Affektiv haldning’ – ‘elevar på ungdomsskulen generelt’ .....	164
5.10.1.3 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn’ .....	165
5.10.1.4 ‘Affektiv haldning’ – ‘klassetrinn’ .....	165
5.10.1.5 ‘Affektiv haldning’ – ‘kjønn’ .....	166
5.10.1.6 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn og kjønn’ .....	166
5.10.1.7 ‘Affektiv haldning’ – ‘kjønn og klassetrinn’ .....	166
5.10.1.8 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn og klassetrinn’ .....	166
5.10.1.9 ‘Kognitive haldningar’ – ‘foreldrebakgrunn’ .....	167
5.10.1.10 ‘Kognitive haldningar’ – ‘kjønn’ .....	167
5.10.1.11 ‘Kognitive haldningar’ – ‘klassetrinn’ .....	167
5.10.1.12 ‘Affektive/kognitive haldningar’ – ‘foreldrebakgrunn’ .....	168
5.10.1.13 ‘Affektive/kognitive haldningar’ – ‘klassetrinn’ .....	168
5.10.1.14 ‘Affektive/kognitive haldningar’ – ‘kjønn’ .....	168
5.10.1.15 ‘Kognitive haldningar’ – ‘klassetrinn, kjønn og foreldrebakgrunn’ .....	168
5.10.2 Hypotesar knytte til språkleg realisering .....	169
5.10.2.1 Frekvensen av tradisjonelle språkformer i 1996 og 2001 .....	171
5.10.2.2 ‘Språk’ – ‘foreldrebakgrunn’ .....	171
5.10.2.3 ‘Språk’ – ‘kjønn’ .....	172
5.10.2.4 ‘Språk’ – ‘kjønn og foreldrebakgrunn’ .....	172
5.10.2.5 ‘Språk’ – ‘klassetrinn’ .....	172
5.10.3 Oppfylgingsintervjua .....	173

6 Resultat og analyse .....	174
6.1 Resultat og analyse til fase I, haldningstest ved Sogndal kino .....	174
6.1.1 ‘Konaitiv haldning’ – ‘folk i Sogndal generelt’ .....	174
6.1.2 Konklusjon til fase I .....	180
6.2 Resultat til fase IIa, indirekte haldningsgranskning .....	182
6.2.1 ‘Affektiv haldning’ – ‘elevar på ungdomsskulen generelt’ (“Verbal guise”) .	182
6.2.2 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn’ (“Verbal guise”) .....	184
6.2.3 ‘Affektiv haldning’ – ‘klassetrinn’ (“Verbal guise”) .....	187
6.2.4 ‘Affektiv haldning’ – ‘kjønn’ (“Verbal guise”) .....	189
6.2.5 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn og kjønn’ (“Verbal guise”) .....	190
6.2.6 ‘Affektiv haldning’ – ‘kjønn og klassetrinn’ (“Verbal guise”) .....	191
6.2.7 ‘Tilleggsopplysningar nedst på skjemaet’ (“Verbal guise”) .....	194
6.3 Resultat til fase IIb, direkte haldningsgranskningar .....	199
6.3.1 ‘Kognitiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn’ (Sjølvvurdering) .....	199
6.3.2 ‘Kognitiv haldning’ – ‘kjønn’ (Sjølvvurdering) .....	200
6.3.3 ‘Kognitiv haldning’ – ‘klassetrinn’ (Sjølvvurdering) .....	201
6.3.4 ‘Affektiv/kognitiv haldning’ (Sjølvrapportering) .....	202
6.3.5 ‘Affektiv/kognitiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn’ (Sjølvrapportering) .....	209
6.3.6 ‘Affektiv/kognitiv haldning’ – ‘klassesteg’ (Sjølvrapportering) .....	210
6.3.7 ‘Affektiv/kognitiv haldning’ – ‘kjønn’ (Sjølvrapportering) .....	211
6.3.8 ‘Kognitiv haldning’ – ‘klassestrinn, kjønn og foreldrebakgrunn’ (Sjølvrapportering) .....	212
6.3.9 Oppsummering av unge sogndøler sine haldningar til sogndalsdialekten, fase II .....	216
6.3.9.1 Kjønn .....	216
6.3.9.2 Foreldrebakgrunn .....	217
6.3.9.2 Klassestrinn .....	217

6.4 Resultat til fase III, språkbruken .....	218
6.4.1 ‘Språk’ – ‘materialet samla’ .....	224
6.4.2 ‘Språk’ – ‘foreldrebakgrunn’ .....	230
6.4.3 ‘Språk’ – ‘kjønn’ .....	234
6.4.4 ‘Språk’ – ‘kjønn og foreldrebakgrunn’ .....	237
6.4.5 ‘Språk’ – ‘klassetrinn’ .....	243
6.4.6 ‘Språkbruk’ – ‘indirekte haldningar’ – ‘samla’ .....	247
6.4.7 ‘Språkbruk’ – ‘indirekte haldningar’ – ‘foreldrebakgrunn’ .....	247
6.4.8 ‘Språkbruk’ – ‘indirekte haldningar’ – ‘kjønn’ .....	248
6.4.9 ‘Språkbruk’ – ‘indirekte haldningar’ – ‘klassetrinn’ .....	248
6.4.10 Oppsummering språkbruk .....	249
6.4.10.1 Foreldrebakgrunn .....	249
6.4.10.2 Kjønn .....	249
6.4.10.3 Klassetrinn .....	249
6.4.10.4 Indirekte haldningsgransking og språkbruk .....	250
6.5 Resultat og analyse av fase IV, djupintervjua .....	250
6.5.1 Presentasjon av informant 2fSj5 – den tvitydige .....	252
6.5.2 Presentasjon av informant 2fSg9 – den positive .....	255
6.5.3 Presentasjon av informant 0fSj28 – den negative .....	258
6.5.4 Påverknad frå “viktige andre”: vener, foreldre, besteforeldre og lærarar .....	261
6.5.5 Funksjonaliteten til sogndalsdialekten .....	264
6.5.6 Estetisk vurdering av sogndalsdialekten .....	267
6.5.7 Tilhøvet mellom talemål og skriftspråk .....	273
6.5.8 Språkleg medvit .....	277
6.5.9 Subjektiv norm .....	282
6.5.10 Tilknytning til Sogndal og dialekten .....	289
6.5.11 Opplevd åtferdskontroll .....	294
6.5.12 Sosiokulturelle kategoriar oppfatta av dei tre informantane .....	297
6.5.13 Førebels konklusjon til fase IV .....	299

7 Oppsummerande drøfting .....	301
7.1 Drøfting av resultata i høve til dei sosiale bakgrunnsvariablane .....	303
7.1.1 Foreldrebakgrunn .....	303
7.1.2 Kjønn .....	309
7.1.3 Sjølvrapportering og kjønn .....	317
7.1.4 Klassetrinn .....	320
7.1.5 Nokre førebelse konklusjonar .....	322
7.2 Meir om validitet og reliabilitet i den indirekte granskinga .....	323
7.2.1 “Verbal guise” – eksperiment i eit “vakuum” eller i “ein naturleg samanheng” .....	323
7.2.2 Kvinnestemmer i “verbal guise”-undersøkinga .....	325
7.2.3 Skodespelarstemma i “verbal guise”-undersøkinga .....	326
7.2.4 Andre faktorar i “verbal guise”-undersøkinga .....	326
7.2.5 Konklusjon på “verbal guise”-undersøkinga .....	326
7.3 Språkbruk – variasjon og endring .....	330
7.4 Djupintervjua i høve til teorien om planlagd åtferd .....	342
7.4.1 Prosess-modellen og informant 5 .....	343
7.4.2 Prosess-modellen og informant 9 .....	345
7.4.3 Prosess-modellen og informant 28 .....	346
7.4.4 Grunnar til å snakka slik ein gjer, og å ha dei haldningane ein har .....	347
8 Avslutning .....	349
8.1 Konklusjonar .....	349
8.2 Sogndalsdialekten no og i framtida .....	354
8.3 Idéar til vidare undersøkingar .....	357
Samandrag .....	359
Abstract .....	363

Kjelder .....	368
---------------	-----

## Oversikt over vedlegg

A: Spørjeskjema og tekst for haldningsgranskinga ved Sogndal kino .....	I
B: Spørjeskjema for “verbal guise”-undersøkinga .....	VII
C: Seks tekstar til uttale ved “verbal guise”-undersøkinga .....	X
D: Dialekttrekanten .....	XXIX
E: Nettverksskjema .....	XXX
F: Ord som har 100 % tradisjonelle former .....	XXXV
G: Ord som har 100 % nyare former .....	XXXVI
H: Ord som viser variasjon .....	XXXVIII
I: Brev til rektor ved Sogndal ungdomsskule .....	LV
J: Brev til foreldra og elevane om å delta i undersøkinga .....	LIX
K: Brev til elevane som læraren les opp .....	LX
L: Språklege variablar .....	LXI
M: Haldningsmatrisa .....	LXIII

## Oversikt over kart og figurar

### Kart

Kart 1: Sogndal kommune i Sogn og Fjordane fylke .....	12
Kart 2: Krinsane Norane, Dalen og Fjøra i Sogndal kommune .....	17

### Figurar

Figur 1.1: Relasjonar mellom sosiale makro-, meso og mikronivå .....	5
Figur 3.1: Vokalfirkant med oversyn over allofonane til dei seks vokalfonema i Sogndalsdialekten .....	30
Figur 3.2: Glidingsmønsteret for dei åtte diftongane i sogndalsdialekten .....	31
Figur 4.1: Den strukturelle inndelinga til trekomponentmodellen .....	44

Figur 4.2: Korleis teorien om planlagd åtferd er oppbygd .....	53
Figur 4.3: Korleis språk kan forklarast og forståast på ulike sosiale nivå, og korleis haldningar etter ein trekomponentmodell går inn som forklaringsdimensjon i sosiolingvistikken .....	69
Figur 5.1: Eit samla oversyn over metode og materialtypar for dette prosjektet .....	74
Figur 5.2: Ein illustrasjon på tre ulike uttrykksformer for “naturleg” tale: spontant talemål, framført talemål og framført skriftspråk .....	82
Figur 5.3: Tilhøvet mellom reliabilitet og validitet .....	136
Figur 5.4: Andlet for retningsbestemte og retningsnøytrale hypotesar .....	163
Figur 6.1: Samla oversyn i tal og prosent for dei to kveldane publikum vart presentert for den tradisjonelle talemålsvarieteteten, og for dei to kveldane det vart presentert for den nyare varieteteten .....	175
Figur 6.2: Selde billetter og innleverte svar i tal for kvar av dei fire kveldane .....	176
Figur 6.3: Aldersfordelinga hjå dei som svara for kvar av varietetane .....	176
Figur 6.4: Tradisjonsprosent hjå kvar enkelt informant på dei 18 språklege variablane i 1996 og 2001 .....	228
Figur 6.5: Tradisjonsprosent for dei 24 språklege variablane hjå dei 31 informantane fordelte på kjønn og foreldrebakgrunn .....	243
Figur 7.1: Korleis teorien om planlagd åtferd er oppbygd .....	342

## Oversikt over tabellar

Tabell 2.1: Folketal i Sogndal kommune og i grunnkrinsane frå 1960 til 2001 .....	13
Tabell 2.2: Sysselsetjingsutviklinga i Sogndal kommune dei siste 50 åra .....	14
Tabell 2.3: Foreldrebakgrunn i tal og prosent for 153 av dei 162 elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001 .....	15
Tabell 2.4: Foreldrebakgrunn til dei foreldra som ikkje er frå Sogndal for 153 av dei 162 elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001 .....	16
Tabell 3.1 Vokalfonema for trykksterke stavingar i sogndalsdialekten .....	30
Tabell 3.2: Plasseringa av dei åtte diftongane i sogndalsdialekten .....	31
Tabell 3.3: Konsonantfonema i sogndalsdialekten .....	32
Tabell 3.4: Personlege pronomen i trykksterk og trykklett stilling .....	34

Tabell 4.1: Ein forenkla modell for korleis ein kan tenkja seg identitetsomgrepet .....	62
Tabell 5.1: Tre varietetar, éi stemme, éin tekst og eitt emne .....	79
Tabell 5.2: Tre varietetar, éi stemme, seks tekstar og to emne .....	84
Tabell 5.3: Tre varietetar, seks stemmer, seks tekstar og to emne .....	85
Tabell 5.4: Tre varietetar, tre stemmer, seks tekstar og to emne .....	85
Tabell 5.5: Tre varietetar, to stemmer, seks tekstar og to emne .....	86
Tabell 5.6: Tre varietetar, seks personar, to tekstar og eitt emne .....	86
Tabell 5.7: Rekkefylgje og avspelingstid på opptaka/varietetane for dei ulike klassestega .....	89
Tabell 5.8: Fordelinga i kjønn, foreldrebakgrunn og klassefordeling for dei 74 elevane som ynskte å delta i undersøkinga .....	93
Tabell 5.9: Fordelinga i kjønn, foreldrebakgrunn og klassetrinn for dei 36 elevane som vart trekte ut til å delta i undersøkinga .....	94
Tabell 5.10: Fordeling av informantane ut frå foreldrebakgrunn og eigenvurdering av talemål .....	132
Tabell 5.11: Sjølvvurdering frå dei informantane som ikkje rekna seg som talarar av sogndalsdialekt .....	132
Tabell 5.12: Geografisk plassering av tre informantar på grunnlag av uttale .....	134
Tabell 5.13: Dei ulike signifikansgrensene eg kjem til å operera med i denne avhandlinga .....	153
Tabell 5.14: Inndeling av dei åtte karakteristikkane i dei tre faktorane attraksjon, personleg status og sosial status .....	154
Tabell 5.15: Rangering og gjennomsnitta for dei tre faktorane attraksjon, personleg status og sosial status .....	154
Tabell 5.16: Differanse-gjennomsnitt, $t$ og $p$ for faktorpara .....	155
Tabell 5.17: Rangering og gjennomsnittleg skåre for kvar av dei tre talemålsvarietetane .....	155
Tabell 5.18: Differanse-gjennomsnitt, $t$ og $p$ for varietetspara .....	156
Tabell 5.19: Rangering og gjennomsnittleg skåre for kvar røyst og varietet .....	157
Tabell 5.20: Differanse-gjennomsnitt, $t$ og $p$ for dei tre stemmepara .....	157
Tabell 5.21: Differanse-gjennomsnitt, $t$ og $p$ for stemmene frå ulike talemålsvarietetar .....	158
Tabell 5.22: Korrelasjonen mellom alle dei seks røystene .....	159



Tabell 5.23: Skjematisk framstilling av varietetsvekslinga for dei 24 språklege variablane .....	170
Tabell 6.1: Gjennomsnittleg skåre på vurderingane av dei tre varietetane .....	183
Tabell 6.2: Parvis samanlikning mellom varietetane med omsyn til gjennomsnittleg skåre .....	183
Tabell 6.3: Samanlikning av gjennomsnittleg skåre for to og ingen sogndalsforeldre for dei ulike varietetane .....	185
Tabell 6.4: Samanlikning av gjennomsnittleg skåre for éin og to sogndalsforeldre for dei ulike varietetane .....	186
Tabell 6.5: Samanlikning innom settet av tre klasstrinn med omsyn til gjennomsnittleg skåre for varietet 1 .....	187
Tabell 6.6: Samanlikning innom settet av tre klasstrinn med omsyn til gjennomsnittleg skåre for varietet 2 .....	187
Tabell 6.7: Samanlikning innom settet av tre klasstrinn med omsyn til gjennomsnittleg skåre for varietet 3 .....	188
Tabell 6.8: Differanse-gjennomsnitt for kvar av dei tre klassane for varietet 3 .....	188
Tabell 6.9: Samanlikning av gjennomsnittleg skåre for jenter og gutar for dei ulike varietetane .....	189
Tabell 6.10: Samanlikning av gjennomsnittleg skåre for variablane foreldrebakgrunn og kjønn for dei ulike varietetane .....	190
Tabell 6.11: Gjennomsnittleg skåre for foreldrebakgrunn og kjønn for kvar av dei tre varietetane .....	191
Tabell 6.12: Oversyn over klasstrinn, kjønn, gjennomsnittleg skåre og talet på elevar, $N$ , i høve til varietet 1 .....	192
Tabell 6.13: Samanlikning av klassesteg og kjønn i høve til varietet 1 .....	192
Tabell 6.14: Oversyn over klasstrinn, kjønn, gjennomsnittleg skåre og talet på elevar, $N$ , i høve til varietet 2 .....	193
Tabell 6.15: Samanlikning av klassesteg og kjønn i høve til varietet 2 .....	193
Tabell 6.16: Oversyn over klasstrinn, kjønn, gjennomsnittleg skåre og talet på elevar, $N$ , i høve til varietet 3 .....	194
Tabell 6.17: Samanlikning av klassesteg og kjønn i høve til varietet 3 .....	194
Tabell 6.18: Kommenterar på den opne linja i “verbal guise”-testen .....	197
Tabell 6.19: Sjølvvurdering av språkleg varietet i høve til foreldrebakgrunn .....	199
Tabell 6.20: Sjølvvurdering av språkleg varietet i høve til kjønn .....	200

Tabell 6.21: Sjølvvurdering av språkleg varietet i høve til klasstrinn .....	201
Tabell 6.22: Den finaste og styggaste dialekten i høve til foreldrebakgrunn og klassesteg for jentene .....	203
Tabell 6.23: Den finaste og styggaste dialekten i høve til foreldrebakgrunn og klassesteg for gutane .....	204
Tabell 6.24: Fordelinga av positive vurderingar av den tradisjonelle sogndalsdialekten i høve til foreldrebakgrunn og kjønn .....	210
Tabell 6.25: Fordelinga av positive vurderingar av den tradisjonelle sogndalsdialekten i høve til klassesteg og foreldrebakgrunn .....	211
Tabell 6.26: Fordelinga av positive vurderingar av den tradisjonelle sogndalsdialekten i høve til klassesteg og kjønn .....	212
Tabell 6.27: Kunnskapar om det å snakka typisk sogndøl hjå jenter ut frå klassesteg og foreldrebakgrunn .....	214
Tabell 6.28: Kunnskapar om det å snakka typisk sogndøl hjå gutar ut frå klassesteg og foreldrebakgrunn .....	215
Tabell 6.29: Tal på tradisjonelle og nyare belegg og belegg som ikkje vart talde, og tradisjonsprosent hjå dei 31 informantane .....	220
Tabell 6.30: Tal på tradisjonelle og nyare belegg og belegg som ikkje var moglege å høyra eller klassifisera, “anna”, for kvar av dei språklege variablane ...	223
Tabell 6.31: Talet på belegg, tradisjonsprosentar, $\chi^2$ -kvadrat, fridomsgrader og $p$ for alle informantane i undersøkinga i 1996 og 23 av informantane i 2001 .....	225
Tabell 6.32: Tal på belegg og tradisjonsprosentar frå undersøkingane i 1996 og 2001 .....	227
Tabell 6.33: Talet på belegg, tradisjonsprosentar, $\chi^2$ -kvadrat, fridomsgrader og $p$ for dei 16 yngste informantane i undersøkinga i 1996 og 23 av informantane i 2001 .....	229
Tabell 6.34: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå elevar med to og ingen foreldre frå Sogndal .....	230
Tabell 6.35: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå elevar med to og éin av foreldra frå Sogndal .....	230
Tabell 6.36: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent for elevar med éin eller ingen av foreldra frå Sogndal .....	231
Tabell 6.37: Belegg og tradisjonsprosent for dei tre foreldrebakgrunnskategoriene .....	234
Tabell 6.38: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå jenter og gutar .....	235

Tabell 6.39: Belegg og tradisjonsprosent for jenter og gutar .....	237
Tabell 6.40: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå jenter og gutar med to foreldre frå Sogndal .....	237
Tabell 6.41: Belegg og tradisjonsprosent for jenter og gutar med to foreldre frå Sogndal .....	239
Tabell 6.42: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå jenter og gutar med éin av foreldra frå Sogndal .....	240
Tabell 6.43: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå jenter og gutar med ingen foreldre frå Sogndal .....	240
Tabell 6.44: Tradisjonsprosent hjå kvar einskild informant .....	242
Tabell 6.45: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent for kvart av dei tre klassestega .....	244
Tabell 6.46: Belegg og tradisjonsprosent for dei tre klassetrinnskategoriene .....	246
Tabell 6.47: Korrelasjon mellom tradisjonsprosent og dei tre varietetane for alle informantane .....	247
Tabell 6.48: Korrelasjon mellom tradisjonsprosent og dei tre varietetane for dei tre foreldrebakgrunnskategoriene .....	247
Tabell 6.49: Korrelasjon mellom tradisjonsprosent og dei tre varietetane for jenter og gutar .....	248
Tabell 6.50: Korrelasjon mellom tradisjonsprosent og dei tre varietetane for klassetrinn .....	248
Tabell 6.51: Belegg og tradisjonsprosent for kvar språkleg variabel hjå informant 5 .....	254
Tabell 6.52: Gjennomsnittleg skåre for kvar av faktorane og heile varieteten for informant 5 .....	254
Tabell 6.53: Belegg og tradisjonsprosent for kvar språkleg variabel hjå informant 9 .....	256
Tabell 6.54: Gjennomsnittleg skåre for kvar av faktorane og heile varieteten for informant 9 .....	257
Tabell 6.55: Belegg og tradisjonsprosent for kvar språkleg variabel hjå informant 28 .....	259
Tabell 6.56: Gjennomsnittleg skåre for kvar av faktorane og heile varieteten for informant 28 .....	260
Tabell 7.1: Korrelasjon mellom foreldrebakgrunn og nettverkspersonar med sogndalsdialekt .....	307

Tabell 7.2 Samanlikning av talet på nettverkspersonar med sogndalsdialekt hjå informantar med ulik foreldrebakgrunn .....	307
Tabell 7.3: Samanlikning av tal på nettverkspersonar med sogndalsdialekt hjå jenter og gutar .....	315
Tabell 7.4: Fordelinga på jenter og gutar som oppgav å vilja bu og arbeida i Sogndal etter fullført utdanning .....	316
Tabell 7.5: Sjølvvurderinga til informantar i høve til varietet 1, 2 og 3 .....	319
Tabell 7.6: Samanlikning av tal på nettverkspersonar med sogndalsdialekt hjå elevar i 8.-klasse, 9.-klasse og 10.-klasse .....	322
Tabell 7.7: Samsvar mellom tradisjonsprosent og skriftleg eller geografisk utbreiing for alle dei 24 språklege variablane .....	341
Tabell 8.1: Foreldrebakgrunn i Sogndal i Noreg jamført med Älvdalen, Rättvik og Mora i Sverige .....	351
Tabell 8.2: Inn- og utflytting til Sogndal kommune frå 1996 – 2001 .....	355

## Forkortingar og teikn

//	innom skråstrekar står fonemisk skrivne eksempel
[ ]	innom hakeparentesar står fonetisk skrivne eksempel
< >	innom skråklammer står ortografisk skrivne eksempel
>	blir til (tyder i statistikken større enn)
<	tyder i statistikken mindre enn
≤	tyder i statistikken mindre enn eller lik
↔	markør mellom dei to variantane innafor ein språkleg variabel
adj.	adjektiv
b.f.	bunden form
ca.	cirka
dvs.	det vil seia
F	Fonologisk regel
fS	foreldre frå Sogndal
g	gutar
inf.	informant

IPA	International Phonetic Alphabet
j	jenter
jf.	jamfør
kap.	kapittel
kl.	klassetrinn
Mf	Morfofonologisk regel
m.fl.	med fleire
nr.	nummer
perf.part.	perfektum partisipp
pers.	person
pga.	på grunn av
prep.	preposisjon
pret.	preteritum
red.	redaktør(ar)
ref.	referanse
sek.	sekund
Sf	Syntaktisk-fonologisk regel
subst.	substantiv
t.d.	til dømes
trad.	tradisjonell
Trad %	Tradisjonsprosent
ub.f.	ubunden form
var.	variabel

# 1 Innleiing

## 1.1 Målsetjing

Føremålet med denne doktoravhandlinga er å avdekkja kva som skjer med talemålet og haldningane til talemålet hjå ungdomar i Sogndal. Eg vil prøva å finna forklaringar på kva som påverkar talemålsutviklinga og gjer at trekk spreier seg, og kva som gjer at folk utviklar ulike haldningar til talemålet i bygda. Vanlegvis har eit minstekrav til informantar i sosiolingvistiske undersøkingar vore at minst éin av foreldra har kome frå den staden ein undersøker. Etter kvart har mange lokalsamfunn blitt ei blanding av folk med ulik geografisk og dialektal bakgrunn. Mange innbyggjarar har altså vakse opp på ein stad, men har foreldre frå andre stader. Desse andregenerasjonsinnflyttarane er ikkje ubetydelege i lokalsamfunnet. Dei utgjer derimot ein viktig del av språksamfunnet. Det er difor også relevant å ta desse personane med når ein skal finna ut kva krefter som verkar inn på korleis innbyggjarane i bygda snakkar. Både folk med lange slektsrøter frå den staden ein undersøker, og folk som har slektsrøtene sine frå andre stader, er viktige bidragsytarar også til dei haldningane som dominerer på staden. I denne avhandlinga vil difor alle unge som har vakse opp i bygda Sogndal vera potensielle informantar.

Hovudoppgåva mi *Variasjon og endring av sogndalsdialekten* (Haugen 1998) var hovudsakleg ein kvantitativ analyse av talemålet i Sogndal etter eit labovsk mønster med ulike sosiale kategoriar. Samla sett viste då dei tradisjonelle språkformene å halda seg godt i Sogndal. Desse resultatata fungerer som startpunkt og referansegrunnlag for denne doktoravhandlinga. I hovudoppgåva hadde eg informantar i alderen 17 – 83 år, og alle informantane hadde minst éin forelder frå Sogndal. Hovudvekta i denne avhandlinga vil liggja på språk og språkhaldningar hjå ungdomar med ulik foreldrebakgrunn.

Ungdomar er verken barn eller vaksne, men fungerer ofte som ei eiga gruppe frå tenåra til dei er i midten av tjuåra. Om denne eigne ungdomsperioden seier Kotsinas og Stenström (2000: 10):

[...] Under denna tid hinner språkbruk såväl kulturella och sociala mönster och attityder utvecklas och befästs på ett helt annat sätt än förr. Vi kan därför inte längre betrakta ungdomstiden, eller för den delen ungdomars språkbruk, som övergående, marginella fenomen som individen snabbt “växer ifrån”.

Som i hovudoppgåva vil eg studera realisering av språklege variablar og sjå nærare på korleis desse vert realiserte i ulike sosiale kategoriar; denne gongen hjå ungdomar av begge kjønn og med ulik foreldrebakgrunn i Sogndal. Den språklege kartlegginga vil eg gjennomføra etter det labovske mønsteret ved hjelp av kvantitativ metode og hypoteseprøvande statistikk. Dette gjer eg for å kunna samanlikna med den førre granskinga mi av sogndalsdialekten (Haugen 1998) og for å kunna seia noko om språkbruk blant dei unge i Sogndal generelt. Dette perspektivet vil likevel berre fungera som ei beskriving av språkbruksnivået.

I tillegg vil eg òg gå bakanfor strukturane til dei sosiale kategoriane og prøva å “forstå og forklara” kva som får ein språkbrukar til å snakka slik han gjer. Med det går eg nøyare inn på den interaksjonelle sosiolingvistikken som set individet i sentrum.<sup>1</sup> Tore Kristiansen skil mellom eit språkbruksnivå, som gjeld språktrekk, og eit normidealnivå, som gjeld sosialpsykologiske tilhøve. Normidealnivået karakteriserer han som “det der foregår i hovedet på folk i form af forestillinger og vurderinger” (jf. Kristiansen 2003: 115) Det er på dette nivået, som dreiar seg om kva språkhaldningar språkbrukarane har, han meiner ein kan finna drivkrafta til og forklaringane på språkending.

Eg vil i denne avhandlinga prøva ut korleis haldningsteori, identitetsteori og nettverksteori eignar seg til å forklara dei haldningane folk har til talespråket, og korleis dei snakkar. Alle desse måtane å få innsikt i korleis eit språksamfunn fungerer, ligg på eit utanomspråkleg plan der mellom anna sosiale og psykologiske forklaringsmodellar grip inn.

Målet er at forklaringane om kvifor ungdomane snakkar som dei gjer, skal gje oss ny innsikt/forståing av viktige påverknadskrefter. På eit individuelt plan snakkar ein om grunnar til å gjera det ein gjer, og då er forståing noko ein får tak i ved å spørja den enkelte om kva verdi språket og det språksamfunnet han/ho er ein del av, har for han/henne.

Sidan eit sentralt mål i dette prosjektet er å få større innsikt i kva som styrer talemålsutviklinga i eit regionsenter der mange av innbyggjarane har innflyttarbakgrunn, er det difor både interessant å kartleggja korleis folk snakkar, dvs. kva som kjennteiknar språket deira, og å få kjennskap til kvifor dei snakkar som dei gjer. Innafor talemålsgranskinga i Noreg finst det

---

<sup>1</sup> Eg er her langt på veg samd med Brit Mæhlum som meiner at for å forstå og forklara dei sosiale prosessane og mekanismane som influerer på språkbruken vår, lyt me sjå nærare på sosiale og psykologiske motivasjonsfaktorar hjå kvart einskild individ, (jf. Mæhlum 1997).

---

så langt svært fåe granskingar der også språket til folk med innflyttarbakgrunn er med. Sogndal, som er ein tettstad der lokale tiltak og verdiar står sterkt, og ein stad som fekk stor tilflytting på 70 og 80-talet (jf. tabell 2.1), vil vera ein godt eigna stad for å gjera ei slik gransking. Resultata herifrå vil venteleg verta interessante for å kunna seia noko generelt om kva som kjenneteiknar språk, haldningar til dialekt og kva mekanismar som verkar inn på val av språkformer hjå unge kvinner og menn med ulike foreldrebakgrunn i ein bygdeby som ikkje ligg i nær geografisk avstand til ein by. Prosjektet mitt er knytt til det nasjonale prosjektet *Talemålsending i Noreg* (TEIN) (jf. <http://www.hf.uib.no/tein/default.html>).

## 1.2 Å skildra, forklara og forstå talemålsvariasjon

Ein kan arbeida med talemålsvariasjon på ulike nivå eller etter ein skala. På det fyrste nivået ligg empirien, dvs. ein må ha noko å skildra. Når denne kartlegginga er gjord, kan ein gå vidare til neste nivå og spørja seg kvifor ein har fått det språkmønsteret ein har, før ein til slutt på bakgrunn av ei drøfting av ulike årsaker og grunnar kan nikka og seia: “Ja, no forstår eg kvifor du snakkar som du gjer.”

Trass i at denne framstillinga må seiast å vera svært banal og forenkla, er det likevel dette som ofte er essensen i måten ein nyttar desse omgrepa på. Med ein hermeneutisk analyse vil eg kunna sjå ein vekselverknad mellom dei ulike nivåa.

Ein kan seia at det finst to ulike innfallsvinklar til korleis ein skal utforma dei språklege forklaringane. For det fyrste kan ein velja å sjå alt som skjer med individet i lys av eller som eit produkt av dei overindividuelle sosiale systema det lever i. Då talar me om metodologisk kollektivism (jf. Gilje og Grimen 1995: 175 – 176). Dette synet tek utgangspunkt i at dei sosiale systema har spesielle eigenskapar som ein ikkje vil få tak i om ein bryt dei ned på eit individnivå. Av den grunn er individa sine haldningar, oppfatningar, kjensler og verdiar danna på bakgrunn av og er berre forståelege i eit slikt heilskapsperspektiv. For å forklara og forstå talespråk, som er eit sosialt fenomen, og kvifor folk snakkar slik dei gjer, må ein ut frå dette perspektivet finna forklaringar i relasjon til makroplanet.

For det andre kan ein sjå på dette frå ein annan synsvinkel, metodologisk individualisme, og forklara folk sine tankar, haldningar og oppfatningar ut frå individuelle motiv (jf. Gilje og



Grimen 1995: 177 - 179). Kunnskap om sosiale fenomen må her avleirast frå kunnskap om enkeltindividet. Forståing av eit sosialt fenomen, som språk, er såleis ikkje direkte tilgjengeleg utan at ein får kjennskap til konkrete enkeltindivid og deira handlingssituasjon.


Dersom ein ikkje vel å reindyrka nokon av desse innfallsvinklane, men heller vel å kombinera dei, vil ein få eit meir nyansert og utfyllande perspektiv. Alt som er med på å forma eit individ, ei gruppe og eit samfunn må kunna vera med på å forklara kvifor folk på ein stad er vortne som dei er, og handlar som dei gjer. Forklaringane må difor kunna hentast ut på fleire sosiale nivå. I tolkingsprosessen vert det såleis naturleg å finna forklaringane ved å sjå ein samheng mellom eit sosialt makro-, meso- og mikronivå. Inndelinga mellom dei ulike sosiale nivåa er i røyndomen flytande, men eg har i operasjonaliseringa laga eit meir kategorisk skilje mellom dei.

På eit sosialt makronivå tenkjer ein på sosiale strukturar i samfunnet. Institusjonar som barnehage og skule er døme på slike sosiale makrorammer. Politiske og økonomiske avgjersler i lokalsamfunnet spelar òg inn på korleis folk på staden må og kan innretta seg. Det er veldig vanskeleg å gjera konkrete målingar på dette makronivået, men reint deskriptivt fungerer det som ei ramme som i neste omgang er med på å leggja føringar for kva som kan skje med folka på staden. Også ein del sosiale bakgrunnsvariablar, slik som alder, kjønn, foreldrebakgrunn, dvs. faktorar som individet ikkje kan styra sjølv, vil eg knyta til dette makronivået.

Motsatsen til dette makronivået er individnivået eller mikronivået. På dette nivået er både haldningane, verdiane og identiteten til det einskilde individet interessante for å kunna forklara grunnane til at individet handlar som det gjer.

På eit mellomplan til desse to ytterplana, finst eit mesonivå. Her ser ein på sosiale relasjonar som individa har i form av ulike kontraktar med andre individ. Sosiale nettverk, som viser tilhøvet mellom individet og dei næraste relasjonane som t.d. familie og vener, vert her viktige forklaringsfaktorar for åtferd. Også eigenvalde grupper som t.d. kan visa seg gjennom val av ulike fritidsaktivitetar eller miljø, utgjer slike mellomkategoriar mellom individ og samfunn.

Denne vekselverknaden mellom ulike nivå kan illustrerast slik:



Figur 1.1. Relasjonar mellom sosiale makro-, meso- og mikronivå. (Pilene viser påverknadsretningane i hierarkiet.)

Akselberg (1993) seier at med forklaringar ynskjer ein å peika på årsaker til eit fenomen, og når ein snakkar om å forstå, ser ein på kva verdi fenomenet/uttrykket har for den einskilde eller for grupper. I dette ligg det at forklaringar òg gjev ei større forståing av fenomenet. Er forklaring og forståing to sider av det same, eller to ulike ting? Paul Ricoeur (1992: 74) seier:

I den enkla dialogsituationen är förklara och förstå närbesläktade. När jag inte spontant förstår ber jag om en förklaring. Förklaringen som jag får gör det möjligt för mig att bättre förstå. Förklaringen är här inget annat än en förståelse som växer fram genom frågor och svar.

I ein metodologisk diskusjon vil ein gjerne seia at å forklara høyrer til naturvitskapane, mens å forstå høyrer til humanvitskapane. Innafor ein monistisk metodologi derimot, skil ein heller mellom eit logisk og eit psykologisk aspekt ved ei vitskapleg forklaring. Den logiske biten vil då vera samanfallande for både naturvitskap og humanvitskap. Forståing og innleving vil derimot høyra til det psykologiske aspektet av forklaringar og vera særskilt framtreddande i humanvitskapen (jf. Von Wright 1969: 23). I dette perspektivet vil ulike sider både frå naturvitskap og psykologi vera eigna for å kasta lys over årsaker og grunnar til handlingar i humanvitskapen.

At ein innafor humaniora og samfunnsvitskapen i svært liten grad kan predikera handling og dra eintydige slutningar om utfallet, er likevel eit viktig skilje til naturvitskapen. Forklaringar innafor humaniora byggjer ikkje på naturlover, men her må ein i staden leggja vekt på korleis dei personane som handlar og dei som tolkar, forstår situasjonen, og kva begge desse gruppene ynskjer å oppnå. Kjørup (1999: 172) forklarar t.d. den viktigaste skilnaden mellom ei biljardkule i eit mekanisk verdssyn og menneska slik: "Mennesker, derimod, har ønsker og forhåbninger og hensigter som må med hvis vi skal forstå deres handlinger."

I mange, kanskje dei fleste tilfelle, reknar ein òg med at menneska vil handla rasjonelt, og at dei handlingane dei utfører, difor lett kan forklarast og gje meining. Det finst likevel tilfelle der menneska handlar irrasjonelt, og forklaringane bak handlingane deira verkar meningslause og uforståelege. Haldningar kan fungera som ein viktig motivasjonsbasis for handling, dei kan i liten grad predikera handling, men dei kan likevel vera med på å forklara at enkelte handlingar er meir sannsynlege enn andre.

### 1.2.1 Forklaringstypar i humaniora

Med utgangspunkt i ein del forklaringstypar i humaniora vil eg sjå nærare på kva former for forklaring som kan vera relevante i samband med haldningar. I dette kapittelet vil eg presentera dei ulike forklaringstypane, og i kap. 4.4 vil eg knyta nokre av desse forklaringstypane opp til dei haldningsmetodane eg har nytta i denne avhandlinga.

Innafor samfunnsvitskapane skil ein mellom tre hovudtypar forklaringar: årsaksforklaringar, formålsforklaringar og funksjonelle forklaringar (jf. Gilje og Grimen 1993: 106).

Med årsaksforklaringar er ein interessert i kva hending(ar) som ligg bak og utløyser ei anna hending, dvs. forklaring i bakanforliggjande faktorar. Denne forklaringstypen stør seg på universelle lover, slik at det som skjer meir eller mindre er resultat av logisk gyldige slutningar i form av årsakslover. Det er med andre ord innebygde premissar som seier at dersom vilkår X er til stades, vil Y alltid utløysa Z. I dette ligg det også eit svært sterkt drag av determinisme. Det er difor lite fruktbart å knyta haldningane våre til denne typen forklaringar.

Med formålsforklaringar eller intensjonalforklaringar går ein meir hermeneutisk til verks ved at ein interesserer seg for korleis aktøren sjølv grunnjev handlinga si. Ein ser med andre ord på kva føremål subjektet har. Analytikaren går ut frå at aktøren har ein intensjon og vel mellom ulike middel for å nå målet sitt. Den handlinga han utfører, er eit resultat av det resonnementet eller dei umedvitne tankane han har gjort seg for å nå dette målet. Denne forklaringstypen kan ikkje utleiast av logisk gyldige slutningar, for intensjonalforklaringar treng ikkje følgja som ei logisk følgje av premissane. Menneska oppfører seg ikkje som automatar og handlar ikkje alltid ut frå logiske resonnement. Eit avvik mellom resonnement og handling kan skuldast viljesvakheit eller andre uføresedde/uventade faktorar. Skilnaden mellom naturvitskapen og samfunnsvitskapen kan i mange høve såleis seiast å gå nettopp mellom bruken av årsaksforklaringar og formålsforklaringar. Gilje og Grimen seier (1995: 117) "I samfunnsvitskapelig bruk av årsaksforklaringar er ofte ett av premissene en beskrivelse av et fenomen som kan formålsforklares." Dei seier også (1995: 118): "Formålsforklaringar er ofte relevante for å forklare hvorfor noe startet på et bestemt tidspunkt, mens årsaksforklaringar ofte er relevante for å forklare den retning et utviklingsforløp fikk." Eg vil i teorikapittelet (jf. kap. 4.4) koma attende til korleis haldningar kan knytast til formålsforklaringar.

Funksjonelle forklaringstypar er henta frå biologien og har i samfunnsvitskapen møtt ein del kritikk. Det som skjer eller vert gjort, blir her forklart ut frå at det tener ein bestemt funksjon i

samfunnet. Denne forklaringstypen har vorte brukt når det viser seg å vera eit misforhold mellom det folk trur på og det dei i neste omgang faktisk gjer. Han kan òg berre brukast til å forklara eit fenomen som alt eksisterer eller vert oppretthalde over tid og seier såleis ikkje noko om kvifor det oppstår. Denne forklaringstypen seier heller ikkje kvifor den handlinga ein vel vert vald framfor andre alternative handlingsmåtar. Til dette må ein fyrst byggja på ei formålsforklaring. Eg vil òg sjå korleis haldningar i enkelte tilfelle kan knytast til denne forklaringstypen.

Eg vil i denne avhandlinga sjå på individet i eit overordna rammeverk både på samfunnsnivå (makro), gruppenivå (meso) og individnivå (mikro) og sjå korleis desse nivåa spelar saman, og korleis dei gjev forklaringar som gjev oss meining, dvs. som me kan forstå. Kvar individ ber med seg sitt rammeverk (jf. figur 4.3) som fungerer som ein lykel til å handla slik det gjer. Dersom me får kjennskap til dette rammeverket, meiner eg me kan få betre innsyn i kvifor individa oppfører seg som dei gjer. Det er då om å gjera å få tak i ulike sider som ein trur er viktige. Nokre av desse bitane eller delane vil individet ha sams med fleire individ, av di dei har ein del fellesfaktorar i form av t.d. sams bakgrunn, kontaktnett og møtestader, medan andre faktorar vil vera individuelle. Til ein viss grad vil det difor vera fornuftig å generalisera og sjå mønster ved hjelp av kvantitativ tilnærming, men for å få fram dei spesielle nyansane, vil det òg vera nødvendig med ei kvalitativ tilnærming.

### **1.2.2 Korleis kan ein forstå?**

Synonymt med ordet forståing er innsikt (jf. *Nynorskordboka* 1994). Det å forstå ulike objekt gjev med andre ord større innsikt. Eg ser for meg skildringar (kartlegging), forklaringar og forståing etter eit spiralprinsipp. Dei fenomena me vil forstå, må som oftast fyrst skildrast og deretter må dei gjennom ein tolkingsprosess før dei kan forståast. Likevel vil forståing aldri bli fullstendig uttømmmande. Ein kan gå fleire rundar opp og ned i spiralen, og dessutan vil nye innfallsvinklar på eit fenomen kunna munna ut i ny forståing.

Det er to hovudinnfallsvinklar til forståing av levande fenomen: aktørperspektiv og forskarperspektiv. Gjennom aktørperspektivet kan ein få tak i korleis aktørane sjølve oppfattar eit fenomen, t.d. ein dialekt, og kva for intensjonar som ligg bak handlingane deira, t.d. korleis dei snakkar, og korleis dei reagerer på talemålet.

Gjennom forskarperspektivet ser ein bort frå aktøren sin kvardagslege måte å framstilla saka på. Dette er i staden eit vitskapleg perspektiv der forskaren gjer ein konstruksjon av aktøren

sine tolkingar ved hjelp av eit teoretisk omgrepsapparat. Dersom ein kombinerer eit aktørperspektiv og eit forskarperspektiv (dobbel hermeneutikk), vil ein etter mitt syn få den mest samansette forståinga. Ein må ta med oppfatningane til aktøren samstundes som ein har ein kritisk distanse og prøver å rekonstruera dei kreftene i samfunnet som kan tenkjast å ha påverka aktøren si åtferd. Både aktør og forskar ber dessutan med seg ein forståingskapital i høve til det fenomenet dei skal prøva å forstå. Same fenomen kan difor forståast ulikt av di dei ulike aktørane og forskarane opplever og forstår det som skjer ulikt.

### 1.3 Tidlegare forskning

Det er ikkje gjort så mange større studiar av språkhaldningar i Noreg, men det finst ein del hovudoppgåver om haldningar til dialekt og nokre om haldningar til nynorsk. Eg vil nemna nokre av desse arbeida. Så tidleg som i 1974 gjennomførte Jo Kleiven ein studie av sosiale stereotypiar blant elevar frå ungdomsskulen i Bergen sentrum og i Fana (1974a og 1974b). John Agnar Johansen skreiv i 1979 ei hovudoppgåve i psykologi med tittelen *Stereotype holdninger til dialekter. En faktoranalytisk studie av dialektstereotypier i Oslo-regionen*. Innafor nordiskfaget og talemål har Elsa Kristiansen (1995) skrive *Holdninger til vikkværske. En kvantitativ analyse av skoleelevers holdninger til noen trekk i drammensdialekten*, Randi Farstad (1996) har skrive *En studie av språkhaldningar og stereotype forestillinger om og blant sunnmøringer, romsdalinger og nordmøringer* og Kristin Hagen Broch (2001) har gjort ei kvalitativ gransking med tittelen *Ungdomsspråk i Oslo, liksom. En studie av hvordan holdninger til eget talemål kan bidra til å forklare ungdommers valg av språklige strategier*.

Når det gjeld haldningar til skriftspråket, har Roy Johansen (1998) skrive “*Åffer skriver vi hvordan når vi meiner åssen?*” *Forholdet mellom talemål og bruk av valfrie skriftspråkformer i bokmål hos ungdomsskoleelevar*. Anne-Brit Holm har (1999) skrive *Stebarnet nynorsk. Om holdninger til nynorsk i Larviksskolen*, og Bente Selback (2001) har skrive “*Det er heilt naturleg*”. *Ei gransking av skriftspråkhaldningar*.

Dessutan finst det ein del studiar under arbeid og som er knytte til prosjektet *Talemålsendring i Noreg* (jf. Tein). Gunnstein Akselberg arbeider med eit prosjekt knytt til språkhaldningar hjå ungdomar på Voss, Rune Røsstad er i gang med ei avhandling der han kjem

inn på haldningar til talemålet i Vest-Agder, og Ellen Skolseg arbeider med ei avhandling der ho vil koma inn på haldningane folk har til talemålet på Romerike.

Utanlandske haldningsstudiar finst det mange fleire av både innafor tospråksforskinga og til dialektar. Eg vil her spesielt nemna haldningsstudiar frå Canada med Wallace E. Lambert i spissen (1960 og 1967), frå Wales, gjennomført av Nikolas Coupland, Peter Garrett og Angie Williams (1994 og 2003), og frå Danmark, gjennomført av Tore Kristiansen (1991a, 1997a og 1999). Desse arbeida har fungert som inspirasjon og viktige påverknadskjelder for mitt eige arbeid.

Når det gjeld talemålsstudiar, finst det derimot langt fleire arbeid. Trudgill (1995: 8) hevdar at den moderne norske sosiolingvistikken starta tidleg på 1970-talet. Dei kvantitative metodane til William Labov med fokus på fonologiske og morfologiske variablar har dominert denne retninga.

Innafor studiar av sosiale nettverk, lyt ein rekna James og Leslie Milroy som dei fremste metodeutviklarane (jf. J. Milroy 1992 og L. Milroy 1987). I Noreg har blant anna Paul Kerswill (1994), Gunnstein Akselberg (1995), Reidunn Hernes (1998) og Irene Revheim (1997) nytta seg av nettverksskjema i datainnsamlingsarbeidet.

Utover 1980-talet og 1990-talet vart det auka oppslutnad om kvalitative studiar, der det òg vart lagt fram kritikk av reine kvantitative studiar. Djupintervju vart her ein viktig innsamlingsmetode, og det er etter kvart mange norske hovudoppgåver som er skrivne etter denne modellen. Eitt av pionerarbeida på dette området var doktoravhandlinga til Brit Mæhlum, der ho studerte den språklege startegien hjå born som voks opp på Svalbard (jf. Mæhlum 1992).

I mi eiga avhandling vil eg kombinera kvantitative og kvalitative metodar og sjå nærare på både haldningar og språkbruk hjå ungdomar i Sogndal.

## 1.4 Hovudproblemstillingar

I denne avhandlinga har eg fire hovudproblemstillingar som eg skal prøva å få svar på ved hjelp av ulike datainnsamlingsmetodar.

Problemstilling 1: Kva haldningar har folk som bur i Sogndal til sogndalsdialekten?

Problemstilling 2: Kva haldningar har unge sogndøler til sogndalsdialekten?

Problemstilling 3: Kva kjenneteiknar talemålet (sentrale trekk innafor lydverk og formverk) hjå dei unge sogndølene?

Problemstilling 4: Kva er grunnen til at unge sogndøler snakkar slik dei gjer?

Dei tre fyrste problemstillingane vil hovudsakleg vera knytte til eit materiale der det gjeld om å finna allmenne mønster. Den fjerde problemstillinga er derimot knytt til tre utplukka enkelt-individ. Sidan “grunnar” vert brukte om subjektive måtar å forklara eit fenomen på, vil såleis individuelle aspekt koma inn under problemstilling 4. Dei enkeltindividida eg her vel å ta utgangspunkt i, har kvar si livssoge, kvar sin motivasjon og tankegang som gjer at dei pratar som dei gjer og har fått dei haldningane dei har. Det er desse ulike sidene eg vil koma nærare inn på her. For meir om val av metode, framgangsmåtar og hypotesar sjå kap. 5.

## 1.5 Kapitteloversyn

Denne avhandlinga er samansett av åtte kapittel. I dette fyrste kapittelet ser eg litt på målsetjinga med avhandlinga og ulike måtar å forklara og forstå talemålsvariasjon på. I kapittel 2 gjev eg ein karakteristikk av ulike sider ved bygdebyen Sogndal som kan fungera som eit bakteppe på eit sosialt makronivå. Kapittel 3, som er ei skildring av den tradisjonelle sogndalsdialekten, er langt på veg gjenbruk av dette kapittelet frå hovudoppgåva mi (jf. Haugen 1998: 13 – 22). I kapittel 4 presenterer eg teoretiske modellar frå sosialpsykologien som eg vil testa ut på talemåls materialet mitt. Drøftinga av desse modellane vil bli knytte til informantane frå djupintervjuet. Kapittel 5 er det mest omfangsrike kapittelet og tek føre seg både drøftingar av metodiske val, framgangsmåte, sosiale og språklege variablar og statistikk. I kapittel 6 presenterer eg resultata frå dei ulike delundersøkingane. Kapittel 7 er ei drøfting av dei resultata eg har kome fram til. Avslutning med konklusjon på heile avhandlinga kjem i kapittel 8. Heilt til sist kjem eit samandrag av heile avhandlinga på norsk og engelsk.



## 2 Bygdebyen Sogndal

På eit par generasjonar har det skjedd store omveltingar i Sogndal. Bygda, som i dag ofte vert kalla bygdebyen Sogndal, har gått frå å vera ei jordbruks- og fruktbygd, jf. namnet på hovudgata, Gravensteinsgata, til å verta eit travelt handels- og skulesentrum for heile fylket. Sogndal er regionsenteret i Sogn og eit knutepunkt både når det gjeld samferdsle, varehandel og skular.

### 2.1 Geografisk avgrensing



Kart 1: Sogndal kommune i Sogn og Fjordane fylke. (Kjelde: Tore Tonning. Statens Kartverk, Sogn og Fjordane.) (Dei raude strekane viser vegane i fylket.)

I geografisk samanheng er Sogndal ein del av Indre Sogn, medan staden språkleg sett vert rekna til Midtre Sogn. I aust grensar kommunen til Luster, Årdal og Lærdal og i vest til Balestrand,

Leikanger og Vik. Sogndal ligg på nordsida av den om lag 21 mil lange Sognefjorden. Lengst i vest ligg Norum sokn og lengst i aust Kaupanger sokn. Kaupanger, med vel 2100 innbyggjarar, er den nest største bygda i kommunen. I hovudsoknet i Sogndal kommune, Stedje, bur det i 2001 vel 3500 innbyggjarar, og i Norum sokn om lag 650. I denne avhandlinga vil alle dei elleve grunnkrinsane (Dalavatn, Notsete, Lerheim/Stenehjem, Øvre Stedje, Stedje, Fjøra, Nes, Leite, Rutlin, Fosshaugen/Åberg og Øyabrekka) i Stedje sokn, alle dei fem grunnkrinsane (Slinda, Nordnes, Ylvesåker, Fardal og Fimreite) i Norum sokn og grunnkrinsen Barsnes/Loftesnes/Kjørnes under Kaupanger sokn vera med av di elevane frå desse områda vil gå på ungdomsskule i Sogndal.

Utbygging av infrastrukturen har ført til at kommunane i fylket har nærma seg kvarandre kommunikativt. I 1994 kom det tunnelgjennomslag fremst i Sogndalsdalen, slik at det no berre tek halvannan time med bil til Førde, som er det største senteret i Sunnfjord. Likevel lyt ein, som ein av informantane mine uttrykte seg, betala for å koma seg ut or bygda anten på ferjer eller gjennom bomveg. Berre i sommarhalvåret kan ein køyra “fritt” ut or kommunen over Sognefjellet. Etter at Fjærland, som tidlegare hørde til Balestrand kommune, vart ein del av Sogndal kommune den 1.1.2000, har kommunen eit areal på 745 km<sup>2</sup>.

## 2.2 Folketalsutvikling<sup>2</sup>

Årstal	Folketalet i heile kommunen med unntak for Fjærland	Grunnkrins: Stedje	Grunnkrins: Norum	Grunnkrins: Kaupanger
1960	3891	2651	678	556
1970	4453	3199	671	578
1980	5519	3411	797	1285
1990	5973	3245	718	1995
2001	6297	3513	646	2122

Tabell 2.1: Folketal i Sogndal kommune og i grunnkrinsane frå 1960 til 2001.

Tabell 2.1 viser at folketalet i Sogndal kommune har stige jamt frå 1960 og fram til år 2001. Sentrumsområda, grunnkrinsen Stedje, fekk den største auken kring 1970, medan Kaupanger byrja å veksa på 1980-talet. Folketalet i Norum har derimot halde seg meir stabilt, men ser ut til å ha

<sup>2</sup> Når summen av folket frå alle grunnkrinsane ikkje stemmer heilt med folketalet i heile kommunen, skuldast det at nokre personar hadde late vera å føra opp bustad.

minka ein del det siste tiåret. Noko av forklaringa på auken i grunnkrinsen Kaupanger er at delkrinsen Barsnes/Loftesnes/Kjøernes frå 1980 vart rekna som ein del av grunnkrinsen Kaupanger, men elevane frå dette området går likevel på skule i Sogndal.

Bustadpolitikken i kommunen har vore lagd opp slik at ein har prøvd å spreia busetnaden kringom i kommunen. I grunnkrinsen Stedje voks det fram eit stort bustadfelt i bakkane over sentrum på 70-talet, og Kaupanger fekk eit stort bustadfelt og vart til ein større tettstad på 80-talet. Det har òg kome fleire nye bustadfelt på den vel éi mil-lange strekninga mellom Sogndal sentrum og Kaupanger, t.d. Kjøernes, Valeberg og Skogen. I Norum sokn har det vakse fram eit nytt bustadfelt på Nornes.

### 2.3 Næringar<sup>3</sup>

Årstal	Sum yrkesaktive i kommunen	Primærnæring	Sekundærnæring	Tertiærnæring
1960	1398	39,1 %	30,8 %	29,8 %
1970	1625	24,9 %	30,9 %	44,2 %
1980	2278	17,0 %	21,4 %	60,3 %
1990	3334	10,2 %	21,7 %	68,1 %
2001	3571 <sup>4</sup>	5,8 %	21,7 %	71,9 %

Tabell 2.2: Sysselsetjingsutviklinga i Sogndal kommune dei siste 50 åra.

Tabell 2.2 viser at talet på yrkesaktive i Sogndal kommune har gått opp kvart tiår. Primærnæringa byrja for alvor å gå ned kring 1980 og er halvert i perioden frå 1990 til 2001. Prosentvis sysselsetjing i sekundærnæringa har halde seg nokså stabil. Det er her særleg næringsmiddelindustrien med bedrifter som Lerum og Gilde som dominerer. Den største auken er komen i tertiærnæringa som i 2001 sysselset nesten 2/3 av dei yrkesaktive i kommunen. Det er om lag 70 forretningar i sentrum, deriblant det største handlesenteret mellom Bergen og Ålesund (jf. Fimreite 2003: 11). Bygda har vidaregåande skule, folkehøgskule, høgskule og forskingsinstitusjonen Vestlandsforskning.

<sup>3</sup> Opplysningane i tabellen nedafor er henta frå Statistisk sentralbyrå sine folke- og bustadteljingar for Sogndal kommune 1960, 1970, 1980, 1990 og 2001.

<sup>4</sup> I denne siste målinga er også dei 139 yrkesaktive i Fjærland, som vart ein grunnkrins til Sogndal kommune 1.1.2000, tekne med.

## 2.4 Innflyttarane

Det er ein del innflyttarar som har slege seg ned i Sogndal. Ofte er det slik at tilflyttarane og dei unge slår seg ned i dei nye bustadfelt, og borna deira kan såleis bli vande med å høyra mange ulike dialektar og ikkje berre den lokale sogndalsdialekten frå dei er ganske unge. Mange av dei som flytter til bygda har høgare utdanning, er aktive og engasjerer seg i lokalsamfunnet gjennom politiske organ og i ulike fritidsorganisasjonar. Ein kan spørja seg i kor stor grad desse innflyttarane kan ha påverka den oppveksande generasjonen av sogndøler og språket dei snakkar. Særleg frå 1970 og framover har det vakse opp ein del ungar med innflyttarforeldre i byggjefelt. Dessutan vart det på slutten av 70-talet vanleg at borna skulle gå i barnehagar eller førskule, der dei òg trefte ungar og vaksne med ulike talemål. Eit sitat frå Andreas Hompland (1982) er ein god illustrasjon på korleis det kan høyrast ut der: “Eg var ein gong på besøk i ein barnehage i tjukkaste Sogn. Det som slo meg var at det berre var 2 av dei 32 ungane som snakka sogna-mål. Om alle dei 30 andre var innflyttarungar, veit ikkje eg.”

Dersom eit innflyttarmål skal kunna påverka det opphavlege talemålet i eit samfunn, må det vera såpass mange som snakkar dette målet at det på det viset markerer seg, eller det må vera såpass prestisjefyllt at det er i stand til å konkurrera med den lokale dialekten.

Det interessante spørsmålet å få svar på i samband med språkleg kontakt, er å få kjennskap til kor mange innflyttarar det er og kvar dei kjem ifrå. Eg vil konsentrera meg om elevane frå Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001 og sjå kvar foreldra til desse elevane kjem frå. Opplysningane nedafor byggjer på 153 av dei 162 elevane ved skulen dette skuleåret. Dette vil ikkje gje eit fullstendig oversyn over alle innflyttarane i bygda, men likevel kunna gje eit bra bilete på kvar mange av dei kjem ifrå.

Begge foreldra frå Sogndal	Éin av foreldra frå Sogndal	Ingen av foreldra frå Sogndal
27 elevar (54 foreldre) = 17,6 %	84 elevar (168 foreldre) = 54,9 %	42 elevar (84 foreldre) = 27,5 %

Tabell 2.3: Foreldrebakgrunn i tal og prosent for 153 av dei 162 elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001.

Kategorien med elevar med éin forelder frå Sogndal er størst og er dobbelt så stor som kategorien av elevar med ingen av foreldra frå Sogndal. Kategorien av elevar med både foreldra frå Sogndal utgjer om lag 2/3 av dei med ingen foreldre frå Sogndal. For å få eit betre oversyn over kvar foreldra som ikkje er frå Sogndal kjem frå, har eg laga denne inndelinga:

<b>Foreldrebakgrunn</b>	<b>Tal på personar</b>
Kommunar i Midre Sogn (Balestrand, Vik, Aurland og Leikanger)	25
Kommunar i Indre Sogn (Luster, Årdal og Lærdal)	23
Ytre Sogn	5
Sunnfjord	8
Nordfjord	9
Møre og Romsdal	9
Hordaland (unnateke Bergen)	11
Bergen	19
Rogaland	7
Austlandet	23
Dalstrøk i Midt-Noreg	7
Trøndelag	5
Nord Noreg	5
Utlandet	12


Tabell 2.4: Foreldrebakgrunn til dei foreldra som ikkje er frå Sogndal for 153 av dei 162 elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001.

Tabell 2.4 syner at om lag to tredelar av dei foreldra som har flytta til Sogndal, kjem frå Vestlandet. Førti prosent av desse vestlendingane att, kjem frå nabokommunar i Midtre og Indre Sogn. Dette foreldrebakgrunnsutvalet gjev eit innblikk i bakgrunnen til to generasjonar i Sogndal, ungdomar i 14 – 16-års alderen og vaksne i 35 – 45-års alderen. Det vert interessant å sjå om det gjev utslag på språket at vestlandsinnflyttarane er i så stort fleirtal.

## 2.5 Ungdomsmiljøet

Sogndal er ein skulestad og har difor mange ungdomar under 25 år. Informantane i denne granskinga er ungdomsskuleelevar som opphavleg kjem frå dei tre krinsane Norane, Dalen og Fjøra. Det er berre éin ungdomsskule for desse områda, men to barneskular, Trudvang i sentrum av bygda og Ylvisåker for dei frå Norane. Barneskulen i Dalen (Notsete) vart nedlagd i 1989, slik at

desse informantane òg har gått på barneskulen på Trudvang. Det er eit rikt og variert fritidstilbod i kommunen med om lag 100 organisasjonar.



Kart 2: Krinsane Norane, Dalen og Fjóra i Sogndal kommune. (Kjelde: Tore Tonning. Statens kartverk, Sogn og Fjordane.)

I ein rapport frå Gunnar Jørgensen om ungdomsmiljøet i Bygdeby, dvs. Sogndal, (jf. Jørgensen 1994) vert ungdomane i bygda hovudsakleg delte inn i to sosiokulturelle kategoriar. Den eine kategorien vert karakterisert som “geni” medan den andre går under namnet “slaur”. “Kategoriene reflekterer på en og samme tid de unges sosiale og kulturelle bakgrunn, deres forhold til skolen, deres ulike praksisformer og deres framtidsutsikter” (Jørgensen 1994: 10). Materialet til denne stereotyperinga byggjer på 41 intervju med 10 gutar og 31 jenter i alderen 14 – 18 år. For å fanga opp dette kontrastforholdet tok Jørgensen utgangspunkt i to individ som oppheldt seg på gatehjørnet og to individ som var svært organisasjonsaktive. Deretter nøsta han dei andre informantane ut frå det nære venenettverket til desse personane. Desse venenettverka vart så supplerte med intervju av



6 gutar frå maskin og mekanikarlinja i alderen 16 – 18 år og 6 svært skuleflinke gymnasiastjenter i same alder.

Jørgensen fokuserer på motsetnader. Ei slik dikotomisk framstilling av ungdomsmiljøet i Sogndal er ei klar forenkling, men kan vera interessant å sjå nærare på dersom ungdomane i granskinga mi viser til at det finst slike klare polariseringar. I fylgje Jørgensen (1994: 19 – 20 og 181 – 182) er det i ungdomsskuletida desse motsetnadene oppstår.

#### “Slaur”

- Tek avstand frå elevrollen, drit i skulen, er skuletrøytte
- Bruker lite tid på lekser, er tiltakslaus
- Organisasjonspassive, ikkje med i organiserte fritidsaktivitetar
- Festar, røykjer og drikk offentleg
- Heng på gatehjørnet i fritida
- Er ofte i sentrum
- Dominerer det offentlege rommet
- Ser på heimbygda som det trygge, reine og sunne
- Har foreldre med lågt utdanningsnivå
- Har foreldre med bygdekulturell bakgrunn
- Aldersheterogent nettverk
- Deltek i bilmiljøet der bilen fungerer som rullande diskotek
- Vil bli buande i heimbygda, lokalpatriotiske

#### “Geni”

- Er konform i elevrollen, servile og smiskete med lærarane
- Sit mykje heime, gjer mykje lekser og presterer over gjennomsnittet
- Er born av den nye mellomklassen
- Har foreldre med minst treårig høgskuleutdanning
- Ofte er minst éin av foreldra oppvaksen i eit bysamfunn
- Rek ikkje i sentrum, men er mest heime hjå kvarandre
- Dominerer organisasjonane
- Er sportye og aktive og deltek i organiserte fritidsaktivitetar
- Deltek ikkje i bilmiljøet
- Aldershomogent nettverk

- Er kritiske til heimstaden, vil flytta ut på grunn av sladder og at det er vanskeleg å stikka seg ut
- Har mykje kontakt med urbane miljø (vener, familie, feriar)
- Eksperimenterer i private sfærar utan offentleg innsyn

Berit Bringedal (2000) som fokuserer på verdietablering i ungdomskulturen i Sogndal, byggjer vidare på dikotomiseringa til Jørgensen. Ho prøver blant anna ved hjelp av ungdomane sine egne omgrep som “harry”, “råne”, “yrkis” og “slaur” på den eine sida og “allmennfolk”, “ikkje/anti-råne”, “soss” og “geni” på den andre sida å få fram eit skilje mellom den tradisjonelle bygdekulturen og det ho kallar det seinmoderne samfunnet.

Bringedal hevdar at den tida me lever i, er prega av kulturell fristilling, noko som mellom anna fører til at etablering og reproduksjon av verdiar i større grad skjer under sterk påverknad frå jamaldringar og i mindre grad enn før som ei overføring mellom generasjonane. Denne endringa meiner ho skuldast at ungdom som gruppe i dag utgjer ein eigen livsfase, at me har fått auka sosial mobilitet og dessutan meir individualisering, der ein legg vekt på å “skapa” sitt eige liv.

Visse trekk ved “yrkis-kulturen” meiner ho er eit uttrykk for ein tradisjonell kultur, medan ein del trekk ved “allmennfolk-kulturen” meiner ho kan oppfattast som eit uttrykk for det seinmoderne. Likevel er dette stereotype biletet i dag truleg i ferd med å endra seg, for fleire yrkesfaglege studieretningar, som t.d. kokk, elektrofag og datafag, krev gode karakterar og har høg status (jf. Bringedal 2000: 8). Ho hevdar at eit dikotomisk skilje no difor kanskje er tydelagst å sjå mellom kjønna ved at gutane i større grad enn jentene representerer det tradisjonelle, medan jentene, med sine tankar og veremåtar, tek opp i seg det som kjenneteiknar det seinmoderne mennesket (jf. Bringedal 2000: 9). Med klare sosiokulturelle dikotomiar er det enklare å sjå mønster i verda og å avgrensa seg sjølv (inngruppa) frå dei andre (utgruppa). Kvar av gruppene synleggjer kven dei er og vil vera gjennom å visa ulike kulturelle kodar når det gjeld åtferd, klesstil, interesser, normer og verdiar.

Studentane i bygdebyen Sogndal høyrer ikkje til nokon av gruppene og innordnar seg difor heller ikkje “den kjente sosiale ordenen” (jf. Bringedal 2000: 7). Ungdommane frå Sogndal kan såleis oppleve studentane som trugande og provoserande når dei kjem med kritiske og nedlatande kommentarar til språk, klesstil og andre fenomen i bygdekulturen.

Ei mykje større, men liknanade dikotomisering av ungdomsmiljøet, er utført av Penelope Eckert på den vidaregåande skulen “Belten High” i Detroit i USA (jf. Eckert 1989). Ho klassifiserte 30 – 40 % av ungdomane der til å høyra anten til “Jocks” eller “Burnouts” ut frå sosiale kriterium. Deretter studerte ho dei språklege skilja mellom desse to gruppene. Her er nokre av dei sosiale skilja (jf. Eckert 1989):



## “Jocks”

- Bruker lokalsamfunnet lite (skulen er sentrum også i fritida), slik at skulen vert som den andre heimstaden
- Held seg i kantina eller gangane i friminutta
- Har råd til å fylgja moten og gjer det (klesstil)
- Formar det sosiale nettverket sitt på skulen (ofte intellektuelt)
- Er aktive innan skuleidrett, skuleredaksjon o.l.
- Vert favoriserte (av lærarane) på skulen
- Internaliserer verdiane til foreldra, skuffar ikkje foreldra, opprettheld tillitsforhold
- Har ofte foreldre med god økonomi
- Har tilgang til eit vidt vaksennettverk (foreldre + lærarar)
- Diskuterer venene sine med foreldra
- Dei fleste vert rekrutterte frå mellomklassen
- Vert sedde på (av “Burnouts” og “In betweens”) som at dei ser på seg sjølve som betre enn andre

## “Burnouts”

- Går ofte rett ut i arbeidslivet etter vidaregåande skule (konkurrerer med vaksne på arbeidsmarknaden)
- Held til i skulegarden i friminutta
- Dei fleste røykjer, har på seg rocke-t-skjorter, spesiell hårfrisyre, bruker dop m.m.
- Signaliserer perifert forhold til skulen ved å gå med jakkar heile dagen på skulen
- Har eit språk fylt av banning, slang og som bryt med grammatikken
- Gruppene kjem til syne alt i ungdomsskulen
- Sosialt nettverk basert på eit nabolag i låginntektssjiktet (arbeidarklassestrøk), og ungane sitt nettverk vert ofte som foreldra sitt
- Vert tidlegare enn “Jocks” involverte med kjærastar
- Har kontakt med eldre “Burnouts” ungdomar
- Skulen er ikkje “cool”, og det er heller ikkje andre aktivitetar som er knytte til skulen (som er ein sfære med vaksenkontroll)
- Utkrystallisering til “Burnouts” skjer gjerne i sommarferien før ein startar på vidaregåande
- “Burnout-kulturen” er ei aktivisering av arbeidarklassenormer innafor skulesituasjonen
- Er lenger oppe og ute om kveldane og nettene

- Skuletilbodet er dårleg med omsyn til å gje praktisk skulering (og følest difor lite relevant for deira framtidige yrke)
- Interessefelt utafor skuleområdet: musikk, bilar, cross-sykling (motersyklar), kunst, foto, journalist
- Bruker minst like mykje tid utafor skulen og på arbeidsplassar som på skulen
- Bruker minst like mykje tid på folk som ikkje lenger går på skulen som jamaldringar på skulen (vert raskare introduserte for alkohol, narkotika og festing)
- Medvitne på ærlegdom med vener og har ei dele-kultur-haldning (kan ikkje rekna med øk. hjelp frå foreldra)
- Held vaksne borte frå informasjon om venene sine (sterk lojalitet og sladrar ikkje), men all informasjon kan gå fritt mellom kvarandre (abort, festar, graviditet)
- Nettverket vert sett på som den sterkaste støtte-ressursen (brør/syster) uavhengig av vaksne

Språkleg sett såg Eckert at dei som hørde til kategorien “Jocks” hadde eit meir standardnært språk, medan “Burnouts” ikkje hadde eit standardnært og lokalprega språk (jf. Eckert og McConnell-Ginet 2003: 276).

I samtalane med 36 uttrekte ungdomar på ungdomsskulen i Sogndal, dvs. i aldersgruppa 14 – 16 år, la eg opp til ein ustrukturert samtale der eg også prøvde å koma inn på kjenneteikn ved ungdomsmiljøet i bygda slik dei opplevde det. Ungdomane eg snakka med, kom i svært liten grad inn på noko som vitnar om at dei plasserer seg i eit dikotomisk ungdomsmiljø. Truleg er dette i tilfelle eit skilje som er tydelegast når ein er komen i vidaregåande skule, men dei kom likevel inn på ein del karakteristikkar av ungdomsmiljøet i Sogndal. Eg har valt å ta utgangspunkt i dei omgrepa Bringedal (2000: 3) hevda ungdomane nyttar om seg sjølve for å sjå nærare på kva verdisyn som kan løyna seg bak desse.

Ingen av informantane mine tek under språkopptaka i bruk omgrepa “geni”, “soss” eller “ikkje/anti-råne”. Derimot er det fleire som av seg sjølv kjem inn på termene “allmenn” eller “allmennfag”, men då helst som eit svar på kva dei skal gjera etter dei er ferdige med ungdomsskulen. Dei fleste snakkar då om “allmenn/allmennfag” nokså nøytralt og om ei utdanning som gjev dei større valfridom når det gjeld yrkesval seinare. Det verkar likevel som om mange ser på allmennfag meir som eit fornuftig val, enn som eit primært ynske. Døma nedafor viser dette:

Inf 01: Ja, eg òg mest lyst å reisa på drama og så men, og så gå på kanskje allmenn. Det blir sikkert allmenn, men eg har litt lyst på drama og sånt i Sandane.

Inf 15: Eg og, eg har litt lyst og så gå vidaregåande oppå Sandane på [kremt], song dans og drama, men at viss eg skal bli advokat, så har det egentleg ikkje så veldig masse med yrket mitt å gjera, song dans og dram-, drama, så eg trur eg skal ta allmenn, og så vil eg heller ta eit friår og så gå på folkehøgskule eller eit eller anna.

Inf 17: Dessverre, eg skal gå på allmennfag. Men eg har ikkje lyst.

Den einaste utsegna som eventuelt kan tolkast i retning av at allmennfag er betre enn yrkesfag, er utsegna til informant 3, ei jente med båe foreldra frå Sogndal:

Inf 03: Eg trur eg vil gå på allmenn. [...] Nei, det er liksom ikkje så mykje anna eg kan gå på. Det er lik- det er jo yrkesfag då, men det, he, veit ikkje eg, og så er det jo allmenn det er liksom, då har du på ein måte ein, kva skal eg seia, he, he, he? [...] Eg har i hvert fall bestemt meg for at når eg er ferdig på allmenn så har eg lyst å ta eit år fri og jobba og berre reisa og

Når ingen av dei andre omgrepa som Bringedal (2000) knyter til det “seinmoderne samfunnet” vert nemnde i opptaka mine, trur eg det anten kan skuldast at eg ikkje har gått nok inn på ungdomsmiljø som tema, at elevane er for unge til å ha noko nærare kjennskap til det, eller at det ikkje finst eit så skarpt skilje mellom to ungdomskulturar i Sogndal.

Informantane er likevel innom alle omgrepa som i fylgje Bringedal (2000) representerer den “tradisjonelle bygdekulturen”. Det finst to eksempel med omgrepet “harry”. Den eine gongen er det brukt som ein karakteristikk av sognemålet:

Inf 22: Det er mest harry dialekten.

Og den andre gongen som ei vurdering av sogndalsdialekten:

Inf 05: Viss dei pratar heilt breitt, så kan det vera litt, synest eg kanskje det er litt harry.

Når det gjeld “råne”, vert “råning” av fleire nemnt som eit typisk trekk for Sogndal:

Inf 28: he, råning, he, he. Råning, he.

Den neste informanten gjev, i tillegg til ei karakterisering av Sogndal, også ein definisjon på kva det vil seia å råna:

Inf 34: Mykje råning, he. [...] Mykje råning. [...] Den største råneplassen i Norge. [...] Mm, det er større enn Førde. [...] Men, det, det var i fjor. Det veit ikkje om det er det i år. [...] Its, køyra i bil og høyra på musikk og så gå seint, og så plutselig så gjev du bann gass så blåøyken står.

Ein av informantane siterer kva foreldra seier dei skal passa seg for før dei reiser ut om kvelden:

Inf 17: Hæ, ja, nei, dei seier “ikkje noko tull no, og ikkje noko drikking og ikkje noko røyking, ikkje noko råning”.

Og ein informant opplyser dessutan at råning er noko dei er med på i helgane:

Inf 18: Nei, me går rundt i Fjøra og sit på med, rånar litt. Det er vel egentlig det som er.

Omgrepet “slaur” vert nok brukt dels på skjemt i materialet mitt når informant 9 og informant 22 svarar at dei gjekk rundt og slaura som svar på kva dei gjorde før dei begynte i skulen. Heilt alvorleg meint er det nok heller ikkje hjå informant 17 når ho fyrst seier at dei eldre venene hennar slaurar. Informant 17 tek seg derimot inn att og gjev òg ein definisjon på kva det vil seia å slaura:

Inf 17: [...] slaurar det er at dei ikkje gjer på nokon ting, he, he, at dei berre vasar rundt i Fjøra utan å vera på skulen og sanne ting, men dei gjer ikkje det altså. Det gjer ikkje dei. Dei går no på skule.

Informant 9 har tydelegvis tolka omgrepet på same måte som informant 17 når han, truleg på skjemt, seier at han vil slaura etter tida på ungdomsskulen:

Inf 09: Slaura, he. [...] He. [...] Ai [...] Ja. [...] Yrkisen ja. Nei, eg er ikkje heilt bestemt meg for dette der.

Den same humoren verkar å vera til stades hjå informant 22, som er samtalepartnaretn til informant 9, når han svarar at han ville ha slaura dersom han hadde fått gjort nett det han hadde vilja.

Omgrepet “yrkis” eller “yrkesfag” skal i fylgje dikotomien stå i motsetnad til “allmenn”. Det er tydeleg at yrkesfagleg studieretning er ein del av planane til mange av gutane (t.d. inf. 9, 12, 19, 21 og 22) etter ungdomsskulen. Informant 18, ei jente som òg kunne vera med å råna, ser ut til tidleg å ha late seg imponera over folk som går på yrkesfag då eg spurde om kva dei gjorde på i friminutta:

Inf 18: Såg på yrkisane som kom ned her og var russen.

Informant 3 si utsegn under omgrepet “allmenn” (jf. siatetet ovafor), der ho òg kjem inn på “yrkesfag” etterfulgt av ein liten latter kan derimot vera eit teikn på at ho tek avstand frå det. Ut frå utsegna til informant 9 under omgrepet “slaur” (jf. siatetet ovafor) kan det òg sjå ut til at det kan vera ei viss kopling mellom dei to omgrepa “slaur” og “yrkis”.

Eg vil i det kvalitative forskingsintervjuet med 3 av dei 36 informantane prøva å koma attende til kor stor verdi ei dikotomisering av ungdomsmiljøet allment sett har.

## 3 Talemålet

### 3.1 Målføra i Sogn og Fjordane

Målføra i Sogn og Fjordane fylke kan grovt delast i tre: sognemål, fjordamål og jostedalsmål. Grensa mellom dei nordvestlandske og dei sørvestlandske målføra går mellom sognemål og fjordamål, dvs. gjennom Høyanger kommune i Sogn. Talemåla i Ytre Sogn, med kommunane Solund, Gulen, Hyllestad og vestlegaste delen av Høyanger, fell såleis mykje saman med målføra i Sunnfjord og Nordfjord under nemninga fjordamål. Jostedalsmålet, som er nokså særeige pga. stor innflytting frå Nordfjord etter Svartedauden, vel eg å halda heilt utafør. I oppstillinga nedafor har eg sett opp dei viktigaste skiljemerka mellom sognemål og fjordamål:

<u>Sognemål:</u>	<u>Fjordamål:</u>
1) A- mål (inf. og linne hokj.) Døme: å /fina/, ei /veirsa/	1) E-mål (inf. og linne hokj.) Døme: å /fipe/, ei /vi:se/
2) Segmentasjon og differensiasjon <ll> > <dl> og <rn> > <dn>  Døme: /adle, hɔdn/	2) Palatalisering (i hovud- og endestaving) Døme: /meɾeɾe/  (For Ytre Sogn berre i hovudstaving) Døme: /aʎe, hɔɾ/
3) Delt femininum Døme: /b(o)uk(e)i, v(e)i:sa(u)/	4) ÷ Delt femininum Døme: /bu:çça, vi:sa/

### 3.2 Sognemåla

Sognemåla kan språkleg igjen delast i to. Det er vanleg å rekna målet i kommunane Årdal, Lærdal og Luster (minus Jostedalen) inn under indresognsmål, medan målet i kommunane Aurland, Sogndal, Leikanger, Balestrand og Vik høyrer til midtresognsmål. Amund B. Larsen seier at kløfta mellom Midtre Sogn og Indre Sogn er mindre djup både geografisk og språkleg enn mellom Ytre og Midtre Sogn (jf. Larsen 1926: 25). Likevel er det vanskeleg å dra skarpe

skilje, og mange av målmerka har nokså flytande grenser. Grovt sett kan ein seia at diftongering av norrøn *á* minkar utover fjorden, medan palatalisering av velarar minkar di lenger inn i Sogn ein kjem. Dei viktigaste skiljemerka mellom Midtre og Indre Sogn er:

Midtresognsmål:

1) Diftongering av

&lt;i&gt;, &lt;u&gt;, &lt;y&gt; og &lt;o&gt;

Døme: /be:i:l, bi:ɹ, bøy:, stouɹt/

2) B.f. eintal av sterke fem.

endar på /ei/

Døme: /kɔ:gei/

3) B.f. eintal av linne fem.

endar på /aʊ/

Døme: /vei:saʊ/

4) Svarabhaktivokal i adj.

Døme: /vidle, brai:e/

5) Personleg pronomen

1. pers. eintal: /e:ɣ/

1. pers. fleirtal: /mi:ɹ/

Indresognsmål:

1) Monoftongisk uttale av

&lt;i&gt;, &lt;u&gt; &lt;y&gt; og &lt;o&gt;

Døme: /bi:l, bɛ:ɹ, by:, sturt/

2) B.f. eintal av sterke fem

endar på /i/

Døme: /kɔ:gi/

3) B.f. eintal av linne fem.

endar på /a/

(÷ Luster som har /aʊ/)

Døme: /vi:sa/

4) Ikkje svarabhaktivokal i adj.

Døme: /vidl, brai:/

5) Personleg pronomen

1. pers. eintal: /e:ɹ/ (÷ Luster: /e:ɣ/)

1. pers. fleirtal: /me:ɹ/

### 3.3. Sogndalsmålet i høve til dei andre midtresognsmåla

Det er vanskeleg å finna klare målmerke som skil dei fem kommunane med midtresognsmål frå kvarandre. Eg skal likevel prøva å dra fram nokre trekk som tradisjonelt sett har skilt sogndalsmålet frå nabokommunane. I alle dei fire kommunane Aurland, Balestrand, Vik og Leikanger kan ein ha palatalisering av velarar i b.f. eintal av sterke og linne maskuline

substantiv. Døme: /baĉĉen/, /seĉĉen/ (jf. Larsen 1926: 160 – 161). I Balestrand, Vik, Leikanger og Aurland<sup>5</sup> (jf. Larsen 1926: 528 – 529) kan ein òg ha slik palatalisering i b.f. eintal av sterke feminine substantiv. Døme: /bouĉĉei/. Talemåla i Balestrand, Aurland og Vik kan òg ha dette fenomenet i b.f.eintal av sterke nøytrums substantiv. Døme: /ta:ĉĉe/ (jf. Larsen 1926: 536 – 537). Dessutan er /einĵjen/ den vanlege forma av det ubundne pronomenet <ingen> for dialekten i Balestrand, Vik, Leikanger, Aurland og delar av Luster. Sogndal vert liggjande som ei øy i eit palataliseringsområde. Når områda på sørsida av Sognefjorden, Vik og Aurland, har så sterk palatalisering, kan det koma av at dei grensar til og gjerne har hatt og framleis har større kontakt med Hardanger og Voss, der palatalisering er meir utbreidd.

Vikamålet har halde på norrøn /y/ i ord som tradisjonelt har det i skrift, medan talemålet på Leikanger ser ut til å ha ein tendens til å få /ʉ/, t.d. i ordet <syster> (jf. Larsen 1926: 470 – 472).

I b.f. fleirtal av maskuline og feminine substantiv har ein i Balestrand og Vik endingane /-adne, -edna/,<sup>6</sup> medan dei andre midtresognsmåla har /-adŋ, -edŋ/ Døme: /bau:taɖn(e), grensedn(a), sou:ledn(a), elvɔɖn(e)/

Aurlandsmålet har ikkje som dei andre midresognsmåla diftongering av /ɔ/ og /a/ til /aʊ/ framfor /ng/ og /nk/. Døme: /stɔŋg/ og /bank/. I Aurland vert heller ikkje /e/ til /ai/ framfor /g/. Døme: /feg/ (jf. Larsen 1926: 358).

Særeige for sogndalsmålet og indresognsmåla i motsetnad til midtresognsmål er fonemet /i/ i dei peikande pronomena: /dina/, /dita/ og /disa/. Typisk for aurlandsmålet er det at det har fonemet /i/ i objektsforma av dei personlege pronomena /mi:/ = <meg>, /di:/ = <deg> og i det refleksive pronomenet /si:/ = <seg>. (Sjølve g-bortfallet er felles med årdals- og lærdalsmålet.)

Dialektane i Sogndal og Leikanger har saman med målet i Luster og Jostedalen, formene /seʊ:ŋg/. (Sogndalsmålet kan også ha /sau:ŋg/), /heʊ:re/ og /ĉĉeʊ:re/ i pret. av

<sup>5</sup> I boka *The morphology of the dialect of Aurland* (1944: 49) fører Flom dette opp som eit morfologisk trekk for aurlandsdialekten, medan Larsen (1926: 528 – 529) set det opp som klammeform.

<sup>6</sup> Dette er eit fenomen som berre held seg i eldre mål i Vik (jf. Sæbø 1977: 13) og truleg likeins for Balestrand.



desse verba, medan dialekten i Vik har /sau:ng/ og aurlandsmålet har /sɔng/, /hɔirde/ og /ççirde/.

Sogndalsmålet skil seg ut frå dei andre midtresognsmåla ved å få fonemet /i/ i supinum i 5.kl. av sterke verb t.d. /i:te, dri:pe, li:ge, li:se, kri:ke/, der dei andre sognemåla får /e/.

## 3.4 Grammatikkskisse

Ein dialekt er eit eige, sjølvstendig språk. Såleis har dialektane òg ein eigen, fullstendig grammatikk. Ivar Aasen laga alt i tida 1837 – 41 ein eigen grammatikk for sitt språk, sunnmørsmålet.

For å kunna seia noko om eventuelle endringar i sogndalsdialekten, lyt eg ha ei grammatikkskisse som utgangspunkt. Tanken bak ein dialektgrammatikk er at han skal representera eit felles normsett for korleis ein lagar språklege ytringar i eit visst språk-samfunn. Sidan det alltid finst variasjon, er det likevel vanskeleg å laga heilt eintydige reglar for levande språk. Skissa under er difor berre ei idealisert form av den tradisjonelle sogndalsdialekten.

### 3.4.1 Fonologi

Før det er mogleg å seia noko om ei eventuell lydleg utvikling og endring av sogndalsmålet, lyt det vera noko fast å gå ut frå. Den fellesnorma eg skisserer som utgangspunkt for fonemetableringa, byggjer i stor grad på den kartlegginga Ølmheim gjorde i hovudoppgåva si i 1971 (jf. Ølmheim 1971).

Fonema er berre ein abstrakt fellesnemnar for fleire uttaleformer. Eit fonem er den minste tydingsskiljande lydeininga i eit ord. For å finna ut om ein lyd kan kallast eit fonem, skal ein kunna byta ut lyden med ein annan og dermed få eit ord med anna tyding. I ein del uttaleformer kan me finna visse variantar av eit fonem utan at dei gjev tydingsendring. Desse variantane har såleis ikkje sjølvstendig fonemstatus, men vert i staden kalla allofonar av eit fonem. Fonema vert markerte innom skråstrekar, medan allofonane står i hake-parentesar.

Fonologiske reglar viser uttalemønsteret for ein dialekt og fortel i kva for omgjevnader ein får fonemovergangar eller allofonar av eit fonem. Dei generelle fonologiske reglane har størst verkefelt, då dei ikkje stiller andre krav enn at visse fonologiske drag, uavhengige av

ord- eller bøyingsgrenser, vil føra til ei endring. Morfo-fonologiske reglar verkar berre over morfologiske grenser, medan syntaktisk-fonologiske reglar berre verkar over ordgrenser. Her kjem eg til å konsentrera meg om dei to fyrste kategoriane, altså generelle fonologiske og morfo-fonologiske omgjevnader.

I norrønt hadde ein dei tre diftongane <ei>, <øy>, <au>. Ølmheim, som igjen byggjer på Larsen, tek utgangspunkt i det norrøne systemet og opererer berre med dei tre “ekte” diftongane /ai/, /ɔi/ og /eʊ/ for sogndalsmålet. I tillegg har han med den sekundære diftongen /aʊ/, medan resten av dei sekundære diftongane ikkje vert rekna med til diftongane. Larsen meiner at ei forklaring på kvifor /aʊ/ skal høyra med, er at han jamt over er meir utbreidd, og finst til dømes både dei fleste stader i Sogn og i Hardanger. Dette kan igjen tyda på at denne diftongeringa kan vera eldre enn dei andre sekundære diftongane (jf. Larsen 1926: 57). Ølmheim grunnjev ei slik inndeling fonetisk med at det i desse tilfella er snakk om eit lett føreslag og gliding på det fyrste segmentet. Dette markerer han med eit heva teikn for vokalsegment, t.d. slik: /<sup>e</sup>i/. Desse sekundære diftongeringane er også det trekket som klarast skil sogndalsmålet ut frå dialektane i Indre Sogn, der dei har monoftongisk uttale av <i, y, u> og <o> (jf. kap. 3.2). Når Ølmheim set skiljet som han gjer, kan det kanskje koma av at spranget frå /a/ til /ʊ/ er lengre og dermed viser større kontrast mellom vokalsegmenta enn det dei andre sekundære diftongane gjer (jf. figur 3.2). Ut frå eit synkront perspektiv kan eg ikkje sjå at det skulle vera grunnlag for å operera med eit skilje mellom ekte og sekundære diftongar i det heile. Ved hjelp av ein fonetisk analyse på ein dataspektrograf har eg fått stadfest at det diftongiske glidingsmønsteret har lik durasjon på segmenta både for dei ekte og dei sekundære diftongane. Det er i mine øyro vanskeleg å vera med på eit argument om at det fyrste vokalsegmentet skal vera vesentleg kortare ved dei sekundære diftongane enn ved dei ekte. Det som derimot er klart, er at det fyrste vokalsegmentet kan ha ulik opningskvalitet, og at avstanden mellom vokalsegmenta i munnhola kan variera.<sup>7</sup> Eg vel med andre ord å ikkje halda på eit historisk diftongskilje då eg ikkje kan finna gode nok argument for det. Ut frå dette vil ein for sogndalsmålet få seks monoftongar og åtte diftongar. I båe kategoriane finst dei både som korte og lange. Vokalfonema for trykksterke stavingar i sogndalsdialekten kan såleis framstillast på dette viset:


---

<sup>7</sup> Heller ikkje i moderne islandsk opererer ein i dag med eit slikt historisk diftongskilje. Både på islandsk og på sogndalsdialekt har ein diftongen /ou/, og realiseringa vil også vera om lag den same både for det islandske ordet <bók>, og det norske ordet <bok>.

FREMRE		BAKRE	
Urunda	Runda	Urunda	Runda
Trong	<b>i</b>		<b>u</b>
Halvopen	<b>e</b> <sup>8</sup>	<b>ø</b> <sup>9</sup>	<b>ɔ</b>
Open		<b>a</b>	

Tabell 3.1: Vokalfonema for tryksterke stavingar i sogndalsdialekten.

Allofonane:



Figur 3.1: Vokalfirkant med oversyn over allofonane til dei seks vokalfonema i sogndalsdialekten. (Innringinga syner allofonar som har sams fonem.)<sup>10</sup>

Døme på ordpar:

/i:/ - /bri:v/ = <brev>

/i/ - /disk/ = <disk>

/e:/ - /e:ta/ = <eta>

[e] - [pɛst] = <pest>

/ø:/ - /fø:l/ = <føl>

/ø/ - /løst/ [lʉst] = <lyst>

/u:/ - /bu:l/ = <bul>

/u/ - /spʉt/ = <spytt>

/ɔ:/ - /mɔ:se/ = <mose>

/ɔ/ - /tɔp/ = <topp>

/a:/ - /da:g/ = <dag>

/a/ - /hat/ = <hatt>

Oppstilt etter fyrstesegmentet får dei åtte diftongane /ei/, /øy/, /iʉ/, /au/, /ai/, /eʉ/, /ɔi/ og /ou/ i sogndalsdialekten denne plasseringa:

<sup>8</sup> Vokalfonemet /e/ får allofonen [e] i kort posisjon.

<sup>9</sup> Vokalfonemet /ø/ kan i kort posisjon stundom få allofonen [ʉ].

<sup>10</sup> Vokalane og diftongane i figur 3.1 og 3.2 syner relativ auditiv avstand frå IPA sine kardinalvokalar (jf. Pullum og Ladusaw 1996: 293 – 296).

FREMRE

BAKRE


urunda

runda

<b>iɥ</b>		<b>ɔi, ou</b>
<b>ei, eɥ</b>	<b>øy</b>	
<b>ai, au</b>		

Tabell 3.2: Plasseringa av dei åtte diftongane i sogndalsdialekten.

Uttalen eller glidingsmønsteret deira kan framstillast på dette viset:



Figur 3.2: Glidingsmønsteret for dei åtte diftongane i sogndalsdialekten. (Namna på diftongane står på venstre side av pilene.)

Også diftongane kan vera korte eller lange og lengda vil bli markert med eller utan lengdeteikn.

Døme på ordpar:

/ei:/ - /fei:l/ = <fil>

/ei/ - /seit/ = <sidt>

/øy:/ - /føy:ra/ = <fyra>

/øy/ - /tøysk/ = <tysk>

/iɥ:/ - /hiɥ:s/ = <hus>

/iɥ/ - /biɥt/ = <budd/butt>

/au:/ - /bau:t/ = <båt>

/au/ - /raut/ = <rått>

/ɔi:/ - /hɔi:ra/ = <høyra>

/ɔi/ - /brɔit/ = <brøytt>

/ai:/ - /vai:t/ = <veit>

/ai/ - /laide/ = <leidde>

/eɥ:/ - /meɥ:la/ = <maula>

/eɥ/ - /sneɥt/ = <snautt>

/ou:/ - /kou:ka/ = <koka>

/ou/ - /sloust/ = <slost>

Konsonantfonema i sogndalsdialekten:<sup>11</sup>

	Labial	Alveolar	Palatal	Velar	Glottal
<b>Plosivar</b>	p/b	t/d		k/g	
<b>Affrikatar</b>			çç/ʝʝ		
<b>Frikativar</b>	f/v	s/			h/
<b>Nasalar</b>	/m	/n			
<b>Laterale appr.</b>		/l			
<b>tapp/trill</b>		/r			

Tabell 3.3: Konsonantfonema i sogndalsdialekten.

Sjå Ølmheim (1971) for fullstendige lister med minimale par.

### 3.4.2 Morfologi

#### 1. Substantiv

#### DØME:

#### Maskulinum

eintal

fleirtal

u.b.f. b.f.

u.b.f. b.f.

#### 1) ar-kl.

- -en -a -adŋ /bau:t/ /bau:tŋ/ /<sup>2</sup>baʊ:ta/ /<sup>2</sup>baʊ:taŋ/

#### 2) er-kl.

- -en -e -edŋ /grei:s/ /grei:sŋ/ /<sup>2</sup>grei:se/ /<sup>2</sup>grei:sedŋ/

#### 3) linne

-e -en -a -adŋ /ha:re/ /<sup>2</sup>ha:rŋ/ /<sup>2</sup>ha:ra/ /<sup>2</sup>ha:raŋ/

<sup>11</sup> Tome ruter vil seia at det ikkje finst konsonantfonem med desse kjenneteikna i sogndalsdialekten. Fonem på venstre-sida av skråstreken er ustemte fonem, og fonem på høgre-sida av skråstreken er stemte fonem. På stader der det berre er eitt fonem, vantar ein fonem som kan gje minimale par.

## Femininum

## 1) er-kl.

- -ei -e -edᅇ /ʃaiː/ /ʃaiːei/ /ʔʃaiːe/ /ʃaiːedᅇ/

## 2) ar-kl.

- -ei -a -adᅇ /elv/ /elvei/ /ʔelva/ /ʔelvadᅇ/

## 3) r-kl. (tonem 1-kl.)

- -ei -v.s. -edᅇ /hɔnd/ /hɔndei/ /hende/ /hendedᅇ/

## 4) linne

-a -aʊ -e -edᅇ /ʔveiːsa/ /ʔveiːsau/ /ʔveiːse/ /ʔveiːsedᅇ/

## Nøytrum

## 1) 0-kl.

- -e - -ei /hiːs/ /hiːse/ /hiːs/ /hiːsei/

## 2) linne I

-e -e -e -ei /ʔeple/ /ʔeple/ /ʔeple/ /ʔeplei/

## 3) linne II

-a -a -e -oʊ /ʔeːga/ /ʔeːga/ /ʔeːge/ /ʔeːgoʊ/

-a -a -e -edᅇ /ʔeːga/ /ʔeːga/ /ʔeːge/ /ʔeːgedᅇ/

## 2. Verb

DØME:

## Linne

## 1. ar-kl.

-a -a -a -a /ʔkasta/ /ʔkasta/ /ʔkasta/ /ʔkasta/

## 2. er-kl.

-a -e -de -t /ʔdøma/ /ʔdøme/ /ʔdømde/ /ʔdømt/

## Blanda-bøying

-a -a -a/ -a/ /<sup>2</sup>la:ga/ /<sup>2</sup>la:ga/ /<sup>2</sup>la:ga/ /<sup>2</sup>la:ga/-a -a -de -d /<sup>2</sup>la:ga/ /<sup>2</sup>la:ga/ /<sup>2</sup>lagde/ /<sup>2</sup>lagd/

## 3. r-kl.

- -r -de -t /bi:ɹ/ /bi:ɹr/ /<sup>2</sup>bi:ɹde/ /bi:ɹt/

## 4. 0-kl.

-a -e -de -t /<sup>2</sup>telja/ /te:le/ /<sup>2</sup>talde/ /talt/

0-klassen endar, som dei sterke verba, på /e/ i presens.

## Sterke

-a -e -(v.s.) (v.s.)-e /<sup>2</sup>bei:ta/ /bei:te/ /bairt/ /<sup>2</sup>birte/

Sterke verb vert samsvarsbøygde i partisipp:

Maskulinum

Femininum

Nøytrum

Fleirtal

/han e <sup>2</sup>vørtɿ//hou: e <sup>2</sup>vørtei//da e <sup>2</sup>vørte//dai e <sup>2</sup>vørtne/

## 3. Personlege pronomen (trykksterke og trykklette):

	Eintal					Fleirtal		
	1.pers.	2.pers.	3.pers. mask.	3.pers. fem.	3.pers. nøytr.	1.pers.	2.pers.	3.pers.
subjekts- form:	/e:g/e/	/de:ɹ/	/han/an/	/hou:/ou/	/da:/ra/	/mi:/	/di:/ri/	/dai:/rai/
objekts- form:	/me:g/	/de:g/	/han/an/	/hou:, hina/ou/	/da:/ra/	/ɔs/	/ <sup>2</sup> dika/ <sup>2</sup> rika/	/dai:/rai/

Tabell 3.4: Personlege pronomen i trykksterk og trykklett stilling.

### 3.4.3 Fonologiske reglar

For å utarbeida fonologiske reglar for det tradisjonelle sogndalsmålet har eg hovudsakleg nytta Ølmheim (1983) og Larsen (1926). Sjølv oppsettet er laga etter mønster frå Sandøy (1993).

**F1:** Trykksvak /e/ vert uttala [ə]: [²gamlə ²pølsə]

**F2:** Kort /e/ vert til [ɛ]: [sterkə hɛst]

**F3:** Den trykklette stavinga /en/ blir syllabisert til /ŋ/ etter /t, d, n, s, r, l/: /bau:tŋ, sandŋ, maŋ, kasŋ, ha:rŋ, kau:lŋ/

**F4:** Den trykklette stavinga /en/ fell bort etter:

a): /l/ ved fonemsambandet /dl/: /kadl/

b): /m/ ved fonemsambandet /bm/: /ɔbm/

**F5:** /n/ vert velar [ŋ] framfor annan velar, dvs, /k,g/: [baink, saing]

**F6:** /s/ vert uttala [ʃ] framfor palatal: [²ʃjɛna]

**F7:** /j/ vert uttala [j] etter /m, f, p, b, s, l, n, sp/: [mjø:l, fjø:l, bjødla, ʃjø:l, ljau:, njo:l, spjout, pjeusk]

**F8:** /g/ og /v/ går over til /k/ og /f/ etter kort vokal føre ustemt konsonant /t/: /lakt, løft/

**F9:** Fonemsambandet /rs/ vert i innlyd assimilert til /s/: /²støste/ (jf. «større» i komparativ)

**F10:** Avpalatalisering framfor alveolarmorfem slik at /j/ går over til /g/: /²bøygde/ og /ç/ går over til /k/: /²taintke/.

**Mf1:** Velarar vert palataliserte slik at /ng, g, nk/ går over til [ŋj], /j/ og [ŋç]: [sainjə], /²vaijə/ og [²bainçə] etter /ai/ og framfor ending i:

a) Maskulin er-klasse (i eintal og fleirtal)

b) Sterkt femininum (i eintal og fleirtal)

**Mf2:** Trykk tung lang vokalisme i stammeutlyd vert forkorta når det rett etter kjem ei ending som byrjar på /t/ eller /d/; jamfør /ain brai:e beil:/ - /ait brait belte/ frå adjektivbøyinga og «å breia» frå verbbøyinga.

infinitiv	presens	preteritum	perfektum partisipp
/²brai:a/	/²brai:e/	/²braide/	/²brait/



**Mf3:** Den stemte alveolaren /d/ fyrst i ei ending vert ustemt /t/ rett etter ein stammeutlyd på /k, p, s, l/: <sup>2</sup>akte, <sup>2</sup>tapte, <sup>2</sup>mouste, <sup>2</sup>spelte/ i 2. kl. av linne verb.

**Sf1:** Initial /d/ går over til /r/ i trykklette pronomen etter ord med utlydande vokal: /ke reu treu:r/?

# 4 Teori

I dette teorikapittelet vil eg setja opp og drøfta ein del faktorar som eg meiner kan vera viktige for å forklara språkleg variasjon, og som deretter kan gje eit grunnlag til betre å forstå korleis individet handlar. Overgangane mellom dei ulike nivåa eg skisserer, vil vera flytande og må ikkje oppfattast som kategoriske skilje.

## 4.1 Makronivå

På makronivået vil ein kunna gje ei generell framstilling av ytre faktorar som fungerer som deskriptive kulisser for alle individa i landskapet.

### 4.1.1 Samfunnsstruktur

Det kan vera greitt å gå til sosiologien for å finna ein teoretisk modell som kan hjelpa oss til å beskriva og tolka det me registrerer. Termen modernitet vert brukt for å karakterisera utviklinga i den vestlege delen av verda etter dei store institusjonelle endringane av samfunnet på 1600- og 1700- talet då systematisk kapitalistisk produksjon overtok for primærnæringar. Modernitet kan på eit vis sjåast på som ein motsetnad til tradisjon og kan vera globaliserande. Det er ikkje slik at alt det tradisjonelle er borte, men også det tradisjonelle lyt sjåast i eit nytt lys og vert reflektert gjennom moderniteten. Sosiologen Anthony Giddens (1997) stiller opp tre dynamiske krefter som kjenneteikn på moderniteten:

- 1) lausriving av tid og rom
- 2) utleiringsmekanismer (eng: disembedding mechanisms)
- 3) institusjonell refleksivitet.

Tid og rom er ikkje lenger så tett knytte til kvarandre som i den førmoderne verda. Det er i dag t.d. lettare å møtast på ei bestemt tid utan at ein deler fysisk rom med kvarandre. Utleiring vil seia at dei sosiale relasjonane som kjenneteikna menneskeleg kontakt i tidlegare tider, er "løfta ut" (jf. Giddens 1997: 30) av lokale samhandlingsarenaer og vert erstatta med system som er uavhengige av tid og rom. Desse systema kan vera *symbolske teikn* som t.d. pengar eller *ekspertsystem* som t.d. datamaskinar, kommunikasjonsmiddel og vitskapsfolk. Institusjonell refleksivitet vil seia at ein heile tida oppjusterer og rekonstruerer verda ut frå ny kunnskap og innsikt, slik at det òg kan

underminera det som ein t.d. innafor sentrale naturvitskaplege område har sett på som sikker kunnskap.<sup>12</sup>

Me lever i ei tid då kulturelle dimensjonar i stor grad er globaliserte. Mykje av det som dei i tidlegare tider kalla folkekultur, er i vår tid erstatta av massekultur. Kjenneteikn på folkekulturen var mellom anna nærveret mellom dei som framførte noko og publikum, tovegskommunikasjonen og dermed høvet til medskaping. Med massekulturen kan ein nå ut til mange fleire samstundes trass i store fysiske avstandar. Samstundes misser ein nærveret og høvet til medskaping og dialog. Dei store media fjernsyn og film er gode døme på det.

Også på det sosiale planet opplever me ei globalisering. Det fysiske nærveret med andlet-til-andlet-relasjonar mellom folk som kjende kvarandre, er i stor grad erstatta med andletslause kontaktar og abstrakte system, t.d. via telefon og datakommunikasjon.

For at dei nye kommunikasjonssituasjonane og ekspertsystema skal vera liv laga, må me ha tillit til dei abstrakte systema. Trass i at dei færreste av oss har greie på korleis eit fly fungerer, torer dei fleste å reisa med det av di me har tillit til at teknologien, systemet bak, verkar. Mange nye arbeidsplassar i vår tid har vorte til for å fungera som ein bindelekk eller inngangsport mellom abstrakte system og nærkontakt. Dette forsøket på “gjeninnleiring” møter me ved at framande personar gjev systema eit menneskeleg andlet som skal gje auka tillit til systemet t.d. flypersonalet.

Mens ein i førmoderne tid hadde ein lokalisert tillit til staden og dei nære menneskelege relasjonane på denne staden, har me i dag i mykje større grad tillit til utleira eller abstrakte system som er uavhengige av den lokale staden og folka der.

Dette er ei framstilling av dei ulike aspekta Giddens trekkjer fram som kjenneteikn på det moderne europeiske samfunnet. Utan at eg har tenkt å ta nærare stilling til kor vidt dette er den rettaste måten å beskriva samfunnet på, er dette i alle fall ein måte å illustrera eller laga ei forståingsramme for den tida me lever i på. Eg vil no gå ned på mindre sosiale og kulturelle einingar i samfunnet.

#### **4.1.2 Region**

Region kan både definerast på eit overordna makronivå, og på eit meso- og mikronivå. På eit makronivå er region det same som ein *funksjonell region*. Denne forståinga av region vert brukt for å definera eit administrativt forvaltingsområde, dvs. for kommune eller fylke. Det kan vera politiske forhold, økonomiske forhold eller samferdsle som gjer det praktisk å operera med ulike regionar.

---

<sup>12</sup> Eksempla i avsnitta nedafor er dels mine egne, men byggjer på Giddens 1997: 26 – 32.

Slike *funksjonelle regionar* har som fellesnemnar at dei er danna av ytre krefter. I denne avhandlinga vil regionsomgrepet på makronivå berre bli brukt deskriptivt, dvs. om administrative einingar.

Den andre innfallsvinkelen til regionsomgrepet er å gå ned på eit eit meso- og mikronivå der samhandling mellom grupper og individ står i fokus. Når ein bruker regionsomgrepet på denne måten, vert det kalla *kulturell eller mental region* (jf. Fossåskaret 2000 og Pedersen 1999). På dette planet er det indre krefter som held regionen saman. Det er innbyggjarane sjølve som her på eit eller anna vis opplever ei samkjensle og tilhøyrslse med kvarandre, til dømes gjennom sams språk og historie. Denne opplevinga av ein *kulturell/mental region* er ikkje statisk og kan difor endra seg over tid. For å få tak i desse oppfatningane må ein spørja individa som bur på staden kva dei føler det er som knyter dei saman. Folk som bur på same staden, kan likevel ha svært ulik oppleving av samkjensle. Trass i dette er det truleg mogleg å oppdaga visse mønster som går utover individnivået.

Kvar innbyggjarane føler dei høyrer heime, og korleis dei opplever og synleggjer dette, vil vera eitt av temaa i samtalanane med informantane i det kvalitative djupintervjuet (jf. kap. 6.5).

#### 4.1.3 Lokalsamfunn

I *Nynorskordboka* (1994) står det at lokalsamfunn skil seg frå storsamfunn ved å vera eit mindre, einsarta samfunn som t.d. grend, nabolag eller bydel. Både nærmiljø, oppvekstmiljø, bumiljø og lokalsamfunn er omgrep som gjerne vert brukte om kvarandre, og som det er vanskeleg å gje klare og eintydige definisjonar av (jf. Bringslid og Jørgensen 1988: 11). Bringslid og Jørgensen seier at lokalsamfunn er eit nettverk av sosiale relasjonar og aktivitetar som held desse relasjonane ved like. Spørsmålet er om nabolaget i dag fungerer som eit pulserande nettverk, slik det gamle bondesamfunnet gjorde. Nærmiljø definerer dei slik: “Et menneskes aktiviteter bringer det i kontakt med ulike arenaer for samhandling. Disse ulike arenaene har spesielle fysiske, sosiale og kulturelle kjennetegn og relasjonen mellom disse arenaene kan sies å utgjøre menneskets livssammenheng eller nærmiljø.” (same verk: 11).

Eit viktig kjenneteikn på grenda er at ho har ein varig og nær fellesskap som gjeld eit avgrensa tal på menneske (jf. Fossåskaret 1976: 6 og 15). Slike fellesskapar krev tette og multiplekse nettverk.<sup>13</sup>

---

<sup>13</sup> Eit nettverk er tett dersom dei personane ein kjenner òg har stor kontakt seg imellom, medan det er multiplekst dersom personane har kontakt seg imellom på fleire område og på fleire måtar (jf. L. Milroy 1987: 20 – 21 og Sandøy 1996: 102).

Sosiologen og bygdeforskaren Reidar Almås hevdar at etterkrigstida har vore prega av at totalfelleskapen som tidlegare eksisterte mellom alle folk i ei bygd, har vorte erstatta av del-felleskapar som er inndelte i arbeidsfelleskap og fritidsaktivitetar (jf. Almås 1985: 164 – 171). Med einsformige byggjefelt for innflyttarar har ein til dømes fått sosiale endringar i form av periferi og sentrum i sjølve bygda eller bygdebyen. Det viser seg ofte at innflyttarar i slike samfunn har mindre kontakt med dei fastbuande enn folk frå lokalmiljøet har. Mange rurale kvalitetar vert såleis lett modifiserte av urbane trekk. Konsekvensen av dette er at ein skaper nye sosiale arenaer med nye spelereglar og aktørar. Bygda utviklar mellom anna nye sosiale møtestader (jf. Almås 1995: 170 – 171). Det som karakteriserer bygdebyen i motsetnad til drabantbyen, er at ein der berre utviklar eitt normativt sentrum for alle medlemene.

Det er ikkje sikkert bumiljøa i seg sjølv spelar så stor rolle for kontakten mellom folk. Stadene der folk samhandlar, kan derimot vera viktigare. Slike stader er arbeidsplassane, organisasjonar, handlesenter, barnehagar, skular og møtestader innafor det generelle kulturlivet. Ein stad som Bringslid og Jørgensen (1988: 59) kallar “lokal offentlegheit”, til dømes gatehjørne, kaféar, på tur og mellom husa i bustadfelt, kan òg spela ei avgjerande rolle i mindre lokalsamfunn. Dette er spelerom for det uformelle og spontane sosiale livet. På slike arenaer får deltakarane bearbeida si eiga forståing av seg sjølve som deltakarar i ein lokal fellesskap. Ein vert deltakar i ein lokal kultur og utviklar lokale normer, verdiar og perspektiv.

#### 4.1.4. Språksamfunn

Det eksisterer mange ulike definisjonar av termen ‘språksamfunn’ (på engelsk ‘speech community’) innafor sosiolingvistikken. Pia Quist (2003) tek føre seg dette omgrepet og ser på korleis det har endra innhald frå 1960-åra og fram til i dag. Ho viser korleis ‘språksamfunn’ har gått frå å vera eit omgrep hovudsakleg knytt til den lingvistiske fellesskapen (Bloomfield), vidare til ein kommunikativt avgrensa fellesskap (Gumperz), ein kompetansefellesskap (Hymes), ein normfellesskap (Labov), og til sist ein praksisfellesskap sentrert rundt aktivitetar (Eckert m.fl.) (jf. Quist 2003: 52 – 53). Trass i at eg i denne avhandlinga har valt å byggja på eit labovsk rammeverk med kvantitative analysar og sosiale kategoriar, vil eg ikkje automatisk adoptera den labovske definisjonen av språksamfunn om at alle som bur på ein stad, deler dei same språknormene. I staden for sjå på ein definisjon som meir rett enn ein annan, meiner eg, som Quist òg gjer, at det er kvar ein legg fokus som er avgjerande, t.d. om vekta ligg på systemet eller individet. Eg synest langt på veg at definisjonen til Hymes er dekkjande for mitt føremål, der han definerer det som (jf. Hymes 1977: 51) “[...] a community sharing knowledge of rules for the conduct and interpretation of speech. Such sharing comprises knowledge of at least one form of speech, and knowledge also of its

patterns of use. Both conditions are necessary”. Ein litt utvida definsjon av det same kjem Romaine (2000: 23) med:

A speech community is a group of people who do not necessarily share the same language, but share a set of norms and rules for the use of language. The boundaries between speech communities are essentially social rather than linguistic. This means that terms such as ‘language’ and ‘dialect’ are, from a linguistic point of view, non-technical notions because there is no objective way to determine when two varieties will be seen by their speakers as sufficiently similar to warrant calling them the ‘same’ language.

Sandøy (2003: 175) bruker termen normsamfunn applisert på språksamfunn: “Normdanninga er ein tolkingsprosess der somme data og somme personar påverkar meir enn andre. Det gjør òg at i normsamfunnet (= språksamfunnet) er somme sterke og andre føyelege.”

Akselberg, som har det empiriske datamaterialet sitt frå bygda Voss, bruker termen språksamfunn om eit mindre sosialt og geografisk avgrensa språkområde der språkbrukarane har mange andre felles verdiar og normer enn dei reint språklege (jf. Akselberg 1997a: 108). Sjølv kan eg støtta meg til alle desse definisjonane over, men leggja til at eg ser på det som språkbrukarane i eit språksamfunn skal ha felles, ikkje berre ligg på eit språkleg og sosialt plan, men òg på eit psykologisk plan. Dei treng ikkje nødvendigvis snakka det same språket eller tilhøyra den same sosiale gruppa, men dei må dela eit visst kjennskap til visse haldningar til det språket det er snakk om. Dei må i tillegg kunna plassera seg sjølve i høve til dette språket og kjenna til dei ulike varietetane av det.

#### **4.1.5. Sosiale kategoriar**

Arild Raaheim (2002: 19 – 20) viser til Underlid (1997: 14) og skil mellom sosiale kategoriar og sosiale grupper. Ei sosial gruppe er kjenneteikna ved at menneske samhandlar og deler noko, at dei arbeider mot eit sams mål. Ein sosial kategori er derimot samansett av menneske som uvitande er plasserte saman og som har ein del fellestrekk, t.d. yrke, alder og kjønn. Dette skiljet vil også eg nytta meg av. Eit slikt skilje mellom kategori og gruppe, vil i praksis likevel vera flytande. Trass i at eg har valt å sjå på det sosiale nettverket på mesonivå og som ei meir eller mindre sjølvdefinert gruppe, er det klart at ein del av dette nettverket vert ein også “fødd inn i” ut frå foreldrebakgrunn. Det sosiale nettverket har såleis ein del fellestrekk både med eit meso- og eit makronivå.

I denne avhandlinga vil eg sjå nærare på kategoriane kjønn og foreldrebakgrunn, fordi desse inndelingane ofte har vist interessante skilnader. I tillegg vil eg sjå på den sosiale bakgrunns-

variabelen klasstrinn, som kan vera relatert både til alder og miljø. Eg vil koma meir attende til desse kategoriane i metodekapittelet (jf. kap. 5).

## 4.2 Mikronivå – Individnivå

### 4.2.1 Innleiing

Haldningar eller innstillingar er viktige i kvardagslivet. Frå idretten veit me kor viktig det er for resultatet å ha den rette innstillinga til det ein skal gjera. Mental trening går mellom anna ut på å psyka seg opp slik at innstillinga er på topp. Dei same strategiane er overførbare til mentale situasjonar som t.d. ved ein eksamen eller i ein konferansesituasjon.

Det ser ut til å vera allmenn semje i faglitteraturen om at haldningar eller innstillingar ikkje er direkte observerbare, men at dei kjem til syne i sosiale samanhengar, og at dei er den kapitalen me ber med oss med evne til å reagere positivt eller negativt til ulike idear, objekt og verdiar. Me synleggjer kva haldningar me har, gjennom meiningane våre, oppfatningane våre, dei kjenslemessige reaksjonane våre og den viljen me har til å støtta eller motarbeida ei sak haldningane våre er knytte til. Haldningane kan me ha tileigna oss gjennom kunnskapar og røynsler, eller me kan ha fått dei meir eller mindre ureflektert overførte frå t.d. foreldre og vener. Det er store individuelle skilnader når det gjeld styrkegraden på haldningane våre, kor samansette dei er, og kor motstandsdyktige dei er mot endring. Haldningar er byggjesteinar i medvitet vårt og er ein viktig del av det grunnlaget me handlar ut frå. Dei fungerer som mentale kart eller personlege arkivsystem som skal skapa oversyn og orden over verda og gje oss personleg stabilitet (jf. Martinussen 1991: 317). Haldningane våre kan koma til syne gjennom det me gjer, åtferda vår, men dei kan òg vera løynde i tankane og kjenslene våre.

Baker (1992: 8) hevdar at ein del haldningsgranskingar har hatt ein tendens til å vera a-teortiske og ufullstendige, dvs. hatt liten referanse til haldningsteori og til endringar som har skjedd innafør dette feltet dei siste 60 år.<sup>14</sup>

I det fylgjande vil eg sjå meir på korleis ein kan definera haldningar, korleis dei er oppbygde, kva funksjonar dei har, og korleis dei vert danna. Målet er at dette skal vera utgangspunkt for gode metodar å utføra ulike språkhaldningsgranskingar etter.

---

<sup>14</sup> Sjå Baker (1992) som viser til Gardner (1985) og Baker (1988) for meir om dette.

### 4.2.2 Nokre definisjonar av haldningar

Sidan haldningar ikkje kan observerast, men er gøymde i tankane og kjenslene hjå folk, er det vanskeleg å bli samd om ein definisjon av dei. Baker (1992: 11) vel å definera haldningar ut frå arbeids-definisjonen til Ajzen (1988) og seier at ei haldning er ein disposisjon til å reagera fordelaktig eller ufordelaktig overfor eit objekt, ein person, ein institusjon eller ei hending.

Termen 'social attitude' vart introdusert av Thomas og Znaniecki alt i 1918 (jf. Stahlberg og Frey 1993). Eit synonym for ordet haldning er innstilling. I dette omgrepet ligg det nærast innebygt at haldningar er intensjonale. Nielsen og Raaheim (1997: 546 – 547) seier: "Med holdninger eller innstillinger (eng. attitudes) forstår man i sosialpsykologien tendensen til å reagere positivt eller negativt på visse typer av sosiale objekter." Språk kan vera eit slikt objekt.

Eagly & Chaiken understrekar den abstrakte karakteren haldningane våre har og seier (1993: 666):

Evaluation is the core of the attitude concept, when evaluation is understood in a general and abstract sense. Attitude is thus an abstract construct in people's knowledge structures and should not be equated with its less abstract manifestations in terms of particular beliefs, affects or behaviors.

Det er fleire oppfatningar av korleis haldningane våre er strukturerte i oss, og det finst modellar som byggjer på at dei er samansette både med éin og to komponentar (jf. Hogg og Vaughan 1995: 110). Dei fleste er likevel samde om at haldningane våre kan koma til syne på ulike måtar, og difor er det mange som meiner at dei er samansette av fleire komponentar som ikkje kan samlast i éi generell evaluering. Ei inndeling ut frå kjensle, åtferd og kunnskap går heilt attende til dei greske filosofane. Brukt i sosialpsykologiske arbeid kjenner ein til ei slik tredeling hjå Mc Dougall alt i 1908, men trekomponentmodellen spela ikkje noka sentral rolle innafor haldningsgranskingar før på 1960-talet då blant anna modellen til Rosenberg og Hovland vart laga (jf. Breckler 1997: 225). Haldningane vert etter denne teoretiske modellen delte inn etter desse tre komponentane: ein kognitiv (kunnskapsmessig) komponent, ein affektiv (emosjonell) komponent og ein konativ (åtferdsretta) komponent.

I sosialpsykologien blir "holdning" gjerne beskrevet som en *handlingsdisposisjon*, dvs. en underliggende tendens til å tenke (kognitiv komponent), føle (affektiv komponent) og handle (atferdsmessig komponent) på bestemte måter i gitte situasjoner. (Raaheim 2000: 89 – 90.)


Breckler har gjort ei empirisk undersøking som støttar ei inndeling i tre komponentar. Som svar på at dei tre komponentane ikkje alltid viser totalt samsvar, hevdar han at dei tre komponentane har



ulikt opphav, og at menneska er oppbygde av uavhengige og ulike subsystem (kognitivt, affektivt og konativt) som berre delvis overlappar kvarandre. Han konkluderer undersøkinga si på denne måten (jf. Breckler 1997: 241):

The results from Studies 1 and 2 indicated that affect, behavior and cognition are distinguishable components of attitude. Correlations among these three components were moderate, suggesting the practical importance of discriminating among them. Thus attitude researchers are advised either to measure each of the three components or to specify which of the three is of focal concern. To say a researcher is measuring “attitude” is ambiguous, because it does not specify which of the three components is being measured.

Modellen etter Rosenberg og Hovland (1960: 3) syner denne tredelte inndelinga av haldningar:



Figur 4.1: Den strukturelle inndelinga til trekomponentmodellen (etter Rosenberg og Hovland 1960: 3). (Den fyrste pila viser kva som utløyer haldningar, og dei andre pilene viser korleis haldningar er oppbygde og kan koma til uttrykk.)

Modellen til Rosenberg og Hovland viser med dei firkanta boksane (jf. figur 4.1) òg korleis ein reint metodisk kan gå fram for å skaffa seg data om haldningar. Alle dei tre komponentane kan målast på ulike måtar – både verbalt og ikkje-verbalt. Affekt er knytt til magekjensla, til kroppsspråket og utsegner om kjensler og stemningar. Den kognitive komponenten er knytt til kunnskap, tru og tankar ein har om objektet, medan den konative komponenten er knytt til synleg åtferd, intensjonar om handling både verbalt og ikkje-verbalt. Haldningar som kjem fram som kjensler i form av glede over eller uvilje til ei sak, er såleis hovudsakleg knytte til den kjenslemessige komponenten. Den rasjonelle måten å visa haldningar til ei sak på, og som er knytt til den kognitive komponenten, kjem best fram gjennom det me tenkjer og trur, meiningane og kunnskapane våre. Me kan òg synleggjera haldningane våre gjennom å gjera noko aktivt eller å visa vilje til å handla for eller mot ei sak, dvs. konativt.

Eagly og Chaiken er skeptiske til at det er mogleg å dela inn tre komponentar ut frå eit empirisk grunnlag, av di dei meiner det er lite sannsynleg at dei ulike responsane vil kunna skiljast frå kvarandre på den måten. Dei framheld likevel at enkelte haldningar kan vera tyngre vekta mot éin eller to av komponentane (jf. Eagly og Chaiken 1993: 666 – 667). Haldningar er trass alt eit omgrep med basis i sosialpsykologien, men det er eit mål at den teoretiske forståinga av dette omgrepet òg kan brukast på språk som haldningsobjekt, dvs. språkhaldningar.

Det er altså nokre som har metodiske innvendingar mot å operera med ei tredelt inndeling av haldningsomgrepet av di det i praksis har vist seg at det lett kan bli glidande overgangar mellom komponentane, og at det reint empirisk er vanskeleg å halda desse tre komponentane frå kvarandre (jf. Eagly & Chaiken 1993). Av di eg trur ein likevel får meir ut av å operera med eit tredelt haldningsomgrep enn med haldningar som eit samleomgrep, vil eg halda fast på den modellen. Berre ved å gjera eit metodisk skilje er det mogleg å sjå eventuelle indikasjonar på at det er ei tredeling i studieobjektet. Målet mitt er likevel ikkje å testa ut innverknadsprosenten til kvar av dei tre komponentane, men å prøva å samla inn data der hovudfokuset er knytt til ulike komponentar. Eg vil blant anna prøva å gjera delundersøkingar som t.d. lettare vil framkalla affektiv respons og dessutan samla inn både munnleg og skriftleg respons på haldningsobjektet mitt som er sogndaldialekten. Eg vil koma nærare attende til korleis eg vil bruka denne modellen (jf. kap. 4.4 og kap. 5, metode).

### 4.2.3 Haldningskomponentar

Eg vel å bruka Ajzen (jf. Ajzen 1988) si inndeling av haldningar i tre komponentar: konative, kognitive og affektive.

1) Ein kognitiv (kunnskapsmessig) komponent som går på det medvitne planet vårt, dvs. det me veit, meiner eller trur. I samband med språk kan ein t.d. testa kor mykje språkbrukaren veit og reflekterer om språk

2) Ein affektiv (evaluerande) komponent som har med graden av kjensler og ladninga på kjenslene våre å gjera, dvs. korleis me sympatiserer eller tek avstand frå noko, og i kor sterk grad dette kjem til uttrykk. Språkleg sett vil ein her kunna sjå korleis språkbrukaren vurderer talemålet, om det vert gjeve positive eller negative karakteristikkar.

3) Ein konativ (handlingsmessig) komponent som styrer handlingssida, dvs. korleis me reagerer og oppfører oss. Trass i at det heller enn sjølve handlinga meir er handlingsintensjonen som står i fokus, vil eg her sjå korleis folk seier dei vil handla og korleis dei handlar i praktiske situasjonar når det gjeld reaksjonar til andre sitt språk.

Mange (jf. t.d. Eagly og Chaiken 1993: 155 – 218 og Garrett, Coupland og Williams 2003: 7 – 9) meiner at det er eit visst slektskap mellom haldning og handling, sjølv om ikkje alle haldningar fører til handling. Det er ikkje uvanleg at éin eller fleire av komponentane viser eit visst samanfall, særleg dersom ein har ei veldig sterk positiv eller negativ haldning. Det er sannsynleg at endring av éin av komponentane vil påverka endring av ein annan komponent, men det er slett ikkje sikkert. Venås seier (1991: 244): “Jamvel om tankekomponenten får tilskot som skulle tilseia omlegging eller forandring av haldninga, kan kjensle- og handlingskomponentane halde haldninga ved det same. Ikkje minst gjer det seg gjeldande i haldningar til språk.” Endringar i den kognitive komponenten treng altså ikkje å føra til haldningsendring. Dette ser ein mange døme på i samfunnet. Sjølv om folk i dag er aldri så opplyste om kor farleg det er å røykja, fører det ikkje nødvendigvis til at færre byrjar. Me kan stilla spørsmålet slik: Ville fleire ha røykt i dag dersom me ikkje kjende farane med å røykja? Av dei tre haldningskomponentane er det truleg den affektive komponenten som har djupast røter i personlegdomen vår, og som såleis er mest motstandsdyktig mot endring.

Handlingane våre er dessutan ikkje berre styrte av haldningar, men òg av andre sosiale faktorar. Sosialpsykologen Mann seier det så sterkt som at: “Med mindre det er støttende faktorer i miljøet som styrker og opprettholder endring i holdning, er det ikke sannsynlig at den noen gang vil føre til at selve atferden endres” (Mann 1972: 192). Dette kan til dømes vera med å forklara at me snakkar ulikt i ulike språksituasjonar, eller at to personar med den same haldninga til morsmålet, vel ulike språkstrategiar. Det er likevel eit behov for å oppnå harmoni ved å halda på eller skapa eit mest mogleg samsvar mellom komponentane. Eitt av samsvarsprinsippa vert kalla Osgoods og Tannenbaum sitt kongruensprinsipp. Dette prinsippet går ut på at ein har overeinstemmande haldningar til to objekt som er nær i slekt med kvarandre (jf. Mann 1972: 207).

#### 4.2.4 Språkhaldningar

Når det gjeld haldningar til språk, seier Baker (1992: 9): “In the life of a language, attitudes to that language appear to be important in language restoration, preservation, decay or death.” Frå vårt eige land har me t.d. mange eksempel på at negative haldningar til nynorsk som skriftspråk, heller ikkje gjev dei beste resultat i dette språket. Kva innstilling folk har til språk, både talt og skrive, ser ut til å vera viktig for oppretthalding og bruk av dette språket.

Trudgill seier dette om språkhaldningar (1975b: 28): “Judgements which *appear* to be about language are in fact judgements based on social and cultural values, and have much more to do with the social structure of our community than with language.” Trudgill (1992: 44) definerer elles språkhaldningar slik:

”The attitudes which people have towards different **languages, dialects, accents**, and their speakers. Such attitudes may range from very favourable to very unfavourable, and may be manifested in subjective judgements about ‘correctness’, worth, and aesthetic qualities of varieties, as well as about the personal qualities of their speakers. Linguistics has shown that such attitudes have no linguistic basis. Sociolinguistics notes that such attitudes are social in origin, but that they may have important effects on language behaviour, being involved in **acts of identity**, and on linguistic change. Language attitudes is one of the most important topics in the **social psychology of language**.”

Trass i at språkhaldningar kan knytast til ein psykologisk prosess som skjer inni kvart enkelt individ, viser det at folk har ulike språkhaldningar, ofte interessante mønster i samfunnet. Broch (2001) gjorde ei kvalitativ gransking av språkhaldningane til fem ungdomar i Oslo. Ho seier fylgjande om kva verknad ho trur språkhaldningane har på det språklege uttrykket (Broch 2001: 19):

Holdninger man selv og andre har til ens eget språk, kan ha avgjørende innvirkning på hvordan man oppfatter seg selv og sin egen rolle i samfunnet. Det kan også gi grunnlag for bevisste og ubevisste inngrep i språket, for retting og hyperkorreksjon av språklige former.

Eg trur òg at haldningane til språket, både medvite og umedvite spelar inn på korleis folk snakkar sjølve, og det er nettopp dette eg vil studera nærare med denne avhandlninga.

#### 4.2.5 Personlegdomsfunksjonar

Haldningane varierer truleg i styrke frå person til person, men er til stades hjå alle menneske. Truleg spelar haldningane våre på ulike funksjonar i oss, noko som kan vera med å skapa forståing for at

me oppfører oss slik me gjer i ulike situasjonar. Katz (1960: 170 - 176) tok utgangspunkt i psykologiske behov då han delte haldningane inn i fire personlegdomsfunksjonar (nytte, kunnskap, ego-forsvarande og verdiekspressiv). Grupperinga av desse funksjonane vart gjord ut frå kvar dei hadde motivasjonsbasisen sin.

a) “The utilitarian, instrumental or adjustment function” (nytte/tilpassings-funksjonen)

Denne funksjonen er motivert ut frå at individet vil prøva å oppnå belønning og unngå straff frå omgjevnadene, dvs. maksimerer lønn og minimerer straff. Ein prøver med andre ord å ha haldningar som kjem ein sjølv til nytte. Denne funksjonen byggjer på noverande og tidlegare røynsle med det “objektet” individet skal ta stilling til.

Som individ er det naturleg at me tilpassar oss og vel dei haldningane som gjev sosial godkjenning og respekt hjå dei sosiale gruppene, familie og vener, som me ynskjer å identifisera oss med. Kor strenge eller opne rammene for kva individet kan gjera før det fører til belønning eller straff, vil variera frå gruppe til gruppe. Farstad (1996) har i hovudoppgåva si *En studie av språkholdninger og stereotype forestillinger om og blant sunnmøringer, romsdalinger og nordmøringer* overført desse personlegdomsfunksjonane som Katz opererer med til språkhaldningar. Ho seier om denne funksjonen at det vil vera rimeleg å tenkja seg at enkelte grupper vil vera meir opne og tolerante til fleire språklege variantar enn andre grupper. I tillegg er det truleg også avgjerande kor tett medlemene i gruppa er knytte til kvarandre, dvs. kvaliteten på det sosiale nettverket deira. Dersom ein ung språkbrukar opplever å få positive tilbakemeldingar på talespråket sitt frå folk som betyr noko for han, vil han truleg velja å snakka på den måten, medan ein i motsett fall gjerne lettare vil velja ein annan språkvariant. Når individet får nye behov eller treng nye måtar å bli tilfredsstilt på, kan haldningar som er knytte til denne funksjonen endra seg.

b) “The ego-defensive function” (ego-forsvarande funksjonen)

Utgangspunktet her er at individet bruker forsvarsmekanismar som neking og fortrenging for å forsvara seg mot indre og ytre trugsmål, dvs. ein funksjon som skal hjelpa ein til å takla angst, kjenslemessige konflikhtar og forsvara sjølvbiletet. Mykje av dette skjer truleg reint umedvite hjå individet. Me har behov for å halda oppe eit positivt sjølvbiletet, og av den grunn lagar me oss stundom rasjonaliseringar og unnskyldningar. I positiv lei kan denne funksjonen verka som motstandskraft mot destruktive krefter. Dersom me derimot ikkje kan innrømme for oss sjølve at me har store mindreverdiskjensler, kan me lett overføra desse ubehagelege kjenslene på ei passende minoritetsgruppe. På den måten kjem fordomanne våre til syne.

Denne ego-forsvarande funksjonen kan i like stor grad som han er knytt til fordomar til ulike folk og språkbrukarar, òg vera knytt til dei dialektane eller talemålsvariantane desse språkbrukarane

nyttar. “Matched guise”-teknikken,<sup>15</sup> der ein nettopp prøver å få fram fordømar hjå folk, har vist at vurderinga av språk og språkbrukar flyt over i kvarandre.

c) “The value-expressive function” (verdistrukturfunksjonen)

Til denne funksjonen knyter ein dei viktigaste verdiane hjå individet, dvs. verdiar som er viktige for sjølvforståinga vår. Her ligg altså den grunnleggjande verdiforankringa til individet. Verdiane kan vera knytte til ideologiske, patriotiske og religiøse overtydingar. Desse verdiane er i pakt med det “den indre stemma” seier er rett. Slike verdiar tileignar ein seg tidleg i barndomen gjennom identifisering med foreldre og andre sentrale personar i sosialiseringssprosessen. I tenåringssfasen vert spørsmålet om kven ein er, sentralt, og sjølv om mykje av grunnlaget alt er lagt, kan ein no etablera delar av sjølvet sitt på nytt når ein vert del av ei ny gruppe. Katz nemner fire faktorar for at internalisering med ei ny gruppe kan skje:

- 1) Verdiane i den nye gruppa må i stor grad vera i pakt med dei eksisterande sterke verdiane i personlegdomen.
- 2) Den nye gruppa må ha ein klar modell av korleis eit godt gruppemedlem skal vera.
- 3) Ein må bli teken på alvor og få brukt evnene sine i gruppa.
- 4) Ein må føla seg delaktig og få ein del av lønna for det arbeidet gruppa gjer.

Farstad (1996), som relaterer denne verdistrukturfunksjonen til språk, dreg parallellen om samsvar frå det indre verdivalet og til dei språkhaldningane ein let koma til uttrykk. Ho seier difor at dersom ein set stor pris på heimbygda si og til tradisjonane der, kan ein venta at ein vil synleggjera dette gjennom positive haldningar til det lokale talemålet. Eit individ som t.d. av di det har flytta mykje eller har foreldre frå andre stader, og difor gjerne har eit meir ope og tolerant forhold til fleire ulike kulturar, vil kanskje vera meir fordømsfri og sjå på det at det finst fleire ulike talemål på ein stad som ein rikdom og eit gode. Av den grunn er det gjerne heller ikkje så farleg for dette individet om det typiske eller tradisjonelle for heimbygda lever vidare.

Inkonsistens mellom dei ulike vurderingane kan føra til haldningsendring. Farstad skriv: “Å avdekke slike inkonsistente meninger i undersøkelsesobjektets holdningar, bør etter min mening være noe av det mest interessante en holdningsforsker kan drive med” (1996: 54).

d) “The knowledge function” (kunnskapsfunksjonen)

Menneska har eit basalt behov for å forstå og oppnå eit meningsfullt, stabilt og organisert syn på den verda me lever i. Me held på haldningar som gjev mening, medan me forkastar haldningar som fører til motseiingar og konflikt. Innsyn og kunnskap kan få noko til å verta meir meningsfullt og

---

<sup>15</sup> I ein “matched guise”-test er det den same personen som snakkar, og den same teksten som vert framført kvar gong. Det einaste som varierer, er språket/dialekten det vert sagt på.

verdt å ta vare på. Det er såleis rimeleg å tru at auka kunnskap om språket vårt, historia vår, eige lokalmiljø og talemål, kan føra til auka medvitsgjering i høve til språk og heimstad. Endringar i det ytre miljøet eller ny kunnskap *kan* føra til endringar av denne funksjonen.

Lykeltesen for funksjonsteoriane er at å endra ei haldning krev forståing av den motivasjonelle basisen. Poenget vert då å prøva å avdekka den kjernefunksjonen ei haldning har. Dette er ofte vanskeleg av di dei fleste haldningane truleg dekkjer fleire funksjonar.

På 60- og 70-talet var sosialpsykologane lite interesserte i desse haldningsfunksjonane. Katz vart blant anna kritisert for at han med desse funksjonane ikkje skapte nye hypotesar, og at han blanda fleire psykologiske teoriar utan å spesifisera vilkåra for når dei ulike funksjonane ville slå inn (jf. Herek 1986: 103). Både sjølv faktorane, men òg mangelen på klare metodar for operasjonisering av dei, førte såleis til lita empirisk og teoretisk utvikling av dei. Eg vil ikkje gå nærare inn på kritikken av Katz eller Herek sine psykologiske funksjonar,<sup>16</sup> for til mitt bruk, som hjå Farstad, er desse kategoriane greie nok.

#### 4.2.6 Samanheng mellom haldningar og åtferd

Innafor sosialpsykologien generelt har ein vore oppteken av å finna ut korleis haldningar og åtferd heng saman. Ein har opp gjennom tidene gjort ein del undersøkingar som har vist stor diskrepans mellom haldningar og åtferd.<sup>17</sup> Ein veit likevel at det er ei viss kopling mellom haldningar og åtferd, og det har vorte arbeidd med å finna ut meir om *når* og *korleis* det kan finnast ein slik samanheng. Eg refererer her Baron og Byrne (2000: 130 – 133) når eg ser på ein del faktorar som ein meiner er med på å gjera ei kopling mellom haldningar og åtferd meir eller mindre sannsynleg.

Framkallande eller bremsande faktorar for ei kopling mellom haldningar og åtferd kan liggja både i *situasjonen* og i *sjølv haldningane*. Korleis einskildindividet oppfører seg, er i stor grad styrt av ytre forventningar i det sosiale systemet, dvs. normative forventningar til åtferd. Desse forventningsnormene, som er lærte i sosialiseringprosessen, gjennom miljøet me er ein del av eller gjennom røynsler opp gjennom i livet, er delvis innebygde i individet, dvs. er internaliserte. Når ein kjem opp i enkeltsituasjonar, vurderer ein situasjonen både ut frå desse normene og kring kva

---

<sup>16</sup> Jf. Herek 1986: 99 – 114.

<sup>17</sup> Den mest refererte og kjende undersøkinga som viser lite samsvar mellom haldningar og åtferd, er undersøkinga til LaPiere i 1934. Saman med eit kinesisk ektepar reiste han rundt på veskysten i USA i ei tid då det var sterke anti-kinesiske kjensler hjå det amerikanske folket. Berre éin stad vart dei nekta innlosjering. På eit spørjeskjema La Piere i ettertid sende ut til alle stadene dei hadde vitja, svara likevel meir enn 90 prosent at dei ikkje ville innlosjera kinesiske gjester (La Piere 1934: 233, Chaiken & Eagly 1993: 158).



eventuell kostnad og nytte det har for ein sjølv å gje synleg uttrykk for haldningane sine. Situasjonen kan vera avgjerande for om me til dømes vil visa fram fordomane våre til ulike dialektar, og om me vel å snakka “breitt” eller å “knota”. Sterke normer fungerer som ei motkraft og kan gjera det svært vanskeleg for det einskilde individet å handla på tvers av desse.

Ein veit òg at haldningane i seg sjølve er avgjerande for om ein får eit samanfall med åtferd. Haldningar som baserer seg på noko sjølvopplevd, dvs. som er danna ut frå direkte røymsler, eller stør eigeninteressene våre, er sterkare og meir pålitelege til å føresjå åtferd enn haldningar ein har tileigna seg indirekte. Slike haldningar ligg meir latente og er såleis lettare å framkalla når me kjem opp i nye situasjonar. Ein som sjølv har vore med i ei bilulukke, vil til dømes truleg reagere sterkare og meir spontant i ein situasjon der bilulukke er tema, enn ein som berre har høyrte om bilulukker gjennom andre.

Også styrkegraden på haldningane våre er avgjerande for om me vil visa noka form for reaksjon ut frå dei. Mål på styrken er kor viktige og intense haldningane er for oss, dvs. kor djupt dei sit som ein del av verdisystemet vårt.

Dersom haldningane våre er dominerte av den kognitive (rasjonelle) komponenten, spelar òg kunnskapen vår om det fenomenet ein skal ta stilling til, inn. Dess meir me då veit om eit fenomen, dess sterkare vil det påverka åtferda vår i høve til dette fenomenet.

I forhold til åtferd har det òg vist seg å vera avgjerande at haldninga og åtferda er retta mot det same spesifiserte objektet. Det vil truleg difor visa seg å vera lite samsvar mellom haldningar og åtferd dersom haldninga til emnet er generell, men objektet innafor emnet er spesifikt. Ein person som t.d. gjev uttrykk for å ha ei positiv haldning til dialektar generelt, treng t.d. ikkje å vera positiv til sogndalsdialekten spesielt.

I tillegg til å finna ut *når* haldningar kan påverka åtferd, er ein interessert i å kunna seia noko meir om *korleis* dette skjer. Fishbein og Ajzen har sidan 1960-talet kome med fleire modellar og vore viktige bidragsytarar til å finna ut meir om denne koplinga.

Teorien om planlagd åtferd, “theory of planned behavior”<sup>18</sup> (jf. Ajzen 1988: 133), kan visa oss korleis koplinga mellom haldningar og åtferd skjer i situasjonar der ein har tid til å reflektera. Åtferda her er målorientert, og avgjersla om åtferd byggjer på ein rasjonell prosess. Handlingsintensjonen som til slutt vert utløyst i ei konkret åtferd, er avhengig av eit samspel mellom tre faktorar: Haldningar til åtferda, subjektiv norm og opplevd åtferdskontroll (jf. figur 4.2). Åtferda

---

<sup>18</sup> Denne teorien byggjer vidare på Fishbein og Ajzen sin “theory of reasoned action”, teorien om sannsynleg/fornuftig/rasjonell/gjennomtenkt åtferd, (jf. Fishbein og Ajzen 1980: 5 – 9). Den teorien var mykje lik teorien om planlagd åtferd, men hadde ikkje med den tredje faktoren: opplevd åtferdskontroll.




vert her ikkje berre bestemt av eigne haldningar til åtferda, men òg av slik me oppfattar normene til dei personane som betyr noko for oss. I faktoren subjektiv norm fangar me opp kva forventningar me trur viktige personar i nettverket vårt har. Den siste faktoren gjeld i kor stor grad me sjølve opplever at me meistrar eller kan kontrollera ei bestemt åtferd, dvs. kor lett eller vanskeleg det er å handla. Alle dei tre faktorane saman byggjer opp under intensjonen, noko som i siste instans kan føra til ei konkret åtferd.<sup>19</sup> Dersom ein til dømes har positive haldningar til dialektbruk, folk i det nære nettverket vårt er positive og forventar dialektbruk, og ein i tillegg instrumentelt sett meistrar å snakka dialekt, kan dette føra til ein sterk intensjon om å snakka dialekt, noko som med stort sannsyn òg vil visa att i praksis ved at ein vel å snakka dialekt. Éin av informantane frå materialet mitt har mor frå Sogndal, men snakkar austnorsk av di ho budde austafor til ho var fire år gamal. Sjølv om den subjektive norma til å snakka sogndøl og sjansane til å meistra sogndalsdialekten var gode på det tidspunktet ho flytta til Sogndal, var haldninga hennar til å snakka sogndøl negativ heilt fram til ho kom i 8.-klasse. Då hadde ho fått ei positiv innstilling og hadde eit sterkt ynske om å snakka sogndøl, men venene hennar lo når ho prøvde (synlege reaksjonar, som kan tolkast som ei negativ subjektiv norm), og ho følte heller ikkje at ho meistra det skikkeleg (opplevd åtferdskontroll) lenger.

Koplinga mellom kontroll og åtferd kan i somme tilfelle òg skje direkte utan å gå vegen om intensjon. Den stipla linja (jf. figur 4.2) som går direkte frå kontroll til åtferd, indikerer at meistringsaspektet i enkelte tilfelle kan vera så sterkt at denne faktoren aleine kan føra til åtferd. Då må den tredje faktoren heller kallast faktisk åtferdskontroll (jf. A. Raaheim 2002: 99 – 100) og ikkje opplevd åtferdskontroll.

---

<sup>19</sup> Vedrørande forholdet mellom komponentane kan eg bla. visa til Grube og Morgan (1990: 329 – 339). Dei gjorde ein studie av nærare 3000 studentar i Dublin der dei målte forholdet mellom haldningsvariabelen og den subjektive normvariabelen når det galdt desse ungdomane si åtferd i høve til røyking, drikking og narkotika. Dei såg at sjansane for åtferd (her: bruk) var klart størst når det både var positive haldningar frå ungdomane sjølve, og det var positiv støtte i den subjektive norma.



Figur 4.2: Korleis teorien om planlagd åtfærd er oppbygd (etter Ajzen 1988: 133). (Pilene viser retninga på faktorane.)

Baron og Byrne (2000: 130 – 133) refererer fleire teoriar som sosialpsykologar har kome fram til når det gjeld koplinga mellom haldningar og åtfærd. I somme situasjonar har ikkje individet tid til å reflektera lenge før det handlar, men likevel kan ein seia at den synlege åtfærd har skjedd ut frå haldningane. Teorien som vert kalla “attitude-to-behavior process model”, går ut på at ein situasjon meir eller mindre automatisk framkallar ei haldning i oss som ein gong har vore aktivert. Samstundes koplar kunnskapen vår om sosiale normer seg inn og fortel oss kva som er høveleg å gjera i ein slik situasjon. Den spontane reaksjonen vår byggjer altså både på ei tidlegare haldning og på lagra informasjon om korleis me plar å oppføra oss i liknande situasjonar.

Av og til verkar det som om åtfærdar vår ikkje er rasjonell, dvs. me handlar på tvers av betre vitande. Ein kan då til dømes forklara det med at den affektive komponenten veg tyngst i avgjersla, eller ein kan forklara det med at åtfærdar skjer av di det har vore ein kamp mellom haldningar til ulike sider av åtfærdar. Det som har avgjort denne kampen, er blant anna motivasjonen vår til kvar av desse konkurrerande sidene.

Alt i alt ser det ut til at haldningar spelar ei avgjerande rolle for korleis me oppfører oss. Språkhandlingar kan likevel ikkje forklarast ut frå haldningar aleine. Andre faktorar som kan utløysa åtfærd, men som modellane eg har skissert, ikkje har kontroll over, er åtfærd me gjer ut frå

plikt, vane eller identitet. For at ein skal kunna måla effekten haldningane har på åtferd, lyt ein prøva å ha størst mogleg kontroll med andre faktorar. Ved å gjera målingar av haldningar og åtferd på fleire ulike måtar, bruka ulike metodar, meiner eg ein best råd kan sikra at ein klarer å fanga inn kva haldningar folk har, og såleis styrkja sannsynet for at ein vil sjå ei kopling mellom haldningar og åtferd. I denne avhandlinga vil eg operasjonalisera trekomponentmodellen gjennom ulike innsamlingsmetodar og testa ut modellen til Ajzen på tre utplukka informantar.

### 4.3 Mesonivå – samanbinding av individ og gruppe

Sosiale grupper er ikkje objektive kategoriar. Dei er einingar av medlemmer som på eit eller anna vis føler eit visst psykologisk fellesskap med kvarandre (jf. kap. 4.1.5). Desse gruppene vil eg knyta til mesoplanet. Gruppene her er med andre ord danna ut frå at mange individ knyter seg til kvarandre ved å dela visse eigenskapar, dvs. sjølvkategoriseringar (jf. Hogg og Abrams 1988). Såleis kan òg det som i utgangspunktet berre treng vera ein sosiale kategori, òg bli ei sosial gruppe (jf. kap. 4.1.5). Eg vil koma attende til meir om dette i kapitlet om identitet (jf. kap. 4.4).

I mitt prosjekt, der eg vil studera språkhaldningane til ungdomar i bygdebyen Sogndal, vil også mesonivået med dei sosiale nettverka til ungdomane vera relevant å dra inn når ein skal finna ut kven som fungerer som viktige relasjonar i sosialiseringssprosessen til dei einskilte individa i denne alderen. Frønes (1998: 211) seier at pubertetstida er ein fase der det skjer ei omfattande vidareutvikling av dei sosiale evnene. Om kjenneteikn på denne ungdomsfasen seier han elles (1998: 211):

Mens bestevennfasen legger basis for vennskapet, åpner puberteten for en forståelse av det komplekse sosiale spill, for nye perspektiv og erfaringer, og for en videre utdyping av sosiale forhold langs følelsesmessige og psykologiske dimensjoner. I alle teorier om puberteten representerer den en ny vekt på følelsesmessig søking, intimitet og virkelige forhold, på dybde og nærhet.

Truleg er såleis det sosiale nettverket ei svært viktig påverknadskjelde i ungdomsalderen og difor nyttig å få kjennskap til.

### 4.3.1 Haldningsdanning

Haldningar ser ut til å vera viktige for korleis folk handlar og reagerer, og dei har viktige sosialpsykologiske funksjonar (jf. kap. 4.2.2 – 4.2.5). Det er òg interessant å vita korleis språkhaldningar oppstår, og kven som er med på å danna dei.

Det har vore gjort talemåleksperiment blant ungar både i England og i Canada som syner at ungene har gjort seg opp klare oppfatningar til standard-engelsk/ikkje-standard-engelsk og fransk/engelsk alt i 3 – 6 års-alderen.

Day (1982: 116) hevdar at språkhaldningar finst hjå born heilt ned i 3 ½- års alderen ved at desse haldningane vert ein integrert del av den kommunikative kompetansen. Både barnehage og skule er viktige arenaer i den haldningsskapande prosessen, for dei haldningane førskulelærarar og lærarar har og formidlar til språk, kan lett takast opp av borna.

Det er vanlegvis foreldra som fungerer som dei fyrste språklege modellane for borna. Det å læra eit talespråk er òg kulturbestemt. I tillegg til å formidla dei språklege strukturane formidlar foreldra òg haldningar til kva som er akseptabelt, og til kva som ikkje er akseptabelt å seia gjennom såkalla operative normer. Sandøy (2001: 33) seier:

Eit språk og eit språksamfunn føreset normer. Kva er så operative normer? Det er ikkje-skrivne normer som fungerer gjennom praksis innafor eit språksamfunn. Alle dialektsamfunn har normer for kva som er rett dialekttale. Desse normene lærer språkbrukarane ved at dei på ubevisst måte oppdagar og internaliserer det dei reknar som dei kollektive forventningane om rett språkbruk i samfunnet sitt. På den måten går dei sjølve også inn i kollektivet. Dette er naturleg språklæring i samfunnet.

Språklæring og haldningsdanning er med andre ord ein naturleg del av sosialiseringprosessen. Frønes drøftar (1998) sosialisering. Han definerer sosialisering slik (1998: 20): “Med *sosialisering* menes den prosess som former barn til både unike individer og medlemmer av et bestemt samfunn og kultur. Sosialisering dreier seg om både *samfunnsmessiggjøring* og *individuell danning*.” Det vert såleis viktig å vita noko om dei kulturelle og sosiologiske tilhøva i det samfunnet ein vil undersøkje samstundes som ein får kjennskap til dei konkrete situasjonane for dei individa ein tek føre seg. Eit individ vil som regel bera med seg ein del trekk meir eller mindre ureflektert frå den kulturen det er vakse opp i, dvs. at ein vert forma av omgjevnadene rundt seg. Dette kallast internalisering. I denne samanhengen er påverknaden frå primærgruppa med foreldre i spissen interessant. Foreldrebakgrunn og den kulturen og det kultursynet foreldra ber på, er truleg svært avgjerande for kva syn borna får. Som Frønes seier (1998: 37): “Man lærer en masse implisitt via sosiale forhold, kultur overføres via det skjulte meningsinnhold som følger med alt vi gjør.”

Vener vert i ungdomstida truleg meir og meir viktige for haldningane våre, medan den påverknaden som foreldra har hatt tidlegare i livet vert svakare. Likevel ber me meir eller mindre umedvite med oss foreldra sine haldningar også vidare i livet. Ungdomane held mykje saman i fritida, og i desse ungdomsmiljøa formar dei sine eigne haldningar, normer og kodar. Frønes (1998: 48) seier: “Det er i ungdomstiden, sammen med andre på samme alder, at vi utvikler de holdninger som vil prege oss resten av livet.” Intellektuell modning fører til at individa, om enn i ulik grad, etter kvart utviklar eigne tankar og oppfatningar, dvs. det som kallast eksternalisering.

Abstraksjonsnivået vert utvikla med aukande alder. Den kanskje mest brukte teorien om korleis tenkinga hjå born endrar seg frå fødsel til vaksen alder, er Piaget sin teori om kognitiv utvikling. I fylgje denne teorien skjer den intellektuelle utviklinga i ulike stadium. Evna til abstrakt tenking og å tenkja som ein vaksen, vert forma i det ein kallar den formal-operasjonelle perioden, og ein reknar med at den startar i 11 – 12-års alderen. Likevel er det ikkje uvanleg at denne modningsprosessen skjer i ulikt tempo. “En lang række undersøgelser med børn viser, at der kan være op til 4 – 5 års aldersvariation med hensyn til på hvilket tidspunkt et barn når en bestemt trin i utviklingen” (jf. Halse 1987: 98). Evna til kritisk vurdering vert utvikla i denne perioden, og Imsen (1984: 177) seier:

Den unge kan nå utlede praktiske konsekvenser av generelle ideer og jamføre disse med det virkelige livet. Dette kan føre til at mangt i hverdagen blir gjort til gjenstand for vurdering. Den kritiske, opposisjonelle holdningen vi ofte møter hos unge tenåringer kan derfor forstås som et utslag av formal-operasjonell tenkning.

Det at individa reflekterer sjølve og ikkje godtek alle verdiar og normer, er òg ein viktig del av sosialiseringprosessen, og ein del av det å bli sjølvstendige individ. Det språksamfunnet dei unge veks opp i, kan vera svært samansett. I dag er det samla sett truleg fleire norske og utanlandske innflyttarar både i by og bygd enn det var då foreldregenerasjonen voks opp. Det er også meir vanleg at mor og far kjem frå ulike stader og har ulike talemål. Dei unge kan av den grunn ha direkte kontakt med fleire folk som snakkar eit anna talemål enn den tradisjonelle bygdedialekten enn det foreldra deira hadde. Elles har dei unge òg kjennskap til fleire medium enn foreldra sine: mobiltelefon, chatting og e-post, musikkvideoar, fleire TV-kanalar o.l. fører til at dei har eit stort kommunikasjonsnettverk som potensielle påverknadskjelder på dialektane deira og på haldningane deira til dialekt. Ungdomen i dag har såleis gjerne eit større språkleg repertoar både aktivt og passivt enn foreldregenerasjonen.

Kort oppsummert kan ein seia at ulike kulturelle røter og verdiar som ein ber med seg frå sosialiseringprosessen, gjer at ein har med seg forskjellige internaliserte språkhaldningar. I tillegg

er det å få vita korleis språkbrukarane oppfattar og vurderer sitt eige og andre sitt språk, eksternaliserte haldningar, viktig for å skjønna meir av kva som skjer når språket utviklar og endrar seg. Det kan t.d. vera interessant å finna ut om innstillinga til born av innflyttarar er annleis i høve til det lokale talemålet på ein stad enn hjå born av innfødde foreldre. Dette er òg noko av det eg vil sjå nærare på i denne avhandlinga (jf. kap. 6.3.9.2 og 7.1.1).

### 4.3.2 Stereotypiar og verdidomar

I tråd med Katz (jf. kap. 4.2.5) kan forenklingar av røyndomen vera knytte til ein ego-defensiv funksjon i oss. Stereotypi er i dag ein velbrukt term innafor sosialpsykologien, men omgrepet skal vera danna alt i 1922 av den amerikanske journalisten Walter Lippman i boka *Public Opinion* og brukt i tydinga bilete som me lagar inni hovuda våre av folk i sosiale grupper rundt oss (jf. Stangor 2000: 6). Ved hjelp av fysiske karakteristikkar kan ein lett gjera kategoriseringar ut frå alder, kjønn og rase. Med denne kategoriseringa fylgjer òg visse tankar og kjensler for den kategorien me har plassert individet i, dvs. kategorien gjev oss visse assosiasjonar av eigenskapar som me også tillegg dei personane me plasserer i dei ulike kategoriane. Dette er stereotypering. Ei stereotypering er med andre ord at ein kategoriserer og oppfattar eit individ som medlem av ein sosial kategori ut frå enkle inndelingar. Sjølv om stereotypiar er overgeneraliserte og overdrivne, byggjer dei gjerne på noko sanning, og dei kan karakteriserast som eit sett med haldningar mange deler. Dersom haldningane våre er prega av at me har sterke positive eller negative kjensler (sympati eller antipati) som botnar i mangelfull kunnskap, kallast det fordomar (jf. Aschehoug og Gyldendals *Store norske leksikon* 1989 band 5: 234). I tillegg til stereotypiar som involverer tankar og tru, har fordomar difor òg ein kjenslemessig komponent. Sosial kategorisering er såleis utgangspunktet for både stereotypiar og fordomar (jf. Stangor 2000: 17). For å unngå den negative konnotasjonen som fordomar har fått i dagleglivet, vel eg vidare å kalla fordomar for verdidomar.

Stereotypering av folk er umogleg å unngå då dette skjer umedvite og meir eller mindre automatisk og spontant i oss spesielt i den fyrste fasen når ein treffer eller høyrer nye personar. I neste fase kan det skje ei subtypering, dvs. at me t.d. slår saman to kategoriar, eller ei personalisering av individet ved å tillegga personen personlege eigenskapar. Det er fleire grunnar til at me gjer slike enkle kategoriseringar/generaliseringar.

Reint kognitivt er denne inndelinga ein tidssparande måte å forenkla, klassifisera og skapa orden i verda på. Det praktiske med denne mentale forenklingsprosessen er at me slepp å vurdere alle som komplett ukjende. Problemet er berre at ein del av dei karakteristikane me knyter saman, berre er lausleg knytte til kvarandre, slik at mange folk kan ha éin karakteristik, men ikkje nødvendigvis dei andre.

Ei anna interessant side ved stereotypering er at dette vert utvikla svært tidleg (jf. Stangor 2000: 139). Ein 4 – 5 åring vil alt ha tileigna seg mange stereotypiar som er vanlege i kulturen rundt han. Utviklinga av stereotypiar er med andre ord noko som vert framkalla i den tidlege sosialiseringssprosessen og lært gjennom dei viktigaste personane i livet vårt. I tillegg til å utvikla stereotypiar og verdidomar gjennom det me høyrer og oppfattar rundt oss frå familie og vener, kan òg direkte røynsler med medlemmer av stereotypi-kategoriar vera ein måte å utvikla det på.

Stereotypering kan òg forklarast ut frå motivasjonsbaserte teoriar om at menneska har ulike sosiale motiv for slike klassifiseringar (jf. Nygårdsvik 2001). Trass i at det vert overflåtisk, gjev stereotypering òg ein viss informasjon, og det er ein måte å klassifisera inngrupper og utgrupper på. Vanlegvis favoriserer folk den gruppa dei sjølve føler dei høyrer heime i, dvs. inngruppa, framfor utgruppa. Truleg heng dette nøye saman med ei kjensle av identifikasjon med inngruppa. Stereotypering gjev dessutan individet oppleving av å ha sosial kontroll ved at det veit korleis det skal te seg i ulike samanhengar. Stereotypiar som mange deler, er sosiale. Sosiale stereotypiar fungerer på ein måte som gjer at ein opplever ei felles forståing av verda med andre.

Fleire undersøkingar har vist at språklege uttrykk både i talt- og skriftleg form har blitt objekt for slike sosiale stereotyperingar:

I ei undersøking Kramarae gjorde blant college-studentar i USA, skulle studentane vurdere ein del utsegner knytte til kjønn. Utan at dei fekk vita det på førehand, var dette utsegner frå teikneserietekstar. Studentane viste her klare stereotype haldningar til kvinnespråk og mannspråk. Kvinnene sitt språk vart karakterisert som mjukt, emosjonelt, utflytande, forvirra og ordrikt (dumme talarar) medan mannspråket vart karakterisert som logisk, konsist og brukt i viktige samanhengar. Desse evalueringane vart i dei fleste tilfella delte både av kvinner og menn (jf. Kramarae 1982: 91).

Roy Johansen (1998) gjorde i hovudoppgåva si ei undersøking av haldningar til talemålsnære- og konservative- bokmålsformer hjå ungdomskuleelevar i Øyestad kommune i Aust-Agder fylke. Ut frå ein oppdikta tekst skriven på dei to bokmålsvariantane skulle elevane karakterisera personane som skulle ha skriva desse variantane av teksten. Dei skulle visa dette ved å setja kryss i ei av to ruter, som gjekk på positive eller negative verdiar, t.d. hjelpsam eller ikkje hjelpsam. Det viste seg då at det talemålsnære bokmålet vart svært negativt karakterisert, dvs. at personen bak vart tillagt låg sosial status. Dei karakteriserte personen som ein mann utan høgare utdanning, ikkje særleg rik, gamaldags, gamal, bondsk, som ikkje var så nøyen med kledda, og som ikkje var beundra. Likevel såg dei på personen som snill (dumsnill) og ærleg. Bak den konservative skriftforma såg dei same elevane føre seg ein person med høg sosial status. Personen vart karakterisert med å ha høgare utdanning, fin jobb, bu fint, vera korrekt og klok, pent kledd, ung, moderne og snill. Fleire gav likevel uttrykk for å ha negative haldningar til det å vera vellukka og



det å ha høg sosial status. Elevane var ikkje samde om denne personen var ein mann eller ei kvinne. Av materialet til Johansen kom det fram at elevane sjølve i stor grad hadde samstemte negative verdidomar om det å skriva talemålsnært bokmål. Sjølve valde dei hovudsakleg den konservative varianten når dei skreiv. Johansen meiner å forstå dette ut frå at slike verdidomar (fordomar) er så godt etablerte blant dei, og at dei er i ein alder der dei gjerne har for lita sjølvkjensle og tru på seg sjølve til å tora å skilja seg ut og risikera å bli oppfatta som ein person med negative sosiale eigenskapar (jf. Johansen 1998: 114).

Andre undersøkingar viser at dei haldningane folk har til ein bestemt dialekt, òg gjeld dei haldningane dei har til statusen og prestisjen til brukarane av denne dialekten (jf. Edwards 1982: 21 og Venås 1991: 247). Vurderingane byggjer difor minst like mykje på dei som bruker språket som på språket i seg sjølv. Talemålet til dei med sosial status, har ofte prestisje og vert sett på som “mest korrekt” og som eit ”maktspråk” sjølv om det reint lingvistisk ikkje er noko grunnlag for å seia at noko språk, nokon språkvariantar eller språkformer er meir perfekte enn andre.

Vurdering av språk og språkbrukar kan gå begge vegar. Dersom ein til dømes vurderer ei gruppe som lite attraktiv, vil ein truleg heller ikkje synast noko om talemålet til denne gruppa. Dialektane rundt Mjøsa og i Østfold har i samanlikning med vestkantmål i Oslo blitt sedde på som lågstatusmål. Likeins har ein gjerne vurdert og framstilt brukarane av desse dialektane som litt dumme. Det er ikkje urimeleg å tenkja seg at folk vil ha tilsvarande haldningar til bygdedialekten som dei har til innbyggjarane der.

Folk bruker andre sitt språk (språkformer) som ein lykel til ikkje-lingvistisk informasjon om dei, dvs. til å plassera språkbrukaren sosialt. Språkformene kan t.d. fortelja om du er ung eller gamal eller om personlegdomstrekk som t.d. kor tøff eller intelligent du er. Dersom språktrekk a er typisk assosiert med personlegdomstrekk A, vil me venta A når me høyrer a og omvendt. Dette er sosiale stereotypiar, slik dei kan syna seg i praksis.

Ein kan undra seg over korleis stereotypiar får utvikla seg og verta så sterke og allmenne i eit samfunn. For dei som sit på toppen av samfunnshierarkiet, er det å halda på dei rådande stereotypiane ein måte å oppretthalda makt og prestisje på. Gjennom sterk sosial og økonomisk innflyting i samfunnet klarer dei å halda desse posisjonane sine. Dei marknadsfører seg gjennom massemedia og reklame som såleis berre forsterkar dei språklege stereotypiane som finst i samfunnet. Media formidlar ofte nasjonale dialektstereotypiar. Ikkje sjeldan vert dialekt der brukt i ein underhaldande samanheng.

I Sogndal er eg interessert i finna ut om ungdomane har stereotype oppfatningar til ulike varietetar av dialekten eller til brukarane av desse varietetane.



### 4.3.3 Sosiale normer

Figur 4.2 med kategorien subjektiv norm viser at det abstrakte omgrepet norm ser ut til å spela ei viktig rolle for korleis folk oppfører seg, og det bør difor drøftast litt nærare. Sandøy (2003: 172) seier at “Normene er ei tru hos individet om kva som er forventa åtferd i kollektivet”. Brunstad spør (2000: 118) kor felles ei språknorm må vera for å kunna kallast intersubjektiv. Intersubjektiv viser altså til at det er ei kollektiv forståing for kva som er gangbar språkbruk, og kva som er uakseptabelt å seia. Desse normene er situasjonsavhengige. På den måten kan det i det same språksamfunnet veksla mellom mange alternative normer.

I samband med talespråk er det spesielt dei tause eller operative normene som er interessante. Sandøy (2003: 173 – 175) set opp fem ytre faktorar som ligg i botnen for sjølv normdanningsprosessen. Den fyrste faktoren går på førestellingar om kva som er vanleg. Ein registrerer truleg helst ord eller språkformer som oftast fungerer. For det andre er dei reaksjonane ein observerer hjå andre, viktige data for korleis ein vel å handla. Negative reaksjonar, som ein gjerne vil unngå, kallast sanksjonar. Ideologiar om språk er ein tredje faktor, dvs. at folk rundt oss ved hjelp av kroppsspråket formidlar utbreidde stereotypiar om kva som er greitt, pent osv. For det fjerde har truleg dei personane som betyr mest for oss, større innverknad enn andre. Såleis spelar statusen og rolla til dei som ein lagar seg forventningar til, inn. Den siste faktoren Sandøy kjem inn på, er situasjon, dvs. at enkelte situasjonar er viktigare for oss og sjølvbiletet vårt enn andre. Sandøy (2003: 175) oppsummerer normdanningsprosessen med denne setninga: “Normdanninga er ein tolkingsprosess der somme data og somme personar påverkar meir enn andre.” Det er ut frå dette sannsynleg å tenkja seg at dei som fungerer som dei viktigaste normagentane på talespråket vårt, er foreldre, vener, jamaldringar, lærarar og kanskje til ein viss grad media.

### 4.3.4 Identitet

Sjølv ordet identitet kjem av det latinske ordet “idem” og tyder “det same” eller “den same”. Identitet er eit omgrep som det er vanskeleg å definera, og som kan sjåast frå ulike synsvinklar. Kompleksiteten i identitetsomgrepet syner att i alle dei ulike innhaldsdefinisjonane dette ordet har fått (jf. Madsen 1988: 39 – 53).

Psykologane Freud, Erikson, Mead, Laing og Lacan er alle samde om at identitetsdanning fyrst og fremst er ein sosial prosess. Mange meiner at identitet både er noko fast, har ein kjerne, og er noko flytande som er styrt av ytre faktorar. Korleis identiteten vert påverka og endrar seg gjennom ulike fasar av livet, prøver ein å forklara med ulike modellar. Den danske filosofen Hans

Fink nyttar ein elvemetafor for å visualisera identitet.<sup>20</sup> Elvebotnen vert her samanlikna med kjernen til individet, det essensielle, medan vassmassane er bilete på ytre omgjevnader som verkar på og sliper kjernen og dermed representerer konstruktivismen. I denne metaforen vert kjernen til individet mest som ein passiv klump som let seg påverka av det som er rundt.

Fink presenterer i artikkelen *Identiteters identitet* (1991) eit allment filosofisk identitetsomgrep. Her skil han mellom tre former for identitet: Numerisk, Generisk og Kvalitativ. Desse tre er, seier han, uløyseleg samanvovne i ei spenstig treeining av di dei føreset kvarandre. Likevel har komponentane i eit slikt samla identitetsomgrep ulikt innhald. Den numeriske identiteten er den essensielle og umistelege delen av identiteten vår. Det er den som gjer kvar einskild av oss til unike eksemplar av arten menneske. På eit vis kan ein sjå på det som fingeravtrykket vårt. Den generiske identiteten har med ulike typar eller kategoriar å gjera. Desse kategoriane kan skiftast ut og endrast. Slike kategoriar kan til dømes vera alder og kjønnsidentitet. Dei åtferdsforventningane som er knytte til dei generiske identitetane, vert kalla roller. Den kvalitative identiteten vår gjeld likskap på tvers av kategoriar t.d. sams eigenskapar som å vera like sta eller snill som nokon annan.

Identitetsdanninga er noko som skjer inni individet. Dette noko er likevel også knytt til noko utafør ein sjølv, til omverda og andre menneske. Under eit punkt ho kallar “Identitetens sociale aspekt” deler Benedicte Madsen (1988: 44 – 45) identitet inn i dei tre nivåa: *sosiale relasjonar*, som går på korleis individet speglar oppfatninga av seg sjølv ut frå andre sine reaksjonar, *sosiale forventningar*, som gjeld korleis individet generelt sett vert klassifisert og gitt spesielle eigenskapar, og til sist *sosial forankring*, som går på om individet deler ein del verdiar med andre, t.d. menneskesyn, kultur og språk. Som ein metafor på kor viktig identitet er for individet, seier ho at identitet er ryggrada i psyken (jf. Madsen 1988: 53).

Identitet er eit psykologisk omgrep. Identitetsskaping er ein dynamisk prosess mellom utomverda og ein sjølv. Interesse for identitetsomgrepet i sosiolingvistikken knyter seg til spørsmålet om det er noko samsvar mellom den ein *er* og det ein *gjer*, og då ‘gjer’ med referanse til språkleg uttrykksform (jf. Mæhlum 1992: 11). Før eg kjem så langt som til å utforska denne samanhengen, vil eg prøva å laga meg ein forenkla modell på korleis eg vel å sjå på identitetsomgrepet:

---

<sup>20</sup> Denne utsegna byggjer på ein forklaringsmodell Hans Fink presenterte på seminaret “Identitet-mellom individualitet og fellesskap” på Lysebu i Oslo 12. – 14. november 1999.

<b>Mikronivå (Personleg)</b>	<b>Makro- og mesonivå (Sosial)</b>
-Personlege eigenskapar	-Kategoriar og roller
-Subjektiv oppfatning	-Sosial fellesskap
-Objektiv oppfatning	-Symbolsk innhald
	-Tradisjonar og verdiar i lokalsamfunnet

Tabell 4.1: Ein forenkla modell for korleis ein kan tenkja seg identitetsomgrepet.

Tankegangen i denne oppstillinga er å finna ein modell der både det som er sams, og det som er ulikt mellom individa, vert framstilt.

I den personlege boksen er den delen av identiteten som er unik for kvar einskild, og som fungerer som eit kjenneteikn på personen som person, t.d. sjenert, høfleg og hjelpsam. Dette vil i så fall svara til den personlege kjernen i Fink sin tankegang. Den personlege boksen er òg delt mellom ei subjektiv oppfatning, dvs. eins eigne forventningar og oppfatningar av seg sjølv, og ei objektiv oppfatning, som er slik ein trur andre ser ein, dvs. ei spegling av seg sjølv gjennom andre.

Når ein kjem til den sosiale boksen, ser ein ut frå kategoriar og roller som knyter eit individ til ei større gruppe av individ. Desse individa har fellestrekk som gjer at dei kjem i opposisjon til og markerer ei symbolsk grense til andre grupper, t.d. sams kjønn, alder, språk og heimstad alt etter kva som har fokus. Korleis individet kjenner seg knytt til dei tradisjonane, verdiane, og symbola som ligg nedfelt i lokalsamfunnet, verkar òg inn.

Dei ulike identitetskomponentane er der om dei ikkje alltid vil vera like sterke eller synlege. Hogg og Abrams (1990: 4) seier: “When social identity is salient, one acts *as a group member*, whereas, when personal identity is salient, one does not.” Det å høyra til ei gruppe er innebygd i individet. Individet som sosialt vesen, er eit gruppedyr. Det er likevel opp til den einskilde å få bestemma kva gruppe(r) det vil høyra til.

Når me samhandlar med andre menneske, gjer me det ofte som representantar for ein eller annan sosial kategori. Viss me til dømes går på fotballkamp, kan me velja i kva grad me vil synleggjera kva gruppe me er ein del av, eller i kor stor grad me identifiserer oss med ei gruppe gjennom kor mykje supporterutstyr me tek på. Ei gruppe er små samlingar av individ som er på same stad til same tid, og som samhandlar med kvarandre.

Individ kan vera knytte til mange ulike grupper og kan såleis til ein viss grad ut frå situasjon og omgjevnad velja kva slags sosiale identitetar som skal vera synlege. Grupperinga skjer ut frå ei maksimering av eigenskapar ein deler med andre (inngruppa) eller som skil ein frå andre (utgruppa), dvs. ut frå stereotypering som ein grovsorteringsmekanisme (jf. kap. 4.3.2). Dei sosiale gruppene har ofte ulik status i samfunnet, ein status som kan vera konstant over nokså lang tid.

Både sosiale normer, stereotypiar og sosial identitet kan sjåast på som ein samanhengande prosess. Hogg og McGarty (1990: 15) uttrykkjer det på denne måten:

First, people categorize and define themselves as members of a distinct social category or assign themselves a social identity; second, they form or learn the stereotypic norms of that category; and third, they assign these norms to themselves and thus their behaviour becomes more normative as their category membership becomes salient.

Det interessante i denne samanhengen, er at språk òg truleg fungerer som eit slikt grupperingskriterium – dei som snakkar slik som ein sjølv, og dei som ikkje gjer det. Eit godt døme på at språk er ein viktig markør av sosial identitet, har ein sett i Quebec i Canada. Då dei i 1977 gjennom ei lov, Bill 101, vedtok at fransk skulle vera det einaste offisielle språket i Quebec, såg ein at mange engelsktalande flytta til andre område mykje på grunn av at dei då opplevde seg som ei minoritetsgruppe med tap av status. For dei fransktalande derimot var dette eit viktig løft for identitetskjenning deira. Ei undersøking før denne lova vart innført (jf. Lambert 1960) viste at dei fransktalande var mest positive til engelsk både når det gjaldt ein dimensjon som gjekk på status og ein som gjekk på solidaritet. Ei ny undersøking utført av Genesee og Holobow i 1989 viste at dei fransktalande då heldt fram med å oppvurdera engelsk på statusdimensjonen, men at fransk vart oppvurdert når det gjaldt solidaritet. Dette resultatet er i tråd med mange andre undersøkingar.<sup>21</sup>

Det generelle mønsteret ein har sett i “matched guise”-undersøkingar, er at standardspråka representert ved t.d. RP- engelsk i Storbritannia og høgkøbenhavnsk i Danmark skårar høgt på dimensjonane knytte til status og kompetanse og lågt på solidaritet, medan mønsteret er motsett ved at regionale dialektar skårar høgt når det gjeld attraksjon og solidaritet, men lågt når det gjeld status. Standardspråket vert dei gjennom oppvekst og utdanning sosialiserte til å meistra i desse landa. Standardformene gjev difor gjerne utslag i form av å gje dei som nyttar det sosial status, medan solidaritetskjenning med dialektane truleg er eit uttrykk for gruppeidentitet.

Sannsynlegvis er identiteten vår verken noko me kan skifta totalt ut som ei vare på supermarknaden (post-modernistisk tankegang), eller noko stabilt og fasttømra med ein kjerne som er den verkelege identiteten (romantisk syn), men noko midt i mellom. Arv og miljø er med på å forma oss som menneske. Me har ein del arvelege faktorar med oss i tillegg til at me har vorte forma gjennom oppveksten. Ein del av identiteten vår er danna ut frå internalisering. Korleis me er, er likevel også avhengig av eiga sjølvforståing og refleksjon: eksternalisering. Me kan synleggjera ulike sider av oss sjølve, ulike roller i ulike situasjonar. Desse rollene, delane av identiteten, kan òg

---

<sup>21</sup> Sjå Giles & Powesland 1975, Ryan & Giles 1982 og Edwards 1985 for meir om dette.

endra seg over tid. Visse faktorar er det truleg vanskelegare for oss å skifta ut enn andre. Kva delar dette gjeld, vil truleg variera frå person til person. Dette svarar til metaforen med ein elvebotn der nokre av steinane sit fastare enn andre steinar i elva. For nokre av oss kan språket vårt vera ein slik stor urokkeleg stein, medan det for andre er ein av dei steinane som har lett for å rulla av garde og bli teken av straumen. Her kjem individuelle faktorar inn og avgjer.

Det er interessant å finna ut meir om kva status dei ulike måtane å snakka sogndalsdialekt har, og korleis dei som knyter seg til dei ulike sosiale gruppene, ser på kvarandre, på språket og på lokalsamfunnet.

#### 4.3.5 Identitetshandlingar

Lat meg fyrst gjera eit lite tankesprang der eg prøver å finna ut kva talemålet til ein person har sams med trekk som utsjånad, kroppsspråk og klesdrakt. Når me treffer ein ny person, er det ut frå den registreringa og oppfatninga me gjer av desse trekka, me prøver å identifisera vedkommande. Utsjånad, kroppsspråk og klesdrakt er alle trekk me registrerer gjennom synssansen vår. Me finn fort ut om ein person har eit europeisk eller eit ikkje-europeisk ytre. Klesdrakt og kroppsspråk treng likevel ikkje avsløra så mykje om kvar ein person kjem frå. Ei meir nøyaktig plassering vil me derimot gjerne få dersom han eller ho byrjar å snakka. Talemålet er med andre ord nokså sentralt. I Noreg er det dessutan slik at noko av det fyrste ein spør ein framand om når ein vil finna ut meir om denne personen og raskt kategorisera vedkommande, er kvar han kjem frå.<sup>22</sup>

Spørsmålet er kor pålitelege desse signala er om kven denne personen er. Utsjånaden er truleg den medfødde faktoren som er minst foranderleg. Trass i at det i dag er mogleg å gjera ein del kosmetiske endringar på utsjånaden sin, og at det seiest at ektepar som har vore gifte eit langt liv tek til å likna på kvarandre, er dette ein faktor som er nokså upåverkeleg gjennom livet. Når det gjeld kroppsspråket vårt, har me ein del arvelege disposisjonar. Me er til dømes fødde med ulik, men arveleg fordeling av muskelfibertypar. Også når det gjeld koordinasjon, balanse, og rørsleutslag, har me med oss ulike føresetnader frå fødselen. Såleis har me ikkje berre ulike evner til å bli gode innafor ulike idrettar, men òg til korleis me ter oss og bruker kroppen. Likevel er det mykje meir som kan påverkast, trenast og dermed endrast når det gjeld kroppsspråket enn når det gjeld utsjånaden.

Klesdrakt som eigen faktor er derimot ikkje bestemt frå naturen si side. Me må kunna sjå på valet av klesdrakt som eit reint kulturbestemt fenomen og noko ein kan endra frå dag til dag. Med

---

<sup>22</sup> I Danmark, der dialektane står svakare, spør ein ikkje fyrst etter kvar nokon kjem frå, men etter kva dei arbeider med (jf. Kristiansen 2000: 74).

talemålet er det derimot annleis. Trass i at Trudgill hevda at enkelte lydar truleg var så vanskelege å uttala eller oppfatta nyansane av at ein truleg måtte ha mor frå same stad som ein sjølv for å meistra dei (jf. Trudgill 1986: 35), er også dette eit trekk som vert forma av kulturen og ikkje av naturen. Dersom eg som lita ikkje hadde vakse opp i Sogn, men i Kina, ville eg nok t.d. ha snakka flytande kinesisk utan vanskar. For nokre tiår sidan, var det vanleg at folk bytte til finare klede på søndagane. Det er òg i dag vanleg at me kler oss opp når me vil markera dagar eller situasjonar som skil seg ut og er litt annleis enn resten av kvardagane. Den språklege parallellen til dette er at ein nyttar ulikt språk eller varietetar av språk i formelle og uformelle situasjonar. Opplesarane av nyhende i radio og fjernsyn, lyt normalisera anten til nynorsk eller til bokmål, men elles er det verken eit krav eller ei offisiell forventning at me ikkje kan snakka dialekten vår kvar som helst. I skuleverket er det både lovfest og ein praksis at lærarar skal tillempa dialekten sin etter elevane sitt talemål. I dag ser det dessutan ut til å vera vanlegare å gå i kvardagsklede også til fest, enn det var før. Også i Danmark har dei meir kvardagsleg klesdrakt i dei fleste situasjonar, men avstanden i språkdrakt er derimot mykje større der enn i Noreg.

Det kan altså sjå ut til at klesdrakt og talemål er to trekk med mange likskapar, men medan me kan skifta klede like fort som vinden snur, er evna vår til å læra nye språk temmeleg avgrensa etter 10 – 12-års alderen. Språket vårt er neppe like lett å påverka og endra som andre trekk ved oss og vil på den måten vera eit identitetstrekk som ein meir eller mindre friviljug ber med seg i livet. Nokre trekk som folk er svært medvitne om, kan det likevel tenkjast at ein kan skifta ut dersom ein ynskjer, men endring av språklege former inneber då gjerne òg endring av korleis ein vert oppfatta av andre. Sambandet mellom det språket ein snakkar og identiteten, kan ofte vera så sterkt at eitt enkelt språktrekk kan vera nok til å gje nokon ei oppleving av å høyra til ei gruppe, eller til å bli klassifisert til ei gruppe. Det kan vera interessant å sjå om det finst eitt eller fleire spesielle trekk i sogndalsdialekten som gjer at sogndøler plasserer kvarandre i ulike grupper.

## 4.4 Forklaringsmodellar

### 4.4.1 Ulike metodar i haldningsgranskinga kan knytast til ulike forklaringstypar

Med utgangspunkt i dei ulike forklaringstypane eg var inne på i kap. 1.2.1, ser det ut til å vera formålsforklaringar, der intensjonen til individet kjem fram, og til ein viss grad funksjonsforklaringar, der resultatata tener ein bestemt funksjon, som passar best inn når det gjeld å forklara reaksjonar på språk og språkleg realisering.

Dersom haldningane våre er oppbygde av fleire komponentar, kan ei haldningsgransking der ein prøver å reindyrka kvar av desse komponentane, gje oss eit betre innsyn i haldningar. Trass i at det kan vera vanskeleg å skilja dei ulike komponentane frå kvarandre reint empirisk, opnar det etter mitt syn opp for å gjera undersøkingar frå fleire ulike innfallsvinklar ved å prøva enn ved å lata det vera. Ein kan samanlikna og sjå om haldningskomponentane ser ut til å operera saman, eller om dei spriker, og dessutan lettare sjå korleis koplinga er mellom haldningar og åtferd.<sup>23</sup>

Den kognitive komponenten av haldningane byggjer på informantane sine eigne kunnskapar og det dei har eit reflektert forhold til. Ein samtale i ein situasjon der aktøren føler seg trygg og får høve til å snakka om seg sjølv og eigne hensikter og meiningar med å snakka slik han gjer, kan fungera for å få tak i slike haldningar (verbale utsegner). Spørjeskjema eller sjølvrapporterings-skjema med direkte spørsmål om informanten sine kunnskapar om talemålet, kan fanga opp den ikkje-verbale responsen av den kognitive komponenten. Både det verbale og det ikkje-verbale glir her rett inn i det formålsforklaringane byggjer på, dvs. kva personen veit og trur, og korleis han oppfattar seg sjølv og resonnerer for å handla. Ein går med andre ord inn i ein dialog med informanten der han får koma til orde og tolka seg sjølv ut frå sitt eige omgrepsapparat. Dette *kan* dempa faren for at den utaforståande forskaren skal tolka informanten sin einsidig ut frå eigen forståingshorisont og eige omgrepsapparat.

Den affektive komponenten byggjer på den spontanreaksjonen som ofte vert kalla “magekjensla”. Ein manglar her ei rasjonell faktarelatert forklaring på kvifor ein evaluerer noko som ein gjer. Denne vurderinga kan skje på eit meir eller mindre umedvite nivå. Verdidomane våre er eit uttrykk for kamuflerte haldningar. Skal ein koma best mogleg inn på verdidomane, bør difor ikkje informanten få høve til å reflektera, men berre synsa. Dersom ein vil unngå at aktøren byrjar å tenkja seg om for å finna det mest rasjonelle svaret, må ein unngå å gje aktøren inntrykk av at ein forventar ein viss type svar som betre enn andre svar, for då vil han truleg byrja å tenkja strategisk i høve til at han sjølv skal koma best mogleg ut av situasjonen. Ein måte å unngå dette på er å kamuflera det ein er på jakt etter å måla, dvs. tilsløra den eigentlege intensjonen. I ein masketest, “matched guise”-test eller ein “verbal guise”-test<sup>24</sup> kan ein få til dette. Aktøren får her berre beskjed om å bruka magekjensla til å vurdere dei ulike personane han høyrer. For å forsterka at det er

---

<sup>23</sup> Modellen til Ajzen (jf. figur 4.2) kan òg vera fruktbar her. For å få tak i den subjektive norma og opplevd meistringskontroll lyt ein gå i dialog med aktøren sjølv, t.d. gjennom eit kvalitativt djupintervju.

<sup>24</sup> I ein “matched-guise”-test vert informanten beden om å vurdere språkleg “utkleddde” personar, dvs. den same personen snakkar ulike dialektar, medan stemme og tekst er like. I “verbal-guise” vert også informanten beden om å vurdere personar som snakkar ulike dialektar, men denne gongen er tekstane også framførte av ulike personar.



personane han skal vurderer, kan ein prøva å laga ein kontekst som gjer tildekkinga mindre synleg, t.d. at personane deltakaren høyrer, skal delta i eit teaterstykke, og at aktøren difor skal vurderer korleis han oppfattar dei ulike personane. Dersom ein har klart å halda andre faktorar hjå dei ulike personane mest mogleg like, har deltakaren utan å vera klar over det gjeve uttrykk for den umedvitne oppfatninga av talemålet til dei personane han har høyrte. Han har vist fram verdidomane sine til ulike varietetar av eit talemål. Deltakaren har rett nok handla intensjonelt, men mot eit anna objekt enn det forskaren var interessert i å få reaksjonar på. Ei vurdering av språkbrukar og språk er som oftast uråd å halda frå kvarandre, så på dette viset kan ein truleg få tak i aktøren sine responsar på den affektive komponenten. Ei slik uintendert åtferd retta mot forskingsobjektet, kan likevel ha ein funksjon i samfunnet, dvs. ei slik kategorisering og forenkling er ein måte å skapa orden og oversikt i verda på. I dette perspektivet kan verdidomane våre sjå ut til å fungera som funksjonelle forklaringar.

Mindre kamuflerte sider av den affektive komponenten vil ein òg få tak i gjennom samtalar. Språkforskaren må her gjerne tolka fram haldningar på eit nivå under det som vert sagt direkte, men informantene handlar likevel intensjonalt i høve til forskingsobjektet. Ei slik undersøking vil difor måtta knytast til formålsforklaringar.

For å få tak i den tredje komponenten, den konative, som gjeld intensjon om handling eller synleg åtferd, kan ein prøva å samanlikna korleis individa vil reagere til same innhald innpakka i ulike språkdrakter. Forsøk på dette er mellom anna gjort i Bourhis og Giles si undersøking blant film- og teaterpublikum i Cardiff i Wales (jf. Bourhis og Giles 1976) og Kristiansen si kinoundersøking i Næstved i Danmark (jf. Kristiansen 1997a). Granskingane var oppbygde som forbrukarundersøkingar, og instruksjonar om kva publikum skulle gjera, vart forklarte over høgtalaranlegget. Det same vart sagt kveld etter kveld, men ein fekk folk med ulike dialektar til å presentere forklaringane. Etter kor mange som valde å svara på spørjeskjema som var utlagde i salen kvar av kveldane, fekk ein òg eit mål på dialektrespons (jf. Kristiansen 1997a). Også denne metoden må kunna knytast til funksjonelle forklaringar av di verknaden av åtferda spelar ein funksjon som er uintendert hjå aktøren.

Åtferdskomponenten kan òg undersøkjast gjennom utsegner om intensjonal handling (jf. figur 4.2). I det tilfellet vert den konative komponenten ei formålsforklaring.


Når ein til slutt held resultata av dei ulike haldningsgranskingane saman med eit opptak av talemålet til informantane, vil ein i tillegg til å sjå om det er ei kopling mellom haldning og åtferd reint generelt, òg kunna sjå kva komponent(ar) som oppfører seg uavhengig(e) av kvarandre og viser størst samsvar med den språklege åtferda (jf. kap. 7.3).



Alt i alt er det difor mogleg å velja metodar innafor haldningsgranskinga der individet heile tida vert *oppmoda* om å handla intensjonalt mot forskingsobjektet, dvs. som gjev formålsforklaring. Vel ein derimot også andre metodar og innfallsvinklar til å få tak i haldningar, vil ein kunna få eit meir nyansert bilete der òg andre forklaringstypar, t.d. den funksjonelle, er med.

Medan dei ulike haldningsgranskingane kan visa korleis samsvaret er mellom haldningar og åtferd, fungerer det overordna rammeverket som ein overbygning som knyter dei ulike forklarings-typane saman. I dette rammeverket ligg òg dei “bitane” som er med på å forklara korleis dei ulike haldningane har funne “næring” til å oppstå. Gjennom kunnskapar om samfunnet, oppvekstmiljøet, sosiale grupper, sosialt nettverk og aktøren sine egne oppfatningar og verdiar, får me såleis ei meir heilskapleg forståing for den sosialiseringssprosessen som har vore med å forma dei haldningane individet viser (jf. figur 4.3).

## Overordna rammeverk:



Figur 4.3: Korleis språk kan forklarast og forståast på ulike sosiale nivå, og korleis haldningar etter ein trekomponentmodell går inn som forklaringsdimensjon i sosiolingvistikken. (Pilene viser retninga på faktorar som verkar inn på språket.)

#### 4.4.2 Korleis språkhaldningar kan fungera som forklaringar på språkbruk

Haldningar kan vera lærte eller sjølvtileigna, varige eller lette å endra, viktige eller uviktige for individet. Ikkje alle informantar har like sterke haldningar til dei same haldningsobjekta. Det er difor òg store individuelle skilnader når det gjeld styrkegraden på haldningane våre til talemål, kor samansette desse haldningane er, og kor motstandsdyktige dei er mot endring. Haldningar som verken viser noko klart positivt eller negativt utslag, dvs. opptrer nøytralt i vurderinga, må òg reknast som haldningar. Med utgangspunkt i dei tre haldningskomponentane kan ein seia at:

Hjå ein person som viser at han veit eller ikkje veit så mykje om den dialekten han snakkar, kan ein studera sambandet mellom haldning og språkbruk ut frå den kognitive komponenten. Dette er ei forenkla framstilling, for det er ved verbale utsegner ofte ein glidande overgang mellom den kognitive og den affektive komponenten. Til dømes vil eit individ sine subjektive meiningar kunna vera ein kombinasjon av kunnskap og kjensler.

Ein person som kjem med positive eller negative vurderingar i høve til visse variantar av eit språk, gjev medvite eller umedvite uttrykk for kjenslene sine til språket. Hjå denne personen vil den affektive komponenten dominera.

Også ut frå korleis ein person åtferdsmessig reagerer i høve til ein dialekt, kan me sjå eit samband mellom haldning og åtferd. I dette siste tilfellet kan ein sjå dette spesielt ut frå den konative komponenten.

Alle desse sidene kan fangast opp med modellen til Ajzen (jf. figur 4.2). I denne modellen vil òg kjennskap til kven som er ein del av det nære sosiale nettverket til personane, og kva forventningar ein trur at desse personane har til ein (subjektiv norm) og kva evner ein har til å snakka slik ein ynskjer (opplevd åtferdskontroll), spela inn.

I denne avhandlinga vil eg med utgangspunkt i trekomponentmodellen til Rosenberg og Hovland (jf. figur 4.1) på ymse måtar prøva å få kjennskap til kva haldningar folk i Sogndal generelt, men ungdomar spesielt, har til sogndalsdialekten. I nokre av desse delgranskingane vil eg konsentrera meg om ulike sosiale kategoriar, men eg vil òg fleire stader gå ned på individnivå. Haldningsgranskingane vil deretter bli relaterte til korleis deltakarane i desse haldningsgranskingane faktisk snakkar sjølve. Til sist vil eg ta føre meg nokre utplukka individ og sjå korleis modellen til Ajzen (jf. figur 4.2) kan brukast til å seia noko meir om kva som fører til denne språklege åtferda.

# 5 Metode

## 5.1 Datatypar og testmetodar

### 5.1.1 Kvantitativ versus kvalitativ metode

Før eg går nærare inn på det konkrete datamaterialet mitt og dei metodane eg har nytta i denne avhandlinga, vil eg sjå litt på kva ulike metodiske tilnærmingar som ligg bak desse vala. Hovudskilnaden mellom kvantitativ og kvalitativ metode er at dei kvantitative metodane måler eigenskapar som kan talfestast hjå undersøkingsobjekta slik at ein t.d. kan nytta resultata til statistisk hypotesetesting, medan dei kvalitative metodane tek føre seg eigenskapar som ikkje kan talfestast. Her ynskjer ein ofte ikkje å testa hypotesar og teoriar som med den kvantitative metoden, men å utvikla teoriar og hypotesar. Der ein med kvantitative metodar har som mål å generalisera, er ein med dei kvalitative metodane i staden oppteken av å få eit mest mogleg valid bilete ved å konsentrera seg om fåe individ. Mæhlum (1992: 105 – 106) framstiller kvantitativ og kvalitativ metode som motsetningar.

Dei to metodane treng likevel ikkje bli oppfatta som motpolar og konkurrentar. I staden kan dei utfylla kvarandre og få fram ulike perspektiv ved at dei ser eit fenomen frå ulike synsvinklar, og såleis gje svar på ulike spørsmål. Grønmo (1996: 75) seier dette om kvantitative og kvalitative data: “Ingen av de to datatypene er prinsipielt bedre enn den andre, og ingen av dem er prinsipielt mer vitenskapelig enn den andre.” Medan den kvantitative metoden t.d. fortel kor ofte noko skjer, kan den kvalitative metoden gje fleire svar på korleis og kvifor. Fossåskaret (1997: 13) seier: “Det vil alltid være en oppgave for samfunnsvitenskapene å bidra til en forståelse av sosiale fenomener. Den oppgaven forsøker forskeren å løse gjennom bruk av kvalitativt orienterte metoder.”

Kvale (1997: 19 – 21) bruker metaforen om ein gullgruvearbeidar og ein reisande for å få fram eit grovt skilje mellom føremålet til ei kvantitativ og ei kvalitativ tilnærming. Medan gullgruvearbeidaren leitar etter “gullkorn” som han kan avdekkja, dvs. der kunnskap er noko som kan oppdagast, vandrar den reisande rundt og samtalar med dei personane han vil læra meir om, dvs. at kunnskapen vert skapt gjennom dialog.

I resten av dette kapittelet vil eg knyta den metodiske drøftinga mest til haldningsgranskingar av di det er desse som er nye for meg i dette prosjektet, medan den språklege delen vil bli utført mykje på same viset som i hovudoppgåva mi (jf. Haugen 1998: 35 – 48 og 66 – 74).

### 5.1.2 Kvantitativ og kvalitativ metode i sosiolingvistikken

Johnstone (2000: 36) seier dette om skilnaden mellom dei to metodane i sosiolingvistikken:

The contrast between sociolinguistics that is relatively quantitative (such as the work reported in the journal *Language Variation and Change*) and sociolinguistics that is relatively qualitative (such as much of the work in *Language in Society*) lies in whether research questions are answered via relatively mechanical procedures (counting, calculating averages, performing statistical tests to see which factors vary systematically together or how likely results are to be random) or relatively nonmechanical ones (asking people about things, watching, listening).

Kvantitative metodar vert brukte for at ein skal ha høve til å generalisera dei resultatane ein får. Av den grunn må ein velja innsamlingsmetodar som gjer det mogleg å slå saman einingar og kategorisera. Ein treng difor eit representativt utval av relativt mange individ. For ikkje å skapa unødige feilkjelder bør ein også velja eit strukturert opplegg som gjev mest mogleg lik påverknad på alle som deltek.

Kvalitative metodar derimot gjer ikkje krav på å gje resultat som kan generaliserast, men prøver i staden å få tak i det unike hjå dei utplukka individane. Kvalitative tilnæringsmåtar kan t.d. eignast seg godt til å få utfyllande svar på det frekvensar i den kvantitative delen viser. Dei kvalitative metodane kan med andre ord fungera som ei utdjuping av dei kvantitative. Ved å bruka kvalitative metodar i sosiolingvistikken vil ein til dømes prøva å få tak i fleire dimensjonar eller roller hjå dei personane ein undersøker, for å forklara kvifor dei handlar og snakkar som dei gjer. Akselberg (1997b: 26) seier:

Med den kvalitative metoden prøver ein å få innsikt i tilhøve som den kvantitative metoden ikkje kan fanga opp, t.d. det å forstå kvifor vi får bestemte språklege realiseringar og språklege variasjonar, og det å sjå språkbrukaren og språklege realiseringar i ein større samansett sosial og kulturell samanheng.

Det er fleire måtar å samla inn kvalitative data på. Både Lesley Milroy (1980) og Penelope Eckert (1989) valde å bli godt kjende med og gli naturleg inn som ein del av det miljøet dei undersøkte i form av deltakande observasjonar. Ved å studera eit bestemt miljø over ein lengre periode kom dei meir på innsida og vart såleis sjølve ein del av “verda” der dataa vart til. Forskaren vil likevel alltid ta med seg sin eigen faglege bakgrunn og si eiga forforståing.

Ein annan teknikk er det kvalitative forskingsintervjuet (jf. Kvale 1997: 21). Målsetjinga med intervjuet avgjer om dei skal vera prega av ein nokså fri samtale med opne spørsmål, eller om dei skal vera meir strukturerte.

I staden for ei reindyrking av kvantitativ eller kvalitativ metode er metodetriangulering, dvs. at ein bruker metodar med ulike teoretiske føresetnader for å redusera den påverknaden berre bruk av éin metode har på resultata, etter kvart vorte meir og meir vanleg i norske sosiolingvistiske studiar. Grønmo (1996: 98) seier: “Mange av svakhetene ved kvantitative data kan i stor grad oppveies av de sterke sidene ved kvalitative data, og omvendt. Dette skulle tilsi at det er mye å vinne på å kombinere kvalitative og kvantitative data i samfunnsvitenskapelige undersøkelser.” Til sjuande og sist er det problemstillingane som bestemmer kva metode som er mest eigna. Problemstillingane mine er laga slik at eg ser det som mest fruktbart å kombinera kvantitative og kvalitative metodar. I tillegg vil det innafor dei ulike delfasane vera ein naturleg vekselverknad mellom desse. I denne avhandlinga har eg kombinert kvantitative og kvalitative metodar på fleire måtar:


Forprosjektet (jf. kap. 5.2) fungerer som ei kvalitativ undersøking for å førebu den kvantitative haldningsgranskinga i fase II og den kvantitative kartlegginga av språkbruken i fase III (jf. Grønmo 1996: 99).

Språkopptaka i fase III er ein kombinasjon av uformell og strukturert intervjuing ved at eg tok utgangspunkt i ein del førebudde spørsmål, men fylgde desse ulikt opp både når det galdt rekkefylgje og måten å stilla spørsmåla på ut frå korleis informantane svara.

Djupintervjuet i fase IV fungerer som ei oppfylgning og eit kvalitativt supplement til dei kvantitative delane av undersøkinga (jf. Grønmo 1996: 101).

Drøftingane i kap. 7 tek omsyn til at djupintervjua er eit supplement til det kvantitative.

Figuren nedafor viser eit skjematisk oversyn over den kvantitative og kvalitative tilnærminga eg har valt til dei ulike fasane i denne avhandlinga.



Figur 5.1: Figuren, som skal lesast frå toppen og ned, gjev eit samla oversyn over metode, og boksane inni trakta viser materialtypar for dette prosjektet. (Trakta viser òg rekkefylgja på delfasane.)

### 5.1.3 Direkte og indirekte metode i språkhaldningsgranskingar

“Men språket er også nøkkelen til det umedvitne,

det vi ber med oss av tradisjonar.

Det er mor sin song ved vogga.”

(Edvard Hoem. 1996: 90. *Mitt tapre språk*.)

Kjernen i språkhaldningsgranskingar er å finna metodar som gjer ein i stand til å beskriva, forklara og forstå korleis og kvifor folk evaluerer språkleg variasjon i ulike kulturar og kontekstar (jf. kap. 1).

Frå 1960-talet har ein hovudsakleg konsentrert seg om tre metodar for å få tak i og samla inn opplysningar om slike haldningar. Den fyrste har gått på innhaldsanalyse, t.d. ved å observera bruken av offentleg språk i politikk, i media og gjennom etnografiske studiar. Gjennom tekststudiar har denne teknikken eigna seg særleg godt til å seia noko om haldningane til skriftlege språk. Fishman og Casiano (1971) brukte t.d. denne teknikken til å samanlikna korleis den puertorikanske folkegruppa vart behandla etnisk, språkleg og kulturelt i engelskspråklege og spanskspråklege aviser i New York.

Den andre teknikken vert kalla den direkte metoden. Her stiller ein direkte spørsmål til folk om kva haldningar dei har til ulike språk, dialektar eller varietetar. Både ved intervju og spørjeskjema kan ein få svar på korleis informantane reflekterer over sitt eige språk. Stahlberg og Frey (1993: 146) seier: “With a direct measurement the subject is asked directly about his or her attitudes or opinions; that is, subjects are to give some sort of self-descriptions.”

Den tredje tilnærminga til å få tak i språkhaldningar, den indirekte metoden, er å gjera indirekte målingar. Her måler ein haldningar utan at den ein skal måla haldningar hjå, vert direkte spurd om det. Stahlberg og Frey (1993: 146) seier: “With indirect techniques, one tries to measure attitudes without the person holding this attitude being aware of the measurement procedure.” Deltakaren kan til dømes verta beden om å vurdera eit anna objekt enn det forskaren eigentleg er interessert i å få reaksjonar på. Han kan verta beden om å vurdera dei personane han høyrer snakka, men veit ikkje at det verkelege føremålet med undersøkinga er å få reaksjonar på måten dei snakkar på. Ved at ein samstundes prøver å ha kontroll over dei utanomspråklege faktorane, *kan* ein på denne måten få tak i dei umedvitne språkhaldningane til folk. Denne metoden er truleg den mest utbreidde måten å studera språkhaldningar på. Fyrst ute i denne tradisjonen var Lambert og kollegaene hans (1960) då dei undersøkte indirekte reaksjonar til engelske og franske varietetar i Montreal.



Folk flest er truleg ikkje bevisst klare over sambandet mellom språklege trekk og ikkje-språklege trekk når dei ikkje vert spurde direkte om det. Kristiansen såg i ei språkhaldningsundersøking blant elevar, lærarar og personalsjefar i Næstved at ingen var klare over at den dialektmasketesten, dei nettopp hadde vore med på, dvs. ein indirekte metode, hadde noko med dialekt å gjera (jf. Kristiansen 1991b: 53).

Heile poenget med “verbal guise”-granskinga som ein indirekte metode fell bort dersom informantane er klare over at det er haldningane deira til språkbruk ein vil vurdera, for då er det ikkje lenger ein indirekte metode der ein vil prøva å få tak i dei umedvitne haldningane, men ein direkte metode der ein får tak i dei medvitne haldningane. Eg er ut frå det eg kan lesa om framgangsmåten hjå Elsa Kristiansen, såleis i tvil om informantane hennar var klare over dette eller ikkje. Under pilotprosjektsdelen der ho prøvde ut undersøkinga si på hovudfagsstudentar skriv ho (1995: 40):

Jeg hadde tatt med i betraktningen at spesielt hovedfagsstudentene kanskje hadde en del kunnskap om matched-guise teknikken. En av dem skrev også følgende kommentar: det er helt tydelig at det er holdningene våre du er ute etter å teste! Nå la jeg aldri noe skjul på hva det var jeg var ute etter, siden jeg direkte ba dem bedømme de språkprøvene de hørte.

Det verkar som om ho sjølv er klar over at informantane i hovudundersøkinga ikkje bør vita kva ho er ute etter å testa, men likevel seier ho ved presentasjonen av undersøkinga framfor dei ulike klassane: “[...] vil jeg at dere skal vurdere noen språkprøver for meg.” (jf. E. Kristiansen 1995: 65). Ved å seia dette signaliserer ho nokså tydeleg at det er haldningane til ulik språkbruk ho er ute etter. Dette inntrykket kjem endå tydelegare fram når ho gjev denne utdjupande forklaringa før testen vert gjennomført: “Etter å ha fylt ut adjektivskalaene for hver språkprøve, vil jeg dessuten at dere skal fylle ut i hvilken grad du synes at den personen dere hørte på kassetten, snakker som deg.” (jf. E. Kristiansen 1995: 66). På denne måten vert denne undersøkinga utført etter ein direkte- og ikkje etter ein indirekte metode.

Ved direkte spørsmål til språkbrukaren om korleis han likar bestemte språk eller språkdrag, kan ein stå i fare for nettopp å framelska det allment godkjende, dvs. dei svarar ut frå slik dei reknar med det er venta at dei skal svara.

At me gjerne gjev dei svara som er venta, kan illustrerast med eit par sitat frå *Bondestudentar* av Garborg: “Men Daniel skýna kva svar læraren vilde hava og svara høgt og trygt” (jf. Garborg 1986: 11). “Han forstod det mest ikkje sjølv; men han hadde frå barne av øvt seg upp i

å sjå og høyre på læraren, kva svar det var som kravdest; og den kunsten bruka han, um han so ikkje visste um det” (jf. Garborg 1986: 45).

Å berre velja direkte spørsmål er truleg ikkje ei fullgod tilnærming. Difor er det nyttig å komplettera metoden: Når me bruker ein indirekte metode, er ikkje språkbrukarane klare over føremålet med testen og prøver difor ikkje å gje sjølvpositive og sosialt aksepterte svar. Poenget er her heller å avdekkja umedvitne språkhaldningar. I denne granskinga vil eg difor studera språkhaldningar både ut frå ein direkte og ein indirekte metode.

I det neste kapittelet vil eg sjå nærare på dei observasjonane, røynslene og utprøvingane som ligg bak dei metodiske vala eg har gjort i denne avhandlinga.

## 5.2 Forprosjekt

### 5.2.1 Observasjon av språklege variablar

For å finna ut kva som er i ferd med å skje med sogndalsdialekten hjå dei unge, var eg med som assistent og “fluge på veggen” ein dag i ein ungdomsskuleklasse i april våren 2000. Ein naturleg måte å få kontakt med elevane på var å ta utgangspunkt i kva som hadde endra seg på skulen og i heimbygda sidan eg sjølv gjekk ut av ungdomsskulen for 15 år sidan. Som venta hadde ungdomane ulikt syn på det å bu i Sogndal. Enkelte karakteriserte staden som eit hol inst i Sognefjorden, ein stad dei fortast mogleg ville flytta frå, medan andre tykte det var fint her, og at dei gjerne ville bli buande. Språkleg sett registrerte eg òg stor variasjon mellom dei. Hovudsiktemålet mitt med denne hospiteringsdagen var å finna nye aktuelle språklege variablar i tillegg til dei trekka som var med i innsamlinga til hovudoppgåva mi i 1996 (jf. Haugen 1998: 51). Alle dei nye trekka eg fann, viste seg å vera til stades i talemålet hjå elevar som hadde minst éin forelder frå Sogndal. På førehand hadde eg fått eit oversyn over foreldrebakgrunnen til elevane. Desse seks trekka frå lydverk og formverk var nye aktuelle trekk som er med i denne nye granskinga av sogndalsdialekten (sjå òg kap. 5.6):

#### 5.2.1.1 Lydverk

/au/ ↔ /ɔ/, døme: <går> (verb) /gaur/ ↔ /gɔ:r/

/ç̥/ ↔ /f/, døme: <kyrkje> (subst.) /ç̥ørç̥a/ ↔ /førfa/

/rn/ ↔ /dn/ (generelt) døme: <gjerne> (adverb) /ʃjedna/ ↔ /ʃjerne/<sup>25</sup>

/rt/ ↔ /t/, døme: <fort> (adverb) /fʊrt/ ↔ /fʊt/

### 5.2.1.2 Formverk

I tillegg høyrdest *i*-målet ut til å vera erstatta med *a*-mål, slik at til dømes <i helgi> vart til <i helga> og <ei liti bok> vart til <ei lita bok>.

### 5.2.2 Testing av metode til haldningsgransking

Typisk nok er språkhaldningsgranskingar stort sett gjennomførte mellom ulike språk som fransk og engelsk i Canada (jf. Lambert m.fl. 1960) eller mellom rikstalemål og ulike dialektar (jf. Kristiansen 1991a og 1998). Dersom ein har gjort tilsvarende undersøkingar for varietetar av ein dialekt, har det skjedd i bymåla (jf. t.d. Strømsodd 1979 i Oslo og Kleiven 1974a og 1974b i Bergen mellom bergensar og stril). Når mange nok innflyttarar slår seg ned i ei bygd og utgjer ein viktig del av arbeidsstokken der, vil borna deira gjerne òg få eit språk som ikkje samsvarar heilt med det tradisjonelle bygdemålet. Kva som skjer i ein slik språkleg “smeltedigel”, er undersøkingar frå Odda og Tyssedal (jf. Sandve 1976) og Høyanger (jf. Solheim 2002) gode døme på. På desse stadene var det utbygginga av industri, dvs. sekundærnæring, som fekk folk til å koma og slå seg ned. “Smeltedigel-prosessen” kan like gjerne studerast i ei bygd som har fått auka tilflytting pga. utbygging innafor tenesteyting, dvs. tertiærnæring, som i Sogndal. Det er interessant å sjå korleis ungdomen som veks opp i eit slikt språkmiljø, vurderer dei variantane av den lokale dialekten dei høyrer rundt seg.

For å få eit breiast mogleg innsyn i språkhaldningane til folk kan det vera fruktbart å gjera forsøk som både får tak i det respondenten sjølv har eit medvite forhold til, og det respondenten ikkje er medviten om. Både kinogranskinga mi (fase I) og reaksjonstesten (fase IIa) i denne avhandlinga er undersøkingar av språkhaldningane til folk som sjølv ikkje er klare over at det er ei språkhaldningsgransking dei er med på.

Den metoden som har vore mest brukt ved slike haldningsgranskingar, er reaksjonstesten<sup>26</sup> “Matched guise”<sup>27</sup> som vart utvikla i miljøet kring den kanadiske psykologen Wallert Lambert rundt

<sup>25</sup> Den stemde palatale affrikaten /ʃj/ i framlyd av dette ordet representerer den tradisjonelle uttalen i sogndalsdialekten (jf. Ølmheim 1971: 100), men i dag er det òg svært vanleg å høyra ein palatal frikativ /j/ her.

<sup>26</sup> Tore Kristiansen kallar det for ei “sprogbruger- evaluering” og ikkje ein “reaksjonstest” (jf. Kristiansen 2003: 135).

1960. Utgangspunktet for denne testen var at ein ville måla folk sine reaksjonar til ulike språk ved å lata dei vurdera personlegdomsdrag hjå språkbrukarar. Lyttarane visste ikkje at det eigentleg var haldningar til språk det heile dreia seg om, og dei visste heller ikkje at dei ulike språka dei høyrde, vart framførte av ein tospråkleg person. Det einaste som var metodisk ulikt mellom språkprøvane, var den språklege forma, medan alle paralingvistiske faktorar som tekstinnhald og stemmekvalitet var konstante.

Det mest ideelle når ein skal få folk til å gjera språksamanlikningar på det umedvitne planet, er at det er færrest mogleg skilnader mellom ikkje-språklege faktorar i dei språk-kutta ein skal samanlikna, men likevel mange nok til at dei verkar autentiske utan at språket kjem i fokus.

Ut frå dette ville ein idealmodell for å kartleggja umedvitne haldningar knytte til variasjonen av tre sogndalsvarietetar<sup>28</sup> sjå slik ut:

Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3
Stemme 1	Stemme 1	Stemme 1
Tekst 1	Tekst 1	Tekst 1
Emne 1	Emne 1	Emne 1

Tabell 5.1: Tre varietetar, éi stemme, éin tekst og eitt emne (for forklaring sjå tekst).

Når ein skal gjera ein slik test på ein stad der ein ikkje har ei veksling mellom to språk, men berre ulike varietetar av den same dialekten, kan det vera vanskelegare å bruka den same personen til alle varietetane utan at dette lett kan høyrast.

Før eg kunne ta stilling til kva modell som ville vera mest eigna å bruka i Sogndal, såg eg på fordelar og ulemper ved kvar av dei fire faktorane varietet, tekst, emne og person/stemme.

### 5.2.2.1 Val av varietetar

Språklege varietetar er ikkje naturgjevne fenomen, men vil alltid vera baserte på menneskelege konstruksjonar. Når bestemte variantar av fleire variablar går saman i språket, dvs. det ser ut til å vera ein stilistisk samanheng mellom settet av variantar, vert det kalla ein varietet (jf. Sandøy 1996: 99). Varietet ser eg såleis på som eit sett av variantar som ofte opptre i lag. I utgangspunktet vil

<sup>27</sup> På norsk har denne reaksjonstesten vorte kalla “para utklednad” (jf. Venås 1991: 251) medan han på dansk har fått namnet “dialektmaske” (jf. Kristiansen 1989: 215).

<sup>28</sup> For ein nærare definisjon av sogndalsvarietetar sjå kap. 5.2.2.1.

dette gjelda for alle nivå i språket, både lydverk, formverk, setningsoppbygging og ordval. Av praktiske årsaker lyt ein i empiriske arbeid likevel gjera eit utval. Det språklege materialet i undersøkinga mi er henta frå lydverk og formverk, av di det var den delen av språket eg valde å undersøkje i hovudoppgåva mi, og eg er interessert i å kunna samanlikna resultata frå desse to undersøkingane. Eg opererer her med tre varietetar. Denne tredelinga byggjer på mine egne intuisjonar som sogndøl av kva variablar som heng saman i dialekten i Sogndal. Ho er danna på bakgrunn av personleg kjennskap til dialekten gjennom oppveksten i bygda, skriftlege kjelder om kva som kjenneteiknar den gamle sogndalsdialekten (jf. Larsen 1926, Ølmheim 1971, 1983 og 1986), uformelle vurderingar av kva folk i lokalsamfunnet karakteriserer som gamalt og nytt og korleis folk snakkar.

To av dei tre språkvarietetane er identiske med dei eg brukte i hovudfagsundersøkinga mi i 1996. Der opererte eg med 18 språklege variablar (9 fonologiske og 9 morfologiske variablar) og skilde mellom to varietetar; ein tradisjonell varietet (varietet 1) og ein nyare varietet (varietet 2) (jf. Haugen 1998). Ut frå observasjonar av talemålet hjå fleire elevar med minst éin av foreldra frå Sogndal på Sogndal ungdomsskule våren 2000, har det kome til endå 6 nye språklege variablar, 4 fonologiske og 2 morfologiske (jf. kap. 5.2.1). Med desse trekka vert språket så markert annleis enn i varietet 2, at eg vil kalla det ein ny tredje språkvarietet. Det å kalla desse tre måtane å snakka sogndøl på for varietetar, er ei idealisering frå mi side, og det er difor uvisst om dei grensene eg lagar for varietetsinndelinga i Sogndal, er dei same som innbyggjarane sjølve ville ha laga. Eg legg såleis ein premiss til grunn om at desse tre varietetane finst, sjølv om det ikkje er sikkert dei er så klare inni hovudet på folk i Sogndal. Noko av svaret på om desse varietetane er rimelege inndelingar av talemålet i Sogndal, kan ein likevel få gjennom ein test av varietetar (jf. kap. 5.9.1.3)

Mange unge sogndøler har ut frå mine observasjonar eit språk som ligg nær opp til ein av desse varietetane. Trass i større og mindre variasjon på kor mange av desse språkvariantane enkeltindividida har med i talemålet sitt, vel eg her å omtala dette som tre ulike varietetar av sogndalsdialekten. Dei nye trekka (jf. kap. 5.2.1 og 5.6) vart registrerte i språket hjå elevar som hadde minst éin forelder frå Sogndal. Ut frå dette meiner eg at eg denne gongen ikkje kan nøya meg med å operera med dei to varietetane eg hadde i hovudoppgåva. Alle dei tre varietetane ser ut til å vera levande i språksamfunnet og må difor vera med i ei ny gransking av sogndalsdialekten. Av den grunn synest eg òg det er naturleg å lata alle dei tre varietetane vera med i reaksjonstesten.

Det som kan diskuteras, er om kvar av varietetane skal vera representert éin eller fleire gonger i sjølve testen. Svaret på dette er avhengig av om det er éin eller fleire personar som skal snakka, og om det er éin eller fleire tekstar. Dersom det berre er éin person og éin tekst, er det ikkje

nødvendig med meir enn ein gong, for då kan ikkje teksten eller stemma til personen verka som noka feilkjelde mellom dei ulike varietetane.

#### 5.2.2.2 Ferdiglaga skriven tekst versus fri spontan tale

I undersøkinga si i Næstved i Danmark brukte Kristiansen klypp frå spontan tale som språkprøvar (jf. Kristiansen 1999: 143). Fordelane ved å velja spontan tale er fyrst og fremst at ein får ein tekst som verkar naturleg og ekte. Ein unngår såleis å høyra ein leseprega tekst.


Det er sannsynleg at me reagerer mest på det språklege heilt i starten av ein talestraum, medan innhaldet vert viktigare etter kvart som me vert vande med ei stemme. Lyttetekstane bør difor vera korte. For å få fram tydeleg skilnad mellom dei språklege varietetane er det ein fordel om ein får med flest mogleg språklege trekk på kort tid. Eg har i alt 24 språklege variablar i denne granskinga (jf. kap. 5.6 og vedlegg L). Det er ikkje enkelt å få eit tydeleg skilje mellom varietetane ved spontan tale, for då kan ein risikera få belegg på enkelte trekk. Dessutan kan ein stå i fare for å få stor naturleg variasjon, dvs. at den enkelte språkbrukaren ikkje er konsekvent med å bruka den eine eller den andre varianten av ein språkleg variabel. Dette vil lett komplisera varietetsbiletet og føra til glidande overgangar mellom personar innafor ein varietet og såleis skapa nye feilkjelder. Når teksten er ferdiglaga, kan ein dessutan styra forma ved å leggja inn så mange språklege variablar som er naudsynte for å markera viktige skilnader mellom dei språklege varietetane. Ved spontan tale er òg tilpassing til mottakar ei velkjend feilkjelde, men som ein har meir kontroll på i ein konstruert situasjon.

Eit anna problem med spontan tale, er at innhaldet i dei spontane tekstane, trass i eventuelle førehandsinstruksjonar, kan verta svært ulikt. Med ein ferdiglaga tekst, som personane skal framføra, kan ein unngå store sprik i innhaldet, t.d. unngå at nokon av tekstane favoriserer den som framfører. Det er her også lettare å justera lengda på tekstane og å gje dei ei naturleg byrjing og slutt.

Spontan tale er ikkje den einaste måten å laga “naturleg tale” på. “Naturleg tale” er heller eit sekkeomgrep som ikkje har noko eintydig innhald av di det kan vera snakk om “naturleg tale” på mange forskjellige måtar. Det kan tyda alle former for talehandlingar t.d. alt frå foredrag for mange menneske, som ofte baserer seg på eit manus, til kviskring mellom to. Tempo, pausar og nøling med meir vil her saman med dei ulike formene for talehandlingar kunna gje mange ulikskapar og såleis vera potensielle feilkjelder.

Den største ulempa ved ferdiglaga tekstar kan vera at det trass i litt øving, lettare kan høyrast ut som om personane les og ikkje snakkar. Dette treng likevel ikkje nødvendigvis vera ei ulempe dersom konteksten for undersøkinga gjer dette sannsynleg. Opplesing er t.d. ikkje unaturleg i ein

filmkontekst der skodespelarar framfører ein tekst. Tekstane eg har laga, er såleis naturlege, men ikkje spontane. Dei representerer talemål som byggjer på eit skriftleg førelegg. Dette er likevel ikkje det same som framført skriftspråk, for tekstane vart skrivne på dialekt og ikkje på normert skriftspråk. Figur 5.2 nedafor kan illustrera dei tre ulike formene for “naturleg tale” eg har vore inne på.



Figur 5.2: Ein illustrasjon på tre ulike uttrykksformer for “naturleg tale”: spontant talemål, framført talemål og framført skriftspråk.

For meg er det varietetsdefinisjonen som er viktigast å ha kontroll med og som også set restriksjonar på graden av “naturlegheit”. Ved å velja ein konstruert talemålstekst har eg såleis ein heilt annan type kontroll på materialet enn om eg hadde valt utklypp frå spontan tale. Eg vil med dette valet kunna måla korleis sogndøler reagerer på framførte varietetar av sogndalsdialekten. Dette er med andre ord ikkje *framført skriftspråk*, heller ikkje *spontant talemål*, men derimot *framført talemål*. Spørsmålet ein kan stilla seg, er om denne reaksjonen er noko annleis enn reaksjonen til spontant talemål.

### 5.2.2.3 Éin tekst versus mange tekstar

Dersom ein vel å ta utgangspunkt i ein ferdig tekst, eit manus, kan ein velja å lata personane framføra den same teksten, eller dei kan framføra kvar sin. Med lik tekst til alle vert innhaldet lite vesentleg av di det held seg konstant. Den største ulempa er at dette verkar svært kunstig og lettare kan få respondentane til å skjønna at det er språket som står i fokus. Det same hevda E. Kristiansen som òg valde ulike tekstar (jf. E. Kristiansen 1995: 45).

Det å velja ulike tekstar vil verka meir naturleg. Ulempene her er at ulikt innhald kan verka som feilkjelder og ta for mykje av merksemda til respondentane. Dette kan ein kompensera for ved

å tematisera tekstane, dvs. lata dei handla om same emnet og sikra at ingen av tekstane stikk seg ut på noko vis. Dessutan er det òg mogleg å velja fleire tekstar under kvar varietet.

I Danmark har Ladegaard gjort ei undersøking der han testa haldningane til fire ulike varietetar. Han brukte éi stemme til kvar varietet, og alle snakka fritt om det same emnet ut frå ei liste med ord og vendingar som dei skulle ha med i svaret (jf. Ladegaard 1994: 108). Dette opplegget eignar seg ikkje heilt i mitt tilfelle, då det er fonologiske og morfologiske språktrekk eg er mest oppteken av.

#### 5.2.2.4 Éi versus fleire stemmer

Etter den ideelle modellen bør alle stemmene tilhøyra den same personen. På det viset sikrar ein at stemmekvaliteten vert den same. Det kan derimot vera ein stor fare ved å velja den same stemma, for skilnadene kan likevel bli så småe at det vert vanskeleg å skjula at stemma tilhøyrer den same personen. Dersom det vert oppdaga, er heile testen meningslaus å gå vidare med.

Ved å velja fleire stemmer vil testen verka meningsfull ved at fokuset vert retta mot personane og ikkje mot talemålet. Ein står her derimot i fare for at enkelte stemmekvalitetar kan verta oppfatta som meir behagelege å høyra på enn andre.

I ei språkhaldningsundersøking i Danmark der ein ville undersøkje stereotype haldningar til språk og språkbrukarar i fire danske lokalitetar, brukte Ladegaard sju ulike varietetar/stemmer, og til dette nytta han i alt fem ulike personar. Tre av stemmene vart såleis framførte ved at den same personen snakka ulike varietetar. Resultata hans viser at den same personen vart evaluert ulikt om han snakka høgkøbenhavnsk, lågkøbenhavnsk eller austjysk (jf. Ladegaard 1992: 173 – 189).

#### 5.2.2.5 Forprosjektet

For å sikra at dei korte tekstane fekk med flest mogleg språklege variablar som òg skulle vera mest mogleg konsekvent gjennomførte, valde eg å konstruera dei tekstane eg ville ha framført. Eg laga seks ulike tekstar, men delte dei inn etter to hovudemne. Begge emna skulle vera daglegdagse og mest mogleg gjenkjennelege for respondentane. Det eine emnet var verdinøytralt og handla om ein tur frå den tida personen som fortalde gjekk i barneskulen, medan det andre emnet var litt meir verdiladd og var knytt til ein episode som på eitt eller anna vis gjekk på rettferd. Ingen av eg-personane i tekstane vart framstilte som dumme eller latterlege. For å unngå fleire forstyrrande faktorar ville eg ha den same personen til å vera alle personane. I forprosjektet vart innspelninga såleis gjennomført slik:



Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3	Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3
Stemme 1	Stemme 1	Stemme 1	Stemme 1	Stemme 1	Stemme 1
Tekst 1	Tekst 2	Tekst 3	Tekst 4	Tekst 5	Tekst 6
Emne 1	Emne 1	Emne 1	Emne 2	Emne 2	Emne 2

Tabell 5.2: Tre varietetar, éi stemme, seks tekstar og to emne (for forklaring sjå tekst).

Eg fekk den same personen, ein kvinneleg skodespelar frå Sogndal, til å vera tre ulike stemmer (varietet 1 – 3) og lesa seks ulike tekstar, der tre og tre handla om to emne (tur = 1, og rettferd = 2). I tillegg til å framføra tekstane ved å snakka tre ulike varietetar prøvde ho òg å heva eller senka stemmeleiet sitt litt. Fordelen med å velja ein skodespelar til denne oppgåva er at skodespelaren har profesjonsutdanning i førestellingskunst, dvs. at dei som ein del av utdanninga lærer seg å formidla ein konstruert tekst på ein spontan og oppriktig måte, noko som gjer at tilhøyrarane truleg vil oppleva det som spontant og ekte. Likevel tykte eg det var litt for enkelt å høyra at det var den same personen som snakka på alle opptaka. Då eg prøvde ut denne undersøkinga på eit lite testpanel med tre personar frå Sogndal kommune, var dei ikkje heilt samde om det var to eller tre ulike stemmer dei hadde høyrte. Dette syntest eg ikkje verka tilfredsstillande. Eg fekk seinare også ei lita gruppe språkstudentar på Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen til å vurdera kor mange personar dei høyrde. Ingen av desse studentane var frå Sogndal. Sjølv om det her var delte reaksjonar på kor mange personar dei meinte dei høyrde, var det nokre som ikkje var i tvil om at alle dei seks tekstprøvane vart framførte av den same personen.

Dette førte til at eg ikkje tok sjansen på å bruka reaksjonstesten med utgangspunkt i stemma til berre éin person, for det er mykje som tyder på at ein eller annan elev også ville koma til å høyra at det berre var éin person som snakka alle seks gongene. Dersom det hadde vorte oppdaga, ville reaksjonstesten ha vore meningslaus. Det ville ha vorte som om å be respondentane om å vurdera korleis dei oppfattar ein og same person på seks like skjema. Dei ville med andre ord nokså sikkert fått mistanke om at det var eitkvart anna enn oppfatningar av personane ein eigentleg ville måla.

#### 5.2.2.6 Andre alternativ

Forundersøkinga gav meg eit nokså klart svar på at det ville vera uklokt å basera heile reaksjonstesten på éi stemme. Dessutan argumenterte eg i kap. 5.2.2.2 og 5.2.2.3 ovafor for at eg ser det som uheldig å velja spontan tale eller lik tekst. Eit alternativ til ein “matched guise”-modell er å velja ein “verbal guise”. Då fører ein inn fleire personar. Ser ein bort frå at Kristiansen valde å bruka klypp frå bandopptak med det han kallar “‘naturligt’ talesprog”, er denne “verbal guise”-

modellen nedafør mykje lik den modellen Kristiansen brukte i Næstved (jf. Kristiansen 1991b: 52). Kontrasten til idealmodellen (jf. kap. 5.2.2) vil då sjå slik ut.

Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3	Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3
Stemme 1	Stemme 2	Stemme 3	Stemme 4	Stemme 5	Stemme 6
Tekst 1	Tekst 2	Tekst 3	Tekst 4	Tekst 5	Tekst 6
Emne 1	Emne 1	Emne 1	Emne 2	Emne 2	Emne 2

Tabell 5.3: Tre varietetar, seks stemmer, seks tekstar og to emne (for forklaring sjå tekst).

Her er det i alt seks ulike personar av same kjønn bak kvar sin tekst. To og to språkvarietetar skal vera identiske. Poenget vert her å sjå om lyttarane gjev lik vurdering av dei to stemmene som framfører den same språkvarieteten. Dersom det skjer, kan ein vera nokså sikker på at det er det språklege og ikkje innhaldet eller stemmekvaliteten dei reagerer på. Den einaste skilnaden til forsøket til Kristiansen vil her bli at det i staden for klypp frå spontan tale blir brukt konstruerte tekstar. Når eg har drøfta dette med Kristiansen, har han hevda at ein med dette ikkje vil få reaksjonar på tre slags dialektvarietetar slik ein vil kunna høyra dei i Sogndal, men derimot på tre varietetar av sogndalsdialekten brukt i høgtlesing. Det kan etter mitt syn ikkje vera verre enn om ein høyrer eit eventyr framført eller opplese på dialekt. Konteksten for undersøkinga, dvs. kva informantane får opplyst på førehand, vil spela inn her. Hovudpoenget med å laga tekstane framfor å velja klypp frå spontan tale er at eg då har større kontroll på at dei korte tekstane inneheld nok av dei variablane som gjer det mogleg å skilja dei ut som ulike varietetar. Dessutan er munnleg framføring av skriven tekst ikkje unaturleg talemål i ein filmkontekst.

Verken emna eller personane som snakka i undersøkinga til Kristiansen i Næstved i Danmark, var like, så han hadde av den grunn to språkklypp for kvar talemålsvarietet. Deretter såg han om det var eit mønster mellom korleis lyttarane vurderte samanfallande språkvarietetar.

Kompromissmodellar:

Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3	Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3
Stemme 1	Stemme 2	Stemme 3	Stemme 1	Stemme 2	Stemme 3
Tekst 1	Tekst 2	Tekst 3	Tekst 4	Tekst 5	Tekst 6
Emne 1	Emne 2	Emne 1	Emne 2	Emne 1	Emne 2

Tabell 5.4: Tre varietetar, tre stemmer, seks tekstar og to emne (for forklaring sjå tekst).

I tabell 5.4 er det i alt 3 personar. For at innhaldet og emnet skal påverka resultatet minst mogleg, er det her to tekstar til kvar person. Det mest uheldige med denne modellen, er at respondentane kan lika røysta til éin av dei tre personane betre enn dei to andre og av den grunn gje denne personen meir positive personkarakteristikkar.

Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3	Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3
Stemme 1	Stemme 1	Stemme 1	Stemme 2	Stemme 2	Stemme 2
Tekst 1	Tekst 2	Tekst 3	Tekst 4	Tekst 5	Tekst 6
Emne 1	Emne 2	Emne 1	Emne 2	Emne 1	Emne 2

Tabell 5.5: Tre varietetar, to stemmer, seks tekstar og to emne (for forklaring sjå tekst).

Med modellen i tabell 5.5 er ein attende til to personar i alt og risikerer akkurat som med modellen i forundersøkinga, at dei to personane ikkje greier å gjera skilnadene mellom dei tre varietetane store nok til at det ikkje vert oppdaga, dvs. at det er lett å høyra at den same personen kjem att tre gonger.

Det klassiske “matched guise”-oppleget er å halda fast på berre å bruka éin person til å lesa tre ulike tekstar innafor det same temaet med tre ulike dialektvarietetar. I tillegg legg ein inn tre til fire andre personar (fyllpersonar) som les kvar sin tekst om eit anna emne og nyttar éin dialektvarietet kvar. Når alle stemmene og varietetane vert blanda, vonar dei her at ingen høyrrer at tre av tekstane er lesne av den same personen. Ladegaard (1992: 178) brukte t.d. denne metoden og fekk det til å verka fint, dvs. at lyttarane ikkje la merke til at den same personen snakka fleire gonger.

Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3	Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3
Person 1	Person 2	Person 3	Person 4	Person 5	Person 6
Tekst 1	Tekst 1	Tekst 1	Tekst 2	Tekst 2	Tekst 2
Emne 1	Emne 1	Emne 1	Emne 1	Emne 1	Emne 1

Tabell 5.6: Tre varietetar, seks personar, to tekstar og eitt emne (for forklaring sjå tekst).

I tabell 5.6 får seks ulike personar framføra to av tekstane, slik at dei same to tekstane vil gå att i kvar av dei tre varietetane. Såleis vil ein kunna sjå om det er noko samanfall mellom dei to personane som har same språklege framføring, men ulikt tekstinnhald. Ulikt tekstinnhald vil derimot ikkje vera nokon eventuell feilfaktor mellom språkvarietetane. På den andre sida ville eg som lyttar ha byrja å fatta mistanke til heile opplegget dersom eg hadde høyrt tre personar seia det same tre gonger sjølv om det hadde vore ei slags leseframføring.

### 5.2.2.7 Ynske med denne testfasen

Eg har andre stader argumentert for at situasjonen bør vera mest mogleg autentisk og ikkje verka laboratorieaktig (jf. kap. 5.8.1). Det vert såleis viktig å skapa ein truverdig kontekst for dei granskingane ein gjer. I somme situasjonar kan det vera naudsynt å ikkje oppgje føremålet med granskinga før granskinga er gjennomført. Når ein vil ha tak i dei umedvitne haldningane til folk, dvs. haldningar som dei ikkje er klare over at dei har, er ein nettopp oppi eit slikt tilfelle. Respondentane vil sjølv sagt få fullstendig informasjon om kva dei har vore med på etter at “eksperimentet” er slutt og dessutan ha full rett til å trekkja seg og få makulert alle opplysningane dei har gjeve (jf. kap. 5.5).

Eg tenkjer meg i dette tilfellet at ein truverdig kontekst omkring eksperimentet ville vera å seia til respondentane at dei personane dei får høyra, er uttekne på audition til ein film. Før dei vert plasserte i roller, ynskjer filmselskapet å få hjelp av elevane på Sogndal ungdomsskule til å vurdere personane ved at dei seier korleis dei oppfattar dei.

Til eit slikt eksperiment vil eg velja ein modell der det er seks ulike personar. Ut frå dette vil både alternativet i tabell 5.3 og i tabell 5.6 verka meningsfulle. Dersom eg vel modellen i tabell 5.3, kan eg seia at dei seks personane fekk i oppgåve å fortelja om ein tur dei hugsar frå dei gjekk i barneskulen, eller ein episode dei hugsar av di han verka urettferdig på eit eller anna vis. Sjølv om tekstane altså er ulike, vil dei vera tematisk i slekt med kvarandre.

Dersom eg vel modellen i tabell 5.6, vil det at eg har to ulike personar til å framføra kvar tekst, kompensera for tekstinnehaldet som feilkjelde. Dessutan vil det at eg har to personar til kvar varietet også vera ei sikring mot at ein person vert oppfatta som meir behageleg å høyra på enn den andre. Viss elevane går med på at den teksten dei høyrer framført, er ein tekst som dei seks personane måtte prøva seg på under audition, og ikkje få annan mistanke, kan denne modellen verka naturleg og vera betre eigna enn modellen i tabell 5.3 av di han inneheld færre potensielle feilkjelder.

### 5.2.2.8 Konklusjon

Det er altså to sider ved denne testen som må vegast mot kvarandre. For det fyrste må testen verka så truverdig at ingen oppdagar eller får mistankar om at det er haldningane til språket ein vil måla. Gjennom forprosjektet kom eg fram til at dette inneber at den same personen ikkje kan brukast meir enn éin gong.

For det andre må denne testen vera slik at det verkeleg er språket som vert målt, og ikkje til dømes stemmekvalitet eller tekstinnehald. For å få til det er det difor naudsynt å konstruera eit opplegg som gjer at ein kan isolera desse andre effektane frå dei språklege effektane når materialet

skal analyserast. Ein måte å gjera det på er å køyra kvar språkvarietet fleire gonger, der ein varierer kontrollvariablane (person, tekst og emne). Modellane i tabell 5.3 og 5.6 sikrar at tekstane er mest mogleg like anten ved at tre og tre tekstar har same emne (tabell 5.3) eller ved at tre og tre tekstar er heilt like (tabell 5.6). Det er vanskelegare å manipulera på same måten med personar. Sidan det har vist seg å vera for risikofylt å bruka den same personen fleire gonger, er det uråd å kontrollera denne variabelen i vanleg forstand. Det er heller ikkje mogleg å gruppera personar slik ein kan gjera med tekstar. Ei mogleg løysing er å leggja inn mange personar innafor kvar varietet. Då kan ein etterpå samanlikna om personane med den naturlege stemmevariajonen dette vil medføra innafor kvar varietet, vert vurderte meir sams enn personane som tilhøyrrer ulike varietetar. Ulempa med å dra inn fleire enn to personar under kvar varietet, er at materialet svulmar opp, og at det òg vert altfor mange personar å ta stilling til for respondentane.

#### 5.2.2.9 Vald løysing

Eg vel å gå inn for modellen i tabell 5.3. Denne modellen verkar mest “naturleg” utan at språket treng koma i fokus. Her framfører kvar av stemmene ein personleg farga tekst, noko som verkar meir truverdig enn at fleire framfører den same personleg farga teksten, som i tabell 5.6, når dei er utplukka på ein audition. Når eg her let to personar snakka den same varieteten, vil eg i etterkant sjå om det er samsvar mellom korleis dei to personane med same varietet vert oppfatta (jf. kap. 5.9.1.4).

Poenget er ikkje at eg finn ein opptaksperson som snakkar 100 % likt ein av dei tre språkvarietetane til vanleg, men å sjå korleis folk vil reagera når dei høyrer meir eller mindre 100 % den ene eller den andre språkvarieteten. Trass i at dei som skal spela inn kvar av desse tekstane, har øvd ei stund før opptaket vert lagra, vil det aldri verta heilt ideelt verken når det gjeld 100 % rett uttale, heilt likt tempo eller at det vil høyrast ut som om alle tekstane vert fortalde heilt naturleg. Teksten og formene som er nedskrivne, vil verka styrande på opplesaren og *kan* gje eit dialektalt lesepreg. Likevel ser eg fleire fordelar enn ulemper med å velja denne metoden og vurderer framføring av ein ferdiglaga tekst som det beste alternativet.

Det er truleg i starten me legg best merke til forma på det som vert sagt, og av den grunn bør tekstane vera korte. Om tekstane vert for lange, byrjar ein meir å leggja merke til innhaldet. Kristiansen hadde opptak på kring 30 sekund (jf. Kristiansen 1998: 124). Hå meg vil dei variera ein stad mellom 38 – 50 sekund, dvs. frå 6 til 9 periodar.

Det neste spørsmålet er kven ein skal velja som opptakspersonar. Ei blanding av manns- og kvinnerøyster vil verka uheldig, av di det kan tenkjast at deltakarane vil reagera på ulike måtar alt etter om det er ei mannsstemme eller ei kvinnestemme dei høyrer. Såleis ville ulikt kjønn berre ha

fungert som ei feilkjelde i høve til det eg vil undersøkje. Kristiansen hadde to unge menn for kvar varietet (jf. Kristiansen 1999: 143). Eg har valt å bruka kvinnerøyster. Alle kvinnene er nøsta ut frå eigen kjennskap, og dei er i alderen 23 – 31 år. Dei har litt ulik foreldrebakgrunn, men alle har vakse opp og gått på skule i Sogndal. To av dei bur i Sogndal, to i Oslo og to i Bergen. To av dei utflytta kvinnene, ei i Bergen og ei i Oslo, har budd vekke berre i 1 – 2 år. Av yrke er dei seks personane lærarar, studentar og sjølvstendig næringsdrivande. Personane vart valde ut frå stemmekvalitet og språklege kriterium i tillegg til kjennskapet eg hadde til dei. Eg passa på å velja personar som eg visste hadde eit språk som låg svært nær opp til den varietetten eg ville dei skulle snakka. Såleis ville det òg ta kort tid for dei å læra seg den teksten dei skulle framføra. For alle dei tre varietetane viste det seg at det som regel berre var 1 – 2 trekk dei ikkje hadde innarbeidd i den daglege dialekten sin. Også Lambert (jf. Lambert 1960: 45) måtte bruka litt tid på å øva med opptakspersonane sine.

Eg valde personar som var ein del eldre enn elevane, for at det skulle vera mindre sjanse for at dette var personar dei kjende. Ulempa ved å bli beden om å vurdera personar ein kjenner frå før, er at ein i staden for å vurdera personane ut frå eit fyrsteintrykk, som var poenget her, vil kopla på tidlegare røynsler og assosiasjonar om denne personen som menneske. Sjansane er sjølvstilt til stades for at nokon av elevane kan ha kjent att nokon av stemmene, men ingen av dei seks personane eg valde, har til dømes yngre sysken eller eigne born som går på ungdomsskulen eller barneskulen i Sogndal.

I tillegg til dei seks kvinnelege stemmene fekk eg ei mannsstemme med ein heilt annan dialekt, romsdalsdialekt, til å representera filmselskapet og forklara elevane kva dei skulle gjera under sjølve testen. Både det å velja ei mannsrøyst til dette, og det at denne personen ikkje snakka sogndalsdialekt, ville vera med å styrkja truverdnet til konteksten av undersøkinga.

Opptaka, som eg hadde gjort på ein dat-spelar, vart redigerte og brende over på cd-ar. For at ikkje ei av stemmene skulle ha fordel av å koma fyrst heile tida, fekk eg laga tre cd-ar, ein til kvart klassesteg, der rekkefylgja var stokka. Tabellen nedafor viser rekkefylgja og avspelingstida for kvart opptak/varietet.

Klassetrinn	Rekkefylgje og avspelingstid
8.-klasse	3 (45 sek.), 1 (50 sek.), 2 (42 sek.), 1 (45 sek.), 3 (40 sek.), 2 (38 sek.)
9.-klasse	2 (42 sek.), 3 (45 sek.), 1 (50 sek.), 3 (40 sek.), 2 (38 sek.), 1 (45 sek.)
10.-klasse	1 (50 sek.), 2 (42 sek.), 3 (45 sek.), 2 (38 sek.), 1 (45 sek.), 3 (40 sek.)

Tabell 5.7: Rekkefylgje og avspelingstid på opptaka/varietetane for dei ulike klassestega.

### 5.3 Val av informantar

Hovudoppgåva mi (jf. Haugen 1998) viser språkleg variasjon mellom dei unge og dei eldre i bygda. Dette materialet fungerer som ei viktig referanseramme for denne avhandlinga. Den yngste personen eg gjorde opptak med då (hausten 1996), var 17 år. Denne personen ville ved det nye opptaket (våren 2001) ha vore 21 – 22 år. Sidan eg observerte at språket til dei unge var noko annleis enn hjå dei eldste i 1996, ville eg i denne avhandlinga gå endå litt lenger ned i alder for å prøva å fanga opp det som skjer med dialekten. Spørsmålet ein kan stilla seg, er kor langt ned i alder ein kan gå. Det er ei nokså allmenn oppfatning blant språkforskarar at ein reknar med at dei viktigaste sosiolektiske trekka i språket har festa seg når ein kjem i tenåra (jf. Hudson 1996: 15). Labov seier at det er dei unge og ungdomar i alderen 8 – 20 år som leiar an i utviklinga av lydendringar, og at det difor er viktig å inkludera opptak av språket deira når ein gjer undersøkingar (jf. Labov 1994: 47).

Når ein er interessert i gjera eit feltarbeid som omfattar mange unge personar, er det fint om forskaren kan gå inn i ein ferdig samlingsstruktur. Ulike fritidsorganisasjonar som t.d. fotball-lag eller 4H, kan brukast til dette, men her vil ein ikkje nå tak i alle innafor same aldersgruppa. Det er berre skulen, med den aldersinndelte klassesdelinga, som samlar heile ungdomspopulasjonen på ein stad. I prosjektet mitt vil eg nå tak i den samla ungdomspopulasjonen, og difor valde eg å leggja undersøkinga mi til skulen.

Eg vil i det fylgjande sjå nærare på fordelar og ulemper ved å velja ungdomsskuleelvar som hovudinformantgruppe. Punkta nedafor er utforma som ein tenkt kontrast i høve til det å velja informantar frå vidaregåande skule.

#### 5.3.1 Fordelar med å velja ungdomsskuleelvar

- Ungdomsskulelærarar med lang røynsle på skuletrinnet seier at dei no registrerer store endringar i ungdomsspråket.
- Ungdomsskuleelvar var ikkje med i den førre undersøkinga av sogndalsdialekten, slik at dette alderstrinnet vil liggja 1 – 4 år under den yngste frå det førre materialet eller gje ein reell alderskilnad på 5 – 8 år frå 1996.
- Alle sogndøler i aldersgruppa 13 – 16 år er samla på same stad, av di det berre er éin ungdomsskule i hovudsoknet. Heile populasjonen er difor kjend. På vidaregåande skule derimot vil klassane vera samansette av elevar frå ulike sognebygder.
- Innsamlingsarbeidet vil vera lett å gjennomføra reint praktisk (totalt 7 klassar).

- Elevane har ikkje lært så mykje om dialektar og vil såleis truleg ikkje ha gjort seg opp tankar om kva trekk i dialekten eg er på jakt etter å kartleggja.
- Dei fleste elevane vil truleg gå vidare på vidaregåande skule i Sogndal og difor framleis ha dagleg kontakt med andre sogndøler og vera enkle å finna att og kontakta for oppfylgingsintervju sjølv etter at dei er ferdige på ungdomsskulen.

### 5.3.2 Ulemper med å velja ungdomsskuleelevar

- Abstrakssjonsnivået er ikkje så godt utvikla som hjå litt eldre ungdomar, slik at eigenrefleksjonar kring språk og språkval kan bli liten.
- Av di informantane er svært unge, kan det verta vanskeleg å få til ein “vaksen” og naturleg samtale mellom to og to slik som ved det førre innsamlingsarbeidet i 1996.
- Den nye og den gamle opptakssituasjonen kan bli noko ulik og føra til at samanlikninga av resultatane må ta omsyn til denne feilkjelda.

Etter denne gjennomgangen synest eg at argumenta samla sett meir styrkjer enn svekkjer ungdomsskuleelevane som informantgruppe i høve til elevar frå vidaregåande skule. Både det at alle elevane som har vakse opp i Sogndal er fullgode informantar, og det at dei er yngre enn dei yngste frå det førre utvalet mitt, er viktige argument for å velja denne gruppa. Det er sannsynlegvis også reint praktisk lettare å få gjennomført undersøkingane på ungdomsskulen enn på vidaregåande, for på vidaregåande vil det i motsetnad til på ungdomsskulen vera mange elevar i ein klasse som må lukast ut av di dei kjem frå andre bygder enn Sogndal. Det er difor både tungtvegande faglege og praktiske årsaker som gjer at eg vil velja denne gruppa som hovudinformantar i den nye granskinga.

### 5.3.3 Krav til informantane

Ei av dei sentrale problemstillingane for denne granskinga er å finna ut om det skjer store språklege endringar i sogndalsdialekten. For å få ei reell samanlikning med språkopptaka frå 1996 bør difor flest mogleg av dei ytre faktorane, slike som foreldrebakgrunn hjå informantane, opptakssituasjon og samtaleemne, vera tilnærma dei same som sist. I den kvantitative språkgranskinga vil eg når eg samanliknar med den førre granskinga av sogndalsdialekten, berre ta med dei sogndølene som sjølve har vakse opp og gått på skule i Sogndal og har minst éin forelder frå Sogndal.<sup>29</sup>

---

<sup>29</sup> Ei av jentene med éin forelder frå Sogndal lyt gå ut or den kvantitative delen av den språklege granskinga av di ho snakkar oslo-dialekt (jf. kap. 5.7.4).



Alle informantane vert denne gongen slegne saman i éi aldersgruppe 14 – 16 år. Sogndøler med innflyttarforeldre kan bli tekne med i den kvantitative delen når det gjeld språkleg realisering, dersom dei har eit talemål som ligg innafør dei tre varietetane som eg har definert som sogndalsdialekten (jf. kap. 5.2.2.1). Informantar som har eit heilt anna talespråkssystem og heilt andre variablar, vert derimot tekne ut or materialet, for det er lite fruktbart å måla desse personane kvantitativt ut frå sogndalstrekk. Desse informantane vil like fullt verta trekte kvalitativt med i drøftinga av trekk som forsvinn eller som ser ut til å halda seg. I tillegg er dei svært interessante å ta med i den kvantitative haldningsgranskinga.

### 5.3.4 Prinsippet om tilfeldig utval

Måten ein vel ut informantar på, er avgjerande for i kor stor grad ein kan generalisera resultatata. I utgangspunktet ville eg laga ei haldningsgransking av alle elevane ved Sogndal ungdomsskule, for desse elevane utgjer òg 100 %, dvs. heile populasjonen av informantar innafør denne aldersgruppa i hovudsoknet i Sogndal.<sup>30</sup> Etter pålegg frå Datatilsynet (jf. kap. 5.5) måtte elevane etter “verbal guise”- testen av haldningsgranskingsdelen få full informasjon om kva undersøkinga dei hadde vore med på, gjekk ut på. Eg skreiv difor eitt brev som lærarane las opp i klassen (jf. vedlegg K) og eitt som elevane tok med seg heim og viste foreldra (jf. vedlegg J). Dei som kunne tenkja seg å vera med vidare, vart bedne om å senda inn att ein underskriven svarslipp. Det vart difor dei elevane som svara – om lag halvparten – som utgjorde den potensielle informantgruppa. Ved ei slik sjølvrekruttering vil det alltid liggja ei potensiell feilkjelde i at dei som seier ja til å vera med vidare, på eit eller anna vis skil seg frå dei som ikkje ynskjer det, og at dei dermed ikkje er representative for den totale populasjonen. Frå den sjølvvalde populasjonen vart det deretter trekt eit tilfeldig utval på 36 informantar – eit stratifisert tilfeldig utval – ut frå dei to kriteria kjønn og foreldrebakgrunn.

Eg måtte med andre ord gjera eit fleirtrinnsutval (jf. Butler 1985: 7 – 8). Den totale ungdomsskulepopulasjonen skuleåret 2000/2001 var på 162 elevar. Av desse var 153 elevar til stades og fylte fullstendig ut skjemaet. Dei ni resterande elevane (tilfeldig fråvær) var borte frå skulen den timen dette vart gjennomført. Den neste fasen var ei sjølvrekruttering, der eg fekk inn att skjema frå 74 elevar som hadde vakse opp i Sogndal og var fordelte på ulike klassar. Til sist trekte eg 36 av desse elevane ut frå kriteria kjønn og foreldrebakgrunn.

Også dei ni elevane som var borte frå skulen under den fyrste undersøkinga, fekk brev med seg heim der dei vart oppmoda om å vera med vidare i prosjektet. Dette gjorde eg dels for ikkje å

---

<sup>30</sup> Kaupanger, ei bygd ca. 12 km frå Sogndal sentrum, høyrer ikkje til hovudsoknet og har eigen ungdomsskule. Sjå elles kap. 5.8.3.1 der eg argumenterer for å sjå informantane mine som eit utval i eit tidsvindaue.

gjera skilnad på elevane i ein klasse, men òg for å sikra meg at eg skulle få nok informantar dersom for fåe såg ut til å vilja vera med vidare. Det viste seg likevel at eg fekk så pass mange svarsliappar at eg valde å lata vera å trekkja blant dei som ikkje hadde vore med på fyrste fase.

Når kravet om å ha budd i Sogndal frå dei var seks år gamle var innfridd, kunne eg trekkja blant 74 elevar ut frå ulik foreldrebakgrunn og ulikt kjønn. Ideelt sett skulle eg få seks kategoriar med seks personar i kvar, men i kategorien jenter med to sogndalsforeldre hadde eg berre fem i alt. Av den grunn vart kategorien med begge foreldra frå Sogndal sett saman av 5 jenter og 7 gutar. For å kompensera for at det samla sett såleis vart skeiv kjønnsfordeling, trekte eg ut sju jenter og fem gutar i kategorien med ingen foreldre frå Sogndal.<sup>31</sup>

Tabellen under viser korleis dei 74 sjølvrekrutterte elevane var fordelte på kjønn (J = jenter, G = gutar), foreldrebakgrunn (2fS = begge foreldra frå Sogndal, 1fS = éin av foreldra frå Sogndal, 0fS = ingen av foreldra frå Sogndal) og klassetrinn.

	J2fS	G2fS	J1fS	G1fS	J0fS	G0fS	Sum jenter	Sum gutar	Totalt
8a	2	1	3	5	1	2	6	8	<b>14</b>
8b	3	2	3	4	1	3	7	9	<b>16</b>
9a	0	2	4	2	3	1	7	5	<b>12</b>
9b	0	1	1	1	0	1	1	3	<b>4</b>
10a	0	1	3	3	0	2	3	6	<b>9</b>
10b	0	1	6	3	2	4	8	8	<b>16</b>
10c	0	0	2	1	0	0	2	1	<b>3</b>
Sum	<b>5</b>	<b>8</b>	<b>22</b>	<b>19</b>	<b>7</b>	<b>13</b>	<b>34</b>	<b>40</b>	<b>74</b>

Tabell 5.8: Fordelinga i kjønn, foreldrebakgrunn og klassefordeling for dei 74 elevane som ynskte å delta i undersøkinga.

Den neste tabellen gjev eit oversyn over fordelinga i klassetrinn, foreldrebakgrunn og kjønn på dei 36 uttrekte elevane som er med i fase IIb og III av undersøkinga.

<sup>31</sup> Eit viktig poeng for å ha like mange jenter og gutar i utvalet er òg at eg under talemålsopptaka ville lata jenter snakka med jenter og gutar snakka med gutar. Dette vil eg gjera av di det kan bli ubalanse i intervjuar med kjønnsblanda grupper.

	J2fS	G2fS	J1fS	G1fS	J0fS	G0fS	Sum jenter	Sum gutar	Totalt
8.-klasse	5	3	3	2	2	1	10	6	<b>16</b>
9.-klasse	0	2	0	2	3	2	3	6	<b>9</b>
10.- klasse	0	2	3	2	2	2	5	6	<b>11</b>
Sum	<b>5</b>	<b>7</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>5</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	<b>36</b>

Tabell 5.9: Fordelinga i kjønn, foreldrebakgrunn og klassetrinn for dei 36 elevane som vart trekte ut til å delta i undersøkinga.

## 5.4 Val av metodar og framgangsmåtar i denne granskinga

Arbeidet vil føregå i fleire fasar: Språkhaldningar (fase I, IIa og IIb), språkopptak (fase III) og djupintervju (fase IV). I tillegg kjem nettverksanalyse (jf. figur 5.1). Eg vil her argumentera for innhaldet i og den valde rekkefylgja på dette arbeidet.

Eg hadde i utgangspunktet tenkt å starta med ei kvantitativ språkleg kartlegging av talemålet til to ulike aldersgrupper med ulik foreldrebakgrunn. Etter ein nyttig samtale med Tore Kristiansen (8.3.2000) kom eg fram til at det likevel ikkje var særleg gunstig for den vidare granskinga om haldningsundersøkinga skulle koma etter at eg hadde kartlagt språket, for då ville informantane truleg skjønna at det var talemålet eg var interessert i, og eg ville fyrst undersøkje kva haldningar sogndøler har til språket på eit umedvite nivå.

Heile granskinga er oppbygd som ei trakt med filter av di informantane frå fase 1 er “filtrert” bort i dei andre fasane. Eg byrjar vidt og deretter spissar det seg meir til nedover i dei ulike fasane (jf. figur 5.1).

### 5.4.1 Haldningstest ved Sogndal kino<sup>32</sup>

Som fase I ville eg finna ut noko om haldningane til sogndalsdialekten hjå sogndøler flest. Å finna situasjonar i kvardagen der ein kan måla språkhaldningar, er ikkje heilt enkelt.

<sup>32</sup> For ei meir samanhengjande framstilling av denne undersøkinga sjå Haugen 2002a, *Nordica Bergensia* 27: 83 – 103.

#### 5.4.1.1 Bakgrunn

Eit prinsipp som det synest å vera generell semje om, er at ein får best tak i haldningane til folk i verkelege situasjonar, det vil seia i situasjonar der dei som er med ikkje er klare over at dei er med på eit eksperiment (jf. Giles og Bourhis 1976 og Kristiansen 1997a). Oppgåva for undersøkjaren vert då å “konstruera” ein situasjon som ikkje verkar konstruert, men naturleg. At dette skiljet mellom ulike kontekstar er viktig, kom t.d. fram i ei undersøking gjord av Kristiansen i Næstved i Danmark. Det viste seg der å ikkje vera samsvar mellom haldningar og talemål hjå dei unge informantane (16 – 17 år) dersom dei var klare over at det var dialektar ein ville undersøka. Derimot viste det seg å vera eit slikt samsvar i situasjonar der informantane ikkje visste at det var haldningane deira til talemålet ein var interessert i (jf. Kristiansen 1991a og 1998).

Eit kjernesporsmål ved alle språkhaldningsgranskingar er om ein kan vera sikker på at det ein måler, verkeleg er folk sine haldningar til språket.

#### 5.4.1.2 Tidlegare undersøkingar

Kinundersøkinga til Kristiansen i Næstved i Danmark i 1989 er døme på eit forsøk på å måla handlingskomponenten av haldningar knytt opp mot talemål. Det er undersøkinga hans som har fungert som modell og inspirasjonskjelde for meg til å gjennomføra ei liknande undersøking for å måla reaksjonane til dialektvarietetar<sup>33</sup> i Sogndal. Den fyrste granskinga av dette slaget, og som Tore Kristiansen byggjer undersøkinga si på, vart gjennomført av Bourhis og Giles blant teaterpublikum i Cardiff i Wales (jf. Bourhis og Giles 1976). Dei var interesserte i å sjå handlingsmønster i høve til ei språkleg veksling mellom walisiske og engelske varietetar og aksentar.

I kinundersøkinga til Kristiansen i Næstved i Danmark var det haldningane til ulike danske varietetar han ville måla.<sup>34</sup> I Næstved, 80 km sør for København, hevdar Kristiansen at folk vil ha eit forhold til fire språkvarietetar eller språknormer. Desse spenner frå høgstatuskøbenhavnsk, som vert oppfatta som eit standardtalemål, til lågstatuskøbenhavnsk, ein “mild” sjællandsk varietet og ein “brei” sjællandsk varietet. Den “breie” sjællandske varieteteten vert gjerne assosiert med dei eldste og med dei som bur litt utafor sjølve bykjernen i Næstved. Heile granskinga var bygd opp som ei forbrukarundersøking. Han brukte personar med ulike dialektvarietetar til å presentera og

---

<sup>33</sup> Eg gjer merksam på at det eg her kallar dialektvarietet, ikkje byggjer på data om kva ein språkbrukar i Sogndal vil definera som ein levande varietet, men at det er laga ut frå mine eigne intuisjonar som sogndøl av korleis sogndalsdialekten kan variera.

<sup>34</sup> I det ytre framstår granskinga som ei forbrukarundersøking der ein ber publikum vera med å vurdera det noverande og det framtidige kinotilbodet.

forklara forbrukarundersøkinga over høgtalaranlegget på kinoen. Kor mange som valde å svara på spørjeskjema som var utlagde i salen i høve til selde billetter, brukte han som eit mål på dialektrespons.

Hovudhypotesen til Kristiansen var at han ville få flest folk til å levera inn spørjeskjemaet når dei høyrde standardvarietetet og færrest svar når dei høyrde den breie næstvedvarietetet. Den lågkøbenhavnske varietetet og den “milde” sjællandske varietetet ville få ei plassering ein stad i mellom, meinte han. I tillegg til å fokusera berre på kor mange som svara ved kvar av varietetane, var Kristiansen interessert i å sjå om skilnadene i svarprosent kunne forklarast ut frå ulike typar publikum. Han valde difor å gjennomføra undersøkinga på fem ulike filmar og sjå reaksjonane i lys av ulike typar publikum. Karakteristiske trekk av publikum fekk han ut frå informasjon om filmene (innhald, føremål, målgruppe og når dei vart viste) og ut frå at dei som svara, blei sedde på som eit representativt utval av ulike publikumsgrupper. Dette siste kunne han sjå ut frå bakgrunnsopplysningar frå dei som svara (alder, kjønn, utdanning/yrke og sosialt tilhøyre). Desse bakgrunnsopplysningane skulle informantane skriva på svarskjemaet i forbrukarundersøkinga. Datamaterialet hans byggjer i alt på åtte framsyningar per kveld over fire kveldar. Kvar kveld vart publikum presentert for ein ny språkleg varietet. Annonseringa, som var på om lag eitt minutt, skjedde over høgtalaranlegget rett før filmen byrja og i form av ei kort påminning på 20 sekund i det rulleteksten kom opp etter at filmen var slutt.

For alle filmene under eitt såg han at flest svara på skjemaet etter at dei hadde høyrte standardvarietetet. Det var i Næstved signifikant skilnad mellom standardvarietetet, høgkøbenhavnsk, og dei tre andre varietetane. Resultata varierte elles noko mellom kva type film og kva type publikum det var snakk om.

Den tredje granskinga etter denne kinogranskingsmodellen, vart forsøkt gjennomført av hovudfagsstudenten Marie Maegaard i 2000 i Tønder i Sør-Jylland. Dette eksperimentet vart ikkje vellukka og måtte avbrytast av di det kom for få folk på kinoen. Så langt eg kjenner til, er såleis kinogranskinga eg har gjort i Sogndal, den fjerde i sitt slag. På same måten som hjå Kristiansen i Næstved såg kinosalen også hjå meg ut til å vera den best eigna arenaen til å testa reaksjonar på ulike språkvarietetar.

Både granskinga i Cardiff og i Næstved er gode døme på korleis ein kan utføra “matched guise”-teknikken<sup>35</sup> i verkelege situasjonar og ikkje som eit eksperiment i eit vakuum. Trass i at

---

<sup>35</sup> I ein “matched guise”-test er det den same personen som snakkar, og den same teksten som vert framført kvar gong. Det er med andre ord ein para utkleddnad, der same person ikler seg to ulike språkdrakter, for det einaste som varierer, er

---

denne metoden tidlegare har vorte utført i heilt andre språksamfunn, der innbyggjarane heilt frå dei er småe er sosialiserte opp til å meistra eit standardspråk, vonar eg at denne metoden òg kan eignast seg til å seia noko om språkhaldningar i Sogndal, der eit standardspråk er fråverande.

#### 5.4.1.3 Viktige faktorar

Med undersøkinga mi ville eg prøva å få svar på om det i det heile fanst ulike haldningar til ulike varietetar av sogndalsdialekten blant sogndøler flest. Utan å ta stilling til kva varietet eg ville få størst respons på, dvs. få flest folk til å svara på spørjeskjema, hadde eg ein hypotese om at kinopublikummet ville visa ulike reaksjonar til ein tradisjonell sogndalsvarietet og til ein nyare sogndalsvarietet.<sup>36</sup> Språkgeografisk er det mindre skilnader mellom dei to varietetane i Sogndal enn det var mellom dei ulike varietetane i dei to andre studiane, så lenge eg i mi undersøking berre er interessert i å spora reaksjonar til ulike utgåver av den same dialekten; sogndalsdialekten. Skilnadene burde likevel vera store nok til at dei som har vakse opp i Sogndal, vil leggja merke til dei.

Det er mange faktorar som spelar inn for at eit eksperiment skal lukkast. Dersom ein vil samanlikna noko, bør ein sørgja for at ein held ytre faktorar mest mogleg stabile under alle delforsøka. Dette har dels med reliabilitet å gjera ved at eksperimentet vert utført likt kvar gong, men det å ha kontroll over ytre faktorar spelar òg inn på validiteten. I samband med kvantitativ sosiolingvistikk, der ein er interessert i å måla korrelasjon mellom språklege variablar og sosiale variablar, er spørsmålet ein stiller seg til ein eventuell samvarisjon, kva årsakene til dette kan vera.

Eg tenkte lenge gjennom om det kunne finnast ein arena i Sogndal der ulike sogndøler ville møtast fleire gonger etter kvarandre for å oppleva det same. Det fyrste som slo meg, var fotballkampar på heimebane. Ulempen med å velja den arenaen er at dei same folka vil koma att på kamp etter kamp, slik at store delar av publikum vil vera konstante frå gong til gong og vil ha høyrte undersøkinga presentert før. Eit anna alternativ ville vera å velja eit teaterstykke. Sogndal har ikkje noko fast teater, så det måtte i så fall verta ei vitjing av eit omreisande teater. Dette skjer ikkje ofte. Dessutan vert ikkje slike framsyningar viste så mange gonger, og det kan difor verta vanskeleg å få eit reelt samanlikningsgrunnlag. Det er òg sannsynleg at publikum som kjem på ei teaterframsyning, ikkje vil vera sosialt representativt for heile språksamfunnet. Slik sett ville eit

---

språket/dialekten det vert sagt på. Kristiansen si gransking var likevel meir ei “verbal guise”-gransking, ein verbal utkleddnad, av di han nytta ulike personar til å presentera dei ulike varietetane.

<sup>36</sup> Sogndal er ein bygdeby med vel 6000 fastbuande og 2000 studentar og kan såleis i folketal verken måla seg med Cardiff (ca. 340 000 innbyggjarar) eller Næstved (ca. 48 000 innbyggjarar).

kjøpesenter ha vore den beste staden, men det ville ha vorte svært vanskeleg å få til i praksis, for der er det verken eit klart startpunkt eller eit klart sluttspunkt som gjer at ein kan klara å gje samla informasjon til ei oversiktleg mengd med folk. Avgjerda fall då på å velja ein kinofilm som eg trudde ville bli godt besøkt. I samråd med kinosjefen vart den populære norske filmen *Detektor* med Mads Ousdal, Harald Eia og Hildegun Riise vald ut.<sup>37</sup> Då denne filmen kom til Sogndal den 15.9.2000, hadde han gått i dei store byane frå den 25.8.2000 og kome godt opp på topp 20-lista over dei best besøkte filmene her i landet. Dette var òg ein film som såg ut til å appellera til både unge og vaksne.

Sogndal kino held til i kulturhuset i Sogndal. I tillegg til å ha ein stor og ein liten kinosal, husar kulturhuset Sogndal bibliotek, kulturkontor, møbelbutikk, kantine og undervisningsrom for høgskulen og ein god del kontorlokale. Kulturhuset ligg i gjennomgangsgata, Gravensteinsgata, i bygda rett ved sida av det store handlesenteret Sogningen og er ein sentral møtestad for alle i bygda.

Sogndal kino har liten konkurranse som kinoarena, men som eit ekstra tilbod i samarbeid med studentane, viser Sogndal kino på søndagar ofte film i studentane sitt eige lokale *Tanken* i studenthuset *Meieriet*, som ligg på den andre sida av gata. Dei filmene som går der, vert òg viste i kulturhuset. Den siste søndagen eg gjennomførte kinoundersøkinga, skulle filmen *Detektor* visast i kulturhuset kl. 18.00 og i *Tanken* kl. 20.30.

Ved å velja den same filmen håpa eg på at publikumstypene ville vera om lag dei same frå gong til gong, dvs. at det ikkje ville vera store skilnader i samansetjinga av publikum frå kveld til kveld. Filmen hadde 15-års-grense og må difor sjåast på som ein vaksenfilm. Sogndal kino har i fleire år lege på landstoppen når det gjeld tal på kinobesøk i høve til innbyggjartalet i bygda. Mest uavhengig av kva vaksenfilm som går, vil truleg fleirtalet i salen likevel vera tilflytta studentar. Det er like fullt vanleg at populære filmar og filmar som får noregspremiere, òg trekkjer til seg eit større publikum, der òg folk frå nabobygdene er inkludert. Ved å velja ein populær film knytt til ei helg, fredagar og søndagar, håpa eg at eg også skulle greia å fanga opp både yngre og eldre innfødde sogndøler. I fylgje dei som jobbar på kinoen, skal helgane ha betre besøk av innfødde sogndøler enn resten av veka.<sup>38</sup> For å vega opp for at tilfeldige forhold kan gjera at publikumma er ulike dei

---

<sup>37</sup> Kinosjefen veit best når det kjem ein aktuell film og kva type publikum ein kan venta seg til dei ulike filmene. Sogndal kino har vorte kåra til "årets kino" seks gonger på 90-talet. Trass i ein liten nedgang på om lag 10 % i talet på kinogjengarar i 1998 og 1999, er Sogndal kino i år 2000 framleis mellom dei førti best besøkte kinoane per innbyggjar i landet. Dermed får dei òg visa noregspremiarar, noko som er viktig for å hevda seg i konkurransen med andre underhaldningstilbod i bygda.

<sup>38</sup> Det er lite som talar for at det er så store skilnader mellom kven som går på dei ulike filmene i Sogndal at det er aktuelt å dela kinogjengarane inn i ulike typar kinopublikum, slik det var i undersøkinga til Kristiansen i Næstved.



kveldane eg spelte dei to forskjellige varietetane, gjennomførte eg granskinga over to helgar. Dei to varietetane fekk kvar sin fredag og søndag.

Ei feilkjelde kan vera at ei av kinoframsyingane kan koma til å kollidera med eit anna arrangement eller andre aktivitetar, slik at ein eller annan publikumstype ikkje vil vera representert begge kveldane.

Innstillinga til publikum er det også umogleg å ha kontroll over. Ofte er det slik at handlinga til ein leiartype har smitteeffekt. Dersom “sjefen” i venegjengen vel å svara, kan det føra til at fleire gjer det same, og omvendt dersom han let vera.

Den andre helga prøvde eg å gjera det litt lettare å svara enn den fyrste helga. Eg letta tilgjenge til svarskjemaa ved å leggja opp fleire framsider av skjemaa på borda og ved å hengja opp ein lapp der det stod “legg svara her” og med ei pil ned til ei øskje på bordet og ei pil ut til ei øskje like utafor salen.

#### 5.4.1.4 Nokre kjenneteikn på dei to varietetane

Eit viktig poeng var å velja språklege varietetar som lagar størst mogleg kontrast, slik at dei som høyrer på, verkeleg har sjanse til å oppfatta markante trekk. Den eine varieteten, den mest tradisjonelle, tek utgangspunkt i den varieteten eg kartla og brukte som utgangsvarietet for sogndalsdialekten i hovudoppgåva mi (jf. Haugen 1998). Den andre derimot er så ekstrem at han ikkje eksisterte i opptaka eg gjorde den gongen, men har trekk som eg har observert hjå fleire ungdomsskuleelevar med minst éin av foreldra frå Sogndal våren 2000. Dessutan fortalde lærarar med lang røynsle på ungdomsskuletrinnet at dei hadde lagt merke til at det dei seinare åra var kome til ein del nye talemålsformer blant ungdomsskuleelevane.

Den tradisjonelle varieteten har diftongering av norrøn lang *á* > /au/ generelt, t.d. i ord som *språk* og av kort *a* framfor konsonantsambanda ng og nk som i *lang* og *tanke*, diftongering i adverba *inn*, *innan* og *inne*, slik at /i/ > /ei:/, dentalsuffiksa /nd/ og /ld/ i preteritum av dei modale hjelpeverba å *skulla*, å *vilja* og å *kunna*, og segmentering av norrøn lang *I* > /dl/ i ord som *kalla*, berre for å nemna nokre trekk.

I den nyare varieteten vantar desse kjennemerka, og i tillegg har han nokre nye særmerke. Han vil t.d. ha samanfall mellom den palatale affrikaten /ç̟/ og den postalveolare frikativen /ʃ/, i ord som t.d. *kino*, retroflektering av sambandet *rt* og bortfall av *i*-endingar i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og i fleirtal av inkjekjønnsord, slik at *boki* vert til *boka* og *husi* til *husa*. (Sjå fullstendig oversyn over varietetane i kap. 5.6.)



#### 5.4.1.5. Framgangsmåte

Dei to varietetane av sogndalsdialekten var på førehand innspelte på cd. Begge varietetane var innlesne av den same personen, ein mannleg sogndøl i midten av tjuetåra, dvs. ein ekte “matched guise”. Den eine varieteten vil eg kalla den tradisjonelle sogndalsdialekten, medan den andre har ein del svært radikale former som nyleg er observerte i ungdomsspråket, og vert her kalla ein moderne varietet.<sup>39</sup> I alt vart testen gjennomført fire kveldar, fredagar og søndagar, to helgar på rad. Gjennom trekking vart den tradisjonelle varieteten vald ut fyrst. Fredag den 15.9.2000 og søndag den 24.9.2000 vart såleis den tradisjonelle varieteten spelt, medan den moderne varieteten vart spelt søndag den 17.9.2000 og fredag den 22.9.2000. Ved å gjennomføra kvar varietet to gonger, ville eg sikra meg mot å trekkja konklusjonar ut frå tilfeldig variasjon i publikum.

Teksten som var snakka inn på cd-en, var også innhaldsmessig lik på begge varietetane. Publikum vart i to sekvensar orienterte om at Sogndal kino i desse dagar gjennomførte ei forbrukarundersøking. Dei vart over høgtalaranlegget oppfordra til å vera med på å påverka det framtidige filmprogrammet ved å svara på eit spørjeskjema etter at filmen var slutt.<sup>40</sup> Den fyrste sekvensen, som var på om lag eitt minutt, vart spelt over høgtalaranlegget inne i kinosalen, mens lysbiletreklamen vart vist. Den andre sekvensen var ei kort påminning om undersøkinga på om lag 30 sekund og vart spelt i det rulleteksten kom opp etter at filmen var slutt.<sup>41</sup>

Etter at filmen hadde starta, sette maskinisten inn eit lite bord framme ved scenen der han la spørjeskjema,<sup>42</sup> pappøskje til å leggja svarskjema i og blyantar. Ved begge utgangane stod det òg bord, og her la me fram det same utstyret.

Kor mange som svarar på spørjeskjemaet i høve til talet på selde billetter kvar kveld, vert hjå meg som hjå Borhis & Giles og Kristiansen brukt som eit mål på handling/reaksjon. Dette byggjer på teorien om at ein vil få folk til å reagera med ei positiv handling dersom dei er tilhengjarar av det språket dei høyrer. Ajzen (1995: 52) uttrykkjer det på dette viset: “As a general rule, positive

---

<sup>39</sup> Dei to varietetane her er identiske med det som i denne avhandlinga elles vil gå under nemninga varietet 1 og 3.

<sup>40</sup> Eg sende i ettertid ein eigen rapport til Sogndal kino om dette på bakgrunn av dei svara som kom inn.

<sup>41</sup> I granskinga hjå Tore Kristiansen i Næstved i Danmark, gjekk annonseringa av forbrukarundersøkinga også ut over eit høgtalaranlegg ute i vestibylen. Dette var praktisk umogleg for meg. Det ville i så fall ha medført eit temmeleg stort meirarbeid for dei tilsette ved kinoen. Dei som arbeider på kinoen, hadde då måtta rigga til ein masse ekstrautstyr, for det er ikkje høgtalaranlegg i vestibyledelen av kulturhuset. Sjå elles dei to framførte tekstane til haldningsgranskinga på Sogndal kino i vedlegg A.

<sup>42</sup> Sjå spørjeskjemaet til haldningsgranskinga på Sogndal kino i vedlegg A.

---

attitudes predispose behaviors that support or enhance the attitude object, while negative attitudes predispose unfavorable behaviors toward the attitude object.”

## 5.4.2 Språkhaldningsdelen

### 5.4.2.1 Planlegging og gjennomføring

I den fyrste delen av haldningsgranskinga i fase IIa ville eg konsentrera meg om alle ungdomsskuleelevane og prøva å få norsklærarane i alle klassane på ungdomsskulen i Sogndal til å stå for den praktiske delen av undersøkinga i dei 7 klassane som fanst hausten 2000.<sup>43</sup> Sidan dette var ei gransking av umedvitne haldningar, burde ideelt sett berre leiinga på skulen vera informert om at eksperimentet var ein del av ei talemålsundersøking og fyrst informera lærarane og elevane etter at administrasjonen hadde fått inn att undersøkingsskjema frå alle klassane. Det var derimot i mine augo både arrogant og merkeleg oppførsel å tru at ein utaførståande skulle få lærarar til å gjennomføra ei undersøking i klassane utan å vita kva det dreia seg om. Eg arrangerte difor eit møte med alle norsklærarane i dei sju klassane den 26. januar 2001 der eg informerte om prosjektet og korleis eg ville dei skulle gjennomføra undersøkinga i klassane. Dei kom fram til at dei laut gjennomføra denne granskinga innan onsdag 31. januar 2001 dersom 8.-klasse skulle få med seg brev heim om prosjektet og svarslipp attende til skulen før dei skulle ut i arbeidspraksis i veke 6 og 7. Såleis vart denne delen av granskinga gjennomført i alle klassane så raskt som på to og ein halv skuledag. Eg lova òg lærarane at dei som takk for hjelpa skulle få ei orientering om resultatata av undersøkingane.

Rektor tok på seg oppgåva som praktisk koordinator. Då alle norsklærarane hadde gjennomført denne vurderingstesten i klassane sine, leverte dei spørjeskjemabunkane til rektor og fekk utdelt eit informasjonsskriv som dei las opp i klassane og eit brev med svarslipp, som dei delte ut til alle elevane i klassen. I dette brevet kom det tydeleg fram kva elevane hadde vore med på, at dei hadde høve til å sletta skjema dei hadde levert inn, ei orientering om dei neste fasane i prosjektet og dessutan ei oppfordring om å levera attende svarslippen for å verta med vidare i prosjektet (sjå vedlegg J).

Elevane og foreldra måtte ut frå retningsliner frå Datatilsynet og frå departementet (jf. kap. 5.5) i etterkant få vita kva det heile gjekk ut på, og ha sjanse til å trekkja seg frå undersøkinga. Då Finn Gabrielsen gjorde ei sosiolingvistisk undersøking av to ulike språksituasjonar, ein formell og

---

<sup>43</sup> Eg skreiv fyrst brev til rektor ved Sogndal ungdomsskule og spurde om lov til å gjennomføra ei språkhaldningsgransking (sjå vedlegg I).

ein uformell situasjon, hjå skuleelevar i Stavanger, vart administrasjonen og lærarane på skulen informerte om føremålet med prosjektet på førehand, medan elevane fyrst fekk informasjon om dette etterpå i form av brev. Under sjølve innsamlinga opererte han for elevane under dekke av at dei var med på eit større sosiologisk forskingsprosjekt (jf. Gabrielsen 1984: 60). Det å ikkje fortelja det eigentlege føremålet til deltakarane før innsamlingsarbeidet kan såleis vera naudsynt og er ikkje ein heilt uvanleg framgangsmåte i sosiolingvistiske undersøkingar.

For å kunna finna attende til kvar enkelt person, måtte eg nummerera spørjeskjema og korrelera dei til ei klasseliste. Det referansenummeret eg fekk då, ville eg berre bruka som ein administrativ del av undersøkinga, slik at dette nummeret ville bli sletta når alle hadde fått informasjon om kva undersøkinga gjekk ut på. Reint praktisk gav eg lærarane ein cd som inneheldt seks korte tekstprøvar, tre ulike talemålsvarietetar innlesne av seks ulike personar, og eit tilhøyrande avkryssingsskjema.

Elevane fylte ut ein del opplysningar om sin eigen bakgrunn slik som i kinundersøkinga (jf. kap. 5.4.1). I tillegg ville eg vita klassetrinn. Deretter fekk dei ei forklaring på korleis sjølve testen skulle føregå, og ei samanhengjande gjennomlesing av alle tekstane, som kvar var på om lag 45 sekund. Til slutt sette sjølve undersøkinga i gang. Dei fekk totalt sett vel eitt minutt til å høyra på teksten og til å setja kryssa der dei ville for kvar tekstprøve. Elevane vart fortalde at dei personane dei høyrde, var uttekne på audition til ein film (jf. kap. 5.2.2.7), og i denne lyttedelen vart dei bedne om å vurdera personane dei høyrde ut frå bipolare karakteristikkar og markera vurderinga si ved å setja kryss på ein femdelt skala som såg slik ut:<sup>44</sup>

veldig	litt	verken eller	litt	veldig
lågt utdanna				høgt utdanna

Dei andre karakteristikkane dei vart bedne om å vurdera, var:

\*frå sentrum – utkant

\*moderne – umoderne

\*leiartype – ikkje leiartype

\*påliteleg – upåliteleg

\*kunne eg tenkja meg å bli kjend med – kunne eg ikkje tenkja meg å bli kjend med

<sup>44</sup> Heile haldningsskjemaet er med som vedlegg B i denne avhandlinga. Dei seks tekstane elevane høyrde på, er gjengjevne i vedlegg C. For meir om val av adjektivpar og retninga på skalaen sjå kap. 5.8.1.2 og for meir om tal på trinn sjå kap. 5.8.3.1.

\*venleg – uvenleg

\*glup – dum

Éin av dei to tekstane handla om mest mogleg gjenkjennelege og verdinøytrale emne som skuletur, medan den andre var litt meir verdiladd og var knytt til emnet urettferd. Det er likevel ingen tekstar som er fullstendig nøytrale av di alt som vert sagt kan utløyse ulike assosiasjonar og kjensler hjå den som lyttar. Elsa Kristiansen laga som eg tekstane sine sjølv i “verbal guise”-testen sin og hevda at tekstane, same om dei er konstruerte eller spontane, aldri kan bli nøytrale (jf. E. Kristiansen 1995: 46).

To og to av dei seks tekstane vart framførte med den same språklege varietetten, men dei handla om kvart sitt emne. Eg ville sjå om ungdomsskuleelevane ville vurdera språkbrukarane likt uavhengig av kva dei snakkar om (ein verdinøytral og ein litt meir verdiladd tekst). Alle vurderingane ville knyta seg til personlegdomen eller sosiale forhold ved språkbrukarane.

Med ferdiglaga karakteristikkar av personar kan ein spørja seg om ikkje innsamlaren pressar haldningar ned over lyttaren. Det er ikkje sikkert at lyttaren i utgangspunktet ville ha brukt dei same karakteristikane av personane dersom han skulle ha valt eigne ord. Det er ikkje visst at han hadde gjeve nokon spesielle karakteristikkar av dei personane han høyrer i det heile. Ein kan såleis hevda at ein kan stå i fare for å laga haldningar som i utgangspunktet ikkje finst. For å unngå å pressa fram positive eller negative haldningar valde eg ein oddetalsskala. Fabrigar og Krosnick (1995: 44) hevdar det same når dei seier: “Including a midpoint allows respondents with neutral opinions to report them rather than arbitrarily indicating either a positive or a negative attitude.” Lyttarar som ikkje føler at nokon av karakteristikane stemmer, kan med andre ord velja å vera verdinøytrale, dvs. berga seg frå å måtta hevda noko som helst ved å kryssa i midten.<sup>45</sup> I tillegg til å kommentera dei ferdiglaga karakteristikane ville eg òg gje informantane høve til å koma med eventuelle andre vurderingar på ei open linje nedst på skjemaet.<sup>46</sup> Det interessante var likevel fyrst og fremst som i kinundersøkinga å lesa resultata som eventuelle indikatorar på ulike språkhaldningar ved å sjå om det var skilnader i reaksjonsmønsteret til ulike varietetar av talemålet.

I den siste delen av kartlegginga av haldningar, fase IIb, snevra eg inn talet på utvalet til å gjelda 36 personar (jf. kap. 5.3.4). Her ville eg at lyttarane skulle reflektera så mykje over eigen språkbruk at dei prøvde å plassera seg sjølve i høve til dei språkprøvene dei hadde høyrte for å sjå

---

<sup>45</sup> Eit kryss i midten kan òg vera ein måte for informanten å visa at han er lite interessert i heile problemstillinga (jf. Sommer 1991: 133).

<sup>46</sup> Sjå spørjeskjemaet til haldningsgranskinga i vedlegg B.

kvar dei vurderte sitt eige språk til å høyra best heime. Denne testinga av dei kognitive språkhaldningane deira gjorde eg saman med dei etter at alle skjema som galdt den affektive delen, var innsamla. No fekk dei utdelt eit nytt ark med teikning av ein trekant. I kvart av hjørna hadde eg skrive tala 1, 2 eller 3 som svara til alle dei tre varietetane dei nettopp hadde høyrte på cd: tradisjonell sogndalsdialekt (varietet 1), ein mellomvarietet (varietet 2) og moderne sogndalsdialekt (varietet 3). Etter at dei hadde fått ein rask repetisjon av stemmene på cd-en, denne gongen knytt til kvar av dei tre varietetane, skulle dei sjølve plassera seg i høve til den varietetten dei meinte dei låg nærast. I denne siste delen av undersøkinga fekk eg såleis ei unyansert kartlegging av sjølvrapportert språkbruk frå elevane.<sup>47</sup>

### 5.4.3 Sosiale nettverk

Sosiale nettverk kan definerast som: “[...] mønstre av sosiale relasjonar mellom aktører i samfunnet.” (Grønmo 2001: 118). Sjølve omgrepet sosiale nettverk skal stamma frå den britiske sosialantropologen John Branes. I 1950-åra kom han til Bremnes i Sunnhordland for å studera sosiale relasjonar mellom innbyggjarane og oppdaga at mønstera på kontakten mellom menneske, likna på nettverksmønstera i fiskegarn (jf. Grønmo 2001: 116).

Trass i at nettverk ikkje er nokon eigen fase i avhandlinga eller knytt til éi bestemt problemstilling, valde eg å samla inn informasjon om personane sitt sosiale nettverk. Svare i desse skjema kan truleg likevel gje nyttige opplysningar som kan binda saman det kvantitative og det kvalitative materialet.

Det sosiale nettverksskjemaet gjev eit bilete av kven (kva aktørar) informantane har mest kontakt med, og kva type kontakt desse aktørane har med kvarandre. I neste omgang kan dette gje viktig informasjon når ein skal prøva å finna forklaringar på språkbruken deira. Skjemaet mitt vart laga for å passa tilhøva i Sogndal. Det er laga med utgangspunkt i og etter inspirasjon frå skjemaet som Akselberg (1995) brukte i undersøkinga si på Voss, og Hernes (1998) brukte i granskinga si på Os.<sup>48</sup> Det ideelle hadde vore om ein i tillegg til å kartleggja i kor mange situasjonar hovudpersonen har kontakt med dei nære nettverkspersonane sine, også hadde fått eit bilete av tettleiken på kontakten mellom nettverkspersonane. Dette krev derimot ei grundigare og svært mykje meir tidkrevjande gransking, så denne dimensjonen har eg ikkje greitt å fanga opp i skjemaet mitt.

Nettverk treng ikkje lenger berre vera knytt til personlege møte mellom menneske. Ungdom i dag brukar òg meir og meir mobiltelefon og elektronisk post for å oppretta eller halda oppe

---

<sup>47</sup> Sjå skjemaet for sjølvrapportert språkbruk i vedlegg D.

<sup>48</sup> Sjå nettverksskjemaet i vedlegg E.

kontakt med kvarandre. Éin av informantane mine førte t.d. opp e-post utan at dette var eit tenkt alternativ i nettverksmatrisa mi. Denne nettverksdimensjonen har eg ikkje fanga opp, og eg stiller meg òg tvilande til om denne kontaktforma har så mykje å seia for talespråket til informantane.

Nettverksskjemaet vert i liten grad utnytta til å gjera formelle testar. Eg må dessutan understreka at nettverksskjemaet ikkje er uttømmande, for informantane skulle berre føra opp 12 personar. Nettverksskjemaa kan for eksempel ikkje seia noko om påverknadskrafta til nettverka, men i tilfelle berre noko om talet på personar. Nettverket er ikkje påverknadsagent i høve til talet på personar, men i høve til intensitet, kontakt, identitetsskaping med meir.

## 5.4.4 Språkopptak

### 5.4.4.1 Planlegging

I fase III av prosjektet ville eg kartleggja språket til dei same 36 som i fase IIb av haldningsgranskinga, dvs. ungdomar frå 8.- til 10.-klasse ved Sogndal ungdomsskule (14 – 16 år) med ulik foreldrebakgrunn. Den språklege kartlegginga ville eg òg jamføra med den kartlegginga eg gjorde av sogndøler i ulike alderskategoriar i hovudoppgåva (jf. Haugen 1998). Eg valde difor dei same språklege variablane som sist, men har i tillegg lagt til ein del nye variablar (jf. kap. 5.6).

Eg ville prøva å samanlikna ein del av svara kvantitativt, men rekkefylgja og måten å spørja på varierte, slik at dette lyt sjåast på som eit semistrukturert intervju.

### 5.4.4.2 Praktisk gjennomføring

Opptaka vart gjennomførte med to og to elevar om gongen med alle dei 36 uttrekte elevane på Sogndal ungdomsskule. Dette gjorde eg dels av di det var denne opptaksforma eg valde i 1996 og dels av di at to som kjenner kvarandre godt, truleg lettare vil “kontrollera” at dei held seg innafor den måten å snakka på som dei gjer til vanleg og ikkje så lett vil lata seg bli påverka av intervjuaren og opptakssituasjonen. Eg fekk hjelp av lærarane til å kopla saman to og to elevar som dei meinte kjende kvarandre så godt at det ville verta uproblematisk å få dei til å snakka saman. Eg let alltid gutar snakka med gutar og jenter snakka med jenter. Om kjønnsblanda grupper sier Venås (1991: 148): “I grupper med ulikt kjønn avbryt og overlappar kvinner mindre enn menn gjer. Menn har i det heile eit lag til å vilja dominere i slik samhandling.” Me heldt anten til på helsesystema sitt kontor på skulen eller i ei klasseromsbrakke. Opptaka vart gjorde i perioden frå 22. mars 2001 til 5. juni 2001. Det kortaste opptaket vart på 35 minutt, medan det lengste vart på 48,40 minutt.

#### 5.4.4.3 Merknader til undersøkinga

Eg opplevde at det var noko tyngre å få ungdomane i alderen 14 – 16 år til å snakka enn det hadde vore med informantane i alderen 17 – 83 år i 1996. Kanskje skuldast dette at opptaka vart gjorde på skulen sitt område denne gongen og ikkje heime hjå informantane slik som sist. Dessutan kan det henda at ein del ungdomar jamt over ikkje synest det er så enkelt å vera opne omkring sitt eige liv til ein vaksenperson dei ikkje kjenner så godt. Denne gongen bar opptaka difor av og til meir preg av å vera eit intervju enn ein samtale. For å løysa opp stemninga og ufarleggjera situasjonen starta eg alltid med ein uformell prat med dei. Før me starta, oppmoda eg dessutan elevane til å snakka mest mogleg fritt og til å bryta inn og spørja kvarandre om ting undervegs, men likevel sat dei stort sett og venta på neste spørsmål frå meg. Sidan informantane mine i 2001 samla sett seier mindre enn informantane mine i 1996 gjorde, vil òg talet på belegg verta noko redusert denne gongen. Likevel har eg fått belegg som fordeler seg på alle dei språklege variablane eg har undersøkt.

Eg tykte det gjekk greitt å koma i kontakt med desse ungdomane, og ordstraumen glei som oftast betre og betre utover i samtalen. Hovudtemaet for samtalen var som i 1996 fortid, notid og framtid i Sogndal. Dei siste 10 til 15 minuttane var likevel alltid knytte til ein samtale om dialekt. Under gjennomlytting og transkribering av opptaka har eg ikkje merka at nokon av informantane legg om språket sitt eller snakkar noko annleis enn dei har gjort tidlegare i samtalen, når me tek til å snakka om talemål. Eg har av den grunn valt å analysera språket i heile opptaket og ikkje berre den delen av samtalen som handla om ikkje-språklege emne.

#### **5.4.5 Djupintervju**

Som ein siste fase, fase IV, ville eg gå nærare inn på språket og haldningane til nokre enkeltindivid. Djupintervju er eit omgrep som vert brukt om kvalitative forskingsintervju. Sommer (1991: 111) definerer dette intervjuet slik:

*The depth or intensive interview is a special form of unstructured interview. The interviewer follows the respondent's answers with a request for more information at an increasing level of depth. It is this process of using the respondent's answers to dwell more deeply into the topic that gives the depth interview its name.*

Med eit slikt intervju kan ein med andre ord gå fleire rundar i det same temaet. Djupintervjua skulle fungera som oppfylgingsintervju og supplement av språkopptaka med tre informantar som viste seg å vera spesielt interessante med omsyn til språklege trekk og dei haldningane dei synte i høve til sogndalsdialekten og sogndøler. Den fyrste samtalen fungerte såleis som eit viktig utgangspunkt og ei referanseramme for oppfylgingsintervjuet. Føremålet med dette andre intervjuet var å gå nærare



inn på einskildfaktorar som synte seg å vera viktige for å forklara kvifor denne informanten hadde den innstillinga han hadde og snakka som han gjorde. Det var òg aktuelt å koma inn på andre sider som ikkje kom fram i det fyrste intervjuet. Sidan informanten hadde vore med på ein samtale om dette emnet før, kunne det tenkjast at han denne andre gongen hadde tenkt meir gjennom ting og var vorten meir open og reflektert enn den fyrste gongen. Dette oppfylgingsintervjuet kan òg sjåast på som ei longitudinell undersøking fordi det vart 2 ½ år mellom dei to samtalane, dvs. språkopptak våren 2001 og djupintervju hausten 2003.

Dette oppfylgingsintervjuet, som eg òg har valt å kalla djupintervju, har mange fellestrekk med det Kvale kallar “det halvstruktureerte livsverden-intervjuet” og som han definerer som “et intervju som har som mål å innhente beskrivelser av den intervjuedes livsverden, med henblikk på fortolkning av de beskrevne fenomenene” (jf. Kvale 1997: 21). Eg bestemte temaet for samtalen og stilte ein del ferdigkonstruerte spørsmål, men supplerte med oppfylgingsspørsmål til dei svara dei gav. Såleis fekk eg snakka om dei same emna med alle dei tre djupintervjuinformantane samstundes som dei fekk høve til å utbrodera desse emna på ulike måtar. Denne mellomløysinga mellom ein fri samtale og eit strengt strukturert intervju meiner eg gjer at eg lettare kan samanlikna kva haldningar dei tre har til dei same fenomenen utan at dei skulle føla seg altfor bundne av forma.

## 5.5 Etisk drøfting

### 5.5.1 Generelle prinsipp

Det er viktig å reflektera over dei etiske aspekta ved undersøkingar både når ein planlegg, utfører og evaluerer ei undersøking der ein involverer andre menneske som deltakarar. For det fyrste skal deltakarane ideelt sett alltid få full orientering om kva undersøkinga går ut på. I somme tilfelle kan likevel deltakarar som er fullt orienterte om føremålet med undersøkinga, vera med på å svekkja sjølve poenget med undersøkinga. Ein kan få eit anna resultat om dei veit, enn om dei ikkje veit kva dei eigentleg er med på. Det viser seg med andre ord at deltakarane kan oppføra seg meir naturleg og spontant i høve til det ein ynskjer å måla, dersom dei ikkje kjenner det eigentlege føremålet med granskinga (jf. Cozby 1997). Ein kan i slike tilfelle òg tenkja seg at nokon då på førehand vel å trekkja seg, slik at utvalet vert skeivt.

For det andre skal deltakarane òg vita at dei når som helst har høve til trekkja seg frå å delta om dei måtte ynskja det. Dersom ein i undersøkinga kjem inn på privatlivet til folk, må den ansvarlege undersøkjaren sørgja for at dataa både vert anonymiserte og handsama konfidensielt. For



å kunna gjera undersøkingar med deltakarar som ikkje er myndige, krevst det dessutan skriftleg løyve frå foreldre/føresette.

For alle undersøkingar er det òg viktig å halda oppe tillit mellom undersøkjjar og deltakar. Har undersøkjaren lova deltakarane noko, skal han halda det. Alle desse prinsippa er òg nedfelte i retningslinene frå Datatilsynet, som på førehand skal godkjenna forskingsprosjektet.

### 5.5.2 Konkrete avvik

I to av haldningsundersøkingane mine (kinogranskinga og haldningsgranskinga “verbal guise” på ungdomsskulen) i Sogndal, var sjølv poenget med granskingane at deltakarane ikkje var klare over kva dei verkeleg var med på (jf. kap. 5.4.1.1 og 5.4.2.1). Datatilsynet kan gje løyve til slike avvik frå dei forskningsetiske prinsippa dersom deltakarane ikkje kan ta skade av det dei er med på, og dei får full informasjon og høve til å trekkja attende opplysningar etter at undersøkinga er slutt.

Den fyrste av desse granskingane galdt undersøkinga av haldningar til ulike varietetar av sogndalsdialekten på kinoen i Sogndal. Eg la fram planane for prosjektet mitt ved å ringja til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste, NSD, i Bergen. Under samtalen med Ewelyn Jordal på NSD (6.4.2000) svara ho at ho såg på det som uproblematisk å gjera ei haldningsgransking utan at kinovitjarane fekk vita at det var noko anna enn berre ei forbrukarundersøking for kinoen dei var med på. Då opplysningane som skulle samlast inn, ikkje kunne førast attende til identifiserbare enkeltpersonar, og personane heller ikkje på nokon måte ville lida noka overlast, trong eg ikkje eingong søkja om konsesjon til denne innsamlinga, meinte ho. Denne typen undersøkingar er dessutan svært vanlege og ofte naudsynte innafor felt som sosiologi og psykologi.

Ein kan nok stilla eit generelt etisk spørsmål til slike undersøkingar, for dersom personar får vita om at undersøkingar vert brukte til andre føremål enn det ein oppgjev, kan dei verta generelt skeptiske til alle typar undersøkingar og missa tilliten til fagfelta.

I den andre haldningsundersøkinga, der eg ville kartleggja stereotype haldningar til sogndalsvarietetar ved hjelp av ein “verbal guise”-test blant ungdomsskuleelevane på Sogndal ungdomsskule, laut eg pga. lov om personregister derimot ha konsesjon frå Datatilsynet før eg kunne starta opp. Dersom ein ikkje kan seia, som hjå meg i “verbal guise”-testen, kva som er det eigentlege føremålet med granskinga, er det fleire måtar å løysa dette på. Ein kan lata deltakarane vera med på eit rollespel, dei kan bli bedne om å vera med på ei simulering, dei kan få delvis informasjon, eller dei kan få andre opplysningar enn det som er den eigentlege sanninga (jf. Cozby 1997: 32 – 33). I eit rollespel, er ikkje deltakarane seg sjølv, så dei resultatata ein får ut, vil ikkje nødvendigvis vera dei som best gjev uttrykk for kva dei sjølv meiner. Både med rollespel og simulering av ein situasjon står ein dessutan i fare for at deltakarane vil overdriva. Eg var oppteken

av at den informasjonen dei skulle få, og den oppgåva deltakarane vart bedne om å gjera, skulle verka meiningsfull. Eg valde difor å dikta opp det eg meiner er ein truverdig, men falsk kontekst. Heller ikkje her vart deltakarane utsette for noko som kunne påføra dei fare, smerte eller ubehag.<sup>49</sup>

Datatilsynet gav meg i fyrste omgang konsesjon til å oppretta eit personregister, men avslag på å gjennomføra “verbal guise”-testen utan at informantane var informerte om føremålet på førehand. I brevet, datert 05.09.00 (ref. 2000/2022-2 AOS/-), grunngav dei dette slik:

I personvernsammenheng er det et sentralt poeng at den registrerte skal ha informasjon om og kontroll over spredning og bruk av opplysninger om seg selv. Dette er en forutsetning for at de registrerte skal kunne benytte sine rettigheter etter personregisterloven. I fase I<sup>[50]</sup> av undersøkelsen får ikke respondentene informasjon om hva de deltar i. Informasjonsskrivet må endres og elevene må få full informasjon fra første stund prosjektet starter. Dette innebærer for de enkelte registrerte et personvernproblem da vedkommende ikke har kontroll over bruk av informasjon om seg selv. Datatilsynet kan etter § 11 sette vilkår for bruk av et personregister. Imidlertid vil personvernulempene for den enkelte bli så stor at den ikke kan oppveies med slike vilkår. Datatilsynet har således kommet frem til den konklusjon at søknaden om opprettelsen av dette registeret delvis avslås.

Av di ei “verbal guise”-undersøking vil mista heile poenget dersom informantane får full informasjon om kva dei er med på på førehand, sende eg saman med rettleiar Helge Sandøy ei klage til Datatilsynet på dette vedtaket i eit brev datert 20.09.00. NSD (Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste) sende òg eit støtteskriv 21.09.00 (ref. 20000734/EWJ) der dei skreiv:

Den informasjonsprosedyren man ønsker å følge i dette prosjektet, hvor man ikke kan gi informasjon ved oppstart av prosjektet, er i overensstemmelse med anvendt og anerkjent forskningsetikk, og behandles også i retningslinjenes pkt. 9, hvor det heter: *Særlig aktsomhet må utvises når informasjon ikke kan gis før forskningen settes i gang, for eksempel dersom det ikke kan oppgis hva som er den egentlige hensikten med et eksperiment. Slike unntak fra informasjonskravet kan bare gjøres i tilfeller av minimale belastninger, og må begrunnes i forskningens verdi og mangelen på alternativer. Ofte er det likevel mulig å gi deltakerne generell informasjon om prosjektet på forhånd, og deltakerne må få detaljert informasjon etterpå, både om prosjektet og om hvorfor de ikke ble fullt informert på forhånd.* Prinsippet om tilbakeholdelse eller “deception” i forskning, tas opp i alle forskningsetiske retningslinjer vi kjenner til, og konklusjonen er alltid den samme: prinsippet er ikke bare mulig, men også nødvendig i visse sammenhenger, men må alltid begrunnes i forskningens verdi og mangel på alternativer, det må ses i forhold til eventuell fare, smerte eller ubehag for deltakerne og det må kompenseres med informasjon og oppfølging i ettertid. Vi er av den oppfatning at det i Haugens prosjekt er redegjort for forskningens verdi ved at prosjektet er godkjent som doktorgradsprosjekt ved

<sup>49</sup> Jf. støtteskrivet frå Ewelyn Jordal nedafor (ref. 20000734/EWJ).

<sup>50</sup> Fase I i dette brevet svarar til fase IIa i prosjektet mitt, dvs. “verbal guise”-undersøkinga.

Universitetet i Bergen og at det ikke finnes alternative metoder, slik prosjektleder har redegjort for i sitt brev. Videre er dette et prosjekt som ikke medfører belastninger for deltakerne, verken av fysisk eller psykisk art, og det innhentes heller ikke sensitive opplysninger i prosjektet. Til sist gjør prosjektleder det som er mulig og riktig i etterkant av datainnsamlingen, nemlig å gi fullstendig informasjon om prosjektets formål og videre gjennomføring, herunder retten til å trekke seg og få allerede innsamlede opplysninger slettet.

Datatilsynet (ref. 2000/2022-6 AOS/-) valde i brev 25.10.00 trass i dette å halda oppe avslaget, men viste med svaret sitt at dei hadde misoppfatta intensjonen med og den teoretiske premissen for prosjektet når dei argumenterte slik:

Datatilsynet er av den oppfatning av undersøkelsen kan gjennomføres på andre måter. I en skolesituasjon vil elevene gjøre sitt beste når de deltar i undervisningen[,] særlig når de får full informasjon om hva prosjektet innebærer.

Klagebehandlninga vart no send vidare til Justis- og politidepartementet. NSD hadde i mellomtida (05.10.00) sendt brev til Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH), for å be dei om å vurdere dei forskningsetiske aspekta ved informasjonsprosedyren eg ynskte å gjennomføra i dette prosjektet. NESH skreiv i eit svarbrev til NSD (31.10.00 ref: 00.3.146) blant anna dette:

NESH har vurdert prosjektet på sirkulasjon, og mener prosjektet kan gjennomføres, men anbefaler at informasjonen til elevene styrkes. [...] I en tid der det norske språk er under press, vil det være verdifullt å få innblikk i ungdommers holdning til språket; undersøkelsen har vitenskapelig verdi. Prosjektleders argument om at det vitenskapelige utbytte vil forringes ved full åpenhet, er tilforlatelig. Deltagelse er frivillig, og komiteen ser det som betryggende at elevene kan trekke seg fra hele prosjektet og forlange makulert innleverte skjema når de blir gjort kjent med hensikten med undersøkelsen. Skjemaet inneholder lite kontroversielle eller sensitive spørsmål, og belastningen på respondentene vil være minimal. Alle personopplysninger skal dessuten slettes etter at prosjektet er avsluttet.

Også rettleiar Sandøy sende brev (01.11.00) til departementet for å klara opp i misforståinga i Datatilsynet sin avslagsargumentasjon (jf. sitat ovafor):

Det er nettopp dette at elevane “vil ... gjøre sitt beste”, vi vil unngå, for det “beste” er målretta og strategisk. Forholdet mellom holdningar og strategi i ein gitt kommunikasjonssituasjon er noko av det interessante i dette delprosjektet, og for å granske det forholdet må ein nettopp manipulere med målrettinga. Derfor må ein altså halde tilbake opplysningar til materialinnsamlinga er gjennomført. At dette teoretiske poenget har noko for seg, er alt dokumentert i ei gransking som er referert i same brev (av 20.9.00) frå oss, men Datatilsynet har ikkje teke omsyn til det.

Den 21.12.00 kom svar frå Justis-og politidepartementet (ref. 00/15392 AAG BMO) der dei omgjorde vedtaket til Datatilsynet og gav konsesjon til å gjennomføra prosjektet slik eg fyrst hadde søkt om. Departementet sa mellom anna:

Spørsmålet i saka er om det skal vere nødvendig å gje elevane full informasjon om kva dei deltar i frå fyrste stund. Justisdepartementet er samd med Datatilsynet at utgangspunktet må vere at målet med prosjektet må komme klart fram før undersøkinga tek til. Unntak kan likevel gjerast dersom gode grunnar talar for det, og det ikkje er sterke omsyn til personvernet som talar mot, jf. personregisterlova § 10. Justisdepartementet ser at det kan vere nødvendig å halde tilbake opplysningar for å få fram dei verkelege “usensurerte” haldningane til språk. Det er vanskeleg å forstå korleis undersøkinga kan gjerast med informasjon på førehand, utan at det påverkar elevane til å vere målretta og strategiske. Det er ikkje snakk om sensitive personopplysningar. Informantane får fullt innsyn etterpå, og dei har då full rett til å trekkja seg og få svarskjemaet sitt makulert. Prosjektet vil kunne komme elevane til gode seinare, mellom anna kan det styrke norskundervisninga og vere motiverande for interessa for språket. Både Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste og NESH rår til konsesjon. [...] På denne bakgrunn omgjer Justisdepartementet vedtaket til Datatilsynet slik at det vert gjeve konsesjon til forskningsprosjektet “Språk og språkhaldningar i bygdebyen Sogndal”. Eit av vilkåra er at det vert gjeve slik informasjon som NESH rår til.

Datatilsynet sende òg til sist eit brev 28.02.01 (ref. 2001/2-3 AOS/-) til meg der dei stadfesta at eg likevel hadde fått konsesjon til prosjektet slik eg i fyrste omgang hadde søkt om, og i samråd med retningslinene i brevet frå departementet. Det vart med andre ord ein nokså lang prosess før eg kunne setja i gang med denne delen av innsamlingsarbeidet slik eg hadde tenkt.

Etter at alle klassane hadde gjennomført undersøkinga, fekk alle elevane brev med seg heim der dei fekk full orientering om kva dei eigentleg hadde vore med på, kvifor undersøkinga hadde vorte utført slik ho hadde vorte, kva dataa skulle brukast til, korleis dataa ville bli lagra og brukte seinare, informasjon om rett til å trekkja attende dei opplysningane dei alt hadde gjeve, oppfordring om å vera med på dei vidare fasane i prosjektet og svarslipp som skulle underskrivast av dei sjølve og foreldra (jf. vedlegg J).

Under språkopptaka fekk deltakarane endå ein gong informasjon om kva undersøkinga gjekk ut på, og kva datamaterialet skulle brukast til. Dette vart gjort for å sikra at dei hadde lese breva dei hadde fått med heim, og for å oppretta tillit og gjensidig ærlegdom mellom undersøkjar og deltakarar.

## 5.6 Språklege variablar

Det ligg metodiske resonnement bak både dei språklege og dei sosiale variablane eg er komen fram til. Difor synest eg det er naturleg å ta desse variablane med i metodekapittelet. I hovudoppgåva mi (jf. Haugen 1998: 49) valde eg språklege variablar ut frå fem kriterium:

- Språktrekk som eg trur vil variera
- Språktrekk som er sentrale og frekvente i løpande tale (jf. Labov 1966: 49)
- Språktrekk som er greie å høyra, dvs. der variantane er greie å skilja frå kvarandre
- Språktrekk som representerer ulike delar av språksystemet
- Språktrekk som tradisjonelt skil Sogndal frå dei andre sognemåla

Dei same prinsippa vil liggja i botnen denne gongen. For å kunna samanlikna dei resultatane eg kom fram til sist med dei nye resultatane og eventuelt sjå ei språkutvikling har eg valt dei same variablane som i den førre undersøkinga mi. Likevel viste forprosjektet (jf. kap. 5.2.1) at det var ein del nye trekk i sogndalsdialekten det kunne vera interessant å ta med. Dei seks variablane merkte med stjerner i lista nedafor, representerer slike nye variablar. Oversynet nedafor viser alle dei 24 språklege variablane i denne undersøkinga.<sup>51</sup>

### 5.6.1 Lydverk

#### 5.6.1.1 Vokalisme

1) /iː, i/ ↔ /eː, e/, døme: <brev> /briːv/ - /breːv/

<sett> /sit/ - /set/

<behov> /bihouːv/ - /behouːv/

2) [ø] = [ø][ʉ]<sup>52</sup> ↔ [øy], døme: <syster> [søste] eller [suste] ↔ [søyste]

3) [ø] = [ø][ʉ] ↔ [øy] framom palatal, døme: <stykkje> [støççe] eller [stʉççe]

[støyççe]

4) /au/ ↔ /a/, døme: <lang> /laung/ - /lang/

5) /au/ ↔ /a/ eller /ɔ/, døme: <stong> /staung/ - /stang/ eller /stɔng/

<sup>51</sup> Merket \* er sett bak dei seks nye variablane under varietet 3.

<sup>52</sup> For å markera at [ʉ] ikkje kan oppfatast som eit eige fonem, har eg valt å rekna alle lydane under denne variabelen som allofonar og å gjengje lydvekslingane ved hjelp av fonetisk skrivemåte.

6) /ai/ ↔ /e/, dømme: <leggja> /laijja/ - /lejja/

7) /au/ ↔ /ɔ/, dømme: <språk> /sprauk/ - /sprɔ:k/ \*

### 5.6.1.2 Konsonantisme

8) /dn/ ↔ /rn/ i stammen <barn>, dømme: <barnehage> /badnaha:ge/ - /barneha:ge/

9) /dn/ ↔ /rn/ elles i ordforrådet, dømme: <gjerner> /jjedna/ - /jjerne/\*

10) /dl/ ↔ /l/ i trykk tung stilling, dømme: <fjell> /fjedl/ - /fel/

11) /dl/ ↔ /l/ i trykklett stilling, dømme: <gammal> /gamadl/ - /gamal/

12) /ç/ ↔ /ʃ/, dømme: <kyrkje> /çørçça/ - /ʃørʃa/\*

13) /rt/ ↔ /t/, dømme: <fort> /fɔrt/ - /fɔt/\*

## **5.6.2 Formverk**

### 5.6.2.1 Konsonantisme (plosivbortfall)

14) /dn/ ↔ /n(e)/, dømme: <hestane> /hestadn/ - /hestan(e)/

### 5.6.2.2 Pronomen 1. person fleirtal

15) /i:/ ↔ /e:/, dømme: <me> /mi:/ - /me:/

### 5.6.2.3 Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord

16) /ei:/ ↔ /a/, dømme: <helgi/a> /helgei:/ - /helga/, <husi/a> /hiu:sei:/ - /hiu:sa/ \*

### 5.6.2.4 Bunden form eintal av adjektiv og kvantoren <nokon> framfor hokjønns substantiv

17) /ei:/ ↔ /a/, dømme: <ei liti/a bok> /ai lei:tei: bou:k/ - /ai lei:ta bou:k/ \*

### 5.6.2.5 Preteritum og perfektum partisipp

18) /eʊ:, eʊ/ ↔ /ɔi/, dømme: <kørde> /ççeʊ:re/ - /ççɔirde/ eller /ʃɔirde/ og <køyrte> /ççeʊrt/ - /ççɔirt/ eller /ʃɔirt/

19) /eʊ/ eller /au/ ↔ /a/ eller /ɔ/: <song> /seʊng/ eller /saʊng/- /sang/ eller /sɔng/

20) /ld/ ↔ /l/ og /nd/ ↔ /n/: <skulle> /skulde/ - /skule/, <ville> /vilde/ - /vile/ og <kunne> /kunde/ - /kune/

### 5.6.2.6 Plosivfesting av affrikatar

21) /ainj/ ↔ /aing, eng/, dømme: <treng> /trainje/ - /trainge/ eller /trence/

22) /ainç/ ↔ /aink, enk/, dømme: <tenkjer> /tainççe/ - /tainke/ eller /tenke/

23) /j, ç/ ↔ /g,k,t/, dømme: <leggja> /laijja, lejja/ - /laiga, lega/, <tenkja> /tainçça, tencça/ - /tainka, tenka/, <sitja> /sitçça/ - /sita/

### 5.6.2.7 Adverb

24) /ei:ɪ/ ↔ /i:/ <inn> /ei:n/ - /in/, <innan> /ei:nan/ - /inan/ og <inne> /ei:ne/ - /ine/

Også denne gongen, som i hovudoppgåva, er hovudpoenget mitt å gje ei synkron framstilling av sogndalsdialekten. Bak dei ulike variablane ligg det likevel ei diakron forklaring som har gjeve opphav til det tradisjonelle systemet. Dette gjer eg greie for i kommentarane til kvar einskild variabel. I tillegg vil eg visa kvar det tradisjonelle trekket har kjerneområdet sitt, og gje døme på den aktuelle variabelvekslinga. Ei fullstendig liste over alle orda i undersøkinga er lista opp i vedlegg H.

### 5.6.3 Kommenterar til variablane<sup>53</sup>

**Variabel 1)** Variabelen gjeld i dag ord som kan veksla mellom /i/ eller /e/ (både kort og lang). Informantar kan til dømes veksla mellom å seia /bri:v/ eller /bre:v/ i lang posisjon og mellom /sit/ eller /set/ i kort posisjon. Variabelen gjeld òg i trykklett posisjon t.d. /bita:la/ eller /beta:la/. Lågning av kort *i* kan berre skje i ord med kortstava rot i norrønt, t.d. <friðr>. Det er derimot ikkje snakk om noka lågning av kort *i* i ord med langstava rot i norrønt som i t.d. <fisk> eller <kvist>. Slike ord vil difor ikkje bli talde opp i materialet. Suffiks på <-leg> og <-ete> vert som i hovudoppgåva (jf. Haugen 1998) ikkje talde opp i materialet under denne variabelen av di trykklette suffiks kan ha heilt annan fonologi enn vokalar som står i stammen på eit ord, og *e*-forma er her ei etymologisk eldre form enn *i*-forma, dvs. viser motsett tendens av det variabelen elles viser. Ord som: <vanleg, farleg, skikkeleg, jentete, rotete> og <klumpete> vert difor ikkje med i materialet.

Eg har heller ikkje teke med ord som ber merke på at dei er lånte som heilskap inn i dialekten utan at dei er tilpassa ein av dei to variantane /i:ɪ, i/ eller /e:ɪ, e/. Døme på dette er ord som <til, tilfeldig, fritidstilbud> der *l*-en i ordet vert uttala. I dei tilfella *l*-en vert uttala, vil ordet alltid bli uttala med varianten /i/, slik at varianten med /e/ her ikkje er eit mogleg alternativ.

Lang *i* frå norrønt har gjeve diftongen /ei/. Historisk viser det seg difor å vera ein sterk tendens til at det er norrøn lang *e* og kort *i* som har gjeve *i*-fonemet i den tradisjonelle sogndalsdialekten. Det finst òg nokre einskildord frå norrøn kort *e* som har fått *i*-fonemet, t.d. har det norrøne ordet <sleði> vorte til /sli:e/ = <slede> (subst.) i sogndalsdialekten, og det norrøne ordet

<sup>53</sup> Kommentarane til variabel 1 og 2 er noko oppjusterte i høve til hovudoppgåva. Elles er kommentarane nesten identiske med det som stod i hovudoppgåva mi når det gjeld dei 18 “gamle” variablane (jf. Haugen 1998). Variabel 7, 9, 12, 13, 16 og 17 her er derimot nye variablar, dvs. variablar som ikkje var med sist.

«etit» er vorte til /i:te/ = «ete» (verb, perf. part.) sjølv om dei fleste orda, t.d. «vera, bera, verk, glede» vert uttala med *e*-fonemet. Her er nokre døme på ord frå norrøn lang *e* og kort *i*:

<u>norrønt:</u>	<u>sogndalsmål:</u>
lifa	----- /li:va/ = «leva» (verb)
biðja	----- /bi:/ = «be» (verb)
bréf	----- /bri:v/ = «brev» (subst.)
tré	----- /tri:/ = «tre» (subst.)

Variabelen har Sogndal og Aurland som kjerneområde.<sup>54</sup> Variantane til denne variabelen kan då vera: /i:/, i/ ↔ /e:/, e/, døme: /bri:v/ - /bre:v/, /sit/ - /set/.

**Variabel 2 og 3)** Hovudgruppa i desse variablane gjeld norrøne korte *y*-ar som kan ha blitt lågna til  $\emptyset$ . Kort *y* i langstava rot i norrønt har fått lågning til /ø/ i sogndalsdialekten. Her er nokre døme som syner det:

<u>norrønt:</u>	<u>sogndalsmål:</u>
klyppa	----- /kløpa/ = «klyppa» (verb)
þykkja	----- /tøçça/ = «tykkja» (verb)
bygð	----- /bøgd/ = «bygd» (subst.)

Dette gjeld òg for ein del ord som hadde kort *i* i norrønt, t.d. «missa», «kirkja» og «stilk», men som likevel fekk tidleg overgang til /y/ i norsk generelt. Deretter har desse orda òg fått lågning i sogndalsdialekten. Når ein ikkje har fått lågning, har den norrøne korte *y*-en falle saman med den norrøne lange *y*-en til /øy/. Norrøn lang *y* vert diftongert til /øy/ i Midtre Sogn (jf. Larsen 1926: 52).

Ordet «brjóst» går ikkje utan vidare inn i dette systemet. I gamalnorsk tid kan sambandet «jó» ha gått over til «jó» og deretter ha mista *j*-en etter *r*-lyden eller konsonantgruppa og så fått kort  $\emptyset$ -fonem til «brøst» pga. den lange konsonantismen bak.<sup>55</sup>

<sup>54</sup> Denne utviklinga er endå sterkare gjennomført i Aurland. Det er såleis ein del ord i sogndalsmålet som ikkje har den lydrette utviklinga, men bryt med systemet: «rett» /ret/, «lell» /lel/ og «lett» /let/ (jf. Larsen 1926: 114 – 120). I dei norrøne orda «líkamr» og «slíkr» skulle me venta oss diftongering i sogndalsmålet. Ordet «líkamr» har ikkje fått diftongering, og me må difor kalla det for eit lånord i målføret, medan «slíkr», som i dag vert uttala /sli:k/, truleg har vorte avleidd av nøytrumsforma som alt tidleg gjekk over til kort vokal i norrønt.



Nokre ord har likevel ikkje /ø/ som utgangsvariant og lyt dermed reknast som unntak. Det gjeld t.d. orda <lykel> og <rygg>. Varianten med /ø/ står sterkt i Sogndal og ytre delar av Luster (Hafslo og Veitastrom), særleg i pret. og perf. part. av verb t.d. /bøgde/, /tøkte/. Når det gjeld Indre Sogn, breier y-uttalen seg meir og meir (jf. Bjørkum 1974: 46 – 48). I hovudsoknet har ein berre eitt fonem for moderne <ø>, medan ytre delar av Norum sokn har to, eit trongt som t.d. i <ør> (adj.) og eit ope som t.d. i <smør> (subst.) (jf. Ølmheim 1971: 83 – 86).<sup>56</sup>

Variabel 2 og 3 gjeld vekslinga mellom variantane /ø/<sup>57</sup> ↔ /øy/, og allofonen [u] går inn som allofon av /ø/. Eg har valt å dela gruppa av ord som kan veksla mellom dei to variantane /ø/ ↔ /øy/ inn i to variablar ut frå om kvar einskild informant har etterfylgjande palatal i ordet eller ikkje, av di vekslinga mellom dei to variantane truleg vil bli påverka av palatalen framom. Ord som t.d. /suste/ - /søyste/ vil bli talde opp under variabel 2, medan t.d. /støççe/ - /støyççe/ vil høyra til variabel 3.

**Variabel 4 og 5)** Ein reknar med at me ein gong i norrøn tid har fått eitt langt, lågt, bakre samanfallsprodukt for *á* og *ø*. Halvorsen (1984: 239) seier: “I storparten av Norden har dette lange *a*-fonemet gått over til en rundet lyd, en *å*-lyd, i noen utkantområder er fonemet diftongert, og i noen få områder er gammel *a*-kvalitet bevart.” Dei korte *a*-ane framom velar nasal har slutta seg til dei lange i moderne uttale, og ein kan difor tenkja seg dette systemet for sogndalsmålet:

<u>norrønt:</u>	<u>sogndalsmål:</u>
langr -----	/laʊŋ/ = <lang> (adj.)
þrøŋg -----	/traʊŋ/ = <trong> (adj.)
søŋg -----	/saʊŋ/ = <song> (subst.)

<sup>55</sup> Ei tilsvarende utvikling til ø-lyd kan ein tenkja seg har skjedd med det norrøne ordet <ljós>. Dette ordet har likevel ikkje fått kort ø-lyd eller *j*-bortfall pga. at det er berre éin konsonant bak og det står ingen <ɾ> eller konsonantgruppe framom <j>.

<sup>56</sup> Trong ø kjem frå ó, medan open ø kjem mellom anna frå ø. I den grad dette ikkje stemmer, kan ulike konsonansomgjevnader vera årsak til unntak frå dette systemet.

<sup>57</sup> [u] har oppstått ved å bli lågna frå kort y i langstava rot i norrønt og oppfører seg berre som ein allofon av /ø/. Alle belegg med denne allofonen vert av den grunn slegne saman og talde opp under den tradisjonelle varianten med fonemet /ø/.

Me vil i dag finna den nye varianten frå /aʊ/ til /a/ eller /ɔ/ i dei orda som kjem frå norrøn *ǫ*, medan dei orda som kjem frå norrøn *a*, berre kan alternera mellom /aʊ/ og /a/. Variabelen er berre aktuell framom sambanda /ng/ eller /nk/, og trekket er vanleg i heile Midtre Sogn med unntak av Aurland. Variantane ser i dag slik ut for variabel 4: /aʊ/ ↔ /a/ dømme: /laʊng/ - /lang/ og for variabel 5: /aʊ/ ↔ /ɔ, a/ dømme: /staʊng/ - /stɔng, stang/.

**Variabel 6)** Framfor konsonantsambanda /ng/, /nk/ og /g/ får sogndalsmålet diftongering av /e/ til /ai/, t.d. i ord som <lenge>, <benk> og <leggja>. Dette er eit fenomen som gjeld både Midtre og Indre Sogn, men ikkje i dei to øvste skulekrinsane på Borgund framfor /ng/ og /nk/ og ikkje i Lærdal og Borgund (jf. Bjørkum 2002a: 40) og i Aurland framfor /g/ (jf. Larsen 1926: 120 og kap. 3.3). Variantane ser slik ut: /ai/ ↔ /e/ dømme: /traingst/ - /treqst/.

**Variabel 7)** Den norrøne lange *á* har gjeve diftongert uttale /aʊ/ i sogndalsdialekten. Skard (1976: 89) skriv dette om denne lyden:

I gammelnorsk hadde alle vokaler opprinnelig samme kvalitet uansett om de var lange eller korte. Men ca. 1200 – 1250 foregår en forandring over nesten hele det nordiske området: *á* får labialisering, så uttalen blir som nåværende *å*. Bare i islandsk og en del norske dialekter (bl.a. Voss, Sogn, Hardanger) er labialiseringen ikke kommet til å omfatte hele vokalen, men bare slutten, så resultatet blir en diftong: *ao*.

Ein har såleis fått fylgjande utvikling i sogndalsmålet:

<u>Norrønt:</u>	<u>Sogndalsmål:</u>
mál -----	/maʊl/ = <mål> (subst.)
sá -----	/saʊ/ = <så> (verb)
frá -----	/fraʊ/ = <frå> (prep.)

Denne diftongeringa har vore eit tradisjonelt målmerke for heile Sogn, Hardanger og Voss. Variantane for denne variabelen er i dag /aʊ/ ↔ /ɔ/ som i t.d. /sprauk/ - /sprɔ:k/ eller stundom både /ɔ/ og /a/ som i t.d. /ifrau/ - /ifrɔ, ifra/.

**Variabel 8)** Konsonantsambandet <rn> vert differensiert til <dn>. Denne regelen er ikkje lenger særleg produktiv i nyord og i personnamn. Ord som t.d. <tårn>, <fjernsyn> og <Arne> kan ikkje ha

differensiering og er difor ikkje rekna med til materialet mitt. Variabelen viser derimot variasjon i nyare samansetjingar som t.d. <barnetimen> og <barnehage>. Desse orda vert difor talde opp. Dette trekket er sams for Midtre og Indre Sogn, og variabelen har desse variantane: /dn/ ↔ /rn/, døme: /badnaha:ge/ - /barneha:ge/.

**Variabel 9)** Konsonantsambandet <rn> vert differensiert til <dn> i tradisjonelle ord som <gjerne>, <korn> og <garn>. Nyord som <fjernsyn, turn, kornett, journalist> er ikkje med i analysen av di differensiering ikkje har verka på desse orda. Orda <tårn> og <hjørne> har heller ikkje fått differensiering i sogndalsdialekten. Dette trekket er sams for Midtre og Indre Sogn, og variabelen har desse variantane: /dn/ ↔ /rn/, døme: /ga:dn/ - /garn/.

**Variabel 10)** Sogndalsmålet har fått segmentasjon av lang /l/, <ll> i skrift, til /dl̥/ etter kort vokal i rotstavingar t.d. <fjell> /fjedl̥/. Dette vil ikkje skje i samansetningar framfor konsonant. Det heiter difor <fjelltopp> /fjeltɔp/. Unntaket gjeld òg i faste uttrykk som t.d. <i alle fall>, <i full fart>, i ein del nyare innlån som t.d. å <grilla> og eit <kull> og finalt i ord, t.d. <hall> /hal/. Slike ord vil difor ikkje bli talde med til materialet. Ordet <fotball> burde falla i same kategori, men viser seg derimot å vera eit ord som har tilpassa seg systemet. Talemålstrekket er vanleg både i Indre og Midtre Sogn. Variabelen har variantane /dl̥/ ↔ /l/. Døme for variabel 10 er ord som /fjedl̥/ - /fjel/.

**Variabel 11)** Segmentasjon av lang /l/, <ll> i skrift, til /dl̥/ kan òg skje i trykklett staving av <l>, t.d. /høvedl̥, søkedl̥/. Desse tilfella vil såleis bli talde opp her under variabel 11. Talemålstrekket er vanleg både i Indre og Midtre Sogn. Variabelen har variantane /dl̥/ ↔ /l/. Døme for variabel 11 er ord som /søkedl̥/ - /søkel/.

**Variabel 12)** Kj-lyden er ei kopling mellom velaren <k> eller dentalen <t> + framre vokal. I sogndalsmålet har denne lydkombinasjonen tradisjonelt vorte uttala med den palatale affrikaten /ç̟/. Når ein i dag stundom kan høyra ord uttala med den postalveolare frikativ /ʃ/, kan ein tenkja seg at det kan ha skjedd ei tretrinns utvikling der ein har hatt ein mellomliggjande palatal frikativ /ç/.<sup>58</sup> Utviklinga kan då illustrerast på dette viset: /ç̟/ > /ç/ > /ʃ/. Den tradisjonelle uttalen med

<sup>58</sup> Bruk av palatal frikativ er svært vanleg blant sogndøler i dag og vil i dette materialet bli rekna som ein allofon av den palatale affrikaten. Informant 9 har òg eit utvikla metaspråk om dette fenomenet (jf. kap. 6.5.8).

palatal affrikat har vore vanleg i heile Sogn. Den nyare varianten er dei siste åra observert mange stader i landet. Variabelen vil her ha desse variantane: /çç/ ↔ /ʃ/ dømme: /ççørçça/ - /ʃørʃa/.

**Variabel 13)** Retroflekering av sambandet <rt> er eit tidleg fenomen i austnorsk (jf. Seip 1955: 177) og høyrer tradisjonelt ikkje heime i sognemåla. I dag er likevel både retroflekering og skarre-*r* på frammarsj i norske talemål, men truleg av di dei to trekka er fonologisk vanskelege å kombinera, ser det ut til at eit talemål som tek opp i seg det eine trekket, ikkje får det andre (jf. Torp 2000: 76 – 78). Det kan av den grunn vera interessant å sjå kor langt ei eventuell retroflekering er komen i sogndalsmålet. Variabelen vil ha variantane /rt/ ↔ /t/, dømme: /ført/ - /fot/.

**Variabel 14)** Dei norrøne endingane -<arnar>, -<irnar> i b.f. fleirtal av feminine og maskuline substantiv har vorte til /adɳ, edɳ/ i sogndalsmålet. Dømme: /hestadɳ, skau:ledɳ/. Trekket dekkjer heile Midtre og Indre Sogn. Variabelen har desse variantane: /dɳ/ ↔ /n(e)/ dømme: /hestadɳ/ - /hestan(e)/.

**Variabel 15)** Opphavet og grunngevinga til denne variabelen er den same som for variabel 1, men er her avgrensa til berre å gjelda pronomensforma i 1. person fleirtal: <me>, som difor ikkje er tald med under variabel 1. Variabelen er felles for heile Midtre Sogn, og variantane er /i:/ ↔ /e:/ /mi:/ - /me:/.

**Variabel 16)** Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord endar tradisjonelt på /ei/ i Indre og Midtre Sogn. Ytre Sogn og Sunnfjord har ending på /a/. Variantane for denne variabelen ser i dag slik ut: /ei:/ ↔ /a/, dømme: /helgei:/ - /helga/ og /hiu:sei:/ - /hiu:sa/.

**Variabel 17)** Bunden form eintal av adjektiv som endar på <-en> og <-i> i nynorsk, som t.d. <vaksen/vaksi> og <open/opi>, får tradisjonelt sett endinga /ei/ når dei står til eit hokjønnsord. Dette gjeld òg for kvantoren <nokon>. Dette målmerket er sams både for Indre og Midtre Sogn, medan Ytre Sogn og Sunnfjord har ending på /a/. Variantane for denne variabelen er /ei:/ ↔ /a/, dømme. /ai opei: dør/ - /ai opa dør/.

**Variabel 18)** Sogndalsmålet har i høve til dei fleste andre sognemåla fått ei særutvikling i preteritum og perfektum partisipp av verba å <køyra> /ç̥œ̃:re/, /ç̥œ̃:rt/ og å <høyra> /hẽ:re/, /hẽ:rt/. Denne variabelen er morfologisk, men gjeld berre verba <køyra> og <høyra>. I tillegg til Sogndal kan delar av Luster òg reknast med til kjerneområdet for dette trekket. Variantane vert sjåande slik ut: /œ̃:, œ̃/ ↔ /ɔi/ døme: /ç̥œ̃:re/ - /ç̥ɔirde/ og /ç̥œ̃:rt/ - /ç̥ɔirt/.

**Variabel 19)** Denne variabelen liknar på variabel 18, men gjeld berre pret. forma av verbet å <syngja>. Kjerneområdet for dette trekket er Sogndal og Leikanger når det gjeld /œ̃/, men også resten av Midtre Sogn, bortsett frå Aurland, må reknast med når ein også inkluderer forma /au/ til den tradisjonelle varianten. Om utvikling til preteritumsforma /œ̃/ seier Larsen (1926: 240 – 241): “I Sogndal og Leikanger har vokalen *y* i præs. mindet om præs. som *sýg'ə*, pt. *seug*, så at man der (tildels) har gjort den ringe forandring i pret. fra *saúng* og *slauing* til *seúng* og *sleúng*.”<sup>59</sup> Variabelen har desse variantane: /œ̃:, au/<sup>60</sup> ↔ /a, ɔ/<sup>61</sup> døme: /seung, saung/ - /sang, søng/.

**Variabel 20)** Både norrønt og dei tradisjonelle sogndalsformene har hatt dentalsuffiks i pret. av dei modale hjelpeverba å <skulla>, å <villa> og å <kunna>. Dentalsuffiks har vore vanleg i alle sognemåla. I dag viser det seg at ein ofte får eit assimilasjonsprodukt her. Variantane vert dermed: /ld/ ↔ /l/ og /nd ↔ /n/: /skulde/ - /skule/, /vilde/ - /vile/ og /kunde/ - /kone/.

**Variabel 21 og 22)** Som skissert under morfofonologisk regel Mf1 (jf. kap. 3.4.3) får sogndalsmålet palatalisering av velarar etter /ai/ og framfor ending både av maskulin *er*-klasse og sterkt femininum. Larsen (1926) fører ikkje opp palatalisering i eintalsformer av substantivet, men Ølmheim (jf. 1986: 60) seier: “Også i ord på *ng* og *nk* skifter uttalen: draing – ’draingen/’draingjen – ’drainge/’draingje, baink – ’bainken/’bainkjen – ’bainke/’bainkje.”<sup>62</sup> Variablane gjeld òg i infinitiv og presens av linne verb frå 4. kl., for adverbet <lenge> og pronomenet <begge>. Med unntak for substantivsendingane i Lærdal og Årdal gjeld den tradisjonelle varianten både for Midtre og

<sup>59</sup> Lydskrifta i dette sitatet er skriven i Norvegia.

<sup>60</sup> A.B. Larsen (1926: 241 og 569) fører både /œ̃/ og /au/ opp som sogndalsformer. Eg har difor valt å lata begge desse formene representera den tradisjonelle varianten.

<sup>61</sup> Også den nyare varianten kan veksla mellom to former: /a/ eller /ɔ/.

<sup>62</sup> Ølmheim nyttar teiknet ’ for å markera at ordet har tonem 1 og teiknet ” for å markera at ordet har tonem 2.

Indre Sogn. Alternativet til ein palatal uttale av desse orda er ei plosivering eller plosivfesting av konsonantane, dvs. at orda vert uttala utan *j*-haldig lyd. Variantane for variabel 21 er: /ain<sup>h</sup>jj/ ↔ /aing, eng/ døme: <treng> /train<sup>h</sup>je/ - /trainge, trenge/, medan variantane for variabel 22 er: /ain<sup>h</sup>c̣/ ↔ /aink, enk/ døme: <tenkjer> /tain<sup>h</sup>c̣e/ - /tainke, tenke/.

**Variabel 23)** Sogndalsmålet har fått palatalisering av velarar i infinitiv av verb framfor annan palatal. Dette gjeld både heile Midtre og Indre Sogn. Variantane er: /<sup>h</sup>jj, c̣/ - /g, k, t/ døme: /li<sup>h</sup>ja, tain<sup>h</sup>c̣a, sic̣a/ ↔ /liga, tainka, sita/.

**Variabel 24)** Diftongering av adverba <inn>, <innan> og <inne> er eit trekk som gjeld heile Midtre Sogn med unntak for Aurland. Variabelen ser slik ut: /ei:/ ↔ /i/ døme: /ei:nu<sup>m</sup>/ - /inu<sup>m</sup>/.<sup>63</sup>

#### 5.6.4 Kvalitetskontroll av talemålsmaterialet

Alle dei 18 variablane som var med i undersøkinga av sogndalsdialekten sist (jf. Haugen 1998), er òg med i denne granskinga. I tillegg har eg seks nye variablar. Også i denne granskinga er eg oppteken av å kartleggja belegg som viser variasjon i talemålet. For dei “gamle” variablane har eg valt å ta med alle belegg i ord som viste variasjon sist. Belegg som i den førre undersøkinga vart tekne ut av materialet og førte på lista over 100 % tradisjonelle former (jf. Haugen 1998: vedlegg F), er analyserte denne gongen dersom det viser seg at dei no kan realiserast òg med nyare variantar. Ord som sist stod på lista over 100 % nyare former (jf. Haugen 1998: vedlegg G), er ikkje med i materialet denne gongen heller dersom det ikkje finst belegg på at dei kan uttalast tradisjonelt.<sup>64</sup>

Den historisk-fonologiske utviklinga for kvar variabel bestemmer kva som skal reknast som tradisjonelle og nyare variantar. Likevel kan det dukka opp ord av nyare dato, der eg er i tvil om den tradisjonelle uttalen framleis er produktiv. Eg har i slike tvilstilfelle difor konferert med eit par innfødde og fastbuande sogndøler, ei kvinne (T.R. fødd 1935) og ein mann (I.J.Y. fødd 1940) og

<sup>63</sup> Ølmheim refererer til at “representantar for Sogndal sentrum” hevdar at desse formene har ein uttale med dobbel konsonant i Sogndal sentrum (jf. Ølmheim 1971: 131). Dette stemmer ikkje med mine observasjonar av korleis folk frå Sogndal sentrum snakkar.

<sup>64</sup> Ordet <opplegg> frå variabel 6 er døme på eit ord som stod i lista over 100 % nyare former sist, men som likevel er med i materialet denne gongen av di ein av informantane mine har ei tradisjonell form av dette ordet, og ein av bakgrunnsinformantane mine hevdar at dette ordet kan uttalast på tradisjonelt vis i sogndalsdialekten. Ordet <tregt> er derimot ikkje med. Sjølv om ein av informantane uttalar dette ordet ein gong med ein tradisjonell uttale /traigt/, hevdar begge dei eldste bakgrunnsinformantane mine at dette ordet ikkje har ei tradisjonell form i sogndalsdialekten.

spurt dei om kva dei reknar som tradisjonelle former. For ord med berre nyare form har eg konferert med to unge sogndøler, ein gut (E.F. fødd 1987) og ei jente (M.V. fødd 1985), dvs. frå same aldersgruppe som informantane i talemåls materialet, og spurt om dei kjenner til ei slik nyare form i sogndalsdialekten.

Kort oppsummert har eg sett desse krava til om orda skal vera med i materialet eller ei:

1. Ord eller ordstammar som viste variasjon i hovudoppgåva (jf. Haugen 1998), er òg med no.
2. Ord eller ordstammar som hadde 100 % tradisjonelle eller 100 % nyare former sist, er med dersom dei avvik med meir enn eitt belegg frå dette mønsteret no.<sup>65</sup>
3. Ord eller ordstammar som ikkje var representerte sist, er med dersom dei viser variasjon i materialet. Dette kriteriet gjeld òg for dei seks nye variablane.
4. Ord eller ordstammar som ikkje var med sist, og berre viser 100 % nyare former i materialet, er med dersom minst éin av dei to eldre kontaktpersonane kjenner til at ordet har ei tradisjonell uttaleform i bygda. Også dette kriteriet gjeld for dei seks nye variablane.
5. Ord eller ordstammar som ikkje var med sist, og berre viser eitt belegg på ei tradisjonell eller ei nyare form i materialet, er med dersom minst éin av dei eldre eller dei unge kontaktpersonane kjenner til at ordet har ei tradisjonell eller moderne uttaleform i bygda. Også dette kriteriet gjeld for dei seks nye variablane.
6. Alle ord i variablar med ein regelstyrt fonologisk eller morfologisk struktur, vert talde opp sjølv om dei som enkeltord ikkje viser variasjon. (Dette gjeld variabel 13, 14, 16 og 17)

For alle variablane som ikkje er regelstyrte, gjeld dessutan at orda må visa variasjon med minst to belegg. Dersom det berre finst eit avvik på eitt belegg, må minst éin av kontaktpersonane mine kjenna til denne forma for at ordet skal vera med i materialet.<sup>66</sup>

Som generell framgangsmåte for alle variablane, har eg ikkje analysert belegg i ord som eg under transkripsjonen har gjeve merket <uklar> eller <sitat>. Markeringa av kva som var uklare ord, var altså ei kategorisering eg gjorde då eg la inn materialet.

Eit eksempel frå materialet kan illustrera korleis dette har fungert i praksis. Ordet <panel> frå variabel 1 har eitt belegg på ei nyare form. Då spurde eg både dei to unge kontaktpersonane om dei kjende til uttaleforma /pane:l/, den nyare varianten, og dei to eldre kontaktpersonane om dei kjende

---

<sup>65</sup> Sjå vedlegg F for ord som har 100 % tradisjonelle former og vedlegg G for ord som har 100 % nyare former.

<sup>66</sup> Dette kravet er med for å gjera materialet mest mogleg kompatibelt med materialet frå hovudoppgåva mi (jf. Haugen 1998: 58).

til uttaleforma /pani:l/, som er den tradisjonelle varianten. Dersom ingen av dei to unge hadde kjent til den nyare varianten, hadde ordet vorte stroke og rekna som feilsnakking. Viss minst éin av dei to unge hadde gått god for den nyare varianten, ville det ha blitt rekna med til materialet berre dersom òg minst éin av dei to eldre kunne ha stadfesta at dette ordet kunne uttalast på den tradisjonelle måten, dvs. kan variera. Om dei eldre derimot også berre hadde gått god for den nyare varianten, hadde ordet vorte ført over på vedleggslista over ord som berre har nyare former.

### 5.6.5 Ekserpering, koding og kontroll

Etter innsamlinga fekk eg brent dat-kassetane over på 18 cd-ar der opptakstida varierte frå 35 minutt til 48.40 minutt. I alt hadde eg opptak som tilsvare 12 timar, 25 minutt og 12 sekund. Eg skreiv alt som hadde vorte sagt inn i programmet PRAAT (jf. kap. 5.8.2.5), eit arbeid som tok 9 – 10 timar per time opptak, før Knut Hofland på HIT-senteret kopla saman lyd og tekst i søkjeprogrammet Talesøk. Variabel 1 – 3 og variabel 16 og 17 måtte eg dessutan koda, “tagga”, manuelt, medan dei andre variablane kom fram ved å søkja på lydar eller ordstrenger i søkje-programmet. Eg har valt ei klassifisering av belegga på dette viset:

1 = tradisjonell variant

2 = nyare variant (dvs. varietet 2 for dei 18 “gamle” variablane og varietet 3 for dei seks “nye”)

i = ikkje mogleg å høyra kva variant eller lyd som vert sagt på grunn av lydnivå eller mangelfullt klassifikasjonsgrunnlag på dei definerte variantane

a = andre variantar enn dei eg opererer med i inndelingane av varietetane

Kategoriane “ikkje mogleg å høyra” og “anna” var ikkje med i det heile i hovudoppgåva mi. Ved å ta dei med som eigne kategoriar her, meiner eg at eg har isolert det som elles ville ha vore ei metodisk feilkjelde. Eg har likevel valt å halda desse kategoriane utafor i dei kvantitative analysane. Alternativt kunne eg ha teke med “anna” i kalkylegrunnlaget, men då ville ikkje distinksjonen blitt “tradisjonell varietet” og “nyare varietet”, men “tradisjonell varietet” og “ikkje-tradisjonell varietet”, der sistnemnde kategori ville ha vorte summen av “nyare varietet” og “anna”. Då ville eg ha fått ein meir upresis distinksjon av di den eine kategorien ville innehalda element med ei større spreiding, dvs. med større innbyrdes ulikskap, enn den andre. Som eit døme kan eg nemna variabel 15 med vekslinga mellom pronomenforma i 1. person fleirtal /mi:/ ↔ /me:/. Dette er ein skilnad i fonetisk realisasjon. Dersom eg hadde inkludert “anna”, med forma /vei:/, ville det ha medført at eg



innførte eit nytt leksem noko som såleis ville ha vore eit brot på denne variabelen. Eg har difor valt å halda på distinksjonen mellom “tradisjonell varietet” og “nyare varietet”, men eg vil halda eit auga med og opplysa om kategoriane “anna” og “ikkje mogleg å høyra” der desse er sær store.

Ein del generelle avvik for kvar variabel har eg alt vore inne på i kap. 5.6.3. Her vil eg sjå nærare på konkrete vanskar knytte til sjølve ekserperinga. Eg vil kommentera kor lett eller vanskeleg det har vore å skilja ut variantane i dei ulike variablane under lytting, og kva som kjenneteiknar belegga med merkelappen “anna”. Døma vil då heile tida vera henta frå informantane i gruppe I nedafor (jf. kap. 5.7.4).

Variabel 1 – 3 vart merkte, “tagga”, og analyserte under innlegginga av materialet, men likevel høyrde eg gjennom alle desse variablane på nytt etter at lyd og tekst var kopla. På den måten fekk eg såleis òg kontrollert mi eiga lytting.

Variabel 1 er som i hovudoppgåva (jf. Haugen 1998) den mest frekvente variabelen i heile materialet. Trass i at variantane i variabel 1 ikkje alltid er like lette å skilja frå kvarandre, er det viktig å vera klar over at eventuelle feillyttingar vil gje mindre utslag på resultatata her enn det lyttefeil i ein variabel med få belegg vil gjera i og med at kvar variabel vil telja like mykje når eg slår dei saman. Nedafor kjem ei liste med uttale av ord som fall utafør kategoriseringa hjå nokre av informantane, og kom under “anna”: <tredje> /traɪ:ɛ/, <nærmare> /nɛrmare/, <eigentleg> /aigɛntle/, <einige> /ainige/, <teke> /tat/, <sete> /sɔ:te/, <halde> /hɔlt/, <slege> /slɔt/, <riven> /rivd/, <forstått> /fɔrstɔt/, <stått> /stɔt/. I hovudoppgåva mi er ordet <forskjellige> /fɔrfelige/ ført opp som eit ord med 100 % nyare form samstundes som <forskjellig> /fɔrfelig/ er teke med som ord som varierer. Dette er uheldig og feil, og alle desse formene av det same ordet er difor med i materialet denne gongen.

Både variabel 2 og 3 var stort sett greie å analysera, og her var heller ingen ord som ikkje let seg plassera innafør kategoriane under lyttinga. Ordet <syngja> vert i Sogndal tradisjonelt sett uttala /sjɔŋga/ i infinitiv (jf. Larsen 1926: 202 – 203) og /søŋjɛ/ i presens (jf. Larsen 1926: 230 – 231), slik at dette verbet ikkje er aktuelt til å vera med i denne variabelen.

Variabel 4, 5 og 6 var også stort sett uproblematisk å analysera. Under variabel 4 vart verbet <hang> ein stad uttala /hing/<sup>67</sup> hjå ein av informantane, og i variabel 5 er det eit døme på at substantivet <gong> vert uttala /gɔŋg/. Båe desse orda er førte opp under “anna”. Under variabel 6 valde eg å dela analysen inn i tre, etter ord som hadde lydkombinasjonar med <-egg>, <-eng> og <-

<sup>67</sup> Denne uttalen representerer i tillegg til /haɔŋg/ den tradisjonelle uttalen i sogndalsmålet av verbet <å hanga> i preteritum (jf. Larsen 1926: 590 – 591).

enk>. Her er døme på to avvik under kategoriseringa. Det eine er at verbet <leggja> ein gong vert uttala /liga/, og det andre er at det transitive verbet <hengde> ein gong vert bøygt intransitivt og uttala /hing/ og ein gong som /hang/.

Ved analyse av variabel 7, *ao*-lyden, støyte eg på ein del vanskar. Trass i eit trenn øyra, laut eg gje tapt når det galdt å høyra uttalen i einstava trykklette to- og trelydspreposisjonar og konjunksjonar. Somme gonger var det mogleg å høyra kva som vart sagt, men eg har valt å vera konsekvent og difor ta alle to- og trelyds preposisjonane og konjunksjonane, dvs. <då, når, frå> og <på> ut or materialet. Eg har registrert at diftongen ofte vert svakare og jamvel kan forsvinna heilt når ordet misser trykk. Det er etter mitt syn betre å ta bort desse belegga enn å ta dei med i materialet for såleis å unngå at dei kan bli farga av persepsjonen min til å tolka inn ei tradisjonell eller ei nyare form. Den nye varianten ser ut til å fylgja skriftmønsteret, dvs. at /fraʊ/ kan bli til /frɔ/ eller /fra/, medan /paʊ/ berre kan bli til /pɔ/. Ein gong vert rett nok verbet <må> uttala /ma/ hjå ein av informantane, men dette er eit eingongstilfelle og kan såleis oppfattast som ein “snakkefeil”. Som eit unntak til dei andre to- og trelyds- preposisjonane har eg likevel valt å analysera preposisjonane <ifrå> og <hjå> av di det her var mykje enklare å høyra skilnaden mellom dei to variantane enn for dei andre preposisjonane. For preposisjonen <hjå> går vekslinga mellom /jaʊ/ eller /aʊ/ uttala med den tradisjonelle varianten og /av/ uttala med den nyare varianten.

Av same grunn som for dei trykklette preposisjonane og konjunksjonane er heller ikkje *ao*-lydar som står i bøyingsutlyd, med i analysen, t.d. bunden form eintal av ordet <mamma> som ved avveikt diftong kjem til å likna den ubundne forma. Sjølv om konteksten vanlegvis kan fungera som ein god støtte for å bestemma forma, er ikkje denne støtten her nok for å tolka om desse orda er tenkte i bunden eller i ubunden form.

Ei anna viktig årsak til at det stundom kan vera nokså vanskeleg å høyra om informantane seier *ao*-lyden eller ikkje, er at dette trekket ligg på ein glideskala. Somme informantar uttalar tydeleg diftong, medan andre har svært varsam diftongering. Der eg trass i dei unntaka eg har sett opp her likevel har kome over ord der eg har vore i tvil om kva informantane seier, har eg difor kategorisert belegga som ikkje moglege å høyra.

Variabel 8 og 9 var greie å analysera. Ein informant har ein gong ei avvikande form av <søskenbarnet> når han uttalar det /søskenba:net/, men elles er det ingen avvik frå kategoriane, verken under variabel 8 eller 9.

Segmentering eller ikkje-segmentering under variabel 10 og 11, var òg grei å høyra. Trass i at ein informant ein gong har segmentering i det faste uttrykket <i alle fall>, er ikkje dette vanleg og

er difor teke ut av materialet.<sup>68</sup> Eit par informantar seier /kalte/ eller /kalde/ for verbet «å kalla» i preteritum, og éin gong finst det døme på at «fotball» vert til /fupa/. Når segmenteringa skjer i ord utan trykk tung staving framfor suffikset, vert orda plasserte under variabel 11, t.d. som i bunden og ubunden form eintal av substantantivet «sykkel». Variabel 11 har eg òg analysert i to grupper. I den eine gruppa er adjektiv eller substantiv i ubunden form eintal som endar på «-al» og «-el», t.d. «gamal» og «spiegel». I den andre gruppa er substantiv i bunden form eintal som t.d. «onkelen». Dei to eldste kontaktpersonane mine kjende ikkje til at ein kunne ha slik segmentering i adjektivet «ekkel» og i ubunden form eintal av substantivet «hybel». Desse orda er difor døme på ord med 100 % nyare form (jf. vedlegg G).

Variabel 12, *kj*-lyden, var ganske grei å høyra. Den tradisjonelle varianten omfattar både den palatale affrikaten /ç/ og den palatale frikativen [ç]. Eg valde å dela lyttesøka inn i grupper etter ord som starta med «ki-», «kj-», «ky-», «køy-», «tj-» og ord som hadde «kj-» og «tt-» midt inni eit ord, slik som t.d. «ikkje» og «atten». Ein del av tilfella med /j/ ser ut til å koma når informantane dreg saman stavingar, t.d. «har ikkje» kan verta /haʃe/, og «eg veit ikkje» kan verta /eg vaiʃe/. Av den grunn har eg òg skilt desse ordstrengene ut som eit eige lyttesøk. I enkelte tilfelle uttalar informantane berre ein *k*-lyd, *t*-lyd eller *d*-lyd t.d. i eit ord som «tenkja», og då har eg ført dette opp som «anna».

Variabel 13 var litt vanskeleg å jobba med av di eg ikkje har retroflektoring sjølv. Eg hadde opptak med eit talemål som har retroflektoring ved sida av meg, og spelte med visse mellomrom av dette for å kontrollera lyden. I tillegg fekk eg ein professor i nordisk med talemål som spesialområde (H.S.) og som sjølv har refroflektoring i talemålet sitt, til å høyra gjennom dei belegga eg framleis var usikker på. Han lytta gjennom og ekserperte denne variabelen hjå fem av dei 23 «primærinformantane» i gruppe I (jf. kap. 5.7.4). Det vart 133 av i alt 438 belegg, og dei utgjer 30 %. Han tok òg føre seg alle belegg innafor denne variabelen hjå seks av dei 13 informantane frå gruppene II – IV (jf. kap. 5.7.4). Då ekserperte han 128 av 271 belegg, dvs. 47 %, for desse tre gruppene. Det synte seg å bli ein del avvik mellom klassifiseringane mine og hans. Skilnaden låg ofte i at det eg ville klassifisera som ein retrofleks plosiv, oppfatta han som ein postalveolar plosiv som han heller gav merket «anna». Eg har difor valt å bruka hans ekserperingar i staden for mine egne. Det er også andre tilfelle der eg har måtta klassifisera uttalen under «anna». Informantane kan t.d. seia /burset, verfal, hve fal, spurstilbud/ og /førsete/. Det er òg fleire døme på at *r*-lyden fell bort, og at informanten berre uttalar *t*-en i ordet slik at ordet «sikkert» t.d. vert uttala /siket/ og

<sup>68</sup> Heller ikkje i hovudoppgåva mi vart slike faste uttrykk analyserte (jf. Haugen 1998: 55).

«snart» vert til /snat/. Også i tilfelle der informanten t.d. har uttala «rd» i staden for «rt» som i «lærde, klarde, køyrd», har eg ført uttalen opp under «anna» ettersom [rd] ↔ [d] ikkje går inn i variabelen.

Variabel 14 var stort sett grei å jobba med. Eg har delt sjølve variabelen inn etter om endingane er «-ane» eller «-ene». Kva ord som har den eine eller den andre endinga, varierer både etter ordklasse og etter om informantane har valt «nynorskbøyingar» eller «bokmålsbøyingar» av ordet. Nokre informantar med innflyttarbakgrunn har òg desse endingane i andre ord enn det ein vil ha i sogndalsdialekten, t.d. /mø:tene/, som i sogndalsdialekten vil bli til /mø:tei/ eller /mø:ta/. Desse uttalemåtene er ikkje talde med i materialet, men høyrer til kategorien «anna» av di dei fell utafor variantvekslinga mi. Men òg ein del informantar frå primærgruppa mi, gruppe I, viser vekslende bøying når det gjeld eit par ord. Substantiva «foreldra» og «friminutta» får stundom bøying som inkjekjønnsord og andre gonger som hankjønnsord. Desse orda kan såleis vera med både under variabel 14 og variabel 16 av di suffikset kan koplast til to leksem (jf. variabel 16).

Variantane til variabel 15, som gjeld same lydvekslinga som variabel 1, kunne stundom vera noko vanskelege å høyra dersom informanten ikkje la nok trykk på pronomenet, men let det flyta saman med ord som kom etter. Eg registrerte dessutan at variant 2, /me:/ oftast kom framfor eit ord som starta på «h» eller på vokal, t.d. «me hadde, me alltid, me ut, me å». Denne lågningstendensen kan truleg tolkast som om at informanten alt har førebudd seg på uttalen av ordet som kjem etter det personlege pronomenet. Nokre informantar veksla stundom til pronomenforma «vi». Denne siste forma har eg då kategorisert som «anna».

Variabel 16 var veldig grei å høyra. Eg valde å dela variabelen i to grupper og såg på hokjønnsord for seg og inkjekjønnsord for seg. Nokre ord har vekslende bøying hjå informantane. Ordet «søster» i bunden form eintal vekslar mellom å bli bøygd som eit sterkt og eit lint hokjønnsord, slik at informantane kan seia både /søstau/ og /søsterei/. Ordet «foreldra» vekslar mellom å ha fleirtalsbøying som inkjekjønnsord «foreldri» og som hankjønnsord «foreldrene». Den same bøyingvekslinga gjeld òg for «friminutta». Desse orda kan difor vera representerte anten under variabel 14 eller variabel 16 (jf. variabel 14). Nokså mange ord må dessutan gå under kategorien «anna» av di dei får ending på «-en» eller «-ene». Døme på slike ord er «fritida, tida, verda». Andre ord får berre stundom denne endinga, t.d. «orda, fjella, epla, fylka». I tillegg har desse orda: «rykta, landinga, rundkøytinga, opninga, masinga, tinga, roa, gjerdinga,» fått slik ending i dette materialet. Tre stader finst det òg døme på at informantar seier /tredn/ for «trea». Forma /tridna/ er belagt parallelt med forma /triei/ hjå Larsen òg (jf. Larsen 1926: 538 – 539) og er såleis ei gamal form i sogndalsdialekten.

Variabel 17 var òg stort sett grei å analysera. Adjektivet <lita> vert konsekvent uttala /lei:tɲ/ hjå alle informantane når det er snakk om alder. Dei seier med andre ord “Når eg var liten,…” same om det er referert av ein gut eller ei jente. Sjølv om ein éin stad òg kan høyra døme på /lei:tɲ/ interesse/, vert dette adjektivet elles bøygt i samsvar med det oppsette mønsteret for variabelen. Også adjektivet <noka> vert stundom bøygt utanom mønsteret og då gjerne uttala /nɔ:kə/, t.d. framfor <meining, eiga bedrift> og <anna oppmerksomhet>.

Variabel 18 og 19 var uproblematiske å analysera og svært lette å kategorisera. Variabel 18 delte eg inn i dei fire underkategoriane <køyrd>, <høyrd>, <køyrt> og <høyrt>. Nokre informantar har ending på <-te> i staden for <-de>, men fyrst når dei uttalar verba monoftongisk <kjörte, hörte, kjört, hört>, fører eg dei opp under “anna”. Det er sannsynleg at desse informantane òg har monoftongisk uttale av desse verba i infinitiv og presens, dvs. har formene <kjöra/e> og <kjører>.

Både variabel 19, 20, 21 og 22 var svært greie å høyra og analysera. Variabel 20 vart delt inn i grupper etter dei tre modale hjelpeverba <skulle, ville, kunne>. Når informantane har uttala /sku/ for <skulle>, har eg kategorisert det som “anna”. Variabel 21 og 22 er begge delte i to. Del a er sterke substantiv som får palatalisering etter ein morfofonologisk regel, medan del b er verb og adverb som får palatalisering ut frå leksikalske kriterium.

Under variabel 23 delte eg igjen inn i mange underkategoriar. Infinitivane vart delte inn etter desse ordstrengene: <ggj>, <enk>, <tj>, <kj->, <lj>, <mj> og <gj>. Somme informantar fekk òg ein kategori <tt> som ein kategori for infinitivar som eg i samsvar med uttalen deira la inn utan <j> i søkjeteksten, t.d. /sita, forseta/.

Variabel 24 var svært grei å analysera, og alle ord som har <-inn> i delar av ordet, går i ein og same kategori.

I tillegg til dei variablane eg har valt å analysera, finst det òg andre talemålstrekk som varierer hjå informantane. Det gjeld nyare trekk som t.d. *e*-infinitiv og skarre-*r*.

## 5.7 Sosiale variablar

I denne granskinga har eg 3 uavhengige sosiale variablar. To av dei, kjønn og foreldrebakgrunn, var kriterium som danna utgangspunkt for uttrekkinga av dei 36 hovudinformatane, medan klassetrinn kom til etter at gruppene var trekte.

### 5.7.1 Kjønn

Denne uavhengige variabelen er ein klassikar i sosiolingvistiske undersøkingar. Sidan det veldig ofte viser seg å vera både rapporterte (jf. t.d. Labov 1966 og Trudgill 1975a) og faktiske språkskilnader mellom menn og kvinner når det gjeld fonologiske variablar, er dette ein variabel ein ikkje utan vidare kan ta bort. Ein kan på den andre sida spørja seg om dette er ein biologisk eller ein sosial skilnad. Cameron (1985: 29) stiller fleire spørsmål om bakgrunnen for språkskilnadene:

How great are the verbal differences between men and women? Are they great enough, for instance, to justify us in talking about separate languages or dialects ('genderlects') for the sexes? Are the differences innate, reflecting anatomical or cognitive factors, or are they learned? At what stage of development do they arise? Finally, what can we learn from the substance of the differences? Are they best understood as expressing a feminine identity, as functions of the particular social/occupational roles taken by women in particular societies, or simply as the indices of oppression and powerlessness? What is their over-all significance?

Johnson (1997: 11) meiner òg at den språklege kjønsskilnaden er problematisk "[...] the implicit assumption that men and women are binary opposites, and that speech constitutes a symbolic reflection of that opposition, is inherently problematical both from the point of view of language *and* gender." Eg er ikkje interessert i å gå nærare inn i debatten om sexus og genus. I mitt høve er det nok å slå fast at eg med genus meiner det som kan vera annleis mellom kjønna utan at det finst biologiske restriksjonar som kan hindra det. Det vil seia at me ikkje er i stand til å sjå nokon automatisk biologisk grunn til at språklege variablar skal vera inherent med sexus. Når det gjeld modningsskilnader mellom jenter og gutar i ungdomsskulealder, er det likevel ikkje utenkjeleg at jenter kan liggja 1 – 2 år føre gutar på same alder. Ein er her såleis inne på ein fysiologisk/anatomisk skilnad som kan få konsekvensar for å operera med kjønn som ein sosial variabel. Dette kjem ofte ikkje særleg godt fram i sosiolingvistiske arbeid som tek føre seg ungdomsgrupper.

Sjølv om det ikkje er enkelt å svara på korleis kjønsskilnader oppstår, viser talemålsundersøkingar frå Noreg t.d. Numedal (jf. Papazian 1999), Voss (jf. Akselberg 1995) og Sogndal (jf. Haugen 1998) at kjønn er ein viktig sosiolingvistisk variabel.<sup>69</sup>

---

<sup>69</sup> Det finst òg døme på undersøkingar der kjønn ikkje har vist klare talemålsskilnader som t.d. Thoengen (1999) og Notland (2001).

### 5.7.2 Foreldrebakgrunn

Foreldra er ei viktig påverknadsgruppe for språket til borna på fleire måtar. For det fyrste er det som oftast foreldra som representerer det fyrste språket borna høyrer og tileignar seg. På den måten er det kanskje ikkje så rart at Trudgill hevdar at vanskelege fonologiske trekk må finnast hjå minst éin av foreldra for at barnet skal meistra det (jf. Trudgill 1986: 35 – 38). For det andre vil foreldra, om ikkje alltid direkte, truleg indirekte formidla haldningar til ulike talemål. Måten foreldra sjølve pratar på, kan dessutan verka som ei norm på talemålet til borna. Fleire undersøkingar i Noreg viser interessante resultat når ein set språk og foreldrebakgrunn opp mot kvarandre. Thoengen (1999: 70) seier dette frå ei undersøking av talemålet i Hallingdal:

Den enkeltfaktoren som ser ut til å spela størst rolle for talemålet til dei unge, er likevel *korleis foreldra snakkar*. Rundt 80 % av dei “heilt innfødde” ungane har eit talemål som kan karakteriserast som rimeleg stø halling. Av dei som berre er “halvt innfødde” – det vil seia at ein av foreldra kjem frå ein annan stad enn Hallingdal – så er det berre 35 % som snakkar hovudsakleg halling. Og i den gruppa der både mor og far er innflyttarar, snakkar 80 % av ungane vesentleg bokmål – og det trass i at ungane har budd i bygda heile livet.

Også resultatata til Hernes frå Os (1998), Papazian frå Numedal (1999), Berge Rudi frå Hallingdal og Gudbrandsdalen (1999), Notland frå Bømlø (2001) og Akselberg på Voss (2002a) viser at foreldrebakgrunn ser ut til å ha avgjerande innverknad på korleis borna snakkar. Papazian (1999: 59) seier: “Det ser altså ut til at dei som ikkje har nokon av foreldra frå bygda, ikkje snakkar bygdemålet, sjølv om dei er oppvaksne i bygda.” Som hjå Thoengen var det òg her den gruppa med bae foreldra frå bygda som snakka eit språk med høgast prosent bygdemålsformer.

Eg har stor tru på at foreldrebakgrunnsvariabelen òg vil vera interessant å sjå nærare på i bygdebyen Sogndal.

Variabelen vert hjå meg operasjonalsert ut frå felleskodane null, éin eller to foreldre frå Sogndal. Dette er den enklaste og mest effektive måten å telja og kvantifisera på, men det er ikkje sikkert at det er den beste. Eg kunne t.d. heller ha valt å gå konkret inn og sett på kvar foreldra kom frå, for foreldra fungerer som språklege modellpersonar ut frå korleis dei snakkar, og det kan såleis vera stor skilnad på om foreldra kjem frå ei nabobygd til Sogndal, eller om dei kjem frå ei bygd på Austlandet. Ei inndeling etter nøyaktig foreldreopphav er likevel ikkje nødvendigvis nok når det gjeld kor viktige dei er som påverknadsagentar. Kva dei snakkar med borna om, vil òg vera avgjerande. Ei veldig finmaska foreldreinddeling ville dessutan gjort det lettare å avsløra identiteten til informantane og såleis vore eit brot på konsesjonen frå Datatilsynet om anonymitet (jf. kap. 5.5.2).



Ei inndeling der ein t.d. hadde delt informantane inn etter om foreldra kom frå Midtre Sogn i staden for ei så snever inndeling som berre Sogndal kommune, hadde òg vore mogleg. Dette ville likevel ha gjort samanlikningsgrunnlaget med hovudoppgåva dårlegare. I hovudoppgåva var kravet at minst éin av foreldra skulle koma frå hovudsoknet i Sogndal, noko som såleis var endå strengare enn Sogndal kommune, som er kravet til dei med foreldre frå Sogndal i denne avhandlinga. I praksis tyder ei slik utviding av foreldrekravet i denne avhandlinga at foreldra òg kan koma frå nabosokna Kaupanger og Ølmheim (Norane). Denne utvidinga har likevel ingen konsekvensar for dei talemålstrekka eg har undersøkt. Sidan eg har opplysningar om kvar alle foreldra kjem frå, kunne eg òg ha gått inn og analysert språket til éin eller fleire elevar i høve til dette. Denne utnyttinga av alt som ligg bak foreldrebakgrunnsvariabelen, kunne vera aktuelt ved eit eventuelt seinare høve, men eg har medvite valt å ikkje gå vidare på det her.

### 5.7.3 Klassetrinn

Datamaterialet mitt i denne undersøkinga har liten aldersskilnad, men etter at informantane var uttrekte, laga det seg ei nokså fin tilfeldig fordeling mellom dei ulike klassetrinna, dvs. 8.-, 9.- og 10.-klasse. (jf. kap. 5.3.4). Variabelen er eigentleg alder, men han er organisert i klassetrinn. Skulen er ein praktisk organisasjon å gripa til, for det er ein fast sosial organisasjon som får tak i alle på same alderssteget. Denne sosiale variabelen bør eg likevel ikkje strekkja for langt i analysane av di gruppene er svært skeivt fordelte med omsyn til foreldrebakgrunn (jf. tabell 5.9). Til dømes har alle jentene i åttande klasse bae foreldra frå Sogndal.

### 5.7.4 Kvalitetskontroll av informantane

Det er ikkje berre dei språklege variablane eg stiller krav til, men òg informantane må tilfredsstillast visse grunnleggjande krav. I hovudoppgåva vart alle informantane med i den språklege analysen. Denne gongen er det meir problematisk. I den kvantitative analysen gjev det meining å studera språket til berre dei informantane som har eit talemål det er mogleg å relatera til dei variablane og varietetane eg opererer med innafor sogndalsdialekten. Då eg valde ut desse informantane, bygde eg på ytre faktorar, der eg tok utgangspunkt i dei to kriteria foreldrebakgrunn, der minst éin av foreldra skulle vera frå Sogndal, og sjølvvurdering, der dei vurderte talemålet sitt i høve til ein av dei tre varietetane. Desse krava gjer at informantane fordeler seg i ulike grupper slik:



Gruppe	Kriterium	Tal på informantar
I	1. Minst éin av foreldra er frå Sogndal 2. Informantane vurderer seg som sogndalstalarar	23
II	1. Minst éin av foreldra er frå Sogndal 2. Informantane vurderer seg ikkje som sogndalstalarar	1
III	1. Ingen av foreldra er frå Sogndal 2. Informantane vurderer seg som sogndalstalarar	7 (+ 1)
IV	1. Ingen av foreldra er frå Sogndal 2. Informantane vurderer seg ikkje som sogndalstalarar	5 (- 1)

Tabell 5.10: Fordeling av informantane ut frå foreldrebakgrunn og eigenvurdering av talemål.

Tabell 5.10 viser at 23 av dei i alt 24 informantane med minst éin av foreldra frå Sogndal òg vurderte talemålet sitt i høve til ein av dei tre sogndalsvarietetane. Dette er dei informantane som direkte kan samanliknast med informantane frå hovudoppgåva mi, og eg plasserer dei i gruppe I. Informant 13 har òg éin av foreldra frå Sogndal, men vurderte talemålet sitt som bokmål.<sup>70</sup> Denne informanten plasserer eg difor i ei eiga gruppe, gruppe II. Dette er òg ein informant som ikkje har budd i Sogndal heile livet, men som flytta hit frå Austlandet som fireåring.

Av dei 12 informantane som ikkje har nokon av foreldra frå Sogndal, er det sju informantar som meiner dei snakkar sogndalsdialekt, og fem som meiner dei ikkje gjer det og har kalla språket sitt noko anna, t.d. blanding av sogning og bokmål. Tabellen avklarar likevel ikkje alle dilemma, for under sjølvvurderinga var det seks informantar som sette kryss utafør trekanten og gav karakteristikkar av talemålet sitt slik tabell 5.11 viser.

Informantkodar <sup>71</sup>	Kommentarar frå informantane
0fSj 27	veit ikkje, men blanding av Sogndal og Vik
1fSj 13	bokmål
0fSj 29	[ingen kommentar frå informanten]
0fSg 32	bokmål/nynorsk
0fSj 25	nynorsk – bokmål
0fSj 28	blanding av sogning og bokmål

Tabell 5.11: Sjølvvurdering frå dei informantane som ikkje rekna seg som talarar av sogndalsdialekt.

<sup>70</sup> Den andre forelderen til denne informanten er frå Austlandet og snakkar austlandsk.

<sup>71</sup> Koden framfor nummeret på informantane står for: 0 (ingen), fS (foreldre frå Sogndal), j (jente), g (gut).

Informant 27, som ikkje har nokon av foreldra sine frå Sogndal, men frå Leikanger, ser ut til å ha mistydd sjølvvurderinga. Av kommentaren ser me at ho har gjeve språket sitt ein nærare karakteristikkk ved å kalla det blanding av Sogndal og Vik. Under opptakssamtalen og i nettverksskjemaet kom det fram at ho dei siste par åra, men spesielt dei siste månadene, har hatt mykje kontakt med vikjer. Dette kan ha gjort at ho kan ha snappa opp nokre ord og uttrykk frå vikkjadialekten og difor vel å karakterisera språket sitt som ho gjer. Den språklege analysen min går på lydverk og formverk. Spesielle ord eller uttrykk vert dessutan som oftast gjengjevne i sitatform og vil då falla utfor analysen. Eg ser med andre ord ingen god grunn til at denne informanten ikkje skal vera med i gruppe III og har difor sett til eit plussteikn i parentes bak. Gruppe III vert såleis på åtte informantar.

I gruppe IV hadde eg opphavleg fem informantar. Den eine av desse har eg nettopp argumentert for at eg vil flytta over til gruppe III, noko eg illustrerer med minusteiknet i parentes bak.

For å få ei meir uavhengig vurdering av korleis talemålet til nokre av informantane mine vart oppfatta har eg òg gjennomført ein lytteprøve med 15 studentar frå fyrste semester på humanvitskaplege fag ved Universitetet i Bergen. Alle dei 15 studentane hadde norsk opphav og skulle ut frå tre korte lytteprøvar på 15 – 20 sekund med informant 28, 13 og 27 gje ei geografisk plassering av desse. Dei fekk eit skjema (på bokmål) med svaralternativ som såg slik ut for kvar av dei tre stemmene:

- Moss
- Nittedal
- Fagernes
- Ingen av disse. I så fall tror jeg den kommer fra:
  - Sørlandet
  - Vestlandet
  - Trøndelag
  - Nord-Norge

Dei fekk elles vita at bakgrunnen for denne testen var at det ofte kan vera vanskeleg å plassera personar som hevdar dei snakka rein blandingsdialekt, geografisk. Resultata vart slik tabell 5.12 nedafor viser:

	<b>Informant 28</b>	<b>Informant 13</b>	<b>Informant 27</b>
Moss	1	8	0
Nittedal	2	3	0
Fagernes	4	1	3
Sørlandet	2	1	0
Vestlandet	5	1	12
Trøndelag	1	1	0
Nord-Norge	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>15</b>	<b>15</b>	<b>15</b>

Tabell 5.12: Geografisk plassering av tre informantar på grunnlag av uttale.

Informant 28 fekk 5 plasseringar (33 %) til Vestlandet, men også Fagernes med 4 plasseringar og Sørlandet og Trøndelag med to plasseringar kvar, viser at denne informanten ikkje var heilt enkel å karakterisera talemålet til. Informant 13 vart nokså klart, med 8 plasseringar (53 %) til Moss og 3 plasseringar for Nittedal, plassert på Austlandet. Resultata for informant 27 viste derimot at 12 (80 %) av dei 15 testpersonane, plasserte stemma til Vestlandet. Éin person hadde her i tillegg skrive Sogn bak svaret sitt. Dei tre siste plasserte informant 27 til Fagernes. Også kartlegginga til denne uavhengige testgruppa syner såleis at det er rimeleg å ta informant 28 og 13 ut av det språklege materialet og plassera dei i gruppe IV, medan det er rimeleg at informant 27 vert inkludert og plassert i gruppe III.

Informantar frå gruppe I vil bli direkte samanlikna med talemålsmaterialet frå 1996 (jf. Haugen 1998). Denne samanlikninga av dei same språklege variablane vil kunna gje eit innblikk i kva trekk som har halde seg godt, og kva trekk som står svakt i notid og nær framtid. Informantar frå gruppe III er interessante i høve til å sjå korleis innflyttarborn tilpassar seg sogndalsdialekten og vil òg bli testa ved kvantitativ språkleg analyse. Informantar frå gruppe II og IV er språkleg sett derimot berre interessante i ei kvalitativ drøfting. Eg vil studera nokre av desse informantane som enkeltindivid og sjå nærare på korleis språket deira eventuelt innordnar seg eller tek avstand frå drag i sogndalsdialekten.

## 5.8 Data og datakvalitet

### 5.8.1 Validitet

Eit kjernesporsmål ved alle granskingar er om ein kan vera sikker på at det ein måler, vil gje eit sannferdig svar, dvs. vera svar på problemstillinga (jf. Bryman og Cramer 1997: 65). Utfordringa er å samla inn data som er relevante for dei spørsmåla ein vil ha svar på.

Variablar er abstrakte einingar, og det kan difor vera fleire måtar å definera og operasjonalisera dei på. Ein kan skilja mellom ekstern og intern validitet. Høg ekstern validitet vil seia at resultatet kan generaliserast utover den konkrete situasjonen, medan høg intern validitet viser at den åtferda ein observerer, lite truleg er resultat av andre årsaker enn dei ein prøver å påvisa. Undersøkingar som vert utførte i daglege omgjevnader, gjev høgare ekstern validitet enn laboratorie-eksperiment, men her er det desto vanskelegare å ha kontroll over andre faktorar som kan skapa feilkjelder. På den andre sida er resultat av laboratorie-eksperiment mindre generaliserbare til daglegdagse situasjonar (jf. Sommer 1991: 87).

Konstruksjonsvaliditeten fortel i kor stor grad den operasjonaliserte definisjonen av variabelen faktisk reflekterer den same teoretiske meininga som den underliggjande abstrakte variabelen har (jf. Cozby 1997: 58). Same kva metode ein vel, må ein ta omsyn til at alle metodar har fordelar og ulemper. Når ein har samla inn materialet, må ein stilla validitetsspørsmåla på nytt og prøva å isolera og luka ut potensielle feilkjelder.


Gjert Kristoffersen (1996: 230 – 231) meiner at kvantitativ sosiolingvistikk ikkje kan gje svar på kausalitet, men berre kan visa samanhengar mellom ulike variablar. Dei “eigentlege” årsakene kan derimot vera bakanforliggjande. Han stiller opp ein deterministisk og ein interaksjonistisk modell. Med den deterministiske modellen vil årsakstilhøva liggja utafør individet og styra det, medan med den interaksjonistiske modellen vil årsakstilhøva liggja inni individet sjølv. Av di ikkje nokon av modellane eintydig og direkte kan avsløra noko årsaksforhold, hevdar Kristoffersen at det ikkje er enkelt å avgjera kven av dei som ligg nærast sanninga.<sup>72</sup> Eg er heilt samd i at årsakene til ein eventuell korrelasjon mellom avhengige variablar, dei språklege, og uavhengige variablar, dei ikkje-språklege, kan skuldast noko anna enn korrelatet. Dersom det t.d. viser seg at gutar har eit meir tradisjonelt språk enn jenter, må dette forklarast med noko anna enn at dei representerer ulike kjønn. Det er derimot meir eller mindre sannsynleg at det er ein samheng mellom dei avhengige og dei uavhengige variablane utan at det må oppfattast som noko årsak-verknad forhold. Ein bør etter mitt syn alltid, også i ein kvantitativ analyse, gå inn og drøfta og tolka det eit kvantitativt

---

<sup>72</sup> For meir om validitet i sosiolingvistiske undersøkingar sjå Kristoffersen 1996: 223 – 233.

resultat syner, noko som slett ikkje gjer korrelasjonsstudiar illegitime. Det kvantitative dannar med andre ord ofte utgangspunkt for det kvalitative. Samstundes krev dei kvantitative analysane at ein har gjort kvalitative observasjonar og vurderingar før ein har sett i gang.

Hellevik (2002: 53) illustrerer tilhøvet mellom validitet og reliabilitet på fylgjande måte:



Figur 5.3: Tilhøvet mellom reliabilitet og validitet (etter Hellevik 2002: 53).

Han seier òg (jf. Hellevik: 53):

Høy reliabilitet er en nødvendig forutsetning for at data skal ha høy validitet. Det hjelper lite om vi har funnet fram til observerbare egenskaper som er et gyldig uttrykk for de teoretiske egenskapene vi er interesserte i, dersom innsamlingen og behandlingen av data er unøyaktig og full av feil. Om den endelige tabellen ikke gir et riktig inntrykk av enhetenes verdi på den operasjonelle variabelen, kan den heller ikke fortelle oss det vi ønsker å vite om den teoretiske variabelen. Høy reliabilitet er imidlertid ikke en tilstrekkelig betingelse for at data skal ha høy validitet. At data er samlet inn og behandlet på en nøyaktig måte, er ingen garanti for at de kan brukes til å belyse den foreliggende problemstillingen. Her kommer i tillegg kravet om høy definisjonsmessig validitet inn.

Det kan stundom vera vanskeleg å skilja validitet og reliabilitet frå kvarandre, og det er difor ofte eit vurderingsspørsmål kvar ting skal behandlast. Eit eksempel frå mi eiga datainnsamling kan illustrera dette. I språkhaldningsgranskinga i fase IIa, der eg har to stemmer som snakkar same varietet, dvs. ber dei same språklege eigenskapane, kan eg ha både eit validitetsproblem og eit reliabilitetsproblem. Låg indre konsistens innafor varieteten, dvs. dei to stemmene som kontrollerer kvarandre, kan vera eit teikn på eit reliabilitetsproblem. Eksempel på dette kan vera dersom den eine av dei to stemmene som ber same varietet, er inkonsekvant med å uttala rett språkleg variant av belegga. Dersom den eine av dei to stemmene ber eit anna innhald til det språklege enn den andre stemma under denne varieteten har, t.d. eigenskapar som er knytte til sjølve stemma som for eksempel ei høg skingrande røyst, kan det vera eit validitetsproblem.

Eg har valt å ta føre meg dei ulike undersøkingane både når det gjeld validitet, og når det gjeld reliabilitet, men av og til kan det visa seg at det kan verta overlappingar. I dette kapitlet vil eg ta føre meg og drøfta feilkjelder og eventuelle validitetsproblem knytte til tre fasar i dei ulike undersøkingane mine:

- Utforminga av det konkrete materialet
- Under sjølve testen
- Bearbeidingsfasen

#### 5.8.1.1 Fase I – Kinogranskinga<sup>73</sup>

I denne granskinga er det for det fyrste interessant å sjå om det viser seg å vera høg korrelasjon mellom innleverte skjema frå sogndøler og dei ulike varietetane av sogndalsdialekten. For det andre må eg gå inn og drøfta om det er folk sine haldningar til språk eller andre faktorar ein måler med ei slik kinogransking.

Denne innsamlingsmetoden viste seg å fungera dårleg i Sogndal, men eg har likevel liten grunn til å tru at han er ueigna til å måla språkhaldningar med av den grunn. (For ein meir inngåande diskusjon av ulike sider ved denne granskinga sjå kap. 6.1.1.)

#### 5.8.1.2 Fase IIa – “Verbal guise”-testen

Haldningsgranskingar der ein vert beden om å vurdere personar ut frå stemmer ein høyrer, er ein vel utprøvd metode (jf. t.d. Lambert 1960 og 1967, Kleiven 1974a og b, Ladegaard 1992 og 1994 og Kristiansen 1991a og b og 1999). Dersom ein klarer å halda kontroll med ikkje-språklege faktorar, er det såleis svært sannsynleg at det er haldningane til ulik språkbruk ein registrerer. Eg vil her sjå nærare på ein del faktorar som eventuelt har styrka eller svekka truvedet i “verbal guise”-undersøkinga i Sogndal.

Skjemaa til haldningsmatrisa vart utarbeidde av meg og bygde dels på røynsler frå forprosjektet (jf. kap. 5.2.2.5) og dels på impulsar eg hadde fått av å studera andre sine spørjeskjema (t.d. Kleiven, Jørgensen og Sollie 1975). Når ein lagar ein binær vurderingsskala, kan dei som skal svara, fort danna seg eit mønster for kva som er positivt, og kva som er negativt. Eg valde å prøva å bryta eit slikt forventningsmønster, men let ikkje skalaen for negativ til positiv snu meir enn éin gong på dei åtte karakteriseringspara. Dette valet kan føra til at informantane lettare innbillar seg at det er eit mønster om forventna positivt eller negativt svar, men sidan skalaen likevel

---

<sup>73</sup> Denne granskinga har fått ei meir heilskapleg framstilling i *Nordica Bergensia* 27/2002: 83 – 103.

snur éin stad, rett etter den fyrste karakteristikken, må dei likevel heilt frå starten av vera vakne. Årsaka til at eg valde ikkje å blanda skalaen meir, var at eg ikkje ville gjera det unødvendig komplisert for dei å svara slik dei måtte ynskja på den korte tida dei hadde til disposisjon. Med for stor blanding må informantane vera svært merksame før dei set kryssa. Denne undersøkinga er gjennomført med alle elevane på dei tre årstrinna på ungdomsskulen i Sogndal, og det er ikkje verdt å prøva å laga noka “felle” for dei som ikkje les like fort som dei andre.

For å gje like mykje merksemd til kvar varietet valde eg å blanda rekkefylgja på dei seks talemålsprøvene, slik at dei tre varietetane kom i ulik rekkefylgje på dei tre cd-ane eg delte ut (éin til 8.-klasse, éin til 9.-klasse, og éin til 10.-klasse).

Korleis elevane skulle gå fram, skulle vera tydeleg forklart i den skriftlege informasjonen, der det var gjeve ein del konkrete døme. Dessutan fekk dei munnleg orientering av lærarane. Alle norsklærarane hadde fått den same munnlege og skriftlege informasjonen av meg om korleis dei skulle gå fram. Eg har heller ikkje høve til å etterprøva om det påverka lærarane i måten å presentera undersøkinga på at dei visste at dei stod og sa noko anna enn det dei visste var sant. Likevel må ein alltid venta at ulike personar alltid vil gjera ting ulikt, og “kjemien” mellom lærarar og elevar vil òg vera ein faktor som verkar inn på kor alvorleg og systematisk dei ulike elevane vil svara. I tillegg til dette var det spelt inn ei stemme på cd-en som forklarte den konkrete framgangsmåten. Årsaka til at eg ikkje gjennomførte denne undersøkinga sjølv, men overlet henne til lærarane, var at ein del av elevane ville ha kjent meg og visst at eg dreiv med språkforskning. Difor ville dei truleg ikkje ha fatta lit til at undersøkinga eg ville gjennomføra, hadde noko med film å gjera.

På sjølve skjemaet har berre det fyrste av dei åtte karakteristikane overskriftene “veldig”, “litt” og “verken eller” som fortel kva som ligg i vurderingane. Årsaka til at ikkje desse merkelappane er gjentekne for kvart par nedover på skjemaet, er at det ville ha verka rotete og skapt støy for det visuelle inntrykket. Utan merkelappar for kvar karakteristik vil dessutan innhaldet under kvar merkelapp lettare kunna oppfattast som ei kolonne.

Det er i utgangspunktet nokså sannsynleg at dei forskjellige elevane ikkje vil vurdere innhaldet i dei ulike kategoriane heilt likt. Kva ligg det for eksempel i “å kunna tenkja seg å bli kjend med” den personen dei høyrer? Og vil gutar og jenter oppfatta dette på same måten når alle dei seks personane dei skal vurdere er jenter? Truleg er svaret på dette nei, men det interessante her er å sjå om det dannar seg visse mønster i materialet når så og seia 100 % av alle elevane på Sogndal ungdomsskule har vore med på denne undersøkinga.

Dei fleste adjektivpara har ei eintydig retning for kva som er positivt, og kva som er negativt. For dei tre adjektivpara *sentrum – utkant*, *moderne – umoderne* og *leiartype – ikkje*

*leiartype* kan det likevel diskutert om adjektiva som vert gjengjevne lengst til venstre, er dei mest positive. Konsekvensen av at eg gjer eit retningsval som *kan* vera motsett av nokre av informantane sitt, er at eg kan få eit resultat som kan gje eit uryddig mønster og vera vanskeleg å tolka. Det er i ettertid vanskeleg å kontrollere om alle har hatt dei same oppfatningane av kva som er positivt og negativt.

Det er ikkje sikkert det er mogleg å gruppera dei 8 variablane i høve til status eller solidaritet. Ein faktoranalyse av materialet (jf. kap. 5.9.1.1) vil visa om det er mønster som gjer det mogleg å danna visse grupperingar.

Det er òg vanskeleg å vita om elevane vurderer personane, språket, stemma eller innhaldet. Dersom det viser seg å vera høg samvariasjon (jf. kap. 5.9.1.4) mellom dei to stemmene som snakkar same varietet, er det stort sannsyn for at vurderinga verkeleg gjeld språket. Elevane fekk dessutan høve til å koma med opne kommentarar til kvar av dei seks stemmene, og nokre av elevane nytta seg av dette tilbodet (jf. kap. 6.2.7). Ut frå desse kommentarane vil eg t.d. kunna sjå om dei har kommentert stemma, personen eller språket. Alt i alt skulle det difor vera råd å ha nokolunde kontroll på dei fleste feilkjeldene.

Etter at eg fekk inn att skjema, såg eg at somme av elevane hadde utelate kryss i nokre av rutene. Her har eg difor måtta lata det stå opne ruter av di eg rett og slett manglar observasjonar. Der dei har sett kryss i to av rutene, slik at det er vanskeleg å tolka, har eg late rutene stå opne. Dette har eg gjort konsekvent same kvar dei to kryssa står i høve til einannan. Både mangel på kryss eller dobbel kryssing frå elevane si side vert med andre ord tolka som mangel på eintydig observasjon, noko som er nødvendig for å behandla dette vidare i eit statistikkprogram.

### 5.8.1.3 Fase IIb - Eigenvurderinga

På det ferdiglaga skjemaet vart informantane bedne om å kryssa av i trekanten ved den dialekten som likna mest på deira eigen. Dersom dei ikkje følte at dei snakka likt nokon av dei tre varietetane dei høyrde, sa eg til dei at dei fekk setja eit kryss utafør trekanten og gjerne skriva kva dei ville kalla dialekten sin. Denne testen vart leia av og gjennomført saman med meg, så situasjonen vart såleis lik for alle.

Seks av dei 36 informantane har valt løysinga med å setja kryss utafør trekanten, og desse vert summerte opp under ein kategori eg har kalla “ikkje mogleg å plassera” av di svara fell utafør kategoriseringa mi. To av desse seks informantane har kalla språket sitt bokmål/nynorsk, éin har kalla det bokmål, éin har kalla det blanding av sogndøl og vikje, éin har kalla det blanding av sogndøl og bokmål, og éin har ikkje kalla det noko i det heile. Desse svara syner at ein ved ei førehandsinndeling av kategoriar alltid står i fare for å pressa informantane sine inn i kategoriar som



dei sjølve ikkje identifiserer seg med. Det viser seg her likevel at flesteparten har valt ein av dei tre kategoriane og på det viset ser ut til å ha godkjent dei tre sogndalsvarietetane.

#### 5.8.1.4 Nettverksskjemaet

Det er vanskeleg å kartleggja nettverket til folk på ein kvantitativ måte. Eit sosialt nettverk bør ideelt sett gje opplysningar både om tettleik og multipleksitet. Tettleiken er spesielt vanskeleg å kvantifisera, så den valde eg å utelata i skjemaet. Skjemaet mitt er elles laga etter mønster frå Akselberg (1995) og Hernes (1998). Likevel er spørsmålet om denne nettverksgranskinga vil gje meg svar på kvifor folk har dei haldningane dei har og snakkar som dei gjer, og eg vil difor sjå nærare på eventuelle feilkjelder.

Utfyllinga av nettverksskjemaet vart leia av meg. Eg hadde fyrst ein felles gjennomgang av korleis dei skulle gjera det, og var etterpå til stades for å svara på spørsmål medan dei fylte det ut. Likevel ser det ut til å vera ein del potensielle feilkjelder. Det varierer blant anna frå person til person kor mange kryss dei set i kategori F (kva skjer når dei er saman med nettverkspersonane?). Ein del av informantane fyller ut så fåe ruter som råd, trass i at dei vart oppmoda om å setja så mange kryss dei kunne. Det var t.d. somme som sette berre eitt kryss for at dei budde saman med foreldre og sysken, medan andre også førte opp at dei hadde kontakt med desse personane i familieselskap, på ferie og som samtalepartnarar. Eg vil tru at dei fleste har meir kontakt med foreldra sine enn at dei berre bur under same tak. Multipleksiteten på foreldrenettverket får difor eit urettmessig skeivt bilete her. Frønes (1998: 45) skriv dette om kva rolle foreldra spelar: "Samtidig vil moderne familieideologi legge stor vekt på foreldrene som samtalepartnere og rådgivere i følelsesmessige og utviklingsmessige spørsmål." Ei av årsakene til denne opplysningsutelatinga kan vera at informantane er flaua over å signalisera at dei snakkar med foreldra sine om personlege ting i ein alder då dei helst skal visa at dei er sjølvstendige og lausrivne frå dei vaksne.

Samla sett viser det seg å variera kor grundige dei ulike informantane mine har vore når dei har fylt ut nettverksskjemaet. Enkelte har vore samvitsfulle, brukt god tid og sett alle dei kryssa dei meinte var rette, medan andre har fare meir over med ein "harelabb". Denne feilkjelda vert særleg framtrudande under punkt F, der informantane synleggjer multipleksiteten på nettverket med tal på kryss. Eg har på grunn av desse skeive utslaga, valt å ikkje leggja så stor vekt på multipleksiteten i nettverksskjemaet.

Også informantane si vurdering av kven som snakkar sogndalsdialekt, vil variera mykje frå person til person. For enkelte ser det ut til å vera nok at personen bur i Sogndal, medan det for andre verkar som dei har ei klarare oppfatning av det språklege og difor kan hevda at nokre av personane

snakkar “blanding” eller “Sogndal/Oslo”. Dei personane som ikkje går klart inn i éin av kategoriane mine, har eg valt å plassera i ruta “anna”.

Det verkar rart at folk som dei fører opp at opphavleg kjem frå andre stader enn Sogndal, t.d. frå Vestlandet elles eller frå Bergen, kan snakka sogndalsdialekt. Ein del av informantane mine har gjeve slike nettverksopplysningar, og det er vanskeleg for meg å gjera anna med det enn at eg registrerer det og kommenterer det som ei potensiell feilkjelde. Det er mogleg at enkelte har tenkt på postadresse i staden for å tenkja på oppvekststad, t.d. når det gjeld heimstadstalemålet til foreldra sine.

Enkelte av informantane har òg sagt at svært unge nettverkspersonar (mellom eit halvt og eitt år gamle) snakkar sogndalsdialekt. Dette er etter mitt syn ei så tvilsam vurdering at eg ikkje kan ta det seriøst. Det ymsar òg kva dei legg i å snakka sogndalsdialekt. Stundom kan enkelte av informantane vurdere ein person som kjem frå ei anna sognebygd til å snakka sogndøl og ikkje vestlandsk.

Presisjonsnivået på vurderingane varierer òg. Det hender at dei berre har skrive at nettverkspersonen er ein stad mellom t.d. 40 – 50 år. Då har eg valt å gje desse personane ein alder som ligg midt i mellom desse ytterpunkta. Stundom kan det verka som om skjemaufyllinga har skapt vanskar, for det finst ein del inkonsekvensar. Det er t.d. enkelt for meg å kontrollere opplysningar opp mot kvarandre når eit tvillingpar har ført opp dei same nettverkspersonane. Den eine seier at éin av foreldra, som er frå Hamar, er frå Austlandet, medan den andre plasserer den same personen under kategorien resten av landet. Ein annan informant har kryssa av for at éin av personane i nettverket, som eg veit er bror til informanten, ikkje er ven av familien. Desse eksempla er begge døme på stader der eg har gått inn og retta, men dei viser òg at det truleg vil finnast fleire døme på slike feil som eg ikkje har oversikt over. Elles i materialet har det difor vore vanskeleg for meg å gjera slike rettingsgrep. Det einaste eg til ein viss grad har kunna gjera noko med, er feilplassering av foreldra, for eg har opplysningar om kvar dei er ifrå. I dei tilfella det manglar opplysningar, t.d. manglande opplysningar om alder og dialekt til nettverkspersonen, vert rutene ståande tomme.

Der er òg døme på stader der informantane har vore så upresise at eg har måtta gå inn og gjera skjønsmessige vurderingar og flytta opplysningane deira over til meir “logiske” ruter. Når éin av informantane t.d. kryssar av for at han og et dei daglege måltida saman med folk han treffer kvar veke eller sjeldnare, har eg måtta flytta kryssa til ei anna rute (t.d. treffer i familieselskap). Det er òg døme på at éin informant har sett dobbelkryss, dvs. dekt to ruter, for å markera at dialekten ligg mellom sogndalsdialekten og vestlandsk. Eg kan her ta sjølvkritikk på at eg ikkje har hatt med ein kategori for sogning, men her har eg då valt å kryssa av for vestlandsk sidan denne informanten elles har vore konsekvent med å bruka eitt kryss på dei som snakkar sogndøl. Stundom har

informantane òg sett kryss midt mellom to kategoriar, og då har eg måtta velja kategori for dei ut frå kva innhaldet i dei to kategoriane er. Dersom dei t.d. har sett krysset midt mellom vestlandsk og autlandsk, har eg sett eit kryss i kategorien “anna”. Ei anna omplassering frå mi side er gjord med ein informant som har opplyst at han har kontakt med ein av nettverkspersonane sine i form av e-post. Sidan e-post ikkje har vore eit avkryssingsalternativ hjå meg, har eg her valt ruta som er kalla “felles hobby” i staden.

Den feilkjelda eg har minst kontroll med, er at informantane innbyrdes, og eg i høve til dei, ikkje vurderer innhaldet i dei ulike kategoriane på same måten. Denne faren har ein derimot alltid ved både skriftlege og munnlege datakjelder, og det gjeld såleis ikkje berre spesielt for denne undersøkinga.

#### 5.8.1.5 Fase III – Språkopptaka

Trass i at ein riggar til med opptaksutstyr og kallar informantane inn til ein planlagd samtale, er ynskemålet at språket til informantane òg under opptak skal vera mest mogleg representativt for slik dei snakkar til vanleg. Labov (1972) kalla dette for “the observer’s paradox”. Baugh (1993: 178 – 180) meiner at ein kan kompensera for mykje av dette problemet ved at informantane opplever tillit til og ærlegdom frå intervjuaren. Han hevdar òg at det er ein fordel om intervjuaren er kjend med den kulturen han skal undersøkje. Han seier (1993: 179):

Trust is an important element in overcoming the observer’s paradox. If informants are suspicious of fieldworkers, then they are not likely to be cooperative. When informants understand their role in linguistic research and the motivation behind the fieldwork, they are more likely to support our efforts.

Alle opptaka mine føregjekk på helsesystema sitt kontor, som ligg i enden av skulebygget, eller i ei brakke ved sida av hovudbygget på skulen. Kontoret til helsesystema er i dag ein stad der elevane på skulen kan gå inn og snakka fritt med ein person som ikkje er knytt til skulen. Eg takka nei til tilbod om å nytta rådgjevaren sitt kontor til opptak nettopp av di eg ville markera at desse samtalane ikkje skulle knytast til dei tilsette ved skulen. Dei dagane helsesystema sjølv var til stades på skulen, vart opptaka gjorde i ei brakke, som vert brukt som eit ekstra klasserom når det er behov for det.

For å avmystifisera sjølv opptakssituasjonen, starta eg alltid med litt småprat med informantane før sjølv samtalen byrja. Eg snakka litt om opptaksutstyret og korleis det fungerte og fortalde at ingenting av det dei sa, ville bli rapportert attende til skulen eller til lærarane deira. Eit anna viktig føremål med denne småpratinga var å skapa ein mest mogleg trygg og kvardagsleg atmosfære, slik at sjølv intervjusamtalen skulle bli mest mogleg uformell. Eg fortalde dei gjerne òg

nokre småhendingar eg hugsar frå den tida eg sjølv gjekk på den same ungdomsskulen for å synleggjera felles kulturbakgrunn og opparbeida tillit. På dette viset opplevde eg at opptakssituasjonen vart avslappa og uformell både for informantane og meg sjølv. Dei kom heilt klart inn på ting som dei ikkje ville ha sagt til lærarane sine. Samstundes kunne det henda at dei passa litt på kva dei sa eller ville tøffa seg litt i høve til den andre samtalepartnaren dei var saman med. Informantane fekk ikkje vita noko om hypotesane, eller andre detaljar om kva eg var interessert i å finna ut. Såleis skulle dei ikkje kunna oppføra seg i høve til å oppfylle ein bestemt profeti om venta språkleg åtferd.

#### 5.8.1.6 Fase IV – Oppfylgingsintervjua

Sidan validitetsspørsmålet dreiar seg om å gje svar på om det me måler, faktisk gjev oss svar på det me vil ha svar på, er dette eit viktig spørsmål å ha i bakhovudet ved alle undersøkingar, òg dei kvalitative. Kvale (1997: 165) deler validitetsaspektet inn i sju ulike stadium som fylgjer alle fasane i undersøkingsprosessen (tematisering, planlegging, intervjuing, transkribering, analysing, validering og rapportering).

Informasjonen eg fekk om dei einskilde informantane i språkopptaka var nokså strukturerte, og eg fekk verbale svar på ein del viktige haldningsspørsmål knytte til både dialekten og heimstaden deira. Likevel var ein del av desse svara overflatiske og avgrensa. Ved å gjera eit oppfylgingsintervju med nokre av desse informantane kunne eg gå meir inn på enkelte av dei mest interessante spørsmåla. Eg valde her å nytta meg av eit halvstrukturert forskingsintervju (jf. Kvale 1997: 21). Eg hadde ein del ferdiglaga spørsmål, men fylgde opp med passande oppfylgings-spørsmål alt etter kva som kom fram i samtalen med dei enkelte informantane. Mykje av intervjuet har eg valt å skriva ut som sitat (jf. kap. 6.5), og ut frå konteksten vil det her òg gå fram om det som kjem fram vert sagt heilt fritt av informanten sjølv, eller om eg har lagt orda i munnen på dei.

Ein måte å sikra kvalitativt gode og valide svar på er å få svar på dei same spørsmåla ved å velja ulike innfallsvinklar og såleis prøva å falsifisera den hypotesen ein tidleg har danna seg om korleis ein skal oppfatta informanten. Ved å koma attende til det same spørsmålet og gjera ein kontinuerleg kontroll av det som vert sagt, aukar ein truverdet både til informanten og det kvalitative intervjuet.

#### **5.8.2 Reliabilitet**

Eit anna viktig mål for ei gransking er at målinga ein gjer, er presis og påliteleg, dvs. reliabel (jf. Bryman og Cramer 1997: 63). Dette stiller òg krav til dei metodane ein vel å bruka. Ein kan skilja mellom ekstern og intern reliabilitet. Ved ekstern reliabilitet er ein oppteken av at ein skal få same

resultatet dersom ein gjer målinga på nytt, dvs. at uavhengige målingar skal gje tilnærma identisk resultat. Ein kan med andre ord snakka om ein test-retest-reliabilitet.

Dersom det er uaktuelt å gjera ei ny måling, går det òg an å sjekka om det er intern reliabilitet, dvs. indre konsistens i dei dataa ein alt har samla inn. Der analysen krev subjektive vurderingar, er det til dømes mogleg å sjekka om to ulike personar vil vurdera materialet på same måte. Eg vil i det fylgjande gjera greie for korleis eg har prøvd å løysa reliabilitetsspørsmålet ved kvar av dei ulike granskingane mine.

#### 5.8.2.1 Fase I – Kinogranskinga

Ein måte å gjera kinogranskinga mest mogleg påliteleg på var å gjenta kvar varietet to gonger. Ved å samanlikna to kveldar mot kvarandre i staden for berre å ha ein kveld med kvar varietet ville eg unngå at dei resultata eg fekk, kunne vera tilfeldige for ein spesiell kveld. I alt vart testen gjennomført fire kveldar, fredagar og søndagar, to helgar på rad. Gjennom trekking vart den tradisjonelle varieteten vald ut fyrst. Fredag den 15.9.2000 og søndag den 24.9.2000 vart såleis den tradisjonelle varietetten spelt, medan den nyaste varietetten vart spelt søndag den 17.9.2000 og fredag den 22.9.2000. Ved å gjennomføra kvar varietet to gonger ville eg sikra meg mot å trekkja konklusjonar ut frå tilfeldig variasjon i publikum.

#### 5.8.2.2 Fase IIa – “Verbal guise”-undersøkinga

For å vega opp for at éi stemme kan slå ut skeivt og såleis vera årsaka til dei resultata eg får, hadde eg to stemmer for kvar varietet. På det viset kunne eg ved hjelp av ein bivariat korrelasjonsanalyse sjå om det var større samsvar (korrelasjon) mellom dei to stemmene som tilhørde same varietet, enn det var mellom éin av desse og dei andre stemmene. Testar ville òg visa om det ville vera mogleg å skilja ut tre separate varietetar (jf. kap. 5.9).

Alle vurderingsmarkeringane vart dataførte av meg. I tillegg har eg kontrollert alle føringane. Ved kontrollgjennomgangen av haldningsmatrisa fann eg 7 feil, dvs. 0,019 %, som gjekk på at eg hadde skrive feil verdi i rutene. Desse feila retta eg då opp.

#### 5.8.2.3 Fase IIb – Eigenvurderinga

Under “verbal guise”-granskinga fekk ikkje deltakarane høve til å kommentera sjølve måten å dela inn sogndalsdialekten på. Trass i at eg kunne sjekka ein del av dette under dei statistiske testane (jf. kap. 5.9), fekk eg meir kontroll på det når dei her vart bedne om å plassera seg sjølve i høve til den varietetten dei meinte låg nærast deira eigen måte å snakka på. I neste omgang kunne eg dessutan sjå

desse resultat opp mot talemålet til informantane for å få eit mål på kor pålitelege desse opplysningane var.

#### 5.8.2.4 Nettverksskjemaet

Det viste seg at sjølv om eg fyrst gjekk gjennom og forklarte korleis dei skulle fylla ut nettverksskjemaet, og deretter var til stades for å svara på spørsmål medan dei fylte det ut, fekk eg inn ein del inkonsekvente og mangelfullt utfylte skjema. Etter at eg hadde sett gjennom skjema, tok eg dei eg meinte hadde manglar, med meg attende til informantane for meir nøyaktig utfylling etter at me var ferdige med språkopptaket. Trass dette, er det likevel ein del feilkjelder, som t.d. at informantane har ført opp for få måtar dei har kontakt med nettverkspersonane sine på, i desse skjema.

#### 5.8.2.5 Fase III – Talemålsopptaka

Det ville ha vore teoretisk mogleg, men praktisk veldig omstendeleg å gå i gang med ei ny datainnsamling for å kontrollera den eksterne reliabiliteten. I tillegg ville ei ny datainnsamling med dei same informantane kunna føra inn fleire nye utanomspråklege feilkjelder av di dei mellom anna ville minnast å ha vore med på opptak før. Slike re-testar er ikkje så vanlege. Derimot kan ein lettare gjera kontrollmålingar av eige arbeid for å seia noko om den interne reliabiliteten både når det gjeld transkriberinga og ekserperinga.

For å auka transkripsjonstruverdet kan ein anten prøva å få to uavhengige personar til å utføra transkripsjonane, og deretter sjå kor stort avviket er mellom dei, eller ein kan utføra ein kontroll på ein del av materialet gjord ved tilfeldig utval av si eiga transkribering. Eg har valt å gjera ein intern reliabilitetstest av det innsamla materialet i form av ein re-test av mi eiga transkribering på ein del av materialet som i utvalstyding er tilfeldig utvald.

Etter å ha lagt talemålsmaterialet mitt inn i PRAAT,<sup>74</sup> som er eit digitalt system der ein kan transkribera lyd og få kopla saman lydfile og tekstfile, gjorde eg ein reliabilitetskontroll på transkripsjonane mine. Eg trekte ut to halve cd-ar av dei 18 cd-ane og gjennomførte ein kontroll av lyttefeil og taggefeil på dei ved å transkribera desse på nytt, uavhengig av den førre transkriberinga mi. Dette tilfeldige utvalet utgjør tilsaman 5,77 % av alle opptaka, og alle rettingane eg gjorde, vart lagde inn i materialet. Eg hørde såleis på fire av dei 36 informantane, og av desse fire var det tre informantar som vert rekna til gruppe I (jf. kap. 5.7.4), og som skal analyserast kvantitativt, og éin informant som eg har plassert i gruppe IV (jf. kap. 5.7.4) og som berre skal analyserast kvalitativt.

---

<sup>74</sup> PRAAT-programmet er utvikla av Paul Boersma og David Weenink ved institutt for fonetisk vitskap ved Universitetet i Amsterdam. For meir om PRAAT sjå <http://www.fon.hum.uva.nl/praat/>.

Eg har under denne reliabilitetskontrollen difor berre talt opp taggefeil på dei tre informantane som skal analyserast kvantitativt.

Sjølv om eg òg retta opp andre småting og inkonsistensar eg la merke til, er det berre lyttefeil og taggefeil som er relevante for dei utvalde variablane i materialet mitt som vert tekne med i resultatane av denne kontrollen. Denne reliabilitetskontrollen seier såleis ikkje noko om kvaliteten på andre sider ved materialet. Lyttefeil kan vera at eg har høyrte gale, slik at ord som ber ein av variablane i seg, er feilskrivne, feiloppførte eller utelatne. Eg fann i alt 3 døme på denne typen feil, noko som utgjer 0,02 % av alle belegg for heile materialet.

Taggefeil er ord der eg har gløymt å markera belegg eller sett feil variantmarkør på belegga. Under transkripsjonen la eg berre inn manuelle taggar på fem variablar: variabel 1 – 3 og variabel 16 og 17, så det var berre desse som vart kontrollerte under taggefeil. Eg fann i alt 8 døme på taggefeil for dei tre informantane. Dette utgjer såleis 0,19 % av alle dei 4198 belegga for desse fem variablane for alle informantane samla.

Etter at eg hadde kontrollert talemålsmaterialet på denne måten, tok eg dessutan utskrift av alle tekstane og las gjennom dei for å finna ord som vanta taggar (taggefeil) og for å retta opp ulike typar feilskrivningar.

Eg gjennomførte òg ein test-retest-reliabilitetstest av mi eiga lytting og ekserpering, dvs. ei kontrollmåling av dette utført på same måten som den fyrste gongen. Fyrst slo eg saman alle filene for dei 24 språklege variablane for 34 av dei 36 informantane. Dei to informantane med eit klart austnorsk talemål, inf. 13 og inf. 29, vart ikkje tekne med av di det ikkje gav meining å analysere språket deira i høve til dei variantane som finst i sogndalsdialekten. Knut Hofland på HIT-senteret fekk deretter eit data-program til å gjera eit pseudo-tilfeldig utval av 5 % av alle dei 14070 belegga. Eg fekk då ei liste med 709 belegg. Ei krysstabulering av den fyrste og den andre lyttinga og ekserperinga viste eit klassifikasjonsavvik på 46 belegg, dvs. om lag 6,5 %. Resultata frå kontrollmålinga vart deretter lagde inn i materialet.

Når ein test-retest vert utført av den same personen som i hovudundersøkinga, er det vanleg å rekna med at denne personen sit inne med større lyttarkompetanse enn den fyrste gongen. Årsaka til det er at ein gjennom det arbeidet ein har gjennomført, har fått meir trening i å kjenna att dei trekka ein skal analysere. Dette kan vera årsaka til at belegg som det fyrste gongen ikkje var mogleg å klassifisere, kan vera lettare å identifisere til ein av variantane under re-testen. Re-testen viste at nokre språklege variablar hadde fleire avvik enn andre, og eg valde å ekserperere variabel 12 /C̈/ ↔ /ʃ/ på nytt. Ei krysstabulering av avviket kopla opp mot dei uavhengige variablane, synte at det ikkje var noko signifikant utslag når det galdt skuleklassar og foreldrebakgrunn. Det var derimot



signifikant utslag for at det fanst fleire avvik hjå jentene enn hjå gutane ( $p = 0,031$ ). Dette signifikante avviket mellom manns- og kvinnestemmer kan forklarast teknisk. Kvinnestemmene vil innan eit frekvensområde generelt sett få med færre deltonar enn mennene av di det er større avstand mellom deltonane her. Det er alle deltonane som tilsaman gjer at me får eit spekter som me kan oppfatta. Elles la eg alle resultatata frå kontrollmålinga inn i dei opphavlege filene. Fyrst etter at eg hadde gjennomført reliabilitetskontrollen, gjekk eg inn og fjerna dei belegga som ikkje skulle vera med vidare i analysen av di materialet òg på dette punktet skulle vera likt båd gongene.

#### 5.8.2.6 Fase IV - Oppfølgingsintervjua

Dersom ein har høve til å bruka fleire personar som uavhengig vurderer og kjem fram til dei same konklusjonane ut frå svara frå informantane, kan ein seia at resultatata verkar truverdige. Sjølv om ein er aleine om alt arbeidet, er det fleire måtar å styrkja truverdet til dei konklusjonane ein kjem fram til. Denne kontrollen kan gjelda både transkripsjon og analyse. Her er nokre moment ein kan ta omsyn til:

- Leiande spørsmål kan vera ein måte å testa kor konsistente og pålitelege informantane sine svar er (jf. Kvale 1997: 97).
- Ved å sitera konteksten og spørsmålet intervjuaren har stilt, før ein gjev informanten sitt svar, synleggjer ein korleis ein har kome fram til tolkinga.
- Ein kan gje ei kritisk drøfting av det informanten har sagt, og gjerne òg skissera alternative tolkingar der det verkar turvande.
- Ein kan lata informanten sjølv kommentera og utdjupa den tolkinga forskaren kjem fram til, t.d. ved å seia “du meiner altså at...”

I ei sosiolingvistisk undersøking der ein del av forklaringane vert henta ut frå den sosialpsykologiske konteksten, bør transkripsjonane dessutan vera så nøyaktige at dei òg tek med pauselydar, nøling og gjentakingar.

#### **5.8.3 Variabeltypar og datanivå**

Før eg går nærare inn på kva variabeltypar eg har i denne undersøkinga, vil eg sjå litt på kva konsekvensar ulike datanivå har for val av statistiske testar.<sup>75</sup> Innafor kvantitative studiar er det

---

<sup>75</sup> For forklaring av statistiske omgrep viser eg til Kinnear & Gray (2000) og Butler (1985).



ikkje full semje om når ein skal velja parametriske, og når ein skal velja ikkje-parametriske testar (jf. Bryman og Cramer 1997: 117). Tommelregelen for val av parametriske testar er likevel:

- Dataa er på intervallnivå eller høgare
- Dataa er normalfordelte i populasjonen
- Variansen til variablane ein samanliknar, er lik eller homogen (gjeld berre for uavhengige utval)

Desse krava stiller ein derimot ikkje til dei ikkje-parametriske testane. Det er ikkje alle som meiner at ein treng vera like streng med omsyn til desse tre krava for at ein skal kunna gjera parametriske testar. Det vert hevda at ein òg kan gjera parametriske testar med variablar som er på ordinalnivå av di testane tek omsyn til tal og ikkje til kva tala viser. Når det gjeld haldningsvariablar, vil dei truleg alltid vera på ordinalnivå av natur, dvs. på ein glidande skala, og burde difor, om ein tok omsyn til det fyrste kravet, aldri bli analyserte på intervallnivå. Dette vert likevel ofte gjort (sjå t.d. Coupland, Williams og Garrett 1994: 471 – 489, Preston 1999: 359 – 373 og Bayard, Gallois, Weatherall og Pittam 2001: 22 – 49). Ein av dei viktigaste grunnane til at dette vert gjort, er at dei ikkje-parametriske testane ikkje har same styrke som dei parametriske testane. Oppenheim (1992: 158) seier dette om å bruka parametriske testar på data som eigentleg er på nominal eller ordinalnivå:

In strict measurement terms this is wrong, and it follows that the parametric techniques for statistical analysis are not applicable. Yet researchers frequently take liberties with the requirements and assumptions on which these statistical techniques are based in the hope that the techniques will prove sufficiently robust to withstand a certain amount of abuse, and that the ensuing results and conclusions will not be too misleading.

Også når det gjeld dei to andre krava, normalfordelt populasjon og lik varians, kan det i ein skilde høve gjerast unntak dersom utvala er store nok, sidan ein del av dei parametriske testane er nokså robuste og toler ein del avvik. Varianskravet gjeld elles berre om ein har med uavhengige utval å gjera. Det har òg vorte gjort undersøkingar som har synt at resultata frå populasjonar ein har laga på kunstig vis, ikkje har variert i avgjerande grad frå verkelege populasjonar som har tilfredsstilt desse krava (sjå t.d. Boneau 1960 og Games og Lucas 1966). Sheskin (2000: 34) seier:

In the final analysis, the debate concerning whether one should employ a parametric or nonparametric test for a specific experimental design turns out to be of little consequence in most instances. The reason for this is that most of the time a parametric test and its nonparametric analog are employed to evaluate the same set of data, they lead to identical or similar conclusions.

I det fylgjande vil eg ta føre meg kvar av dei ulike kvantitative granskingane og gjera greie for kva typar variablar eg har, og kva nivå dei er på.

#### 5.8.3.1 Fase IIa – “Verbal guise”-testen

Alle dei uavhengige variablane i haldningsmatrisa har eg operasjonalisert ut frå nominalnivå. Variabelen kjønn vert stort sett alltid sett på som ein diskret kategori, dvs. at ein person t.d. ikkje kan vera både gut og jente. Også foreldrebakgrunn har eg valt å operasjonalisera som ein diskret kategori, av di eg er interessert i å sjå om det å ha ingen, éin eller to foreldre frå bygda vil gje utslag i ulike haldningar og språkbruk. Den uavhengige variabelen klasstrinn har ein tydeleg underliggjande variabel, alder, som er på intervallnivå, men eg har også sett på denne ut frå nominalnivå.

Dei avhengige variablane i denne matrisa er på ordinalnivå. Vurderingane av dei ulike personane fylgjer her ei rangeringsrekkefylgje frå -2 til +2, dvs. frå negativt til positivt. Deltakarane fekk aldri sjå desse tala, men skulle ta stilling til ein katrakteristikk ut frå ein femdelt skala<sup>76</sup> med beskrivarane “veldig”, “litt” og “verken eller” framfor. Gjennomsnittstalet for alle dei åtte karakteristikkane dei skal ta stilling til for kvar stemme, har eg valt å kalla gjennomsnittleg skåre. Skalaen liknar på Osgood sin sjudelte skala der informantane skulle vurdera eit objekt ut frå kontrastive adjektivpar, men han har òg mykje sams med skalaen Likert utarbeidde på 30-talet, der informantane skulle vurdera utsegner ut frå “strongly agree”, “agree”, “undecided”, “disagree” og “strongly disagree”. Hogg og Vaughan (1998: 147) skriv dette om denne skalaen:

Likert did not assume equal intervals between scale values. For example, it is quite possible that the difference between 'agree' and 'strongly agree' is much larger than the difference between 'agree' and 'undecided'. This means a Likert scale can provide information on the ordering of people's attitudes on a continuum, but is unable to indicate how close or far apart different attitudes might be.

Eg kan som Likert heller ikkje utan vidare seia at avstanden mellom innhaldet til kvar av dei fem vurderingane vert oppfatta som like stor. Det er med andre ord uråd for meg å hevda at det t.d. er lik avstand mellom vurderinga “veldig venleg” (+2), “litt venleg” (+1) og “verken venleg eller uvenleg” (0). Dataa mine kan såleis oppfattast å vera på ordinalnivå og ikkje på intervallnivå. Både Kristiansen (1991a: 54) og Maegaard (2001: 142) valde ikkje-parametriske testar for språkhaldningsundersøkingane sine nettopp av di dei ikkje kunne stå inne for at deltakarane deira ville

---

<sup>76</sup> Fabrigar og Krosnick (1995: 44) seier fylgjande om kor mange kategoriar ein bør ha i ein vurderingsskala: “In fact, the various empirical studies on this matter indicate that scales with 5 to 7 points seem to be both more reliable and valid than scales with more or fewer points”.

vurdera avstanden mellom dei sju ulike vurderingstrinna som like lang, dvs. som data på intervallnivå. Eg vil likevel hevda at det verkar meir sannsynleg at ein vil vurdera og oppfatta avstanden mellom kategoriane som like lange på ein oddetalsskala der kategorinamna er skildra med ankra ytterpunkt (jf. Silverman 1977: 136) i form av overskrifter som er symmetriske på båe sider av den nøytrale kategorien, enn ein vil gjera i undersøkingar der ein berre får oppgeve ein talskala eller ein skala utan overskrifter. Eg meiner òg at det er lettare for dei som skal gjera vurderingane å tenkja i intervallkategoriar når ein ikkje har for mange trinn på skalaen. Ein femdelt skala er slik sett betre enn ein sjudelt skala.

Ei slik vurdering har òg andre kome fram til. Det finst mange døme på at det vert utført parametriske testar med data som berre er på rangnivå trass i at det å testa eit aritmetisk gjennomsnitt, eigentleg berre er meningsfullt med data som minst er på intervallnivå. Toothaker og Miller (1986: 580) seier: “However, research shows that some parametric tests perform adequately for rank data.” Det mest nærliggjande dømet der ein nyttar data på rangnivå/ordinalnivå er karakterar, der ein har funne det praktisk å rekna ut gjennomsnittskarakterar. I studieplanane på Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen kan ein lesa dette: “Det blir gjeve eigen karakter for kvar av dei to prøvene, og ved utrekning av samla karakter blir karakteren for semesteroppgåva vekta med to tredjedelar og karakteren for den munnlege prøva vekta med ein tredjedel.”<sup>77</sup>

Eit anna krav til å handsama dataa på intervallnivå, er at ein går ut frå at dei opplysningane utvalet gjev, er normalfordelte i populasjonen. Ved å testa dataa på eit nivå som er høgare enn det eigentleg er, kan ein skapa feilkjelder. Siegel og Castellan (1988: 34 – 35) seier:

Of the methods available, parametric and nonparametric, which uses the information in the sample appropriately? That is, which test is valid? [...] The answer to the first question depends upon the level of measurement achieved in the research and on the researcher’s knowledge of the population. If the measurement is weaker than that of an interval scale, by using a parametric test, the researcher would “add information” and, thereby, create distortions which may be as great and as damaging as those introduced by the “throwing away of information” which occurs when scores are converted to ranks. Moreover, assumptions which must be made to justify the use of parametric tests usually rest on conjecture and hope, for knowledge about the population parameters almost invariably is lacking.

---

<sup>77</sup> Studieplanar på Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Nedlasta 13.12.2002.

Eg trur ikkje dei ulike vurderingane av dei tre sogndalsvarietetane nødvendigvis vil vera normalfordelte i populasjonen, men eg ser på dette som ein forsvarleg føresetnad å byggja på i det teknisk prega arbeidet med statistikk. Utvalet mitt i “verbal guise”- testen tel 153 av 162 elevar, dvs. nesten heile populasjonen av ungdomsskuleelevar på Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001, men eg vel å sjå på desse elevane som eit utval i eit tidsvindaug. Eg meiner det er rimeleg å sjå på desse elevane som representantar for eit tidsutsnitt av ungdomsskuleelvar i Sogndal i ein lengre periode så lenge ytre faktorar som skulekrinsar, lærarar, inn- og utflytting til bygda, næringsstruktur med meir held seg nokolunde konstant, dvs. under elles like vilkår som no. Av den grunn reknar eg med at ein ville ha fått eller vil få mykje dei same resultata om ein hadde gått nokre år bakover i tid eller nokre år fram i tid. Det faghistoriske utgangspunktet for bruk av statistikk var nettopp å bruka det som eit planleggingsverktøy. Eitt av dei viktigaste bruksområda for statistikk t.d. innafor demografiske og økonomiske område, er å gjera prognostiske analysar og kunna generalisera framover i tid. Eg ser difor ingen grunn til at ein ikkje også kan bruka den same argumentasjonen når det gjeld kulturelle forhold som språk er ein del av.

Det neste kravet gjeld varians. Ved å studera materialet ved hjelp av ein frekvensanalyse kan ein sjekka om det er mange ekstremverdiar, såkalla “uteliggjarar”. Ein mogleg måte å løysa problemet med eventuelle ekstremverdiar på er å sila desse avvikarane ut frå resten av materialet.<sup>78</sup> Parametriske testar bør heller ikkje nyttast ved for småe utval og særleg ikkje dersom det er stor skilnad mellom variansane i dei to utvala ein måler. I SPSS sin versjon 10 er dette problemet unngått ved at “Levene’s Test for Equality of Variances” vil vera innebygd i sjølve t-testen og visa om variansen i dei to utvala er lik nok til at t-test kan brukast utan vesentlege feil (jf. Kinnear og Gray 2000: 146).

Eg har ovafor argumentert for at skalaen min er meir justert enn ein vanleg talskala, men ein bør likevel vera forsiktig med å strekkja dataa for langt. Det ser ut til å vera ein tendens til å vera meir liberal når det gjeld å testa ordinalskalaer ut frå dei same kvalitetane som krevst for intervallnivå. Eg vel å føya meg inn i denne tradisjonen og vil såleis velja å bruka parametriske testar på denne haldningsundersøkinga.

### 5.8.3.2 Fase IIb – Eigenvurderingsskjemaet

Dei uavhengige variablane er dei same som i haldningsmatrisa, dvs. på nominalnivå. Her kan ein sjå på den avhengige variabelen som ein ordinalskala med glidande overgang frå tradisjonelt til

---

<sup>78</sup> Sjå kap. 5.9.1.5 for testing av ekstremverdiar.

moderne sogndalsmål, men eg har valt å gruppera dei i tre åtskilde grupper som klart åtskilde kategoriar, dvs. på nominalnivå.

#### 5.8.3.3 Fase III – Språkopptaka

Bakgrunnsvariablane, dei uavhengige, er dei same som for dei to andre testane, dvs. dei er på nominalnivå. Den avhengige variabelen, som her er variasjon på ein akse frå tradisjonell sogndalsdialekt til to nyare varietetar, kan oppfattast som ein retningsorientert skala på ordinalnivå, men igjen har eg valt å operera med klart åtskilde språkkategoriar på nominalnivå. Årsaka til det er fyrst og fremst at eg ynskjer å jamføra desse resultatata med resultatata frå hovudoppgåva mi i 1996, og då er det ein fordel at operasjonaliseringsnivået er likt.

#### 5.8.3.4 Nettverksmatrisa

Nettverksmatrisa inneheld for mange feilkjelder (jf. kap. 5.9.1) og har dessutan for lite klare kategoriar til at ho vil eigna seg til ein omfattande kvantitativ analyse. Eg vil difor berre i moderat grad knyta opplysningar herifrå til kvantitativ analyse. Nettverksopplysningane vil bli brukte som eit supplement til dei andre undersøkingane.

#### 5.8.3.5 Fase IV – Oppfylgingsintervjua

Opplysningane i dei tre oppfylgingsintervjua vil hovudsakleg bli nytta som eit kvalitativt supplement for å utdjupa dei svara desse informantane gav i det fyrste intervjuet. Interesse er her knytt til einskildindividida meir enn at desse individida skal representera ei større gruppe. Inndeling i avhengige eller uavhengige variablar vert såleis lite relevant her.

## 5.9 Statistiske testar

Dei statistiske testane er naturleg nok nær knytte til kva type datanivåa ein har, og til kva hypotesar ein stiller. Alle testane eg tek føre meg i dette kapittelet, er førebuande testar, dvs. testar som anten gjer dataa lettare tilgjengelege for hypotesetesting, eller som testar ut feilkjelder. Dei valde signifikansgrensene er vanlege i samfunnsfag og psykologi. Eg kjem i denne avhandlinga til å operera med fire nivå<sup>79</sup> etter fylgjande tabell:<sup>80</sup>

---

<sup>79</sup> Dei tre signifikansnivåa eg har valt her, er vanlege inndelingar i statistiske analysar (jf. Butler 1985: 71). I praksis kjem eg ikkje til å nytta symbola så mykje, men vil heller gjera greie for om resultatata er signifikante i tekstform.

Probabilitetsnivå:	Symbol:	Tyding:
$0,01 < p \leq 0,001$	***	Svært høg signifikans
$0,05 < p \leq 0,01$	**	Høg signifikans
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans
$0,05 \leq p \leq 0,10$	T	Tendens
$p > 0,10$	i.s.	Ikkje signifikant

Tabell 5.13: Dei ulike signifikansgrensene eg kjem til å operera med i denne avhandlinga.

### 5.9.1 Haldningsgranskinga – “verbal guise”

Før eg går i gang med å testa materialet i høve til dei ulike hypotesane eg vil ha svar på, kan det vera ein fordel å testa om det er mogleg å gruppera saman nokon av adjektivpara. Preston (1999: 364) seier: “The first step in classic language attitude work is to determine whether or not the paired items used in evaluating the “samples” can be reduced. This is normally carried out by means of a factor analysis.”

#### 5.9.1.1 Faktoranalyse

Faktoranalyse er ein måte å få oversyn over data på, og denne analysetypen kan difor reknast som ein del av dei deskriptive statistiske teknikkane. Faktoranalyse er ein prosedyre der ein ber om å få ei sjølvorganisering av datasettet, slik at ein lagar nye deskriptive einingar, faktorar, av variablar som har høg innbyrdes korrelasjon. Dette er nyttig i tilfelle der ein har mange variablar. Alle moglege kombinasjonar av variablar vert kopla mot kvarandre, og ein får eit resultat som viser kva variablar som har høg korrelasjon. Høge korrelasjonsmønster gjer at ein kan gruppera og laga kategoriar som ein kallar faktorar. Som ein tommelregel vert 0,7 rekna som ein sterk korrelasjon, medan 0,5 er det lägste korrelasjonstalet ein bør akseptera for å kunna hevda at to variablar høyrer til same faktor. Såleis kan ein få færre einingar før ein går laus på hypotesetesting.<sup>81</sup>

Faktorane er namnlause einingar, av di programmet som lagar dei, sjølv sagt ikkje kjenner til innhaldet i dei variablane som vert handsama. Difor må ein sjølv analysera faktorane og sjå kva innhald dei har, ut frå kva samsvar faktorane har med dei originale variablane. Ein faktoranalyse for kvar av dei seks stemmene viser eit klart mønster for tre av dei (A, C og D).

<sup>80</sup> Når det gjeld forholdet mellom type 1 feil og type 2 feil, viser eg til Woods, Fletcher og Hughes 2000: 115 – 17 og 127 – 28.

<sup>81</sup> For meir om faktoranalyse sjå mellom anna Woods, Fletcher og Hughes 2000: 290 – 295 og Kinnear og Gray 2000: 347 – 368.

Tabell 5.14 viser kva overomgrep eg har gjeve dei tre klaraste faktorane, og kva for variablar som i faktoranalysen gav mest informasjon inn i kvar av dei.

<b>Attraksjon</b>	<b>Personleg status</b>	<b>Sosial status</b>
Påliteleg	Utdanning	Frå sentrum
Venleg	Leiartype	Moderne
Ynskjer å bli kjend med	Glup	

Tabell 5.14: Inndeling av dei åtte karakteristikkane i dei tre faktorane attraksjon, personleg status og sosial status.

### 5.9.1.2 Testing av faktorane

Faktoranalysen gav eit klart mønster for inndeling i tre faktorar for tre av stemmene. Ved hjelp av ein para t-test kunne eg finna ut om dei tre faktorane òg ville koma att som tre klare faktorar dersom ein slo saman alle dei seks stemmene og samanlikna gjennomsnitta for kvar av dei tre faktorane med kvarandre. Eg får gjennomsnittet for faktorane ved å leggja saman verdiane på skalaen mellom  $\div 2$  og  $+2$  for dei variablane som høyrer til kvar faktor på alle dei seks stemmene, og deretter dela det på alle dei 153 elevane som var med i undersøkinga.<sup>82</sup> Gjennomsnittsverdiane for dei tre faktorane kan stillast opp etter denne rangeringa:

<b>Rang</b>	<b>Faktor</b>	<b>Gjennomsnitt</b>
1	Attraksjon	0,487
2	Personleg status	0,084
3	Sosial status	-0,021

Tabell 5.15: Rangering og gjennomsnitta for dei tre faktorane attraksjon, personleg status og sosial status.

<sup>82</sup> For alle tabellane gjeld at eg har valt å runda av til tre desimalar.

Faktorpar	Differanse-gjennomsnitt	<i>t</i>	<i>p</i>
Attraksjon og Sosial status	0,508	9,662	< 0,001
Attraksjon og Personleg status	0,402	10,526	< 0,001
Personleg status og Sosial status	0,105	2,238	= 0,027

Tabell 5.16: Differanse-gjennomsnitt, *t* og *p* for faktorpara.

Tabell 5.16 viser at dei tre overomgrepa fungerer som overomgrep for dei faktorane dei skal representera og dermed er relevante for analysen. Skilnaden mellom faktorane var minst klar mellom faktorane sosial status og personleg status. For alle para var  $N = 153$ .

### 5.9.1.3 Testing av varietetane

Dei tre sogndalsvarietetane eg opererer med, er laga av meg ut frå røymsler frå hovudoppgåva og usystematiske observasjonar eg har gjort av talemålet hjå unge sogndøler i år 2000. Det kan difor vera interessant å sjå om desse varietetane utkrystalliserer seg som tre varietetar i vurderingane frå alle dei 153 elevane ved Sogndal ungdomsskule. Tabellen under viser korleis elevane med vurderingane sine samla sett har rangert dei tre varietetane. Gjennomsnittleg skåre byggjer på gjennomsnittsverdien av dei åtte karakteristikkane dei 153 deltakarane har gjort for dei to stemmene som inngår i same varietet.

Rang	Varietet	Gjennomsnittleg skåre
1	Mellomvarietet (Røyst C+F)	0,282
2	Tradisjonell (Røyst B+D)	0,274
3	Mest moderne (Røyst A+E)	0,068

Tabell 5.17: Rangering og gjennomsnittleg skåre for kvar av av dei tre talemålsvarietetane.



Varietetspar	Differanse-gjennomsnitt	<i>t</i>	<i>p</i>
Mellomvar. (2) og Trad. varietet (1)	0,007	0,161	= 0,873
Trad. var. (1) og Mest moderne var. (3)	0,206	4,162	< 0,001
Mellomvar. (2) og Mest mod. var. (3)	0,213	4,747	< 0,001

Tabell 5.18: Differanse-gjennomsnitt, *t* og *p* for varietetspara.

Tabell 5.18 syner at det er signifikant skilnad mellom den tradisjonelle varieteten (1) og den mest moderne varieteten (3) og mellom den mest moderne varieteten (3) og mellomvarieteten (2). Det er derimot ikkje noko klart skilje mellom den tradisjonelle varieteten (1) og mellomvarieteten (2). Det er ikkje godt å vita kva som gjer dette, men det er viktig å vera klar over at desse overordna mønstera dekkjer til og kan oppheva alle skilnader som finst på kategorinivå. Skilnader som finst innafor kvar av kategoriane kjønn, klassetrinn og foreldrebakgrunn kan såleis bli kamuflerte når alt vert slege saman.

Det at det i det heile er mogleg å finna att to klare varietetar i materialet, er interessant i seg sjølv, for ingenting la i utgangspunktet til rette for at dei 153 deltakarane skulle vurdera den språklege forma på det som vart sagt. Ungdomsskuleelevane vart i staden villeia til å vurdera dei seks stemmene på cd-en i høve til ein filmaudition (jf. kap. 5.2.2.7 og 5.4.2.1).

#### 5.9.1.4 Testing av stemmene

Det er nokså vanskeleg å isolera einskildfaktorar i dette haldningsmaterialet. Nokon sikker feilkjeldetest er det av den grunn vanskeleg å gjera. Trass i at ein kan få eit klart mønster på eit overordna nivå, kan det vera stor variasjon på nivåa under. Stor homogenitet på overflata kan såleis dekkja over store variasjonar mellom einskilde kategoriar lenger nede. Tabellen nedafør viser korleis kvar av stemmene vart vurdert når ein ser alle vurderingskriteria og alle dei 153 deltakarane under eitt:

Rang	Røyst	Varietet	Gjennomsnittleg skåre
1	F	Mellomvarietet	0,313
2	D	Tradisjonell varietet	0,293
3	B	Tradisjonell varietet	0,266
4	C	Mellomvarietet	0,250
5	E	Moderne varietet	0,219
6	A	Moderne varietet	-0,082

Tabell 5.19: Rangering og gjennomsnittleg skåre for kvar røyst og varietet.

Ut frå tabell 5.19 ser det ut til at det er eit visst mønster mellom dei to stemmene som tilhøyrer same varietet. Berre røyst F eller C under mellomvarieten bryt med dette mønsteret. Ein tovegs t-test for å finna ut om det var skilnad mellom dei to stemmene som tilhøyrde same varietet, viste dette resultatet:

Stemmeapar	Differanse-gjennomsnitt	$t$	$p$
E og A (begge varietet 3)	0,301	5,424	< 0,001
F og C (begge varietet 2)	0,063	1,040	= 0,300
D og B (begge varietet 1)	0,027	0,442	= 0,659

Tabell 5.20: Differanse-gjennomsnitt,  $t$  og  $p$  for dei tre stemmeapara.

Tabell 5.20 syner at det er skilnad mellom dei to stemmene i varietet 3, men ikkje når det gjeld dei to stemmene i varietet 1 og 2. Dette kan tyda at varietet 1 og 2 vert oppfatta som klare varietetar, medan varietet 3 ikkje vert det. Det kan òg skuldast skilnader på eit lægre nivå, t.d. stemmekvalitet og innhaldet i det personane seier. Tabell 5.20 er likevel berre ein del av sanninga når det gjeld stemmeapar. Ved å para resten av stemmene med kvarandre kom det fram fylgjande resultat:

Stemme-par	Differanse-gjennomsnitt	<i>t</i>	<i>p</i>
B (varietet 1) og A (varietet 3)	0,347	5,184	< 0,001
C (varietet 2) og A (varietet 3)	0,332	5,320	< 0,001
D (varietet 1) og A (varietet 3)	0,375	5,947	< 0,001
F (varietet 2) og A (varietet 3)	0,395	6,667	< 0,001
B (varietet 1) og C (varietet 2)	0,016	0,254	= 0,800
B (varietet 1) og E (varietet 3)	0,047	0,721	= 0,472
F (varietet 2) og B (varietet 1)	0,048	0,743	= 0,459
D (varietet 1) og C (varietet 2)	0,043	0,668	= 0,505
C (varietet 2) og E (varietet 3)	0,031	0,495	= 0,622
D (varietet 1) og E (varietet 3)	0,074	1,177	= 0,241
F (varietet 2) og D (varietet 1)	0,020	0,349	= 0,727
F (varietet 2) og E (varietet 3)	0,094	1,619	= 0,107

Tabell 5.21: Differanse-gjennomsnitt, *t* og *p* for stemmene frå ulike talemålsvarietetar.

Stemme A (varietet 3) viser signifikant skilnad til alle stemmene. Alle dei andre stemmene viser berre signifikant skilnad med stemme A (varietet 3).

Det neste interessante spørsmålet er då å sjå om det er høg korrelasjon mellom dei stemmene som tilhøyrer same varietet. Korrelasjonstesten “Pearson Correlation”,<sup>83</sup> vil gje svar på dette.

<sup>83</sup> For meir om denne testen sjå t.d. Kinnear og Gray 2000: 253.

	Røyst A (gj.snitt alle variablar)	Røyst B (gj.snitt alle variablar)	Røyst C (gj.snitt alle variablar)	Røyst D (gj.snitt alle variablar)	Røyst E (gj.snitt alle variablar)	Røyst F (gj.snitt alle variablar)
Røyst A (gj.snitt alle variablar)		0,053	0,104	0,207*	0,357**	0,316**
Røyst B (gj.snitt alle variablar)			0,094	0,208**	0,077	0,173*
Røyst C (gj.snitt alle variablar)				0,067	0,041	0,192*
Røyst D (gj. snitt alle variablar)					0,179*	0,361**
Røyst E (gj.snitt alle variablar)						0,318**
Røyst F (gj.snitt alle variablar)						

Tabell 5.22: Korrelasjonen mellom alle dei seks røystene.

Korrelasjonsmatrisa viser at alle dei tre varietetane kjem att om enn i noko ulik grad. Stemme A og E korrelerer kvar for seg høgast med den stemma dei dannar varietet saman med. Dei utgjer til saman varietet 3. Også stemme B og D har høg signifikant korrelasjon med kvarandre. Saman utgjer dei varietet 1. Så langt er det såleis eit nokså klart mønster for at dei to stemmene som tilhøyrer same varietet, ser ut til å ha vorte vurderte nokolunde likt av dei 153 informantane. Stemme F derimot, som saman med stemme C dannar varietet 2, viser derimot det mest uklare mønsteret. Stemme F syner signifikant korrelasjon med alle stemmene, og dannar ikkje noko eintydig mønster saman med stemme C. Stemme C korrelerer på den andre sida berre med stemme F. Det er difor stemme C som er hovudkjelda til varietet 2. Det at stemme F korrelerer med alle,

tyder at F er ei stemme som alle har litt felles med, og at stemme C, skodespelaren (jf. kap. 5.2.2.5), skil seg mest ut frå dei hine.

Trass i at det ikkje er mogleg å oversjå at utanomspråklege faktorar som t.d. stemmekvalitet og tekstinnhald kan ha spela ei viss rolle, er det samla sett nokså interessant å observera at det dannar seg eit såpass bra korrelasjonsmønster for dei språklege kriteria ved at dei to stemmene som tilhøyrer same varietet opererer nokså godt i lag, og at dei tre varietetane i nokon grad kjem tilbake.

#### 5.9.1.5 Testing av ekstremverdiar

Når ein ser nærare på datamaterialet i ein deskriptiv analyse og koplpar dei uavhengige og dei avhengige variablane, kan eit “boxplot” i statistikkprogrammet SPSS visa kva enkeltindivid innafor ein kategori som avvik frå den kategorien det er plassert i. Sjølve boksen inneheld alle dei individa som ligg mellom den 25. og den 75. kvartilen, dvs. den halvdelen som ligg midt i kategorien. Individ som ligg 1,5 bokslengd høgare eller lægre enn den øvre eller nedre kanten på boksen, vert kalla “outliers” (“uteliggjarar”), og individ som ligg 3 bokslengder utafør, vert kalla “ekstremverdiar”. Det er vanleg å ta ut ekstremverdiar før ein byrjar hypotesetestinga av di desse ekstremverdiarne elles vil få svært stor inverknad på resten av kategorien.<sup>84</sup>

Eit gjennomsyn av materialet mitt viste at det ikkje fanst nokon ekstremverdiar, men det fanst nokre uteliggjarar innafor dei uavhengige variablane kjønn, foreldrebakgrunn og klassetrinn. Det er fleire grunnar til at eg har valt å ta desse “uteliggjarane” ut or materialet før eg har testa forskingshypotesane:

- Å ta ut “uteliggjarar” er ein enkel teknikk for å redusera innverknaden frå verdiar som er svært avvikande. Dette hevar validiteten til gjennomsnittsomgrepet som representant for ein kategori fordi ein minskar innverknaden frå tilfeldige slengarar.
- Å ta ut “uteliggjarar” gjer det vanskelegare å få signifikante utslag i retningsnøytrale hypotesar av di ein fjernar den påverknaden desse har på gjennomsnittet. Ein får såleis lægre t.
- Å ta ut “uteliggjarar” gjer at ein får færre fridomsgrader for heile testen av di talet på deltakarar, N, vert mindre, noko som igjen gjer det vanskelegare å forkasta nullhypotesen uavhengig av hypoteseretning.

---

<sup>84</sup> Sjø meir om dette i Kinnear og Gray 2000: 96 – 97.

Ulempa med å ta ut “uteliggjarar” er at forskaren såleis går inn og overprøver og sensurerer bort vurderingane til dei personane som ligg i ein ytterkant av resten av kategorien. Når ein berre gjer dette inngrepet på kategorinivå, og alle individa framleis er med i den samla matrisa, må ein sjå på det som små inngrep, og noko som er med på å styrka kvaliteten på materialet. Viss ein går ut frå at den populasjonen ein har utval frå, speglar totalpopulasjonen, er det meningslaust å gå ut frå at ein har ein ny topp langt ute. Det å ta bort verdiar som ligg langt ute i ytterkanten av ei gruppe (“trimmed mean”), er så vanleg at det er ein innebygd funksjon i parametriske testar i statistikkprogram. For retningsbestemte hypotesar kan ein ved å ta bort “uteliggjarar” anten gjera det vanskelegare eller lettare å forkasta nullhypotesen. Dersom “uteliggjaren” ligg i den motsette enden av hypoteseretninga, vil det gjera det litt vanskelegare å få nullhypoteseforkasting ved å ha han med, men dersom “uteliggjaren” ligg i same ende som hypoteseretninga, vil det bli lettare å få hypoteseforkasting ved å ha han med. I materialet mitt vil “uteliggjarar” vera synonymt med verdiar som viser eit avvik som ligg under 1 % på kvar side av ei normalfordelingskurve. Eg meiner difor det er forsvarleg å ta bort desse verdiane same korleis hypotesen er formulert når eg testar på kategorinivå.

## 5.10 Hypotesar knytte til dei ulike problemstillingane

### 5.10.1 Hypotesar knytte til haldningsgranskingar


Trass i ein viss fare for å gjera forenklingar og øva vald mot materialet, har eg, for å halda meg til definisjonen av haldningar i (jf. kap. 4.2.2) og for å skapa eit visst oversyn, valt å kategorisera dei ulike haldningshypotesane etter dei tre merkelappane *konative*, *affektive* og *kognitive*. Dei går såleis òg inn som ulike innfallsvinklar til det eg har valt å kalla overordna ramme (jf. figur 4.3).

Kvantitative metodar har fått sterkt innpass i sosiolingvistiske arbeid dei siste tiåra. I denne avhandlinga har eg brukt vanlege og etter kvart godt innarbeidde statistiske metodar. Eg har med andre ord ikkje lege tett opp i den metodiske forskingsfronten, men heller ikkje drive med prosentrekning på eit tynt materiale. For meir om bruken av dei statistiske metodane eg har brukt, viser eg til Butler 1985, Woods, Fletcher og Hughes 2000 og Kinnear og Gray 2000.

Eit viktig mål med all datahandsaming er at ein strekkjer dataa så langt som råd, dvs. at ein prøver å oppnå optimal datautnytting. Einvegs hypotesetesting er såleis ein sterkare test enn ein retningsnøytral hypotese. Difor bør ein alltid testa einvegs, retningsbestemt, om ein har teori eller empiri som stør opp under at resultatet vil gå i ei spesiell retning. Ulempa med retningsbestemte hypotesar er altså at ein på førehand må ha kvalifiserte kunnskapar om å seia noko om retninga på

---

hypotesen, for resultata kan berre lesast éin veg (jf. figur 5.4, andlet 1). I tilfelle der ein derimot ikkje har gode nok teoriar eller empiri til å stø seg på, må ein testa tovegs, dvs. bruka retningsnøytrale hypotesar (jf. figur 5.4, andlet 2). Andleta i figur 5.4 nedafør illustrerer dette:



Figur 5.4: Andlet for retningsbestemte og retningsnøytrale hypotesar. (Fått teikning av Kolbjørn Slethei.)



**Problemstilling 1: Kva haldningar har folk som bur i Sogndal til sogndalsdialekten?**5.10.1.1 'Konativ haldning' – 'folk i Sogndal generelt'

**Hypotese 1:** *Folk i Sogndal vil reagera ulikt, visa ulike handlingar, når nokon vender seg til dei på tradisjonell sogndalsdialekt, varietet 1, og når nokon vender seg til dei med ein nyare sogndalsdialekt, varietet 3. (Retningsnøytral.)*

Det er i utgangspunktet ikkje så lett å føreseia korleis sogndøler generelt vil reagera på dei talemålsvariantane dei høyrer. Sogndal er i dag eit nokså heterogent samfunn som samlar folk frå ulike stader og med ulik talemålsbakgrunn, slik at folk er vande med stor variasjon. Ein del av frontfigurane og pådrivarene i det sterke fotballmiljøet og næringslivet i bygda er innfødde sogndøler som både har foreldre frå bygda og sjølve har vakse opp der og snakkar sogndalsdialekt. Mange av desse snakkar tradisjonell sogndalsdialekt og ser ut til å vilja signalisera at talemålet er ein viktig identitetsfaktor for dei. Eg har likevel ingen empiri eller sterk teori som påverkar meg til å velja ein retningsbestemt hypotese når det gjeld reaksjonar til talemålsvariasjon, slik at denne hypotesen vil bli testa retningsnøytralt.

**Problemstilling 2: Kva haldningar har unge sogndøler til sogndalsdialekten?**

Hypotesane som er knytte til denne problemstillinga, er laga for å testa om ulike kategoriar av unge sogndøler har ulike haldningar til sogndalsdialekten. Dei er utforma med tanke på å måla den umedvitne delen av den affektive sida av språkhaldningar. Utover ei kvalitativ sosiologisk undersøking av ungdomskulturen i Sogndal (jf. Jørgensen 1994), har eg lite teori og empiri å byggja på når det gjeld kva haldningar sogndøler har til språket der. Av den grunn er eg mest interessert i å finna ut om ulike kategoriar av sogndøler har forskjellige haldningar til sogndalsdialekten, og eg har difor valt å testa haldningshypotesane nedafor retningsnøytralt.

5.10.1.2 'Affektiv haldning' – 'elevar på ungdomsskulen generelt'

**Hypotese 2:** *Elevar på ungdomsskulen i Sogndal vil samla sett på skjemasvar vurdere dei tre forskjellige sogndalsvarietetane ulikt. (Retningsnøytralt.)*

Eg har ingen teori eller empiri som kan hjelpa meg med å avgjera kven av dei tre varietetane som vil bli mest positivt eller negativt vurdert av ungdomar, slik at denne hypotesen må testast retningsnøytralt.

### 5.10.1.3 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn’

Den sosiologiske undersøkinga til Gunnar Jørgensen i Sogndal viste at born av innfødde sogndøler var meir lokalpatriotiske enn born av innflyttarforeldre (jf. Jørgensen 1994). Elevar som har foreldre frå andre stader enn Sogndal, er truleg meir vande med å høyra andre talemål enn sogndalsdialekten gjennom familien og det sosiale nettverket sitt.

Sidan eg likevel ikkje har nokon sterk teori eller haldningsempiri å byggja på her, er eg fyrst og fremst interessert i å sjå om det er nokon skilnad i haldningar mellom informantar med ulik foreldrebakgrunn. Av den grunn vel eg å testa hypotesane nedafor retningsnøytralt.

**Hypotese 3a:** *Elevar med to innflyttarforeldre og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdera varietet 3 ulikt. (Retningsnøytralt.)*

**Hypotese 3b:** *Elevar med to innflyttarforeldre og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdera varietet 2 ulikt. (Retningsnøytralt.)*

**Hypotese 3c:** *Elevar med to innflyttarforeldre og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdera varietet 1 ulikt. (Retningsnøytralt.)*

**Hypotese 3d:** *Elevar med éin innflytta forelder og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdera varietet 3 ulikt. (Retningsnøytralt.)*

**Hypotese 3e:** *Elevar med éin innflytta forelder og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdera varietet 2 ulikt. (Retningsnøytralt.)*

**Hypotese 3f:** *Elevar med éin innflytta forelder og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdera varietet 1 ulikt. (Retningsnøytralt.)*

### 5.10.1.4 ‘Affektiv haldning’ – ‘klassetrinn’

Innbakt i dei to neste hypotesane ligg det ein påstand om at ulik alder gjer at dei tre klassetrinna vil vurdera dei tre sogndalsvarietetane ulikt. Testane vil visa om det er eit skilje mellom 8.-, 9.- og 10.-klasse. Det er totalt sett liten aldersskilnad mellom dei tre klassetrinna, og det er lite som i utgangspunktet skulle tilseia at elevane på dei tre klassetrinna vil snakka forskjellig. Eg vel difor å testa desse hypotesane retningsnøytralt.

**Hypotese 4:** Det vil vera skilnad mellom setta av dei tre klassetrinna, dvs. 8.-klassingar, 9.-klassingar og 10.-klassingar, når det gjeld korleis dei på skjemasvar vurderer dei tre varietetane. (Retningsnøytralt.)

#### 5.10.1.5 ‘Affektiv haldning’ – ‘kjønn’

Heller ikkje her har eg nokon sterk teori eller andre språkhaldningsundersøkingar i Sogndal å byggja på, så eg vel å testa hypotesane knytte til haldningar og kjønn nedafor retningsnøytralt.

**Hypotese 5a:** *Jenter og gutar vil på skjemasvar vurdere varietet 3 ulikt.* (Retningsnøytralt.)

**Hypotese 5b:** *Jenter og gutar vil på skjemasvar vurdere varietet 2 ulikt.* (Retningsnøytralt.)

**Hypotese 5c:** *Jenter og gutar vil på skjemasvar vurdere varietet 1 ulikt.* (Retningsnøytralt.)

#### 5.10.1.6 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn og kjønn’

Her gjeld same argumentasjonen som for hypotesane om foreldrebakgrunn og kjønn (jf. kap. 5.10.1.3 og 5.10.1.5). Alle hypotesane her vert difor testa retningsnøytralt.

**Hypotese 6a:** *Jenter og gutar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdere den tradisjonelle sogndalsdialekten (varietet 1) ulikt.* (Retningsnøytralt.)

**Hypotese 6b:** *Jenter og gutar med éin innflytta forelder vil på skjemasvar vurdere mellomvarietet (varietet 2) ulikt.* (Retningsnøytralt.)

**Hypotese 6c:** *Jenter og gutar med to innflyttarforeldre vil på skjemasvar vurdere den mest moderne varietet (varietet 3) ulikt.* (Retningsnøytralt.)

#### 5.10.1.7 ‘Affektiv haldning’ – ‘kjønn og klasstrinn’

Eg har heller ikkje her nokon empiri eller teori som tilseier at det er meir sannsynleg at jenter og gutar på ulike klassesteg vil vurdere dei ulike varietetane av sogndalsdialekten ulikt. Hypotesane her vert difor testa retningsnøytralt.

**Hypotese 7a:** *Det vil vera skilnad på korleis jenter og gutar på dei tre klasstrinna på skjemasvar vurderer varietet 1.* (Retningsnøytralt.)

**Hypotese 7b:** *Det vil vera skilnad på korleis jenter og gutar på dei tre klasstrinna på skjemasvar vurderer varietet 2.* (Retningsnøytralt.)

**Hypotese 7c:** *Det vil vera skilnad på korleis jenter og gutar på dei tre klasstrinna på skjemasvar vurderer varietet 3.* (Retningsnøytralt.)

#### 5.10.1.8 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn og klasstrinn’

Sidan koplinga mellom foreldrebakgrunn og klasstrinn ville gje altfor småe kategoriar, har eg valt å ikkje laga nokon hypotesar til ei kopling mellom foreldrebakgrunn og klasstrinn (jf. tabell 5.9).

Hypotesane i kap. 5.10.1.9 – 5.10.1.11 nedafor er danna med utgangspunkt i eigenvurderingsskjemaet, der informantane skulle vurderer korleis dei sjølve snakka i høve til dei tre varietetane dei hadde høyrte (jf. vedlegg D). Målsetjinga med å nytta kvantitativ statistikk er at ein skal få hjelp til å avdekkja mønster når ein har store mengder data. Når tala vert altfor småe, ser ein mønsterane betre utan statistisk testing, og det er difor betre å presentera reine tal og deskriptiv statistikk for å sjå mønsterane. I sjølvvurderingstesten har eg berre 36 personar, og sidan det er enkeltindividane som vert talde i dei ulike kategoriane, står eg i fare for å få svært få personar i enkelte kategoriar. Det er difor ikkje fornuftig å tolka resultata her berre ved å bruka statistisk testing i form av hypotesetesting, men derimot òg sjå på deskriptiv statistikk på denne delundersøkinga. Eg har her berre laga generelle hypotesar for kvar sosial kategori.

Trass i at vurderingsskjemaet med form som ein trekant berre skulle kunna gje tre avkryssingsalternativ når det gjeld språkleg varietet, vil eg òg ta med “anna” i dei deskriptive tabellane. Dette har eg gjort av di òg dei individane som plasserte seg utafor trekanten, er interessante i høve til problemstillinga og hypotesane. Kategorien “anna” skal ikkje oppfattast som ein eigen varietet, men er derimot eit samleomgrep på dei som har sett kryss utafor trekanten og kalla språket sitt noko anna, t.d. bokmål, nynorsk eller blandingsspråk.

#### 5.10.1.9 ‘Kognitive haldningar’ – ‘foreldrebakgrunn’

**Hypotese 8:** *Det vil vera skilnad på sjølvvurderingane av eige talemål hjå elevar med ulike foreldrebakgrunn. (Retningsnøytral.)*

Heller ikkje her har eg noko grunnlag for anna enn ein retningsbestemt hypotese (jf. kap. 5.10.1.3).

#### 5.10.1.10 ‘Kognitive haldningar’ – ‘kjønn’

**Hypotese 9:** *Det vil vera skilnad på sjølvvurderingane av eige talemål hjå gutar og jenter. (Retningsnøytral.)*

Same argumentasjonen for ein retningsnøytral hypotese gjeld her som for hypotesegruppe 5 (jf. kap. 5.10.1.5.)

#### 5.10.1.11 ‘Kognitive haldningar’ – ‘klassetrinn’

**Hypotese 10:** *Det vil vera skilnad i sjølvvurderingane av eige talemål mellom elevane på dei ulike klassetrinna. (Retningsnøytral.)*

Sjå argumentasjon for ein retningsnøytral hypotese som for hypotesegruppe 4 (jf. kap. 5.10.1.4.)

#### 5.10.1.12 ‘Affektive/kognitive haldningar’ – ‘foreldrebakgrunn’

Alle hypotesane knytte til haldningar i underkapittela nedafor byggjer på verbale utsegner frå informantane under språkopptakssamtalane. Her gav informantane meir direkte uttrykk for korleis dei oppfatta sogndalsdialekten.

**Hypotese 11:** *Elevar med éin eller to innfødde foreldre og elevar med innflyttarforeldre vil ved munnleg svar vurdera den tradisjonelle sogndalsdialekten ulikt. (Retningsnøytralt.)*

Hypotesen vil bli testa retningsnøytralt og fylgjer same argumentasjonen som for hypotesane under kapittel 5.10.1.3.

#### 5.10.1.13 ‘Affektive/kognitive haldningar’ – ‘klassetrinn’

**Hypotese 12:** *Det vil vera skilnad i dei munnlege svara på kor positive elevane i 8.-klasse, 9.-klasse og 10.-klasse vil vera til den tradisjonelle sogndalsdialekten. (Retningsnøytralt.)*

Hypotesen fylgjer same argumentasjonen som for hypotese 4 (jf. kap. 5.10.1.4). Det gjev heller aldri meining å snakka om retningsbestemming av hypotesar ved variansanalysar, så dei vil alltid bli testa retningsnøytralt (jf. Wright 1976: 381 – 382).

#### 5.10.1.14 ‘Affektive/kognitive haldningar’ – ‘kjønn’

**Hypotese 13:** *Gutar og jenter vil i dei munnlege svara vurdera den tradisjonelle sogndalsdialekten ulikt. (Retningsnøytralt.)*

Denne hypotesen byggjer på den same argumentasjonen som under hypotesane i kapittel 5.10.1.5 og vil såleis bli testa retningsnøytralt.

#### 5.10.1.15 ‘Kognitive haldningar’ – ‘klassetrinn, kjønn og foreldrebakgrunn’

**Hypotese 14:** *Elevar med éin eller to innfødde foreldre vil ha større kunnskapar om typiske trekk ved sogndalsdialekten enn elevar med innflyttarforeldre. (Retningsbestemt.)*

Denne hypotesen er retningsbestemt av di eg reknar det som sannsynleg at dei som har eit innfødd sogndalsnettverk kjem meir i kontakt med sogndalsdialekten enn dei som ikkje har det. Den sosio-

kulturelle bakgrunnen med å ha innfødde foreldre styrker sannsynet for at borna har lært om kjenneteikn for den lokale dialekten.

**Hypotese 15:** *Det vil vera skilnad på kunnskapane til gutar og jenter når det gjeld kjennskap til typiske sogndalstrekk. (Retningsnøytral.)*

Det er vanskeleg å vita kven som er “flinkast i klassen” av gutar og jenter når det gjeld kunnskapar om språklege trekk. Det vert stundom hevda at jenter er meir språkinteresserte enn gutar, men det vel eg å sjå på som ein påstand. På den andre sida kan det godt tenkjast at gutane snakkar meir tradisjonelt enn jentene og såleis burde ha meir kjennskap til sitt eige språk, men det er slett ikkje sikkert at dei har eit medvite tilhøve til språket av den grunn. Eg vel difor her ein retningsnøytral hypotese.

**Hypotese 16:** *Elevane på høgare klassetrinn vil kjenna til fleire trekk i sogndalsdialekten enn elevane på lægre klassetrinn. (Retningsbestemt.)*

Elevane vil få kjennskap til sogndalsdialekten både på skulen og heime. Ein del av pensum i 10. klasse er dessutan at dei skal læra meir om typiske dialekttrekk. Det er såleis mest sannsynleg at dei eldste elevane veit meir enn dei yngste, og hypotesen vil difor bli testa retningsbestemt.

### 5.10.2 Hypotesar knytte til språkleg realisering

**Problemstilling 3: Kva kjenneteiknar talemålet (sentrale trekk innafor lydverk og formverk) hjå dei unge sogndølene?**

Alle hypotesane til denne problemstillinga kan sjåast på som språkleg åtferd, dvs. dei viser korleis informantane verkeleg snakkar. I samband med denne problemstillinga er det naturleg å fyrst gjera samanlikningar med resultatane frå den førre granskinga av sogndalsdialekten i 1996 (jf. Haugen 1998). I den samanlikninga vil eg berre ta med dei variablane som var med sist, og berre ta med dei informantane som har minst éin forelder frå Sogndal. Dette vert gjort for at ein skal kunna samanlikna dei to undersøkingane ut frå same kriterium.

For alle dei hypotesane som berre gjeld interne samanlikningar i dette materialet, vil eg berre gjera statistiske testar med dei elevane som snakkar sogning, for det gjev berre meining å samanlikna talemålet til dei som faktisk snakkar ein dialekt som kan relaterast til Sogndal (jf. kap. 5.7.4).

Ved å samanlikna resultatane frå denne undersøkinga med den tidlegare undersøkinga mi kan eg òg seia noko om ein eventuell prosess som er i gang. Såleis vil eg, om enn i moderat grad, ikkje berre kartleggja variasjonen i dag, men òg sjå om det skjer merkbare talemålsendingar i Sogndal i dag. Dette meiner eg det kan vera mogleg å få ein peikepinne på sjølv om dette ikkje er noka longitudinellundersøking.

Blant dei 24 språklege variablane i denne avhandlinga er seks av variablane, dei som høyrer til varietet 3, nye frå sist. Det vil likevel alltid vera berre eitt sett tradisjonelle variantar og eit sett nyare variantar. Vekslinga vil såleis stå mellom ein variant frå varietet 1 i høve til ein variant innanfor ein av dei to andre varietetane, noko som kan illustrerast på denne måten:

Varietet 1	Varietet 2	Varietet 3
Språkleg variabel: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, 10, 11, 14, 15, 19, 20, 21, 22, 23, 24	Språkleg variabel: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, 10, 11, 14, 15, 19, 20, 21, 22, 23, 24	
Språkleg variabel: 7, 9, 12, 13, 16, 17		Språkleg variabel: 7, 9, 12, 13, 16, 17

Tabell 5.23: Skjematisk framstilling av varietetsvekslinga for dei 24 språklege variablane.

Hypotesetestinga kan gjerast etter tre ulike alternativ:

1. Ein kan testa alle variablane samla og gje dei lik vektning uavhengig av tal på belegg.
2. Ein kan testa kvar enkelt språklege variabel og bestemma at visst mange signifikante utslag skal gje hypoteseforkasting.
3. Ein kan vekta enkelte av variablane.

Alternativ 2, som er ei kompromissløyting mellom alternativ 1 og 3, var den løysinga eg valde i hovudoppgåva mi. I retningsnøytrale hypotesar hadde eg der som krav at eg måtte ha dobbelt så mange signifikante resultat i den eine retninga av enkeltvariablar som i den andre for å kunna forkasta nullhypotesen, medan eg for retningsbestemte hypotesar måtte ha minst 7 signifikante resultat av enkeltvariablar (jf. Haugen 1998: 68).

Alternativ 3 er ikkje ei god løysing i mitt tilfelle, då det ville ha bygt på usikre kvalitative vurderingar. I denne avhandlinga vil eg velja hypoteseforkasting ut frå alternativ 1, men eg vil ved hjelp av deskriptive tabellar likevel synleggjera kva språklege variablar som gjev størst utslag mellom dei kategoriane eg samanliknar.

Tradisjonsprosenten vert rekna ut på same måte som sist ved hjelp av formelen:

$$t\% = \frac{t \cdot 100}{t + n}$$

Her er  $t$  talet på belegg av tradisjonelle former, og  $n$  er talet på nyare former.

#### 5.10.2.1 Frekvensen av tradisjonelle språkformer i 1996 og 2001

**Hypotese 17a:** *Elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001 (14 – 16 år) vil samla sett ha lægre tradisjonsprosent enn informantane frå undersøkinga i 1996. (Retningsbestemt.)*

I hovudoppgåva så eg at tradisjonsprosenten samla sett var nokså høg, men at det likevel var fleire av variablane som låg eit godt stykke under gjennomsnittet (jf. Haugen 1998: 85). Sidan det har gått nokre år og informantane i denne nye undersøkinga er yngre enn sist, er det nokså sannsynleg at dei variablane som skåra lågt sist, skårar endå lægre no og gjer at den samla tradisjonsprosenten vil verta lægre enn sist. Denne hypotesen vert difor testa retningsbestemt.

**Hypotese 17b:** *Elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001 (14 – 16 år) vil samla sett ha lægre tradisjonsprosent enn dei yngste sogndølene (17 – 44 år) i undersøkinga frå 1996. (Retningsbestemt.)*

I hovudoppgåva fann eg signifikante skilnader mellom tradisjonsprosenten til dei eldste og dei yngste (jf. Haugen 1998: 88). Det synte seg her at den yngste kategorien samla sett snakka mindre tradisjonell sogndalsdialekt enn den eldste kategorien. Det er difor interessant å sjå om talemålet til dei unge sogndølene i 2001, som i faktiske år er 5 – 7 år yngre enn den yngste som var med sist, har endra seg endå meir bort frå den tradisjonelle varietetten. Denne hypotesen må difor testast retningsbestemt.

#### 5.10.2.2 ‘Språk’ – ‘foreldrebakgrunn’

**Hypotese 18a:** *Elevar med begge foreldra frå Sogndal vil ha høgare tradisjonsprosent enn elevar med ingen foreldre frå Sogndal. (Retningsbestemt.)*

**Hypotese 18b:** *Elevar med begge foreldra frå Sogndal vil ha høgare tradisjonsprosent enn elevar med éin forelder frå Sogndal. (Retningsbestemt.)*

**Hypotese 18c:** *Elevar med éin forelder frå Sogndal vil ha høgare tradisjonsprosent enn elevar med ingen foreldre frå Sogndal. (Retningsbestemt.)*



Undersøkingar andre stader i Noreg (jf. t.d. Papazian 1999, Hernes 1998, Thoengen 1999, Berge Rudi 1999, Notland 2001 og Akselberg 2002a) har vist at foreldrebakgrunn er avgjerande for korleis informantane snakkar sjølve. Det er dei med innfødd bakgrunn som viser seg å snakka mest tradisjonelt. Alle desse tre hypotesane vert difor testa retningsbestemt.

#### 5.10.2.3 'Språk' – 'kjønn'

**Hypotese 19:** *Jenter vil ha lægre tradisjonsprosent enn gutar.* (Retningsbestemt.)

Det at jenter har lægre tradisjonsprosent enn gutar, vil vera i tråd med resultatata frå den førre granskinga mi av sogndalsdialekten (jf. Haugen 1998: 90). Ein såg òg dette kjønnsmonsteret i Numedal (jf. Papazian 1999) og på Voss (jf. Akselberg 1995), og eg vil difor testa denne hypotesen retningsbestemt. Tidlegare undersøking av talemålet i Sogndal (jf. Haugen 1998) har òg vist at jentene, og spesielt dei unge, bruker fleire nyare trekk enn gutane. Også den dagen eg var observatør i ein ungdomsskuleklasse i Sogndal våren 2000, fekk eg inntrykk av at det var jentene som stod for dei nyare varietetane. Denne hypotesen vert ut frå dette testa retningsbestemt.

#### 5.10.2.4 'Språk' – 'kjønn og foreldrebakgrunn'

**Hypotese 20a:** *Gutar med to innfødde foreldre vil ha høgare tradisjonsprosent enn jenter med to innfødde foreldre.* (Retningsbestemt.)

**Hypotese 20b:** *Gutar med ein innfødd forelder vil ha høgare tradisjonsprosent enn jenter med ein innfødd forelder.* (Retningsbestemt.)

**Hypotese 20c:** *Gutar med ingen innfødde foreldre vil ha høgare tradisjonsprosent enn jenter med ingen innfødde foreldre.* (Retningsbestemt.)

Desse hypotesane er ei utdjujing av kjønnskilnader og foreldrebakgrunn i hypotese 18 og 19, og dei vert difor testa retningsbestemt.

#### 5.10.2.5 'Språk' – 'klassetrinn'

**Hypotese 21:** *Det vil vera skilnader mellom talemålet til elevane på dei tre klassetrinna.* (Retningsnøytral.)

Det er samla sett liten aldersskilnad mellom 8.-, 9.-, og 10.-klasse. Av den grunn er det vanskeleg å tenkja seg at ein eventuell skilnad kan byggja på den vesle aldersskilnaden. Likevel kan det vera

---

interessant å sjå om det er språklege skilnader mellom dei ulike klassetrinna. Hypotesen vil difor bli testa retningsnøytralt.

### 5.10.3 Oppfølgingsintervjua

#### **Problemstilling 4: Kva er grunnen til at unge sogndøler snakkar slik dei gjer?**

Her har eg ikkje laga nokon statistisk formulerte hypotesar, men eg vil i djupintervjua med dei utvalde informantane koma inn på ulike aspekt som truleg vil gje større innsyn i dei motivasjonsfaktorane som ligg bak dei haldningane informantane har til talemålet og som i større grad òg kan forklara kvifor dei snakkar som dei gjer. Her har eg valt å gjera semistrukturerte intervju der eg stort sett kjem inn på dei same spørsmåla til alle dei tre utvalde informantane, for å få svar på problemstilling 4 om kvifor ungdomane snakkar som dei gjer. Kategoriseringane av svara vil bli laga med tanke på å testa ut modellen til Ajzen (jf. figur 4.2).

## 6 Resultat og analyse


### 6.1 Resultat og analyse til fase I, haldningstest ved Sogndal kino

Årsaka til at dette kapitlet heiter både resultat og analyse, er at fase I, haldningstesten ved Sogndal kino, ikkje gav meg nok data for å kunna seia noko om haldningane til sogndølene. I staden for å kunna gje meg noko svar på problemstilling 1 munnar denne undersøkinga såleis meir ut i ei metodisk drøfting. Difor vert denne undersøkinga ferdigdrøfta her og ikkje teken opp att i den oppsummerande drøftinga i kapittel 7. Resultata i fase IV, djupintervjua, er mykje i sitatform, og det var difor naturleg at desse vart diskuterte og analyserte litt undervegs, sjølv om eg òg vil ta opp att delar av desse resultata i drøftingskapitlet. Resultata frå dei andre haldningsgranskingane vert derimot berre presenterte her, medan drøftinga av dei vil koma i kapittel 7.

#### 6.1.1 ‘Konativ haldning’ – ‘folk i Sogndal generelt’

H1: *Folk i Sogndal vil reagere ulikt, visa ulike haldningar, når nokon vender seg til dei på tradisjonell sogndalsdialekt, varietet 1, og når nokon vender seg til dei med ein nyare sogndalsdialekt, varietet 3.*


Alt i alt var det svært få som svara på spørjeskjemaet:



Figur 6.1: Samla oversyn i tal og prosent for dei to kveldane publikum vart presentert for den tradisjonelle talemålsvarieteten, og for dei to kveldane det vart presentert for den nyare varieteten.


Den tradisjonelle varieteten vart spelt den fyrste og den siste kvelden (jf. fylte søyler i figur 6.2 nedafor). Fredag den 15.09., den fyrste kvelden *Detektor* vart vist på Sogndal kino, vart det selt 117 billetter. Då filmen var slutt og alle hadde forlate salen, låg det berre att 4 utfylte spørjeskjema. Med så lite talmateriale er det lite grunnlag for å bearbeida resultatet kvantitativt, men utrekna i prosent utgjer det 3,4% av alle som såg filmen. Den siste kvelden, søndag den 24.09., kom berre 16 personar for å sjå filmen. Av desse var det 8 stykke, 50%, som svara på spørjeskjemaet. Samanlagt for dei to kveldane me spelte den tradisjonelle språkvarieteten, vart det såleis løyst 133 billetter. 12 av desse personane svara på spørjeskjemaet, dvs. til saman 9% (jf. figur 6.1).

Den fyrste kvelden med den nyare varieteten, søndag den 17.09., vart det selt 102 billetter til filmen. To svar kom inn etter filmen, dvs. 1,9 %. Den andre kvelden med denne varieteten, fredag den 22.09., kom det 62 kinogjengarar til filmen, men ingen svara på spørjeskjemaet. For begge dei to dagane den nyare språkvarieteten (jf. tverrstripete søyler i figur 6.2 nedafor) vart køyrt, var det i alt 164 betalande kinogjengarar og 2 svar på spørjeskjemaet, noko som utgjer 1,2% (jf. figur 6.1). Eit samla oversyn over tal på kinogjengarar (selde billetter) og respons (svar) kjem fram i figur 6.2:



Figur 6.2: Selde billetter og innleverte svar i tal for kvar av dei fire kveldane. (Fylte søyler viser reaksjonar knytte til tradisjonell varietet, medan tverrstripete søyler viser reaksjonar knytte til nyare varietet.)

Det kan vera interessant å sjå nærare på kven som svara på spørjeskjemaet desse fire kveldane. Ut frå ei aldersfordeling ser me at det den eine “språkradikale” kvelden (med nyare varietet), var det to tenåringsar på 13 og 14 år som svara. På dei to “språktradisjonelle” kveldane var dei fleste i byrjinga av 20-åra. I tillegg var to personar i byrjinga av 60-åra (jf. figur 6.3).



Figur 6.3: Aldersfordelinga hjå dei som svara for kvar av varietetane.

Jamt over på alle dei fire kveldane viste det seg også stort sett å vera ungdommar og studentar som gjekk på filmen. Den siste kvelden, søndag den 24.9.2000, såg det likevel ut til å vera ein del

vaksnare folk. Sjølv stod eg oppe i maskinrommet alle kveldane og kunne derifrå fylgja med på kven som gjekk inn i salen. Ut frå dei 14 svarskjema eg fekk inn i alt, viste det seg at berre to informantar, dei to yngste, sa at dei hadde vakse opp i Sogndal, og at dei hadde minst éin av foreldra derifrå.<sup>85</sup> Elles oppgav informantane å ha vakse opp i Bergen, Askvoll, på Austlandet, i Oslo, i Sverige, på Lindesnes, i Ulsteinvik, i Hemsedal, i Sveio og i Kristiansand. Sidan størsteparten av dei òg var i aldersgruppa 20 til 24 år, er det rimeleg å gå ut frå at dei fleste av dei er studentar, sjølv om eg ikkje spurde om skule eller jobb i spørjeskjemaet. Dersom desse informantane er representative for resten av kinopublikummet, og i alder meiner eg at dei var det, er det mykje som tyder på at kinosalen i sterk grad fungerer som ein studentarena – i alle fall om hausten. Ut frå både oppvekststad og foreldrebakgrunn ser det ut til at dei fleste var innflyttarar.

Når det gjeld kjønnsfordelinga på dei som svara, var det i alt åtte kvinner og seks menn som leverte inn spørjeskjema. Inntrykket mitt av det eg såg ute i kinosalen, tilsa òg at det var ei nokså jamn kjønnsfordeling alle kveldane.

Alt i alt viste det seg å vera langt betre respons dei kveldane me køyrde den tradisjonelle varietet. Likevel, sidan eg fekk inn så fåe svarskjema, har eg med denne undersøkinga ikkje godt nok datagrunnlag til verken å halda oppe eller å forkasta hypotesen min om at det vil vera ulike reaksjonar til ein tradisjonell og ein nyare sogndalsvarietet i Sogndal.

Ein kan spørja seg om denne granskinga i det heile seier noko om haldningar til talemålet i Sogndal. Av di haldningsgranskingar i verkelege situasjonar ikkje føregår som eit laboratorieeksperiment, vil ein òg måtta ta omsyn til ein del ytre faktorar. Det fylgjande sitatet frå Alan C. Elms (1976: 48) vil truleg gripa kjernepunktta i kritikken mot undersøkingar som prøver å sjå ein samanheng mellom haldning og åtferd.

Even when a person knows how to express an attitude behaviourally and feels quite self-assured in doing so, however, he may seldom if ever express the attitude in any one particular behaviour. [...] Attitudes often potentially lead to more than one behaviour and, unless you have cast your behavioural measurement net rather wide, you may miss an individual's favoured means of expressing the attitude you are studying.

Eg vil i det fylgjande fyrst ta føre meg ein del feilkjelder og deretter seia noko om det resultata trass alt viste.

---

<sup>85</sup> Eg lyt gjera eit lite atterhald om at denne bakgrunnen òg kan gjelda for ein av dei to eldste informantane som let vera å svare på dette spørsmålet i spørjeskjemaet.

Trass i at publikum i kinogranskinga vart oppfordra til ei bestemt åtferd, er det slett ikkje sikkert at det å svara på eit spørjeskjema om film er ein naturleg måte for dei å reagera på når dei høyrer ein dialektvarietet dei likar godt. Det er såleis ikkje sikkert at denne framgangsmåten er god nok for å få tak i eit uttrykk for haldningane deira til talemålet, for det kan vera fleire andre ytre faktorar enn språket som stimulerer folk til å reagera eller til å lata vera å reagera.

Ein kan òg lura på om ikkje dette heller enn å vera ei språkgransking er ei gransking av kor sterk velviljen hjå folk i Sogndal er til å svara på spørjeskjema. Med all reklamen ein vert bombardert med i samfunnet i dag, er det sikkert mange som har nådd eit metningspunkt når det gjeld å svara på spørsmål anten dei er munnlege eller skriftlege. Dersom ein er motstandar av spørjeskjema, men tilhengjar av dialekt, kan denne uviljen til skjema likevel vera sterkare enn velviljen til språkforma det vert presentert på. Det kan føra til at ein let vera å svara. Ein kan likevel gå ut frå at viljen eller uviljen til å svara på spørjeskjema er nokolunde likt fordelt i populasjonen uavhengig av om folk er positive eller negative til dialektbruk.

Tor Steinar Olsen ved Capa kinoreklame A/S (jf. telefonsamtale 20.11.2000) meiner at det generelt er vanskeleg å få folk til å svara når ein ikkje nyttar premie som lokkemat. Ved å dra inn ein slik ekstern faktor i mitt tilfelle ville eg ha fått endå ei feilkjelde i høve til å måla respons på det eg eigentleg ville ha svar på, altså det språklege.

Spørjeskjemaa låg ved utgangen. Her er det litt smalare enn i sjølve salen. Det ville for eksempel ikkje ha vore plass til at 50 stykke skulle ha stått og fylt ut skjema her samtidig. Sjølv sagt var det ingenting i vegen for at dei berre kunne ha teke med seg eit skjema i forbifarten og gått inn att og lagt det i øskja. Den siste helga stod det dessutan ei ekstra øskje på eit bord rett utafor kinosalen.<sup>86</sup> Det kan òg tenkjast at folk er redde for å laga "kork" og vil koma seg fortast mogleg ut. Det var elles òg eit lite bord nærare scenen, men skjemaa her vart lite nytta. Olsen hevda at folk etter at filmen er slutt, er opptekne av å koma seg ut. Dess færre folk det er i salen, dess lettare kan det vera å få dei til å retta merksemda mot andre ting òg. Dette stemmer godt overeins med resultatata mine, då det var den dagen det var færrest folk i kinosalen, flest personar svara. Ei mogleg løysing for å få svarprosenten opp ville ha vore at ein eller annan hadde stått og delt ut spørjeskjema til alle som kom ut frå kinosalen. Det ville ha gjort det endå lettare å svara og såleis kravd mindre initiativ og handling frå mottakaren si side. På den andre sida kunne det gjort det like uklart med omsyn til å vita kva faktor som fekk dei til å svara. Ein kunne med andre ord ikkje vita om dei hadde høyrte oppfordringa over høgtalaranlegget, og om dei difor hadde tenkt å svara, eller om dei bestemte seg

---

<sup>86</sup> Ved sjølvsyn observerte eg at to informantar den siste kvelden sette seg ut i vestibylen og fylte ut skjemaet og etterpå la skjemaa i denne øskja.

for å svara idet det stod ein person og delte ut skjema til dei, dvs. gjennom ein fysisk person. Slik ekstra hjelp var òg strengt forboden å gje i teaterundersøkinga i Cardiff (jf. Giles og Bourhis 1976: 297).

Folk går opplagt heller ikkje på kino for å svara på spørjeskjema. Dei går dit for å sjå film. Eit spørjeskjema som gjev publikum høve til å påverka det framtidige kinoprogrammet, burde likevel teoretisk sett verka motiverande for folk i og med at dei sjølve kan dra nytte av det seinare. Trass i at det siste dei høyrde då dei gjekk ut av salen, var ein repetisjon av forbrukargranskinga, kan det vera at folk er meir opptekne av å tenkja på og diskutera det filmen handla om. Det er også vanskeleg å vita kven som eventuelt har god tid etter at filmen er slutt, og kven som må skunda seg vidare. Faktorar som vane og dagsform hjå den einskilde kinogjengar, spelar òg inn. Motiva bak både dei som svarar og dei som let vera å svara, kan difor vera svært ulike.

Etter at publikum kom ut frå kinosalen den siste kvelden, stogga eg nokre av dei for å prøva å få greie på korleis dei stilte seg til denne forbrukarundersøkinga. Den fyrste eg spurde, var irritert over at film-musikken hadde forsvunne då rulleteksten kom opp, medan den andre personen eg spurde, syntest det var heilt topp med ei slik undersøking. Ut frå desse svara fekk eg ikkje nærare greie på allmenne haldningar til undersøkinga. Det var elles den siste kvelden flest som svara òg, så kanskje dette publikummet var lite representativt for publikumma resten av kveldane?

Når det gjeld den tekniske gjennomføringa av granskinga, er det viktig å vera klar over at ikkje alle kjem inn så tidleg at dei får med seg lysbiletreklamen og dermed heller ikkje får med seg annonseringa av undersøkinga den fyrste gongen. Lyden på lysbiletserien vert styrt manuelt frå eit stereoanlegg på maskinrommet, medan den levande reklamen som kjem like etterpå, har lyden innlagd på lydspor i filmrullen. Ved sjølvsyn såg eg at ikkje alle var på plass i salen den fyrste gongen informasjonen til kinogranskinga vart køyrd. Den siste kvelden, då det i alt vart selt 16 billetter, var berre 12 av 16 innkomne då den fyrste bolken vart spelt.

Det er òg viktig å ha klart føre seg kven desse kinogjengarane var. Både sjølvsyn og dei svara eg fekk inn, gav inntrykk av at flesteparten var unge personar som ikkje var frå Sogndal. Desse personane kan ha budd veldig kort tid i Sogndal. Det er difor grunn til å spørja seg om desse personane såleis både har eit for kortvarig og laust forhold til Sogndal til at dei gidd å bry seg om det framtidige filmprogrammet eller dei språklege varietetane i bygda. Ein lyt vera kjend med dei språklege normene på staden for å kunna reagera spesielt på dei. Kristiansen såg i undersøkinga si i Danmark at det "intellektuelle" publikummet hans på filmen *Cry Freedom* reagerte annleis enn publikumma på dei andre filmane. Hjå han var gjennomsnittsalderen på dei som svara på denne filmen, 30,4 år, og dei fleste av dei jobba innafor utdanning og helse. Hjå dette publikummet svara heile  $\frac{3}{4}$  utan at det viste seg å vera nokon signifikant skilnad mellom dei ulike språklege varietetane



(jf. Kristiansen 1997a). Kristiansen tolka dette både som at dei var tolerante til allslags språkbruk, og at dei i tillegg var svært vande med å fylla ut skjema i kvardagen.<sup>87</sup>

Det var trass alt likevel ein del fleire som valde å svara på spørjeskjemaet dei kveldane me køyrde den tradisjonelle varieteten, enn dei kveldane den nyare varieteten vart køyrd. Spørsmålet er om dette berre skuldast tilfeldige ytre faktorar, eller om det kan hanga saman med det språklege. Den tradisjonelle varieteten vil vera ein varietet som kan brukast som eit kjenneteikn på sogndalsdialekten. For dei som har eit visst kjennskap til den tradisjonelle sogndalsdialekten, vil denne varieteten verka kjend. Den nyare varieteten er derimot så pass ny at det truleg er svært få som vil forbinda han med sogndøler. Sjølv har eg nyleg, våren 2000, observert desse trekka blant ungdomsskuleelevar, ikkje berre blant born av innflyttarar, men òg hjå born som hadde minst éin av foreldra sine frå Sogndal (jf. kap. 5.4.1.4). Det er då litt artig å observera at det berre var ein 13-åring og ein 14-åring som svara då den nyare varieteten vart køyrd, for det er nettopp i denne aldersgruppa ein truleg vil finna dei fleste som sjølv har denne varieteten (jf. figur 6.3).

Interessante observasjonar er ikkje nok. Grunnlaget er alt i alt for tynt til at eg kan dra nokon sterkare konklusjonar om haldningar til sogndalsdialekten ut frå dette. Eg trur i ettertid heller ikkje at Sogndal kino var den rette arenaen til å treffa dei innfødde sogndølene. Såleis kan ein seia at eg har treft “feil” publikumsgruppe. Dette vil såleis bli annleis i dei neste fasane av haldningsprosjektet mitt når eg går ned på tenåringsgruppa og fangar opp heile ungdomsskulekullet og ser nærare på dei andre haldningskomponentane.

### 6.1.2 Konklusjon til fase I

Denne haldningsgranskinga mi kan verka bortkasta og meningslaus, men det går òg an å trekkja ut ein del lærdom frå dette forsøket. Hovudproblemet mitt var at for få personar svara. Dette kan skuldast:

- Generell skepsis og uvilje mot å svara på spørjeskjema.
- Etter at filmen er slutt, har ein berre tankar om å kome seg ut or kinosalen.
- Ved eit kinobesøk er det å svara på spørjeskjema eit uinteressant eller irrelevant føremål.
- Ikkje alle oppfatta at der var ei forbrukarundersøking, av di dei kom seint inn i salen, dvs. etter at reklamen var slutt.

---

<sup>87</sup> Sogndal er som kjent heimbygda til Gjest Bårdsen. Difor synest eg det var litt vittig å observera at i løpet av dei fire kveldane vart eg “kvitt” mest like mange blyantar (11) som spørjeskjema (14).

- Innflyttarar som ikkje snakkar sogndøl sjølve og berre har mellombels og laus tilknytning til Sogndal, gidd ikkje å engasjera seg i filmprogrammet.
- Andre individuelle grunnar til ikkje å reagera.

Trass i at det er mange eksterne faktorar å ta omsyn til, kan eg ikkje sjå at denne metoden er ueigna, dvs. lite valid, til å måla haldningsreaksjonar (jf. kap. 5.8.1.1). Både resultata frå Cardiff og Næstved tyder derimot på at dette er ein god metode dersom berre svarprosenten er høg nok. Alt i alt har eg såleis liten grunn til å tvila på at denne metoden kan vera ein eigna måte å måla språkhaldningar på. Danskane og britane har elles til skilnad frå oss nordmenn, heilt frå barndomen vorte opplærde i og sosialiserte ut frå at det finst eit standard riksspråk som alle skal meistra. I kor stor grad det kan ha verka inn på responsen eller resultata der, er likevel vanskeleg å seia.

Språkleg sett trur eg gjerne likevel at det kan vera lettare å “tenna” reaksjonar hjå folk dersom kontrastane mellom dei varietetane ein presenterer, er store, eller dei vert opplevde som kjende stereotypiar i lokalsamfunnet. Det som elles skil undersøkinga i Sogndal frå dei to hine, er at ingen av varietetane i Sogndal representerer eit nasjonalt standardspråk. Både i Næstved og i Cardiff var derimot eit standardspråk som alle får opplæring i på skulen, med som ein av varietetane. Av den grunn vil denne metoden truleg fungera betre mellom ulike dialektar og standardspråk, som i Cardiff og i Næstved enn i Sogndal, der det berre var snakk om ei varietetsveksling. Eg har derimot ikkje noko grunnlag for å seia at dette kan ha vore årsaka til låg svarprosent i undersøkinga mi i Sogndal.

Hogg og Vaughan (1998: 154) stør opp under hypotesen om at uinformert måling av handlingar gjev det mest pålitelege resultatet av haldningar: “Yet another way to measure attitudes is to watch what people do, since their behaviours often are an indication of their attitudes. This technique is only reliable when people do not realise that their behaviour is being observed.”

Eit anna problem med undersøkinga mi kan vera at eg ikkje valde den rette arenaen, av di det kan sjå ut til at det var for fåe sogndøler der.<sup>88</sup> Eg har likevel vanskar med å koma på ein betre eigna stad å gjennomføra ei slik undersøking. Det einaste måtte vera i hovudkyrkja på julaftan der same presten held den same preika to gonger etter kvarandre. Dette er òg ein arena som samlar

---

<sup>88</sup> Journalist Tor Yttri i *Sogn Avis* 17.4.2002 melder at den lokal-laga amatørfilmen “Tunheim the movie” har drege fulle hus og vorte sedd av 1500 så langt. Dette er ein film som har vore populær både blant sogndøler og folk frå nabobygdene. Hovudpersonen i filmen snakkar jostedøl, men der er òg personar i filmen som snakkar sogndalsdialekt. Ein slik film hadde vore midt i blinken for ei haldningsundersøking, men slike filmar er både sjeldne og vanskelege å føresjå. Det store publikumstalet viser likevel at det er sterk interesse for lokale kulturuttrykk.

mange sogndøler, både dei som bur der fast, og dei som berre er heime att til jul. Her er det òg folk i alle aldersgrupper. Undersøkinga her kunne t.d. verta lagd inn under kunngjeringsdelen av gudstenesta der ein ved å veksla mellom to ulike sogndalsvarietetar (ein for kvar gudsteneste) oppmoda kyrkjelyden om å kommentera eit eller anna ved å svara på eit kort spørjeskjema ved utgangen. Eg ville her derimot truleg sitja med ei vel så stor feilkjelde som på kinoen når det galdt å treffa publikum sitt føremål med frammøtet. Teoretisk sett kunne dette kanskje likevel vera ein eigna stad, men reint praktisk trur eg det ville verta verre å få til; ikkje minst av etiske grunnar når ein føresetnad for ei slik undersøking er at ein får publikum til å tru noko anna enn det som er det eigentlege føremålet med undersøkinga.

Sidan denne haldningstesten ved Sogndal kino ikkje gav nok datagrunnlag for å dra nokon konklusjonar til problemstilling 1 ut frå, vil denne fasen bli avslutta her og ikkje bli dregen med i den vidare drøftinga av haldningar til sogndalsdialekten. Eg har difor heller ikkje noko grunnlag for å gje noko svar til problemstilling 1 om kva haldningar folk i Sogndal generelt har til sogndalsdialekten.

## 6.2 Resultat til fase IIa, indirekte haldningsgransking<sup>89</sup>

### 6.2.1 ‘Affektiv haldning’ – ‘elevar på ungdomsskulen generelt’ (“Verbal guise”)

H2: *Elevar på ungdomsskulen i Sogndal vil samla sett på skjemasvar vurdere dei tre forskjellige sogndalsvarietetane ulikt. (Retningsnøytral.)*

Jamvel om eg fekk svar på denne hypotesen alt under testinga av dei tre varietetane i kap. 5.9.1.3, gjentek eg testen her av di han er knytt til hypotese 2 . Eit greitt oversyn over kva varietet som fekk høgast vurdering, fekk eg ved å slå saman alle dei åtte vurderingane kvar av dei 153 ungdomsskuleelevane gjorde på dei to stemmene som inngjekk i same varietet. Gjennomsnittstalet for dette kalla eg gjennomsnittleg skåre. Tabell 6.1 viser korleis elevane med vurderingane sine samla sett har rangert dei tre varietetane.

---

<sup>89</sup> Heile haldningsmatrisa som dei ulike testane i den indirekte haldningsgranskinga byggjer på, er gjengjeven i vedlegg M.

Rang	Varietet	Gjennomsnittleg skåre
1	Mellomvarietet	0,282
2	Tradisjonell	0,274
3	Mest moderne	0,068

Tabell 6.1: Gjennomsnittleg skåre på vurderingane av dei tre varietetane.

Av tabellen ser ein at det ikkje er så stor skilnad på korleis elevane vurderte dei tre varietetane av sogndalsdialekten. Den største skilnaden i tabellen er på 0,214 av eit totalomfang på 5,0 i skalaen frå  $-2$  til  $+2$  (jf. kap. 5.4.2.1). Alle dei tre varietetane er vurderte positivt, men elevane har likevel vore mest positive til mellomvarieteten og den tradisjonelle varieteten. Ein variansanalyse (ANOVA) viste vidare at det var signifikante skilnader.<sup>90</sup> Deretter gjorde eg ei parvis testing av varietetane for å sjå kor stor den reelle skilnaden mellom varietetane var. Desse resultata kjem fram i tabell 6.2:

Varietetspar	Differanse gjennomsnitt	<i>t</i>	<i>p</i>
Trad. varietet (1) og Mellomvar. (2)	0,007	0,161	= 0,873
Trad. var. (1) og Mest moderne var. (3)	-0,206	-4,162	< 0,001
Mellomvar. (2) og Mest mod. var. (3)	0,213	4,747	< 0,001

Tabell 6.2: Parvis samanlikning mellom varietetane med omsyn til gjennomsnittleg skåre ( $N = 153$ ).

Skilnaden mellom korleis elevane vurderte dei tre varietetane, var samla sett så liten at det ikkje var noko klart skilje mellom den tradisjonelle varieteten (1) og mellomvarieteten (2). Dette kjem fram i

<sup>90</sup> Som ved t-testen samanliknar ein med ein variansanalyse (F-test) også det aritmetiske gjennomsnittet, men variansanalysen vert nytta der ein har meir enn to kategoriar å samanlikna. *F* er eit mål på forholdet mellom variansar, og denne verdien kjem ein fram til ved å dela variansen mellom gjennomsnittet til dei kategoriane ein måler på variansen innafor gjennomsnittet til dei kategoriane ein måler. Ein lyt derimot gjera post-hoc-testar for å finna ut kvar skilnaden ligg. For meir om variansanalyse sjå Butler 1985: 127 – 136 og Kinnear og Gray 2000: 171 – 172.

tabell 6.2. Det var derimot signifikant skilnad mellom korleis dei vurderte den tradisjonelle varieteten (1) og den mest moderne varieteten (3) og mellom den mest moderne varieteten (3) og mellomvarieteten (2). Såleis kan ein seia at det skilde seg ut to klare varietetar, dvs. varietet 1+2 og varietet 3.

Trass i at elevane med denne haldningstesten ikkje fekk opplyst at dei stemmene dei høyrde skulle representera ulike varietetar av sogndalsdialekten, eller at to og to stemmer snakka same varietet, viser resultatet at eg likevel får eit tydeleg mønster som gjer det mogleg å sjå ei utkrystallisering av to klart åtskilte varietetar.

Det er svært interessant at dei kategoriane eg som språkforskar har konstruert, syner seg å koma att slik hjå informantane. Ein kan likevel undra seg over og spekulera vidare på kvifor ein ikkje får att alle dei tre varietetane. Éi forklaring kan vera at ein skodespelar vart brukt som ei av stemmene her, og at den andre av dei to stemmene under varietet 2 viste seg å korrelera med alle stemmene og ikkje berre med den stemma ho skulle danna varietet saman med (jf. kap. 5.9.1.4).

På eit overordna nivå viser det seg såleis at to språklege varietetar har forklaringsverdi. To kategoriar vil truleg vera nærast det informantane har av kognitive kategoriar når det gjeld ei språkleg inndeling. Ei slik todeling kan likevel fungera tilslørande når ein kjem ned på dei enkelte underkategoriane. Eg har difor valt å operera med tre varietetar, for å sjå om det kan gje betre forklaringsverdi på dei spørsmåla eg vil ha svar på.

### 6.2.2 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn’ (“Verbal guise”)

H3a: *Elevar med to innflyttarforeldre og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdere varietet 3 ulikt.* (Retningsnøytral.)

H3b: *Elevar med to innflyttarforeldre og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdere varietet 2 ulikt.* (Retningsnøytral.)

H3c: *Elevar med to innflyttarforeldre og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdere varietet 1 ulikt.*<sup>91</sup> (Retningsnøytral.)

---

<sup>91</sup> Grunnen til at talet på deltakarar, N, er annleis her enn for dei to føregåande hypotesane, er at eg her har fjerna nokre “uteliggjarar” (jf. kap. 5.9.1.5).

	Foreldrebakgrunn	Gjennomsnitt	<i>N</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
Varietet 3	Ingen foreldre frå Sogndal	0,063	42	-0,934	0,354
	To foreldre frå Sogndal	0,181	27		
Varietet 2	Ingen foreldre frå Sogndal	0,236	42	-2,241	0,028
	To foreldre frå Sogndal	0,480	27		
Varietet 1	Ingen foreldre frå Sogndal	0,282	40	-0,843	0,402
	To foreldre frå Sogndal	0,370	24		

Tabell 6.3: Samanlikning av gjennomsnittleg skåre for to og ingen sogndalsforeldre for dei ulike varietetane.

Av tabell 6.3 ser ein at elevane med to foreldre frå Sogndal er meir positive til varietet 3 enn elevane med to innflyttarforeldre, men denne skilnaden er ikkje så stor at han er signifikant. Nullhypotesen vert difor ståande. Elevane med to foreldre frå Sogndal er derimot signifikant meir positive til varietet 2 enn elevar med to innflyttarforeldre. Nullhypotesen om ingen skilnad vert såleis forkasta. Også når det gjeld varietet 1, er det elevane med innfødde foreldre som er mest positive, men skilnaden mellom dei to kategoriane er likevel ikkje stor nok til å vera signifikant, slik at nullhypotesen om ingen skilnad mellom dei to foreldrebakgrunnskategoriene vert ståande, og forskingshypotesen blir forkasta.

H3d: *Elevar med éin innflytta forelder og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdere varietet 3 ulikt. (Retningsnøytral.)*

H3e: *Elevar med éin innflytta forelder og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdere varietet 2 ulikt. (Retningsnøytral.)*

H3f: *Elevar med éin innflyttarforelder og elevar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdere varietet 1 ulikt. (Retningsnøytral.)*

	Foreldrebakgrunn	Gjennomsnitt	<i>N</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
Varietet 3	Éin forelder frå Sogndal	0,053	83	-1,253	0,214
	To foreldre frå Sogndal	0,181	27		
Varietet 2	Éin forelder frå Sogndal	0,227	83	-2,493	0,014
	To foreldre frå Sogndal	0,480	27		
Varietet 1	Éin forelder frå Sogndal	0,213	83	-2,088	0,042
	To foreldre frå Sogndal	0,370	24		

Tabell 6.4: Samanlikning av gjennomsnittleg skåre for éin og to sogndalsforeldre for dei ulike varietetane.

Tabell 6.4 viser at det ikkje er nokon signifikant skilnad mellom elevar med to innfødde foreldre og elevar med éin innflyttarforelder når det gjeld varietet 3. Nullhypotesen vert difor ståande. Elevar med to innfødde foreldre er signifikant meir positive til varietet 2 enn elevar med éin innfødd forelder, slik at nullhypotesen om ingen skilnad lyt forkastast. Tabell 6.4 viser òg signifikant utslag for forskingshypotesen om at det vil vera skilnad mellom elevar med to innfødde foreldre og elevar som hadde éin innflyttarforelder når det gjeld varietet 1. Nullhypotesen om ingen skilnad mellom dei to kategoriane vert difor forkasta.

Elevar som har begge foreldra frå Sogndal syner seg altså å vera meir positive og å ha høgast gjennomsnittleg skåre for alle dei tre varietetane enn både elevar med ingen foreldre frå Sogndal og elevar med éin av foreldra frå Sogndal. Størst skilnad mellom elevane med innfødde foreldre og dei to andre foreldrebakgrunnskategoriene er det når det gjeld varietet 2, for her er skilnadene signifikante. Kategorien av elevar med to sogndalsforeldre er dessutan signifikant meir positive til varietet 1 enn kategorien av elevar med éin av foreldra frå Sogndal.

Det kan nemnast at kategorien av elevar med ingen foreldre frå Sogndal er ein og ein halv gong så stor som kategorien av elevar med to foreldre frå Sogndal. Såleis gjev kvar enkelt elev med ingen foreldre frå Sogndal mindre utslag på gjennomsnittresultatet for kategorien sin. Det er elles tre gonger så mange elevar med éin av foreldra frå Sogndal som det er elevar med to foreldre frå Sogndal (jf. tabell 2.3).

Det viser seg elles her, som for materialet samla (jf. tabell 6.1), at det er minst avstand mellom vurderingane av varietet 1 og 2. Dette mønsteret går att hjå alle dei tre foreldrebakgrunns-kategoriane. På den måten verkar det som om det også her går eit tydeleg skilje mellom to sogndalsvarietetar; varietet 1 + 2 og varietet 3. Innafor kvar av foreldrebakgrunns-kategoriane får varietet 3 klart lægst gjennomsnittsverdi, medan varietet 1 og 2 vekslar på å få høgast utteljing. Hjå informantar med ingen foreldre frå Sogndal ligg varietet 1 høgast, medan det for dei to andre foreldrebakgrunns-kategoriane, er varietet 2 som vert vurdert mest positivt.

### 6.2.3 ‘Affektiv haldning’ – ‘klassetrinn’ (“Verbal guise”)

H4: *Det vil vera skilnad mellom setta av dei tre klassetrinna, dvs. 8.- klassingar, 9.- klassingar og 10.-klassingar, når det gjeld korleis dei på svarskjema vurderer dei tre varietetane.* (Retningsnøytral.)

Når N er mindre enn 153 i tabellane 6.5, 6.6 og 6.7, skuldast det at “uteliggjarane” er fjerna (jf. kap. 5.9.1.5). Ved å køyra ein einvegs variansanalyse (ANOVA) for kvar av varietetane fekk eg desse resultatata:

Klassetrinn	Gjennomsnitt	N	F	p
8.-klasse	0,289	47	2,500	0,086
9.-klasse	0,389	48		
10.-klasse	0,189	57		
Total	0,283	152		

Tabell 6.5: Samanlikning innom settet av tre klassetrinn med omsyn til gjennomsnittleg skåre for varietet 1.

Tabell 6.5 viser at dei tre klassestega er så einsarta med omsyn til gjennomsnittleg skåre av varietet 1, at ingen av klassane skil seg ut.

Klassetrinn	Gjennomsnitt	N	F	p
8.-klasse	0,321	48	0,354	0,702
9.-klasse	0,297	47		
10.-klasse	0,251	55		
Total	0,288	150		

Tabell 6.6: Samanlikning innom settet av tre klassetrinn med omsyn til gjennomsnittleg skåre for varietet 2.



Tabell 6.6 viser at ingen av klassestega vurderte varietet 2 signifikant ulikt.

Klassetrinn	Gjennomsnitt	<i>N</i>	<i>F</i>	<i>p</i>
8.-klasse	0,330	48	10,763	< 0,001
9.-klasse	-0,057	47		
10.-klasse	-0,022	57		
Total	0,078	152		

Tabell 6.7: Samanlikning innom settet av tre klassetrinn med omsyn til gjennomsnittleg skåre for varietet 3

Tabell 6.7 viser at det er skilnad på korleis dei tre klassestega vurderte den mest moderne varieteten ved at 8.-klasse er gjennomsnittleg mest positiv. Slik testen i tabellane 6.5 – 6.7 er bygd opp, går det likevel ikkje direkte fram kvar skilnadene ligg. Ein post-hoc-test, Tukey HSD (jf. Kinneare og Gray 2000: 177), gav nærare greie for kvar skilnadene låg og gav dette resultatet for varietet 3:

Par av klassar	Differanse-gjennomsnitt	<i>p</i>
8. og 9.	0,387	< 0,001
8. og 10.	0,352	< 0,001
10. og 9.	0,035	0,919

Tabell 6.8: Differanse-gjennomsnitt for kvar av dei tre klassane for varietet 3

Av tabell 6.7 ovafor såg me at ut frå gjennomsnittet for kvar av klassane vurderte 8.-klasse varietet 3 meir positivt enn både 9.- og 10.-klasse. Post-hoc-testen i tabell 6.8 viser at 8.-klasse vurderer varietet 3 signifikant meir positivt enn både 9.- og 10.-klasse. Det er derimot ikkje nokon signifikant skilnad mellom vurderingane til 9.- og 10.-klasse. Tabellane 6.5 – 6.7 viser at 8.-klasse er positiv til alle varietetane, men at det er ei stigning frå varietet 1 til 2 og 2 til 3.

Klassesteg kan oppfattast som eit anna namn for bakgrunnsvariabelen alder eller som ein sosial eigenskap som er felles innafor kvar klasse eller på kvart klassetrinn.

Klassetrinn som uavhengig variabel ser ikkje ut til å gje noko lineært mønster. Det er difor lite som tyder på at denne variabelen er knytt til alder. Eg kan også vanskeleg tenkja meg at det skal gå eit skarpt språkleg aldersskilje mellom 8.- og 9.-klasse, så det er truleg andre faktorar som spelar inn.

Som vist i kap. 5.2.2.9, fekk dei tre klassestega spelt dei tre varietetane i ulik rekkefylgje, men eg kan vanskeleg sjå at dette kan ha nokon innverknad som kan forklara skilnaden på vurderingane til elevane på dei tre klassestega. Eg har likevel ikkje nøyaktig kontroll på korleis

testen vart gjennomført inne i klasseromma, sjølv om eg hadde gjeve alle lærarane dei same instruksjonane på førehand.

Sidan det berre er signifikant utslag for 8.-klasse på variabel 3, er det meir sannsynleg at klassetrinn her er uttrykk for ein sosial eigenskap. Skilnadene mellom klassestega kan truleg såleis meir enn alder vera eit uttrykk for ulikskapar i andre ytre faktorar i miljøet rundt, som t.d. at elevane har vorte påverka av ulike vaksenpersonar i barnehage og skule. Dette vil eg koma meir attende til i kapittel 7.1.4.

#### 6.2.4 ‘Affektiv haldning’ – ‘kjønn’ (“Verbal guise”)

H5a: *Jenter og gutar vil på svarskjema vurdere varietet 3 ulikt. (Retningsnøytral.)*

H5b: *Jenter og gutar vil på svarskjema vurdere varietet 2 ulikt. (Retningsnøytral.)*

H5c: *Jenter og gutar vil på svarskjema vurdere varietet 1 ulikt. (Retningsnøytral.)*

	Kjønn	Gjennomsnitt	N	t	p
Varietet 3	Gutar	0,070	84	-0,234	0,802
	Jenter	0,089	68		
Varietet 2	Gutar	0,207	84	-2,163	0,032
	Jenter	0,357	66		
Varietet 1	Gutar	0,217	82	-1,730	0,086
	Jenter	0,345	69		

Tabell 6.9: Samanlikning av gjennomsnittleg skåre for jenter og gutar for dei ulike varietetane.

Tabell 6.9 viser at jentene er litt meir positive til varietet 3 enn gutar, men skilnaden mellom kjønna er så liten at det ikkje er signifikant skilnad mellom korleis gutar og jenter vurderer varietet 3. Nullhypotesen om ingen skilnad mellom kjønna vert difor ståande. Tabell 6.9 syner òg at jenter er signifikant meir positive til varietet 2 enn gutar. Nullhypotesen om ingen skilnad vert såleis forkasta. Også når det gjeld varietet 1, er det jentene som er mest positive. Trass i at det her er ein klar tendens, er denne skilnaden ikkje signifikant. Nullhypotesen vert difor ståande.

I gjennomsnittleg skåre viser tabell 6.9 at gutane innbyrdes er mest positive til varietet 1, og at jentene seg imellom er mest positive til varietet 2. Likevel uttrykkjer jentene seg på svarskjema meir positivt til alle varietetane enn det gutane gjer. Det kan tenkjast at jentene i større grad enn gutane, har klart å identifisera seg med dei stemmene dei skulle vurdere, sidan alle stemmene var

kvinnestemmer. Det er med andre ord mogleg at gutane i ungdomsskulealder jamt over har vist mindre iver etter å gje positive vurderingar på grunn av det. Eg vil koma meir attende til ulike tolkingar i kapittel 7.1.2 og 7.2. Når det gjeld subkategorien kjønn, viser det seg såleis å vera eit tydeleg skilje i vurderingane mellom varietet 1 og 2, eit skilje som ikkje ville ha kome fram dersom eg berre hadde operert med ei todeling av varietetane.

Til sist vil eg sjå på nokre resultat der eg har kopla saman fleire sosiale variablar. Ut frå resultata ovafor vil eg her prøva å koma endå djupare ned i materialet.

### 6.2.5 ‘Affektiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn og kjønn’ (“Verbal guise”)

H6a: *Jenter og gutar med to innfødde foreldre vil på skjemasvar vurdera den tradisjonelle sogndalsdialekten (varietet 1) ulikt. (Retningsnøytral.)*

H6b: *Jenter og gutar med éin innflytta forelder vil på skjemasvar vurdera mellomvarieteteten (varietet 2) ulikt. (Retningsnøytral.)*

H6c: *Jenter og gutar med to innflyttarforeldre vil på skjemasvar vurdera den mest moderne varieteteten (varietet 3) ulikt. (Retningsnøytral.)*

	Kjønn	Gjennomsnitt	N	t	p
Varietet 1	Gutar med to innfødde foreldre	0,401	12	0,539	0,596
	Jenter med to innfødde foreldre	0,339	12		
Varietet 2	Gutar med éin innfødd forelder	0,136	43	-2,381	0,020
	Jenter med éin innfødd forelder	0,353	39		
Varietet 3	Gutar med to innflyttarforeldre	0,063	27	-0,008	0,994
	Jenter med to innflyttarforeldre	0,064	15		

Tabell 6.10: Samanlikning av gjennomsnittleg skåre for variablane foreldrebakgrunn og kjønn for dei ulike varietetane.

Tabell 6.10 viser at det ikkje er nokon signifikant skilnad mellom gutane og jentene med innfødde foreldre når det gjeld varietet 1. Likevel er det interessant å leggja merke til at gutane har høgare gjennomsnittleg skåre og såleis er litt meir positive til den tradisjonelle varieteten enn jentene. Tabellen syner at det er signifikant skilnad mellom korleis jenter og gutar med minst éin innflyttarforelder vurderer varietet 2 ved at jentene er klart meir positive til han enn gutane. Nullhypotesen om ingen skilnad vert difor forkasta. Det er ikkje nokon skilnad mellom gutar og jenter med to innflyttarforeldre når det gjeld varietet 3. Nullhypotesen om ingen skilnad vert difor ståande.

Eg har i tillegg til hypotesane H6a – c testa kjønn og foreldrebakgrunn opp mot alle varietetane. Oversynet i tabellen nedafor viser ikkje resultatet av desse testane, men er ein illustrasjon av gjennomsnittleg skåre for alle kategoriane.

Foreldrebakgrunn og kjønn <sup>92</sup>	Gjennomsnitt varietet 1	Gjennomsnitt varietet 2	Gjennomsnitt varietet 3
2fSg	0,401	0,379	0,295
1fSg	0,128	0,136	0,002
0fSg	0,265	0,230	0,063
2fSj	0,339	0,511	0,058
1fSj	0,305	0,353	0,108
0fSj	0,235	0,246	0,064

Tabell 6.11: Gjennomsnittleg skåre for foreldrebakgrunn og kjønn for kvar av dei tre varietetane.

I gjennomsnittleg skåre er det gutar med to sogndalsforeldre som er mest positive til varietet 1 og 3, og gutar med ingen sogndalsforeldre er meir positive til varietet 1 enn jenter med same bakgrunn. I alle dei andre høva er jentene med tilsvarende foreldrebakgrunn som gutane mest positive. I tre av tilfella, der jenter og gutar med same foreldrebakgrunn vert samanlikna, er gutane såleis mest positive til den tradisjonelle varieteten.

### 6.2.6 ‘Affektiv haldning’ – ‘kjønn og klassetrinn’ (“Verbal guise”)

H7a: *Det vil vera skilnad på korleis jenter og gutar på dei tre klassetrinna på skjemasvar vurderer varietet 1. (Retningsnøytral.)*

<sup>92</sup> Informantkoden fortel fyrst kor mange av foreldra som er frå Sogndal (2, 1 eller 0), og siste bokstaven (g eller j) står for kjønn.

Klasse	Kjønn	Gjennomsnitt	N
8.	Gutar	0,342	28
	Jenter	0,611	19
	Total for 8.-klasse	0,463	47
9.	Gutar	0,374	24
	Jenter	0,435	23
	Total for 9.-klasse	0,401	47
10.	Gutar	0,454	30
	Jenter	0,447	27
	Total for 10.-klasse	0,479	57
Total	Gutar	0,419	82
	Jenter	0,487	69
	Total for alle klassane	0,454	151

Tabell 6.12: Oversyn over klassetrinn, kjønn, gjennomsnittleg skåre og talet på elevar, *N*, i høve til varietet 1.

Kategori	Fridomsgrader <sup>93</sup>	<i>F</i>	<i>p</i>
Klassesteg	2	1,906	0,152
Kjønn	1	2,311	0,131
Klassesteg * kjønn	2	2,789	0,065

Tabell 6.13: Samanlikning av klassesteg og kjønn i høve til varietet 1.

Tabell 6.13 viser at det ikkje er nokon signifikant skilnad på korleis jenter og gutar på dei tre klassetrinna vurderer varietet 1. Det er likevel ein tendens til at skilnaden mellom gutar og jenter som kom fram i tabell 6.9, vert forsterka av skilnadene mellom klassetrinna, slik denne skilnaden kom fram i tabell 6.5. Jentene viser høgast gjennomsnitt for varietet 1 i 8.- og 9.-klasse, medan det er gutane som ligg høgast i 10.-klasse.

*H7b: Det vil vera skilnad på korleis jenter og gutar på dei tre klassetrinna på skjemasvar vurderer varietet 2. (Retningsnøytral.)*

<sup>93</sup> Fridomsgrader representerer talet på verdiar i eit datasett som kan variera. Formelen er  $N-1$ , dvs. talet på einingar som er med minus ein mindre enn talet på observasjonar i utvalet. For meir om dette sjå Hellevik 2002: 402, Woods, Fletcher og Hughes 2000: 102 og Sheskin 2000: 86 – 88. Fridomsgrader for interaksjonen er produktet av fridomsgrader for dei variablane ein koplær saman, dvs. her skuleklasse og kjønn (jf. McCall 1975: 282).

Klasse	Kjønn	Gjennomsnitt	N
8.	Gutar	0,477	29
	Jenter	0,491	18
	Total for 8.-klasse	0,481	47
9.	Gutar	0,352	25
	Jenter	0,400	22
	Total for 9.-klasse	0,397	47
10.	Gutar	0,373	29
	Jenter	0,419	26
	Total for 10.-klasse	0,392	55
Total	Gutar	0,403	83
	Jenter	0,433	66
	Total for alle klassane	0,421	149

Tabell 6.14: Oversyn over klassetrinn, kjønn, gjennomsnittleg skåre og talet på elevar,  $N$ , i høve til varietet 2.

Kategori	Fridomsgrader	$F$	$p$
Klassesteg	2	0,311	0,733
Kjønn	1	4,439	0,037
Klassesteg * kjønn	2	0,993	0,373

Tabell 6.15: Samanlikning av klassesteg og kjønn i høve til varietet 2.

Tabell 6.15 viser at den skilnaden som kom fram mellom gutar og jenter i tabell 6.9, ikkje er avhengig av skilnaden mellom klassetrinna (jf. tabell 6.6). Jentene har litt høgare gjennomsnittleg skåre når det gjeld varietet 2 enn gutane på alle klassestega.

H7c: *Det vil vera skilnad på korleis jenter og gutar på dei tre klassetrinna på skjemasvar vurderer varietet 3. (Retningsnøytral.)*

Klasse	Kjønn	Gjennomsnitt	<i>N</i>
8.	Gutar	0,464	29
	Jenter	0,510	19
	Total for 8.-klasse	0,478	48
9.	Gutar	0,409	25
	Jenter	0,515	22
	Total for 9.-klasse	0,457	47
10.	Gutar	0,397	30
	Jenter	0,480	27
	Total for 10.-klasse	0,434	57
Total	Gutar	0,454	84
	Jenter	0,523	68
	Total for alle klassane	0,484	152

Tabell 6.16: Oversyn over klassetrinn, kjønn, gjennomsnittleg skåre og talet på elevar, *N*, i høve til varietet 3.

Kategori	Fridomsgrader	<i>F</i>	<i>p</i>
Klassesteg	2	10,556	< 0,001
Kjønn	1	0,354	0,553
Klassesteg * kjønn	2	0,042	0,959

Tabell 6.17: Samanlikning av klassesteg og kjønn i høve til varietet 3.

Tabell 6.17 viser den same skilnaden mellom klassetrinna som kom fram i tabell 6.7, samstundes som han viser at denne skilnaden ikkje er avhengig av skilnaden mellom gutar og jenter (jf. tabell 6.9). Jentene er mest positive til varietet 3 på alle klassestega.

### 6.2.7 ‘Tilleggsopplysningar nedst på skjemaet’ (“Verbal guise”)

Informantane fekk under denne indirekte haldningsgranskinga verken bestemma varietetane eller dei eigenskapane dei skulle vurdere hjå dei personane dei lytta til. Opplysningar om dette har eg likevel prøvd å fanga opp. På nedste linja i “verbal guise”-testen fekk informantane fritt skriva inn andre kommentarar om den personen dei skulle vurdere, og i den neste granskinga, sjølvrapporteringa i fase IIb, fekk informantane høve til å ta stilling til varietetane. Her vil eg sjå nærare på dei kommentarane som vart gjevne om personane hjå dei informantane som nytta seg av dette “tilbodet”. Tabell 6.18 nedafor syner kva kommentarar 38 av dei 153 informantane som var med på

undersøkinga, har gjeve.<sup>94</sup> Denne tilbakemeldinga svarar til 24,8 %, noko som ikkje vert rekna for å vera ein særleg høg svarprosent. Ein står såleis i fare for å byggja på upåliteleg kunnskap dersom ein generaliserer desse funna for mykje.<sup>95</sup>

	Stemme 1 Varietet 1	Stemme 2 Varietet 2	Stemme 3 Varietet 3	Stemme 4 Varietet 1	Stemme 5 Varietet 2	Stemme 6 Varietet 3
2fSj4	morosam/ grei (S/E)					
2fSg6			grei (E)			
2fSg7	blir ikkje påverka av andre (E/Sp)	verkar grei (E)	snill, forsiktig (S/E)	veldig smart (E)	verka hyggeleg (E)	verkar som ei som er flink å lytta (E)
2fSj10	tydeleg, ærleg (S/E)	ok. (S/E)	kjedeleg (S/E)	flink! (E)	ok. (S/E)	kjedeleg, dårleg forteljande (S/E)
2fSg11	merkeleg (S/E)		spesi (S/E)	heilt einige med ho (I)		
1fSg2		he..nei drit og				
1fSg7			snål (S/E)			
1fSj11					ho verka som ho var heilt seg sjølv (E)	
1fSj13	snill (S/E)	barnsleg snill (S/E)		rar (S/E)	stille (S/E)	

<sup>94</sup> Dei ulike symbola i parentesane i tabellen står for: fS tyder foreldre frå Sogndal , I = kommentarar på innhald, S = kommentarar på stemmekvalitet, E = kommentarar på personleg eigenskap og Sp = kommentarar på språk.

<sup>95</sup> Fleire av tabellane framover vil koma over fleire sider.



	Stemme 1 Varietet 1	Stemme 2 Varietet 2	Stemme 3 Varietet 3	Stemme 4 Varietet 1	Stemme 5 Varietet 2	Stemme 6 Varietet 3
1fSj20		natur- menneske (I/E)				
1fSg20	snill (S/E)	blæ (S/E)	litt snill (E)	dum som eit esel (E)	snill og dum (E)	kjempe snill (E)
1fSj22	verka hyggeleg (S/E)	over- hyggeleg (S/E)				verka kjedeleg (S/E)
1fSj23			sint (S/E)		snill (S/E)	
1fSg23				keisam (E)		
1fSj24				veldig stille (S/E)		ikkje så utadvendt (E)
1fSj25		morsom, flink (E)				
1fSj27	er seg sjølv (S/E)			streng person (S/E)	koseleg (S/E)	
1fSj30	litt rar (S/E)					
1fSg30			litt utydeleg stemme (S)		kjedeleg stemme (S)	
1fSj34	trufast (E)	overtruisk (I)	litt sur...(S/E)	alvorleg (S/E)	?	?
1fSg34			treig, kjedeleg (S/E)		frustrert (I/E)	
1fSj36	behageleg stemma (S)	knotar (Sp)	likegyldig, treig stemma, lat (S/E)	trist (S/E)		

	Stemme 1 Varietet 1	Stemme 2 Varietet 2	Stemme 3 Varietet 3	Stemme 4 Varietet 1	Stemme 5 Varietet 2	Stemme 6 Varietet 3
1fSj37		koseleg, forsiktig (S/E)	kjedeleg (S/E)			
1fSg37						horete (S/E)
1fSj40					hyggeleg E	
1fSj41	Glad i is (I)	“søtnos”... (E)	treig? (S/E)		kjedeleg (S/E)	sch
0fSg16	veldig breitt mål (Sp)					
0fSg20		venleg stemme (S)				
0fSg21		barnsleg (S/E)	merkeleg (S/E)			
0fSj22			kjedeleg (S/E)			
0fSj23			treig (S/E)			
0fSg23			slapp (S/E)			
0fSj25		litt for snill (E)	kjedeleg (S/E)			
0fSg27	litt lat (E)	barnsleg (S/E)	streng (S/E)	streng/ småsur (S/E)	litt rar (S/E)	pirkete (E)
0fSg29			høyrest ut som ein grei person (E)			
0fSg30				sur (S/E)		
0fSg34	ok. (S/E)	barnsleg (S/E)	idiot (E)	super (E)		fisleunge (I)

Tabell 6.18: Kommenterar på den opne linja i “verbal guise”-testen.

Stundom har det vore vanskeleg å bestemma kva kommentaren eintydig går på, og då har eg valt å setja opp fleire symbol i same ruta. Likevel ser det ut til at dei fleste kommentarane går på personlege eigenskapar (75) eller stemmekvalitet (53) og nokre fåe på innhald (6). Kommenterar til språk finst (3), men det er svært få av dei. Samla sett gjev kommentarane meg såleis grunn til å tru at informantane ikkje medvite har hatt språk i tankane når dei har vurdert dei seks personane.

Kommentarinnhaldet innafor same stemme og innafor same varietet varierer òg frå positivt til negativt. For stemme 1 (varietet 1) er det fire av 15 kommentarar som går på at ho verkar snill/grei/hyggeleg. For stemme 4 (varietet 1) er det derimot seks av 13 kommentarar som går på at ho verkar keisam/streng/(små)sur/trist/alvorleg. Når det gjeld dei to stemmene innafor varietet 2, har stemme 2 fått seks av i alt 17 kommentarar som går på at ho verkar overhyggeleg/barnsleg/litt for snill, medan stemme 5 har fått fem av sine 17 kommentarar på at ho verkar snill/hyggeleg/koseleg. Varietet 3 med stemme 3 har 10 av sine 21 kommentarar på at ho verkar treig/slapp/keisam/sur, medan stemme 6 her ikkje er så lett å finna nokon samlekarakteristikk for. Det kan likevel sjå ut til at det er varietet 3 som har fått flest negative kommentarar. Dette kan i tilfelle også vera med å forklara kvifor varietet 3 har fått dei lægste gjennomsnittsverdiane i “verbal guise”-testen. Likevel er kommentarane for alle stemmene og varietetane nokså varierte, og det er heller ikkje sikkert at dei 38 informantane som har valt å bruka kommentarlinja, er representative for alle 153 som var med i denne undersøkinga. Eg kan med andre ord ikkje vita om dei 115 som ikkje svara, meinte noko anna.

I kap. 6.3.9 vil eg koma med ei oppsummering for heile fase II. Så langt kan eg likevel slå fast at resultatata for den indirekte haldningsgranskinga syner at to språklege variablar 1 + 2 og 3 kjem att. På subkategorinivå viser det seg likevel at det er fornuftig å halda på ei inndeling etter 3 varietetar. For foreldrebakgrunn er det signifikant skilnad mellom 0fS og 2fS og mellom 1fS og 2fS for varietet 2 og mellom 1fS og 2fS når det gjeld varietet 1. Subkategorien klassesteg viser at 8.-klasse er signifikant meir positive til varietet 3 i høve til 9.- og 10.-klasse. Når det gjeld kjønn, er det signifikant skilnad mellom jenter og gutar i høve til varietet 2. Ei kopling mellom kjønn og foreldrebakgrunn viser signifikant skilnad mellom jenter og gutar med 1fS når det gjeld varietet 2.

### 6.3 Resultat til fase IIb, direkte haldningsgranskingar<sup>96</sup>

Dei direkte haldningsgranskingane vart gjennomførte med dei 36 uttrekte informantane (jf. kap. 5.3.4). Tala vert difor småe når kvar av desse personane berre kan telja éin gong i kvar av underkategoriene. Men eg vil likevel prøva å finna mønster i tala.

Resultata her kan delast inn att i to delar. Den fyrste delen, dei kognitive haldningane med hypotese H8 – H10, byggjer på informantane sine sjølvvurderingar når det galdt å vurdera korleis dei sjølve snakka i høve til dei tre varietetane (jf. dialekttrekanten i vedlegg D). I den andre delen, som gjeld dei sjølvrapporterte affektive/kognitive haldningane i hypotese H11 – H13 og dei sjølvrapporterte kognitive haldningane i hypotese H14 – H16, tek eg utgangspunkt i informantsvar frå språkopptaka. Resultata eg har kome fram til, byggjer her på mi heilskaplege vurdering av korleis informantane uttrykkjer seg. Ved hjelp av ein del tekstsitat vil eg visa døme på typiske representantar for den inndelinga eg har gjort. Elevar som eg har vurdert som positive til tradisjonell sogndalsdialekt, har anten sagt at sognemålet eller sogndalsmålet er den finaste dialekten dei veit om (jf. tabell 6.22 og 6.23), eller uttrykt seg svært positive i samtalen elles. Elevar som verka meir nøytrale eller tvitydig innstilte, vert difor ikkje rekna med til den positive kategorien.

Hypotesane H8 – H13 er testa statistisk, men sidan kategoriene er småe og nokså oversiktlege, vel eg òg å presentera desse resultata meir kvalitativt og i oversynstabellar.

Hypotesane H14 – H16 vert berre diskuterte kvalitativt. Eg vel difor å presentera svara på alle dei tre hypotesane her i ein samla oversynstabell og deretter drøfta observasjonane.

#### 6.3.1 ‘Kognitiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn’ (Sjølvvurdering)

H8: *Det vil vera skilnad på sjølvvurderingane av eige talemål hjå elevar med ulik foreldrebakgrunn.* (Retningsnøytral.)

Foreldre- bakgrunn	Språkleg varietet				Anna
	var. 1	var. 2	var. 3	Total	
0fS	2	2	3	7	5
1fS	4	4	3	11	1
2fS	4	3	5	12	0
total	10	9	11	30	6

Tabell 6.19: Sjølvvurdering av språkleg varietet i høve til foreldrebakgrunn.

<sup>96</sup> Ei meir samanhengjande framstilling av desse direkte haldningsgranskingane står i Haugen 2002b.

Ein kji-kvadrat-test viser at det ikkje er nokon signifikant skilnad mellom foreldrebakgrunns-kategoriane med omsyn til å plassera sin eigen dialekt til éin av dei tre varietetane (fridomsgrader = 4,  $x^2 = 0,751$  og  $p = 0,945$ ). “Anna” er ikkje med i utrekninga (jf. kap. 5.6.5). Testen gjev òg eit varsku om at det er svært småe forventningsverdiar i og med at det her er mange ruter som har svært låge verdiar. Nullhypotesen om ingen skilnad mellom elevar med ulik foreldrebakgrunn vert difor ståande.<sup>97</sup>

Trass i at tala er småe, viser tabell 6.19 at det totalt sett er fleire elevar både i den kategorien som har begge foreldra frå Sogndal, og i den kategorien som berre har éin forelder frå Sogndal, som hevdar at dei snakkar varietet 1 eller 2 enn det er i kategorien med ingen foreldre frå Sogndal. Alle med begge foreldra frå Sogndal plasserer seg dessutan innafor éin av dei tre sogndalsvarietetane. Fem av dei seks som har kalla språket sitt noko anna, dvs. t.d. nynorsk, bokmål eller blandingspråk, er elevar med ingen foreldre frå Sogndal.

Denne sjølvvurderinga av eige talemål gjev eit bilete av at foreldrebakgrunn spelar ei viktig rolle for korleis talemålet til borna vert. Analysar av språket deira vil visa om eigenvurderinga og språket deira viser same resultat.

### 6.3.2 ‘Kognitiv haldning’ – ‘kjønn’ (Sjølvvurdering)

H9: *Det vil vera skilnad på sjølvvurderingane av eige talemål hjå gutar og jenter.* (Retningsnøytral.)

Kjønn	Språkleg varietet				Anna
	var. 1	var. 2	var. 3	Total	
gutar	8	4	5	17	1
jenter	2	5	6	13	5
total	10	9	11	30	6

Tabell 6.20: Sjølvvurdering av språkleg varietet i høve til kjønn.

Ein kji-kvadrat-test viser at det ikkje er nokon skilnad mellom jenter og gutar når det gjeld vurdering av eigen bruk av varietet 1, 2 og 3 (fridomsgrader = 2,  $x^2 = 3,328$  og  $p = 0,1894$ ). Nullhypotesen om ingen skilnad mellom kjønna vert difor ståande.

<sup>97</sup> Sjå elles meir om kji-kvadrat-testen hjå Kinnear og Gray 2000: 157.

Tabell 6.20 syner i reine tal at nesten halvparten av alle gutane, 8 av 18, vurderer talemålet sitt til å liggja nærast varietet 1, medan jentene har flest eigenvurderingar i retning av varietet 3. Det er òg verdt å merkja seg at jentene står bak fem av dei seks som har sagt at dei har eit talespråk som ligg utafor trekanten. Dei har med andre ord plassert seg under det som her går under samleomgrepet “anna”.

Det ser ut som at jentene meiner dei har eit språk som ligg lenger borte frå den tradisjonelle sogndalsdialekten (varietet 1) enn gutane. Nesten halvparten av gutane ser derimot ut til å meina at dei snakkar den tradisjonelle varieteten. Trass i at det var jentene som var mest positive til varietet 1 i den indirekte haldningsgranskinga (jf. tabell 6.9), hevdar gutane i denne direkte haldningsgranskinga at dei snakkar meir likt varietet 1 enn jentene. Det skal verta interessant å sjå korleis denne sjølvvurderinga stemmer overeins med dei språklege analysane (jf. kap. 6.4).

### 6.3.3 ‘Kognitiv haldning’ – ‘klassetrinn’ (Sjølvvurdering)

H10: *Det vil vera skilnad i sjølvvurderinga av eige talemål mellom elevane på dei ulike klassetrinna. (Retningsnøytral.)*

Klassetrinn	Språkleg varietet				Anna
	var. 1	var. 2	var. 3	Total	
8.	2	3	8	13	3
9.	6	0	0	6	3
10.	2	6	3	11	0
total	10	9	11	30	6

Tabell 6.21: Sjølvvurdering av språkleg varietet i høve til klassetrinn.

Kji-kvadrat-testen viser her at det er signifikant skilnad mellom klassestega (fridomsgrader = 4,  $\chi^2 = 18,889$  og  $p < 0,001$ ). Nullhypotesen om at det ikkje er nokon skilnad mellom klassestega når det gjeld dei tre varietetane, vert difor forkasta. Samstundes gjev testen òg her melding om at mange av dei verdiane som er forventane under nullhypotesen, er svært småe. I to av rutene er det jo heller ingen observasjonar.

Tabell 6.21 viser òg kvalitativt sett at det går an å sjå eit mønster, og at klassane har kvar sin “favoritt-varietet”. For 8.-klasse er det varietet 3 som dominerer, for 9.-klasse er det varietet 1 og for 10.-klasse er det varietet 2. Elles kan ein sjå at alle elevane i 10.-klasse, har vurdert språket sitt i høve til éin av dei tre sogndalsvarietetane. Dei seks som har kalla språket sitt “anna”, er likt fordelte

på 8.-klasse og 9.-klasse. Dei elevane i 9.-klasse som ikkje har hamna i kategorien “anna”, har vurdert seg sjølve til å snakka nærast varietet 1. Elevane i 9.-klasse utgjer hovudtyngda, 6 av 10, av alle i varietet 1. Hovudtyngda av elevane i 8.-klasse, 11 av 16, har vurdert språket sitt i høve til varietet 3 eller utafor trekanten, “anna”. For elevane i 10.-klasse går hovudtynga av vurderingane derimot i mosett retning ved at seks av 11 har sagt at språket dei snakkar ligg nærast varietet 2.

Dette resultatet samsvarar med det innbyrdes mønsteret i kvar av klassane i den indirekte haldningsgranskinga som viste at 9.-klasse var mest positiv til varietet 1, 8.-klasse var mest positiv til varietet 3 og 10.-klasse var mest positiv til varietet 2 (jf. tabell 6.5 – 6.7). Denne sjølvvurderinga vil bli halden saman med resultata av korleis informantane verkeleg snakkar.

#### **6.3.4. ‘Affektiv/kognitiv haldning’ (Sjølvrapportering)**

Før eg ser nærare på dei affektive/kognitive haldningshypotesane, vil eg presentera eit oversyn som viser kva informantane svara under samtalane på spørsmål om kva dei tykte var den finaste og den styggaste dialekten. I dei to tabellane nedafor har eg delt informantane inn etter foreldrebakgrunn og kjønn. Klassetrinn står oppført i parentes bak informantnummera.

	Den finaste dialekten	Den styggaste dialekten
<b>Inf. nr. og (kl.)</b>	Jenter med to foreldre frå Sogndal	
1 (8.)	Stavanger og sogning	Toten
2 (8.)	Sogning	Bergensk
3 (8.)	Stavanger og Kristiansand	Breitt sognemål
4 (8.)	?	Trøndersk
5 (8.)	Bergensk kanskje	Veit ikkje heilt
	Jenter med éin av foreldra frå Sogndal	
13 (8.)	Stavangersk og sogning	Skånsk
14 (8.)	Sogning	Trøndersk eller kanskje bergensk
15 (8.)	Bergensk kanskje	Halvt dansk-norsk nede i Sør-Noreg
16 (10.)	Sogndalsdialekten	Bergensk
17 (10.)	Trondheim	Stavanger og oslodialekt
18 (10.)	Vikjadialekt	Trøndersk og bergensk
	Jenter med ingen av foreldra frå Sogndal	
25 (8.)	Haugesund og austlandsk	Toten og sogning
26 (8.)	Bokmål	?
27 (9.)	Vikjadialekt	Bergensk og trøndersk
28 (9.)	Halling	Sogndalsdialekt (likar ikkje)
29 (9.)	Trønder	Sogndalsdialekt (likar ikkje)
30 (10.)	?, men sogndalsdialekten er fin	Gudbrandsdalen
31 (10.)	Bergen	?

Tabell 6.22: Den finaste og styggaste dialekten i høve til foreldrebakgrunn og klassesteg for jentene.

Det er sju av dei atten jentene som nemner sognedialekten blant dei finaste dialektane dei veit om, men det er òg fire jenter som har denne dialekten blant dei styggaste dialektane.



Den finaste dialekten		Den styggaste dialekten
<b>Inf. nr. og (kl.)</b>	Gutar med to foreldre frå Sogndal	
6 (8.)	Sogndalsdialekten (hm, ja)	Bokmål (hm, ja)
7 (8.)	Sogndalsdialekten	Bokmål og trøndersk
8 (8.)	Sogndalsdialekten	Bokmål og trøndersk
9 (9.)	Sognemål	Trøndersk
10 (9.)	Sogndøl	Bokmål
11 (10.)	Sogning og halling	Oslo, bokmål
12 (10.)	Sogning	Ingen spesiell
	Gutar med éin av foreldra frå Sogndal	
19 (8.)	Sogndalsdialekten	Bokmål
20 (8.)	Sogndalsdialekten	Toten
21 (9.)	Sognemål	Bergensk
22 (9.)	Sognemål	Trøndersk
23 (10.)	Sandane	Trøndelag og nordover
24 (10.)	?	?
	Gutar med ingen av foreldra frå Sogndal	
32 (8.)	?	Toten
33 (9.)	Sogning og dansk	Stavanger og Trondheim
34 (9.)	Sogndøl (Ja, he)	Trøndersk
35 (10.)	Stavanger	Bergensk
36 (10.)	Nordlending	?

Tabell 6.23: Den finaste og styggaste dialekten i høve til foreldrebakgrunn og klassesteg for gutane.

Blant gutane er det 13 av 18 som reknar sognedialekten for den finaste, og ingen som reknar han blant dei styggaste. Hjø gutane er det bokmål som dominerer svara når det gjeld dialektar dei ikkje likar, særleg er dette svaret hjå dei med begge foreldra frå Sogndal.

Både blant jentene og gutane kan ein elles leggja merke til at dei som har to foreldre frå Sogndal, er meir lokalt orienterte i svara på kva dialekt dei likar best, enn det elevar med éin eller to innflyttarforeldre er. Alle gutane med to innfødde foreldre svarar at dei likar best dialekten som vert snakka i Sogn, medan jentene med den same foreldrebakgrunnen gjev svar som i geografien strekkjer seg over heile det sørvestnorske området.

Svara i tabell 6.22 og 6.23 har saman med utsegner frå informantane om sogndalsdialekten spesielt, danna utgangspunkt for om eg har vurdert elevane til å vera positive til den tradisjonelle sogndalsdialekten eller ikkje. Før eg presenterer desse resultatata vil eg visa døme på nokre slike ytringar. Eg startar med informantar eg har vurdert som negative:<sup>98</sup>

Intervjuar: Nei. Kva synest de om sogndalsdialekten då?

Inf-28: [Den]

Inf-29: Nei, det likar eg ikke.

Intervjuar: Det likar du ikkje?

Inf-29: Nei.

Inf-28: Nei.

Intervjuar: Ikkje du heller?

Inf-28: Nei.

Intervjuar: Kvifor ikkje det?

Inf-28: For det er så

Inf-29: firkanta, he, he, he.

Inf-28: –“dao, pao og”. Nei, eg veit ikkje heilt [...], men det er litt stilig dialekt viss du, eller du bruker han når du skal skrive tekstmeldingar og sånn på mobiltelefon, då brukar du alltid “dao og pao” og.

Inf-29: Ja. Mm.

Intervjuar: Mm.

Inf-28: Alt det der. Det er litt sånn stilig, for da, det er liksom sånn mobilgreier. Og så bruker ofte med irc<sup>99</sup> og da.

Intervjuar: Ja.

Inf-28: Viss du snakkar med nokon fra Sogndal.

Dei to informantane, 28 og 29, i sitatet over gjev nokså eintydige negative svar på kva dei tykkjer om sogndalsdialekten. Spesielt informant 29 i sitatet over har vanskeleg for å seia kva ho ikkje likar med sogndalsdialekten, men ho gjev i alle fall uttrykk for eit negativt syn på dette talemålet. Informant 28 deler dette synet og knyter det til *ao*-lyden, eit trekk som svært ofte vert drege fram som kjenneteikn på typisk eller brei<sup>100</sup> dialekt. Likevel modererer denne informanten seg litt når ho får tenkt seg litt om. Ho hevdar at ho tykkjer det er litt stilig å bruka desse tradisjonelle trekka

<sup>98</sup> Ein tankestrek (–) framom utsegnene tyder at det som vert sagt er framhald av ein påbegynt setning av same informant lenger oppe i teksten.

<sup>99</sup> IRC er eit tekstbasert nettverk for prating på Internettet og står for Internet Relay Chat.

<sup>100</sup> Når eg stundom bruker termen “brei” om sogndalsdialekten, er det ei form eg har lånt frå informantane sin måte å karakterisera talemålet på (jf. tabell 6.22). Termen “brei” tolkar eg som ei sosial oppfatning av det eg har valt å kalla den “tradisjonelle sogndalsvarieteteten”.

skriftleg med mobil som medium når mottakaren er sogndøl. Denne skriftlege forma for tilpassing til sogndalsdialekten er truleg også enklare å tileigna seg og meistra enn den munnlege, dvs. enklare enn å snakka dialekten sjølv. Andre informantar kan vera meir tvitydige:

Intervjuar: Mm, har de høyrte på Fjogningen<sup>101</sup> på radio?

Inf-25: Ja.

Inf-01: Ja.

Intervjuar: Kva synest de om det?

Inf-25: Det er ganske gøy egentlig

Inf-01: Artig.

Intervjuar: Likar de måten dei snakkar på?

Inf-01: E, ja.

Inf-25: Ja.

Inf-01: Det er breitt egentleg.

Inf-25: Mm.

Intervjuar: Er det nokon trekk eller nok, noko med sogndalsdialekten de synest er stygt?

Inf-01: Ah.

Inf-25: Ja, eg syns det er ganske stygt med sånn skikkelig breitt liksom.

Inf-01: Ja.

Inf-25: Sånn overdrevent liksom.

Inf-01: Hm

Intervjuar: Kva seier du?

Inf-01: Eg er enig.

Inf-25: [snufs], mm.

Inf-01: Det er liksom litt sånn, æh, høyrest faktisk litt udanna ut og så snakka sånn voldsom brei liksom.

Inf-25: Ja.

Inf-01: Det er liksom så høgt [...] he.

Inf-25: Det er mange som liksom gjerest på det, ja, ehe, he.

Inf-01: Ja, he.

Inf-25: Så blir det så mørkt liksom og bare sånn, ja.

Sitatet over er eit godt døme på kor lite eintydig enkelte ungdomar uttalar seg. Begge informantane seier at dei likar måten dei snakkar på i radioinnslaget Fjogningen, der dei snakkar brei sogndøl og systrending, men snur i neste omgang tvert om. Trass i at informant 1 fyrst svarar at ho tykkjer sogning er fint (jf. tabell 6.22), syner desse utsegnene litt seinare i samtalen at ho er meir tvitydig. I

<sup>101</sup> “Fjogningen” er namnet på eit fast innslag i lokalradioen kvar fredag der dei to “fjogningane” som snakkar utprega systrending og sogndøl, ser attende på og ironiserer over personar som har gjort rare ting i veka som har gått.

ein samtale der to og to sit saman og snakkar med meg, er det klart at dei lett kan bli påverka av kvarandre. Det kan verka som om informant 1 vert meir usikker når veninna ho sit saman med så tydeleg markerer at ho tykkjer brei sogndalsdialekt er ganske stygt. Fleire informantar har tendensar til å motseia seg sjølve:

Intervjuar: Mm, kva er den styggaste dialekten de veit om då?

Inf-04: Sånn trøndersk høyrer litt dumt ut men.

Inf-03: He, he, eg veit ikkje. Eg synest det er litt teit når ein snakkar sånn skikkeleg breitt sognamål, he, he.

Intervjuar: Kvifor det?

Inf-03: Eg veit ikkje. Det høyrest så dumt ut på ein måte.

Litt seinare i samtalen seier ho derimot:

Inf-03: Eg synest ikkje det er noko sånn teit at dei snakkar skikkeleg breitt, he.

Inf-04: Nei.

Intervjuar: Du tykkjer ikkje?

Inf-03: Nei, eg synest det er heilt ok. sånn då.

Også informant 3 er såleis døme på ein informant som ikkje vert rekna som positiv til den tradisjonelle sogndalsdialekten, av di ho uttalar seg tvitydig.

Det tvitydige går att hjå fleire informantar:

Intervjuar: Mm, nei, kva synest de om sogndalsdialekten då?

Inf-05: Viss dei pratar heilt breitt, så kan det vera litt, synest eg kanskje det er litt harry.

[...]

Inf-15: Ja.

Inf-05: Nei, eg veit, det er no slik det er, nei, det er greitt, heilt fin dialekt det, hm.

Somme informantar ser ut til fyrst impulsivt å busa ut med det dei har på hjarta for så av ein eller annan grunn å moderera utsegnene sine. Kanskje dette er eit teikn på at dei angrar på det dei har sagt, er svært usikre på kva dei meiner, eller at dei byrjar å tenkja strategisk i høve til den samtale-situasjonen dei er i. Trass i at eg prøvde å skapa ein avslappa samtaleatmosfære med alle informantane, kan dei ha opplevd situasjonen ulikt behageleg. Dessutan skal ein ikkje sjå vekk ifrå at ein samtale med ein dialektforskar kan fungera som ein vekkjar som set i gang tankar informantane tidlegare ikkje har reflektert så nøye over. Dette kan òg føra til at informantane verkar famlande og

inkonsekvente i måten dei svarar på. Trass i at informant 5 såg ut til å henta seg inn att i sitatet over, seier ho litt seinare dette:

Intervjuar: Mm, slik ja, mm. Er det nokon, nokon sånne sogndalstrekk de synest er stygge? Noko som de ikkje er begynt å seia sjølv eller kva eg skal seia?

Inf-05: Eg veit ikkje.

Inf-15: Veit ikkje. Det er vel ikkje.

Inf-05: Det er ikkje så mykje eg tykkjer er stygt. Æh.

Inf-15: Det er vel ikkje stygge, men eg har ikkje så lyst å prata sånn veldig breitt.

Inf-05: Nei.

Intervjuar: Kvifor ikkje det?

Inf-15: Æh.

Inf-05: For det har eg aldri gjort, og då vil ikkje eg plutselig begynna å gjera det heller.

Inf-15: Nei.

Det er nokså tydeleg her at verken informant 5 eller informant 15 er særleg positive til den breie sogndalsdialekten. Elevane frå 8.-klasse verkar jamt ofte meir spontane og kan gje meir positivt eller negativt ladde utsegner om talemålet enn dei eldre elevane, særleg samanlikna med elevar frå 10.-klasse. Somme elevar i 10.-klasse kan difor vanskeleg seiast å gje direkte negative utsegner om sogndalsdialekten, men heller uttala seg meir nøytralt slik informant 17 og 31 nedafor er døme på:

Intervjuar: Nei, kva synest de om sogndalsdialekten?

Inf-31: Er grei nok.

Inf-17: Mm.

Intervjuar: Kva meiner du med det?

Inf-31: He, hm.

Inf-17: Sunnfjording er ein fin dialekt, faktisk.

Inf-31: He.

Inf-17: Sogndalsdialekten, altså han er midt på treet. Han er ikkje stygg, og han er ikkje direkte fin heller.

Inf-31: Nei.

Til sist skal eg gje eit par døme frå informantar som uttalar seg eintydig positivt, og som eg difor har valt å karakterisera som positive til den tradisjonelle sogndalsdialekten.

Intervjuar: Kva er den finaste dialekten de veit om?

Inf-09: Finaste dialekten?

Intervjuar: Ja.

Inf-22: Sognamål.

Inf-09: Sognamålet

Intervjuar: Kvifor det?

Inf-22: He, tøft, he, he.

Inf-09: Det er det råaste, hardaste d-. Kjem du til Oslo og så.

Inf-22: Det er mest harry dialekten.

Inf-09: Ja, kjem du til Oslo, er det ingen som skjønar deg og så.

Intervjuar: Ja, korleis reagerer de då når folk ikkje skjønar dykk?

Inf-09: Pratar endå meir sognamål, he, he.

Inf-22: He, he, he.

Intervjuar: Ja.

Inf-22: Mm.

Begge desse informantane gjev uttrykk for at dei tykkjer det er tøft å snakka sogndøl. Når informant 22 beskriv sogndalsdialekten som “harry”, vert det av han brukt positivt i motsetnad til når informant 5 brukte dette uttrykket.

Intervjuar: Kva synest de om sogndalsdialekten då?

Inf-18: He, den er tøff den. Den likar me, vande med han veit du.

Inf-27: Den er litt tøff.

Intervjuar: Å, ja, kva de likar med den då?

Inf-27: Er så breitt, er så tøft å høyra [...]

Inf-18: “Pao og ao”, he.

Inf-27: Viss, det er sånn songar sant, som, som dei syng på sånn sognemål, sant. Det er så tøft å høyra på liksom korleis det høyrest ut.

Inf-18: Ja, ææ.

For desse to jentene er tøft og breitt positivt.

Som ei oppsummering kan eg seia at elevar som svara at sogndalsdialekten er den finaste dialekten, eller som gav klart uttrykk for det andre stader under samtalen, har eg i kategoriseringane for testing av hypotesane H11 – H13 vurdert som positive til den tradisjonelle sogndalsdialekten.

### 6.3.5 ‘Affektiv/kognitiv haldning’ – ‘foreldrebakgrunn’ (Sjølvrapportering)

H11: *Elevar med éin eller to innfødde foreldre og elevar med innflyttarforeldre vil ved munnleg svar vurdera den tradisjonelle sogndalsdialekten ulikt. (Retningsnøytral.)*

Positive til tradisjonell sogndalsdialekt	Foreldrebakgrunn og kjønn			
	Jenter	Gutar	Total i tal	Total i prosent
Begge foreldra frå Sogndal	2/5	7/7	9/12	75,0%
Éin av foreldra frå Sogndal	4/6	4/6	8/12	66,7%
Ingen av foreldra frå Sogndal	1/7	2/5	3/12	25,0%
Total	7/18	13/18	20/36	55,6%

Tabell 6.24: Fordelinga av positive vurderingar av den tradisjonelle sogndalsdialekten i høve til foreldrebakgrunn og kjønn. (Bak skråstreken står talet på informantar i gruppa.)

Gjennom den statistiske kji-kvadrat-testen “Goodness of fit”<sup>102</sup> fekk eg ikkje signifikant utslag på forskingshypotesen min om at det er nokon skilnad når det gjeld positiv vurdering av sogndalsdialekten mellom elevar med ulik foreldrebakgrunn (fridomsgrader = 2,  $x^2 = 3,1$  og  $p = 0,2122$ ). Jamvel om det er store skilnader i prosent mellom dei tre foreldrebakgrunnskategoriene, er ikkje avviket for deira felles gjennomsnitt, som er på 6,667 (20/3) for kvar foreldrebakgrunnskategori, større enn at det kan vera tilfeldig. Det er truleg totalt for fåe personar med til at eit avvik frå ein forventa verdi under nullhypotesen skal gje noko signifikant utslag. Nullhypotesen om ingen skilnad vert difor ståande.

I reine tal viser tabellen at det er dei elevane som har éin eller to foreldre frå Sogndal, som uttalar seg mest positivt til det å snakka sogndøl.

### 6.3.6 ‘Affektiv/kognitiv haldning’ – ‘klassesteg’ (Sjølvrapportering)

H12: *Det vil vera skilnad i dei munnlege svara på kor positive elevane i 8.-klasse, 9.-klasse og 10.-klasse vil vera til den tradisjonelle sogndalsdialekten. (Retningsnøytral.)*

<sup>102</sup> For meir om denne testen sjå Kinnear og Gray 2000: 150 – 158.

Positive til tradisjonell sogndalsdialekt	Klassesteg og foreldrebakgrunn				
	2fS	1fS	0fS	Total i tal	Total i prosent
8.-klasse	5/8	4/5	0/3	9/16	56,3%
9.-klasse	2/2	2/2	3/5	7/9	77,8%
10.-klasse	2/2	2/5	0/4	4/11	36,4%
Total	9/12	8/12	3/12	20/36	55,6%

Tabell 6.25: Fordelinga av positive vurderingar av den tradisjonelle sogndalsdialekten i høve til klassesteg og foreldrebakgrunn.

Den statistiske testen viste på same måte som for tabell 6.24 heller ikkje her signifikant utslag for at det var nokon skilnad mellom kategoriane (fridomsgrader = 2,  $x^2 = 1,9$  og  $p = 0,3867$ ). Nullhypotesen om ingen skilnad mellom kor positive dei ulike klassestega var til den tradisjonelle sogndalsdialekten, vert difor ståande.

I tal og prosent viser tabellen at det på direkte spørsmål, kvalitativt sett er 9.-klasse som gav mest positive vurderingar av den tradisjonelle sogndalsdialekten. Dette resultatet stemmer òg overeins med resultata frå den indirekte haldningsgranskinga (jf. tabell 6.5). Det er eit markert skilje mellom 10.-klasse og dei to yngste klassane, 8.-klasse og 9.-klasse. Dette aldersutslaget skuldast blant anna at dei yngste verka meir spontane då dei svara, medan elevane i 10.-klasse jamt over hadde ein meir reflektert og nøytral måte å ordleggja seg på.

### 6.3.7 'Affektiv/kognitiv haldning' – 'kjønn' (Sjølvrapportering)

H13: *Gutar og jenter vil i dei munnlege svara vurdere den tradisjonelle sogndalsdialekten ulikt.* (Retningsnøytral.)



Positive til tradisjonell sogndalsdialekt	Kjønn og klassesteg				
	8.-klasse	9.-klasse	10.-klasse	Total i tal	Total i prosent
Jenter	4/10	1/3	2/5	7/18	38,9%
Gutar	5/6	6/6	2/6	13/18	72,3%
Total	9/16	7/9	4/11	20/36	55,6%

Tabell 6.26: Fordelinga av positive vurderingar av den tradisjonelle sogndalsdialekten i høve til klassesteg og kjønn.

Trass i at det i tabell 6.26 over ser ut til å vera store skilnader mellom kor positive jenter og gutar er til den tradisjonelle sogndalsdialekten, er det kvantitativt sett ingen signifikant skilnad mellom kjønna (fridomsgrader: 1,  $x^2 = 1,8$  og  $p = 0,1797$ ). Sidan eg totalt sett har så få observasjonar, måtte det ha vore høvesvis 5 og 15 for kvar av kategoriane for at eg skulle ha fått ein signifikant skilnad på 0,05-nivået.

I den indirekte haldningsgranskinga var jentene mest positive til alle varietetane, også den mest tradisjonelle (jf. tabell 6.9). Tabell 6.24 viser kvalitativt sett derimot at nesten dobbelt så mange av gutane som jentene uttrykkjer seg verbalt positivt til den tradisjonelle sogndalsdialekten. Denne kjønnskilnaden kjem klarast fram i dei to yngste klassestega, (jf. dei gråe felta i tabell 6.26). Elles kan det vera verdt å repetera at alle jentene (5 stk.) med begge foreldra frå Sogndal går i 8.-klasse, men berre to av desse jentene uttrykte seg positivt til den tradisjonelle sogndalsdialekten.

### 6.3.8 'Kognitiv haldning' – 'klassesetrinn, kjønn og foreldrebakgrunn' (Sjølvrapporing)

Elevane vart under språkopptakssamtalen spurde om kva som var kjenneteikn på å snakka typisk sogndøl eller breitt sogndøl. Trass i at informantane her ikkje vart spurde om kva dei tykte om ein bestemt varietet, og trass i at dei ikkje nødvendigvis tenkte på akkurat den same måten å snakka sogndøl på, vil eg tru at assosiasjonane hjå dei fleste har gått i retning av det som eg har valt å kalla tradisjonell sogndalsdialekt under varietet 1. Eg venta ikkje at dei ville vera i stand til å setja ord på alle typiske språkdrag i sogndalsdialekten, men eg var interessert i å sjå kva trekk dei har eit så medvite forhold til at dei kunne setja ord på dei. Det vil truleg òg vera mange trekk dei vil kjenna att når dei høyrer dei, men som dei ikkje greier å forklara språkleg.<sup>103</sup> Svara under denne kognitive

<sup>103</sup> Dennis Preston meiner at sosiolingvistar bør utnyttja meir den kunnskapen vanlege folk har til språket sitt. Han har arbeidd mykje med det han kallar folkelingvistikk 'folk linguistic' (sjå t.d. Preston 1996 og 2002).

---

delen byggjer hovudsakleg på spørsmålet om kva det vil seia å snakka typisk eller breitt sogndøl. I utgangspunktet ville eg prøva å få svar på fylgjande hypotesar:

H14: *Elevar med éin eller to innfødde foreldre vil ha større kunnskapar om typiske trekk ved sogndalsdialekten enn elevar med innflyttarforeldre.*

H15: *Det vil vera skilnad på kunnskapane til gutar og jenter når det gjeld kjennskap til typiske sogndalstrekk.*

H16: *Elevar på høgare klassetrinn vil kjenna til fleire trekk i sogndalsdialekten enn elevar på lægre klassetrinn.*

Materialet mitt som skal kasta lys over desse hypotesane, har eit kvalitativt preg og eignar seg difor dårleg til å bli testa statistisk. Eg vel difor å presentera svara på alle dei tre hypotesane i ein samla oversynstabell og deretter drøfta desse observasjonane.

<b>Inf. nr. og (kl.)</b>	<b>Kunnskap om språklege trekk i sogndalsdialekten</b>
	Jenter med to foreldre frå Sogndal
1 (8.)	“ao, pao, gao, slao”, breitt sognemål “e pao skiulen”
2 (8.)	breitt, “kearo”, “ao” i staden for “å”
3 (8.)	“ao”, “pao”
4 (8.)	legg trykk på alt, nesten alle ord blir forandra, “pao og ao og hjao”
5 (8.)	“dao og pao”
	Jenter med éin av foreldra frå Sogndal
13 (8.)	Sånn “stao” “ao, nao”
14 (8.)	“mao, dao, sao”, kuttar bokstavar, e = er
15 (8.)	ao-lydar, hina- og pina- uttrykk
16 (10.)	Fleirtal bunden form “trei”
17 (10.)	breitt, “ao og pao”, litt born, von, “haskje”, “kerao”
18 (10.)	“pao og ao”
	Jenter med ingen av foreldra frå Sogndal
25 (8.)	bur på Dalen, enkelte typiske ord, “ska me ne pao skiulen”
26 (8.)	“stao nou pao”, ao-lydar, vanskeleg å forklara, mange uttrykk
27 (9.)	“pao og ao”
28 (9.)	“dao, pao”
29 (9.)	firkanta
30 (10.)	breitt, “dao”, i staden for “å” så er det “ao”, litt overdrive
31 (10.)	“mao og fao og eg”, ao-lyden, “kerao”

Tabell 6.27: Kunnskapar om det å snakka typisk sogndøl hjå jenter ut frå klassesteg og foreldrebakgrunn.

Inf. nr. og (kl.)	Kunnskap om språklege trekk i sogndalsdialekten
	Gutar med to foreldre frå Sogndal
6 (8.)	“ao, pao uttrykk”
7 (8.)	grovt, “vaskefidla”, “sjau, akjan, nikjan, tjue”
8 (8.)	ao-lydar, “blao, grao” mykje merkelege ord, “gole”, “søkkel”
9 (9.)	Har med o-en “pao, rao, dao”, mykje r, snakkar fort “ke ri ska pao rao eh?”
10 (9.)	“pao og ao”, breiare enn bokmål
11 (10.)	“soli, jordi”
12 (10.)	“ao”
	Gutar med éin av foreldra frå Sogndal
19 (8.)	heile slekta herifrå, “ao, pao” greier
20 (8.)	(Ja til breitt og “ao, pao”)
21 (9.)	(Ja til “dao og pao”)
22 (9.)	Masse “ao” og ikkje “å”, fort,
23 (10.)	“ao og pao”, høgt i toneleie
24 (10.)	?
	Gutar med ingen av foreldra frå Sogndal
32 (8.)	breitt, “ao og pao”, frå Sogndal
33 (9.)	“dao og pao”, har ikkje med “å”
34 (9.)	(meiner det same som 10, dvs. “pao og ao”, breiare enn bokmål)
35 (10.)	fort, kraftig
36 (10.)	“ao og pao og dei”

Tabell 6.28: Kunnskapar om det å snakka typisk sogndøl hjå gutar ut frå klassesteg og foreldrebakgrunn.

Generelt er det trekket som går att flest gonger og på tvers av alle kategoriar, *ao*-lyden.<sup>104</sup> Det er vanskeleg å slå fast om dei med éin eller to innfødde foreldre veit meir om typiske trekk ved sogndalsdialekten enn dei med innflyttarforeldre. Det er likevel tydeleg at i dei tilfella der nokon av elevane gjev andre typiske karakteristikkar av sogndalsmålet enn *ao*-lyden, kjem det helst frå elevar med minst éin av foreldra frå Sogndal. Ei av jentene med ingen foreldre frå Sogndal, er likevel inne på trekket diftongering av u, når ho seier “skiulen”. Eit par av gutane med to innfødde foreldre frå

<sup>104</sup> Dette var òg det trekket som vart hyppigast nemnt som eit typisk trekk for vossamålet under ei undersøking blant elevar i vidaregåande skule på Voss (jf. Akselberg 2002a: 95).

8.-klasse (informant 7 og 8) gjev mange konkretiseringar på typiske sogndalstrekk. I ordet “vaskefidla” kjem eit døme på segmentering, og i ordet “søkkel” kjem  $\emptyset$ -lyden fram. Elles nemner òg ein av desse gutane dei karakteristiske talorda for sogningar “sjau, akjan, nikjan”. Nokre elevar med innfødd bakgrunn dreg i tillegg til *ao*-lyden også fram *i*-målet. Gjennomgåande er det likevel *ao*-lyden som går att same kva bakgrunn elevane har.

Det er vanskeleg å sjå at det er nokon skilnad mellom gutar og jenter. Somme gutar veit mykje, og somme jenter veit mykje.

Når det gjeld aukande kunnskapar med alder, er det berre eit par elevar frå 10.-klasse som nemner at det er typisk med *i*-endingar i sogndalsmålet. Denne kunnskapen kan vera noko dei har tileigna seg på skulen. Den eine eleven seier dessutan direkte at det er slik, for det har læraren deira sagt. Elles er dei aller fleste inne på *ao*-lyden, anten som lydleg fenomen eller ved å gje døme som viser at det er den lyden dei tenkjer på.

### **6.3.9 Oppsummering av unge sogndøler sine haldningar til sogndalsdialekten, fase II**

For å få svar på problemstilling 2 har eg gjort fleire delundersøkingar. “Verbal guise”-undersøkinga var den indirekte haldningsgranskinga mi, medan både sjølvrapporterings skjemaet og dei verbale utsegnene til informantane er direkte haldningsgranskingar, der informantane har eit medvite forhold til at det er dialekten deira som er temaet. Det er såleis interessant å sjå nærare på om det er samsvar eller sprik mellom dei ulike delundersøkingane. Det er likevel verdt å vera klar over at den indirekte granskinga vart gjennomført med 153 av 162 av elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001, medan dei direkte granskingane vart gjennomførte med eit utval på 36 av desse 153 informantane.

#### 6.3.9.1 Kjønn

I “verbal guise”-granskinga viste det seg å vera signifikante skilnader mellom jenter og gutar når det galdt mellomvarietet, varietet 2, ved at jentene var mest positive til den (jf. tabell 6.9). Utan at det var signifikante resultat, var jentene generelt sett meir positive til alle varietetane enn gutane. Innbyrdes var jentene mest positive til varietet 2, medan gutane var mest positive til varietet 1.

I “verbal guise”-undersøkinga i Næstved i Danmark fekk også Kristiansen resultat som synte at kvinner var meir positive til alle dei tre varietetane riksdansk, københavnsk og næstvedsk han undersøkte, både på status- og solidaritets- dimensjonar (jf. Kristiansen 1991a).

Den indirekte granskinga mi synte at jentene var meir positive til tradisjonell dialekt enn gutane, men dei direkte granskingane viste derimot eit anna mønster. Når informantane mine fekk

høve til å vurdera sitt eige talemål i høve til dei tre varietetane i dialekttrekanten, vurderte nesten halvparten av gutane språket sitt i høve til varietet 1, medan jentene talmessig dominerte varietet 2, 3 og “anna” (jf. kap. 6.3.2). Også under språksamtalen var det gutane som uttrykte seg klart mest positivt i høve til sogndalsdialekten (jf. kap. 6.3.4 og 6.3.7).

Det viser seg her å vera eit visst sprik mellom den indirekte og dei direkte granskingane når det gjeld kategorien kjønn. Før eg kjem med nokon konklusjonar om kva resultat ein kan lita mest på, vil eg studera dei ulike resultata for dei andre bakgrunnskategoriane, sjå meir kritisk på andre faktorar som kan vera med å forklara det resultatet eg har fått, og til sist samanhalda resultata med den faktiske språkbruken til informantane.

#### 6.3.9.2 Foreldrebakgrunn

I “verbal guise”-undersøkinga er dei som har begge foreldra frå Sogndal, signifikant mest positive til varietet 2, i høve til begge dei to andre foreldrebakgrunnskategoriane, og til varietet 1, i høve til dei med éin av foreldra frå Sogndal (jf. tabell 6.3 og 6.4). Ved å studera foreldrebakgrunn og kjønn kombinert kjem det fram at jentene med éin innfødd forelder er signifikant meir positive til varietet 2 enn gutar med same foreldrebakgrunn (jf. tabell 6.10).

I eigenvurderinga plasserer alle med to foreldre frå Sogndal seg på ein av dei tre varietetane. Med unntak for éin informant gjeld det òg for dei med éin av foreldra frå Sogndal. Sjølv om tala er svært småe, var det mogleg å sjå prosentvis flest positive utsegner til sogndalsdialekten frå informantar med minst éin av foreldra frå Sogndal. Spesielt gav informantar med to sogndalsforeldre uttrykk for klart meir positive vurderingar av den tradisjonelle dialekten enn informantar med ingen sogndalsforeldre (jf. kap. 6.3.5). Alle gutane med to foreldre frå Sogndal nemnde dessutan sognemålet blant dei finaste dialektane dei visste om (jf. kap. 6.3.4).

Foreldrebakgrunn ser såleis ut til å vera ein variabel der det viser seg å vera godt samsvar mellom den indirekte og dei direkte haldningsgranskingane.

#### 6.3.9.3 Klassetrinn

I “verbal guise”-undersøkinga skilde 8.-klasse seg ut ved å vera signifikant meir positiv til varietet 3 enn dei andre klassane (jf. kap. 6.2.3). Det same mønsteret kjem att også når ein koplår klassetrinn og kjønn, men det er klassetrinn som ber denne skilnaden (jf. kap. 6.2.6).

Den kognitive eigenvurderinga viser òg signifikante utslag for at det er ei overvekt av 8.-klassingar som har vurdert seg sjølve til å snakka nærast varietet 3 (jf. kap. 6.3.3). Varietet 2 vert her knytt sterkast til 9.-klasse, og varietet 1 til 10.-klasse. Under samtalane var det òg prosentvis 9.-klassingane som var mest positive til den tradisjonelle sogndalsdialekten.

Også for klassetrinn viser det seg såleis å vera nokså godt samsvar mellom den indirekte- og dei direkte- haldningsgranskingane.

Når dette samsvarsmønsteret mellom dei ulike innsamlingsmetodane går att både for foreldrebakgrunn og klassetrinn, men ikkje for kjønn, kan det heller enn å trekkja ulike konklusjonar for undersøkingsmetodane, vera grunn til å spørja seg om det er noko ved “verbal guise”-undersøkinga som gjer at det favoriserer jenter framfor gutar. Dette vil eg sjå nærare på i drøftingskapittelet (jf. kap. 7.2).

## 6.4 Resultat til fase III, språkbruken

Fem av dei 36 informantane har eg valt å ta heilt ut or den kvantitative analysen. Det er informant 13 som tilhøyrrer informantkategori II (jf. Kap 5.7.4) og informantane 25, 28, 29 og 32 frå informantkategori IV (jf. same stad). Alle desse informantane er svært interessante som enkelt-individ, men kan ikkje takast med under kvantifiseringa av di dei har eit talemål som ikkje kan kallast sogndalsdialekt, og det er då også lite meningsfullt å analysera språktrekka deira med sogndalsdialekten som målestav. Informant 13 har eit austnorsk talemål frå Oslo-området, medan informant 29 har eit trøndersk talemål. Informant 29 seier <eg>, men har elles ingen trekk som gjer det relevant å karakterisera talemålet i høve til ein av dei tre sogndalsvarietetane eg opererer med. Både informant 13 og 29, har prosodi, fonologi, morfologi og ordtilfang som ein vil plassera innafør austnorsk.

Dei tre informantane, informant 25, 28 og 32 har både ut frå eigenvurderinga (jf. kap. 5.7.4) og etter mi vurdering eit blandingspråk. Alle har vestnorsk intonasjon. Dei seier dessutan <eg> og <nokon>. To av dei seier <ikkje>, medan informant 25 har flest førekomstar med forma <ikke>. Desse informantane bruker elles pronomensforma <vi> og har *e*-infinitiv og mange bokmåls-lån i leksikon. Dei høyrer likevel ut som vestlendingar, men det er ikkje opplagt at dei høyrer heime i Sogndal, då dei hovudsakleg har monoftongisk og ikkje diftongisk uttale av <i, o, u> og <y>. Det er òg døme på at dei bøyer ein del substantiv etter mønster som i bokmål, t.d. <gutt – gutten – gutter – guttene>. Informantane avvik såleis meir frå sogndalsdialekten enn det eg greier å fanga opp med varietet 3. I variabel 18 er det vanleg at desse informantane vil bruka formene <kjørte> og <hørte>. Eg står då att med 31 informantar i den kvantitative analysen. Av desse kjem 23 av dei frå informantkategori I (jf. kap 5.7.4), og 8 av dei kjem frå informantkategori III (jf. same stad). Det er likevel òg nokre av dei ordinære informantane som vekslar litt mellom <me> og <vi>, og som bruker ein del *e*-infinitiv. Det er elles fire gutar i materialet som har skarre-*r*, noko som heller ikkje er ein

variabel hjå meg. Alle desse fire har anten mor eller far med skarre-*r*, så dette trekket ser ikkje ut til å vera på veg inn i sogndalsdialekten på annan måte.

Før eg går til sjølve hypotesetestane, kan eg visa korleis belegga for kvar kategori og tradisjonsprosentane<sup>105</sup> er fordelte på alle dei 31 informantane som vart analyserte (jf. tabell 6.29). I tabellar og tekst nedafor opererer eg med termane tradisjonell om varietet 1 og nyare om varietet 2 og 3.

Foreldrebakgrunn, kjønn og informantnummer	Belegg Tradisjonell varietet	Belegg Nyare varietet	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Belegg “Anna”	Belegg Total (trad. + nyare)	Tradisjonsprosent
2fSj1	238	120	13	11	358	<b>66,5</b>
2fSj2	240	165	14	19	405	<b>59,3</b>
2fSj3	240	166	10	7	406	<b>59,1</b>
2fSj4	236	101	13	14	337	<b>70,0</b>
2fSj5	186	112	9	27	298	<b>62,4</b>
2fSg6	183	46	6	7	229	<b>79,9</b>
2fSg7	388	272	22	9	660	<b>58,8</b>
2fSg8	456	141	18	12	597	<b>76,4</b>
2fSg9	366	105	21	29	471	<b>77,7</b>
2fSg10	313	98	18	9	411	<b>76,2</b>
2fSg11	358	113	12	11	471	<b>76,0</b>
2fSg12	350	68	8	13	418	<b>83,7</b>
1fSj14	294	232	17	13	526	<b>55,9</b>
1fSj15	181	239	9	24	420	<b>43,1</b>
1fSj16	135	81	7	17	216	<b>62,5</b>

<sup>105</sup> Tradisjonsprosentane er rekna ut etter at belegg som ikkje var moglege å høyra eller vart klassifiserte som “anna”, var trekte frå (jf. kap. 5.6.5). Det eg kallar tradisjonsprosent, kan i ein meir presis terminologi kallast tradisjonsprosentpoeng, fordi eg har ulik N = 100 % i utrekningane.



Foreldrebakgrunn, kjønn og informantnummer	Belegg Tradisjonell varietet	Belegg Nyare varietet	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Belegg “Anna”	Belegg Total (trad. + nyare)	Tradisjonsprosent
1fSj17	239	340	12	36	579	<b>41,3</b>
1fSj18	270	145	8	22	415	<b>65,1</b>
1fSg19	203	103	11	4	306	<b>66,3</b>
1fSg20	84	57	6	2	141	<b>59,6</b>
1fSg21	303	41	6	12	344	<b>88,1</b>
1fSg22	219	53	5	6	272	<b>80,5</b>
1fSg23	215	248	16	14	463	<b>46,4</b>
1fSg24	198	159	15	18	357	<b>55,5</b>
0fSj26	129	356	9	87	485	<b>26,6</b>
0fSj27	147	93	12	10	240	<b>61,3</b>
0fSj30	85	308	10	19	393	<b>21,6</b>
0fSj31	97	96	10	21	193	<b>50,3</b>
0fSg33	132	295	21	48	427	<b>30,9</b>
0fSg34	65	178	9	20	243	<b>26,7</b>
0fSg35	168	276	7	9	444	<b>37,8</b>
0fSg36	269	99	15	7	368	<b>73,1</b>
<b>Total: 31 inf.</b>	<b>6987</b>	<b>4906</b>	<b>369</b>	<b>557</b>	<b>11893</b>	<b>58,7</b>

Tabell 6.29: Tal på tradisjonelle og nyare belegg og belegg som ikkje vart talde, og tradisjonsprosent hjå dei 31 informantane.

Tabell 6.29 viser at det for dei 31 informantane som er med i materialet, i alt er 11893 reelle belegg, dvs. tradisjonelle og nyare variantar. I tillegg er 926 belegg tekne ut av di dei ikkje var moglege å høyra eller hadde andre variantar enn dei eg opererer med. Av desse 926 belegga er om lag 60 % klassifiserte som “anna”. Tre informantar, informant 17, 26 og 33, har over 30 belegg “anna”. Informant 7 er den som har flest belegg (22) det ikkje var mogleg å høyra, medan informant 26 har flest belegg (87) under “anna”. Eit nærare ettersyn fortel meg at det er litt høgare % “anna” hjå

jenter enn hjå gutar og blant informantar med ingen foreldre frå Sogndal enn hjå dei to andre foreldrebakgrunnskategoriene.

Talet på reelle belegg varierer elles noko mellom informantane. Informant 7 har flest belegg (660), medan informant 20 har færrest belegg (141). Talet på belegg er likevel så høgt hjå alle at tradisjonsprosenten burde gje eit nokså påliteleg bilete av språket til dei einskilde informantane. Det kan òg vera interessant å sjå litt på korleis belegga er fordelte på dei 24 språklege variablane. Det kjem fram i tabell 6.30 nedafor:<sup>106</sup>

Språkleg variabel	Belegg Tradisjonell varietet	Belegg Nyare varietet	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Belegg "Anna"	Belegg Total (trad. + nyare)	Tradisjonsprosent
1 /i:/, i/ ↔ /e:/, e/	1101	1436	106	105	2537	<b>43,4</b>
2 /ø/ ↔ /øy/	212	421	7	0	633	<b>33,5</b>
3 /ø/ ↔ /øy/ framf. palat.	2	49	0	0	51	<b>3,9</b>
4 /au/ ↔ /a/ framf. /ng/ og /nk/	4	295	4	1	299	<b>1,3</b>
5 au/ ↔ /a/ eller /ɔ/ framf. /ng/ og /nk/	17	178	4	1	195	<b>8,7</b>
6 /ai/ ↔ /e/	205	214	3	4	419	<b>48,9</b>
*7 /au/ ↔ /ɔ/	1167	470	79	9	1637	<b>71,3</b>
8 /dn/ ↔ /rn/ <barn>	18	94	2	1	112	<b>16,1</b>

<sup>106</sup> Asteriskar \* i tabellane markerer at dei språklege variablane er knytte til varietet 3.

Språkleg variabel	Belegg Tradisjonell varietet	Belegg Nyare varietet	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Belegg "Anna"	Belegg Total (trad. + nyare)	Tradisjonsprosent
*9 /dn/ ↔ /rn/ generelt	47	12	0	1	59	<b>79,7</b>
10 /dl, dl/ ↔ /l/	142	220	2	4	362	<b>39,2</b>
11 /dl/ ↔ /l/ trykklett endestaving	7	36	1	0	43	<b>16,3</b>
*12 /cç/ ↔ /ʃ/	2205	294	42	55	2499	<b>88,2</b>
*13 /rt/ ↔ /t/	444	9	12	128	453	<b>98,0</b>
14 /dn/ ↔ /n(e)/	147	179	8	0	326	<b>45,1</b>
15 /mi:/ ↔ /me:/	1040	188	91	112	1228	<b>84,7</b>
*16 /ei:/ ↔ /a/ (substantiv)	160	25	0	89	185	<b>86,5</b>
*17 /ei:/ ↔ /a/ (adjektiv)	15	2	0	17	17	<b>88,2</b>
18 /eʊ:, eʊ/ ↔ /ɔi/	6	103	0	14	109	<b>5,5</b>

Språkleg variabel	Belegg Tradisjonell varietet	Belegg Nyare varietet	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Belegg “Anna”	Belegg Total (trad. + nyare)	Tradisjonsprosent
19 /eʊ/ eller /aʊ/ ↔ /a/ eller /ɔ/ <song> pret.	1	53	0	0	54	<b>1,9</b>
20 /ld/ ↔ /l/ og /nd/ ↔ /n/ modale hj. verb	12	196	7	16	208	<b>5,8</b>
21 /ain <sup>h</sup> jj/ ↔ /aing, eng/	3	83	0	0	86	<b>3,5</b>
22 /ain <sup>h</sup> c̣/ ↔ /aink, enk/	17	41	0	0	58	<b>29,3</b>
23 /jj, c̣/ ↔ /g,k,t/ infinitiv	13	112	0	0	125	<b>10,4</b>
24 /ei/ ↔ /i/	2	196	1	0	198	<b>1,0</b>
<b>Total</b>	<b>6987</b>	<b>4906</b>	<b>369</b>	<b>557</b>	<b>11893</b>	<b>58,7</b>

Tabell 6.30: Tal på tradisjonelle og nyare belegg og belegg som ikkje var moglege å høyra eller klassifisera, “anna”, for kvar av dei språklege variablane.

Tabell 6.30 viser at det som venta er den fonologiske variabelen 1 /i/ ↔ /e/ som er størst. Deretter kjem dei to nye variablane 12, *kj*-lyden, og 7, *ao*-lyden og variabel 15, som gjeld vekslinga mellom /mi:/ og /me:/. Det er difor heller ikkje så rart at det nettopp er i desse variablane med flest belegg det heller ikkje var mogleg å oppfatta eller klassifisera. Dessutan er det fonetisk vanskeleg å skilja

nabovokalar som t.d. i variabel 1 med vekslinga mellom /i/ og /e/. Kategorien “anna” kan verka svært stor, men ut frå dei strenge kategoriseringskrava eg har stilt til dei tre varietetane, inneheld denne kategorien alle belegg som eg er avskoren frå å sjå og kunna klassifisera på nokon annan måte. “Anna” for variabel 12 er stort sett uttale med *k*-lyd, t.d. /tenka/. Men også variabel 13, retroflektering av <rt>, har mange belegg under “anna”. Det kjem av at mange av belegga her vart klassifiserte som postalveolarar og ikkje som retrofleksar (jf. kap. 5.6.5). “Anna” under variabel 15 er leksemet <vi>, og det ser ut til å vera på frammarsj. For variabel 16 er “anna” endinga <-en> og <-ene>. Det går òg fram av tabell 6.30 ovafor at i dei seks nye variablane og i variabel 15, er tradisjonsprosenten svært høg. For alle dei andre variablane er tradisjonsprosenten under 50.

I hypotesetestane under resultata for dei språklege variablane er alle belegga vekta likt, uavhengig av kva kategori dei høyrer til. Som fylgje av dette vil alle språklege variablar, alle individ og alle andre uavhengige variablar telja like mykje. Ein variabel med eit lågt beleggtal vil såleis telja like mykje som ein variabel med eit høgt beleggtal. Dette er gjort av di det er teoretisk problematisk kva kriterium ein skulle bruka dersom ein skulle vekta. Det er ikkje opplagt at det finst ei allmenn oppfatning av korleis ei rangering av sogndalsvariablar skal vera. Såleis kunne ein risikera å få ulike svar på dette i dei ulike subkategoriane, t.d jenter og gutar, eller endåtil ulike svar frå individ til individ.

Dei fyrste tabellane under kvar hypotese vil visa resultata for kvar av kategoriane, medan tabellane under vil illustrera utslaget knytt til kvar enkelt språkleg variabel.

#### 6.4.1 ‘Språk’ – ‘materialet samla’

Dei to undersøkingane i 1996 og 2001 kan metodisk sett samanliknast, men det er likevel nokre reservasjonar å ta omsyn til under samanlikninga. For det fyrste er alle informantane i 2001-undersøkinga 14 – 16 år og yngre enn alle informantane var i 1996. I 1996 galdt undersøkinga eit aldersheterogent materiale. Dei yngste informantane der var 17 år, men der var informantar heilt opp til 83 år. I faktisk tid, dvs. avstand i fødselsår, er det såleis 5 – 7 år mellom dei yngste informantane i 1996 og informantane i 2001. For det andre er det her snakk om to separate undersøkingar i sann tid og ikkje ei longitudinell undersøking. Ein må difor vera litt varsam med å dra for allmenne konklusjonar om dialektal utvikling og endring. Sidan begge utvala baserer seg på tilfeldig utvalsmetode, tillet dei likevel ei viss samanlikning. Det tredje momentet ein må ha i mente, er at det er færre belegg i 2001-undersøkinga enn det var i 1996. Beleggmengda er likevel stor nok til å dekkja alle variablane. For det fjerde er det òg mogleg å gjera ein liten reservasjon ved at informantkravet i 1996 var at minst éin av foreldra skulle koma frå hovudsoknet i bygda, medan

informantkravet for dei tilsvarande informantane i 2001 var at minst éin av foreldra skulle koma frå Sogndal kommune. I høve til dei språklege variablane mine, skulle likevel ikkje denne vesle skilnaden i informantkrav ha noko å bety. Informantar utan sogndalsforeldre er ikkje rekna med i samanlikninga mellom 1996-materialet og 2001-materialet.

H17a: *Elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001 (14 – 16 år) vil samla sett ha lægre tradisjonsprosent enn informantane frå undersøkinga i 1996. (Retningsbestemt.)*

Den samla tradisjonsprosenten i 1996-materialet, som var på 78,4 %, <sup>107</sup> var rekna ut frå samla tal på råbelegg ved hjelp av kji-kvadrat-testen “Goodness of fit”, og ikkje ut frå at kvar språkleg variabel talde like mykje. Opplysningar om kvar enkelt informant er ikkje synlege i denne utrekninga, og talet på N, dvs. råbelegg er ulik i dei to undersøkingane. Difor kan ein heller kalla det tradisjonspoeng enn tradisjonsprosent, men eg har likevel valt tradisjonsprosent for å halda meg til same terminologi som i 1996. Resultatet av ei samanlikning mellom materialet i 1996, der eg hadde 30 informantar i alderen 17 – 83 år, og materialet frå 2001 med 23 informantar i alderen 14 – 16 år, går fram i tabell 6.31 nedafor:

<i>N</i>	<b>Totalbelegg 1996</b>	<b>Totalbelegg 2001</b>	<b>Trad % 1996</b>	<b>Trad% 2001</b>	<b>X<sup>2</sup></b>	<b>Fridoms- grader</b>	<b><i>p</i></b>
17559	12181	5378	77,6%	49,0%	1424,304	1	< 0,001

Tabell 6.31: Talet på belegg, tradisjonsprosentar, kji-kvadrat, fridomsgrader og *p* for alle informantane i undersøkinga i 1996 og 23 av informantane i 2001.

Tabell 6.31 viser at det er ein svært høg signifikant skilnad mellom tradisjonsprosenten i 1996 og i 2001 rekna ut som prosentdel av alle belegga. Nullhypotesen om at det ikkje er nokon skilnad mellom talemålet til informantane i 1996 og informantane i 2001, må såleis forkastast. Når eg samanliknar variabel for variabel, ser same utviklinga ut til å ha skjedd på mest alle dei språklege variablane. Skilnaden er så klar som  $p < 0,001$  på alle variablane med unntak av variabel 11 /dl/ ↔ /l/ i trykklette endestavingar som t.d. <gamal>, der  $p = 0,009$ , og variabel 15 /mi:/ ↔ /me:/, som

<sup>107</sup> Ei ny utrekning no viser ein tradisjonsprosent i 1996-undersøkinga på 77,6%. Dette kan skuldast kumulering av ulikskapar mellom statistikkprogram.

ikkje er signifikant i dei heile, då tradisjonsprosenten her faktisk er lite grann høgare for 2001-materialet.

Tabell 6.32 nedafor viser endringa i tradisjonsprosent for kvar einskild variabel mellom 1996-materialet og 2001-materialet.


Språkleg variabel	Tal på belegg 1996	Tradisjonsprosent 1996	Tal på belegg 2001	Tradisjonsprosent 2001
1 /iː, i/ ↔ /eː, e/	4375	83,1%	1892	52,3%
2 /ø/ ↔ /øy/	1086	69,3%	500	37,2%
3 /ø/ ↔ /øy/ framf. palat.	239	25,1%	49	4,1%
4 /au/ ↔ /a/ framf. /ng/ og /nk/	505	51,5%	211	1,9%
5 /au/ ↔ /a/ eller /ɔ/ framf. /ng/ og /nk/	340	77,6%	147	10,2%
6 /ai/ ↔ /e/	71	88,7%	321	59,2%
8 /dn/ ↔ /rn/ <barn>	71	54,9%	84	20,2%
10 /dl, dl/ ↔ /l/	241	83,0%	286	46,9%
11 /dl/ ↔ /l/ trykklett endestaving	41	53,7%	30	23,3%
14 /dŋ/ ↔ /n(e)/	854	95,6%	233	57,9%
15 /miː/ ↔ /meː/	2781	90,0%	995	90,6%

Språkleg variabel	Tal på belegg 1996	Tradisjonsprosent 1996	Tal på belegg 2001	Tradisjonsprosent 2001
18 /eʊː, eʊ/ ↔ /ɔi/	157	59,2%	93	6,5%
19 /eʊ/ eller /aʊ/ ↔ /a/ eller /ɔ/ <song> pret.	61	73,8%	43	2,3%
20 /ld/ ↔ /l/ og /nd/ ↔ /n/ modale hj. verb	548	35,2%	155	7,7%
21 /ain̩j̩/ ↔ /aing, eng/	99	79,8%	56	5,4%
22 /ain̩ç̩/ ↔ /aink, enk/	116	87,1%	52	32,7%
23 /j̩, ç̩/ ↔ /g,k,t/ infinitiv	146	88,4%	92	14,1%
24 /eiː/ ↔ /i/	450	43,1%	139	1,4%
Total	12181	77,6%	5378	49,0%

Tabell 6.32: Tal på belegg og tradisjonsprosentar frå undersøkingane i 1996 og 2001.

Tabell 6.32 illustrerer at tradisjonsprosenten har gått kraftig ned på nesten alle variablane. Dersom ein går ned på individnivå, ser skilnaden mellom undersøkinga i 1996 og 2001 ut som i figur 6.4 nedafor:





Figur 6.4: Tradisjonsprosent hjå kvar enkelt informant på dei 18 språklege variablane i 1996 og 2001.

Figur 6.4 viser at fem av informantane i 1996 hadde ein tradisjonsprosent under 70. Ved nærare ettersyn viser det seg at dette var blant dei yngste informantane i materialet. Desse informantane var ei kvinne på 31 år, ei kvinne på 18 år, ei kvinne på 17 år, ein mann på 17 år og ei kvinne på 35 år i 1996 (jf. Haugen 1998: 154). Figur 6.4 viser òg at det totalt sett er større sprik mellom informantane i 2001 enn i 1996. Særleg stort er spriket hjå gitar med éin av foreldra frå Sogndal. Fire informantar (informant 6, 12, 21 og 22) i 2001-undersøkinga har over eller tett opp under 70 i tradisjonsprosent og passar såleis godt saman med materialet frå 1996. Alle desse fire informantane er gitar.

Ei forklaring på at dei to gutane med éin av foreldra frå Sogndal (inf. 21 og 22) ligg så høgt i tradisjonsprosent, kan vera at både desse informantane har den andre forelderen sin frå nabobygder til Sogndal.

H17b: *Elevane ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001 (14 – 16 år) vil samla sett ha lægre tradisjonsprosent enn dei yngste sogndølene (17 – 44 år) i undersøkinga frå 1996.* (Retningsbestemt.)

Aldersdimensjonen har spela inn, og difor valde eg òg å gjera ei samanlikning berre mellom dei 16 yngste informantane i materialet frå 1996 og dei 23 ungdomane i 2001-materialet. Tabell 6.33 nedafor viser resultatet av dette:

<i>N</i>	<b>Totalbelegg 1996</b>	<b>Totalbelegg 2001</b>	<b>Trad % 1996</b>	<b>Trad % 2001</b>	<b>X<sup>2</sup></b>	<b>Fridomsgrader</b>	<b><i>p</i></b>
11735	6357	5378	71,6%	49,0%	625,687	1	< 0,001

Tabell 6.33: Talet på belegg, tradisjonsprosentar, kji-kvadrat, fridomsgrader og *p* for dei 16 yngste informantane i undersøkinga i 1996 og 23 av informantane i 2001.

Også her viser kji-kvadrat-testen at nullhypotesen om ingen skilnad mellom dei to undersøkingane, må forkastast. Når eg ser nøyare på kvar enkelt språkleg variabel, er det signifikant høgare tradisjonsprosent i 1996-materialet når det gjeld 16 av dei 18 variablane. Variabel 11 /dl/ ↔ /l/ i trykklette endestavingar som t.d. <gamal> er ikkje signifikant, mens variabel 15 /mi:/ ↔ /me:/, er den einaste variabelen som viser høgare tradisjonsprosent i 2001. I samanlikninga mellom dei to undersøkingane i 1996 og 2001, då det berre fanst to varietetar og 18 språklege variablar, er den gjennomsnittlege tradisjonsprosenten for 2001-materialet komen heilt ned i 49,0.

Av di mange av dei nyaste språklege variablane under varietet 3 ikkje ser ut til å stå så sentralt i sogndalsdialekten til informantane mine, viser resultata innafor 2001-materialet samla derimot ein gjennomsnittleg tradisjonsprosent på 58,7. Då er alle dei tre varietetane med 24 språklege variablar og alle dei 31 informantane eg har analysert i høve til desse varietetane, med. Eg vil vidare sjå nærare på om det er mogleg å finna klare sosiale mønster på eit sub-kategorinivå innafor 2001-materialet.

I hypotesane nedafor vil eg difor sjå nærare på resultata i 2001-granskinga.

### 6.4.2 ‘Språk’ – ‘foreldrebakgrunn’

H18a: *Elevar med begge foreldra frå Sogndal vil ha høgare tradisjonsprosent enn elevar med ingen foreldre frå Sogndal.* (Retningsbestemt.)

Foreldrebakgrunn	Gjennomsnittleg tradisjonsprosent	<i>N</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
Begge foreldra frå Sogndal	70,499	12	-4,166	0,001
Ingen av foreldra frå Sogndal	41,042	8		

Tabell 6.34: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå elevar med to og ingen foreldre frå Sogndal.

Tabell 6.34 viser at dei elevane som har begge foreldra frå Sogndal, har ein langt høgare tradisjonsprosent, over 70, enn dei elevane som ikkje har nokon foreldre frå Sogndal, der den gjennomsnittlege tradisjonsprosenten berre er på om lag 41. Skilnaden mellom dei to kategoriane er svært signifikant.

H18b: *Elevar med begge foreldra frå Sogndal vil ha høgare tradisjonsprosent enn elevar med éin forelder frå Sogndal.* (Retningsbestemt.)

Foreldrebakgrunn	Gjennomsnittleg tradisjonsprosent	<i>N</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
Begge foreldra frå Sogndal	70,499	12	-2,019	0,028
Éin forelder frå Sogndal	60,385	11		

Tabell 6.35: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå elevar med to og éin av foreldra frå Sogndal.

Tabell 6.35 viser at det også er ein signifikant skilnad mellom dei informantane som har to og dei som har éin av foreldra sine frå Sogndal.

H18c: *Elevar med éin forelder frå Sogndal vil ha høgare tradisjonsprosent enn elevar med ingen foreldre frå Sogndal.* (Retningsbestemt.)

Foreldrebakgrunn	Gjennomsnittleg tradisjonsprosent	<i>N</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
Éin forelder frå Sogndal	60,385	11	2,541	0,0105
Ingen av foreldra frå Sogndal	41,042	8		

Tabell 6.36: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent for elevar med éin eller ingen av foreldra frå Sogndal.

Tabell 6.36 syner signifikant skilnad mellom elevar med éin og ingen foreldre frå Sogndal.

Alle forskingshypotesane om at foreldrebakgrunn spelar inn på kor høg tradisjonsprosent ungane får, vert styrkt. Nullhypotesane om ingen skilnad på tradisjonsprosent i høve til kvar foreldra kjem frå, må difor forkastast.

Det ser her heilt tydeleg ut for at foreldre med innflyttarbakgrunn, kan ha stor innverknad på talemålet til borna trass i at borna er oppvaksne i bygda.

Tabell 6.37 nedafør viser vidare kva språklege variablar som ber denne skilnaden mellom dei tre foreldrebakgrunnskategoriene, dvs. kva sogndalsformer informantane utan sogndalsforeldre tek opp, og kva former dei ikkje tek opp.<sup>108</sup>

Språklege variablar	Foreldrebakgrunn	Belegg, tradisjonelle	Belegg, nyare	Tradisjonsprosent
1	2fS	614	416	<b>59,6</b>
	1fS	375	487	<b>43,5</b>
	0fS	112	533	<b>17,4</b>

<sup>108</sup> Forkortingane 2fS, 1fS og 0fS, står for to, ein og ingen foreldre frå Sogndal, og asteriskane \* markerer kva variablar som tilhøyrer dei seks nye variablane under varietet 3.

<b>Språklege variablar</b>	<b>Foreldrebakgrunn</b>	<b>Belegg, tradisjonelle</b>	<b>Belegg, nyare</b>	<b>Tradisjonsprosent</b>
2	2fS	122	144	<b>45,9</b>
	1fS	64	170	<b>27,4</b>
	0fS	26	107	<b>19,5</b>
3	2fS	0	23	<b>0,0</b>
	1fS	2	24	<b>7,7</b>
	0fS	0	2	<b>0,0</b>
4	2fS	3	104	<b>2,8</b>
	1fS	1	103	<b>1,0</b>
	0fS	0	88	<b>0,0</b>
5	2fS	9	82	<b>9,9</b>
	1fS	6	50	<b>10,7</b>
	0fS	2	46	<b>4,2</b>
6	2fS	124	47	<b>72,5</b>
	1fS	66	84	<b>44,0</b>
	0fS	15	83	<b>15,3</b>
7*	2fS	620	99	<b>86,2</b>
	1fS	351	158	<b>69,0</b>
	0fS	196	213	<b>47,9</b>
8	2fS	11	40	<b>21,6</b>
	1fS	6	27	<b>18,2</b>
	0fS	1	27	<b>3,6</b>
9*	2fS	22	1	<b>95,7</b>
	1fS	18	4	<b>81,8</b>
	0fS	7	7	<b>50,0</b>
10	2fS	86	71	<b>54,8</b>
	1fS	48	81	<b>37,2</b>
	0fS	8	68	<b>10,5</b>
11	2fS	2	11	<b>15,4</b>
	1fS	5	12	<b>29,4</b>
	0fS	0	13	<b>0,0</b>

<b>Språklege variablar</b>	<b>Foreldrebakgrunn</b>	<b>Belegg, tradisjonelle</b>	<b>Belegg, nyare</b>	<b>Tradisjonsprosent</b>
12*	2fS	1039	72	<b>93,5</b>
	1fS	712	124	<b>85,2</b>
	0fS	454	98	<b>82,2</b>
13*	2fS	169	0	<b>100</b>
	1fS	178	0	<b>100</b>
	0fS	97	9	<b>91,5</b>
14	2fS	93	29	<b>76,2</b>
	1fS	42	69	<b>37,8</b>
	0fS	12	81	<b>12,9</b>
15	2fS	521	38	<b>93,2</b>
	1fS	380	56	<b>87,2</b>
	0fS	139	94	<b>59,7</b>
16*	2fS	70	0	<b>100</b>
	1fS	68	1	<b>98,6</b>
	0fS	22	24	<b>47,8</b>
17*	2fS	9	1	<b>90,0</b>
	1fS	5	1	<b>83,3</b>
	0fS	1	0	<b>100</b>
18	2fS	6	46	<b>11,5</b>
	1fS	0	41	<b>0,0</b>
	0fS	0	16	<b>0,0</b>
19	2fS	1	22	<b>4,3</b>
	1fS	0	20	<b>0,0</b>
	0fS	0	11	<b>0,0</b>
20	2fS	11	75	<b>12,8</b>
	1fS	1	68	<b>1,4</b>
	0fS	0	53	<b>0,0</b>

Språklege variablar	Foreldrebakgrunn	Belegg, tradisjonelle	Belegg, nyare	Tradisjonsprosent
21	2fS	0	29	<b>0,0</b>
	1fS	3	24	<b>11,1</b>
	0fS	0	30	<b>0,0</b>
22	2fS	13	27	<b>32,5</b>
	1fS	4	8	<b>33,3</b>
	0fS	0	6	<b>0,0</b>
23	2fS	8	48	<b>14,3</b>
	1fS	5	31	<b>13,9</b>
	0fS	0	33	<b>0,0</b>
24	2fS	1	82	<b>1,2</b>
	1fS	1	55	<b>1,8</b>
	0fS	0	59	<b>0,0</b>

Tabell 6.37: Belegg og tradisjonsprosent for dei tre foreldrebakgrunnskategoriene.

Ut frå tabell 6.37 ser det ut til at ein kan seia at dei som har to foreldre frå Sogndal skårar ein del høgare på variabel 2 /ø/ ↔ /øy/, 6 /ai/ ↔ /e/, 14 /dn̩/ ↔ /n(e)/, 18 /eʊ/, eʊ/ ↔ /ɔi/ og 20 /nd,ld/ ↔ /n,l/ enn dei med éin eller ingen foreldre frå Sogndal. Vidare ser det ut til å vera ein samanheng mellom høg tradisjonsprosent og det at minst éin av foreldra er frå Sogndal for variabel 1 /iː, i/ ↔ /eː, e/, 5 /aʊng, aʊnk/ ↔ /ang, ɔnk, ank, ɔnk/, 7 /aʊ/ ↔ /ɔ/, 8 /badn/ ↔ /barn/, 9 /dn/ ↔ /rn/, 10, / dl, dl/ ↔ /l/, 11 /dl/ ↔ /l/, 15 /miː/ ↔ /meː/, 16 /ei/ ↔ /a/ i subst., 22 /ainc̥c̥/ ↔ /aink, enk/ og 23 /ʃj, c̥c̥/ ↔ /g,k,t/. For tre av dei nyare variablane 12 /c̥c̥/ ↔ /ʃ/, 13 /rt/ ↔ /t/ og 17 /eiː/ ↔ /a/ i adj.,<sup>109</sup> ser dei tradisjonelle sogndalsformene ut til å halda seg godt uavhengig av foreldrebakgrunn. Informantar utan foreldre frå Sogndal, ser til ein viss grad ut til å ta opp *ao*-lyden (var. 7), *ø*-lyden (var. 2) og /miː/ som personleg pronomen (var. 15).

### 6.4.3 ‘Språk’ – ‘kjønn’

H19: *Jenter vil ha lægre tradisjonsprosent enn gutar.* (Retningsbestemt.)

<sup>109</sup> Her må eg gjera merksam på at det berre var eitt belegg hjå foreldrebakgrunnskategori 0fS for variabel 17.

<b>Kjønn</b>	<b>Gjennomsnittleg tradisjonsprosent</b>	<b>N</b>	<b>t</b>	<b>p</b>
Jenter	53,204	14	-1,782	0,0425
Gutar	64,335	17		

Tabell 6.38: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå jenter og gutar.

Det går fram av tabell 6.38 at det er signifikant skilnad mellom tradisjonsprosenten til jenter og gutar. Gutar har høgare gjennomsnittleg tradisjonsprosent enn jenter, og tabell 6.39 nedafor viser kva sogndalsvariablar gutane held betre på enn jentene.

<b>Språkleg variabel</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Belegg, tradisjonelle</b>	<b>Belegg, nyare</b>	<b>Tradisjonsprosent</b>
1	Jenter	317	695	<b>31,3</b>
	Gutar	784	741	<b>51,4</b>
2	Jenter	83	235	<b>26,1</b>
	Gutar	129	186	<b>41,0</b>
3	Jenter	0	23	<b>0,0</b>
	Gutar	2	26	<b>7,1</b>
4	Jenter	0	153	<b>0,0</b>
	Gutar	4	142	<b>2,7</b>
5	Jenter	2	88	<b>2,2</b>
	Gutar	15	90	<b>14,3</b>
6	Jenter	77	113	<b>40,5</b>
	Gutar	128	101	<b>55,9</b>
7*	Jenter	422	304	<b>58,1</b>
	Gutar	745	166	<b>81,8</b>
8	Jenter	6	58	<b>9,4</b>
	Gutar	12	36	<b>25,0</b>



<b>Språkleg variabel</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Belegg, tradisjonelle</b>	<b>Belegg, nyare</b>	<b>Tradisjonsprosent</b>
9*	Jenter	19	8	<b>70,4</b>
	Gutar	28	4	<b>87,5</b>
10	Jenter	51	115	<b>30,7</b>
	Gutar	91	105	<b>46,4</b>
11	Jenter	0	11	<b>0,0</b>
	Gutar	7	25	<b>21,9</b>
12*	Jenter	949	172	<b>84,7</b>
	Gutar	1256	122	<b>91,1</b>
13*	Jenter	165	5	<b>97,1</b>
	Gutar	279	4	<b>98,9</b>
14	Jenter	39	127	<b>23,5</b>
	Gutar	108	52	<b>67,5</b>
15	Jenter	497	84	<b>85,5</b>
	Gutar	543	104	<b>83,9</b>
16*	Jenter	78	22	<b>78,0</b>
	Gutar	82	3	<b>96,5</b>
17*	Jenter	6	0	<b>100</b>
	Gutar	9	2	<b>81,8</b>
18	Jenter	0	46	<b>0,0</b>
	Gutar	6	57	<b>9,5</b>
19	Jenter	0	22	<b>0,0</b>
	Gutar	1	31	<b>3,1</b>
20	Jenter	2	89	<b>2,2</b>
	Gutar	10	107	<b>8,5</b>
21	Jenter	0	46	<b>0,0</b>
	Gutar	3	37	<b>7,5</b>
22	Jenter	3	14	<b>17,6</b>
	Gutar	14	27	<b>34,1</b>

Språkleg variabel	Kjønn	Belegg, tradisjonelle	Belegg, nyare	Tradisjonsprosent
23	Jenter	1	62	<b>1,6</b>
	Gutar	12	50	<b>19,4</b>
24	Jenter	0	62	<b>0,0</b>
	Gutar	2	134	<b>1,5</b>

Tabell 6.39: Belegg og tradisjonsprosent for jenter og gutar.

Tabell 6.39 viser at gutar har høgare tradisjonsprosent enn jenter for 22 av dei 24 språklege variablane. Berre for variabel 15 /mi:/ ↔ /me:/ og 17 /ei:/ ↔ /a/ i adj., har jentene litt høgare tradisjonsprosent enn gutane. Skilnaden ser ut til å vera svært stor for variabel 14 /dn/ ↔ /n(e)/ ved at gutar har vesentleg høgare tradisjonsprosent.

#### 6.4.4 ‘Språk’ – ‘kjønn og foreldrebakgrunn’

H20a: *Gutar med to innfødde foreldre vil ha høgare tradisjonsprosent enn jenter med to innfødde foreldre.* (Retningsbestemt.)

Kjønn og foreldrebakgrunn	Gjennomsnittleg tradisjonsprosent	N	t	p
Jenter med to foreldre frå Sogndal	63,460	5	-3,029	0,0065
Gutar med to foreldre frå Sogndal	75,527	7		

Tabell 6.40: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå jenter og gutar med to foreldre frå Sogndal.

Tabell 6.40 viser at gutar med to sogndalsforeldre har signifikant høgare tradisjonsprosent enn jenter med same bakgrunn. Tabell 6.41 nedafor viser kva for variablar dette gjeld.

<b>Språkleg variabel</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Belegg, tradisjonelle</b>	<b>Belegg, nyare</b>	<b>Tradisjonsprosent</b>
1	Jenter	120	174	<b>40,8</b>
	Gutar	494	242	<b>67,1</b>
2	Jenter	41	70	<b>36,9</b>
	Gutar	81	74	<b>52,3</b>
3	Jenter	0	6	<b>0,0</b>
	Gutar	0	17	<b>0,0</b>
4	Jenter	0	44	<b>0,0</b>
	Gutar	3	60	<b>4,8</b>
5	Jenter	0	34	<b>0,0</b>
	Gutar	9	48	<b>15,8</b>
6	Jenter	34	33	<b>50,7</b>
	Gutar	90	14	<b>86,5</b>
7*	Jenter	200	57	<b>77,8</b>
	Gutar	420	42	<b>90,9</b>
8	Jenter	3	23	<b>11,5</b>
	Gutar	8	17	<b>32,0</b>
9*	Jenter	9	1	<b>90,0</b>
	Gutar	13	0	<b>100</b>
10	Jenter	31	36	<b>46,3</b>
	Gutar	55	35	<b>61,1</b>
11	Jenter	0	2	<b>0,0</b>
	Gutar	2	9	<b>18,2</b>
12*	Jenter	389	41	<b>90,5</b>
	Gutar	650	31	<b>95,4</b>
13*	Jenter	47	0	<b>100</b>
	Gutar	122	0	<b>100</b>
14	Jenter	22	22	<b>50,0</b>
	Gutar	71	7	<b>91,0</b>

Språkleg variabel	Kjønn	Belegg, tradisjonelle	Belegg, nyare	Tradisjonsprosent
15	Jenter	218	14	<b>94,0</b>
	Gutar	303	24	<b>92,7</b>
16*	Jenter	22	0	<b>100</b>
	Gutar	48	0	<b>100</b>
17*	Jenter	2	0	<b>100</b>
	Gutar	7	1	<b>87,5</b>
18	Jenter	0	16	<b>0,0</b>
	Gutar	6	30	<b>16,7</b>
19	Jenter	0	7	<b>0,0</b>
	Gutar	1	15	<b>6,3</b>
20	Jenter	2	26	<b>7,1</b>
	Gutar	9	49	<b>15,5</b>
21	Jenter	0	13	<b>0,0</b>
	Gutar	0	16	<b>0,0</b>
22	Jenter	0	6	<b>0,0</b>
	Gutar	13	21	<b>38,2</b>
23	Jenter	0	22	<b>0,0</b>
	Gutar	8	26	<b>23,5</b>
24	Jenter	0	17	<b>0,0</b>
	Gutar	1	65	<b>1,5</b>

Tabell 6.41: Belegg og tradisjonsprosent for jenter og gutar med to foreldre frå Sogndal.

Tabell 6.41 viser at gutar med to foreldre frå Sogndal jamt over har fleire belegg enn jentene. Gutane har totalt sett 3257 belegg, medan jentene har 1804 belegg. Kjønnsskilnaden i beleggmengd kjem fram på enkeltvariabelnivå, og ofte har gutane om lag dobbelt så mange belegg som jentene. Jentene dominerer likevel med over dobbelt så mange belegg av dei nyare variantane for variabel 6 og 14. Medan gutane her typisk sett vil seia /giʊtadŋ tainçə/, vil jentene seia /giʊtane tenkə/.

For 18 av dei 24 variablane har gutane høgare tradisjonsprosent enn jentene, for fire variablar ligg dei likt (var. 3, 13, 16 og 21), og for to variablar ligg dei under jentene (var. 15 og 17).

H20b: *Gutar med éin innfødd forelder vil ha høgare tradisjonsprosent enn jenter med éin innfødd forelder.* (Retningsbestemt.)

Kjønn og foreldrebakgrunn	Gjennomsnittleg tradisjonsprosent	<i>N</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
Jenter med éin forelder frå Sogndal	53,565	5	-1,497	0,0845
Gutar med éin forelder frå Sogndal	66,068	6		

Tabell 6.42: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå jenter og gutar med éin av foreldra frå Sogndal.

Skilnaden mellom jenter og gutar med éin av foreldra frå Sogndal er ikkje signifikant. Nullhypotesen om ingen skilnad vert difor ståande, men det er likevel ein tendens til at gutane har ein høgare tradisjonsprosent enn jentene.

H20c: *Gutar med ingen innfødde foreldre vil ha høgare tradisjonsprosent enn jenter med ingen innfødde foreldre.* (Retningsbestemt.)

Kjønn og foreldrebakgrunn	Gjennomsnittleg tradisjonsprosent	<i>N</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
Jenter med ingen foreldre frå Sogndal	39,934	4	-0,156	0,4405
Gutar med ingen foreldre frå Sogndal	42,149	4		

Tabell 6.43: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent hjå jenter og gutar med ingen foreldre frå Sogndal.

Tabell 6.43 viser at det ikkje er nokon signifikant skilnad i tradisjonsprosent mellom jenter og gutar med innflyttarforeldre. Nullhypotesen om ingen skilnad vert ståande. Det er likevel, som i alle dei andre tabellane, gutane som skårar høgast.

Med ei kvantifisering står ein i fare for å dekkja over store skilnader som er knytte til enkeltindivid. Tabell 6.44 nedafor er difor ein illustrasjon på korleis tal på belegg og tradisjonsprosenten for dei 24 språklege variablane er fordelte på alle enkeltindivid ut frå foreldrebakgrunn og kjønn.


<b>Foreldrebakgrunn og kjønn</b>	<b>Informantnummer</b>	<b>Tal på belegg (totalt)</b>	<b>Tradisjonsprosent</b>
Jenter med to foreldre frå Sogndal	1	358	66,5%
	2	405	59,3%
	3	406	59,1%
	4	337	70,0%
	5	298	62,4%
Gutar med to foreldre frå Sogndal	6	229	79,9%
	7 *	660	58,8%
	8	597	76,4%
	9	471	77,7%
	10	411	76,2%
	11	471	76,0%
	12	418	83,7%
Jenter med éin forelder frå Sogndal	14	526	55,9%
	15	420	43,1%
	16	216	62,5%
	17	579	41,3%
	18	415	65,1%
Gutar med éin forelder frå Sogndal	19	306	66,3%
	20 *	141	59,6%
	21	344	88,1%
	22	272	80,5%
	23 *	463	46,4%
	24 *	357	55,5%

Foreldrebakgrunn og kjønn	Informantnummer	Tal på belegg (totalt)	Tradisjonsprosent
Jenter med ingen foreldre frå Sogndal	26	485	26,6%
	27	240	61,3%
	30	393	21,6%
	31	193	50,3%
Gutar med ingen foreldre frå Sogndal	33	427	30,9%
	34	243	26,7%
	35	444	37,8%
	36	368	73,1%

Tabell 6.44: Tradisjonsprosent hjå kvar einskild informant.

I tabell 6.44 er dei gutane med éin eller to sogndalsforeldre som avvik med lægre tradisjonsprosent enn dei andre frå kategorien sin, merkte med ein asterisk \*. Når det gjeld jenter og gutar med ingen foreldre frå Sogndal, ser me at det er avvikarar både i gutekategorien og i jentekategorien. Både informant 27 og 36 har begge minst éin av foreldra sine frå nabokommunar til Sogndal, noko som kan vera med å forklara kvifor desse informantane har så høg tradisjonsprosent.

Spreiingsdiagrammet i figur 6.5 nedafor illustrerer skilnadene i tradisjonsprosent mellom dei ulike informantane ut frå foreldrebakgrunn og kjønn.



Figur 6.5: Tradisjonsprosent for dei 24 språklege variablane hjå dei 31 informantane fordelte på kjønn og foreldre-bakgrunn.

Figur 6.5 viser at gutane jamt over har høgare tradisjonsprosent enn jentene med same foreldre-bakgrunn.

#### 6.4.5 'Språk' – 'klassetrinn'

H21: *Det vil vera skilnader mellom talemålet til elevane på dei tre klassetrinna. (Retningsnøytral.)*



Her er det meir enn to kategoriar å samanlikna, så her køyrer me ikkje ein t-test, men ein einvegs variansanalyse (ANOVA).

Klassetrinn	Gjennomsnitt	<i>N</i>	<i>F</i>	<i>p</i>
8.-klasse	60,299	13	0,373	0,692
9.-klasse	63,053	7		
10.-klasse	55,755	11		
Total	59,308	31		

Tabell 6.45: Gjennomsnittleg tradisjonsprosent for kvart av dei tre klassestega.

Ingen av klassetrinna skil seg markant ut med høgare tradisjonsprosent enn dei andre. Tradisjonsprosenten er høgast for 9.-klasse, men ingen av skilnadene mellom nokon av klassane er signifikante. Nullhypotesen om ingen skilnad vert difor ståande. Tabell 6.46 nedafor viser korleis tradisjonsprosentane er fordelte på dei ulike språklege variablane.

Språklege variablar	Klassetrinn	Belegg, tradisjonelle	Belegg, nyare	Tradisjonsprosent
1	8.-klasse	488	528	<b>48,0</b>
	9.-klasse	307	254	<b>54,7</b>
	10.-klasse	306	654	<b>31,9</b>
2	8.-klasse	119	219	<b>35,2</b>
	9.-klasse	39	59	<b>39,8</b>
	10.-klasse	54	143	<b>27,4</b>
3	8.-klasse	0	22	<b>0,0</b>
	9.-klasse	1	5	<b>16,7</b>
	10.-klasse	1	22	<b>4,3</b>
4	8.-klasse	1	133	<b>0,7</b>
	9.-klasse	1	63	<b>1,6</b>
	10.-klasse	2	99	<b>2,0</b>
5	8.-klasse	0	94	<b>0,0</b>
	9.-klasse	4	42	<b>8,7</b>
	10.-klasse	13	42	<b>23,6</b>

<b>Språklege variablar</b>	<b>Klassetrinn</b>	<b>Belegg, tradisjonelle</b>	<b>Belegg, nyare</b>	<b>Tradisjonsprosent</b>
6	8.-klasse	92	78	<b>54,1</b>
	9.-klasse	56	31	<b>64,4</b>
	10.-klasse	57	105	<b>35,2</b>
7*	8.-klasse	548	228	<b>70,6</b>
	9.-klasse	240	87	<b>73,4</b>
	10.-klasse	379	155	<b>71,0</b>
8	8.-klasse	5	60	<b>7,7</b>
	9.-klasse	3	9	<b>25,0</b>
	10.-klasse	10	25	<b>28,6</b>
9*	8.-klasse	10	3	<b>76,9</b>
	9.-klasse	17	2	<b>89,5</b>
	10.-klasse	20	7	<b>74,1</b>
10	8.-klasse	64	102	<b>38,6</b>
	9.-klasse	40	30	<b>57,1</b>
	10.-klasse	38	88	<b>30,2</b>
11	8.-klasse	0	15	<b>0,0</b>
	9.-klasse	6	8	<b>42,9</b>
	10.-klasse	1	13	<b>7,1</b>
12*	8.-klasse	899	132	<b>87,2</b>
	9.-klasse	441	43	<b>91,1</b>
	10.-klasse	865	119	<b>87,9</b>
13*	8.-klasse	159	5	<b>97,0</b>
	9.-klasse	102	4	<b>96,2</b>
	10.-klasse	183	0	<b>100</b>
14	8.-klasse	49	70	<b>41,2</b>
	9.-klasse	43	12	<b>78,2</b>
	10.-klasse	55	97	<b>36,2</b>
15	8.-klasse	537	36	<b>93,7</b>
	9.-klasse	198	53	<b>78,9</b>
	10.-klasse	305	99	<b>75,5</b>

<b>Språklege variablar</b>	<b>Klassetrinn</b>	<b>Belegg, tradisjonelle</b>	<b>Belegg, nyare</b>	<b>Tradisjonsprosent</b>
16*	8.-klasse	61	20	<b>75,3</b>
	9.-klasse	30	3	<b>90,9</b>
	10.-klasse	69	2	<b>97,2</b>
17*	8.-klasse	7	1	<b>87,5</b>
	9.-klasse	3	0	<b>100</b>
	10.-klasse	5	1	<b>83,3</b>
18	8.-klasse	4	44	<b>8,3</b>
	9.-klasse	0	20	<b>0,0</b>
	10.-klasse	2	39	<b>4,9</b>
19	8.-klasse	0	28	<b>0,0</b>
	9.-klasse	1	9	<b>10,0</b>
	10.-klasse	0	16	<b>0,0</b>
20	8.-klasse	5	104	<b>4,6</b>
	9.-klasse	3	31	<b>8,8</b>
	10.-klasse	4	61	<b>6,2</b>
21	8.-klasse	0	45	<b>0,0</b>
	9.-klasse	3	11	<b>21,4</b>
	10.-klasse	0	27	<b>0,0</b>
22	8.-klasse	5	8	<b>38,5</b>
	9.-klasse	1	18	<b>5,3</b>
	10.-klasse	11	15	<b>42,3</b>
23	8.-klasse	5	67	<b>6,9</b>
	9.-klasse	4	15	<b>21,1</b>
	10.-klasse	4	30	<b>11,8</b>
24	8.-klasse	0	68	<b>0,0</b>
	9.-klasse	2	54	<b>3,6</b>
	10.-klasse	0	74	<b>0,0</b>

Tabell 6.46: Belegg og tradisjonsprosent for dei tre klassetrinnskategoriene.

Utan å testa om det er nokon signifikant skilnad mellom kvar av dei språklege variablane, viser tabell 6.46 likevel klart at 9.-klasse har høgare tradisjonsprosent enn dei to andre klassestega på 16 av dei 24 språklege variablane.

#### 6.4.6 ‘Språkbruk’ – ‘indirekte haldningar’ – ‘samla’

Ein korrelasjonsanalyse “Pearson Correlation” ville visa meg om det er nokon samanheng mellom tradisjonsprosentar og vurderingane av dei ulike varietetane i “verbal guise”-testen. Alle dei 34 informantane eg har tradisjonsprosentar for, vart med i denne utrekninga.

Tradisjonsprosent	Tradisjonell varietet	Mellomvarietet	Mest moderne varietet
<b>Alle informantar</b>	$r = -0,0935$ $p = 0,599$	$r = 0,0937$ $p = 0,598$	$r = 0,0006$ $p = 0,998$

Tabell 6.47: Korrelasjon mellom tradisjonsprosent og dei tre varietetane for alle informantane ( $N = 34$ ).

Tabell 6.47 viser at det slett ikkje er nokon signifikant korrelasjon mellom korleis dei 34 informantane vurderte dei 3 ulike varietetane, og måten dei snakka sjølve på.<sup>110</sup>

#### 6.4.7 ‘Språkbruk’ – ‘indirekte haldningar’ – ‘foreldrebakgrunn’

Tradisjonsprosent og foreldrebakgrunn	Tradisjonell varietet	Mellomvarietet	Mest moderne varietet
<b>To foreldre frå Sogndal (<math>N = 12</math>)</b>	$r = 0,1907$ $p = 0,553$	$r = -0,1625$ $p = 0,614$	$r = 0,2255$ $p = 0,481$
<b>Éin forelder frå Sogndal (<math>N = 11</math>)</b>	$r = 0,2578$ $p = 0,444$	$r = 0,0905$ $p = 0,791$	$r = 0,0574$ $p = 0,867$
<b>Ingen foreldre frå Sogndal (<math>N = 11</math>)</b>	$r = -0,2437$ $p = 0,470$	$r = -0,0591$ $p = 0,863$	$r = -0,3366$ $p = 0,311$

Tabell 6.48: Korrelasjon mellom tradisjonsprosent og dei tre varietetane for dei tre foreldrebakgrunnskategoriene.

Heller ikkje for nokon av dei tre foreldrebakgrunnskategoriene er det nokon signifikant korrelasjon mellom tradisjonsprosent og vurderingane av dei tre varietetane.

#### 6.4.8 ‘Språkbruk’ – ‘indirekte haldningar’ – ‘kjønn’

Tradisjonsprosent og kjønn	Tradisjonell varietet	Mellomvarietet	Mest moderne varietet
<b>Jenter (N = 16)</b>	$r = -0,1234$ $p = 0,649$	$r = -0,0267$ $p = 0,922$	$r = -0,3408$ $p = 0,196$
<b>Gutar (N = 18)</b>	$r = -0,0235$ $p = 0,926$	$r = 0,2175$ $p = 0,386$	$r = 0,3420$ $p = 0,165$

Tabell 6.49: Korrelasjon mellom tradisjonsprosent og dei tre varietetane for jenter og gutar.

Tabell 6.49 viser at det ikkje er nokon signifikant korrelasjon mellom vurderingane av dei tre varietetane i “verbal guise”-undersøkinga og den varietetten jenter og gutar snakka sjølve.

#### 6.4.9 ‘Språkbruk’ – ‘indirekte haldningar’ – ‘klassetrinn’

Tradisjonsprosent og klassetrinn	Tradisjonell varietet	Mellomvarietet	Mest moderne varietet
<b>8.-klasse (N = 15)</b>	$r = 0,0825$ $p = 0,770$	$r = 0,2386$ $p = 0,392$	$r = -0,2025$ $p = 0,469$
<b>9.-klasse (N = 8)</b>	$r = -0,6252$ $p = 0,097$	$r = 0,4166$ $p = 0,305$	$r = 0,1510$ $p = 0,721$
<b>10.-klasse (N = 11)</b>	$r = 0,3328$ $p = 0,317$	$r = -0,4918$ $p = 0,124$	$r = 0,3663$ $p = 0,268$

Tabell 6.50: Korrelasjon mellom tradisjonsprosent og dei tre varietetane for klassetrinn.

Det går fram av tabell 6.50 at ingen av dei tre klassetrinna har signifikant korrelasjon mellom vurderingane av dei tre varietetane og måten dei snakkar på.

Tabell 6.47 til 6.50 viser med andre ord at det ikkje kan påvisast at det er nokon korrelasjon mellom slik elevane vurderte dei tre varietetane under “verbal guise”-testen, og slik dei snakkar sjølve. Dette kan skuldast at informantane ikkje oppfattar så klare skilje mellom ulike måtar å snakka sogndøl på, eller at dei i alle fall ikkje har sterke kjensler for nokon av måtane. Inndelinga mi kan dessutan berre vera eit lite utsnitt av det språklege registeret som finst i Sogndal, og at det

<sup>110</sup> Symbolet  $r$  står for korrelasjonskoeffisienten. Sjå Kinnear og Gray (2000) for meir om dette.

t.d. finst varietetar som ligg lengre frå den tradisjonelle sogndalsdialekten enn det eg har fanga opp med denne undersøkinga.

#### 6.4.10 Oppsummering språkbruk

Det er signifikant skilnad på tradisjonsprosenten til dei unge informantane frå 1996 og informantane frå denne nye undersøkinga i 2001. Tradisjonsprosenten har endra seg frå 77,6 til 49 på dei same språklege variablane, slik at det samla sett ikkje lenger er det tradisjonelle (varietet 1), men derimot det nyare (varietet 2) sogndalsmålet som dominerer. Heile 17 av dei 18 fonologiske og morfologiske variablane har lægre tradisjonsprosent i 2001 enn i 1996. Unntaket gjeld for variabel 15 /mi:/ ↔ /me:z/, der den tradisjonelle varianten ser ut til å stå like sterkt i 2001 som i 1996 (jf. tabell 6.32). Dersom me ser nærare på dette resultatet med utgangspunkt i enkeltinformantar (jf. figur 6.4), ser me at mange av dei yngste informantane frå 1996 hadde ein tradisjonsprosent mellom 55 – 65. Ei samanlikning mellom berre dei 16 yngste informantane frå 1996 (17 – 44 år) og dei 23 ungdomane (14 – 16 år) i 2001 viser høgt signifikant utslag for 16 av 18 språklege variablane.

For dei 3 varietetane og 2001-materialet isolert sett, er den samla tradisjonsprosenten på 58,7 for alle dei 31 informantane som vart med i den språklege kvantifiseringa. Vidare viser det seg å koma fram interessante skilnader på subkategorinivå.

##### 6.4.10.1 Foreldrebakgrunn

Resultata viser at det er ein trinnvis høgare tradisjonsprosent hjå informantane ut frå kor mange av foreldra som kjem frå Sogndal. Skilnaden er signifikant mellom alle trinna, dvs. mellom både 2fS – 0fS, 2fS – 1fS og 1fS – 0fS.

##### 6.4.10.2 Kjønn

Gutane har for alle dei språklege variablane samla ein signifikant høgare tradisjonsprosent enn jentene. Dei ligg i prosent høgare enn jentene på i alt 22 av dei 24 språklege variablane. Skilnaden mellom kjønna viser seg òg å vera signifikant når me kopljar kjønn og foreldrebakgrunn innafor 2fS, men ikkje mellom jenter og gutar med 1fS eller 0fS.

##### 6.4.10.3 Klassestrinn

Det er ikkje signifikant skilnad mellom tradisjonsprosenten til informantar frå ulike klassesteg, men 9.-klasse viser seg å ha høgare tradisjonsprosent for 16 av dei 24 språklege variablane.

#### 6.4.10.4 Indirekte haldningsgransking og språkbruk

Korrelasjonsanalysar viser at det ikkje er nokon samanheng mellom vurderingane dei ulike subkategoriane kjønn, foreldrebakgrunn og klassesteg gav i “verbal guise”-granskinga og tradisjonsprosenten deira.

### 6.5 Resultat og analyse av fase IV, djupintervju

Djupintervjua skaper bakgrunn for resultata både til haldningsdelen og den språklege delen. Eg har lete rekkefylgja frå det kvantitative til det kvalitative frå 153 informantar til 36 informantar og til slutt 3 informantar (jf. figur 5.1) styra logikken i framstillinga. Dette gjer at eg ikkje kan presentera djupintervjua før det dei skal utdjupa, sjølv om dei lagar kontekst og forståingsramme for det som elles berre framstår som tal.

Denne avhandlinga er i det store og heile ei undersøking i sann tid. Det er likevel nokre år mellom dei to samtalane eg har hatt med dei tre utplukka informantane til djupintervjuet.<sup>111</sup> Dei fyrste samtalane med desse informantane om sogndalsdialekten vart gjorde dei 10 – 15 siste minuttane av språkopptaka våren 2001, medan djupintervjua, som er på om lag 50 – 60 minutt, er tekne opp hausten 2003, dvs. to og eit halvt år seinare. I denne nye samtalen ville eg koma litt meir inn på ulike spørsmål kring det å vera sogndøl og innstillinga til sogndalsdialekten. Dessutan ville eg òg fylgja opp samtalane frå sist ved å samanhalda nokre av dei svara dei gav den gongen. Med djupintervjua legg eg elles i større grad vekt på det kvalitative og er meir på leit etter å finna svar på kvifor informantane snakkar som dei gjer og har fått dei haldningane dei har om sogndøler og sogndalsdialekten. I tillegg til dei sosiale rammefaktorane alder, kjønn, foreldrebakgrunn og nettverk som nødvendige grunnlagsvariablar, trur eg at det er forhold på mikronivå som kan gje forklaringsverdi til haldningane. Denne delen vil ikkje vera kvantitativt representativ for heile materialet, men eg trur at ein ved å ta fram informantar med ulikt syn, kan få eit innblikk i fleire tankar om dialekten blant dei unge i Sogndal i dag. Her stiller eg ingen klare hypotesar, men det er eit mål at dei ulike emna i samtalen kan peika på ulike faktorar som kan spela inn på haldningane. Eg vil i den oppsummerande drøftinga i neste kapittel òg ta opp att prosess-modellen til Ajzen frå teorikapittelet (jf. kap. 4.2.6) for å sjå kor eigna denne modellen kan vera til å forklara haldningspåverknaden.

---

<sup>111</sup> Utan å analysera språket deira på nytt, registrerte eg likevel at ingen av dei tre informantane høyrdest ut til å ha endra måten å snakka på.

Innafor ein diskursanalytisk tankegang ville ein ha vore oppteken av å studera enkelt-individet ut frå ulike diskursar eller situasjonar, t.d. med vener, heime, i klasserommet, i nabolaget og på fritidsaktiviteten for å få tak i ulike aspekt ved identiteten. Denne fleirdimensjonaliteten kan eg ikkje på same måte fanga opp gjennom eit djupintervju, men eg kan i staden sjå på resultata frå dei ulike delundersøkingane i denne avhandlinga og knyta dei til den enkelte av desse tre personane og til ein viss grad gjennom ein lengre samtale etterprøva om det er samsvar mellom det dei seier gjennom denne forma for sjølvrapportering, og det dei viser i dei andre delundersøkingane. Intervjusitata vert nokså omfattande i denne delen, for eg ynskjer å dokumentera konteksten til det eg tolkar. Av den grunn legg eg vekt på å gjengje så mykje av intervjuet at lesaren får eit betre vurderingsgrunnlag enn berre det eg har kommentert. Teksten er likevel berre ein peikepinne, for ikkje alt kan bli like synleg i tekstform. Sjølvve tolkingsgrunnlaget er lydopptaka og minna som knyter seg til opptaksituasjonen. I og med at eg gjorde analysane av djupintervjuet i svært kort tid etter innsamlinga, hadde eg framleis mykje av opptakssituasjonane friskt i minne. I tillegg til det som er mogleg å høyra på opptaket av t.d. nøling, gjentakingar og tonefall, hugsa eg òg andletsuttrykk. Når det i teksten står <he, he> for å markera latter, er eg såleis ut frå heile kontekstsituasjonen i stand til å tolka om denne latteren er ein reaksjon på innhaldet av det som er framme i samtalen, eller om det viser nervøsiteten eller generelt godt humør.

Det kan hevdast at samtalsituasjonen, der desse unge sit på eit rom saman med opptaksutstyr og ein ung, men vaksen sogndøl som forskar på sogndalsdialekten, kan verka kunstig og gjera svara upålitelege. Informantane vil nok ha laga seg ei oppfatning av at ein person som driv med noko slikt, må vera interessert i sogndalsdialekten, og ein kan stå i fare for at eg får dei svara dei trur eg vil ha. Denne faren skal ein likevel ikkje overdriva. For det fyrste har eg treft alle saman før, slik at eg er ikkje heilt framand for dei. For det andre er alle saman vortne to og eit halvt år eldre og endå meir sjølvstendige individ. Eit tredje argument er at dei vil truleg ikkje hugsa verken spørsmåla eller svara dei gav sist då dei òg hadde med seg ein klassekamerat under samtalen, men eg vil derimot kunna konfrontera dei med svar som strir mot det dei svara den gongen. For ein diskursanalytiker vil det alltid vera avgjerande korleis noko vert sagt, slik at dei vil vera nøyaktige i å gjengje samtalar i direkte form med pausar, nøling og latter med meir. I denne undersøkinga står derimot innhaldet meir i fokus enn måten det vert sagt på, så eg vil ikkje alltid skriva alt ut i form av spørsmål og svar, men stundom gjenfortelja ein del av innhaldet frå djupintervjuet i form av indirekte tale. Dette inneber at eg då alt har tolka svara. For å yta mest mogleg rettferd til materialet vil eg likevel gjengje mange av utsegnene i sitatform. Når informantane i eit slikt djupintervju på ein måte vert bedne om å vurdere og analysere kvifor dei har det synet dei har, vil denne



informasjonskjelda i hovudsak gje svar på bevisste haldningar, dvs. at informanten her er klar over at språket er tema.

Alle dei tre informantane i djupintervjua er ferdige med ungdomsskulen og har begynt på vidaregåande skule i bygda. Dei er kvalitativt utplukka blant dei 36 informantane eg snakka med sist, ut frå at dei den gongen viste ulike haldningar til sogndalsdialekten under den kognitiv-/affektive samtalen om sogndalsdialekten (jf. kap. 6.3), og ut frå at dei den gongen òg verka å vera personar som det var enkelt å snakka med. Alle tre kjem òg frå hovudsoknet i bygda og har alltid gått på skule i sentrum. I staden for å gje informantane fiktive namn vil dei også her som elles i avhandlinga gå under nummerkodar. Denne koden er såleis lik for informanten gjennom heile avhandlinga. I tillegg til å gå nærare inn på kvar enkelt av desse informantane sine tankar om språket under djupintervjuet, vil eg òg bruka opplysningar desse enkeltindividida kom med i dei andre fasane av prosjektet.

Djupintervjua fungerer som ein metaspråkleg samtale der føremålet er å utdjupa forståinga av kvifor informantane har dei haldningane og den språkbruken dei har. Noko av synet deira kan ha endra seg på to og eit halvt år, og refleksjonsnivået har truleg auka no når desse tre informantane er vortne 16 – 17 år gamle. Trass i at dei tre djupintervju-informantane i utgangspunktet ikkje er representative for andre enn seg sjølve, gjev samtalan likevel ein del opplysningar som viser interessante mønster. Sidan det stort sett var same spørsmåla som gjekk att i alle intervju (jf. kap. 5.10.3), er det òg interessant å samanlikna dei svara desse tre gav. Eg vil fyrst gje ein presentasjon av kvar av dei tre informantane og deretter samanhalda og drøfta dei opplysningane dei gav i djupintervjua.

Ved hjelp av sortering og tolking frå ulike vinklar har eg prøvd å koma fram til overordna kategoriar som kan verka samlande og fornuftige for å gje forklaringsverdi. Trass i at djupintervjua var bygde opp som eit semistrukturert intervju (jf. kap. 5.10.3), var ikkje sorteringskriteria definerte på førehand. Dei ulike overskriftene på underkapittela her byggjer såleis på mine konstruksjonar. Det vil heller ikkje alltid vera noka skarp grense mellom dei, for det ligg subjektive vurderingar, tolkingar og val bak alle desse kategoriseringane.

### **6.5.1 Presentasjon av informant 2fSj5 – den tvitydige<sup>112</sup>**

Utgangspunktet for å velja eit djupintervju med denne informanten var at ho i samtalen om språk sist uttala seg noko tvitydig når det galdt haldninga til sogndalsdialekten:

---

<sup>112</sup> Koden 2fSj tyder to foreldre frå Sogndal, jente.

Intervjuar: Mm, nei, kva synest de om sogndalsdialekten då?

Inf-05: Viss dei pratar heilt breitt, så kan det vera litt, synest eg kanskje det er litt harry.

Inf-15: Ja.

Inf-05: Nei, eg veit, det er no slik det er, nei, det er greitt, heilt fin dialekt det, hm.

Språkleg sett hadde denne informanten ein tradisjonsprosent på 62,4, noko som plasserer henne “midt på treet” og ein 15. plass av i alt 34 informantar. Tabellen nedafor viser korleis tradisjonsprosenten hennar er fordelt på dei 24 språklege variablane.

<b>Språkleg variabel</b>	<b>Belegg totalt</b>	<b>Belegg tradisjonell varietet</b>	<b>Belegg nyare varietet</b>	<b>Belegg “anna”</b>	<b>Belegg Ikkje mogleg å høyra</b>	<b>Tradisjonsprosent<sup>113</sup></b>
<b>Var 1</b>	77	24	43	6	4	<b>35,8</b>
<b>Var 2</b>	14	8	6	0	0	<b>57,1</b>
<b>Var 3</b>	3	0	3	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 4</b>	5	0	5	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 5</b>	3	0	3	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 6</b>	9	5	4	0	0	<b>55,6</b>
<b>Var 7*</b>	36	23	13	0	0	<b>63,9</b>
<b>Var 8</b>	5	0	5	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 9*</b>	0	0	0	0	0	—
<b>Var 10</b>	9	2	7	0	0	<b>22,2</b>
<b>Var 11</b>	0	0	0	0	0	—
<b>Var 12*</b>	78	77	0	0	1	<b>100</b>
<b>Var 13*</b>	12	8	0	4	0	<b>100</b>
<b>Var 14</b>	7	1	5	0	1	<b>16,7</b>
<b>Var 15</b>	54	36	0	15	3	<b>100</b>
<b>Var 16*</b>	3	2	0	1	0	<b>100</b>
<b>Var 17*</b>	1	0	0	1	0	—

<sup>113</sup> Tradisjonsprosenten er rekna ut frå forholdet mellom tradisjonelle og nyare former (jf. kap. 5.10.2). Av den grunn markerer eg med ein lang strek: (—) i ruter der det ikkje er grunnlag for å rekna ut nokon tradisjonsprosent.

Språkleg variabel	Belegg totalt	Belegg tradisjonell varietet	Belegg nyare varietet	Belegg “anna”	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Tradisjonsprosent
Var 18	5	0	5	0	0	0,0
Var 19	2	0	2	0	0	0,0
Var 20	2	0	2	0	0	0,0
Var 21	3	0	3	0	0	0,0
Var 22	0	0	0	0	0	—
Var 23	2	0	2	0	0	0,0
Var 24	4	0	4	0	0	0,0

Tabell 6.51: Belegg og tradisjonsprosent for kvar språkleg variabel hjå informant 5.

Tabell 6.51 viser at dei moderne variantane for dei seks nyaste variablane under varietet 3, har slege lite gjennom hjå informant 5. Unntaket gjeld til ein viss grad for variabel 7 *ao*-lyden, der tradisjonsprosenten ikkje er så høg som for variabel 12, 13 og 16. Tradisjonsprosenten er elles hjå informant 5 høgast for variabel 2 /ø/ ↔ /øy/, 6 /ai/ ↔ /e/ og 15 /mi:/ ↔ /me:/. Under variabel 15 er det likevel 15 belegg for “anna”, og det dreiar seg her om leksemet <vi>.

Ut frå sjølvvurderingsskjemaet sa informant 5 at ho snakka nærast varietet 3, dvs. den mest moderne varietetten. Som det går fram av tabell 6.52 nedafor, var ho i “verbal guise”-testen positiv til alle varietetane, men heilt klart mest positiv til varietet 2 både når det galdt heilskap, og for kvar av faktorane. Det var spesielt attraksjonsfaktoren som fekk høg skåre her.

Varietetar Faktorar	Gjennomsnittsskåre varietet 1	Gjennomsnittsskåre varietet 2	Gjennomsnittsskåre varietet 3
Attraksjon	1,00	1,67	1,17
Personleg status	0,17	1,00	0,33
Sosial status	-1,25	1,00	-0,50
<b>Total</b>	0,19	1,25	0,44

Tabell 6.52: Gjennomsnittleg skåre for kvar av faktorane og heile varietetten for informant 5.

Nettverksskjemaet viser at ho har eit tett nettverk av sogndøler, for ho oppgjev at 10 av dei 12 personane ho set opp, kjem frå Sogndal, og at ho har dagleg kontakt med dei. Derimot gjev ho berre

to av desse personane karakteristikkene sogndalsdialekt, men kallar elles språket deira for vestlandsk eller blandingsspråk. Informant 5 er dessutan fødd og oppvaksen i sentrum av Sogndal og har begge foreldre sine frå bygda. Såleis har ho òg mange av slektningane sine frå bygda, slike som beste-foreldre, tanter og onklar og syskenborn.

Då djupintervjuet vart gjennomført, var informanten begynt fyrste året på idrettslinja på den vidaregåande skulen. Når ho får spørsmål om å definera sin eigen stil innafor klede, musikk og interesser, ler ho fyrst litt og seier at ho trur ho sånn sett er ganske normal. Ho likar det meste innafor musikk, og i klesstilen likar ho det litt enkle, og det treng ikkje alltid vera det som er inn. Ho er aktiv på fritida gjennom organiserte fritidsaktivitetar som fotball og ballett. Fritidsklubb er berre eit tilbod for dei som er yngre, men det er stundom arrangement for dei som går på vidaregåande eller siste året på ungdomsskulen på studenthuset *Meieriet*, og det plar ho vera med på. Midt i veka går ettermiddagane stort sett med til lekser og fritidsaktivitetar. Venene hennar har dei same interessene som henne og driv med det same på fritida. Ho seier at dei eigentleg er ganske like henne sjølv. I helgane bruker ho masse tid saman med vener. Når ho er saman med dei, er dei ofte berre heime hjå kvarandre, men det hender òg at dei er ute. Dei kan overnatta hjå kvarandre, finna på mykje i lag ein heil gjeng, t.d. sjå ein film.

### 6.5.2 Presentasjon av informant 2fSg9 – den positive

Denne informanten var blant dei mest positive til sogndalsdialekten sist eg snakka med han i 2001:

Intervjuar: Kva er den finaste dialekten de veit om?

Inf-09: Finaste dialekten?

Intervjuar: Ja.

Inf-22: Sognamål.

Inf-09: Sognamålet

Intervjuar: Kvifor det?

Inf-22: He, tøft, he, he.

Inf-09: Det er det råaste, hardaste d-. Kjem du til Oslo og så.

Inf-22: Det er mest harry dialekten.

Inf-09: Ja, kjem du til Oslo, er det ingen som skjønar deg og så.

Intervjuar: Ja, korleis reagerer de då når folk ikkje skjønar dykk?

Inf-09: Pratar endå meir sognamål, he, he.

Inf-22: He, he, he.

Intervjuar: Ja.

Inf-22: Mm.

Han hadde ein tradisjonsprosent på 77,7 og var såleis den 5. høgaste i heile materialet. Tabell 6.53 nedafor viser korleis tradisjonsprosenten hans er fordelt på dei 24 språklege variablane.

Språkleg variabel	Belegg totalt	Belegg tradisjonell varietet	Belegg nyare varietet	Belegg "anna"	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Tradisjonsprosent
<b>Var 1</b>	115	76	27	1	11	<b>73,8</b>
<b>Var 2</b>	19	16	3	0	0	<b>84,2</b>
<b>Var 3</b>	1	0	1	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 4</b>	13	0	13	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 5</b>	13	0	13	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 6</b>	24	24	0	0	0	<b>100</b>
<b>Var 7*</b>	61	52	4	0	5	<b>92,9</b>
<b>Var 8</b>	3	0	2	1	0	<b>0,0</b>
<b>Var 9*</b>	2	2	0	0	0	<b>100</b>
<b>Var 10</b>	15	14	0	0	1	<b>100</b>
<b>Var 11</b>	1	1	0	0	0	<b>100</b>
<b>Var 12*</b>	128	110	0	18	0	<b>100</b>
<b>Var 13*</b>	24	20	0	4	0	<b>100</b>
<b>Var 14</b>	14	10	3	0	1	<b>76,9</b>
<b>Var 15</b>	36	27	7	0	2	<b>79,4</b>
<b>Var 16*</b>	17	12	0	5	0	<b>100</b>
<b>Var 17*</b>	1	1	0	0	0	<b>100</b>
<b>Var 18</b>	1	0	1	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 19</b>	1	1	0	0	0	<b>100</b>
<b>Var 20</b>	5	0	5	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 21</b>	0	0	0	0	0	—
<b>Var 22</b>	18	0	18	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 23</b>	2	0	2	0	0	<b>0,0</b>
<b>Var 24</b>	7	0	6	0	1	<b>0,0</b>

Tabell 6.53: Belegg og tradisjonsprosent for kvar språkleg variabel hjå informant 9.

Tabell 6.53 viser at informant 9 i svært liten grad har trekk som er typiske for varietet 3. For variabel 12 *kj*-lyden, har han 18 belegg for “anna”, noko som skuldast at han hadde ein del *k*-lydar, som t.d. /tenka/. Denne informanten held elles svært godt på den tradisjonelle varieteten for variabel 1 /i/ ↔ /e/, 2 /ø/ ↔ /øy/, 6 /ai/ ↔ /e/, 10 /dl, dl/ ↔ /l/, 14 /dɲ/ ↔ /n(e)/, 15 /mi:/ ↔ /me:/ og 19 /eʊ/ eller /au/ ↔ /a/ eller /ɔ/.

På sjølvvurderingsskjemaet sa han at han snakka nærast varietet 1, dvs. den mest tradisjonelle varieteten. På “verbal guise”-testen var han derimot negativ til alle varietetane slik tabell 6.54 nedafor viser:

<b>Varietatar</b> <b>Faktorar</b>	<b>Gjennomsnittsskåre</b> <b>varietet 1</b>	<b>Gjennomsnittsskåre</b> <b>varietet 2</b>	<b>Gjennomsnittsskåre</b> <b>varietet 3</b>
<b>Attraksjon</b>	-1,00	-0,33	0,25
<b>Personleg status</b>	0,00	0,25	-1,00
<b>Sosial status</b>	-0,25	-0,50	0,25
<b>Total</b>	-0,44	-0,19	-0,25

Tabell 6.54: Gjennomsnittleg skåre for kvar av faktorane og heile varieteten for informant 9.

Tabell 6.54 viser at informant 9 er mest negativ til varietet 1. Varietet 3 skårar høgast på faktoren attraksjon og sosial status, medan varietet 2 har fått høgast positiv gjennomsnittleg skåre når det gjeld personleg status.

I nettverksskjemaet hans kan ein sjå at 11 av dei 12 personane han fører opp, kjem frå Sogndal, og at alle desse snakkar sogndalsdialekt. Alle desse med unntak av éin har han òg dagleg kontakt med. Dette viser såleis at informant 9 har eit svært tett nettverk med andre sogndøler. Han er som informant 5 fødd og oppvaksen i sentrum i Sogndal og har begge foreldra sine frå bygda. Også han har difor mange av slektningane sine frå bygda, slike som besteforeldre, tanter og onklar og syskenborn.

Denne informanten går andre året på elektrofag på yrkesskulen. Han trenar kampsport fire gonger i veka og trenar elles litt på eiga hand i helgane. Når han vert spurd om å definera stilen sin innafor klede, musikk og interesser, seier han at han trur han for det meste er normal. Han har ikkje nokon spesielle klestypar, likar derimot motorsport og høyrer mest ikkje på musikk. Om ettermiddagane kan han sitja nedpå allmennfag og spela pc med andre eller vera heime for å gjera lekser eller spela playstation. I helgane er han av og til heime hjå vener. Venene kan òg møtast i Fjøra, der dei går og trakkjar rundt av di dei ikkje er 18 år og difor ikkje kjem inn nokon stad. Då

møtest dei helst på handlesenteret *Sogningen*. Om laurdagane plar elles han og ein kamerat køyra moped rundt og rundt i Fjøra for å sjå på livet og finna nokon å slå av ein prat med. Han tykkjer det er moro å køyra.

### 6.5.3 Presentasjon av informant 0fSj28 – den negative

Det at ho uttrykte seg negativt til sogndalsdialekten for to og eit halvt år sidan, var utgangspunktet for å velja denne informanten til eit djupintervju:

Intervjuar: Nei. Kva synest de om sogndalsdialekten då?

Inf-28: [Den]

Inf-29: Nei, det likar eg ikke.

Intervjuar: Det likar du ikkje?

Inf-29: Nei.

Inf-28: Nei.

Intervjuar: Ikkje du heller?

Inf-28: Nei.

Intervjuar: Kvifor ikkje det?

Inf-28: For det er så

Inf-29: firkanta, he, he, he.

Inf-28: –“dao, pao og”.

Ho skåra òg svært lågt når det galdt eigen bruk av sogndalsdialekt med ein tradisjonsprosent på 22,5 og var såleis nummer 31 av dei 34 informantane i materialet dette er rekna ut på. Tabell 6.55 nedafør viser kva trekk tradisjonsprosenten hennar er fordelt på for dei 24 språklege variablane.

Språkleg variabel	Belegg totalt	Belegg tradisjonell varietet	Belegg nyare varietet	Belegg “anna”	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Tradisjonsprosent
<b>Var 1</b>	111	13	79	15	4	<b>14,1</b>
<b>Var 2</b>	30	6	24	0	0	<b>20,0</b>
<b>Var 3</b>	0	0	0	0	0	—
<b>Var 4</b>	5	0	5	0	0	<b>0,0</b>

Språkleg variabel	Belegg totalt	Belegg tradisjonell varietet	Belegg nyare varietet	Belegg “anna”	Belegg Ikkje mogleg å høyra	Tradisjonsprosent
Var 5	2	0	2	0	0	0,0
Var 6	19	0	19	0	0	0,0
Var 7*	33	4	28	0	1	12,5
Var 8	2	0	2	0	0	0,0
Var 9*	1	0	1	0	0	0,0
Var 10	15	0	15	0	0	0,0
Var 11	1	0	1	0	0	0,0
Var 12*	55	43	9	2	1	82,7
Var 13*	40	2	26	10	2	7,1
Var 14	10	0	10	0	0	0,0
Var 15	80	1	0	79	0	100
Var 16*	5	1	3	1	0	25,0
Var 17*	1	1	0	0	0	100
Var 18	2	0	0	2	0	—
Var 19	2	0	2	0	0	0,0
Var 20	4	0	4	0	0	0,0
Var 21	8	0	8	0	0	0,0
Var 22	1	0	1	0	0	0,0
Var 23	1	0	1	0	0	0,0
Var 24	4	0	4	0	0	0,0

Tabell 6.55: Belegg og tradisjonsprosent for kvar språkleg variabel hjå informant 28.

Berre variabel 17, /i/ ↔ /a/ i adjektiv, av dei seks nyare variablane viser ein tradisjonsprosent på 100 hjå informant 28, og her er det dessutan berre eitt belegg. Informant 28 har i det heile svært få belegg for tradisjonell sogndalsvarietet. Når det gjeld variabel 15, /mi:/ ↔ /me:/, der informanten har eitt belegg for tradisjonell sogndalsvarietet som gjev 100%, er det likevel “anna” med leksetet <vi> som dominerer. Denne informanten har flest belegg for nyare varietet for tre av dei nye variablane som er knytte til varietet 3. Det gjeld variabel 7, /au/ ↔ /ɔ/, 13, /rt/ ↔ /t/ og 16, /ei:/ ↔ /a/ i substantiv.



I sjølvvurderingsskjemaet plasserte ho seg dessutan utafør skjemaet og kalla språket sitt for blanding av sogning og bokmål. Ho er såleis heller ikkje med i den kvantitative språkanalysen i denne avhandlinga.

<b>Varietetar</b> <b>Faktorar</b>	<b>Gjennomsnittsskåre</b> <b>varietet 1</b>	<b>Gjennomsnittsskåre</b> <b>varietet 2</b>	<b>Gjennomsnittsskåre</b> <b>varietet 3</b>
<b>Attraksjon</b>	1,00	0,17	0,50
<b>Personleg status</b>	0,83	-0,33	0,17
<b>Sosial status</b>	-0,25	-0,75	0,50
<b>Total</b>	0,63	-0,25	0,38

Tabell 6.56: Gjennomsnittleg skåre for kvar av faktorane og heile varieteten for informant 28.

I “verbal guise”-testen viser tabell 6.56 at ho var mest positiv til varietet 1, noko som viste seg særleg å gjelda faktorane attraksjon og personleg status. For faktoren sosial status gav varietet 3 høgast utslag.

Ut frå nettverksskjemaet kan ein sjå at ho oppgjev at 6 av dei 12 personane kjem frå Sogndal og snakkar sogndalsdialekt. Dei andre personane kjem anten frå andre stader i Sogn, Vik, eller frå Austlandet. Dette er såleis den av dei tre informantane som har lausast nettverk knytt til andre sogndøler. Ho er fødd og oppvaksen i Sogndal, men har ikkje nokon av foreldra sine frå bygda. Likevel har ho éin av besteforeldra sine frå Sogndal.

Denne informanten går også andre året på vidaregåande skule, på idrettsfag. Ho har budd heile livet litt utafør sjølve Sogndal sentrum, men har alltid gått på skule i sentrum. Ho er aktiv på fritida både gjennom organisert idrett (fotball) og ved at ho trenar på eiga hand. Tidlegare har ho vore med i 4H. Ho er òg ungdomspolitisk aktiv. Når ho vert spurd om å definera sin eigen stil innafor klede, musikk og interesser, seier ho at ho er ein veldig allsidig person. Innafor musikk kan ho høyra på alt frå fiolinmusikk til heavy rock, og når det gjeld klede, kan ho variera mykje frå den eine dagen til den neste, t.d. frå skjørt til joggeklede. Ho seier at ho eigentleg ikkje bryr seg så mykje om kva som er inn der og då, eller kva alle andre synest, og tykkjer at ho sjølv på mange område er nokså sjølvstendig. På kvardagsettermiddagar gjer ho lekser og jobbar litt eit par stader, blant anna på museet. Ho er ein del med vener anten ho møter dei på fotballbana, på hyblar eller ved å gå rundt i Fjøra. Ho bruker òg ein del tid saman med ein kjærast ho har. I helgane kan det vera at venene lagar pizza hjå ei veninne, eller at dei går ut t.d. på *Bon Apetitt*, på film eller på *Narvesen*, for dei kjem ikkje inn på puben sidan dei er under atten. Berre sånn om lag annakvar månad er det ungdomstreff for dei under atten år på ein av utestadene. Mange av venene hennar bur på hybel i

Sogndal eller på Kaupanger. Sidan ho går på vidaregåande og er komen i ny klasse, har ho fått vener frå heile fylket. Det er få sogndøler i veneflokken hennar, for mange av dei ho var med før, har flytta til andre stader for å gå på skule der.

#### 6.5.4 Påverknad frå “viktige andre”: vener, foreldre, besteforeldre og lærarar

Når det gjeld påverknad frå “viktige andre”, legg alle tre vekt på at venene truleg er dei som påverkar talemålet deira mest.

Intervjuar: Kven er det du føler som påverkar språket ditt mest? Fjernsyn, foreldre, vener eller?

Inf 05: Nei, det må vera

Intervjuar: Skulen?

Inf 05: – vener trur eg.

Informant 9 seier:

Inf 09: Eg trur dei blir mei, eg trur folk blir meir påverka av venene sine enn dei blir av foreldra sine.

Intervjuar: Javel.

Inf 09: Det trur eg.

Intervjuar: Har, er det det som har skjedd med deg òg eller?

Inf 09: Nei, eg har berre fått høyrte sogndøl eg så.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Begge foreldra mine pratar det,

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – alle venene mine pratar det

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – så.

Intervjuar: Snakkar foreldra dine sånn som, akkurat sånn som deg eller?

Inf 09: Ja,

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – dei snakkar. Mor mi ho er voksen opp [...] og papan [...].

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Dei snakkar ordentleg sogndøl.

Intervjuar: Du sn, du snakkar akkurat sånn som dei?

Inf 09: Ja.

Litt seinare i samtalen legg informant 9 også inn kor viktig påverknaden frå foreldra er:

Intervjuar: Men kvifor er det så fåe som lærer seg den breie sogndalsdialekten då trur du?

Inf 09: Nei, det er vel fordi at kanskje mora kjem frå den plassen, og faren kjem frå den plassen. Eg trur faktisk det er litt sjeldan at begge to er oppvaksne akkurat i Sogndal.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Men at kanskje éin er kanskje frå Årdal og éin er frå Lærdal, og då det er ikkje sogndalsdialekt for å seia det sånn.

Intervjuar: Men då spelar foreldra ein viss rolle då.

Inf 09: Dei spelar ein viss rolle ja.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Då blir det pittelitt sånn blanding, for at ungane høyrer på mest venene sine, og så høyrer dei litt på foreldra sine og.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Men det har nok litt å seia ja, for det at.

Intervjuar: Så, då, då er ikkje det berre venene som spelar inn?

Inf 09: Nei, det er nok ikkje det, for ungane lærer vel dei, lærer vel det mest grunnleggjande når dei er heilt småe.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Frå dei er to-tre år.

### Også informant 28 understrekar foreldra si rolle som påverknadskjelde:

Intervjuar: Kven er det du opplever har påverka språket ditt mest då, måten du snakkar på i dag?

Inf 28: Det er vel sikkert foreldra mine. Så eg har alltid høyrte dei snakka bokmål.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Men det kan òg vera venene mine har påverka meg litt til å snakka meir nynorsk eller få inn nokre nynorske ord.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Og så ho veninna eg har som snakkar bokmål. Ho gjer jo òg at eg snakkar.

Intervjuar: Ja, men du har jo òg veninner som eller vener som snakkar sogndalsdialekt. Så ho

Inf 28: Ja, men eg er alltid mest med ho.

Intervjuar: – så ho har påverka deg meir enn dei andre?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Kvifor det trur du?

Inf 28: Eg har kanskje alltid syntest bokmål har vore finast.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Sånn at difor har eg syntest eller teke etter dei.

Intervjuar: Trur du foreldra dine òg meiner det?

Inf 28: Det kan godt henda.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det trur eg.

Det er dessutan familie og vener alle føler seg mest knytte til i bygda. Begge dei to informantane med innfødde foreldre (inf. 5 og inf. 9) hevdar at dei ser sameleis på vener som snakkar sogndalsdialekt, og dei som ikkje gjer det. Informant 28 derimot seier at vener med sogndalsdialekt verkar meir “frampå”, og vener med ein bokmåls-dialekt er meir “fisefine”. Det verkar òg som om informant 5 og 9 i større grad har vener som snakkar slik som dei sjølve. Informant 28 har derimot ei god veninne som snakkar det ho kallar “bokmål”. Informant 5 og 9 seier at foreldra snakkar sånn som dei gjer. Informant 9 seier at også besteforeldra snakkar slik som han sjølv, medan informant 5 har lagt merke til at besteforeldra har sogndalstrekk ho ikkje har sjølv, t.d. den tronge *i*-lyden. Foreldra viser ikkje berre gjennom eigen språkbruk, men òg ved anna åtferd kva haldningar dei har til språket, slik at informant 28 i sitatet over kan ha fått ei oppfatning av at ho trur foreldra òg meiner at bokmål er finast. Det at informantane legg så sterk vekt på foreldra si rolle, stemmer godt overeins med måten dei sjølve snakkar på i dag. Dessutan ser det ut til at dei alle saman har valt gode vener med eit språk som liknar på deira eige.

Informant 5 fortel i utsegna nedafor at ho i førskulealder vart påverka av ein førskulelærer som snakka austlandsk, og at foreldra seinare har fortalt henne at dei då retta på språket hennar då ho kom heim.

Intervjuar: Men har du nokon sinne fått kommentarar frå foreldra for eksempel på ting du har sagt, på språket ditt?

Inf 05: Ja, eller me har snakka litt om det, og eg hugsar. Æh, når eg gjekk i seksåringane var det vel. Då var det ei sånn barnehagetante, og ho snakka bokmål, og då hugsar eg at eg vart veldig påverka av ho.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 05: Begynte å snakka litt bokmål då liksom.

Intervjuar: Då du var i førskulen?

Inf 05: Mm.

Intervjuar: Så når du kom heim att då, så hadde du fått med

Inf 05: Ja.

Intervjuar: – deg ein del ord og sånn?

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Og då retta foreldra dine på, på deg?

Inf 05: Ja, det gjorde dei. Altså eg hugsar ikkje så mykje av det no, men dei har fortalt det då.

Intervjuar: Ja.

Opp gjennom skuleåra verkar det som om alle dei tre informantane har hatt både innfødde lærarar og lærarar med andre talemål. Alle tre nemner at det har kome ein del innflyttarar til bygda, slik at mange born såleis har foreldre frå andre stader og difor ikkje snakkar den tradisjonelle sogndals-

dialekten. Informant 5 er òg inne på at ungene kanskje manglar interesse for dette språket, medan informant 28 meiner at tv og data òg spelar ei viktig rolle som påverknadsfaktor. Både materialet samla (jf. kap. 6.3) og utsegnene og språkbruken til desse tre informantane er med og styrkjer ei forklaring om at spesielt foreldra og nettverk spelar ei avgjerande rolle for korleis haldningane og språket til borna vert.

### 6.5.5 Funksjonaliteten til sogndalsdialekten

Både informant 5 og 28, dei to jentene, hevdar at det ikkje fungerer så godt å snakka sogndalsdialekt når dei er andre plassar:

Intervjuar: Kor gangbart synest du det er å snakka sogndalsdialekt? Eller, korleis fungerer det i alle situasjonar?

Inf 05: Nei, det gjer ikkje det.

Intervjuar: Gjer ikkje det?

Inf 05: Nei.

Intervjuar: Når er det det ikkje fungerer då?

Inf 05: Mm, altså eg merkar jo det når eg er andre plassar, så er ikkje det sikkert eg snakkar heilt sånn sogndialekt liksom. Det

Informant 5 har òg ei forklaring på kvifor sogndalsdialekten ikkje fungerer så godt andre stader:

Inf 05: Fordi eg har skjønt at det er veldig vanskeleg å forstå då, men for andre.

Intervjuar: Ja, har du nokon sinne merka det at du har fått, at andre har reagert på at det er vanskeleg å forstå deg?

Inf 05: Ja, det er sånn “hæ, kva du seier for noko?” liksom (uklart).

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Ja, det har eg merka.

Intervjuar: Du gir ikkje dei ein sjanse? Du, då slår du om med ein gong eller?

Inf 05: Nei, eg slår ikkje om. Ja, altså eg snakkar, eg snakkar jo på ein måte sånn, men eg forandrar eg seier ikkje “adle”. Eg seier “alle” og

Intervjuar: Ja.

Inf 05: –“vi” seier eg og liksom

Intervjuar: Mm.

Inf 05: sånne ord som eg berre.

Situasjonane som vert nemnde der sogndalsdialekten er lite eigna, er t.d. i byar, ved telefonsal (inf. 5) og ved jobbintervju (inf. 28). Dei bruker forståing som hovudargument. Informant 5 tilpassar språket sitt og legg vekk ein del typiske sogndalstrekk når ho er andre stader, og seier t.d. “vi” og “alle” i staden for “me” og “adle”. Dette gjeld òg når ho snakkar med framande i telefonen.<sup>114</sup> Informant 28 hevdar at ho alltid snakkar likt, men det kan ho truleg gjera av di ho ikkje har nokon utprega sogndalsdialekt. Ho meiner derimot at sogndalsdialekten fungerer godt som SMS-språk og ved kommunikasjon på Internett, for det er vorte ein trend i Sogndal. Informant 9 seier han alltid snakkar sogndalsdialekt same kvar i landet han er, eller kven han møter, noko han også vil halda fram med å gjera.

Intervjuar: Synest du det fungerer å snakka sogndalsdialekt i alle situasjonar?

Inf 09: Ja, eg nektar å prata annleis for å seia det sånn. Når du er i Oslo for eksempel, så skal dei vera vanskeleg og

Intervjuar: Ja.

Inf 09: –“skjønste ikke helt hva du sa” når du skal til å prata tal og sånn “saukjan”, “akjan” og “nikjan” og sånn.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Då nektar dei å skjøna deg, men det er berre å ikkje gje seg.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Dei skjønar det, men dei vil berre kanskje ikkje skjøna, for dei likar vel ikkje sogndalsdialekten då eller noko sånt.

Intervjuar: Gjer ikkje dei det?

Inf 09: Nei, dei vil vel helst snakka fint, som dei seier.

Han meiner likevel at det kan finnast situasjonar der ein bør moderera språket sitt noko av di kommunikasjonen står i høgsetet, t.d. ein jobb som flygeleiar. Ein kan spørja om denne skilnaden mellom oppfatninga til dei to jentene og guten her er ein kjønnskilnad. Det ville i så fall vera eit resultat som passar godt med resultatata frå den språklege analysen (jf. tabell 6.38 og 6.39), men dette er i tilfelle eit skilje informantane sjølve truleg er lite medvitne om. Informant 9 sa nemleg fylgjande då han fekk spørsmål om han hadde lagt merke til nokon skilnad mellom gutar og jenter:

Intervjuar: Synest du det er nokon forskjell på jenter og gutar på det området?

Inf 09: Nei, dei snakkar mykje likt.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Jenter, trur jenter har ein like positiv innstilling til dialekten som gutane.

<sup>114</sup> Det var likevel interessant å registrera at sjølv i samtalen med meg, som snakkar meir tradisjonell sogndalsdialekt enn henne og seier *me*, valde ho hovudsakleg forma *vi*.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Dei bryr ikkje seg om det liksom.

Intervjuar: At dei snakkar like breitt òg?

Inf 09: Ja, dei snakkar vel like breitt.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Det trur eg ikkje dei har noko imot.

Informant 28, som snakkar minst sogndalsdialekt av dei tre, fortel ein episode som fortel ganske mykje om korleis ho ser på sogndalsdialekten:

Intervjuar: Korleis ser du på vener som snakkar sogndalsdialekt? Har du nokon sånne historier eller nokon episodar som kan?

Inf 28: Av nokon som snakkar?

Intervjuar: Ja?

Inf 28: Nei, det var ein gong me var i Bergen då, og så skulle me liksom gå inn på og kjøpa oss mat, og så snakka han ganske breitt sogning. Så han sa at han skulle ha ein “kjukling”.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Og då skjønnte ikkje dei bak disken nokon ting når han skulle ha ein “kjukling”.

Intervjuar: Nei.

Inf 28: Sånn at då fekk me ein god latter me andre som stod attmed.

Intervjuar: Kvifor lo de av det?

Inf 28: Nei, fordi dei skjønnte ingenting.

Intervjuar: Nei.

Inf 28: At han skulle ha ein “kylling” liksom.

Intervjuar: Mm.

Inf 28: Sånn at det er jo litt morosamt for oss, for me veit jo kva det er.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Me har høyrte det før, men dei skjønnte ingenting.

Intervjuar: Men var du stolt over at han då var sogning, eller var du på ein måte litt flau over det eller korleis var det du?

Inf 28: Nei, altså det var berre morosamt då.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Sånn at stolt og stolt, ja det er kanskje litt flautt av og til då.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: For dei skjønar jo ingenting, altså folk, andre folk, dei skjønar ikkje så veldig mykje når kjem til Bergen liksom så føler sånn bønder i byen.

Samtalen går vidare om andre ting, men me kjem litt seinare attende til denne “kjukling” episoden:

Intervjuar: Men du snakka du var i Bergen og så var det han der som skulle kjøpa den der “kjuklingen”.

Inf 28: Mm.

Intervjuar: Då var det, var det fleire sånne, var det fleire sogndøler med då eller var det?

Inf 28: Nei, det var fåe sogndøler, så det var mest han som sna.

Intervjuar: Var han aleine som snakka sånn?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Og de andre de, de snakka ikkje sånn som han?

Inf 28: Det stemmer.

Intervjuar: Sånn at då kunne de på ein måte

Inf 28: Le litt av han då. Det er litt stygt då men.

Intervjuar: Ja, men då var de på ein måte meir, hadde de meir sympati med ho eller han som stod bak disken då

Inf 28: Nei.

Intervjuar: – at han heller ikkje forstod?

Inf 28: Eg hadde mest sympati for han som sa “kjukling”.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det var liksom at han dreit seg så litt ut.

I denne dialogen med informant 28 seier ho at dei hadde sympati med han som sa “kjukling”. Samstundes lo ho av han og tykte han “dreit seg litt ut” ved å oppføra seg som “bonde i byen”. Det rasjonelle argumentet om forståingsproblem vert difor litt sekundært. Affektivt sett illustrerer denne episoden at det kan sjå ut som om informant 28 eigentleg synest sogndalsdialekten er litt mindreverdige i møte med storbyen og storkulturen.

Informant 9, guten, ser ut til å ha lite sympati for tilpassing av talemålet etter situasjon, medan dei to jentene anten har eit språk som kan brukast i alle situasjonar, inf. 28, eller justerer det i møte med andre talemål, inf. 5.

### 6.5.6 Estetisk vurdering av sogndalsdialekten

Både informant 5 og 9 seier at dei har høyrte folk seia at dialekten deira er fin, og at dei såleis har hatt mange positive opplevingar og fått mange positive tilbakemeldingar på språket. Informant 5 var ikkje så glad i dialekten sin for nokre år sidan, men har no endra syn til det positive. Dette trur ho hovudsakleg skuldast at ho er blitt eldre og har sett ting, i tillegg til at andre har gjeve ho positiv respons på talemålet og sogndalsdialekten.

Intervjuar: Er det nokon som tykkjer at sogndalsdialekten er stygg eller mindreverdige? Har du opplevd det?

Inf 05: Nei, eg har opplevd berre at, at det er mange folk som synest sogndalsdialekten er veldig fin då.

Intervjuar: Ja.



Inf 05: Ja, det har eg, men ikkje noko sånn stygg eller noko sånn. Men eg opplevde at det er ofte. Altså før hugsar eg det då eg var litt mindre, då syntest eg ikkje det var så fint liksom.

Intervjuar: Neivel.

Inf 05: Men no, ja.

Intervjuar: Kor stor var du då, då du meinte det?

Inf 05: Nei, sjette eller sjuande klasse kanskje.

Intervjuar: Ja, kva som gjorde at du forandra meining då?

Inf 05: Til det positive att liksom?

Intervjuar: Ja?

Inf 05: Eg veit ikkje heilt. Eg har, eg har ikkje tenkt så mykje på det liksom. Eg, eg har jo alltid snakka sogning, så kvifor skal eg ikkje lika det, he, og

Intervjuar: Nei.

Inf 05: – og andre som kjem her, dei seier jo at det er veldig fin dialekt

Informant 5 er her inne på at ho har endra syn. Også for to og eit halvt år sidan såg det ut som om dette “gamle synet” sat litt i:

Intervjuar: Men me snakka saman for eit par år sidan,

Inf 05: Ja.

Intervjuar: – ja, så sa du at du syntest sogndalsdialekten kanskje var litt herry viss dei prata, prata veldig breitt.

Inf 05: Sa eg det ja?

Intervjuar: Ja.

Inf 05: He, he, he, ja.

Intervjuar: Kva seier du om det i dag?

Inf 05: Nei, det synest eg ikkje.

Intervjuar: Synest ikkje du?

Inf 05: Nei.

Intervjuar: Så du har forandra meining?

Inf 05: Ja, då har eg sikkert forandra meining.

Intervjuar: Kvifor trur du du meinte det den gongen då?

Inf 05: Nei, eg veit ikkje eg. Det kan jo henda fordi at. Nei, eg har ikkje peiling, he, he, har ikkje peiling, he, he, he.

Intervjuar: He, he.

Inf 05: Harry ja, ja, he, he, he, åh. Sånn er det. Nei, det synest eg ikkje er noko herry. Det trur eg ikkje. Eg veit ikkje kvifor eg syntest det då heller.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: Det kan jo henda at det var, nei, veit ikkje. Hm.

Intervjuar: Du meinte det kanskje litt då, men du veit ikkje kva som har ført til at du ikkje meiner det lenger?

Inf 05: Nei, eg, eg har blitt eldre.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Eg har jo sett ting sånn så, kanskje fått eit litt anna syn på det enn kva eg hadde det då.

Intervjuar: Ja, kva trur du som har forandra synet ditt då?

Inf 05: Det veit eg ikkje.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: Det er berre eg sjølv, korleis eg har sett språket og korleis, ja, det er jo ofte sånn altså det er jo kjekt å høyra når andre seier “Ja, du snakkar fint. Du kjem vel derifrå” sant?

Intervjuar: Har du fått mange sånne kommentarar då?

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Kan du fortelja nokon sånne episodar du hugsar?

Inf 05: Nei, sånn mattelæraren min her oppe, han synest det er så fint med sogndalsdialekt.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 05: Og seier ja, “snakkar så fint” og. Det er jo

Intervjuar: Mm.

Inf 05: – ein episode, og eg har jo høyrte andre òg, men eg kan ikkje

Intervjuar: Ja akkurat.

Inf 05: – hugsar dei akkurat.

Intervjuar: Då føler du at det er ikkje berre språket ditt han, men du føler heile deg blir

Inf 05: Ja.

Intervjuar: – positivt?

Inf 05: He, he, jada. Det.

Intervjuar: Så då er det litt sånn forbindelse mellom deg og

Inf 05: Ja.

Intervjuar: – måten å snakka på?

Inf 05: Ja, det blir jo på ein måte det, mm.

Det kan verka som om både kognitive og affektive faktorar har fått informant 5 til å endra syn på sin eigen dialekt.

Informant 9 tykkjer sogndalsdialekten er den finaste dialekten han veit om, truleg av di det er den han er vaksen opp med, og av di han har høyrte andre seia at det er flott å prata sogndøl.

Intervjuar: Er det nokon annan du har møtt som du oppl, som høyrest ut som dei tykkjer sogndalsdialekten er stygg eller mindreverdig eller?

Inf 09: Æh, nei, det trur eg ikkje. Dei fleste tykkjer vel han er passeleg stilige. Me pratt, me gjekk forbi ei jente inni Oslo. Ho gjekk bak oss, eg og dalingane gjekk då veit du. Og då er det fæla prat. Då høyrer du det lang veg

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – når dei pratar.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Så då sa ho, kom ho hit då så sa “kul dialekt” sa ho då

Intervjuar: Ja vel.

Inf 09: – så gjekk ho vidare liksom.

Intervjuar: Ja, korleis reagerte de på det då?

Inf 09: Nei, me tykte no det var veldig stilig då.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Dalingane meinte dei hadde fått seg fans då så det.

Intervjuar: Å, ja, ja.

Inf 09: Dei tykte det var tøft.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Du skil deg litt ut når du går og pratar høgt sogndøl inni Oslo då.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Det er moro det.

Positive opplevingar og tilbakemeldingar på dialekten ser ut til å auka sjølvbiletet og sjølvkjensla, og informant 9 er tydeleg glad i dialekten sin:

Intervjuar: Kva er den finaste dialekten du veit om då?

Inf 09: Finaste dialekten, det blir vel litt vanskeleg å seia eigentleg. Det er vel, eg vil no he, seia at det er sogndalsdialekten i grunnen.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Tykkjer vel sjølv din eigen dialekt er best.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Så

Intervjuar: Kvifor det då meiner du?

Inf 09: Nei, men det er vel det du alltid har vakse opp med då. Det er det du har fått høyrte hjå andre og lært at det er den flottaste dialekten og.

Intervjuar: Andre har sagt det til deg?

Inf 09: Ja.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Det er flott å prata sogndøl seier dei, så.

Informant 28 tykkjer derimot ikkje at sogndalsdialekten er noko fin, og ho hevdar at folk i byen ser rart på ein når ein snakkar sogndalsdialekt av di dei ikkje forstår.

Intervjuar: Er det nokon som tykkjer sogndalsdialekten er stygg eller litt mindreverdige? Har du opplevd (uforståeleg)

Inf 28: Ja, du høyrer folk som er frå byen då som seier at “Herregud, kva du snakkar liksom”.

Intervjuar: Mm.

Inf 28: Så dei ser liksom merkeleg på deg når du går forbi og snakkar liksom heilt sånn rart. Det høyrest jo litt, altså det høyr, dei skjønar jo ingenting så.

Intervjuar: Er det så veldig forskjellig at dei ikkje forstår noko?

Inf 28: Ja, det er nokon som forstår ingenting.

Intervjuar: Er det

Inf 28: Berre ser dumt på deg liksom kva du, kva du er for noko.

Intervjuar: Er det bergensarar då, eller? Du seier byen du?

Inf 28: Nei, Oslo

Intervjuar: Å, ja.

Inf 28: – er meir.

Endå ein gong ser me her døme på korleis informant 28 skyt fram kognitive forklaringar i staden for affektive. Ho er i sitatetet over i ferd med å seia noko om korleis det høyrest ut å snakka (affektivt) sogndalsdialekt, då ho avbryt seg sjølv og i staden kjem med ei rasjonell (kognitiv) forklaring som gjeld forståingsaspektet.

Når me kjem inn på enkelttrekk i dialekten, synest informant 5 at alle trekka er greie, sjølv om ho ikkje bruker eller ynskjer å bruka alle sjølv. Ho forklarar dette ut frå vane og med at ho aldri har snakka slik, og difor heller ikkje vil gjera det. For informant 9 er det viktig å bruka dei lydane som han meiner kjenneteiknar sogndalsdialekten mest, slik som *ao*-lyden, “saukjan”, “heure”, “badl”, “saing” og den tronge *i*-lyden. Informant 28 synest ikkje det er noko bra med sogndalsdialekten. Ho reagerer automatisk og spesielt på *ao*-lyden og den tronge *i*-lyden av di desse gjer språket så breitt.

Intervjuar: Æh, kva synest du om *ao*-lyden, sånn som i “språk” og “baot”?

Inf 28: Det høyrest litt merkeleg ut, he.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Eg plar ikkje seia den så veldig masse.

Intervjuar: Nei.

Inf 28: Eg seier “språk”, sånn at “baot” det, det er litt merkeleg for meg.

Intervjuar: Ja, sjølv om du har høyrte den rundt deg frå du var lita?

Inf 28: Ja, berre eg reagerer automatisk på det når eg høyrer det liksom.

Intervjuar: Ja, korleis reagerer du då?

Inf 28: Nei, eg tenkjer, å, ja ho seier he, ho snakkar breitt sogndøl liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Då tenkjer eg at då ho er kanskje ifrå Dalen eller noko sånt.

Intervjuar: Frå Dalen?

Inf 28: Ja, for dei snakkar breiare enn

Intervjuar: Ja.

Inf 28: – her nede (uforståeleg)

Intervjuar: Mm, men synest du det er ja, kva meir kan du seia om liksom reaksjonen din?

Inf 28: Nei altså, det er jo fint at dei held på dialekten.

Intervjuar: Men du kunne ikkje tenkja deg å preika sånn?

Inf 28: Kunne aldri ha tenkt meg å (uforståeleg) sånn.

Intervjuar: Kvifor ikkje det?

Inf 28: Eg synest kanskje ikkje det er så fint.

Intervjuar: Nei, altså fint sånn reint sånn pent på ein annan måte sånn

Inf 28: Ja, pent uttalen.

Intervjuar: – som noko du likar eller pent sånn liksom sånn statuspent?

Inf 28: Nei, ikkje statuspent, tenkte liksom

Intervjuar: Vakkert,

Inf 28: – vak

Intervjuar: – ikkje vakkert er det det du meiner?

Inf 28: Mm.

Trass i at informant 28 prøver å velja rasjonelle forklaringar på kvifor ho ikkje likar sogndalsdialekten, seier ho av og til ting som viser korleis ho affektivt er innstilt mot dette målet, t.d. når ho som i sitatet nedafor seier at det høyrest slaur ut:

Intervjuar: Kva som er dumt, teit med han då?

Inf 28: Så breitt.

Intervjuar: Ja, kva du meiner når du seier det er breitt?

Inf 28: Det høyrest så slaur ut på ein måte, altså.

Intervjuar: Ja, ja.

Inf 28: (uforståeleg), – men viss det er ein slask liksom, og i tillegg snakkar han sogndalsdialekt, så blir det liksom sånn

Ho har òg ei klar oppfatning av kva slags trekk som er spesielt stygge:

Intervjuar: Er det nokon spesielle trekk i sogndalsdialekten du synest er stygge?

Inf 28: Det er vel kanskje den tronge *i*-en,

Intervjuar: Ja.

Inf 28: – og så desse dao- og pao- lydane.

Intervjuar: Mm, men dei spesielt?

Inf 28: Ja, det er vel helst dei.

Intervjuar: Slik som “heure” og “kjeure” som me snakka om i stad då?

Inf 28: Det er ikkje så gale.

Intervjuar: Nei.

Inf 28: Dei blir på ein måte ikkje så breie.

Ein del av dei andre trekka kan ho likevel synast er stilige, men ho kunne aldri ha tenkt seg å snakka slik sjølv. Sogndalsdialekten er etter hennar syn altfor brei, men hafslodialekten seier ho, er endå breiare og difor også endå styggare.

Medan informant 5 og spesielt informant 9 synest sogndalsdialekten er fin, synest informant 28 ikkje noko om dette talemålet. Informant 5 har pga. positive kommentarar til talemålet sitt vorte meir positiv enn ho var for nokre år sidan, men er litt restriktiv til dei aller “breiaste” formene, medan informant 9 tykkjer desse må med for å synleggjera dialekten. Det estetiske synet til dese tre informantane heng såleis nøye saman med korleis dei sjølve snakkar.

### 6.5.7 Tilhøvet mellom talemål og skriftspråk

Både informant 5 og inf. 28 skriv <vi> og *e*-infinitiv, mens informant 9 skriv <me> og *a*-infinitiv. Denne påverknaden har truleg kome i grunnskulen, og informant 28 har begge desse trekka i talemålet sitt, medan informant 5 har *a*-infinitivar, men seier ofte “vi”. Dialogen med informant 28 nedafor, som er gjort etter at ho byrja på vidaregåande skule, viser at kva former lærarane formidlar i grunnskulen, truleg spelar ei viktig rolle for kva status dei ulike formene får.

Intervjuar: Korleis lærde de å skriva, når de lærde nynorsk, lærde de å skriva “vi” eller “me” eller?

Inf 28: Me lærde å skriva, i alle fall på ungdomsskulen så lærde me at me skulle skriva “me”.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 28: Men på barneskulen så var det litt forskjellig. Det var, dei fleste trur eg skreiv “vi”.

Intervjuar: Av lærarane?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Sånn at dei skrei, skreiv på ein måte, men no er det jo nesten påbode at me må skriva “me”. I alle fall på vidaregåande.

Intervjuar: Mm.

Inf 28: Han som me har, seier at me må skriva “vi” eller “me”.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Men han som, eller ho som me hadde på barneskulen, sa at me kunne eller skulle skriva “vi”.

Intervjuar: Sa ho det?

Inf 28: Ja, så det er litt forskjellig.

Intervjuar: Ja, men sånn som infinitivar då? Skulle dei enda på *a* eller på *e*?

Inf 28: Han meiner at me skulle ha dei på *a*.

Intervjuar: Han som de har no?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Er han herifrå?

Inf 28: Mm.

Intervjuar: Han er ifrå Sogndal?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Men tidlegare då?

Inf 28: Då var det både *e* og, *e* og *a*.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det var ikkje ein så veldig nøyen på.

Informant 5 og 9 skriv nynorsk no og seier dei alltid vil gjera det, medan informant 28 skifta til bokmål då ho kom i 8.-klasse av di ho hevdar det var enklare og gav henne færre feil. Informant 5 seier ho støttar nynorsken av di ho ikkje vil at bokmålet som dominerer i tv og radio, skal få ta heilt over, men ho er for at me skal ha begge skriftmåla.

Intervjuar: Kva tykkjer du om ny, nynorsk då som skriftspråk?

Inf 05: Det synest eg òg er veldig bra. Eg støttar nynorsken.

Intervjuar: Så du vil alltid sna, alltid skriva nynorsk?

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Du vil ikkje slå over til å

Inf 05: Nei, det vil eg ikkje gjera.

Intervjuar: – begynna med bokmål?

Inf 05: Eg vil alltid skriva nynorsk.

Intervjuar: Sjølv om du, sjølv om du flyttar og skal begynna å studera ein annan plass òg?

Inf 05: Ja, nei då trur eg kjem til å eg trur, for eg veit jo ikkje, men

Intervjuar: Nei.

Inf 05: – eg trur i alle fall eg kjem til å fortsetja å skriva nynorsk ja.

Intervjuar: Kva er viktigaste argumenta dine for det?

Inf 05: Kva er viktigaste argumenta? Nei, fordi at eg synest me skal halda på nynorsken no når me har han, at ikkje bokmålet skal ta heilt over.

Intervjuar: Mm.

Inf 05: For det er jo den me ser mest av i tv og i radio, utanom lokalradioen og slik då.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Nei, eg synest, eg synest me skal ha nynorsken.

Intervjuar: Kva synest du om bokmålet då?

Inf 05: Eg synest me skal ha det òg, he, he.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Eg synest me skal ha nynorsk og bokmål. Det synest eg.

Når det gjeld retting på talespråket, synest informant 5 det er greitt å bli retta på dersom nokon seier *sj*-lyd i staden for *kj*-lyd, men ikkje dersom dei har *å*-lyd i staden for *ao*-lyd. Dette vil vera rettingar som er heilt i tråd med skriftspråket. Det kan såleis sjå ut til at informant 5 gjev skriftspråket høgare status enn talespråket.

Intervjuar: Synest du at ein skal retta på måten dei snakkar på? Synest du lærarar eller foreldre skal retta på ungane sine når dei snakkar?

Inf 05: Ja, viss det er, altså til ein viss grad.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Dei kan ikkje gå og retta på dei heile tida, men viss

Intervjuar: Nei.

Inf 05: – dei snakkar, så kan dei godt gjera det liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Litt sånn.

Intervjuar: Kva, kva type ting kan dei retta på då synest du? Viss dei seier “sjøken” eller?

Inf 05: Ja,

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Då synest eg dei kan seia “kjøken” og he, he, ja, det synest eg dei kan retta på og “kino” og ikkje “sjino” og.

Intervjuar: Ja, andre ting? Viss dei seier “språk” og ikkje “spraok”?

Inf 05: Nei, det synest eg ikkje.

Intervjuar: Då skal ikkje dei få høyra noko?

Inf 05: Nei,

Intervjuar: Nei.

Inf 05: – eg synest ikkje det, fordi at det er jo noko som heiter “språk” liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Ja, he, he, he, he.

Intervjuar: He, jah, skriftspråk.

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Du skriv sånn.

Inf 05: Ja.

Informant 9 likar ikkje nynorsk av di det er så mange løgne og ukjende ord der. Bokmål er av di det er så utbreidd i media og på Internett, enklare å bruka seier han. Han vil likevel alltid halda seg til nynorsk som hovudspråk, for det språket er laga for dei med dialekt, og han snakkar jo dialekt. Han svarar ja, når eg spør om han føler at det då pliktar å snakka dialekt.



Intervjuar: Kva tykkjer du om nynorsk då som skriftspråk?

Inf 09: Nynorsk?

Intervjuar: Ja?

Inf 09: Nei, den, den likar eg ikkje. Eg har aldri likt å skriva nynorsk.

Intervjuar: Neivel.

Inf 09: Det, det er så mange løgne ord der liksom.

Intervjuar: Er det det?

Inf 09: Føler ikkje heilt at det blir rett å skriva. Då skriv eg faktisk, faktisk skriv betr, skriva betre bokmål enn nynorsk.

Intervjuar: Javel.

Inf 09: For at nynorsk er så mange ukjende ord faktisk. Skal vel eigentleg vera kjende, men dei er faktisk mange ukjende ord.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Men, det må faktisk øva seg inn å skriva nynorsk.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Sjølv om eg er herifrå, så tykkjer eg er ikkje enk, det er ikkje så enkelt å skriva nynorsk.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Men æh, skal no absolutt skriva det, så får no berre vera, he.

Intervjuar: Så kva tykkjer du om bokmål altså?

Inf 09: Nei, eg tykkjer bokmål som skrift er nok best, tykkjer eg. Det er enklast å lesa i alle fall.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: For du får det jo att i alt, i media og tv og.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Internett og alt, der alt står på bokmål.

Trass i negativ innstilling til nynorsk, har han likevel gode argument for å halda fram med å skriva det:

Intervjuar: Kva som er ditt hovudspråk då?

Inf 09: Det er jo nynorsk.

Intervjuar: Skal du nokon sinne skifta eller?

Inf 09: Nei, eg kjem nok alltid til å bruka nynorsk.

Intervjuar: Kvifor det?

Inf 09: Nei, det jo, det jo sånn. Det er det språket som er laga for dei med dialekt då.

Intervjuar: Ja?

Inf 09: Det er jo alle dialektane er blitt samla til eitt språk,

Intervjuar: Mm.

Inf 09: – og det er jo nynorsk.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Og eg pratar jo mi dialekt, og då lyt eg nesten bruka nynorsk då.

Intervjuar: Føler du deg forplikta til det?

Inf 09: Ja,

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – det gjer eg nok, men eg har ikkje noko imot å lesa bokmål og sånt.

Informant 5 ser ut til å ha nynorsk som ei rettesnor, og informant 28 har valt bokmål som sitt hovudspråk. Ut frå korleis dei snakkar, gjev òg desse vala god støtte for mange av formene. For informant 9 er derimot skrift og tale to klart åtskilte fenomen, noko som sitatet nedafør viser:

Intervjuar: Korleis, kven trur du det er som påverkar språket ditt mest då?

Inf 09: Nei, det er vel, det er vel dei rundt meg, venene og familien trur eg. Det er vel dei som påverkar språket mest.

Intervjuar: Ja, så tv og radio og bøker og?

Inf 09: Det påverkar meg, det påverkar skrifttypen min, men ikkje, ikkje dialekten.

Intervjuar: Neivel.

Inf 09: Det kan ikkje det.

Intervjuar: Nei, nei.

Inf 09: Så det.

Ingen av informantane seier at dei har lært noko om sogndalsdialekten på skulen, men dei synest at dei godt kunna ha fått visst litt om han der. Eg vil tru at opplæring om eigen dialekt vil vera med å auka statusen til talespråket og såleis òg styrkja sjølvkjensla til brukarane.

### 6.5.8 Språkleg medvit

Dei tre informantane hevdar sjølve at dei ikkje er spesielt opptekne av språk eller dialektar, men dei synest at det er viktig at dei som veks opp i Sogndal, tek vare på sogndalsdialekten.

Intervjuar: Synest du det er viktig for ein sogndøl å ta vare på mest mogleg av sogndalsdialekten?

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Kva, kva ein bør ta vare på då?

Inf 05: Altså i sogndalsdialekten?

Intervjuar: Ja?

Inf 05: Det som kjenneteiknar mest.

Intervjuar: Ja, dei formene me har snakka om no då som?

Inf 05: Dei

Intervjuar: Er det nokon former der som er viktige?

Inf 05: Du har denne “ao”.

Intervjuar: *Ao*-lyden?

Inf 05: Den er jo i “stao no pao” sant. Den

Intervjuar: Ja.

Inf 05: – er jo veldig he, kjend liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Så det, den er no viktig, men dei andre òg er jo viktige

Intervjuar: Ja.

Inf 05: – liksom ja.

Informant 9 har dette synet:

Intervjuar: Synest du er viktig for ein sogndøl å ta vare på mest mogleg av sogndalsdialekten?

Inf 09: Ja, det tykkjer eg er viktig.

Intervjuar: Kva som er mest viktig i tilfelle då å ta vare på?

Inf 09: Det er vel å ta vare på det, æh, den breie måten å snakka på liksom, bruka *r*-en veldig mykje.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Og ikkje formilda då, lite vetta, lite vetta om til æh, bokmålsdialekt.

Intervjuar: Men dei trekka me snakka om no då, av dei trekka er det nokon av dei som er viktigare enn andre?

Inf 09: Ja, det er vel denne *ao*-lyden, “dao” og så “mao” og

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Det er vel den viktigaste trur eg.

*Ao*-lyden ser både for informant 5 og 9 og mange andre informantar (jf. tabell 6.27 og 6.28) ut til å vera sjølv hovudmarkøren på sogndalsdialekten.<sup>115</sup> Informant 5 seier elles at bruk av dialekt viser kvar ein kjem frå, og ho gjev ei forklaring på kva ho meiner ligg i det å snakka breitt:

Intervjuar: Kva slags trekk av sogndalsdialekten kan ein bruka utan at ein kan seia at ein snakkar breitt?

Inf 05: Nei, eg veit ikkje eg.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: “Ao, pao”.

Intervjuar: Du kan ha det?

Inf 05: Du snakkar ikkje, du snakkar ikkje så veldig breitt når du gjer det.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: “Pao” og sånt, det synest eg ikkje.

Intervjuar: Men kva slags trekk må du ha for å liksom bli veldig brei då?

Inf 05: Æh, nei det er sånn der “Rima” og “in” og

---

<sup>115</sup> Akselberg såg at *ao*-lyden fungerte som hovudmarkør for vossamålet (jf. Akselberg 2002a: 95 – 96).

Intervjuar: Javel, mm.

Inf 05: Ja, sånne ting.

Dei veldig breie formene informant 5 nemner her, er dei tradisjonelle variantane innafor variabel 1 og 24, former ho har høyrte bestefaren bruka. Ho er ikkje interessert i å bruka desse formene sjølv, men hevdar at ho ikkje synest det er noko negativt med dei.

Informant 9 sin definisjon på kva det vil seia å prata “ordentleg”, liknar litt på det å snakka “breitt” hjå informant 5.

Inf 09: Han pratar vel heilt ordentleg sogndalsdialekt.

Intervjuar: Kva du seier når han snakkar ikkje-ordentleg og? Kva vil det seia å snakka ordentleg då? Kva meiner du med det?

Inf 09: Es, nei ikkje-ordentleg, då rundar dei av orda lite vetta kanskje. Du høyrer at dei seier ikkje “rao” og “dao” og “nao”. Dei seier kanskje “då” liksom

Intervjuar: Javel.

Inf 09: –“då” og “nå” og kanskje av og til lite vetta sant,

Informant 9 meiner at ein bør ta vare på mest mogleg av den breie sogndalsdialekten, dvs. *ao*-lyden og det å bruka *r*-en mykje. Utan å bruka fagterminologi viser informanten òg at han har oppfatta at sogndøler vekslar mellom ein palatal plosiv og ein palatal affrikat.:

Intervjuar: Æh, æh formene “saukjan” og “akjan” og “nikjan” då?

Inf 09: Ja, då, der har du jo. Det er jo Sogndal,

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – sogndalsdialekt.

Intervjuar: Ja, ja.

Inf 09: Men du kan jo mildna det opp lite vetta ved å seia, du kan seia “sautkjan, atkjan, nitkjan” eller seia “saukjan, akjan, nikjan”. Det er stor forskjell på det.

Skilnaden mellom palatal plosiv og palatal affrikat er usynleg i ortografi og som tal og viser at informant 9 både er ein svært god observatør og ein god auditiv analytikar av variasjon i sogndalsdialekten.

Informant 28 meiner òg at det er dei breie trekka ein bør ta vare på, og spesifiserer dette med *ao*-lyden, den tronge *i*-lyden og ein “mørk” uttale av orda. Ho seier elles at det viktige med dialekt, er at det viser kvar ein kjem frå, gjev ein eigen personlegdom, seier noko om tradisjonen og ein sjølv, og bruk hindrar at dialekten døyr ut.

Intervjuar: Æh, synest du det er viktig for ein sogndøl å ta vare på mest mogleg av sogndalsdialekten?

Inf 28: Det er jo viktig fordi at altså det dialektar det, det seier noko om deg sjølv.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det seier noko om kvar du er frå, kva slags tradisjonar du har.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Sånn at det er litt viktig for ein sogndøl å ta vare på den dialekten dei snakkar.

Sånn at den ikkje skal døy ut.

Intervjuar: Kva er det i tilfelle ein bør ta vare på då av, no har me vore inne på ein del trekk?

Inf 28: Ja, for eksempel i skuleform og sånn og du snakkar for ein stor forsamling. Når du er i tv, når du er i media.

Intervjuar: Ja, men kva slags former i sogndalsdialekten meiner du er viktige å ta vare på?

Inf 28: Ja, “pao” “dao” og

Intervjuar: Ja, er ikkje det noko anna?

Inf 28: – den tronge *i*-lyden og.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Ja, det er vel eigentleg det.

Intervjuar: Det er dei viktigaste?

Inf 28: Ja, det meiner eg og så kanskje denne måten dei seier orda på liksom.

Intervjuar: Kva du tenkjer på?

Inf 28: De har liksom sånn mørk uttale på orda.

Intervjuar: Mørk uttale på orda?

Inf 28: Ja. Sånn som viss du skal seia “den” så er det “denna” og.

Intervjuar: Ja.

Nok ein gong bruker informant 28 rasjonelle, kognitive argument for kvifor ein bør ta vare på sogndalsdialekten. I den samanhengen ser ho på det eldste, det som ber i seg mest av tradisjonar, som det beste. Ho tek ikkje vare på det sjølv i praksis, men på det kognitive planet bruker ho denne retorikken. Dette synet om å ta vare på det eldste av det gamle, fell truleg òg godt saman med den tankegangen ein har på museet, der ho av og til arbeider.

Alle dei tre informantane er positive til dialektalt mangfald i landet, men òg opne for engelske lånord. Jentene seier likevel at det òg er litt negativt viss dei utanlandske orda kjem i eit konkurranseforhold til dei norske orda. Informant 9 synest derimot det viser evne til litt modernisering og til å “sprita” opp språket.

Intervjuar: Kva synest du om at det kjem inn såne engelske lånord i dialekten då eller i språket?

Inf 09: Æh, nei, det tykkjer ikkje eg er så fæle nøye.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Det får no eigentleg berre vera.

Intervjuar: Det kan berre vera?

Inf 09: Ja, det vil no berre seia at me prøver å modernisera oss litt, lite vetta.

Intervjuar: Jaha.

Inf 09: Kan ikkje berre bruka gamaldagse, gamaldagse ord,

Intervjuar: Er dei, er dei

Inf 09: – berre du ikkje, berre du ikkje går heilt vekk ifrå dialekten i heile teke.

Intervjuar: – er dei nyare dei som kjem inn frå engelsk då?

Inf 09: Ja, dei er vel i grunnen det for oss.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Det er vel kanskje ikkje det for dei,

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – men. For oss er det jo spritar det litt opp dialekten ved å bruka litt engelske ord.

Kanskje informant 9 sin velvilje til engelske lånord er litt som synet hans på nynorsk, nemleg at nynorskord og gamle dialektord kan vera vanskelege å forstå. Slik eg ser det, kan ungdomane ved å ta inn engelske ord, favorisera sin eigen notidsgenerasjonen. Det er dei som har lært dette språket, og det er difor dei som er ekspertane her. Så lenge strukturen i dialekten held seg og lydverk og formverk er intakt, kan det henda informant 9 ikkje ser nokon fare med at slike ord kjem inn. Informant 28 synest ord som er litt “gjennomsiktige” og gamle, er humoristiske ord, dvs. gamle dialektord eller ord frå gamalnorsk.

Intervjuar: Ja. Kjenner du til nokon andre nordiske språk? Islandsk har du noko kjennskap til det?

Inf 28: Det blir liksom gamal, sånt gammalt liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Sånn at eg ville aldri snakka sånn, sånn dialekt.

Intervjuar: Men er eit språk som er gammalt mindre verd eller styggare enn, enn

Inf 28: Nei,

Intervjuar: – eit som er nyare?

Inf 28: – det er jo ikkje det. Men det blir liksom meir morosamt, for det er fåe som snakkar det.

Intervjuar: Så gammalt språk er meir morosamt?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Så når de har om gamalnorsk, så er det morosamare enn engelsk på ein måte?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Meir humoristisk morosamt?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Kvifor det trur du? For det er jo ord du ikkje skjønar i eit språk som engelsk òg?

Inf 28: Ja, men det blir sånn at det, det med gamalnorsk då har du sånn uttale så du kan på ein måte gissa deg til kva det betyr.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Så då er det morosamt når du høyrer liksom heilt dei to variasjonane av same ordet på ein måte.

Intervjuar: Er det sånn liksom på, på dialekt, på sogndalsdialekten òg at eit ord som du ikkje bruker, høyrer morosamt ut der,

Inf 28: Ja.

Intervjuar: – mens eit ord som du ikkje kjenner frå engelsk, som du heller ikkje skjønar og bruker, ikkje er morosamt?

Inf 28: Engelsken fordi at det når du ikkje skjønar det, så er ikkje det morosamt. Mens sognedialekten så det skjønar du på ein måte kva han betyr, så då er det morosamt.

Også her får ein lett eit inntrykk av at informant 28 har ei haldning om at det gamle ved eit språk kan vera “kjekt” å ta vare på, men ikkje er “tøft” nok eller har “prestisje” nok til å bli brukt i dag. Trass i at eg som intervjuar styrte med dei presise spørsmåla og ofte fekk informantane til å ta stilling til mine formuleringar, tolkar eg informant 28 dit at ho har eit litt nedlatande syn på gamle tradisjonelle trekk.

Alle dei tre informantane har ein del refleksjonar kring dialektale trekk. For informant 9, guten, er det viktig å bruka dei tradisjonelle trekka sjølv. For informant 28 er det viktig å ta vare på dei tradisjonelle trekka sjølv om ho ikkje har interesse av å gjera det sjølv, og for informant 5 ser det ut til å vera ein mellomposisjon om ikkje å skilja seg for mykje ut verken i den eine eller den andre retninga, som er det beste.

### 6.5.9 Subjektiv norm

Informant 5 har heile familien sin frå Sogndal, og ho trur dei ville ha reagert dersom ho hadde snakka annleis.

Intervjuar: Synest du det er viktig å bruka sogndalsdialekten når du snakkar med familien?

Inf 05: Jaa, kvifor ikkje? No, altså heile familien min kjem jo herifrå.

Intervjuar: Ja. Kunne du ha snakka annleis med dei? Hadde dei reagert då viss du hadde snakka annleis med dei?

Inf 05: Ja, det trur eg.

Intervjuar: Kva trur (uforståeleg)

Inf 05: Då trur eg dei hadde reagert med at, viss eg ikkje hadde snakka sogning liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Ja, nei. “Nei, kva du snakkar for noko no då?” hadde dei sikkert sagt

Intervjuar: Ja, ja.

Inf 05: – eller noko sånt.

Likevel føler ho det ikkje som noka plikt eller forventning å snakka sogndalsdialekt, for ho har blant anna eit syskenbarn som har flytta hit og som snakkar bokmål. Ho trur at venene forventar at ho skal snakka sogndalsdialekt, og meiner at den dialekten er best å bruka når ein skal representera Sogndal.

Informant 9 bruker berre sogndalsdialekt, og tykkjer det er viktig at borna lærer den frå dei er småe. Han trur foreldra ventar at han skal snakka som dei, og synest foreldra godt kan retta på ungane viss dei bruker bokmålsord.

Intervjuar: Æh, korleis trur du foreldra dine forventar at du skal snakka?

Inf 09: Dei forventar vel at eg skal snakka slik som dei, trur eg.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Og det er vel berre slik.

Intervjuar: Du har ikkje, dei har ikkje sagt noko nokon sinne altså?

Inf 09: Nei.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Dei har berre snakka til meg slik dei gjer, og då har vel eg egentleg berre plukka opp, slik som alle ungar gjer.

Intervjuar: Mm.

[...]

Intervjuar: Ja. Meiner du at foreldra skal retta på ungane då?

Inf 09: Ja, dei tykkjer eg bør retta på det.

Intervjuar: Kva dei bør ta føre seg då?

Inf 09: Nei, viss ungane plutseleg begynner og seier kjem med bokmålsord og sånt, så tykkjer eg dei burde seia det til dei at

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – det er ikkje det det heiter liksom.

Intervjuar: Har du opplevd det at?

Inf 09: Æh, nja

Intervjuar: – du har kome med slike ord?

Inf 09: – nei ikkje, ikkje av meg sjølv i alle fall.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Eg har ikkje snakka noko bokmål.

Intervjuar: Nei.

Han fortel òg ein episode som godt illustrerer kor sterke sanksjonane i det sosiale nettverket hans er dersom nokon av venene plutseleg byrjar å snakka annleis.



Intervjuar: Kva, føler du noko sånn slags plikt eller noka forventning om at du skal snakka sogndalsdialekt?

Inf 09: Nei, i grunnen ikkje. Det er vel i grunnen ganske friheit til korleis eg skal snakka men.

Intervjuar: Viss du hadde slege heilt om og snakka heilt annleis?

Inf 09: Nei, det trur eg folk hadde reagert ganske mykje på.

Intervjuar: Dei hadde det ja.

Inf 09: Ja, ja, det

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – ja, det hadde dei ikkje likt noko godt. Me hadde ein i klassen som plutseleg begynte å snakka bokmål faktisk

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – tykte det var mykje tøffare

Intervjuar: Å, ja.

Inf 09: – og finare.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Måtte me til å slå han då så.

Intervjuar: Slå han?

Inf 09: Ja, he, det var eine kameraten min som ikkje likte det så godt, så tok han og slo han (uforståeleg)

Intervjuar: Ja, kva skjedde då då?

Inf 09: Nei, altså “jeg klarer ikke å snakke annerledes igjen” seier han då då.

Intervjuar: Nei?

Inf 09: Til og med lærarane reagerte på det, så.

Intervjuar: Javel,

Inf 09: Ja.

Intervjuar: – så det hjelpte ikkje når de?

Inf 09: Nei, han måtte pent snakka ordentleg att.

Intervjuar: Ja, slo han over til sogndalsdialekt att?

Inf 09: Ja, ja, ja, dette var berre ein pitte liten periode det så.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 09: Ja, men han har jo fortsatt sånne småe ord, slik som dette “vondt” og dette der då.

Intervjuar: Javel, ja.

Inf 09: Så meiner sjølv at han snakkar heilt perfekt sogndøl, men.

Intervjuar: Men hadde han snakka kanskje bokmål i heime då eller i ein annan situasjon, slik at han kunne slå over på dagen, he?

Inf 09: Jah, nei, det trur ikkje eg eg hadde likt så godt faktisk, det.

Intervjuar: Nei, var det som gjorde at han kunne klara det å slå over til?

Inf 09: Æh, nei eg veit ikkje kva som gjorde det. Han er vel litt løgen he slik så. Eg veit ikkje heilt kvifor han gjorde det eg, men.

Intervjuar: Eit prøveprosjekt.

Inf 09: Han tykte vel det var stas å snakka slik då.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Men ingen som meinte han fekk det til noko skikkeleg, så han måtte berre

Intervjuar: Ok.

Inf 09: – snakka ordentleg att.

Intervjuar: Ja, så det var ikkje noko han gjorde i andre situasjonar når han ikkje var med dykk?

Inf 09: Nei, det var ikkje det.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Skulle egentleg berre tøffa seg litt kanskje.

Intervjuar: Mm.

Den episoden informant 9 fortel, viser veldig tydeleg kva sanksjonsmekanismer som kan tre i kraft dersom nokon i kameratflokket bryt med norma. Normene ser ut til å vera internaliserte på ein slik måte at det mest vert oppfatta som ei sosial plikt å straffa denne avvikaren fysisk, jf. bruken av modalverbet <måtte>. Såleis er dette “presset” frå venegjengen truleg òg med på å halda dialekten deira i hevd. Kanskje er det òg slik at dette språklege konformitetspresset verkar sterkare blant gutane enn blant jentene?

Informant 5 gjev uttrykk for at ho språkleg sett kan operera innafor ei nokså romsleg norm, for så lenge ho snakkar sogning, verkar det som om det er ok.

Informant 28 trur både foreldre og vener godtek det språket ho har. Venene kommenterer ingenting, men foreldra og bestemora har vore etter henne for at ho skal slutta å bruka *sj*-lyd for *kj*-lyd. Dette er ho no i ferd med å endra. Tidlegare har ho brukt dette trekket for å provosera, seier ho, men no synest ho det høyrst barnsleg ut. Ho trur elles både foreldre og vener ville ha reagert og trudd ho var “skadd” dersom ho plutselig hadde endra måten å snakka på, og dei ville ha spurt kvifor.

Intervjuar: Korleis æh, forventar foreldra dine at du skal snakka då, trur du?

Inf 28: Eg trur ikkje dei forventar nokon ting som helst. Eg trur dei godtek den dialekten eg snakkar.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Eller dialekt og dialekt, men det språket eg snakkar for å seia det sånn.

Intervjuar: Mm.

Inf 28: Sånn at dei snakkar ikkje noko særleg mykje betre sognedialekt sjølv

Intervjuar: Nei.

Inf 28: – så eg trur ikkje dei har noko bestemt (uforståeleg)

Intervjuar: Nei, men venene dine då?

Inf 28: Nei, dei, dei godtek meg for den dialekten eg snakkar.

Intervjuar: Trur du æh, foreldra dine eller og venene òg for den del hadde reagert annleis viss du plutselig hadde begynt å snakka sogndalsdialekt?

Inf 28: Dei hadde syntest eg kanskje hadde vore litt skadd, fordi at kvifor skal eg plutsleg begynna å snakka annleis når eg har snakka sånn som eg snakkar

Intervjuar: Ja.

Inf 28: – i såpass mange år? Då ville dei sikkert ha reagert og spurt kvifor.

Intervjuar: Å, ja.

Dei einaste som har kommentert den måten ho snakkar på no, er folk som bur i Sogndal og som lurar på kvifor ho snakkar slik ho gjer.

Alle dei tre informantane synest det har vore positivt å vera med i dette prosjektet, og dei trur at det har fått dei til å tenkja litt meir positivt på at det er flott å snakka dialekt, og at det er viktig å ta vare på han. Det er likevel klart at svara deira, når dei veit kven eg er, og kva som er temaet for samtalen, kan vera med å farga dei svara dei gjev. Rolla som forskar og observatør i ein og same situasjon kan vera problematisk av di ein sjølv kan vera med å påverka informanten sitt syn. Sitatet nedafor kan visa korleis informantane opplever dette:

Intervjuar: Har du tenkt noko meir på, på dialekt sidan me snakkast sist trur du eller? Eller begynt å tenkja på det etter at me hadde snakkast sist eller?

Inf 05: Ja, eg hugsar eg tenkte litt på det.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Eg har tenkt litt på det no sidan du ringde liksom og sånt.

Intervjuar: Javel.

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Kva slags tankar har du gjort deg då?

Inf 05: Nei, at me må vel prøva å ta vare på dialektane våre. Det er vel det, eller at vera litt stolte over dialektane og, ja mykje sånn.

Intervjuar: Ja, var det sånn at du sa til deg sjølv “Eg vil vera stolt”, eller var liksom sånn som var naturleg eller?

Inf 05: Nei, det var sånn naturleg at ja.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Mm.

Intervjuar: Ja, vart du litt glad for å bli spurd om å få vera med på dette då er det det som spelte inn

Inf 05: Ja.

Intervjuar: – òg eller?

Inf 05: Det var òg, for det er jo viktig, sant.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Så eg synest, ja, det synest, det vart eg faktisk.

Informant 9 hadde òg gjort seg opp tankar ved å vera med på dette:

Intervjuar: Korleis reagerte du då eg spurde om du ville vera med og snakka ein gong til?

Inf 09: Nei,

Intervjuar: Korleis såg du på det?

Inf 09: – eg tykte no det var heilt greitt nok eigentleg.

Intervjuar: Korleis såg du på det?

Inf 09: Eg såg no på det eigentleg positivt

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – at folk legg merke til dialekten liksom

Intervjuar: Mm.

Inf 09: – og ynskjer å studera han.

Intervjuar: Har du tenkt noko på det sidan du har vore med ein gong før? Har du, trur du du har tenkt noko på dialekten eller meir på dialekten på grunn av det eller?

Inf 09: Ja, det vil eg tru altså, at eg då merka at kanskje dialekten var litt spesiell at.

Intervjuar: Nokon som er opptekne av det?

Inf 09: Ja, nokon som er opptekne av det ja, he, he.

Intervjuar: He.

Inf 09: Så det.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Nei det, det kan stemma.

Intervjuar: Jaha.

Truleg har han trudd at eg ville bruka samtalen til å analysera språket hans:

Intervjuar: Har du gjort deg nokon tankar sidan eg ringde til deg for ei veke sidan då før du skulle ned her?

Inf 09: Æh, nei det har eg vel i grunnen ikkje, tenkjer eg.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Trur ikkje det altså. Eg meinte vel å prata slik eg pratar så.

Intervjuar: Ja, ja.

Inf 09: Ja, så det har eg ikkje tenkt så mykje på.

Intervjuar: Nei.

Og informant 28:

Intervjuar: Har det at du har vore med og snakka om dette no eit par gonger fått deg, gjeve deg nokon tankar om dialekten, eller har du begynt å tenkja på ein annan måte, eller har du?

Inf 28: Ja, du er blitt meir, eg har jo blitt meir vaksen. Eg har fått meir erfaring om det. Eg synest det er viktig at du tek vare på det. Sånn at eg tenkjer jo på at når eg høyrer folk snakka sogndalsdialekten, at det er flott at dei tek vare på det. Men eg høyrer òg at det er folk som at dialekten begynner å bli litt sånn meir utvatna. Det legg du merke til.

Intervjuar: Ja. Kva, kva, æh, vil du snakka, snakka, ville du snakka, ville du ha snakka brei sogndøl eller ein utvatna variant?

Inf 28: Eg ville ha snakka breitt.

Intervjuar: Ville du ha snakka breitt?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Viss du skulle ha snakka sogndøl?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Men

Inf 28: Synest det er den gamle tradisjonen me skal ta vare på.

Intervjuar: Ja. Men du vil ikkje snakka sogndøl i heile teke?

Inf 28: Nei, berre viss eg måtte.

Intervjuar: Viss du måtte?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Kva det var slags press som skulle ha gjeve deg det då?

Inf 28: Nei, det er massevis, stort, he.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Eg veit ikkje. Æh, måtte bli fødd eller noko sånt, eller liksom fødd med folk som snakkar verkeleg kav sogning.

Intervjuar: Så det at du har ein kjærast som snakkar sogndalsdialekt, er ikkje nok

Inf 28: Nei.

Intervjuar: – til at du får lyst å snakka?

Inf 28: Nei.

Intervjuar: Nei, eller at du har vakse opp her?

Inf 28: Nei.

Sjølv ville informant 28 ha snakka breitt dersom ho skulle ha snakka sogndøl, seier ho. Ho skulle likevel ha vore utsett for eit nokså sterkt press før det hadde skjedd, som å bli “fødd på ny” med den “rette” typen foreldre, for ho har eigentleg ikkje lyst.

Når nokon er vande med å høyra dei snakka som dei gjer, ser det ut til at dei vert aksepterte for det same kva slags varietet det er. Eit brått skifte av dialekt vil derimot ikkje vera så enkelt av di dei sosiale nettverka dei er ein del av, ville ha reagert sterkt mot det. Ei dialektal endring må difor truleg heller skje gradvis, eller ved at dei etablerer eit nytt sosialt nettverk. Dersom nokon skal snakka tradisjonell dialekt, verkar det såleis som om det er viktig at dette skjer tidleg i livet.

Det verkar som om alle dei tre informantane har gjort seg opp fleire refleksjonar kring språk og dialekt ved å ha vore med som informantar. Dei ser ut til å ha opplevd meg som stimuli til å få fleire kognitive argument for sogndalsdialekten. Ved å visa interesse for språket deira verkar det òg som om eigenkjensla deira om at språket deira er verdt noko, har auka. I kor stor grad dette har påverka dei svara dei gjev her, er det likevel vanskeleg å måla. Affektivt sett verkar det som om

alle, med unntak av informant 5 som er vorten meir positiv, er konforme med det synet dei gav uttrykk for sist eg snakka med dei, våren 2001.

### 6.5.10 Tilknytning til Sogndal og dialekten

Informant 5 har budd i Sogndal heile livet og ser ingen fordel ved å snakka nokon annan dialekt enn sogndalsdialekten. Ho synest det er bra med nynorsk og dialekt på radioen og fjernsynet.

Intervjuar: Og når du høyrer intervju i fjernsynet og sånn då, nokon snakkar sogndalsdialekt?

Inf 05: Det synest eg òg er bra.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Eller ja, sogndalsdialekt og nynorsk og sånn, eg synest det berre er bra.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: At dei kan få blanda seg litt inn med bokmål.

Som me har sett tidlegare, ser me igjen at det verkar som om nynorsk har vel så høg status for informant 5 som det dialekten har. Sjølv snakkar ho det ho kallar ein “utvatna” variant av sogndalsdialekten, men synest det er greitt, for det har ho alltid gjort.

Intervjuar: Vil du snakka brei sogndøl eller meir utvatna variant?

Inf 05: Eg trur eg snakkar meir utvatna

Intervjuar: Ja.

Inf 05: – variant.

Intervjuar: Kvifor vil du det? Kvifor vil ikkje du snakka sånn brei sogndøl?

Inf 05: Eg veit ikkje heilt, fordi han har, altså det har blitt litt utvatna no i det siste.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Liksom det siste, ja. Og eg har eigentleg alltid snakka litt utvatna trur eg.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Så, difor blir det til at eg har lyst å snakka utvatna òg på ein måte og ikkje heilt slik enormt sogning, liksom, he, he, he, nei.

Intervjuar: Ja, men synest du det er noko negativt med å snakka breitt?

Inf 05: Nei, det synest eg ikkje, men det er ikkje så mange som gjer det.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: Men eg synest ikkje det er noko negativt.

Informant 5 vil av ein eller annan grunn ikkje snakka så “enormt” sogning, som ho kallar det. Ho seier at ho har eit forhold, om ikkje så sterkt, til sogndalsdialekten, og at ho snakkar sogning og

sogndalsdialekt, men ikkje “heilt reint”. Ho hevdar at det ikkje er negativt at andre snakkar breitt, dvs. bruker den tronge *i*-lyden, sjølv om ho ikkje vil snakka slik sjølv.

Intervjuar: Kva forhold synest du at du vil seia at du har til sogndalsdialekten då?

Inf 05: Hm, kva slags forhold eg har til det? Eg har eit forhold, men det er ikkje noko sånn sterkt.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: Det er ikkje det. Eg snakkar litt sånn. Eg snakkar sogning og sogndalsdialekt, men det er ikkje reint. Det er ikkje brei sogning, og det er ikkje heilt reint sogndalsdialekt, men eg snakkar jo det mest, men det blir påverka og det blir putta inn litt ord. Altså eg snakkar jo annleis enn besteforeldra mine

Ho likar godt at folk gjev henne positiv respons på at ho kjem frå Sogndal.

Intervjuar: Ja, føler du deg som ein representant for Sogndal då?

Inf 05: Ja, har budd her heile livet,

Intervjuar: Ja.

Inf 05: – så kvifor ikkje?

Intervjuar: Når du er ute og reiser og kjem til andre plassar, er det då viktig å visa at, eller på ein måte snakka sånn at dei kan plassera deg i Sogndal?

Inf 05: Ja, det er det jo.

Intervjuar: Når dei spør kvar du kjem frå så skal dei

Inf 05: “Å, ja Sogndal ja.”

Intervjuar: – høyra det på språket òg?

Inf 05: Ja, ja, ja.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Nei då. Det er morosamt å sjå. Det er veldig morosamt å snakka til andre (uforståeleg). Det er ofte det berre er “hæ” når du seier sånn som “hina, pina” sånt. Det er sånn. “Kva det betyr for noko?” liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Ja, så det.

Intervju med sogndalsspelarar med sogndalsdialekt etter ein fotballkamp og det å snakka sogndalsdialekt, synest ho er god reklame for bygda.

Intervjuar: Synest du, synest du, kva synest du er så viktig med at folk skal høyra at du kjem frå Sogndal, når du snakkar sogndalsdialekt?

Inf 05: Kva som er viktig med det?

Intervjuar: Ja, kva som er så viktig med det?

Inf 05: Nei, altså, det reklamerer jo litt for bygda på ein måte,

Intervjuar: Å, ja.

Inf 05: – og det synest eg er bra.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: At, fordi altså det er jo veldig mange som veit om Sogndal sidan me har eit lag i tippeligaen og alt sånt så.

Intervjuar: Mm.

Inf 05: Ja, eg synest det er viktig at eg kan reklamera og, så kan eg fortelja at det er veldig fint her i Sogndal og sånt. Så kan det henda at det er fleire som flyttar her eller noko sånt, he.

Intervjuar: Mm, mm.

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Kva er liksom andre trekkplaster du synest er viktig å visa fram her i Sogndal då?

Inf 05: Naturen og fotballen og, ja, naturen og fotballen. Ja.

Intervjuar: Det er spesielt kjekt då når det går bra med fotball-laget?

Inf 05: Ja, ja, ja, det er eg stolt av veit du, he, he, he.

Informant 9 synest det er positivt å høyra ein fargerik dialekt, og han tykkjer det berre er ein fordel å snakka sogning når alle andre snakkar t.d. austlending. Sjølv held han ein knapp på den "breie" varianten av sogndalsdialekten.

Intervjuar: Æh, vil du snakka, vil du snakka breitt sogndøl sjølv?

Inf 09: Ja, i grunnen. Det hadde ikkje eg hatt noko imot.

Intervjuar: Kvifor vil du det då?

Inf 09: Nei, det er vel det eg alltid har lært, og det er vel det eg er vaksen opp med.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Og det blir vel litt annl, løge å prata annleis.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Så det blir no berre slik det.

Han vert stolt når han høyrer intervju med sogndalsspelarar, men likar ikkje at bøndene vert dregne fram som typiske representantar for bygda, av di dette lett byggjer opp under dei fordomaner folk i byane har av at alle på Vestlandet er bønder som går og trakkar i driten. Elles synest han dialekten er tøff og veit ikkje om nokon ulemper med han. Han seier sjølv at han har eit sterkt forhold til bygda.

Intervjuar: Kva slags forhold har du til sogndalsbygda då?

Inf 09: Nei, eg har vel eigentleg sterkt forhold til den altså.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Det, det er jo veldig lang historie eigentleg for bygda. Ho går langt tilbakes og

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Men, ja, eg har bra forhold eller sterkt forhold til den.



Intervjuar: Kva er det du er stolt over her, heri?

Inf 09: Nei, dei, dei meste, dei fleste forventar vel fotball-laget, men

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Dei, eg fylgjer ikkje med så fæle på fotball så.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Men det er vel eigentleg beliggenheiten liksom, det er no. Det er jo flott her, mykje natur og sånt og slikt og.

Informant 28 seier ho har eit greitt, men ikkje noko spesielt forhold til sogndalsdialekten. Ho synest at folk bør halda på den dialekten dei har, men seier samstundes at det er ein ulempe at ein ikkje vert forstått av byfolk. Når ho høyrer folk på lokalradioen med sogndalsdialekt, synest ho ord som “dao” og “pao” gjer at det vert litt for breitt, og at det ikkje høyrst heilt bra ut. Trass i mange positive argument for dialekten, vekker sogndalsdialekten ofte negative assosiasjonar og latter hjå informant 28:

Intervjuar: Kva synest du når du høyrer sogndøler på lokalradioen då?

Inf 28: Det blir litt for “dao”- og “pao”- lydar, synest eg i alle fall. Så eg synest ikkje det, det høyrst ikkje heilt bra ut.

Intervjuar: Nei, kva slags tankar er det du gjer deg når du høyrer det?

Inf 28: Nei, eg har ikkje tenkt så masse over det, men eg

Intervjuar: Nei.

Inf 28: – legg merke til at dei snakkar. Eg synest det er så breitt, for at eg synest ikkje det er så veldig fint.

Intervjuar: Nei. Synest du det blir litt? Begynner du å le eller?

Inf 28: Eg kan begynna å le av og til.

Intervjuar: Er det, det er ikkje fordi at det innhaldet i det dei seier altså, det er måten dei seier det på?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Er du aleine då eller?

Inf 28: Nei, det kan vera andre der òg.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det kan vera foreldra mine.

Intervjuar: Er dei med, ler dei på same måten som deg?

Inf 28: Nei, det gjer ikkje dei, fordi at

Intervjuar: Lurer dei på kvifor du ler då eller?

Inf 28: – ja. Altså dei synest det er fint med sogndalsdialekt.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Sånn at dei synest ikkje det er noko fint å le liksom.

Intervjuar: Blir det ein diskusjon mellom dykk då eller?

Inf 28: Nei.

Intervjuar: Neivel.

Inf 28: (uforståeleg)

Intervjuar: Du har det, har det morosamt for deg sjølv?

Inf 28: Ja, he, he, he.

Intervjuar: Du får ikkje, du får ikkje dela latteren med nokon liksom

Inf 28: Nei.

Intervjuar: – som støttar deg?

Inf 28: Nei, det kan vera NN då, det er ho veninna mi.

Intervjuar: Ho, ho som snakkar?

Inf 28: Ho snakkar bokmål.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Ho kan synast nokre ord er morosame.

Intervjuar: Ja, så det kan de ha litt sånn felles?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Humor på det?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Men viss det er med sogndøler då?

Inf 28: Nei, då ler eg ikkje høgt. Det blir liksom så dumt viss eg begynner å le av at dei seier noko til meg liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Då, då ler ikkje eg.

Intervjuar: Så då ler ikkje du når du høyrer nokon annan, og du ler ikkje når du høyrer dei?

Inf 28: Mm, stemmer.

Informant 28 viser også med sitatet over at ho eigentleg ser litt ned på sogndalsdialekten. Det er vanskeleg å tenkja seg andre forklaringar til kvifor ho elles kan moroa seg over å høyra tradisjonelle sogndalsformer saman med bokmålsveninna si, aleine eller saman med foreldra, men ikkje saman med dei som snakkar slik. Med andre ord ler ho ikkje med dei, men av dei.

Elles er ho stolt over å koma frå bygda, seier ho, og også ho nemner intervju med fotballspelarar på sogndalsdialekt som positivt. Ho seier også at det ikkje gjer så mykje for henne om ho ikkje snakkar språket på staden.

Intervjuar: Føler du deg heime i Sogndal?

Inf 28: Ja, eg føler meg heime i Sogndal.

Intervjuar: Har du alltid, alltid gjort det?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Men eg har fått kommentarar om eg verkeleg er herifrå liksom.

Intervjuar: Mm, korleis kommentarar då?

Inf 28: Sånn “er du frå Sogndal liksom?”

Intervjuar: Ja, kven

Inf 28: “Det høyrest ikkje sånn ut”

Intervjuar: – kven som seier det då?

Inf 28: Det er dei som bur her.

Alle dei tre djupintervjuinformantane føler seg heime i Sogndal og er stolte over bygda si. Talemålet *kan* vera ein slik faktor, men viser seg å ikkje vera nokon føresetnad for å oppleva tilknytning til bygda. Når det gjeld talemålet i Sogndal, inntek dei kvar sin posisjon. Informant 9 vil ta vare på og sjølv representera det tradisjonelle talemålet. Informant 5 meiner det er viktig å ta vare på det tradisjonelle, men vil sjølv snakka ei slags mellomløysing som kan plassera henne i Sogndal. Informant 28 vil ta vare på det eldste samstundes som ho synest det er komisk og ikkje vil snakka sogndøl sjølv.

### 6.5.11 Opplevd åtferdskontroll

Informant 5 tenkjer ikkje over korleis ho snakkar, men der vert ofte ein blanding, seier ho. Ho tykkjer ikkje det er vanskeleg å snakka den forma for sogndalsdialekt som ho gjer.

Intervjuar: Kor lett synest du det er å snakka sogndalsdialekt, eller kva eg skal seia? Synest du det er nokon ting som er vanskeleg å?

Inf 05: Nei, det trur eg ikkje. Men altså eg snakkar ofte ein blanding. Eg tenkjer ikkje over kor, korleis eg snakkar eigentleg.

Intervjuar: Nei, nei.

Inf 05: Det blir liksom veldig sånn. Det blir ikkje noko sånn. Det er ikkje noko som er vanskeleg.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: Nei, det er ikkje det.

Intervjuar: Så du får det til synest du?

Inf 05: Ja, det synest eg.

For informant 9 er det heilt naturleg og problemfritt å snakka sogndalsdialekt.

Intervjuar: Synest du det er lett å snakka sogndalsdialekt?

Inf 09: Ja, det kjem heilt naturleg.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Det er ikkje noko vanskeleg.

Informant 28 meiner òg ho kunne ha greitt å snakka sogndalsdialekt, at det ikkje er så vanskeleg, for ho høyrer det rundt seg kvar dag. Ho bruker likevel berre å snakka sogndalsdialekt når ho vil seia noko morosamt, spesielt til folk som ikkje snakkar sogndøl. Ho synest det er anstrengjande å snakka bokmål, og synest ikkje ho får det skikkeleg til. Informant 28 trur ho kunne ha snakka sogndalsdialekt dersom ho hadde vilja:

Intervjuar: Æh, kor lett eller vanskeleg trur du eller tykkjer du det i tilfelle ville ha vore å snakka sogndalsdialekt?

Inf 28: Altså eg kunne jo klart det, men det er ikkje vanskeleg.

Intervjuar: Du kunne ha klart det?

Inf 28: Ja, det er ikkje så veldig vanskeleg, for eg høyrer jo dialekten rundt meg kvar dag.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Men eg har liksom ikkje lyst å snakka.

Intervjuar: Nei, har du prøvd nokon gong?

Inf 28: Ja, viss du er liksom ute på fest eller

Intervjuar: Ja.

Inf 28: – viss du skal etterlikna sogndalsdialekten viss du er med ei frå som snakkar bokmål.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Viss du då liksom sei kvar du er ifrå då, kvar dei snakkar, korleis dei snakkar der. Men då ler jo dei som oftast av då.

Intervjuar: Då blir brukt det som humor då?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Det er ikkje noko seriøst snakk med sogndalsdialekt?

Inf 28: Nei.

Intervjuar: Klarer du og nesten sagt halda ein samtale på det, eller blir det berre eit enkeltord og ein setning?

Inf 28: Det blir litt sånne morosame setningar.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det blir det.

Intervjuar: Men seier du det til, til sogndøler òg, dei som snakkar sånn sjølv?

Inf 28: Nei, ikkje så ofte. Det blir litt sånn. Nei, det blir ikkje det. For det blir ikkje noko morosamt der.

Intervjuar: Nei, men kan dei høyra om du snakkar liksom rett eller kva eg skal seia?

Inf 28: Ja, dei legg merke til det.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det gjer dei.

Intervjuar: Så du, du får det til altså viss du hadde prøvd?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Du har ikkje fått nokon kommentarar på at du ikkje snakkar ordentleg sogndalsdialekt?

Inf 28: Nei, eigentleg ikkje.

Dersom ho flyttar, kan det henda ho går over til å snakka meir austnorsk enn ho gjer i dag:

Intervjuar: Korleis ynskjer du sjølv å snakka då?

Inf 28: Eg har ikkje nokon ynskedialekt

Intervjuar: Nei.

Inf 28: – eigentleg. Eg kunne kanskje snakka bokmål.

Intervjuar: Men får du det til?

Inf 28: Nei, det er litt. Det blir ikkje så normalt. Eg må liksom anstrengja meg meir.

Intervjuar: Ja. Men du kunne ha tenkt deg det viss du hadde fått det til?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Viss du flyttar, så vil du kanskje prøva eller?

Inf 28: Då hadde eg sikkert lagt om.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det hadde eg sikkert.

Intervjuar: Sånn som du snakkar no, det er ikkje noko som du har eit mål om å snakka resten av livet?

Inf 28: Eg har ikkje planlagt det, så me

Intervjuar: Nei, nei, nei.

Inf 28: – får sjå. Ka, ja, nei, eg har ikkje tenkt å snakka sånn resten av livet.

Intervjuar: Du er ikkje?

Inf 28: Nei, eg trur ikkje det. Spørst kvar eg flyttar hen.

Intervjuar: Ja. Så kva som hindrar deg i å prata bokmål då, viss det er det som er?

Inf 28: Nei, fordi at dei eg kjenner, dei er vande med å høyra meg sånn, og då synest dei sikkert òg det er teit av meg viss eg skulle leggja om til bokmål.

Intervjuar: Javel.

Inf 28: Sånn at eg bør halda på den dialekten eg har.

Intervjuar: Så lenge du har dei?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Men når du kjem i eit nytt miljø så kan du?

Inf 28: Det spørst, kanskje.

Ingen av dei tre informantane tykkjer det er eller ville ha vore noko vanskeleg å snakka sogndalsdialekt. Dei hevdar at dei no snakkar i tråd med ynskt talemål, men kanskje talespråket då berre er det språket dei er komne fram til som eit resultat av den rolla dei spelar blant folk som kjenner dei godt. Slike rolleforventningar vert ei konserverande kraft som det er vanskeleg å endra, slik informant 28 er inne på i sitatet ovafor. Opposisjon mot desse forventningane kan elles lett føra til sterke sanksjonar (jf. kap. 6.5.9).

### 6.5.12 Sosiokulturelle kategoriar oppfatta av dei tre informantane

Dei sosiologiske undersøkingane til Jørgensen og Bringedal, der dei ser på ungdomsmiljøet i Sogndal ut frå to sosiokulturelle kategoriar (jf. kap. 2.5), gjer at eg var interessert i å høyra om ungdomane i Sogndal kjenner til merkelappane “harry, råne, yrkis, slaur, allmennfolk, ikkje/anti-råne, soss og geni”, og om det kan seiast å vera noko i ei slik dikotomisk deling av ungdomsmiljøet. Eg stilte difor direkte spørsmål til informantane om dei kjende til desse omgrepa. Informant 5 seier at “slaur” er eit omgrep dei bruker når ein ikkje gidd å gjera noko, og ho meiner det er situasjonsbestemt. Men i tillegg vert dei som går på yrkesfag, kalla slaurar, noko ho trur kanskje kjem av at dei ikkje har så mykje teorifag og lekser.

Intervjuar: Så de kan seia at dei som går på yrkesskulen er slaurar?

Inf 05: Ja, he, he, plar ofte å seia det.

Intervjuar: Javel.

Inf 05: Men, dei er jo egentleg ikkje det då, så eg veit ikkje kvifor me seier det men.

Informant 9 seier: “Slaur ja, ja, det er noko me bruker heile tida det.” Også han seier at det å gå og slaura blir brukt om dei som ikkje gidd å gjera noko. Han meiner at dei kanskje plar kalla dalingane for slaurar av di dei sat og ikkje brydde seg så mykje. Men det er òg mogleg å vera slaur ein gong dersom ein ikkje gidd å gjera noko, meiner han. Informant 28 seier dette om slaur-omgrepet: “Det er liksom cola i baklomma og gidd ikkje å gjera noko og.” Omgrepet er knytt til ei større gruppe med folk og helst dei som går på mekaniske fag på yrkesskulen, seier ho. Ei undergruppe her blir visst òg kalla for mongo-mekken, og det er dei som egentleg ikkje har peiling. Det er rekna for å vera lett å koma inn der, dvs. at dei kan ha låge karakterar frå ungdomsskulen.

Også “rånar” vert ofte brukt om dei på “yrkisen”, seier informant 5. Dei rånar mykje i gamle skrapbilar ved å køyra rundt og rundt i Fjøra. Også informant 9 seier å råna om det å køyra rundt og rundt i Fjøra i bil. Alle kan vera det, meiner han. Å “ligga breitt” er å få bilen til å kasta seg sidelengs og å få bilen til å spinna litt. “Det er vel det det vil seia å råna,” seier han. Informant 28 seier at råning er å køyra rundt i bil med dunkemusikk. Både den som køyrer, men òg dei som sit på, kan kallast rånar, hevdar ho.

Medan informant 5 seier at å vera “harry” vert brukt om enkeltindivid som ein tykkjer er veldig stygt kledd, hevdar både informant 9 og informant 28 at harry-omgrepet ikkje vert brukt så mykje. Informant 9 meiner det er helst dei frå Austlandet som bruker det.

“Yrkisar” kjenner han òg til. Det kallar ein dei som går på yrkesskulen. Informant 9 seier òg at yrkisen vel er det dei kallar slaurane som er kjenneteikna ved at dei står og spyttar i bakken og

tek seg ein røyk og sånn. Han meiner det i grunnen er litt feil, for dei lærer jo eit yrke, men at det likevel for det meste er det dei kombinerer med yrkisar. Informant 28 seier at å vera yrkis omfattar mange linjer, og ho hevdar at ein ikkje treng vera slaur for å gå på for eksempel elektro, for det er eit krevjande fag der ein faktisk må ha veldig gode karakterar for å koma inn. Dei som ikkje går på yrkesskulen, vert gjerne kalla idrettsfrikar, idrettsfolk eller geni, sier ho.

Informant 5 seier: “Geni, ja, det blir brukt om dei som er flinke”. Informant 9 seier at “geni” bruker dei om dei som skjønar ting med ein gong, og som kanskje berre les over noko så kan dei det. Det er mange i klassen hans som er slik, seier han. Men samstundes er dei kanskje slaurar òg, for dei fylgjer ikkje med i det heile. Slik sett kan ein fint vera både geni og slaur samstundes, meiner han. Informant 28 seier at geni er eit omgrep dei bruker om dei som er skulelys, og som er skikkeleg flinke. “Det er meir allmennfolk.” Ho seier likevel at før var det meir dei som var verkeleg flinke, som gjekk der, men at no kan alle koma inn. No er det berre nokre i kvar klasse som er veldig flinke og har gode karakterar dei kallar geni, hevdar ho.

“Soss” blir brukt om dei som er veldig opptekne av utsjånaden, av å ha dei beste kleda og det beste utstyret. Det er sossefakter, hevdar informant 5. Informant 9 kjenner soss som eit omgrep brukt om “[...] dei som har det flottaste og beste, liksom fine klede og kanskje ein fæle dyr moped”. Det er vel helst dei som går med merkeklede, og det er knytt til enkeltindivid, trur han. Men allmenn det er eigentleg sossane, “for soss det går vel kanskje litt inn på å vera så flink med skulen og lekser og alt dette der,” seier han. Det å vera soss meiner informant 28 er knytt til enkeltpersonar som er ute “på byen” og har sossete klede, merkeklede.

“Anti-råne” er eit ord som truleg vert litt, men ikkje så mykje brukt, seier informant 5.

Informant 5 trur ikkje dei kallar dei som ikkje går på yrkesskulen noko spesielt, men har høyrte at det vert sagt allmennfolk.

Eg spurde vidare om det finst ei todeling av ungdomsmiljøet i Sogndal mellom dei som går på yrkesskulen og dei som går på allmennfag. Det trur informant 5 at det finst litt av. Hjø dei som går på yrkesskulen er det mykje snakk om bilar og motorar og sånn, og det er det kanskje ikkje så mykje blant dei som går på allmenn, trur ho. Ho trur òg at ein på fritida kan sjå at der er dei, og der er dei, t.d. kanskje litt ut frå kleda. Det er dessutan ofte at dei frå yrkesskulen slåst, oftast ikkje så alvorleg, men viss det blir slåstkampar, er det ofte nokre yrkisar involverte, hevdar ho. Ho trur ikkje det er så mykje kontakt mellom dei som går på allmenn, og dei som går på yrkesskulen, sjølv om dei kjenner mange av dei og snakkast litt. Informant 9 seier at han synest det eksisterer ei utprega todeling av ungdomsmiljøet. Ein kan i fylgje han sjå viss det står nokon yrkisar borte ved allmenn. Allmennfolka går vel alltid med ranselen på ryggen og nokre bøker under armen, medan yrkisen ikkje bryr seg så mykje, meiner han. I fritida synest han ikkje ein legg merke til så mykje skilnad.

Også informant 28 hevdar at det er ei todeling av ungdomsmiljøet. Ein ser det både på klesstilen og korleis ein oppfører seg, meiner ho. Den eine gruppa står rundt mopedar, medan andre heller driv med fotball, dvs. heilt ulike interesser, slik at det vert ei deling. Denne todelinga ser ein òg på fritida, for ho meiner at det ikkje er noko som knyter dei to gruppene saman. Det er vanlegast at ein er saman med dei i klassen, men litt kontakt har dei jo med kvarandre når dei er ute. Ho meiner at det ikkje treng vera noko negativt hefta ved ei av gruppene. Sjølv om ikkje slaur er direkte positivt, hevdar ho at det ikkje er noko vondt meint med det.

Ut frå dei svara informantane gav, synest eg dei verkar nokså samstemte om innhaldet i alle omgrepa. Sjølv om eg ikkje kom inn på desse omgrepa som eige tema under samtalen våren 2001, verkar det som om kunnskapen og medvitet om desse omgrepa aukar når ein kjem på vidaregåande skule. Alle dei tre informantane knyter slauromgrepet til ein som ikkje gidd å gjera noko, og alle knyter det òg spesifikt til yrkesfagleg studieretning. Informant 28 presierer likevel at det helst gjeld dei på mekaniske fag. Til ein viss grad verkar det òg som om bilmiljøet kan koplast opp til denne gruppa.

Geni som omgrep, er til ein viss grad motsatsen til slauromgrepet, slik Jørgensen hevda i si undersøking (jf. Jørgensen 1994), men det er berre informant 28 som seier direkte at geni helst er kopla til allmennfolk, for informant 9, som går på yrkesfag, hevdar at det er mange geni i klassen hans, og at dei kan vera både slaurar og geni på same tid. At det finst ei todeling av ungdomsmiljøet mellom dei som går yrkesfagleg studieretning og dei som går på allmennfag, ser likevel ut til å stemma i år 2003 òg. Å setja opp ei sosial dikotomisering ut frå omgrepsparet “geni” og “slaur” ser likevel ut til å vera ei grov forenkling og ei sanning med mange modifikasjonar.

### 6.5.13 Førebels konklusjon til fase IV

Dei tre informantane i djupintervjuet representerer fyrst og fremst seg sjølve, men dei vart valde ut på bakgrunn av at dei haldningsmessig og språkleg såg ut til å representera tre ulike typar. Såleis vil eg òg bruka ein del av det som kjem fram i dei tre djupintervjua, som aktuelle illustrasjonar for det samla materialet.

Samla sett gjev informant 5 inntrykk av å vera mellom informant 9 og 28. Ho er språkleg sett midt mellom dei i tradisjonsprosent, men også når det gjeld entusiasmen for å snakka sogndalsdialekt. Ho gjev ikkje lenger inntrykk av å ha tvitydige haldningar til dialekten slik som for to og eit halvt år sidan, men ho plasserer og aksepterer seg sjølv likevel i ei “lett-variant” gruppe av sogndalsdialektalarar, det ho sjølv kallar “ikkje heilt reint”. Kanskje ser ho flest fordelar med å vera der av di ho har nok sognetrekk til å få positiv respons på dialekten sin frå andre, og såleis kan



fungera som ein ambassadør for bygda, samstundes som ho ikkje stikk seg altfor mykje ut og risikerer å bli utsett for dei negative haldningane informant 28 gjev uttrykk for om folk som snakkar “breitt”.

Informant 9 viser gjennom alle sine talehandlingar at det han har fått med seg heimafrå av dugleik i og tankar om sogndalsdialekten, er godt internalisert i han, og han ber dette velviljug og stolt med seg vidare.

Informant 28 har mange gode argument for at det er viktig å ta vare på dei tradisjonelle sogndalstrekk, men synest samstundes dei er stygge og komiske å høyra på. Ho har innflyttarforeldre og har sjølv eit talemål med mange austlandsinnslag og få sognedrag og såleis svært låg tradisjonsprosent. Ho synest sjølv ho pratar heilt greitt og har ikkje noko ynske om å snakka sogndøl.

Eg vil i drøftingskapitlet koma attende til korleis modellen til Ajzen eventuelt kan gje noko forklarande mønster på det me har sett her.

## 7 Oppsummerande drøfting

Det overordna mønsteret ein har sett i Danmark, er at det viser seg å vera samsvar mellom dei indirekte haldningsgranskingane og faktisk språkbruk (jf. Kristiansen 1997b: 22- 23, Kristiansen 1999: 141 – 142 og Kristiansen, Bruun Clausen og Havgaard 2002b: 30). I Kristiansen sitt Næstved-prosjekt om språkhaldningar kunne han samanlikna haldningsdataa sine med språkbruksdata som var innsamla og analyserte av Jørgensen og Kristensen (jf. Jørgensen og Kristensen 1994). Desse dataa var samla inn på same tid, etter same kriterium, frå same populasjon og frå same området som Kristiansen sitt materiale og var såleis moglege å samanhalda. Det at personar med sjællandsk talemål vart nedvurderte på ein “verbal guise”-test både i solidaritetsdimensjonen og i statusdimensjonen, stemde godt overeins med at dei unge sjølve ikkje snakka dette målet. Dei unge oppvurderte her derimot københavnsk. I den direkte haldningsgranskinga, der dei fekk direkte spørsmål om å rangera ulike dialektar, vart derimot sjællandsk rangert positivt og københavnsk nedvurdert. Sjølve snakka ungdomane lågkøbenhavnsk, eller det som vart kalla yngre riksmål.

Dette danske mønsteret finn eg ikkje att i granskinga mi frå Sogndal. Hjå meg viser det seg derimot å vera eit generelt samsvar mellom alle delundersøkingane, og i den grad det ikkje er samsvar, er det den indirekte granskinga som avvik mest frå den faktiske språkbruken (jf. kap. 6.4.6 – 6.4.9). Det kan vera fleire forhold som spelar inn og kan forklara at det er ulike mønster i Næstved på Sjælland i Danmark og i Sogndal på Vestlandet i Noreg.

Den viktigaste forklaringa meiner eg ligg i at det her er tale om to svært ulike språksamfunn. For det fyrste har dei i Danmark eit offisielt standardspråk, riksdansk, som det vert gjeve opplæring i på skulen, og som ein ventar at elevane skal kunna (jf. Kristiansen 1993). Dette talemålet har utgangspunktet sitt i talemålet i hovudstaden. Næstved ligg om lag 80 kilometer sør for hovudstaden, men det tek ikkje meir enn ein times tid med tog til København. Truleg har likevel ikkje geografisk avstand til hovudstaden så mykje å seia, for Maegaard (2001) fann det same språk- og haldningsmønsteret i ei undersøking i Tønder i den sørvestlege delen av Jylland. For det andre, og det heng òg saman med det fyrste, vert det ofte hevda at dialektane generelt sett står svakare i Danmark enn i Noreg (jf. Kristiansen 2003). Riksdansk vert dessutan brukt som offisielt kommunikasjonsspråk. Kristiansen seier: “[...] the vast majority of Danes are speakers of the standard language. Only a very few percentages of the Danish population today speak a language which is closer to the traditional dialects than to Copenhagen speech.” (jf. Kristiansen 2002a: 342 – 343). I Danmark dominerer standardspråket både i skulen og i media.

I Noreg har me derimot ikkje noko offisielt standardtalemål. På skulen er det lærarane som skal retta seg etter talemålet til elevane, og dialekt er det vanlege og forventa kommunikasjonspråket. I media vert normerte utgåver av dei to skriftspråka i tillegg til dialektar kringkasta. Sogndal ligg dessutan geografisk sett langt frå hovudstaden eller andre sterke bysentra. Dialektane i Noreg ser generelt sett òg ut til vera under sterkare press blant dei unge på Austlandet (jf. Vikør 1999) enn på Vestlandet (jf. Akselberg 2003).

I Danmark opererer ein gjerne med ei grovinndeling av talemålet anten som standardnært, dvs. riksdansk (københavnsk) eller klassisk/tradisjonell dialekt. Retninga på talemålsendringa går her einseitig i retning riksdansk. Akselberg (2002b: 39 – 42) deler derimot den norske talemålsutviklinga inn i tre moglege kontinuum. Det eine er ei inndeling med moderne dialekt i den eine enden og tradisjonell dialekt i den andre. Her kan talemålsendringa gå båe vegar. Det andre er ei endring mellom dialekt A og dialekt B, der òg påverknaden kan skje båe vegar. Det tredje kontinuumet liknar på det danske trass i at me ikkje har eit offisielt standardtalemål her til lands ved å ha standard austnorsk i den eine enden og tradisjonell dialekt i den andre. Det fyrstnemnde norske talemålsmønsteret ligg nærast det ein finn i Sogndal, dvs. eit kontinuum med nyare sogndalsdialekt i den eine enden og tradisjonell sogndalsdialekt i den andre.

I denne drøftingsdelen har eg tre forhold eg vil sjå nærare på:

- Moglege forklaringar til resultata i høve til dei tre uavhengige variablane kjønn, foreldrebakgrunn og klassetrinn for såleis å kunna gje svar på problemstilling 2 og 3 (jf. kap. 1.4)
- Moglege feilkjelder ved “verbal guise”-granskinga (jf. problemstilling 2)
- Prosess-modellen til Ajzen for å sjå om han fungerer som ein forklaringsmodell i sosiolingvistikken for å forklara og forstå grunnane til at dei tre informantane i djupintervjuet har fått dei haldningane dei har, og snakkar som dei gjer, og såleis kan vera med å gje svar på problemstilling 4 (jf. kap. 1.4)

Når eg i det fylgjande vil sjå nærare på ulike forklaringar til dei tre gjennomgåande bakgrunnsvariablane kjønn, foreldrebakgrunn og klassetrinn, vil eg dra inn resultata frå alle delundersøkingane. Dei kvalitative djupintervjua vil ein del stader fungera som utdjuping og eksemplifisering av tolkingane eg legg fram.

## 7.1 Drøfting av resultata i høve til dei sosiale bakgrunnsvariablane

### 7.1.1 Foreldrebakgrunn

Når det gjeld påverknad frå “viktige andre”, er det svært sannsynleg at det er foreldre og vener som spelar den viktigaste rolla, for desse personane er ofte òg dei me identifiserer oss sterkast med. Eckert og McConnel-Ginet seier (2003: 283):

Speakers will not accept linguistic influence from people they do not value – their linguistic varieties indicate movement in the direction of desired identities, of communities of practice in which they desire to participate. Given that our lives involve participation in multiple communities of practice, our linguistic practice involves a certain amount of heterogeneity.

Resultata frå djupintervjua der alle dei tre informantane trekkjer fram foreldra som ei viktig påverknadskjelde, gjev dessutan støtte for å operera med foreldrebakgrunn som eigen kategori (jf. kap. 6.5.4).

“Verbal guise”-undersøkinga er den delundersøkinga som gjev det mest uventa haldningsutslaget. Eg vil difor fyrst sjå litt nærare på ulike tolkingar knytte til desse resultata. Elevar med to foreldre frå Sogndal er mest positive til alle varietetane i den indirekte “verbal guise”-undersøkinga. Desse skilnadene er signifikante både til dei utan foreldre frå Sogndal og til dei med éin av foreldra frå Sogndal når det gjeld varietet 2. Det er òg signifikant skilnad for varietet 1 mellom informantar med to og éin av foreldra frå Sogndal (jf. tabell 6.3 og 6.4).

Når kategorien med informantar med to sogndalsforeldre er mest positiv til varietet 2, kan det hanga saman med at det er dette språket som er mest utbreidd blant dei unge i Sogndal i dag. Kanskje er det òg slik at sogndøler med to foreldre frå Sogndal i dag høyrer så mange talemålsvariantar i kvardagen gjennom vener, på skulen og i media at dei òg har utvikla stor toleranse for korleis folk i bygda kan prata? Dei er som kategori i mindretal blant elevane på skulen og har såleis ikkje “monopol” på korleis talemålet skal vera. Dersom det finst ei slik romsleg norm for akseptabel språkbruk blant sogndøler med innfødd bakgrunn, kan det nettopp vera eit teikn på at dei sjølve òg etter kvart kan tenkjast å få eit talemål som gjev rom for meir variasjon enn det som er knytt til varietet 1. Dei språklege skilnadene mellom resultata i 1996 og 2001 kan tyda på at denne endringa alt kan vera komen godt i gang (jf. tabell 6.32). Det kan òg tenkjast at alle dei tre varietetane av sogndalsdialekten i deira øyro ligg såpass nær kvarandre at ein sogndøl med innfødd bakgrunn, lett kan akseptera alle dei tre varietetane som ein variant av sogndalsdialekten.

Når også informantar utan foreldre frå Sogndal er mest positive til varietet 1, kan det vera ein måte å syna at sogndøler bør halda seg til sin tradisjonelle dialekt utan at dei treng snakka slik sjølve.

Foreldra sine haldningar kan spela inn på kva som vert sett på som fint og stygt, rett og feil. Varietet 3 skårar lågt hjå alle foreldrebakgrunnskategoriene, noko som kan vera eit teikn på at dette er ein varietet som har ein del trekk som ikkje vert sedde på som særleg attraktive. Eksempel på dette er *sj*-lyden i varietet 3. Eit utdrag frå djupintervjusamtalen med informant 28 viser at foreldra hennar i alle fall ikkje hadde mykje til overs for denne lyden:

Intervjuar: Har du høyrte sånn former sånn som “sjino” og “sjøken”?

Inf 28: Ja, eg seier det sjølv i fylgje.

Intervjuar: Ja, kva synest du om det då?

Inf 28: Nei, eg har fått kommentarar på det i alle fall av foreldra mine at du må læra deg å seia "kino".

Intervjuar: Å?

Inf 28: Mm. Du kan no ta eg seier eg skal på “sjino”, så seier dei at eg får ikkje lov å reisa viss eg ikkje greier å seia det skikkeleg.

Intervjuar: Javel. Er det berre dei som kommenterer det?

Inf 28: Nei, bestemor mi òg då.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 28: Men når du går liksom og snakkar med venene dine, så er det ganske vanleg at dei òg seier det sånn at

Intervjuar: Ja.

Inf 28: – dei seier ikkje noko til meg at eg bør seia det annleis.

Intervjuar: Nei. Er det det einaste du får kommentar på av foreldra dine og besteforeldra dine når det gjeld språket ditt?

Inf 28: Ja.

Informant 9 hadde ikkje høyrte så mange som brukte denne *sj*-lyden og meinte at denne lyden var mest knytt til enkeltindivid. Informant 5 meinte at ein kunne godt retta på dei som hadde denne uttalen.

Informantar med to sogndalsforeldre er mest positive til alle varietetane. Dette kan vera eit teikn på at informantar med ein eller to innflyttarforeldre generelt sett berre er mindre positive til alle slags sogndalsvarietetar enn det informantar med innfødde foreldre er. Når elevkategorien med innflyttarforeldre innbyrdes gjev høgast gjennomsnittsskåre til varietet 1, kan det signalisera at dei likevel har høg sympati for at nokon tek vare på den tradisjonelle sogndalsdialekten utan at dei av den grunn ynskjer å snakka slik sjølve. Ein informant med innflyttarforeldre og med eit talemål som ikkje representerer den tradisjonelle sogndalsdialekten, kan sjå ut til å kunna bli akseptert innafor

ulike normsamfunn. På den eine sida kan han ta med seg vinsten av alle dei kulturelle fordelane det er å bu i ei bygd som Sogndal som t.d. eit regionsenter, godt fotball-lag, fin natur og gode oppvekstvilkår. Men på den andre sida kan han ved sjølv å snakka ein prestisje-variant unngå å møte vanlege verdidomar knytte til det å ha ein lokal dialekt når han møter folk frå meir urbane område av landet.

I den direkte sjølvrapporteringa plasserer alle med begge foreldra frå Sogndal seg innfor ein av dei tre varietetane. Dette gjeld, med unntak for ein informant, også dei som har éin av foreldra frå Sogndal. Prosentvis er det i Sogndal flest positive utsegner til sogndalsdialekten frå personar med minst éin av foreldra frå Sogndal. Dei med båe foreldra frå bygda er mest positive, men talet på observasjonar, *N*, er for liten til at det vert signifikante utslag. Det er ikkje lett å oppdaga nokon skilnad i kunnskapsnivået om dialektane (jf. tabell 6.27 og 6.28) ut frå foreldrebakgrunn. Ei feilkjelde ved denne undersøkinga er at informantane truleg vil finna det unødvendig å nemna talemålstrekk som den andre samtalepartnaren alt har nemnt. Alle informantane, uavhengig av foreldrebakgrunn, ser ut til å ha meir eller mindre kjennskap til *ao*-lyden. Andre typiske trekk vert likevel helst nemnde av informantar med minst éin innfødd forelder. Også i undersøkinga blant ungdomar på Voss var det *ao*-lyden dei fleste informantane drog fram som typisk for dialekten (jf. Akselberg 2002a: 95).

Den språklege analysen viser at det er ein heilt klar samanheng mellom kor mange av foreldra som kjem frå Sogndal, og kor høg tradisjonsprosent informantane har (jf. kap. 6.4.2). Det ser ut til at ein i grove trekk kan hevda at informantar utan foreldre frå Sogndal snakkar nærast varietet 3, og at informantar med to foreldre frå Sogndal vil snakka nærast varietet 1.<sup>116</sup> Informantar med éin av foreldra frå Sogndal, kjem midt mellom desse. Det var signifikante skilnader mellom alle dei tre foreldrebakgrunns-kategoriane. Informantar med begge foreldra frå Sogndal hadde ein tradisjonsprosent på 70,5, informantar med éin av foreldra frå Sogndal ein tradisjonsprosent på 60,4 og informantar med ingen sogndalsforeldre hadde ein tradisjonsprosent på 41. Det at ulik foreldrebakgrunn gjev slike klare utslag, stemmer godt overeins med det Thoengen såg hjå sine litt yngre informantar (5.- og 6.-klassingar) i Nes i Hallingdal. Ho karakteriserte talemålet til 80 % av informantar med to foreldre frå staden som rimeleg stø halling, 35 % av dei med éin av foreldra frå staden snakka hovudsakleg halling, medan 80 % av informantar med innflyttarforeldre, snakka eit språk ho kalla vesentleg bokmål (jf. Thoengen 1999: 70). Også Papazian med ei undersøking av

---

<sup>116</sup> Tabell 2.4 viste at flesteparten av foreldra med anna opphav enn Sogndal kom frå andre bygder i Midtre og Indre Sogn eller frå Austlandet eller Bergen.

talemålet i Nore og Uvdal såg at foreldrebakgrunn var avgjerande for om borna brukte bygdemålsformer eller ei (jf. Papazian 1999: 49 – 61).

Årsakene til at foreldrebakgrunn ser ut til å vera så viktig for talemålet til borna, er truleg at foreldra både direkte og indirekte fungerer som svært viktige rollemodellar både når det gjeld den konkrete uttalen av dei enkelte lydane i språket, men òg når det gjeld haldningar. For å undersøkje denne påstanden grundig, skulle også haldningane til foreldra vore kartlagde. Det er uvisst korleis foreldrepåverknaden føregår i praksis. Eg har ikkje gjort noka systematisk innsamling av denne typen informasjon i denne granskinga, men Akselberg såg i ei undersøking blant elevar i vidaregåande skule på Voss at om lag halvparten av dei 60 elevane opplyste i eit spørjeskjema at foreldra deira hadde retta på talemålet deira i retning av tradisjonelt vossamål. Dette galdt både hjå elevar med éin og to av foreldra frå bygda (jf. Akselberg 2002a: 106 – 107). Eg trur at den påverknaden foreldra har på talemålshaldningane og på talemålet til borna sine, skjer like mykje ikkje-verbalt som verbalt. Informant 9 frå eitt av djupintervjua er likevel inne på desse sidene når han seier:

Intervjuar: Æh, korleis trur du foreldra dine forventar at du skal snakka?

Inf 09: Dei forventar vel at eg skal snakka slik som dei trur eg.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Og det er vel berre slik.

Intervjuar: Du har ikkje, dei har ikkje sagt noko nokon sinne altså?

Inf 09: Nei.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Dei har berre snakka til meg slik dei gjer, og då har vel eg eigentleg berre plukka opp, slik som alle ungar gjer.

Intervjuar: Mm.

Det at foreldra er frå staden, kan òg vera ein indikator på at borna har andre slektningar eller nære kontaktpersonar med same bakgrunn. Såleis kan dette koma til syne gjennom dei sosiale nettverka. Opplysningane frå dei sjølvrapporterte nettverka gav meg datagrunnlag til å testa ut om det var nokon samanheng mellom foreldrebakgrunnen til informantane og kontakt med nettverkspersonar som snakka sogndalsdialekt.<sup>117</sup> Ein Pearson korrelasjonstest vart gjennomført og viste dette resultatet:

---

<sup>117</sup> Den underliggjande forskingshypotesen var at det ville vera samanheng mellom innfødd foreldrebakgrunn og kontakt med nettverkspersonar som snakka sogndalsdialekt. Difor vart hypotesen testa retningsbestemt.

	<b>Nettverkspersonar med sogndalsdialekt</b>
<b>Foreldrebakgrunn (N = 36)</b>	0,594 $p < 0,001$

Tabell 7.1: Korrelasjon mellom foreldrebakgrunn og nettverkspersonar med sogndalsdialekt.

Tabell 7.1 viser at det er svært høg korrelasjon mellom informantar med innfødde foreldre og kor mange personar dei oppgjev snakkar sogndalsdialekt i det næraste sosiale nettverket deira. Eg er vidare interessert i å finna ut om det spelar noka rolle om informantane har éin eller to av foreldra frå Sogndal.<sup>118</sup>

Foreldrebakgrunn	Gjennomsnitt	N	t	p
0fS	4,42	12	-3,985	< 0,001
1fS	8,33	12		
0fS	4,42	12	-4,477	< 0,001
2fS	9,17	12		
1fS	8,33	12	-0,709	0,243
2fS	9,17	12		

Tabell 7.2: Samanlikning av talet på nettverkspersonar med sogndalsdialekt hjå informantar med ulike foreldrebakgrunn.

Tabell 7.2 syner at det er signifikant skilnad mellom informantar som har minst éin av foreldra frå Sogndal, og dei som som ikkje har nokon av foreldra sine frå Sogndal, når det gjeld kontakt med personar som snakkar sogndalsdialekt. Dette mønsteret kjem svært tydeleg fram. T-testane viser elles at det ikkje er avgjerande om både foreldra kjem frå Sogndal, men at det er nok med ein. Gjennomsnittet i tabell 7.2 byggjer på at kvar informant skulle oppgje dialekten til dei 12 viktigaste personane i det sosiale nettverket deira. Trass i at denne samanlikninga ikkje fangar opp faktorar som tid saman med nettverkspersonane eller relativ status for nettverkspersonane, kan det ut frå desse nettverksopplysningane verka som om informantar med innfødde foreldre har mest kontakt med andre innfødde sogndøler, og som om informantar med innflyttarforeldre har mest kontakt med andre innflyttarar. Informantane mine seier at foreldre og vener spelar ei viktig rolle for korleis dei snakkar. Resultata viser at det er høgt samsvar mellom talemålet hjå informantane og kor mykje

<sup>118</sup> T-testane i tabellen nedafor er alle testa retningsbestemt ut frå at informantar med éin eller to innfødde foreldre vil ha fleire nettverkspersonar som snakkar sogndalsdialekt enn informantar med tilflyttarforeldre, og at dei med to foreldre frå Sogndal vil ha fleire enn dei med éin av foreldra frå Sogndal.



kontakt dei har med innfødde sogndøler. Dette sterke samsvaret kan forklarast ut frå tilpassingsfunksjonen til Katz (jf. kap. 4.2.5) ved at dei personane som betyr noko for individa og som gjev dei aksept og viktige tilbakemeldingar, er dei personane dei vil vera mest like på også språkleg. Det er òg mogleg at informantane også nettopp *vel* eit sosialt nettverk med mange gjenkjenningfaktorar med mellom anna liknande språk som dei sjølve. Ein klar samanheng mellom talemålet til informantane og talemålet hjå nettverkspersonane kom òg fram i ei undersøking av talemålet blant ungdomsskuleelevar ved Sund ungdomsskule på Sotra (jf. Revheim 1997: 92 – 95 og 120 – 121).

Ulikt kontaktmønsteret kan i neste omgang gjera sitt til at det lett kan oppstå eigne lokalkulturar der det dannar seg eigne normer (jf. kap. 3.1.3). Det ein har sett og opplevd gjennom den språklege åtferda og haldningane til språket hjå foreldra, kan borna så umedvite bera med seg vidare i form av skjulte forventningar (jf. kap. 4.3.7). Dei kan òg til dels ha eit medvite forhold til dette, slik utdraget med informant 28 nedafør viser:

Intervjuar: Kven er det du opplever har påverka språket ditt mest då, måten du snakkar på i dag?

Inf 28: Det er vel sikkert foreldra mine. Så eg har alltid høyrte dei snakka bokmål.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Men det kan òg vera venene mine har påverka meg litt til å snakka meir nynorsk eller få inn nokre nynorske ord.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Og så ho veninna eg har som snakkar bokmål. Ho gjer jo òg at eg snakkar.

Intervjuar: Ja, men du har jo òg veninner som eller vener som snakkar sogndalsdialekt. Så ho

Inf 28: Ja, men eg er alltid mest med ho.

Intervjuar: Så ho har påverka deg meir enn dei andre?

Inf 28: Ja.

Intervjuar: Kvifor det trur du?

Inf 28: Eg har kanskje alltid syntest bokmål har vore finast.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Sånn at difor har eg syntest eller teke etter dei.

Intervjuar: Trur du foreldra dine òg meiner det?

Inf 28: Det kan godt henda.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Det trur eg.

Agnete Nesse har gjort ei undersøking av talemålet blant ungdomar med tilflyttarforeldre i Bodø. Der konkluderer ho med at språket deira er kjenneteikna av homogen variasjonen, dvs. at variasjonen blant informantane skjer innafor eit likt mønster. Denne variasjonen må difor i seg sjølv oppfattast som ei norm, hevdar ho (jf. Nesse 2003: 399). Som hjå Nesse ser mange av ungdomane

mine i Sogndal ut til å balansera språket sitt mellom former som kan knyta dei til lokalmiljøet slik at dei vert oppfatta som sogndøler samstundes som dei òg har ein del former med ei vidare regional utbreiing som gjer at dei ikkje vert oppfatta som “sidrumpa” og “bondske”. Dei kan såleis spela på fordelane ved å verta assosierte til to sosiale identitetar samstundes. Det er mogleg at vinsten for mange ved å ha eit talemål med språklege trekk som har ei vidare regional utbreiing, er større enn tapet ved ikkje å ha alle dei lokale språklege markørane.

### 7.1.2 Kjønn

I den indirekte haldningsgranskinga, “verbal guise”, kjem det att to klare varietetar for materialet samla. Det er varietet 1+2 og varietet 3. På eit subkategorinivå er det mogleg å sjå mønster og skilnad også mellom varietet 1 og 2, t.d. ved at jentene skil seg ut med å vera signifikant meir positive til varietet 2 enn gutane. Det er ingen signifikant skilnad for dei to andre varietetane. Skilnaden mellom jenter og gutar for varietet 2 er òg veldig tydeleg når ein t.d. samanliknar jenter og gutar med éin innfødd forelder. Jentene er generelt mest positive til alle varietetane. Unntaket er kategorien gutar med to foreldre frå Sogndal som er meir positive til varietet 1 og 3 enn nokon av jentekategoriane.

I den kognitive sjølvvurderinga, der informantane skulle vurdere og plassera sitt eige talemål i høve til dei tre varietetane, var det flest gutar som plasserte seg under varietet 1, medan jentene valde dei to andre varietetane eller “anna”. Alle gutar med båe foreldra frå Sogndal og dei fleste av gutane med éin av foreldra frå Sogndal, nemner sognemålet blant dei finaste dialektane dei veit om. Mange av desse meiner òg bokmålet er noko av det styggaste. Til saman seier over halvparten av dei 36 informantane mine frå Sogndal at sogndalsdialekten er blant dei finaste dialektane dei veit om, og at bergensk, trøndersk og bokmål og oslomål, er blant dei styggaste (jf. tabell 6.22 – 6.23). I ei undersøking av haldningane og talemålet blant ungdomar på Voss, kom vossamålet derimot eit stykke ned på lista over dialektar dei likte. Trøndersk og bergensk var dei dialektane dei oppgav å lika minst (jf. Akselberg 2002a: 111 og 113). Også under opptaka og språksamtalen var det flest gutar, alle med to foreldre frå Sogndal og dei fleste med éin av foreldra frå Sogndal, som kvalitativt sett gav uttrykk for at dei likte sognemålet best. På direkte spørsmål var jentene mindre positive til den tradisjonelle sogndalsdialekten (jf. kap. 6.3.4 og 6.3.7) enn gutane. Her ser ein difor eit sprik mellom den affektive indirekte undersøkinga og den kognitive og affektive direkte undersøkinga. Kunnskapsmessig var det derimot ikkje råd å sjå nokon skilnad mellom kjønna (jf. kap. 6.3.8).

Gutane snakkar òg meir tradisjonelt enn jentene (jf. kap. 6.4.3). Dette samsvarar òg med resultatane frå “verbal guise”-testen som viste at gutar med to foreldre frå Sogndal er mest positive til

den tradisjonelle varieteten. Kvifor gutar med to innfødde foreldre her dessutan også er meir positive enn jentene til varietet 3, er det derimot verre å svara på.

Gutane synte seg å ha signifikant høgare tradisjonsprosent enn jentene (jf. tabell 6.38) og denne skilnaden var spesielt stor i kategorien med to foreldre frå Sogndal (jf. tabell 6.40).

Det mest interessante er likevel å prøva å finna svar på kvifor det syner seg å vera så store skilnader i haldningar og språk mellom kjønna. Kvinnene vert ofte sedde på som språklege trendsetjarar og registrerer gjerne før menn kva som er “inn”. Labov (2001: 274) uttrykkjer fylgjande som eit prinsipp: “In linguistic change from above, women adopt prestige forms at a higher rate than men.” Med “change from above” meiner Labov at ein tek inn prestisjetrekk utafor språksamfunnet eller redistribuerer former med kjend prestisjeverdi innafor språksamfunnet.

På eit vis gjev det å vera oppteken av det som er “inn” og har prestisje, assosiasjonar til sminke og klede. Kvinner synest generelt å vera meir opptekne av korleis dei ser ut enn det menn gjer. Nokre av gutane i materialet mitt gjev uttrykk for at dei ikkje bryr seg om skiftande klesmotar, slik sitatet nedafor viser:

Intervjuar: Motar og klede og

Informant 11: Ja, jau,

Intervjuar: – frisyra?

Informant 12: Ja.

Informant 11: – jenter, jenter dei er, dei er, dei er såkalla moteløver i forhold til gutane. Me berre finn det me finn me, og så går me i det.

Informant 12: Ja, eg bryr ikkje meg kva eg går i.

Informant 11: Ah.

Informant 12: Det er no heilt det same for meg.

Informant 11: Berre du har noko som er

Informant 12: Men det trur eg er meir slik at dei må ha det som er inn no.

Informant 11: Elles så blir dei, elles så blir dei, dei misunnelege på veninnene sine,

Intervjuar: Mm.

Informant 11: – kanskje. Eg veit ikkje. Eg er ikkje jente, så eg veit ikkje.

Intervjuar: Nei.

Informant 12: Mykje sminke.

Informant 11: Ekstremt mykje. Nei, ja.

Jentene er meir opptekne av å følgja motar visuelt sett, men kanskje dei er meir opptekne av språkdrakta òg, dvs. korleis dei høyrer ut? Parallellen til det lydlege/språklege uttrykket er i alle fall slåande.

Koplinga mellom språk og identitet har gjerne heller ikkje like stor verdi for alle. Det kan truleg vera enklare for somme enn for andre å endra språket sitt, og det ser ut til at det kan vera eit skilje mellom kjønna på dette området. Jentene ser i sterkare grad enn gutane ut til å tilpassa språket sitt til ulike situasjonar. Sitat frå djupintervjua med informant 5 og informant 9 gjev eksempel på at dette kan vera ei mogleg forklaring:

Intervjuar: Kor gangbart synest du det er å snakka sogndalsdialekt? Eller, korleis fungerer det i alle situasjonar?

Inf 05: Nei, det gjer ikkje det.

Intervjuar: Gjer ikkje det?

Inf 05: Nei.

Intervjuar: Når er det det ikkje fungerer då?

Inf 05: Mm, altså eg merkar jo det når eg er andre plassar, så er ikkje det sikkert eg snakkar heilt sånn sognedialekt liksom.

Guten, informant 9, seier derimot:

Intervjuar: Synest du det fungerer å snakka sogndalsdialekt i alle situasjonar?

Inf 09: Ja, eg nektar å prata annleis for å seia det sånn. Når du er i Oslo for eksempel, så skal dei vera vanskeleg og

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – “skjønnte ikke helt hva du sa” når du skal til å prata tal og sånn “saukjan”, “akjan” og “nikjan” og sånn.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Då nektar dei å skjønna deg, men det er berre å ikkje gje seg.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Dei skjønar det, men dei vil berre kanskje ikkje skjønna, for dei likar vel ikkje sogndalsdialekten då eller noko sånt.

Éi forklaring på denne ulike innstillinga kan vera at jenter og gutar tileignar seg desse haldningane som ein umedviten del av sosialiseringprosessen. Kanskje jentene i større grad enn gutane internaliserer forventningar om å kunna vera fleksible.

Det å snakka tradisjonell og “brei” dialekt vert i mange samanhengar òg oppfatta som maskulint. Assosiasjonar til maskulint, røft og tøft er òg argumentet Trudgill (1997: 183) nyttar for arbeidarklassen i Norwich når han vil forklara kvifor menn vel eit meir tradisjonelt språk enn kvinner:

[...] WC speech, like many other aspects of WC culture, has, in our society, connotations of masculinity, since it is associated with the roughness and toughness supposedly characteristic of WC life, which are, to a certain extent, considered to be desirable masculine attributes.

Episoden der informant 9 frå djupintervjuet fortel om at dei reint fysisk “måtte slå” den kameraten som brått gjekk over til bokmål (jf. kap. 6.5.9), er ein indikasjon på koplinga mellom maskulinitet og språkbruk blant gutar og at sanksjonane her går på fysisk makt. Fleire av gutane i materialet er òg inne på at dei tykkjer sogndalsdialekten er tøff (inf. 9, 10 og 22). Dei bruker karakteristikkar som “tøff”, “rå”, “hard” og “harry”, og meiner det positivt. Det er også ei jente (inf. 27) som synest at sogndalsdialekten er så brei, og at det er tøft å høyra. Denne jenta gjev elles uttrykk for å ha mykje kontakt med litt eldre sognegutar, og det er mykje som tyder på at ho difor likar det maskuline, dvs. både gutane og måten dei pratar på. Fleire av jentene karakteriserer den breie sogndalsdialekten som “grov”, “mørk”, og “harry” (inf. 25, 14, og 5), noko som truleg er karakteristikkar som ligg nærast opp til det maskuline. Informant 2 kjem med ei svært direkte utsegn som illustrerer nettopp dette når ho seier: “Det er skikkeleg sånn, nett som karastemma som pratar voldsomt breitt.” Denne koplinga mellom brei dialekt og det “rå”, “mørke” og “maskuline” ser såleis ut til å ha større appell til gutane enn til jentene.

Trudgill konkluderer ut frå engelsktalande samfunn dessutan med at kvinner generelt sett er meir statusmedvitne enn menn. Han seier òg (Trudgill 1983b: 88):

Men and women are socially different in that society lays down different social roles for them and expects different behaviour patterns from them. Language simply reflects this social fact. Men's and women's speech, as we have demonstrated, is not only different: women's speech is also (socially) ‘better’ than men's speech. This is a reflection of the fact that, generally speaking, more ‘correct’ social behaviour is expected of women.

Dei skilnadene me her ser mellom språket til jenter og gutar, må vera ein kulturell kjønsskilnad og ikkje ein medfødd, biologisk eigenskap ved det å vera jente eller gut. Når Wardhaugh (1992: 322) referer til dei språklege kjønsskilnadene som har kome fram i undersøkingar i New York, Norwich, Reading og Belfast, seier han:

Most of those differences can be explained by the different positions men and women fill in society. Men have more power and may be more assertive; women tend to be kept ‘in their place’ but aspire quite often to a different and ‘better’ place. Women therefore appear to be more conscious of uses of language which they associate with their ‘betters’ in society, that is, those they regard as being socially superior. They therefore direct their speech toward the models these provide, [...]

Det er truleg slik at kvinner og menn “strevar etter” å nå langt på ulike sosiale arenaer. For menn kan det kanskje vera viktig å gjera det godt økonomisk, medan kvinner kan bruka språket for å prøva å “klatra” sosialt. Britiske og amerikanske studiar viser at det er ein klar skilnad mellom kjønna. Cheshire (1984: 43) skriv:

Where linguistic features can occur in both a standard English and a non-standard form, the surveys have found that female speakers tend to use more of the standard English forms than male speakers. This is true for both phonological and morphosyntactic features [...]. One reason may be that women are more conscious of the social significance of different linguistic features, so that they use more of the socially prestigious speech forms; another reason is, perhaps, that non-standard working-class speech has masculine connotations of “roughness” and “toughness” in Western society, so that men choose to use more non-standard forms [...].

Milroy og Milroy (1997: 55) argumenterer i sitatet nedafor for at dei dialektale skilnadene mellom kvinner og menn er eit vestleg fenomen. Sjølv om det i praksis ikkje er så store sosiale klasseskilje i Noreg som i Storbritannia og USA, er den sosiale tankegangen og trongen etter å skapa eit slikt mentalt skilje, truleg noko som òg kjenneteiknar det norske språksamfunnet.

Variation according to gender appears to be universal and, in terms of style, the tendency appears (in Western societies at least) to be always in the same direction. Females tend toward the careful end of the continuum and males toward the casual end. Similarly, it can be said that females favor “prestige” norms and males vernacular norms. [...] males appear to favor more localized variants, which carry some kind of identity-based social meaning in the local community, whereas females identify more with supra-local variants in speech.

Vidare understrekar dei det som eg trur er ei viktig årsak til at denne skilnaden gjerne ikkje er så lett å oppdaga hjå folk flest (jf. same stad):

It should be noted that gender variation in speech is not necessarily evident to the casual observer. Normally, both sexes use the same variants, but in different quantities, and the differences are fine-grained; therefore, they can normally be demonstrated only by quantitative means.

Utsegna til informant 9 frå eitt av djupintervjua mine stadfestar at dette er ein skilnad det kan vera vanskeleg å merka sånn utan vidare:

Intervjuar: Synest du det er nokon forskjell på jenter og gutar på det området?

Inf 09: Nei, dei snakkar mykje likt.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Jenter, trur jenter har ein like positiv innstilling til dialekten som gutane.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Dei bryr ikkje seg om det liksom.

Intervjuar: At dei snakkar like breitt òg?

Inf 09: Ja, dei snakkar vel like breitt.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Det trur eg ikkje dei har noko imot.

Kristiansen såg òg klare kjønnskilnader i materialet sitt. Jentene brukte flest riksmålsformer (høggkøbenhavnsk), og gutar brukte flest københavnsformer (lågkøbenhavnsk), men dei brukte om lag like mange sjællandsformer. Haldningsmessig var mønsteret i den indirekte granskinga omvendt ved at jentene var mest positive til københavnsk. Dette gjaldt både på kompetanse- og sosialitetsfaktoren. Jentene var dessutan mest positive til sjællandsk på sosialitetsfaktoren. I den direkte haldningsgranskinga var gutane meir positive til sjællandsk enn jentene (jf. Kristiansen 1997b: 24 – 26). Dette resultatet strir såleis mot hypotesen Kristiansen har om at dei indirekte haldningane viser samsvarande mønster med språkbruken. Dette forsvarar han så med at det ikkje alltid treng vera slik, og at det heller enn eit samsvar i notida, er eit førevarsel om kva som vil kunna skje på sikt, men at dette fyrst kan bli etterprøvd ved seinare granskingar (jf. Kristiansen 1997b: 25 – 26). Også hjå Maegaard, som brukte kvinnestemmer i den indirekte “matched guise”-granskinga si, var det alltid jentene som var signifikant mest positive på somme av vurderingskriteria i høve til alle språkprøvene. Dette forklarar ho med at jentene gjerne er meir høflege enn gutane og ikkje ynskjer å støyta nokon, eller ved at jentene er meir usikre og ikkje i same grad som gutane torer å ta stilling til språkprøvene. Men ho hevdar òg at det kanskje er det motsette, at det er eit uttrykk for at gutar er meir usikre og difor nedvurderer, for lettare å framheva seg sjølve (jf. Maegaard 2001: 149 – 150). Både argumentasjonen til Kristiansen og Maegaard munnar, slik eg ser det, berre ut i famlande spekulasjonar. Maegaard er elles inne på, slik som eg har hevda for mitt materiale, at bruk av kvinnestemmer kan ha ført til auka solidaritetskjenle hjå jentene (jf. Maegaard 2001: 150).

Trass i at dei tre informantane mine i djupintervjuet verka nokså samstemde om innhaldet i dei sosiokulturelle kategoriane (jf. kap. 6.5.12), har eg ikkje godt nok grunnlag for å hevda noko om i kor stor grad det er eit skilje mellom ein “yrkis-kultur” som representerer den tradisjonelle bygdekulturen, og ein “allmenn-kultur” som representerer det seinmoderne samfunnet (jf. Bringedal 2000: 9 og kap. 2.5). Det verkar likevel som om Bringedal kan ha rett i at stereotypien gjerne kviler på enkelte yrkesfag av di fag som t.d. elektro, er eit fag der det er vanskeleg å koma inn og difor ikkje kan reknast som eit “slaurefag”. Alle dei tre informantane mine seier òg at dei i alle fall i skuletida lett ut frå åtferd, interesser og klesstil kan sjå kven som høyrer til den eine eller den andre kategorien. Bringedal hevdar at dette skiljet i dag heller enn eit skuleskilje er eit kjønnskilje, der

gutane representerer det tradisjonelle og jentene det seinmoderne (jf. Bringedal 2000: 9). Ei slik dikotomisk inndeling av ungdomsmiljøet gjev meining også språkleg og haldningsmessig sett i mitt materiale, i og med at det er gutane som i størst grad er berarar av dei tradisjonelle sogndalsformene (jf. kap. 6.4.3) og i dei direkte haldningsgranskingane har dei mest positive haldningane til dialekten (jf. tabell 6.26).

Under språkopptaka spurde eg informantane direkte om kven dei trudde hadde påverka måten dei snakka på. Som venta svara dei fleste foreldre og vener. I tillegg var det nokre som var inne på familie og slekt, eit par informantar nemnde besteforeldre spesielt. Ein informant hevda at fjernsyn og radio spela ei viktig rolle, og ein annan informant meinte at folk som snakka bokmål påverka i tillegg til alt som vart lese på bokmål. Det er interessant at informantane sjølve meiner at miljøet og dei personane dei har vakse opp saman med og har mykje kontakt med, fungerer som viktige påverknadsagentar på talemålet deira. Av den grunn kan det vera verdt å sjå litt nærare på korleis informantane har vurdert talemålet til dei 12 personane dei førte opp i nettverksskjemaet sitt.<sup>119</sup> Tabell 7.3 nedafor viser korleis nettverkspersonar med sogndalsdialekt fordeler seg hjå informantane i høve til bakgrunnsvariabelen kjønn.<sup>120</sup>

Kjønn	Gjennomsnitt	<i>N</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
Jenter	6,11	18	0,725	0,014
Gutar	8,50	18		

Tabell 7.3: Samanlikning av tal på nettverkspersonar med sogndalsdialekt hjå jenter og gutar.

Tabell 7.3 viser at gutane har signifikant fleire kontaktpersonar som snakkar sogndalsdialekt enn det jenter har. Dette stemmer òg overeins med dei språklege resultata (jf. kap. 6.4.3) og sjølvrapporteringsgranskingane (jf. tabell 6.3.7) og kan såleis vera med å forklara kvifor det er slike språklege kjønnsskilnader blant ungdomar i Sogndal.

Eit brått språkskifte vil føra til sterke reaksjonar frå det næraste sosiale nettverket (jf. kap. 6.5.9), for då vert folk usikre, og ein byrjar å rota med det sjølvbiletet og den rollefordelinga vedkomande har i miljøet. Språkendingar ser derimot ut til å vera meir akseptable både i tradisjonell og nyare retning dersom dei skjer gradvis. Ein gut i materialet mitt med to innflyttarforeldre

<sup>119</sup> Informantane kunne velja mellom sogndalsdialekt, vestlandsk, austlandsk og anna (her skulle dei skriva kva). Eg tek sjølvkritikk på at eg ikkje hadde med ein kategori i nettverksskjemaet som heitte sogning (sjå vedlegg E).

<sup>120</sup> Den underliggjande forskingshypotesen er retningsbestemt av di resultatet frå det språklege materialet (jf. kap. 6.4.3) har gjeve meg grunn til å tru at gutar har meir kontakt med nettverkspersonar som snakkar sogndalsdialekt enn jenter.



flytta til bygda som fireåring og snakka då austlandsk. Men under sjølvvurderinga no, vurderer han språket sitt til å liggja nærast varietet 3.<sup>121</sup> Han har *ao*-lydar og ein samla tradisjonsprosent på 37,8 og seier sjølv at han har endra språket sitt i vesentleg lei mot sogndalsdialekten etter at han kom til Sogndal. Ei av jentene i materialet med éin forelder frå Sogndal flytta òg til Sogndal frå Austlandet som fireåring. Ho la derimot aldri om språket sitt i retning sogndalsdialekten, plasserte seg utafor trekanten med dei tre varietetane, kalla språket sitt for bokmål og er ikkje med blant dei 34 informantane som eg har kunna analysera språkleg. Ut frå dette kan det difor verka som om gutane i større grad enn jentene tilpassar språket sitt i retning tradisjonell sogndalsdialekt.

På fyrstesida til “verbal guise”-testen spurde eg informantane om ein del bakgrunnsopplysningar (jf. vedlegg B). Eitt av desse spørsmåla dreia seg om kvar elevane ville bu og arbeida etter at dei var ferdige med utdanninga. Eg hadde ein idé om at dei som eventuelt kunne tenkja seg å busetja seg ein annan stad enn Sogndal, kunne tenkjast å ha meir negative haldningar til sogndalsdialekten og ein mindre tradisjonell dialekt sjølve enn dei som ville bli verande i bygda. Vel ein tredjepart, 57 av dei 153 elevane, svara at dei ikkje visste. Ein Pearson kji-kvadrat-test<sup>122</sup> vart utført på svara hjå dei 96 elevane og gav resultat som i tabell 7.4 nedafor:

<b>Kjønn</b>	<b>Jenter</b>	<b>Gutar</b>	<b>Total</b>
Sogndal	19	36	55
Andre stader	23	18	41
Total	42	54	96

Tabell 7.4: Fordelinga på jenter og gutar som oppgav å vilja bu og arbeida i Sogndal etter fullført utdanning.

Tabell 7.4 viser at fleirtalet av gutane på undersøkingstidspunktet oppgav at dei ville bu og arbeida i Sogndal etter at dei var ferdige med utdanninga. Skilnaden mellom kjønna er så stor at han ikkje kan vera tilfeldig (fridomsgrader = 1,  $\chi^2 = 4,434$  og  $p = 0,035$ ). I ein reportasje av Halvard Læg Reid i *Sogn Avis* 8. mars 2004 seier Gunnar Jørgensen at det helst er jenter med interesse for høgare utdanning som vel å flytta frå bygda, medan gutar med lita interesse for skulearbeid helst vil bli buande i bygda. Det vil alltid vera knytt uvisse til validiteten når ein stiller hypotetiske spørsmål om korleis ein vil opptre i ein tenkt situasjon eller om noko langt fram i tid av di det er så mange

<sup>121</sup> Rett nok var krysset til denne informanten òg på utsida av trekanten, men i kommentaren skriv han: “Ikkje heilt lik, men det var det næraste”. Krysset hans er sett like utafor varietet 3. Under instruksjonen, sa eg at dei skulle setja krysset nærast den varieteten dei snakka sjølve, så eg tolkar det slik at det er det denne informanten har gjort.

<sup>122</sup> For meir om Pearson kji-kvadrat-test sjå McCall 1975: 300 – 305. Hypotesen er her testa retningsnøytralt.

eksterne faktorar ein ikkje har kontroll med på undersøkingstidspunktet. Eg har likevel ikkje nokon god grunn til å seia at dette er ein potensiell feilfaktor som vil vera spesielt knytt til kjønn.

I *Sogn Avis*, 3.11.2003, skriv journalist Anne Gro Fredheim eit stykke som handlar om kvifor utflyttinga frå bygda er så sterk spesielt for jenter i aldersgruppa 20 – 29 år.<sup>123</sup> Ho viser blant anna til ei undersøking gjennomført av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2000 som var retta mot eit utval utflyttarar. Hjø halvparten av dei spurde var tilbod om arbeid hovudargumentet for å bu andre stader. I overskrifta på avisartikkelen er påstanden “- Unge jenter vil ha yrande liv rundt seg”, og dei har intervjuar tre jenter om kvifor dei ikkje vil flytta heim att til Sogndal. I avisartikkelen vekslar argumenta hjå dei tre mellom mangel på relevant jobb, at det er meir å velja i av alle typar aktivitetar i byane, ektemake frå ein annan stad, og at Sogndal er for lite trass i om det hadde vore ein relevant jobb der. Ei av dei spurde trur dessutan at jenter er meir eventyrlystne enn gutar. Kanskje er denne tankegangen om å flytta ut sterkare til stades hjå jentene og kan såleis vera ei forklaring på at dei også haldningsmessig og språkleg viser størst avstand til den tradisjonelle sogndalsdialekten? Den språklege fleksibiliteten kan då vera signal om ei mental førebuing til seinare å flytta ut.

### 7.1.3 Sjølvrapportering og kjønn

Når folk skal rapportera korleis dei sjølve meiner dei snakkar, har det vist seg at vurderingane deira ikkje alltid stemmer overeins med det faktiske språket deira. Både Labov, i ei undersøking av postvokal /r/ i New York (1966), og Trudgill, med ei undersøking av ulike fonologiske trekk i Norwich (1983a), såg at informantane var upresise i sjølvvurderingane. Hjø Trudgill skulle informantane setja ei markering ved den uttalen som svara til det dei normalt sett meinte å bruka sjølve. Tendensen var at menn i hovudsak underrapporterte bruken av standardtrekk, medan kvinner overrapporterte bruken av dei (jf. Trudgill 1983a: 177).

Kristiansen (jf. Kristiansen m.fl. 2002b) registrerte at det i Danmark ikkje var samsvar mellom kva ungdomsinformantane sa direkte om det å snakka dialekt, og korleis dei snakka. Kristiansen let informantane sine lytta til språkprøvar av københavnsk, sjællandsk og riksdansk og etterpå kryssa av i ein trekant kvar dei ville plassera sitt eige språk (jf. Kristiansen 1991a: 61 –

---

<sup>123</sup> Blant dei tre informantane mine frå djupintervjuet er det berre guten, informant 9, som eintydig oppgjev at han vil bu og arbeida i Sogndal etter at han er ferdig med utdanninga.

62).<sup>124</sup> Kristiansen fann ingen signifikant skilnad mellom vurderingane til menn og kvinner. Det såg likevel ut til å vera ein tendens til at dei unge kvinnene vurderte seg sjølv til å snakka meir sjællandsk, dvs. mindre standardnært enn mennene. Dette er ein skilnad som går i motsett retning av resultatata til Trudgill (jf. Kristiansen 1991a: 72).

Berge Rudi med ei undersøking av talemålet i Hallingdal og Gudbrandsdalen såg derimot godt samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk. Ho seier (1999: 78): “Den rapporterte (i spørjeskjemaet) og den faktiske (i intervjuet) språkbruken *samsvarte heilt* hjå dei seks informantane mine frå Hallingdal og Gudbrandsdalen.”

Resultata frå sjølvvurderingstrekanten eg nytta for dei tre varietetane av sogndalsdialekten, synte ingen signifikante skilnader mellom kjønna, men fleire gutar enn jenter vurderte språket sitt til å liggja nærast den tradisjonelle varieteten (jf. kap. 6.3.2).

Ein stad vil det gå ei tradisjonsprosentsgrense mellom kvar av dei tre varietetane. Akkurat kvar denne grensa går, er det likevel litt vanskeleg slå heilt klart fast. Utan å gå konkret inn på språktrekk viste materialet at tradisjonsprosentane til informantane klumpa seg saman i tre grupper. Ei grovinndeling mellom dei tre varietetane kan såleis svara til ei tradisjonsprosentfordeling som ser om lag slik ut:

Varietet 1: 70 – 100 %

Varietet 2: 50 – 69 %

Varietet 3: 25 – 49 %

Dei som hadde ein tradisjonsprosent under 25, vert ikkje rekna med i denne inndelinga av ulike varietetar av sogndalsdialekten. Det er då i alt 30 av dei 36 informantane som vil falla innfor desse tre varietetane.<sup>125</sup> I samsvar med eigenvurderingane til informantane mine vil inndelinga ut frå kjønn fordelt på kvar av dei tre varietetane sjå slik ut:

---

<sup>124</sup> I tillegg til at informantane skulle plassera sitt eige språk i høve til dei språkprøvane dei høyrde, la han i etterkant opp til ein diskusjon om kva slags utgåver av dansk språk dei hadde lytta til, og kva trekk som gjorde at språkprøvane kunne kjenneteiknast som københavnsk, sjællandsk og riksdansk.

<sup>125</sup> Fem av dei seks som ut frå låg tradisjonsprosent fell utfor dei tre varietetane, sette òg merke utfor trekanten og kalla språket sitt noko anna under sjølvvurderingstesten. Den sjetten av desse vurderte språket sitt nærast varietet 2.

		<b>Gutar</b>	<b>Jenter</b>
Varietet 1	Overrapportering	4	1
	Presis vurdering	<b>5</b>	<b>0</b>
Varietet 2	Underrapportering	1	2
	Overrapportering	1	4
	Presis vurdering	<b>2</b>	<b>3</b>
Varietet 3	Underrapportering	2	1
	Presis vurdering	<b>2</b>	<b>2</b>

Tabell 7.5: Sjølvvurderinga til informantar i høve til varietet 1, 2 og 3.

Dersom dei hadde vore presise i vurderingane sine i høve til den tradisjonelle varieteten (varietet 1), skulle det ha vore 10 informantar, 9 gutar og 1 jente i ruta for presis vurdering. Berre halvparten av desse, fem gutar, har då vurdert språket sitt i samsvar med slik det viser seg at dei snakkar. Blant dei fire gutane som har overrapportert, har to vurdert språket sitt til å liggja nærast varietet 2 og to til å liggja nærast varietet 3. Den eine jenta som har overrapportert, har vurdert språket sitt til å liggja nærast varietet 3. Tankegangen er den same som hjå Trudgill, for overrapportering er her knytt til det å rapportera at ein snakkar ein mindre tradisjonell varietet. I tabellen oppgjev såleis halvparten av dei 10 informantane at dei bruker eit meir “utvatna” språk enn den tradisjonelle sogndalsdialekten. Underrapportering er ikkje mogleg i høve til varietet 1, då det her ikkje finst noko meir tradisjonelt språk å vurdera seg i høve til.

Om alle hadde vore presise i høve til mellomvarieteten (varietet 2), skulle det ha vore 13 informantar, fire gutar og ni jenter i ruta for presis vurdering. Når ein her har underrapportert, tyder det at dei hevdar å snakka nærast varietet 1. Overrapportering tyder at dei har vurdert språket sitt nærast varietet 3 eller utafør trekanten, slik éin av dei fire gutane har gjort.

I høve til den siste av dei tre varietetane, varietet 3, skulle det i alt ha vore 7 informantar i ruta for presise vurderingar, fire gutar og tre jenter. Dei to gutane som har underrapportert, hevdar å snakka nærast varietet 1, medan den eine jenta vurderer språket sitt nærast varietet 2.

Tala er småe, så ein skal vera forsiktig med å dra for generelle konklusjonar. Det mest interessante er at fire av dei gutane som har ein svært høg tradisjonsprosent (mellom 70 – 100 %) meiner dei snakkar meir likt varietet 2 og 3, og at to av dei med låg tradisjonsprosent (mellom 25 – 49 %) meiner dei snakkar nærast varietet 1. Det kan sjølvsagt henda at vurderingane deira baserer seg på eit enkelttrekk hjå dei personane dei høyrde på cd-en, men elles kan det verka som om ein del av dei gutane som ikkje snakkar særleg tradisjonelt, ser på det som prestisjefyllt å gjera det,

medan dei som snakkar tradisjonelt, anten synest det er greitt eller like gjerne kunne tenkja seg å snakka mindre tradisjonelt.

For jentene er det spesielt i mellomvarietetskategorien vurderingane spriker litt, og at vurderingane går begge vegar, både mot den meir tradisjonelle varietetten og mot den meir moderne. I og med at varietetsgrensene her er sette av meg og ikkje av informantane sjølve, kan det henda grensene eigentleg kan vera litt meir flytande og overlappande enn dei prosentinnendingane eg har laga. Det kan såleis verka som om jentene har eit meir realistisk og medvite bilete av korleis dei sjølve snakkar enn det gutane har.

Det kan òg tenkjast at dei opplevde varietetsgrensene er kjønnsesifikke. Jenter og gutar kan t.d. ha ulike oppfatningar av kva som er “gamaldags” språkbruk. Det er såleis mogleg at gutane ser på det som mindre “gamaldags” å snakka tradisjonell sogndalsdialekt enn det jentene gjer.

#### **7.1.4 Klassestrinn**

I den indirkete “verbal guise”-undersøkinga var informantane frå 8.-klasse signifikant meir positive til varietet 3 enn 9.- og 10.-klasse. I sjølvvurderinga, dialekttrekanten, var det signifikant skilnad mellom klassestega ved at flest elevar frå 8.-klasse vurderte seg i høve til varietet 3. Informantane frå 9.-klasse vurderte seg her mest i høve til varietet 1, medan informantane frå 10.-klasse var mest positive til varietet 2 (jf. tabell 6. 21). Verbalt sett uttala 9.-klassingane seg også under språkopptaka mest positivt til varietet 1. Det var småe skilnader å spora mellom klassane når det galdt kunnskap om sogndalsdialekten, sjølv om det kunne sjå ut til at 10.-klassingane visste litt meir. Språkleg sett var det likevel ingen signifikant skilnad mellom klassane, men 9.-klasse hadde jamt over litt høgare tradisjonsprosent på dei fleste språklege variablane (jf. tabell 6.46).

Ulike haldningar på dei tre klassestrinna kan, heller enn sjølve alderen, truleg skuldast ulikskap i operative normer (jf. kap. 4.3.3) i klassane, dvs. ulike oppfatningar av kva som er akseptabel og uakseptabel åtferd. Elevane er frå dei er heilt småe delte inn i aldershomogene kategoriar. Dei deltek i forskjellige klassemiljø og vert påverka av ulike lærarar i barnehage eller skule. Vaksenpersonane dei er knytte til, kan såleis veksla noko frå årskull til årskull. Eit eksempel frå djupintervjua med éin av informantane frå 8.-klasse kan illustrera kva påverknadskraft talemålet til dei tilsette i barnehagen kan ha:

Intervjuar: Men har du nokon sinne fått kommentarar frå foreldra for eksempel på ting du har sagt, på språket ditt?

Inf 05: Ja, eller me har snakka litt om det, og eg hugsar. Æh, når eg gjekk i seksåringane var det vel. Då var det ei sånn barnehagetante, og ho snakka bokmål, og då hugsar eg at eg vart veldig påverka av ho.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 05: Begynte å snakka litt bokmål då liksom.

Intervjuar: Då du var i førskulen?

Inf 05: Mm.

Intervjuar: Så når du kom heim att då, så hadde du fått med

Inf 05: Ja.

Intervjuar: – deg ein del ord og sånn?

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Og då retta foreldra dine på, på deg?

Inf 05: Ja, det gjorde dei. Altså eg hugsar ikkje så mykje av det no, men dei har fortalt det då.

Informant 5 er her inne på at førskulelæraren spela ei ganske viktig rolle for hennar språkbruk, og desse vaksenpersonane i barnehage og skule fungerer truleg som svært viktige normagentar på borna i språklæringsalderen. Kanskje kan fleire av elevane frå 8.-klasse ha blitt påverka på same måten som informant 5, noko som i så fall kan vera med å forklara kvifor elevar frå 8.-klasse er meir positive til varietet 3 enn elevar frå 9.- og 10.- klasse. Borna er på dette tidspunktet i livet truleg lite medvitne om dette, men desse vaksenpersonane *kan*, i tillegg til foreldra, vera dei viktigaste rollemodellane borna har. Haldningsdanninga skjer dessutan svært tidleg i livet (jf. kap. 4.3.1). Ein skal såleis slett ikkje undervurdera den rolla dei spelar òg når det gjeld på det språklege området.

Bjørkum sa noko på eit mållagsmøte i Lærdal om lærdals- og borgundsmålet i 1986 som eg ser på som like gyldig i dag og heilt avgjerande for utviklinga i sogndalsmålet òg. Til avisa *Sogn og Fjordane* 1.12.1986 skal han ha sagt (jf. Bjørkum 2002b: 97):

Korleis det går med borgund- og lærdalsmålet står og fell med korleis me lærer opp borna heime. Barnehagane grip tidleg inn i talemålet til borna. Eg ser barnehagane som noko av det viktigaste i arbeidet med talespråket til borna. Ideelt sett skulle dei tilsette i barnehagen vera frå same bygda som borna, men dette er nok uråd.

Også for variabelen klassetrinn vil eg sjå om det på innsamlingstidspunktet var nokon skilnad i sogndalsnettverket til informantane på dei ulike klassestega.

Klassetrinn	Gjennomsnitt	<i>N</i>	<i>F</i>	<i>p</i>
8.-klasse	7,13	16	0,185	0,832
9.-klasse	7,00	9		
10.-klasse	7,82	11		
Total	7,31	36		

Tabell 7.6: Samanlikning av tal på nettverkspersonar med sogndalsdialekt hjå elevar i 8.-klasse, 9.-klasse og 10.-klasse.

Tabell 7.6 viser at det ikkje er nokon signifikant skilnad mellom dei tre klassestega når det gjeld kontakt med nettverkspersonar som snakkar sogndalsdialekt i alle fall ikkje på innsamlings-tidspunktet.

### 7.1.5 Nokre førebelse konklusjonar

Det er i dag vanleg at folk flyttar på seg, og at det er stor dialektblanding på ein stad. Éi av årsakene til den store talemålsvariasjonen eg finn blant ungdomane i Sogndal no, trur eg er at dei alt frå dei er små har høyrte veldig mange ulike dialektar. Samrøret mellom talemålet til foreldra, barnehagetilsette, lærarar og jamaldringar inneheld stor språkleg variasjon, og det er ikkje gjeve at berre éi av desse gruppene slår igjennom som påverknadsfaktor. Det er truleg ikkje éi sterk tradisjonell sogndalsnorm, men sannsynlegvis fleire konkurrerande språknormer å halda seg til for dei unge som veks opp i Sogndal. Slik kan det ha vore i mange år, kanskje heilt frå 70-talet då den store innflyttingsbølga starta (jf. tabell 2.1), utan at det har vorte dokumentert. Eit interessant spørsmål er i alle fall kva status desse ulike normene har seg imellom. Sitatet frå språksamtalen med informant 5 illustrerer noko av den “normkonflikten” som verkar å råda blant ungdomane i Sogndal:

intervjuar: Kva synest de om sogndalsdialekten då?

informant 5: Viss dei pratar heilt breitt, så kan det vera litt, synest eg kanskje det er litt harry.

informant 15: Ja.

informant 5: Nei, eg veit-, det er no slik det er. Nei, det er greitt, heilt fin dialekt det, hm.

Denne oppfatninga frå ein informant med begge foreldra frå Sogndal kan gje inntrykk av at det å snakka breitt sogndøl ikkje vert oppfatta som det mest prestisjetunge målet i konkurransen med andre mål. I neste omgang kan det sjå ut som om informant 5 angrar på det spontane utbrotet sitt om sogndalsdialekten. Det er ikkje godt å seia om det er “redsla” for kva intervjuaren vil tru, eller andre tankar som gjer at informanten her ser ut til å gå attende på dei haldningane som kom fram fyrst. Eit slikt forsøk på å kamuflera haldningane sine kan koplast til den ego-forsvarande funksjonen som

Katz skriv om (jf. kap. 4.2.5). Det er lett å tenkja seg at ein ungdomsskuleelev kan vera restriktiv med opne negative kommentarar til sogndalsdialekten når dei er i samtale med ein språkforskar frå Universitetet. Berre bruk av direkte “utspørjande” metode kan difor vera utilstrekkeleg. Mange av informantane hjå meg vurderer likevel ikkje det dei kallar bokmål som eit godt alternativ til tradisjonell sogndøl. Resultata frå den indirekte granskinga mi, viste derimot at varietet 2, mellomvarietetet, skåra jamt høgast hjå alle, og denne varietetet er ikkje så “brei”. Han har t.d. *ao*-lydar, men ingen tronge *i*-lydar. Det språklege materialet hjå informantar med minst éin av foreldra frå Sogndal, viste òg at det spesielt er variablane som er knytte til varietet 2, som dominerer talespråket hjå dei unge, og at dei 6 variablane som høyrer til varietet 3, ikkje står så sterkt enno (jf. kap. 6.4, tabell 6.30).

Eit anna interessant spørsmål er spenninga mellom det å vera urbant og ruralt orientert og å vera lojal eller illojal mot det lokale. Det sosiale nettverket for informantar med foreldre utafor Sogn ber preg av å vera meir urbant orientert enn for informantar med innfødde sogndalsforeldre. Desse fyrstnemnde informantane føler difor kanskje ei lausare tilknytning til Sogndal og talemålet der enn kva dei som har sterk familiær sogndalsbakgrunn gjer.

## 7.2 Meir om validitet og reliabilitet i den indirekte granskinga

### 7.2.1 “Verbal guise” – eksperiment i “eit vakuum” eller i “ein naturleg samanheng”

For den indirekte undersøkinga “verbal guise” valde eg ei ramme rundt granskinga som skulle gjera det mest mogleg meiningsfullt for elevane å delta og ikkje vera som eit eksperiment i eit vakuum, noko som ein del sosial-psykologiske testar ofte vert skulda for å vera (jf. Tajfel 1972). Ein viktig fordel med å prøva å få til ein naturleg kontekst er å unngå det som Tajfel (1972: 84) er inne på:

[...] the more novel, unfamiliar or strange an experimental situation is to the subject, the more he will tend to solve the problem that this creates for him by falling back on his own notions of what might be the conduct appropriate to it, i.e. the more will his conduct be determined by those of his norms and values that he perceives as being pertinent to the situation.

Ein annan viktig grunn til å gjera undersøkinga i ein “naturleg” kontekst, er at det er uvisst kor pålitelege laboratorie-eksperiment er til situasjonar i kvardagslivet. Både Giles og Bourhis, som i ei undersøking inviterte ein psykolog som presenterte seg med ulikt språk til to klassar der elevane etterpå skulle evaluera denne personen (jf. Giles og Bourhis 1976), og Kristiansen, med ei språk-



haldningsgransking på kinoen i Næstved (jf. Kristiansen 1997a), er døme på forskarar som har gjennomført “matched guise”-testar i daglegdagse kontekstar.<sup>126</sup>

Haldningsundersøkinga fungerte etter det eg fekk vita, fint i alle klassane. Nokre av lærarane sa at dei tykte det var litt ubehageleg å stå å seia noko dei visste ikkje var sant, og ein del elevar hadde spurt ein del. Dei stussa mellom anna på kvifor dei skulle føra opp kvar foreldra var ifrå, når det var snakk om å vurdere personar til ein film. Dei tykte òg det var litt rart at dei fekk ut spørjeskjema som samsvara med det nummeret dei hadde på klasselista. Det var akkurat passe med tid, slik at alle fekk tid nok til å setja kryss i alle rutene. Nokre av elevane hadde likevel tykt det var litt vanskeleg å setja kryss.

Det var ingen elevar som sa høgt at dei trudde denne vurderinga hadde noko med haldningar til språk å gjera, men det verka som om ikkje alle var heilt overtydde om at denne granskinga hadde noko med film å gjera. Alle ser likevel ut til å ha valt å vera lojale mot undersøkinga. Éin av dei eldste elevane hadde etter at dei hadde levert inn skjemaet, spurt læraren om kva som var det eigentlege føremålet med dette. På direkte spørsmål frå meg i etterkant sa denne eleven at han hadde trudd det hadde noko med språk å gjera. Nokre av dei uttrekte elevane sa òg på direkte spørsmål frå meg at dei syntest det var litt merkeleg at dette dreia seg om uttak til ein film når dei som snakka, ikkje snakka om film. Desse eksempla høyrer til unntaka, men det kan sjølvsagt diskuteras kva elevane har trudd dei var med på. For dei fleste trur eg likevel konteksten har verka meiningsfull. Kommentaran på den nedste linja i skjemaet (jf. tabell 6.18) tyder på at konteksten eg konstruerte om ein film audition, har vore truverdig for informantane av di eg her har fått ut karakteristikkar som nettopp kunne ha vore truverdige og nyttige for ein filmregissør. Eg synest dessutan det verkar truverdig at ein person som er på audition, har øvd på ein tekst og meiner at denne måten å utføra denne undersøkinga på, skapte ei meir truverdig og realistisk ramme enn om filmkonteksten ikkje hadde vore med. I tillegg til dei seks kvinnelege stemmene fekk eg ei mannsstemme med ein heilt annan dialekt til å representera filmselskapet og forklara elevane kva dei skulle gjera under sjølve testen. Både det å velja ei mannsrøyst til dette, og det at denne personen ikkje snakka sogndalsdialekt, meiner eg var med å styrkja truverdet til konteksten av undersøkinga.

---

<sup>126</sup> Sjølv gjennomførte eg ei tilsvarande haldningsgransking på kinoen i Sogndal, men grunna dårleg respons frå publikum, kan eg ikkje dra konklusjonar som stør val av kontekst. For meir om denne undersøkinga sjå kap. 6.1 og Haugen 2002a.

### 7.2.2 Kvinnestemmer i “verbal guise”-undersøkinga

Dei seks stemmene tilhørde seks forskjellige kvinner med ulike røysteigenskapar sjølv om det berre var 8 år mellom den yngste og den eldste. Ulikt ivrige stemmer under framføringa kan ha noko å seia i og med at elevane vart bedne om å vurdera personane dei høyrde ut frå korleis dei meinte dei ville eigna seg i ein film. Nokre stemmer er meir monotone, stemmeleiet er noko ulikt, tempoet på og innlevinga i det dei formidlar er litt forskjellig, og ein kan høyra at somme av dei les meir enn andre. Sidan målingsobjekta her er levande menneske, vil det dessutan alltid vera faktorar ein ikkje har tilgang til eller kan verja seg mot. I ein “verbal guise”-test med 153 elevar og seks språkprøvar, representerer kvar vurdering ein elev gjer av ein språkprøve, eit nytt feilkjeldesett. Den menneskelege røysta kan til dømes formidla eit udefinerbart irritament eller eit signal som dei som skal vurdera røysta, ikkje kan setja ord på. Ein kan såleis få utslag som ein ikkje har kontroll over, og som kan vera svært vanskelege å forklara og forstå. Ut frå kommentarane på den opne linja i skjemaet kan det sjå ut til at nokre av informantane har vurdert innhald eller stemmekvalitet på personane, men det er ikkje råd å sjå at det her er noko eintydig og skeivt mønster mellom dei seks stemmene eller dei tre varietetane (jf. kap. 6.2.7).

Ingen elevar hadde, så vidt eg veit, kome med kommentarar til at nokon av stemmene t.d. høyrdest rare ut eller for gamle til å snakka slik dei gjorde. Dersom ein tenkjer seg at varietet 3 er ein måte å snakka på som i større grad vil representera dei unge i Sogndal, kan eg gjera merksam på at éi av dei to stemmene som ber denne varieteten, nettopp vart framført av den yngste av dei seks kvinnene, og at denne kvinna til dagleg har eit talemål som ligg tett opp til denne varieteten.

Det kan tenkjast at jentene i større grad enn gutane har klart å identifisera seg med dei stemmene dei skulle vurdera, sidan alle stemmene var kvinnestemmer. Trass i at resultata ikkje syner signifikante skilnader mellom kjønna, kan det at jentene generelt sett er meir positive til alle stemmene, vera eit teikn på ein generell kjønnsolidaritet. Det er mogleg at gutane i ungdomsskulealder jamt over har vist mindre iver etter å gje positive vurderingar på grunn av at det var kvinnestemmer dei høyrde. Det kan òg rett og slett tenkjast at gutane vert litt flaue når dei vert bedne om å gje vurderingar som viser affekt i denne alderen.

I liknande undersøkingar i Danmark (jf. Kristiansen m.fl. 2002b) har dei brukt mannsstemmer og likevel sett at kvinnene svarar mest positivt. Det kan då uavhengig av det dei faktisk høyrer heller vera snakk om at sjølve undersøkingsforma, det å svara på eit skjema, generelt sett appellerer meir til kvinner enn til menn, og at dei gjennom å vera meir velviljug innstilte såleis også gjev meir positive evalueringar.

### 7.2.3 Skodespelarstemma i “verbal guise”-undersøkinga

Alle personane måtte gjera fleire prøveopptak før det høyrdest bra nok ut med omsyn til flyt, tempo og uttale. Dei seks personane hadde likevel eit talemål til dagleg som låg ganske nær opp mot den varieteten dei vart bedne om å representera. Når det galdt den varieteten av sogndalsdialekt dei skulle snakka, viste det seg at det som regel berre var 1 – 2 trekk dei ikkje hadde innarbeidd i det daglege talemålet sitt. Også Lambert (jf. Lambert 1960: 45) måtte bruka litt tid på å øva med opptakspersonane sine.

Éi av stemmene tilhørde ein skodespelar, slik at denne personen kan ha utmerkt seg noko med omsyn til å høyrast levande og ekte ut. Sidan personen bak denne stemma er profesjonell i forestellingskunst, og dei andre stemmene ikkje er det, ser eg i ettertid at eg her kan ha fått ei utilsikta feilkjelde. Ei mogleg forklaring på at eg fekk att to og ikkje tre varietetar under analysen, og at éi av stemmene under varietet 2 skil seg ut frå den andre, kan vera at skodespelaren vart brukt som ei av stemmene her (jf. tabell 6.2).

### 7.2.4 Andre faktorar i “verbal guise”-undersøkinga

Tekstane tok frå 38 sekund til 50 sekund å framføra. Gjennomsnittstida låg på 45 sekund. Verken aldersvariasjonen på dei personane som snakka eller tidsvariasjonen på opptaka har eg funne nokon god grunn til å måtta kontrollera. Det var akkurat passe med tid, slik at alle fekk tid nok til å setja kryss i alle rutene. Nokre av elevane hadde likevel tykt det var litt vanskeleg å setja kryss. Eg kan heller ikkje sjå at rekkefylgjeblendinga av dei tre varietetane har spela noka rolle for dei resultatane eg har fått.

Ei anna kjelde til feil kan eg ha fått dersom nokre informantar har vurdert nokon av adjektivpara i motsett retning av det eg har tenkt på som positivt, t.d. dersom nokon har vurdert det å koma frå “utkant” som positivt, og det å koma frå “sentrum” som negativt. Slike eventuelle tilfelle er det ikkje mogleg å oppdaga i etterkant, men dei kan, dersom dei finst, ha ført til at resultatane vert vanskelege å vurdere i høve til det eg har tenkt å måla.

Det er òg uråd i ettertid å vita om lærarane har oppført seg annleis enn “vanleg” av di dei visste at det dei stod og sa då dei presenterte undersøkinga for elevane, ikkje var heilt sant.

### 7.2.5 Konklusjon på “verbal guise”-undersøkinga

Føresetnaden for “matched guise-” eller “verbal guise”-granskingar er at ein reknar med at vurdering av personen og språket til personen vil smelta saman. Då bør ikkje andre faktorar som t.d. stemme eller tekstinnhald få for mykje merksemd. “Verbal guise”-undersøkingar utførte av t.d. Kristiansen (jf. Kristiansen 1991a) og Ladegaard (jf. Ladegaard 1994) i Danmark, har vist at slike

granskingar kan gje nyttig kunnskap om språkhaldningar. Kristiansen meiner at det er dei umedvitne haldningane som samsvarar best med språkbruken til informantane og seier (1992: 239):

— De unge legger i deres bevidste vurdering af det lokalfarvede sprog en positiv holdning for dagen, men denne positivitet fremstår som et overfladefænomen fordi de unge i deres underbevidste reaktioner klart nedvurderer lokalfarvet sprog, i tynd såvel som bred version.

Dette stemmer såleis ikkje med mine resultat sidan eg ser eit klarare mønster mellom språkbruken og den direkte granskinga. I undersøkinga til Elsa Kristiansen i Drammen, fekk ho eit resultat der det var samsvar mellom “verbal guise”-testen og spørjeskjemaundersøkinga. Det var her dei draga som var på veg ut blant dei unge, ungdomane var mest negative til både direkte og indirekte (jf. E. Kristiansen 1999: 145). Kor vidt informantane hennar skjøna at det var haldningane til språkbruk ho ville undersøkjja, seier ho ingenting om, men dei var i alle fall klare over at det var språkbruken ho var interessert i (jf. E. Kristiansen 1995: 64 – 66). Dersom informantane skjønar det, vert det ikkje lenger ei indirekte gransking av haldningar, men ei direkte, og det kan i så fall forklara at det er samsvar mellom dei to granskingane.

Det avgjerande poenget med å laga ein indirekte test, er at dei som deltek ikkje vert klare over det eigentlege føremålet med testen – her språkhaldningar. I dei undersøkingane som har vorte gjennomførte i Danmark, har forskaren sjølv difor gjennomført testen og i ettertid spurt deltakarane kva dei trur dei har vore med på. Vanlegvis plar deltakarane då verta nokså overraska når dei høyrer det handlar om deira haldningar til språk. Hjø Maegaard (2001: 139) kjem det likevel fram at elevane på gymnaset er inne på kva det dreiar seg om:

Efter testen spurte jeg eleverne, hvad de troede det gik ud på. På gymnasiet svarede de begge gange lidt tøvende, at det nok handlede om fordomme. De foreslog ‘fordomme om forskellige mennesketyper’, men efter lidt snak kom de frem til, at de måske nærmere var ‘fordomme om forskellige dialekter’. Det var altså ikke umuligt for dem at komme frem til, hvad det drejede sig om, men samtidig påstod de allesammen, at de ikke havde været klar over det, da de udfyldte skemaerne.

Spørsmålet er kor sikre ein her kan vera på at elevane ikkje alt under utfyllinga hadde ei aning om at det var fordomane deira til ulike typar språk dei skulle ta stilling til. I Sogndal, som er eit samfunn der mange veit kven eg er, trur eg ikkje det ville ha vore råd at eg skulle ha gjennomført testen utan at elevane ville ha gjennomskoda kva som hadde vore føremålet. Eg valde difor å lata norsklærarane i dei ulike klassane gjennomføra testen, men eg hadde instruert alle om korleis dei skulle gå fram ei stund på førehand (jf. kap 5.4.2.1). Dessutan vart heile opplegget mitt presentert

som om dei skulle vurderer personane med omsyn til at dei skulle delta i ein film og med ei mannleg stemme med ein annan dialekt innspelt på cd-ane som skulle representera filmselskapet. Eg håpte såleis at elevane ville finna denne konteksten truverdig. Sidan eg ikkje var der sjølv, fekk eg likevel ikkje høve til å spørja alle informantane i ettertid om kva dei trudde dei hadde vore med på. Gjennom nokre av lærarane fekk eg likevel vita at det var ein del elevar som vart litt småsure med det same dei fekk vita at føremålet var eit anna enn det dei hadde vorte presenterte for, noko som heilt klart tyder på at konteksten har verka meiningsfull. Eg fekk òg tilbakemelding på at éin av dei eldste elevane i ettertid hadde stilt spørsmål til læraren sin om kva som var det eigentlege føremålet. På direkte spørsmål frå meg sa denne eleven at han trudde det hadde hatt noko med språk å gjera.

Eg trur ikkje det har vore mange, om i det heile nokon, som har sete og tenkt på at dei har teke stilling til språkbruken til deltakarane. Kommentaraner på den opne linja i skjemaet (jf. kap. 6.2.7) tyder heller ikkje på det. Filmkonteksten ser eg dessutan berre på som ein styrke for truverdet av undersøkinga. Eg trur ikkje det hadde gått like bra utan denne. Når undersøkinga til Maegaard i Danmark syner at elevane, som rett nok var litt eldre enn mine, får mistanke om kva det dreiar seg om, trur eg denne mistanken hadde vorte endå synlegare i Noreg utan ein fiktiv kontekst, sidan medvitte kring språkbruk generelt sett er mykje sterkare her.<sup>127</sup>

Det mest interessante spørsmålet mitt er om den “verbal guise”-testen eg har utført, er valid og reliabel. Langt på veg meiner eg han er det, men eg skal prøva å underbyggja denne påstanden ved å dra fram att ein del av dei sidene ved denne undersøkinga som kan knytast til ekstern og intern validitet og reliabilitet.

Eg meiner denne undersøkinga er eksternt valid, dvs. at resultata lett kan generaliserast til andre situasjonar enn sjølve undersøkingssituasjonen. Av di eg ikkje har lagt opp til eit laboratorieforsøk, men derimot har laga ei realistisk og truverdig ramme rundt undersøkinga, har eg truleg òg fått meir autentiske svar. Det at undersøkinga vart akseptert og gjennomført av lærarane på skulen og ikkje av meg, som ein del elevar ikkje ville ha kopla til noko filmselskap, ser eg òg på som ein styrke for truverdet til undersøkinga. Eg lyt likevel gjera ein liten reservasjon ved at informantane ikkje har teke stilling til personar med eit spontant talemål, men derimot har vurdert personar som snakka framført talemål (jf. kap. 5.2.2). Sidan eg likevel meiner at konteksten gjer dette meiningsfullt og opphevar dei fleste ulempene med dette valet, vel eg å sjå på dei vurderingane dei gjev som vurderingar av ulike talemålsvarietetar i Sogndal.

---

<sup>127</sup> Dersom det er nokon stad i Danmark der ein skulle venta høgt språkleg medvit, burde det vera nettopp i Sør-Jylland som var under tysk styre i perioden 1864 – 1920.

Når det gjeld den interne validiteten, dvs. at resultatene ikkje kan skuldast andre forhold enn dei ein prøver å påvisa, er det både ein del faktorar som står, men òg ein del som svekkjer denne undersøkinga. Eg vil sjå på dei negative faktorane fyrst. For det fyrste kan eg ikkje sikra meg 100 % for at ikkje eigenskapane på vurderingsskalaen kan oppfattast annleis enn eg har tenkt. Det er heller ikkje mogleg å ha full kontroll på kva rolle ulike stemmer og innhaldet i tekstane har spela. Dette har eg prøvd å kontrollera best mogleg ved å velja to personar for kvar varietet. Røyst A er likevel eit eksempel på at det kan vera noko spesielt med denne stemma. Faktorar som derimot er med på å styrkja den interne validiteten, er at det stort sett viste seg å vera god samvariasjon mellom dei to stemmene med same varietet. Dessutan viste varietetane seg i høg grad å koma att. Det at varietet 1 og 2 for materialet samla ikkje kom så tydeleg att som to åtskilde varietetar som det varietet 3 gjorde (jf. kap. 5.9.1.3), ser derimot ikkje ut til å ha hatt så mykje å seia når ein går ned på underkategorinivå. Eg har òg sørgd for at alt skulle vera mest mogleg likt og utvitydig for alle elevane som deltok i undersøkinga. Manglande eller tvitydige observasjonar hjå elevane vart tekne ut or materialet og ikkje prøvd retolka av meg. Elevane fekk i tillegg høve til å koma med egne opne svar som kunne fungera som ein indikator på kva dei har hatt i tankane under vurderingane. Det er òg truleg slik at uttrykket, og språket inkludert, står meir i fokus for merksemda vår når noko er framandt eller nytt enn t.d. innhaldet gjer, slik at innhaldet her spelar ein underordna rolle.

Eg har ikkje gjort nokon test for å testa den eksterne reliabiliteten, dvs. gjort ein ny test som skulle kunna gje meg tilnærma dei same resultatene. Dette ser eg dessutan på som lite aktuelt eller naudsynt i og med at eg ikkje har eit tilfeldig utval, men derimot har teke føre meg totalpopulasjonen, dvs. alle ungdomsskuleelevane ved Sogndal ungdomsskule. For å testa den eksterne reliabiliteten kunne eg t.d. utført den same undersøkinga på heile ungdomsskulen tre år seinare når alle elevane var skifta ut. Det ville òg ha gjeve ein kontroll på dei elevane eg har valt ut, som del av eit tidsvindauge (jf. kap. 5.8.3.1) Som ein intern reliabilitetskontroll, dvs. der eg har kontrollert meg sjølv som måleinstrument når det gjeld indre samanheng og fråvær av subjektive vurderingar innafor materialet, har eg gjort ein test-retest av innleggingane mine. Men i denne testen er det lite rom for å gjera subjektive vurderingar av di datamaterialet er nokså standardisert.

Resultatene kan vera ei kjelde til forvirring. Resultat som ikkje samsvarar med hypotesane, kan anten skuldast at mitt utsnitt av verda er annleis enn eg har tenkt, eller at skildringsnivået mitt av “verda” er feil, dvs. at noko er gale med metoden. No syner resultatene ein del klare mønster når eg ser nærare på sosiale bakgrunnsvariablar som foreldrebakgrunn, klassetrinn og kjønn. Når det likevel ikkje er alt som verkar heilt enkelt å forklara, trur eg dette dels kan hanga saman med ein ekstern faktor som stemme. Når t.d. jentene som gruppe er mest positive til alle stemmene, trur eg det kan skuldast at det var kvinnestemmer informantane vart bedne om å vurdere.

Kanskje hadde testen vorte endå meir påliteleg om eg hadde valt ei anna kvinnestemme enn skodespelarstemma, eller kanskje burde eg valt berre mannsstemmer i staden for kvinnestemmer, av di menn ofte ser ut til å bli tillagde meir prestisje og seriøsitet enn kvinner. Hjø Kristiansen (2002b: 50) kjem det likevel fram at det trass i val av berre mannsstemmer, er mest positiv respons frå kvinnene i dei “verbal guise”-undersøkingane dei har gjort i Danmark. Eg kunne gjerne òg ha laga ein eigen boks i vurderingsskjemaet som heitte “veit ikkje” (jf. Ladegaard 1994).

I ettertid kan ein òg stilla spørsmål om det hadde vore mogleg å gjera undersøkinga endå meir valid. Eg kunne for eksempel ha gjennomført ein heil serie med forundersøkingar på flest mogleg variablar som ein slags føregåande kontroll. Dette ville derimot ha kravd svært mykje tid og arbeid, og dessutan kan det vera vanskeleg å vita kvar ein har alle potensielle validitetsproblem før ein går i gang med hovudundersøkinga.

Eg kunne òg ha valt å gjera fleire undersøkingar der eg ikkje berre tok utgangspunkt i klassar når det gjeld organisering av undersøkinga. “Kjemien” mellom lærar og elev kan vera ei feilkjelde her, men det hadde òg vore mogleg å ta utgangspunkt i andre kategoriar som t.d. kjønn og foreldrebakgrunn. Dersom eg då, etter å ha samanlikna desse resultatane med kvarandre, hadde fått dei same resultatane, kunne eg ha vore sikker på at det å ta utgangspunkt i klassar ikkje var noka feilkjelde. Då ville eg ha fått eit reliabilitetsuttrykk som kontrollerer validiteten.

Sidan eg har valt å studera språkhaldningane hjå eit finitt sett elevar i eit bestemt tidsrom, har eg prøvd å gjera dei vala som eg meiner vil gje meg best mogleg reliabilitet og validitet. Trass i at det er mogleg å koma med nokre innvendingar i ettertid, meiner eg like fullt at denne undersøkinga, slik ho er utført, kan gje verdfulle opplysningar om språkhaldningar.

### 7.3 Språkbruk – variasjon og endring

Eg har ikkje vore ute etter å finna svar på kva eller kven som set i gang sjølve innovasjonsprosessen, men heller etter å finna forklaringar på kvifor nye trekk spreier seg. Ut frå resultatane av det språklege materialet i denne undersøkinga er det vanskeleg å hevda anna enn at sogndalsdialekten er inne i ei språkleg endring. Trass i at det i samanlikning med undersøkinga i 1996 er færre belegg i denne undersøkinga, og at det er nye og yngre informantar enn sist, er det vanskeleg å tenkja seg at desse ungdomane vil få eit radikalt annleis språk om nokre år. Figur 6.4 viste tydeleg at dei fleste informantane har ein mykje lægre gjennomsnittleg tradisjonsprosent enn informantane i 1996. Figuren gjev likevel uttrykk for at der er stor spreining, dvs. stor variasjon, for tradisjonsprosenten ligg ein stad i spekteret 17,8 (inf. 23) til 85,2 (inf. 21). At eit talemål varierer, er det



normale. Ikkje nokon talemål som er i bruk, vil vera heilt homogene. Stor variasjon kan likevel i seg sjølv vera eit teikn på at ei språkleg endring er i gang, medan stor homogenitet er eit kjenne-teikn på stabilitet. Talet på innovatørar som kjem med dei nye trekka, og styrken på desse påverknadsaktørane er avgjerande for korleis det framtidige sogndalsmålet vil høyrast ut. Framleis ser det ut til at mange av innflyttarborna til ein viss grad tilpassar talemålet sitt noko til sogndalsdialekten (jf. tabell 6.37), men den kritiske fasen for den tradisjonelle sogndalsdialekten, dvs. varietet 1, ser ut til å vera like om hjørnet av di den gjennomsnittlege tradisjonsprosenten for dei unge informantane med same foreldrebakgrunn som i 1996, no ligg på 49, mot 71,6 for dei yngste den gongen (jf. tabell 6.33). Den yngste informantkategorien i 1996, som var i aldersgruppa 17 – 44 år, var rett nok ein del eldre enn informantane i 2001-undersøkinga. Likevel kan det sjå ut til at endringsprosessen kan ha vore i gang alt den gongen, men at han vert endå tydlegare når eg no har undersøkt endå yngre informantar nokre år seinare. Dei same språkdraga som var i endring i undersøkinga i 1996, held fram med å tapa terreng i 2001, men denne utviklinga er komen endå lenger, og i tillegg har desse trekka no fått fylgje av mange av dei trekka som såg ut til å vera meir stabile òg. I undersøkinga i 1996 viste dei 9 språklege variablane som galdt systemdrag i dialekten, å halda seg best (jf. Haugen 1998: 116). Denne lista på 9 drag er no nesten halvert, og berre variabel 15, 6, 14, 1 og 10, oppramsa i rekkefylgje med synkande tradisjonsprosent, står att med ein tradisjonsprosent på over 46 (jf. tabell 6.32). Alle desse trekka er trekk som både er frekvente i talemålet, og der dei tradisjonelle variantane skil seg tydeleg ut både frå sørvestlandsk og frå skriftspråka. Nokre av desse trekka har den tradisjonelle sogndalsdialekten t.d. hatt felles med talemåla i Hallingdal og Valdres og på Voss. Variabel 14 som gjeld endingane /d̥/ ↔ /n(e)/ i fleirtal av substantiv t.d. <gutane> og <jentene> held seg framleis nokså godt blant informantar med minst éin av foreldra frå Sogndal. Dette trekket har derimot vist seg å forsvinna i Valdres (jf. Kvåle 2000: 171 – 172) og blant dei unge i Hallingdal (jf. Thoengen 1999: 67). Såleis kan ein konkludera med at dei dialektale endringsprosessane på vestsida og austsida av langfjella er ulike. Variabel 10, som gjeld segmentering /dl, dl/ ↔ /l/, t.d. <fjell>, har gått frå ein tradisjonsprosent på 83 i 1996 til ein tradisjonsprosent på 46,9 i 2001 (jf. tabell 6.32). Akselberg har nyleg observert at denne typen segmentering òg er på retur blant ungdomar på Voss (jf. Akselberg 2003: 215). Ein del talemålstrekk som såleis har hatt støtte i fleire talemål, ser med andre ord òg ut til å stå svakare blant dei unge i dag, og det gjeld ikkje berre i Sogndal. Dette fellestapet av tradisjonelle talemålstrekk kan skuldast at ungdomar reiser mykje meir og har eit mykje større kontaktnett med folk med fleire talemål enn det som var vanleg for tidlegare generasjonar, og at trekk som vert oppfatta som annleis, vert vekke i språkbruken. Dei som med språket sitt likevel vil visa at dei kjem



frå Sogndal, kan ha nok med berre å halda på nokre fåe signaltrekk, som t.d. *ao*-lyden av gamalnorsk *á* og rulle-*r*. Ved å ha mange tradisjonelle trekk vert ein ikkje berre plassert språkleg. Stereotypiane om ei bestemt sosial plassering slår lettare til overfor ein som snakkar ein utprega tradisjonell dialekt.

Intervjuar: Æh, kva synest du om *ao*-lyden, sånn som i “språk” og “baot”?

Inf 28: Det høyrest litt merkeleg ut, he.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Eg plar ikkje seia den så veldig masse.

Intervjuar: Nei.

Inf 28: Eg seier “språk”, sånn at “baot” det, det er litt merkeleg for meg.

Intervjuar: Ja, sjølv om du har høyrt den rundt deg frå du var lita?

Inf 28: Ja, berre eg reagerer automatisk på det når eg høyrer det liksom.

Intervjuar: Ja, korleis reagerer du då?

Inf 28: Nei, eg tenkjer, å, ja ho seier he, ho snakkar breitt sogndøl liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 28: Då tenkjer eg at då ho er kanskje ifrå Dalen eller noko sånt.

Intervjuar: Frå Dalen?

Inf 28: Ja, for dei snakkar breiare enn

Intervjuar: Ja.

Inf 28: her nede (uforståeleg)

Informant 5 som snakkar sogning, men ikkje så veldig tradisjonelt sogndøl, er døme på ein person som ser ut til å ha valt ei deltilpassing til sogndalsdialekten ved at det er greitt å ha *ao*-lydar, men ikkje t.d. den tronge *i*-lyden.

Intervjuar: Kva slags trekk av sogndalsdialekten kan ein bruka utan at ein kan seia at ein snakkar breitt?

Inf 05: Nei, eg veit ikkje eg.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: “Ao, pao”.

Intervjuar: Du kan ha det?

Inf 05: Du snakkar ikkje, du snakkar ikkje så veldig breitt når du gjer det.

Intervjuar: Nei.

Inf 05: Pao og sånt, det synest eg ikkje.

Intevjuar: Men kva slags trekk må du har for å liksom bli veldig brei då?

Inf 05: Æh, nei det er sånn der “Rima” og “in” og

Intervjuar: Javel, mm.

Inf 05: Ja, sånne ting.

Informant 28 reagerer spesielt negativt på *ao*-lyden og den tronge *i*-lyden:

Intervjuar: Er det nokon spesielle trekk i sogndalsdialekten du synest er stygge?

Inf 28: Det er vel kanskje den tronge *i*-en,

Intervjuar: Ja.

Inf 28: og så desse “*dao*” og “*pao*”-lydane.

Intervjuar: Mm, men dei spesielt?

Inf 28: Ja, det er vel helst dei.

Intervjuar: Slik som “*heure*” og “*kjeure*” som me snakka om i stad då?

Inf 28: Det er ikkje så gale.

Intervjuar: Nei.

Inf 28: Dei blir på ein måte ikkje så breie.

Det å snakka tradisjonell sogndøl vert oppfatta som litt gamaldags og uvanleg og difor truleg ikkje så akseptert i ungdomsmiljøet:

Intervjuar: Æh, sånn som formene “*heure*” og “*kjeure*” og “*seung*” då?

Inf 28: “*Heu*”, ja, det same vil eg.

Intervjuar: Ja, synest du det er litt morosamt eller når du høyrer det eller?

Inf 28: Det er jo litt morosamt då. Det er jo ikkje så veldig vanleg.

Intervjuar: Nei, den høyrer til den tradisjonelle sogndalsdialekten.

Inf 28: Ja, men det er, det er liksom mest gamle som snakkar den tradisjonelle

Intervjuar: Ja.

Inf 28: – sogndalsdialekten. Det er ikkje så veldig mange ungdommar.

[...]

Intervjuar: Men er eit språk som er gammalt mindre verd eller styggare enn, enn

Inf 28: Nei,

Intervjuar: – eit som er nyare?

Inf 28: – det er jo ikkje det. Men det blir liksom meir morosamt, for det er fåe som snakkar det.

Intervjuar: Så gammalt språk er meir morosamt?

Inf 28: Ja

Informant 5 synest i motsetnad til informant 28 at det er viktig å ha eit talemål som plasserer henne i Sogndal:

Intervjuar: Når du er ute og reiser og kjem til andre plassar, er det då viktig å visa at, eller på ein måte snakka sånn at dei kan plassera deg i Sogndal?

Inf 05: Ja, det er det jo.

Intervjuar: Når dei spør kvar du kjem frå så skal dei

Inf 05: “Å, ja Sogndal ja.”

Intervjuar: – høyra det på språket òg?

Inf 05: Ja, ja, ja.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Nei då. Det er morosamt å sjå. Det er veldig morosamt å snakka til andre (uforståeleg). Det er ofte det berre er “hæ” når du seier sånn som “hina, pina” sånt. Det er sånn. “Kva det betyr for noko?” liksom.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Ja, så det.

Den viktigaste årsaka til det er truleg at ho har røynt at dette har gjeve henne positive tilbakemeldingar:

Intervjuar: Men blir du stolt?

Inf 05: Altså. Ja, når dei høyrer Sogndal så “Å, ja du kjem frå Sogndal, ja, så flott” liksom.

Men informant 5 verkar ikkje som ho vil merkja seg ut meir enn ho må for å bli plassert og få den positive tilbakemeldinga.

Intervjuar: Og så sånn som “saukjan” og “akjan” og “nikjan”.

Inf 05: Ja.

Intervjuar: Seier du det sjølv?

Inf 05: “Saukjan”, “akjan” og “nikjan”, ja, det trur eg.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: Men det trur eg òg varierer litt liksom

Intervjuar: Ja.

Inf 05: – etter kven eg er med. Kan henda eg seier “atten” og,

Intervjuar: Mm.

Inf 05: – men det er då viss eg er med ja folk som ikkje, ja utanom Sogndal

Intervjuar: Ja.

Inf 05: – mest, mm.

[...]

Intervjuar: Det er nokon, nokon ting du altså ikkje vil seia, nokon former du ikkje vil bruka?

Inf 05: Sånn her “Rima” og sånn

Intervjuar: Ja,

Inf 05: – då bruker eg “Rema”

Intervjuar: “briv” og “tri” og?

Inf 05: Ja, “briv” og sånt.

Intervjuar: Men

Inf 05: Då tek eg “brev” og,

Intervjuar: Ja.

Inf 05: – ja.

Intervjuar: Kvifor vel du det?

Inf 05: Fordi at det har eg gjort. Eg har sagt “brev” liksom.

Intervjuar: Synest du, synest du, kva synest du er så viktig med at folk skal høyra at du kjem frå Sogndal, når du snakkar sogndalsdialekt?

Inf 05: Kva som er viktig med det?

Intervjuar: Ja, kva som er så viktig med det?

Inf 05: Nei, altså, det reklamerer jo litt for bygda på ein måte,

Intervjuar: Å, ja.

Inf 05: – og det synest eg er bra.

Intervjuar: Ja.

Inf 05: At, fordi altså det er jo veldig mange som veit om Sogndal sidan me har eit lag i tippeligaen og alt sånt så.

Intervjuar: Mm.

Inf 05: Ja, eg synest det er viktig at eg kan reklamera og, så kan eg fortelja at det er veldig fint her i Sogndal og sånt. Så kan det henda at det er fleire som flyttar her eller noko sånt, he.

Informant 9 viser med sine utsegner at han er klar over at det er stor variasjon i sogndalsdialekten:

Intervjuar: Kor mange av venene dine snakkar sogndalsdialekt då trur du?

Inf 09: Æh, det er jo mange måtar å snakka sogndalsdialekt på eigentleg.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Men, det er så mange versjonar av han. Det er nokon som har litt bokmål innimellom då.

Intervjuar: Ja.:

For informant 9 er det aldri snakk om å kompromissa med talemålet:

Inf 09: Du skil deg litt ut når du går og pratar høgt sogndøl inni Oslo då.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Det er moro det.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Det er det. Så det.

Intervjuar: Litt reklame for bygda.

Inf 09: Ja, i grunnen he.

Informant 9 har òg eit syn på kva trekk som er sentrale:

Intervjuar: Men kva synest du om sånn som den tronge *i*-lyden då sånn som i “briv” og “sir” og “ti” og slik?

Inf 09: Ja, der har du den òg. Den òg, den òg er det jo folk som faktisk dei seier “ser” og “te” og sånt.

Intervjuar: Ja, men likevel så kan dei snakka

Inf 09: Ja, det trur eg.

Intervjuar: – sogndalsdialekt?

Inf 09: Den er ikkje så viktig faktisk.

Intervjuar: Neivel.

Inf 09: Som “ao” og “nao”

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – “rao” og “dao” og slikt.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Den er vel faktisk viktigare.

Han vil derimot, i motsetnad til dei to jentene, òg sjølv gjerne nytta dei tradisjonelle formene:

Intervjuar: Vil du snakka brei sogndøl, eller vil du snakka meir sånn utvatna variant?

Inf 09: Ja, det vil kanskje, det vil kanskje mange brei sogndøl, det eg veit ikkje om det eg snakkar no er brei sogndøl.

Intervjuar: Du veit ikkje det?

Inf 09: Nei, det er ikkje eg sikker på, men eg vil spesielt ikkje utvatna sogndøl trur eg, trur ikkje eg vil prata slik.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Så om det er brei sogndøl eller utvatna sogndøl eg pratar no, det veit eg ikkje, men.

Intervjuar: Du kunne ha tenkt deg og snakka sånn som dei snakka, ja sei besteforeldra dine då?

Inf 09: Dei òg snakkar jo slik som eg gjer.

Intervjuar: Dei gjer det ja?

Inf 09: Ja.

Intervjuar: Så har det ikkje skjedd så store forandringar.

Inf 09: Nei faktisk ikkje.

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Dei snakkar slik, men før der att kanskje og deretter.

Intervjuar: Ja, ja.

Inf 09: Dei er vel kanskje annleis.

Dei tre informantane i djupintervjua representerer fyrst og fremst seg sjølve, men likevel kan dei òg vera representantar for tre ulike syn på sogndalsdialekten. Sidan *ao*-lyden framleis står sterkt, medan mange av dei andre tradisjonelle trekka er på sterk retur, kan det tyda på at det er mange som har valt den deltilpassinga til sogndalsdialekten som informant 5 har gjort. Mellomvarieteteten, som står sterkast i dag, representerer nettopp eit slikt språk. Eg veit ikkje kor utbreidd synet til informant 28 er, men dersom mange innflyttarborn har den same haldninga som ho om at det er stygt å ha eit

språk med mange tradisjonelle trekk, verkar det som eit potensielt trugsmål mot den tradisjonelle sogndalsdialekten. Det er likevel framleis ein del informantar, og sikkert andre sogndøler òg, som står sterkt på at dei vil halda fram med å snakka den tradisjonelle sogndalsdialekten, slik informant 9 gjer. Kanskje må ein vera ekstra språkmedviten i dag for å ha ei slik sterk innstilling når det er så mange andre språkformer som kjempar om å slå gjennom? Det å ha foreldre frå bygda og eit tett nettverk av sogndøler som snakkar sogndalsdialekt rundt seg, ser ut til å vera ein styrke her.

På grunn av litt ulik hypotesetestingsmetode (jf. kap. 5.10.2) kan eg ikkje gjera direkte samanlikningar av delresultata i dei to talemålsundersøkingane frå 1996 og 2001. Likevel viser det seg i 2001 som i hovudoppgåva mi (jf. Haugen 1998), å vera klare skilnader mellom talemålet hjå gutar og jenter. Det er gutane som held best på dei tradisjonelle sogndalsvariantane (jf. tabell 6.38). Kjønnskilnaden er klarast mellom gutar og jenter med bae foreldra frå Sogndal (jf. tabell 6.40). Ein del av forklaringa på dette trur eg kan liggja i at mange jenter oppgjev at det å snakka “breitt” sogndøl høyrest så maskulint ut (jf. kap. 7.1.2), og at sanksjonane mot ikkje å snakka dialekt er sterkare blant gutane enn blant jentene.

Intervjuar: Kva du seier når han snakkar ikkje-ordentleg og? Kva vil det seia å snakka ordentleg då? Kva meiner du med det?

Inf 09: Es, nei ikkje-ordentleg då rundar dei av orda lite vetta kanskje. Du høyrer at dei seier ikkje “rao” og “dao” og “nao”. Dei seier kanskje “då” liksom

Intervjuar: Javel.

Inf 09: – “då” og “nå” og kanskje av og til lite vetta sant,

Intervjuar: Ja, ja.

Inf 09: – så du nett høyrer det kanskje. Så han, ein frammi Dalen, han seier “vondt”. “Da va veldi, da va veldi vondt”, seier han.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 09: Det mobbar eg han mykje for då.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Det er det ingen andre som seier.

Intervjuar: Neivel.

Inf 09: Me seier “ilt”

Intervjuar: Ja.

Inf 09: – heiter det.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Og “stygge” er det nokon som seier. Me seier “støgg”. Så det.

Intervjuar: Mm.

Inf 09: Det er sånne småord

Intervjuar: Mm.

Inf 09: – som kjem att.

Intervjuar: Så de snakkar litt om det i kameratflokken då?

Inf 09: Ja, snakka, me snakka om det før. Det er ikkje så nøye no liksom, for no er me meir med sånne lustringar og lærdøler og sånt, og dei pratar no litt sånn spesielt dei òg.

Kanskje er det òg slik at fleire jenter enn gutar har tenkt å busetja seg andre stader enn i Sogndal når dei vert vaksne (jf. kap. 7.1.2). Dette resultatet går såleis i same retning som den språklege skilnaden mellom gutar og jenter i Sogndal.

Eg veit ikkje om andre som har gjort undersøkingar av språkleg variasjon mellom tre klassesteg i ungdomsskulen. Trass i ein prosentvis høgare tradisjonsprosent hjå elevane i 9.-klasse, viste resultatane mine ingen signifikante skilnader mellom dei tre klassestega.

Blant dei unge sogndølene i denne undersøkinga er det ikkje den tradisjonelle sogndalsvarietet som dominerer. Kanskje kan ein her, på same måte som halvparten av dei 60 ungdomane i ei talemålsundersøking blant ungdomar på Voss kalla språket sitt moderne vossamål (jf. Akselberg 2002a: 103), tala om ein moderne sogndalsdialekt? I alle høve har dei trekk som representerer varietet 2, mellomvarietet, og som eg kalla nyare sogndalsmål i hovudoppgåva (jf. Haugen 1998: 120), vist seg å slå til for fullt. Dei talemålsdraga som er komne inn, er trekk som ikkje lenger er typiske berre for talemålet i Sogndal, men som dekkjer eit større sørvestlandsk område.

Dei seks nye variablane som er karakteristiske for varietet 3, ser førebels ut til å stå svært svakt i sogndalsdialekten, men variabel 7 (*ao*-lyden), 9 (*dn*-lyd som i <garn>) og 16 (*i*-ending i sterke hokjønnsord og fleirtal av inkjekjønnsord) har berre om lag 50 % tradisjonelle former hjå informantar med innflyttarforeldre. *Ao*-lyden ser likevel ut til å ha fått inntog på eit nytt domene, domenevinning, og det er i SMS-språket. Her vert *ao*-lyden truleg brukt som signalord blant dei unge, slik sitatet med informant 9 nedafor viser:

Inf 09: Ja, “springa” ja. Men sognemålet kjem jo att når me skriv SMS til kvarandre eller på mobil.

Intervjuar: Gjer det det ja?

Inf 09: Då bruker me sognemål.

Intervjuar: Javel.

Inf 09: Me gjer orda om til sognemål.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 09: Så det, det er jo greitt å gjera.

Intervjuar: Korleis då for eksempel?

Inf 09: Nei, når du skriv då, så kjem “d” “a” “o”.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 09: “Dao”, “dao” skriv me og.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: “Me” det, det blir ikkje så

Intervjuar: Nei.

Inf 09: Me skriv ikkje “m” “i”, me skriv “me” då.

Intervjuar: Ja.

Inf 09: Men slike ord som “dao” og

Intervjuar: Mm.

Inf 09: – “mao” og sånn det kjem att

Intervjuar: Javel

Inf 09: – i SMS òg.

Også informant 28 med innflyttarbakgrunn og som ikkje sjølv snakkar sogndalsdialekt, bruker *ao*-lyden når ho skriv SMS-meldingar:

Intervjuar: Snakkar alltid likt?

Inf 28: Snakkar alltid likt, men einaste når eg skriv, skriv meldingar.

Intervjuar: Ja?

Inf 28: Så eller viss me skal på Internett og snakka med folk, så skriv me æh, sognedialekt.

Intervjuar: Å, ja.

Inf 28: Sånn “dao”- og “pao”- ord.

Intervjuar: Javel? Kvifor gjer du det?

Inf 28: Det er berre blitt sånn trend her i Sogndal så.

Det er likevel tvilsamt om denne bruken av *ao*-lyden i skriftleg-munnlege meldingar vil ha nokon innverknad på talespråket.

Ettersom elevar med ingen foreldre frå Sogndal i 2000/2001 utgjorde vel 27 % av alle elevane på ungdomsskulen i Sogndal (jf. tabell 2.3), kan det sjå ut til at dei i alle fall i mengd er så mange at dei har ein viss innverknad. Det avgjerande er då om dei har så lik bakgrunn, og om det talemålet dei representerer, er så homogent og har så høg prestisje at det etter ei tid vil ta over og dominera over sogndalsmålet.

Det kan òg vera interessant å sjå nærare på korleis *dei nye variantane* (varietet 2 og 3) som har slått gjennom i talemålet og har ein samla tradisjonsprosent på under 50 hjå dei unge informantane i 2001, fell saman med skriftspråka, det tradisjonelle talemålet i Midtre Sogn og eit meir regionalt vestlandsmål, dvs. sørvestlandsk (jf. Sandøy 1996: 244). Parentesane rundt pluss- og minusteikna under sørvestlandsk i tabellen nedafor betyr at trekket varierer ein del innafor området.



Variabel	Tradisjons- prosent	Orddøme	Bok- mål	Ny- norsk	Midtre Sogn	Sør- vest- landsk
1 /iː, i/ ↔ /eː, e/	43,4	<del>	+	+	÷	+
2 /ø/ ↔ /øy/	33,5	<bygd> (subst.)	+	+	+	+
3 /ø/ ↔ /øy/ framf. palat.	3,9	<tykkjer>	+	+	+	+
4 /au/ ↔ /a/ framf. /ng/ og /nk/	1,3	<langt>	+	+	÷ (+ Aurland)	+
5 au/ ↔ /a/ eller /ɔ/ framf. /ng/ og /nk/	8,7	<gong>	+	+	÷ (+ Aurland)	+
6 /ai/ ↔ /e/	48,9	<seng>	+	+	÷	+
7 /au/ ↔ /ɔ/	71,3	<låg>	+	+	÷	(÷)
8 /dn/ ↔ /rn/ <barn>	16,1	<barneskulen>	+	+	÷	÷
9 /dn/ ↔ /rn/ generelt	79,7	<gjerner>	+	+	÷	÷
10 /dl, dl/ ↔ /l/	39,2	<fjell>	+	+	÷	(÷)
11 /dl/ ↔ /l/ trykklett endestaving	16,3	<gamal>	+	+	÷	(÷)
12 /ç/ ↔ /ʃ/	88,2	<tykkjer>	÷	÷	÷	÷
13 /rt/ ↔ /ʈ/	98,0	<stort>	÷	÷	÷	÷
14 /dn̩/ ↔ /n(e)/	45,1	<fjordane>	+	+	÷	(+)
15 /miː/ ↔ /meː/	84,7	<me>	÷	+	÷	+
16 /eiː/ ↔ /a/ (substantiv)	86,5	<senga>	+	+	÷	(÷)
17 /eiː/ ↔ /a/ (adjektiv)	88,2	<lita>	+	+	÷	(÷)
18 /eʊː, eʊ/ ↔ /ɔi/	5,5	<høyre>	÷	+	+	(+)

Variabel	Tradisjons- prosent	Orddøme	Bok- mål	Ny- norsk	Midtre Sogn	Sør- vest- landsk
19 /eʊ/ eller /au/ ↔ /a/ eller /ɔ/ <song> pret.	1,9	<song>	+	+	÷ (+ Aurland)	+
20 /ld/ ↔ /l/ og /nd/ ↔ /n/ modale hj. verb	5,8	<skulle, kunne>	+	+	÷	(+)
21 /ainj̥j/ ↔ /aing, eng/	3,5	<senga>	+	+	÷	(+)
22 /ainc̥ç/ ↔ /aink, enk/	29,3	<tenkjer>	+	+	÷	(+)
23 /j̥j, c̥ç/ ↔ /g,k,t/ infinitiv	10,4	<liggja>	+	(÷)	÷	+
24 /ei:/ ↔ /i/	1,0	<inni>	+	+	÷ (+ Aurland)	+

Tabell 7.7: Samsvar mellom tradisjonsprosent og skriftleg eller geografisk utbreiing for alle dei 24 språklege variablane.


Det går fram av tabell 7.7 at heile 17 av dei 24 språklege variablane i denne undersøkinga vert dominerte av nyare variantar. Trekk som har støtte i sørvestlandsk står sterkt. For mange variablar ser det elles ut til at dei nye variantane som dominerer i sogndalsdialekten, får støtte både av eit regionalt sørvestlandsk og av skriftspråka. Ingen av dei seks nye variantane under varietet 3 (variabel 7, 9, 12, 13, 16 og 17) står sterkt i sogndalsdialekten hjå dei unge i 2001. Ei forklaring på dette kan vera at desse variantane manglar støtte i den sørvestlandske regionen.

Variabel 1, 6 og 14 har likevel trass alt ein tradisjonsprosent over 43 (jf. tabell 6.30), noko som tyder på at dei framleis er nokså utbreidde i talemålet hjå ungdomane. Desse tre variablane gjeld systemdrag i dialekten og har dessutan tradisjonelle trekk sams med dei andre talemåla i Midtre Sogn. Variabel 15 /mi:/ ↔ /me:/ er den einaste variabelen frå 1996 som framleis held seg svært godt. Trass i at denne variabelen gjeld den same lydvekslinga som variabel 1, er han her skilt ut og leksikalisert og gjeld berre 1. person fleirtal av det personlege pronomenet. Såleis *kan* dette ordet fungera som eit signalord om at ein er sogning på same måte som dei frekvente orda <eg> og <ikkje> gjer i talemåla rundt om i landet. Ved å uttala dette pronomenet med tradisjonell variant /mi:/ markerer ein samstundes òg avstand til talemåla i Indre Sogn, der dei har forma /me:/, dvs. naboopposisjon (jf. Larsen 1917).

Innflyttarforeldra utgjer ikkje nokon homogen masse med eit felles geografisk og kulturelt opphav. Tabell 2.4 (jf. kap. 2.4) viste at vel 28 % av dei, 48 av 168, kom frå andre bygder i Midtre- eller Indre Sogn, noko som kan vera med å forklara kvifor ein del sognetrekk framleis står nokså sterkt. Austlendingane er den største enkeltkategorien av foreldre utafor Sogn (23 stykke, vel 13 %), men det samla foreldretalet frå eit sørvestlandsk område utgjer om lag 69 %, 116 av 168, av alle innflyttarforeldra. Såleis kan det òg gje meining at eit trekk som er utbreidd i eit større sørvestlandsk område kan vera med å påverka talemålet hjå dei unge sogndølene.

Denne avhandlinga kan ikkje gje sikre svar på om haldningar og språk fylgjer kvarandre, sjølv om det verkar svært sannsynleg at den negative verbale innstillinga som har kome fram om nokre av dei tradisjonelle trekka, t.d. variabel 1 (den tronge *i*-lyden) og variabel 7 (*ao*-lyden) på litt lenger sikt kan føra til at desse trekka vert endå mindre brukte enn i dag. Det beste svaret på dette kan berre framtidige undersøkingar av talemålet i Sogndal gje.

#### 7.4 Djupintervjua i høve til teorien om planlagd åtferd



Figur 7.1: Korleis teorien om planlagd åtferd er oppbygd (etter Ajzen 1988: 133). (Sjå same figur i kap. 4.2.6.)

Mathisen og Lundsveen (2001) prøvde ut TPB-modellen (“Theory of Planned Behavior”) til Ajzen (jf. Ajzen 1988) på ungdomar og alkohol. Modellen (jf. kap. 4.2.6) tek utgangspunkt i ein sosial kognitiv teori og kan verka veldig rasjonelt oppbygd. Han tek såleis ikkje omsyn til faktorar som går på at sjølvoppfatning og tilhøyrsløse kan spela inn for å auka prediksjonen av åtferd. Modellen har vorte kritisert for ikkje å vera god nok til å forklara åtferd (jf. Terry, Hogg og Duck 1999: 281 – 283). Subjektive normer inkluderer dessutan berre ein liten del av normomgrepet. Sosialt press og andre si åtferd, deskriptiv norm, vert t.d. ikkje fanga opp i modellen, noko Mathisen og Lundsveen meiner er ei viktig kjelde for sosial påverknad (jf. Mathisen og Lundsveen 2001: 15 – 16). Trass i at denne modellen ikkje tek med dette, har eg prøvd å få tak i slike opplysningar hjå informantane gjennom det eg har kalla “påverknad frå viktige andre”. Sosial identitetsteori der identifikasjon med det som skjer i den gruppa ein identifiserer seg med, er òg ein faktor ein ikkje skal sjå vekk ifrå når det gjeld åtferd. Ei sterk oppleving av å høyra til ei gruppe, vil truleg òg ha sterk forklaringsverdi på åtferd. Ein lyt då få tak i gruppenormene for å forklara åtferda. Dette har eg ikkje greidd å få spesifikt tak i hjå informantane, men det kan overlappa litt med det eg tek opp i kapittel 6.5.4 “påverknad frå viktige andre” og vera litt å henta i kapittel 6.5.10 som eg har kalla “Tilknyting til Sogndal og dialekten”. Mathisen og Lundsveen konkluderer med at modellen gjev ei forklaring på korleis prosessen føregår, men ikkje på kvifor folk handlar som dei gjer (jf. Mathisen og Lundsveen 2001: 39). Dette er eg samd med dei i. Motivasjonsfaktorane vert ikkje synlege i sjølve modellen. I djupintervjua fekk eg likevel delvis kjennskap til ein del av motivasjonen bak, noko som gjer at eg lettare kan forstå kvifor individa handlar som dei gjer.

Eg vil vidare trekkja fram stikkord frå informantsvara i djupintervjua for å sjå resultatane i høve til modellen.

#### 7.4.1 Prosess-modellen og informant 5

Nedafør vil eg laga eit oppsett som eksemplifiserer modellen til Ajzen (jf. figur 7.1) med utgangspunkt i mine analysar av kvar av dei tre informantane frå djupintervjua:

##### Haldning

Indirekte: Mest positiv til varietet 2

Direkte:

Kognitivt positiv

Affektivt nokså positiv

Konativt ynskjer å snakka “utvatna” som ho gjer

Subjektiv norm: Trur foreldre og vener reknar med at ho pratar sogning

Opplevd åtferdskontroll: Meistrar den måten ho snakkar på, som er ein “lett”-variant av sogndalsdialekten

Åtferd: Tradisjonsprosent 62,4 (svarar til varietet 2)

Sjølv om eg ikkje kan gå inn og måla kva komponentar som påverkar mest, verkar samansetjinga av dei likevel meiningsfull for å gje eit oversynsbilete over viktige grunnar til at informant 5 snakkar som ho gjer. Ho har eit talemål som ikkje er med dei mest tradisjonelle og heller ikkje mest moderne, men ligg nokså nær mellomvarietetet.<sup>128</sup> Også i det eg får å vita om informanten, er det fleire faktorar som gjenspeglar dette kompromisset. I tillegg til det modellen opnar for, er også opplysningar frå kategoriane “tilknytning til Sogndal og talemålet” og “påverknad frå viktige andre” med på å underbyggja dette biletet. Informant 5 føler at ho høyrer heime i bygda og er stolt av at folk kan høyra at ho kjem derifrå, og at ho såleis kan vera ein representant for bygda. Ho seier at ho ikkje har eit sterkt språkleg forhold til bygda, men det verkar som om ho har funne fram til ein måte å snakka på som er “passe brei”, og som gjer at ho ikkje stikk seg for mykje fram. Ho bruker eit argument imot å snakka “breitt” med at det ikkje er så mange som pratar slik. Etter Katz sine personlegdomsfunksjonar ser det ut til at nytte/tilpassingsfunksjonen dominerer hjå henne (jf. kap. 4.2.5). Informant 5 snakkar såleis nok sogning til å oppnå belønning og lite nok til å unngå sanksjonar.

Ho meiner at det er venene hennar som har påverka sterkast måten ho snakkar på, og ho har då også vener som ligg veldig nær henne i tradisjonsprosent. Elles verkar det som om ein del trekk kan ha kome gjennom påverknad frå førskulelærarar og lærarar. Som seksåring hadde ho ein førskulelærer som snakka austnorsk, og ho fortel at foreldra hennar retta vekk bokmålsord i språket hennar når ho kom heim. I dag seier ho også ofte “vi” som pronomen, noko ho også skriv. Det verkar elles som om ho er veldig positiv til nynorskformer, og at det ikkje gjer noko om desse kjem inn i talemålet. Det er òg nynorsk ho kallar det språket ho snakkar når ho ikkje snakkar med sogndøler:

Intervjuar: Når du snakkar i telefon då. Slår du om då?

Inf 05: Spørst om eg kjenner dei eller ikkje, he, he.

---

<sup>128</sup> Under sjølvvurderinga vurderte ho likevel talemålet sitt til å liggja nærast varietet 3.

Intervjuar: Javel.

Inf 05: Viss eg kjenner dei, så snakkar eg heilt vanleg, og viss ikkje, så snakkar eg litt meir sånn nynorsk, berre sånn generelt liksom. Mm.

Det at skriftspråket fungerer som eit førebilete for henne, kan ein òg få tankar om ut frå at ho meiner det ikkje er greitt å bli retta på i dei høva der talemålet samsvarar med skriftspråket, t.d. “språk” uttala utan *ao*-lyden. Ho meiner derimot ikkje det er greitt at ein seier *sj*-lyd for *kj*-lyd, noko som bryt både med talemålet og med skriftspråket. Ho hevdar at ho tilpassar språket sitt etter kven ho snakkar med og legg vekk ein del typiske sogndalsformer når mottakaren ikkje snakkar sogndalsdialekt.

#### 7.4.2 Prosess-modellen og informant 9

##### Haldning

Indirekte: Negativ til alle, mest til varietet 1

Direkte:

Kognitivt positiv

Affektivt positiv

Konativt ynskjer å snakka “breitt” som han gjer

Subjektiv norm: Trur foreldre og vener reknar med at han pratar sogndøl som dei

Opplevd åtferdskontroll: Meistrar den måten han snakkar på, som er ein tradisjonell variant av sogndalsdialekten

Åtferd: tradisjonsprosent 77,7 (svarar til varietet 1)

Også for denne informanten er det stort sett samsvar mellom alle komponentane og talemålet. Det einaste som strir med dette mønsteret, er resultata frå “verbal guise”-testen. Forklaringar til dette har eg vore inne på tidlegare (jf. kap. 7.2.2). Informant 9 seier elles at han føler seg veldig sterkt knytt til bygda, og at han meiner å ha blitt påverka av vener med sogndalsdialekt og gjennom å høyra på og ta etter korleis foreldra pratar. Det verkar som om dei subjektive normene om å snakka sogndalsdialekt er godt internaliserte i han. Han er òg ein informant som hevdar at han ikkje tilpassar talemålet sitt etter kven han snakkar med, men derimot alltid snakkar sogndøl. Sett ut frå Katz sine personlegdomsfunksjonar kan det såleis verka som om det er verdistrukturfunksjonen, der

dei grunnleggjande verdiane om å ta vare på det tradisjonelle, dominerer hjå han (jf. kap. 4.2.5). Dette er dessutan den same informanten som hevdar at han snakkar slik som besteforeldra sine (jf. kap. 7.3 ), noko som tyder på at han ser på språkleg kontinuitet som viktig.

### 7.4.3 Prosess-modellen og informant 28

#### Haldning

Indirekte: Mest positiv til varietet 1

Direkte:

Kognitivt positiv

Affektivt negativ

Konativt ynskjer å snakka som ho gjer, men ikkje sogndalsdialekt

Subjektiv norm: Trur foreldre og vener reknar med at ho pratar som ho gjer

Opplevd åtferdskontroll: Meiner ho ville ha meistra å snakka sogndøl, sjølv om ho ikkje pratar eller ynskjer å prata det

Åtferd: Tradisjonsprosent 22,5 (svarar ikkje til nokon varietet av sogndalsdialekten)

Nok ein gong gjev modellen meining for å forklara at språket til informanten er som det er. Kvifor informant 28 indirekte vurderer varietet 1 høgast, har eg vore inne på og drøfta andre stader (jf. kap. 7.1.2 ). Ho seier elles at ho synest ho har eit greitt forhold til dialekten. Sogndøler har spurt henne kvifor ho snakkar som ho gjer når ho er sogndøl, men det betyr ikkje så mykje for henne kva dei meiner om det, for dei utgjer truleg ikkje nokon viktig del av den subjektive norma. Det er helst foreldra og vener som snakkar meir austnorsk, som har påverka talemålet hennar, meiner ho, for austnorsk synest ho er fint. Når ho har eit slikt tvitydig syn på sogndalsdialekten som ho har, kognitivt positivt, men affektivt negativt, kan det minna mest om den personlegdomsfunksjonen hjå Katz som kallast ego-forsvarande. Der opprettheld ein sitt eige sjølvbilete ved å sjå ned på eller ha negative verdidomar om andre (jf. kap. 4.2.5 og 4.3.2). Informant 28 bruker heilt tydeleg språket som ein lykel til ikkje-lingvistisk informasjon om andre når ho ut frå t.d. berre eitt enkelt språktrekk, *ao*-lyden, vil plassera vedkomande i ei anna gruppe enn seg sjølv og seier at personen som snakkar slik sikkert kjem frå Dalen (jf. kap. 6.5.6). Dette er såleis ei klar markering av inngruppe og utgruppe og av å gje andre ein identitet ut frå språkhandlingane deira (jf. kap. 4.3.4 og 4.3.5).

#### 7.4.4 Grunnar til å snakka slik ein gjer, og å ha dei haldningane ein har

Det er ut frå resultatane i dei tre djupintervjua tydeleg at det er ein nær samanheng mellom haldningar og språkbruk, men denne er tydelegast for dei direkte haldningane. Alle tre er i dei direkte samtalane positive til eit språk som liknar på deira eigen måte å snakka på. Kristiansen hevdar at haldningar i høg grad styrer språkbruken. Han hevdar vidare at det er dei undermedvitne haldningane til språket som tel i språkendingssamanheng (jf. 1997b: 26):

Hvis der er uoverensstemmelse mellem bevidste og underbevidste holdninger, er det de underbevidste der tæller i sprogforandringssammenhæng. Sagt med andre ord: Det er de sprogholdninger folk lægger for dagen når de ikke er klar over at de lægger sprogholdninger for dagen, der indvirker på deres sprogbrug.

Men om dette mønsteret i høg grad ser ut til å stemma i Danmark, treng det ikkje vera likeins i Noreg og i Sogndal, for hjå meg er det størst samsvar med dei direkte haldningane og språkbruken. Korrelasjonstestane mellom den indirekte haldningsgranskinga “verbal guise” og språkbruken viste derimot ikkje noko samsvar verken på eit overordna nivå, eller for subkategoriane kjønn eller foreldrebakgrunn som eg testa (jf. tabell 6.47 – 6.50). Det er med andre ord ikkje slik at dei som gjev uttrykk for positive verdiar andsynes t.d. den tradisjonelle varietet, er dei same som har høge tradisjonsprosentar, men det er heller ikkje omvendt, for det er ikkje noko som helst samsvar mellom den gjennomsnittsskåren dei har enkeltvis for tradisjonell varietet og den tradisjonsprosenten dei har enkeltvis. Det er heller ikkje noko slikt samsvar for varietet 2 og 3.

Trass i at eg ikkje får signifikante utslag, i alle fall ikkje med så få personar, er det heilt klart dei direkte haldningsgranskingane og ikkje dei indirekte granskingane som gjev best bilete av språkbruken. Det vil seia at det informantane seier direkte om haldningar til språket når dei veit at språkbruken er temaet, samsvarar i høg grad med korleis dei snakkar. Konklusjonen på dette lyt såleis vera at det kan sjå ut til å vera mest å henta ved å gjennomføra ulike former for direkte haldningsgranskingar, slik at ein kan få hovudfokus på dei ulike haldningskomponentane. Det at den indirekte haldningsgranskinga mi (“verbal guise”) gjev mindre interessante resultat i høve til å kunna seia noko om språkbruken, kan anten skuldast at det er annleis på Vestlandet i Noreg enn på Austlandet (jf. E. Kristiansen 2000) og i Danmark (jf. Kristiansen 1997b og Kristiansen m.fl. 2002b), eller at undersøkinga i seg sjølv inneheld så mange potensielle feilkjelder som er vanskelege å isolera og halda kontroll med, t.d. berre det at spørjeskjemaforma appellerer sterkare til nokre enn andre.

Det verkar sannsynleg at haldningar er ei viktig kjelde til å få meir innsikt i kva som gjer at me snakkar som me gjer, og eg er samd med Kristiansen som hevdar at haldningane truleg ligg litt i



forkant og gjev signal om kva språkbruk som kan bli resultatet (jf. Kristiansen 1997b: 25). Både haldningar og språkbruk utviklar og endrar seg gjennom heile livet. Likevel er truleg oppvekståra og dei personane ein føler seg mest knytt til, aller viktigast. Det går att hjå dei tre informantane i djupintervjuet og mange av dei andre informantane i denne undersøkinga at foreldrebakgrunnen ser ut til å spela ein heilt sentral rolle og vera den viktigaste enkeltfaktoren både for å forklara haldningar og språkbruk. Trass i at eg ikkje har målt verken haldningane eller språkbruken til foreldra, har eg fått eit innblikk i dette gjennom utsegnene frå borna deira. For å styrkja denne hypotesen kunne det såleis i neste omgang vore interessant å undersøkje foreldregenerasjonen.

Andre faktorar som verkar avgjerande, er det sosiale nettverket med andre sogndøler. Dei som har mange sogndøler som snakkar sogndalsdialekt i det daglege nettverket sitt, har òg ein høgare tradisjonsprosent. Dessutan ser det ut til at den affektive haldningskomponenten, viser størst samsvar med språkbruken (jf. djupintervju-informantane). Det verkar òg som om planar for framtida spelar inn. Dei fleste informantane høyrest ut til å trivast i Sogndal og tenkjer på å flytta vekk nokre år for å ta vidare utdanning eller arbeid. Likevel er det tydelege kjønnskilnader her ved at jentene tenkjer på å busetja seg andre stader, medan gutane gjerne vil busetja seg i Sogndal når dei er ferdige med utdanninga.

## 8 Avslutning

### 8.1 Konklusjonar

Eg har med denne avhandlinga gjennom ei metodetriangulering (jf. kap. 5.1.2) forsøkt å finna ut:

Kva haldningar har folk som bur i Sogndal til sogndalsdialekten?

Kva haldningar har unge sogndøler til sogndalsdialekten?

Kva kjenneteiknar talemålet (sentrale trekk innafor lydverk og formverk) hjå dei unge sogndølene?

Kva er grunnen til at unge sogndøler snakkar slik dei gjer?

(jf. kap. 1.4)

Ved å bruka ulike metodar og innfallsvinklar meiner eg at eg har fått meir nyansert og påliteleg kunnskap om kva faktorar som påverkar talemålsutviklinga enn om eg berre hadde satsa på éi tilnæringsform. Sjølv om ikkje alle delundersøkingane gav like klare resultat, viser det seg å vera interessante koplingar mellom haldningar og språk.

På overflata kan det sjå ut til at det er eit samsvar mellom dei indirekte og dei direkte haldningsgranskingane når det gjeld kategoriane foreldrebakgrunn og klassesteg. Denne undersøkinga viser at dei direkte haldningsgranskingane ser ut til å vera vel så gode som dei indirekte, for der eg prøvde å få tak i haldningane hjå informantane når dei er klare over at det er talemålet som er temaet, dvs. ved bruk av direkte metode, fekk eg resultat som svara best med språkbruken. Ein korrelasjonstest mellom “verbal guise”-granskinga og språkbruk hjå dei 34 informantane som eg hadde tradisjonsprosenten til, gav ikkje signifikant utslag for nokon av dei uavhengige variablane (jf. kap. 6.4.6 – 6.4.9).

I den grad det er råd å skilja dei tre haldningskomponentane konativ, kognitiv og affektiv frå kvarandre (jf. kap. 4.2.2), verkar det som om det særleg er den affektive komponenten av haldningane som samsvarar best med talemålet til informantane (jf. t.d. djupintervju med informant 28).

Eg har spesielt sett på språk og språkhaldningar i høve til tre uavhengige variablar. Begge dei sosiale bakgrunnsvariablane foreldrebakgrunn og kjønn ser ut til å vera svært avgjerande for haldningane og talemålet hjå dei unge. Til ein viss grad kan òg klassesetning, og då truleg i form av å vera ein sosial variabel om klassemiljøet, verka inn.

Når informantar med foreldre frå Sogndal både haldningsmessig er meir positive til sogndalsdialekten og sjølve har eit språk som ligg nærare den tradisjonelle sogndalsdialekten, kan noko av forklaringa på det vera at desse personane generelt sett har eit tettare nettverk med

sogndøler enn dei andre (jf. tabell 7.2). Skilnadene mellom informantane med ulike foreldrebakgrunn kan òg visa at foreldra gjennom haldningane sine og språkbruken sin spelar ei svært sentral rolle i haldningsdanningsprosessen og språktileigningsutviklinga hjå borna.

Dei klare kjønsskilnadene avspeglar det generelle mønsteret ein har sett i USA og i Vest-Europa (jf. Milroy og Milroy 1997). Trass i at det kan sjå ut til at gutane har litt meir kontakt med andre sogndøler enn jentene (jf. tabell 7.3), trur eg denne skilnaden i høg grad kan skuldast at jenter i større grad enn gutar, er opptekne av det som er nytt, og at dei raskare fangar opp det dei trur kan gje dei status også utafor sogndalsbygda. Djupintervjuinformantane 5 og 28 seier dei har opplevd at mange utafor Sogndal gjev uttrykk for at det er vanskeleg å forstå sogndalsdialekten. Mange av jentene har truleg planar om å flytta frå bygda for å ta utdanning og kanskje for å slå seg ned og jobba òg. Dei tilbakemeldingane og signala dei då får om korleis folk utafor bygda oppfattar sogndalsdialekten, kan såleis kanskje få dei til å moderera dei mest markante sogndalstrekk av di dei gjerne vil tilpassa seg best mogleg det som dei ser på som framtidige identitetsgrupper.

Dei klaraste utslaga for klassetrinn kom fram hjå 8.-klasse ved at dei var signifikant meir positive til den mest moderne sogndalsvarietet, varietet 3, i høve til dei to andre klassetrinna (jf. kap. 6.2.3 og 6.3.3). Trass i at dei er yngst, er dette truleg heller enn alder eit uttrykk for ein sosial skilnad mellom dei ulike klassetrinna. Utsegner som frå informant 5 i djupintervjuet (jf. kap. 6.5.4), som sjølv var 8.-klassing, er med og styrkjer sannsynet for at ulike påverknadskjelder og vaksenpersonar så langt attende som i førskulealderen, kan ha medverka til haldningsmessige og språklege ulikskapar blant born og unge.

Ut frå resultata mine frå haldningsundersøkingane i Sogndal kan eg ikkje koma med nokon bastante konklusjonar om kva som gjer at informantane snakkar som dei gjer, men det finst ein del interessante mønster som det går an å sjå litt nærare på ut frå eit sosialt makro- og mesonivå. Haldningsresultata gjev blant anna inntrykk av at det ikkje finst berre eitt, men minst to normsamfunn eller omgangskrinsar som dei unge innrettar seg etter. Ut frå kontaktmønsteret med nettverkspersonar kan det verka som om sogndøler utan sogndalsforeldre ikkje sosialiserer seg så mykje til sogndøler som snakkar sogndalsdialekt som det sogndøler med éin eller to sogndalsforeldre gjer (jf. tabell 7.2). Det er såleis tydeleg at det finst eit skilje mellom ulike normagentar (jf. kap. 4.3.3). Det er uvisst om denne ulikskapen i kontaktmønster berre skuldast foreldrebakgrunn, men det kan i alle fall sjå ut til at foreldrebakgrunn kan vera eit viktig utgangspunkt. Det skulle vidare vore interessant å få meir empiri på om dette mønsteret hjå ungdomar òg er tydeleg på foreldrenivå, dvs. om innflyttarforeldre har meir kontakt med andre folk med innflyttarbakgrunn enn med innfødde sogndøler, og om innfødde foreldre har mest kontakt med andre innfødde sogndøler. Ein del forhold på sosialt makronivå byggjer opp under ein hypotese

om at det finst to åtskilde sosiale miljø med eigne normer. Eitt av desse forholda er sysselsetjingsmønsteret i kommunen. Frå 70-talet og fram til 2001 har folketalet auka med nesten 30 % (jf. tabell 2.1). Samstundes er det særleg tertiærnæringa som har vakse og sysselset nesten to tredelar av dei yrkesaktive i kommunen (jf. tabell 2.2). Mange av desse arbeidsplassane i tertiærnæringa er knytte opp til høgskulemiljøet i Sogndal, ein arbeidsstad som krev høgare utdanning og har trekt til seg mange folk utafra bygda. Dessutan har nye bustadfelt kome til, og mange innflyttarar har etablert seg i desse. Det er såleis tilrettelagt for at innflyttarane både heime og på arbeid kan vera mykje i kontakt med kvarandre.

Mange av dei innfødde sogndølene har arbeid som sjølvstendige næringsdrivande, ein arbeidsstad som kan gjera det lettare å rekruttera arbeidskraft frå slekt og vener og såleis halda oppe eit forpliktande nettverk med andre sogndøler.

Eit anna aspekt er kor stor del av folketalet som kjem frå andre område enn Sogndal og Sogn. Ut frå foreldrebakgrunnen til dei 153 elevane ved Sogndal ungdomsskule 2000/2001 (jf. tabell 2.3), er 168 av dei 306 foreldra frå andre stader enn Sogndal, men 48 av desse, 28,5 %, kjem frå andre kommunar i Midtre og Indre Sogn (jf. tabell 2.4). Det er likevel svært stor innflytting til Sogndal av foreldre med eit anna talemål når 120 av alle dei 306 foreldra, dvs. 39,2 %, kjem frå andre område. John Helgander gjorde ei undersøking i Övre Dalarne i Sverige og såg blant anna på samanhengen mellom foreldrebakgrunn og talemålet hjå borna i dei tre kommunane Mora, Rättvik og Älvdalen. Opplysningar om talemålet bygde på svar frå eit sjølvrapporteringskjema om personane vurderte seg til å snakka talemålet på staden eller ikkje og ikkje på direkte observasjonar av ulike trekk i talemålet som hjå meg. Likevel kan det vera interessant å gjera ei lita jamføring mellom foreldrebakgrunn frå desse tre stadene i Sverige (jf. Helgander 1996: 116 – 118) og i Sogndal.

	To foreldre frå staden (tal)	To foreldre frå staden (%)	Éin forelder frå staden (tal)	Éin forelder frå staden (%)	Ingen foreldre frå staden (tal)	Ingen foreldre frå staden (%)
Sogndal	27	17,6	84	54,9	42	27,5
Älvdalen	38	37,6	45	44,6	18	17,8
Rättvik	17	24,3	26	37,1	27	38,6
Mora	33	20,5	59	36,6	69	42,9

Tabell 8.1: Foreldrebakgrunn i Sogndal i Noreg jamført med Älvdalen, Rättvik og Mora i Sverige.

Tabell 8.1 viser at talet på to tilflyttarar prosentvis er høgare i Rättvik og Mora i Sverige enn i Sogndal. Helgander såg på tilflyttarane utafra som ein viktig påverknadsfaktor til at språket endra seg, for det var i Älvdalen det var høgast prosent av borna som snakka den lokale dialekten (2f: 55,3 %, 1f: 20 %). I Rättvik var det ein endå mindre del av borna som snakka dialekt (2f: 17,6 %, 1f: 7,7 %) og i Mora aller minst (2f: 12,1 %, 1f: 6,8 %). Eg kan ikkje jamføra desse resultatane direkte med resultatane mine frå Sogndal, for eg har ikkje rekna ut kor mange av borna som snakkar dialekt, men i staden sett på kor høg prosent borna har av tradisjonelle former. Det som likevel er klart, er at prosenten av tradisjonelle talemålsformer var markert lægre dess færre av foreldre som kom frå Sogndal (2f: 70,5 %, 1f: 60,4 % og 0f: 41 %). Trass i at svenskane og danskane i motsetnad til nordmennene lærer eit standard talespråk parallelt med dialekten sin frå dei er småe og såleis lettare kan tilpassa seg og leggja om til eit standardspråk i møte med innflyttarar, er det ikkje uvesentleg i Noreg heller kor mange og kor påverknadskraftige innflyttarane er.

Resultat frå område i Noreg som har opplevd stor tilflytting over kort tid, t.d. industristaden Tyssedal (jf. Sandve 1976), har vist at den store tilflyttinga og språkblandinga med innflyttargenerasjonane har vore med å skapa eit samfunn med fleire ulike normsentrum eller eit meir språkdifust samfunn. Med stor tilflytting og ulike konkurrerande normsentrum reduserer ein assimilasjonskrafta på ein stad. I tilfelle der dei fleste innflyttarane derimot kjem frå områda rundt, t.d. industristadene Årdal, der over 60 % av tilflyttarane i 1970 kom frå Midtre eller Indre Sogn (jf. Bjørkum 1974: 13), og Sunndalsøra, der vel to tredelar av innflyttarane i perioden 1954 – 1968 kom frå Møre og Romsdal (jf. Jenstad 1983: 41), er dei språklege endringane mindre. Kanskje finst det såleis tersklar både når det gjeld prosentmengd og kor langt borte innflyttarane kan koma frå for at dei skal få vesentleg innverknad på det lokale talemålet. Det er likevel òg avgjerande kva sosiale og psykologiske posisjonar dei får i det nye tilflyttarsamfunnet. Dette siste *kan* industristaden Høyanger vera eit eksempel på, for trass i at nærare 80 % av tilflyttarane kom frå Sogn og Fjordane eller Hordaland, fekk talespråket til innflyttarane frå austlandet stor innverknad på talespråket. Det var i hovudsak austlendingane som tok dei jobbane som kravde høgast kvalifikasjonar, og såleis fekk dei ein høgare rang både i arbeidslivet og i lokalsamfunnet enn dei andre (jf. Solheim 2002: 131 – 142).

Foreldrebakgrunnsdataa for informantane mine frå Sogndal fortel om monaleg tilflytting, 39,2 %, frå område utafra Midtre og Indre Sogn. Resultatane mine kan tolkast slik at det kan eksistera to ulike normsamfunn å orientera seg etter i bygda. Ei slik tolking har òg støtte i min kjennskap til sogndalssamfunnet der eg meiner å ha sett at folk med ulik foreldrebakgrunn dannar eit anna miljø enn dei med rein sogndalsbakgrunn. Dette gjer at det ikkje finst berre éi normeringskraft frå eitt sterkt normsentrum, noko som gjer at det tradisjonelle samfunnet har mista assimilasjonskrafta.

Dette kan igjen gjera det enklare for innflyttarar som kjem til bygda, å finna seg til rette, for dei vil truleg ikkje føla noko press etter å tilpassa seg det lokale talemålet. Samstundes kan det føra til at nye generasjonar sogndøler ikkje lenger får trekk frå den tradisjonelle sogndalsdialekten, dvs. varietet 1.

Som svar på problemstilling 2, dvs. kva haldningar unge sogndøler har til sogndalsdialekten, har resultata vist at det ikkje er noko godt samsvar mellom den indirekte granskinga og dei direkte granskingane når det gjeld kategorien kjønn. I den indirekte granskinga er jentene mest positive til alle varietetane av sogndalsdialekten, medan det er gutane som syner den største lojaliteten mot sogndalsdialekten i dei direkte haldningsgranskingane. Det er derimot betre samsvar mellom dei ulike haldningsresultata når ein ser på subkategorien foreldrebakgrunn. Både i den indirekte granskinga og dei direkte granskingane verkar informantar med innfødde foreldre meir positive til sogndalsdialekten enn dei utan foreldre frå bygda. For klassesteg var det delvis samsvar mellom dei ulike granskingane ved at åttandeklassingane jamt over verka meir positive til varietet 3 både ved den indirekte granskinga og dei direkte haldningsgranskingane.

Prosess-modellen til Ajzen (jf. figur 7.1) kunne ikkje brukast til å forklara noko direkte om kva som er grunnen til at unge sogndøler snakkar slik dei gjer, dvs. gje svar på problemstilling 4. Alle dei ulike faktorane i modellen såg likevel i ulik grad ut til å gje fornuftig forklaringsbakgrunn. Djupintervjusamtalane med tre utplukka informantar viste at dei ulike faktorane gav eit bilete som samsvara godt med språkbruken til desse informantane. Likevel var det innafor faktoren haldningar slik at dei direkte haldningane gav det tydelegaste mønsteret, og ikkje dei indirekte haldningane. Desse samtalane gjorde dessutan at eg fekk høve til å utdjupa ein del av faktorane i modellen og såleis lettare få ei forståing for kvifor informantane snakka det språket dei gjorde.

I grove trekk kan resultata frå haldningsgranskingane i denne avhandlinga summerast opp i desse punkta:

- Informantar med to foreldre frå Sogndal har både i dei indirekte og direkte granskingane dei mest positive haldningane til sogndalsdialekten og har høgare tradisjonsprosent enn informantar med både éin og ingen sogndalsforeldre.
- Jentene hadde ved indirekte gransking dei mest positive haldningane til sogndalsdialekten, men gutane var mest positive i dei direkte haldningsgranskingane og hadde den høgaste tradisjonsprosenten.
- Informantane frå 8.-klasse var både ved indirekte og direkte haldningsgranskingar mest positive til den mest moderne sogndalsvarieteten, varietet 3, men det var ingen skilnad på talemålet til dei tre klassane.

- Talet på nettverkspersonar som snakkar sogndalsdialekt syner seg å vera høgare dess fleire av foreldra som kjem frå Sogndal og høgare hjå gutar enn hjå jenter, men viser ingen skilnad mellom klassestega.
- Monaleg fleire jenter enn gutar har planar om å bu og arbeida andre stader enn Sogndal når dei er ferdige med utdanninga.
- Den djupintervju-informanten som i den direkte haldningsgranskinga både er affektivt og kognitivt positiv til sogndalsdialekten og har eit ynske om å snakka “breitt”, har den høgaste tradisjonsprosenten.

## 8.2 Sogndalsdialekten no og i framtida

I den førre undersøkinga mi av sogndalsdialekten låg den samla tradisjonsprosenten for dei 18 variablane på 77,6 for alle 30 informantane (jf. tabell 6.31) og på 71,6 for dei 16 yngste (jf. tabell 6.33). Dei språklege resultatata i denne avhandlinga viser at den samla tradisjonsprosenten hjå dei 23 informantane med same foreldrebakgrunn som sist, viser ein samla tradisjonsprosent på 49 for dei same 18 variablane (jf. tabell 6.31 og 6.33).<sup>129</sup>

Trass i at dette kan sjå ut som ei radikal endring av sogndalsdialekten, må ein vera klar over at denne nye granskinga ikkje er ei undersøking som representerer tradisjonsprosenten til sogndøler generelt, men derimot spesielt til ungdomar. Det er såleis ikkje slik at det har skjedd ei dramatisk språkutvikling i Sogndal på fem og eit halvt år, dvs. frå innsamlingsarbeidet på hovudoppgåva hausten 1996 til innsamlinga av materialet til denne avhandlinga våren 2001. Derimot er det rimeleg å gå ut frå at varietet 2 også stod sterkt blant dei yngste den gongen, noko figur 6.4 er ein indikator på. Mine informantar i 2001 er alle litt yngre enn dei unge 1996-informantane, og difor kan dette ha vore ein tendens alt i 1996-materialet som 2001-materialet ikkje kunne fanga opp. Sidan talemålsopptaka til denne avhandlinga berre er gjorde med unge informantar, har eg i enno sterkare grad enn sist greidd å fanga opp og fått kartlagt korleis dei unge sogndølene snakkar.

Det er vanskeleg å vita om ungdomane vil endra språket sitt i tradisjonell lei når dei vert eldre. I hovudoppgåva mi (Haugen 1998) viste det seg at det ikkje var råd å spora nokon skilnad på talemålet hjå dei som hadde budd borte frå Sogn i to år eller meir, og dei andre (jf. Haugen 1998:

---

<sup>129</sup> Tradisjonsprosenten er derimot litt høgare når også dei seks nye variablane er medrekna. For alle dei 31 informantane som er med i denne undersøkinga, er tradisjonsprosenten på 58,7 når det gjeld alle dei 24 språklege variablane (jf. tabell 6.29).



94). Faktisk var det her heller ein tendens når det galdt variabelvekslinga /ld/ ↔ /l/ og /nd/ ↔ /n/ i modale hjelpeverb til at dei som hadde budd borte, hadde flest tradisjonelle former. Skilnaden mellom informantane i 1996-materialet og 2001-materialet kan anten tolkast som eit klart uttrykk for endring av sogndalsdialekten, eller som eit livsfasefenomen, dvs. at informantane mine frå 2001 vil snakka meir som informantane frå 1996 når dei kjem inn i ein ny aldersfase. I alle fall viser resultatane teikn på språkleg ustabilitet anten det berre gjeld for dei unge i dag, eller det fortel noko om ein heil generasjon.

Det er sjølvsagt råd å vera kritisk og stilla spørsmål til om det språket ungdomane i denne undersøkinga snakkar, er representativt for korleis dei vil snakka som vaksne. Ein kan med andre ord spørja kor pålitelege sanntidsundersøkingar er som prediksjon av språket i framtida i høve til longitudinelle undersøkingar. Språket kan dessutan endra seg i større eller mindre grad i alle fasar av livet, men eg ville bli svært overraska dersom dei ungdomane som har mange nyare former her, slår om til å snakka veldig tradisjonell sogndalsdialekt når dei vert vaksne. Anna-Brita Stenström og Ulla-Britt Kotsinas (jf. 2000: 10) seier dette om kjenneteikn på ungdomsspråket:

Den tid som bildar gränslaget mellan barndom och vuxenliv utgör således i dag en betydande del av en generations livscykel. Under denna tid hinner språkbruk såväl som kulturella och sociala mönster och attityder utvecklas och befästas på ett helt annat sätt än förr. Vi kan därför inte längre betrakta ungdomstiden, eller för den delen ungdomars språkbruk, som övergåande, marginella fenomen som individen snabbt "växer ifrån".

Ungdomane i denne undersøkinga utgjer talemålet hjå vel 20 % av alle elevar ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001. I tillegg vil dei så lenge der ikkje er store skilnader i det ytre miljøet, truleg kunna representera ungdomsskuleelvar i Sogndal også nokre år attende og nokre år fram i tid, dvs. dei fungerer som eit utsnitt informantar i eit tidsvindaug (jf. kap. 5.8.3.1).

Ein kan òg spørja seg kvifor denne endringa i sogndalsdialekten er så stor akkurat no. Éi mogleg forklaring er at det har skjedd store samfunnsendringar i bygda dei siste fem åra frå 1996-innsamlinga til 2001-innsamlinga. Ved å sjå nærare på inn- og utflyttinga i kommunen frå 1996 til 2001 verkar denne forklaringa derimot lite sannsynleg:<sup>130</sup>

	1996	1997	1998	1999	2000	2001
Netto flytting inkludert inn- og utvandring	8	-45	-68	51	-66	-70

Tabell 8.2: Inn- og utflytting til Sogndal kommune frå 1996 – 2001.

<sup>130</sup> Opplysningane i tabellen er henta frå Statistisk sentralbyrå <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=14>



Tabell 8.2 viser at det har vore ei samla utflytting frå kommunen på 190 personar mellom dei to undersøkingsperiodane. Dette viser litt uro i folkesetnaden, men det er uråd å seia om det er sogndøler med innfødd bakgrunn eller innflyttarbakgrunn som har vore på flyttefot. Eg har derimot større tru på at det fanst tendensar til språkending alt i 1996, men som eg fyrst har greidd å fanga opp og gjera tydelege no i 2001-materialet. Både eige kjennskap, som sogndøl, til talemålet i Sogndal og samtalar med andre innbyggjarar i Sogndal, stør opp under denne trua.

I hovudoppgåva laga eg ein fiktiv tekst skriven på tradisjonell og nyare sogndalsdialekt (jf. Haugen 1998: 120). For å laga teksten for den nyare sogndalsdialekten brukte eg den gongen 11 av dei 18 språklege variablane som viste seg å gje signifikante skilnader mellom dei eldste og dei yngste informantane. Dersom eg skulle laga ein fiktiv tekst med dei dialekttrekka som har over 50 % nyare former i denne undersøkinga, ville det ha golde 17 av dei 18 variablane som var med i undersøkinga frå 1996 (jf. tabell 6.30). Dette er såleis ein tydeleg dokumentasjon på at den endringa eg føresåg i 1996 (jf. Haugen 1998: 119 – 120), har slege til. Alle dei 6 nye variablane under varietet 3 i tillegg til variabel 15, /mi:/ ↔ /me:/, ligg derimot langt under 50 % nyare former. I den oppdikta teksten nedafor står nummeret på variablane i parentes bak orda.

/ei barneskiulŋ (8) hœirde (18) mi (15) ain gang (5) nœke stourt (13) um ei gamal (11) bœygd (2) sœ mi (15) tœycœce (3, 12) um, hou skule (20) liga (23) langt (4) inei (24) fjourane (14) melom (10) hœ:ge fjel (10), eg lau:g (7) ei j̄jaur (7) lenge (21) ei sengei (6, 21, 16) œ sang (19) œ tenkte (6) ain de:l (1) pau (7) ai lœ:gei (17) tei sœ eg j̄jedna (9) tenke (22) tebake (1) pau (7)/

Som svar på problemstilling 3 har denne undersøkinga synt at tradisjonsprosenten blant dei unge (14 – 16 år) i 2001 ligg signifikant under gjennomsnittet blant dei yngste (17 – 44 år) i 1996. Såleis er det no variantane innafor varietet 2 som dominerer sogndalsdialekten hjå dei unge i Sogndal. Dette kan me kalla for ein moderne sogndalsdialekt. I 1996 stod derimot varietet 1 sterkast hjå alle. Trass i at det òg den gongen var fleire av dei yngste informantane som nærma seg resultata til individ frå denne granskinga (jf. figur 6.4), hadde ingen av informantane ein tradisjonsprosent som låg under 50. På subkategorinivå er det likevel, som i 1996, framleis signifikante kjønnskilnader ved at gutane held betre på den tradisjonelle sogndalsdialekten enn jentene. Tradisjonsprosenten viser seg å vera signifikant høgare dess fleire av foreldra til informantane som kjem frå Sogndal. Mellom dei tre ungdomsskuleklassane er det derimot ikkje nokon signifikant talemålsskilnad.

### 8.3 Idéar til vidare undersøkingar

Både språkmatisa og haldningsmatisa kan danna utgangspunkt for mange fleire granskingar enn dei eg har gjort. Det er t.d. mogleg å gå inn og studera kvart enkelt individ, kvar enkelt språklege variabel eller å leita etter fleire mønster ved hjelp av eksplorerande statistikk, der ein bruker statistiske teknikkar som eit analytisk hjelpemiddel (jf. Slethei 1999: 186). Det hadde òg vore mogleg å utnytta materialet vidare ved å laga ein språkleg tradisjonsprofil både på subkategorinivå og på individnivå. Ein språkleg tradisjonsprofil ville kunna avdekkja kva språklege variablar som bar skilnadene mellom kategoriane eller individa. Han ville vera ein god reiskap til å synleggjera dette i dei tilfella den samla tradisjonsprosenten var lik og såleis fått løfta desse differansane fram i lyset.

Det ville òg ha vore interessant om ein i tillegg til elevane sine haldningar og deira språk, hadde hatt tilsvarande opplysningar om foreldra deira. Med nokre tilleggsopplysningar kunne det dessutan vore aktuelt å gjera ei samanlikning av haldningar og språkbruk i høve til utdanningsnivået på foreldra.

For å finna ut meir om kva rolle heimemiljø og oppvekstmiljø har å seia for talemålet kunne det t.d. vore interessant å sjå nærare på det området informantane bur i, som t.d. om dei kjem frå byggjefelt eller frå gard, og noko om talemålsbakgrunnen til naboane. John André Nergaard såg i hovudoppgåva si om orddaude i surnadalsmålet at det var klare skilnader ved at orddauden var lægre når det galdt kjennskapstap, tydingstap og brukstap hjå dei som hadde vakse opp utafor bustadfelt enn hjå dei som hadde vakse opp i bustadfelt (jf. Nergaard 1996: 72 – 74). Også Arne Tunheim med ei hovudoppgåve der han undersøkte ein del fonologiske, morfologiske og syntaktiske variablar i dei tre bygdene Giske, Godøy og Alnes i Møre og Romsdal fylke, såg at informantar som budde i byggjefelt, hadde klart fleire yngre former enn dei som budde meir spreidd (jf. Tunheim 1990: 145 – 151).

Dersom ein hadde gjort ei ny oppfylgingsgransking av haldningar og språkbruk hjå desse same 36 sogndalsinformantane om 10 – 20 år, ville ein òg fått eit betre innblikk i om og i tilfelle korleis haldningar og språkbruk endrar seg. Det ville ha vorte ei verkeleg longitudinell undersøking. Truleg ville då fleire av informantane ha flytta på seg, noko som i alle fall ville ha ført til at dei ytre påverknadskreftene ville ha blitt meir ulike mellom desse informantane enn dei er i dag.

I regionaliseringssamanheng ville det ha vore spanande å gjennomføra ei større kombinert gransking der ein studerte ei kopling mellom haldningar og talemål i fleire av dei største bygdene i Midtre og Indre Sogn, t.d. i Årdal, Aurland, Gaupne, Leikanger, Vik og Balestrand. For å få betre svar på korleis regionaliseringa føregår i Sogn og kva faktorar som eventuelt styrer dei språklege

eigenskapane ved ein slik prosess, måtte ein ha kunna jamført resultata frå Sogn med tilsvarende undersøkingar i Ytre Sogn med t.d. Høyanger-samfunnet og Sunnfjord, der Førde er det administrative senteret.

# Samandrag

## Ragnhild Haugen: Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal

I denne avhandlinga har eg undersøkt 13 fonologiske og 11 morfologiske språktrekk i sogndalsdialekten. Eg har òg undersøkt av haldningar til talemålet i bygda. Føremålet med denne avhandlinga har vore å avdekkja kva som skjer med talemålet og haldningane til talemålet hjå ungdomar i Sogndal. For å forklara kva som skjer har eg prøvd ut ein sosialpsykologisk modell om planlagd åtferd (jf. Ajzen 1988) og i tillegg sett på informantane sine sosiale nettverk med andre sogndøler. Ved å samtala nærare med tre informantar med ulike haldningar til sogndalsdialekten har eg i større grad fått forståing for kva faktorar som kan liggja bak det språket og dei haldningane dei har til språket.

Eg har sett på fire hovudproblemstillingar. Datainnsamlinga har vorte utført etter ein traktmodell. Eg starta med ei vid problemstilling og mange informantar. Etter kvart snevra eg inn perspektivet og talet på informantar. Dei ulike delgranskingane er utførte med ei blanding av kvantitative og kvalitative metodar. Eg har nytta forskjellige haldningsgranskingar for lettare å få tak i kvar av dei tre haldningskomponentane *konativ*, *kognitiv* og *affektiv*.<sup>1</sup>

### **Problemstilling 1: Kva haldningar har folk som bur i Sogndal til sogndalsdialekten?**

For å få svar på denne problemstillinga ville eg gjera eit forsøk der eg la vekt på den konative komponenten. Tanken var at ein “matched guise”-test<sup>2</sup> på kinoen i Sogndal skulle gje eit overblikk som ville gjera meg i stand til å seia noko om korleis sogndøler reagerer når dei høyrde ulike utgåver, varietetar, av sogndalsdialekten. Av i alt 297 selde billetter var det likevel berre 14 personar, dvs. 4,7 %, som svara. Responsen blant kinogjengarane vart såleis altfor liten til at resultatata kan brukast til noko. Eg har av den grunn ikkje kunna gje noko svar på denne problemstillinga.

---

<sup>1</sup> Dei tre haldningskomponentane kan enkelt forklarast som ein åtferdsretta komponent (*konativ*), ein kunnskapsmessig komponent (*kognitiv*) og ein emosjonell komponent (*affektiv*).

<sup>2</sup> I ein “matched-guise”-test vert informanten beden om å vurdera språkleg “utkledd” personar, dvs. den same personen snakkar ulike dialektar, medan stemme og tekst er like. I “verbal-guise” vert også informanten beden om å vurdera personar som snakkar ulike dialektar, men denne gongen er tekstane også framførte av ulike personar.

**Problemstilling 2: Kva haldningar har unge sogndøler til sogndalsdialekten?**

For å få svar på den andre problemstillinga har eg gjort ei undersøking blant 153 ungdomsskuleelevar ved Sogndal ungdomsskule skuleåret 2000/2001. Alle elevane med unntak av tilfeldig fråverande var med på den fyrste haldningsundersøkinga som var ein “verbal guise”-test i høve til tre varietetar av sogndalsdialekten: ein tradisjonell (varietet 1), ein nyare (varietet 2) og ein mest moderne (varietet 3). Her ynskte eg hovudsakleg å få respons på den affektive komponenten. Eg ser på desse ungdomane i alderen 14 – 16 år dette skuleåret som eit utval i eit tidsvindaue, slik at dei òg representerer ungdomar i same alder nokre år fram og nokre år attende i tid så lenge det ikkje skjer store endringar i sogndalssamfunnet som kan påverka språket og haldningane til språket.

Resultata frå denne skjemaundersøkinga synte at jentene jamt over gav meir positive vurderingar av alle dei tre språklege varietetane av sogndalsdialekten enn gutane, og at denne skilnaden var signifikant når det gjaldt varietet 2. Innbyrdes mellom kjønna var jentene mest positive til varietet 2, medan gutane var mest positive til varietet 1.

Ut frå foreldrebakgrunn var informantar med to sogndalsforeldre mest positive til alle varietetane. Det var signifikant skilnad mellom informantar med to og ingen sogndalsforeldre for varietet 2 og mellom informantar med to og éin av foreldra frå bygda både for varietet 1 og 2.

For kategorien klassestrinn synte åttandeklassingar seg å vera signifikant meir positive til varietet 3 enn niandeklassingar og tiandeklassingar.

Etter å ha vore med på denne testen fekk elevane vita kva som skulle skje vidare og ei oppmoding om å verta med. 74 elevar ynskte å vera med vidare. Av desse trekte eg ut 36 informantar ut frå kriteria foreldrebakgrunn og kjønn. Desse 36 informantane vurderte så sitt eige talemål (hovudvekt på den kognitive komponenten) i høve til dei tre varietetane av sogndalsdialekten. Dei kom seinare med verbale utsegner (blanding av kognitiv og affektiv komponent) om sogndalsdialekten under talemålsopptak.

Resultata av desse direkte metodane viste at om lag halvparten av gutane vurderte språket sitt til å likna mest på varietet 1, medan dei fleste jentene fordelte seg på varietet 2, 3 eller “anna”. Det same mønsteret kom fram i opptaka med informantane, dvs. at gutane uttrykte seg meir positivt til sogndalsdialekten enn jentene.

Det var ein tendens i sjølvvurderingsskjemaet til at informantar med sogndalsforeldre i større grad vurderte språket sitt til å liggja innfor ein av dei tre varietetane enn det informantar med innflyttarforeldre gjorde. Det same mønsteret kom fram i opptaka med

informantane ved at informantar med éin eller to sogndalsforeldre uttala seg mest positivt om sogndalsdialekten.

Åttandeklassingar vurderte språket sitt til å liggja nærast varietet 3, niandeklassingar nærast varietet 1 og tiandeklassingar nærast varietet 2. Også i talemålsopptaka var det niandeklassingane som verka mest positive til tradisjonell sogndalsdialekt.

### **Problemstilling 3: Kva kjenneteiknar talemålet hjå dei unge sogndølene?**

I hovudoppgåva mi med data frå 1996 hadde eg 18 språklege variablar og 30 informantar i alderen 17 – 83 år. Kravet til å vera informant var at dei hadde minst éin sogndalsforelder. Dei språklege variablane vart her delte inn i to varietetar: tradisjonell (varietet 1) og nyare (varietet 2). Ordet <leggja> vil t.d. bli uttala /lai̯jja/ med varietet 1 og /le̯jja/ med varietet 2. I den nye undersøkinga i 2001 har eg 24 språklege variablar, der dei seks som ikkje var med i 1996, no representerer det eg har kalla varietet 3. Her er det t.d. med trekk som /ç̥/ ↔ /ʃ/ som i ordet <kyrkje> der uttalen vil vera /ç̥ørç̥a/ med varietet 1 og /ʃørʃa/ med varietet 3.

Ei samanlikning av dei to undersøkingane syner tydeleg at dei nyare formene (varietet 2) samla sett dominerer i 2001. Det er signifikant skilnad både mellom tradisjonsprosenten, dvs. prosentdelen av tradisjonelle former, på 77,6 hjå alle informantane i 1996 og 71,6 hjå dei 16 yngste (17 – 44 år) frå 1996 i høve til tradisjonsprosenten på 49 i 2001-materialet. Dersom dei unge i Sogndal ikkje legg om språket sitt i retning av fleire tradisjonelle sogndalsformer når dei vert vaksne, er dette eit klart teikn på at det er ei endring på gang i sogndalsdialekten. Tyngdepunktet av språktrekk ser ut til å vera i ferd med å flytta seg frå at det er dei tradisjonelle (varietet 1) som dominerer, til at dei nyare (varietet 2) overtek.

Dersom me ser på undersøkinga i 2001 isolert sett, tek med dei seks språklege variablane under varietet 3 og også informantane med ingen foreldre frå Sogndal, ligg tradisjonsprosenten i 2001 på 58,7. Dei nye variantane under varietet 3, blant anna bortfall av *ao*-lyden, har ikkje slått gjennom og viser seg å stå relativt svakt i sogndalsdialekten.

Som i 1996 viser undersøkinga i 2001 at gutar har signifikant høgare tradisjonsprosent enn jenter. Informantar med to sogndalsforeldre har høgare tradisjonsprosent enn informantar med éin av foreldra frå Sogndal som igjen har signifikant høgare tradisjonsprosent enn informantar utan sogndalsforeldre. Det er svært høg signifikant skilnad mellom jenter og gutar med baa foreldra frå Sogndal, men ikkje nokon signifikant skilnad mellom jenter og gutar med éin eller ingen av foreldra frå bygda. Heller ikkje nokon av klassestega har signifikant høgare tradisjonsprosent enn dei andre.

Samsvaret mellom dei sosiale og dei språklege variablane må i neste omgang kunna forklarast. Frå dei same 36 informantane samla eg òg inn nettverksopplysningar. Her kom det mellom anna fram signifikante skilnader mellom kjønna ved at gutane hadde kontakt med fleire sogndøler som snakka sogndalsdialekt enn jentene. Det var her òg signifikante skilnader mellom talet på sogndalskontaktar hjå informantar med minst éin av foreldra frå Sogndal i høve til dei utan sogndalsforeldre. For klassestega var det derimot svært småe skilnader på dette området.

Opplysningar frå alle ungdomsskuleelevane om kvar dei kunne tenkja seg å bu og arbeida når dei vert ferdige med utdanninga, viser at det er signifikant fleire gutar enn jenter som seier dei vil bu i Sogndal. Trass i at dette er eit hypotetisk spørsmål, gjev resultatane likevel indikasjonar på korleis jenter og gutar tenkjer. Opplysningane gjev viktige signal om framtida. Dei som har tenkt å forlata bygda når dei vert vaksne, verkar ikkje like opptekne av å ta vare på og snakka tradisjonell sogndalsdialekt. Mange informantar hevdar under samtalan at det er viktig å synleggjera ei viss forankring i sogndalsmålet, men det ser det ut til at dei òg kan oppnå ved å snakka varietet 2.

#### **Problemstilling 4: Kva er grunnen til at unge sogndøler snakkar slik dei gjer?**

For å koma nærare ei forståing av kvifor informantane snakkar som dei gjer, plukka eg ut tre av dei 36 informantane som hadde ulike tradisjonsprosent og ulike haldningar til sogndalsdialekten. Eg ville òg knyta resultatane frå dei ulike delfasane til desse tre informantane og setja alt saman inn i Ajzen sin modell om planlagd åtferd. Denne modellen er samansett av dei tre komponentane *haldning*, *subjektiv norm* og *opplevd åtferdskontroll* og fungerte bra som ei liste over faktorar som kan spela inn for å påverka åtferda. Modellen kan ikkje predikera språkbruk, men fungerer som ein illustrasjon på viktige faktorar som sannsynleggjer språkbruken. Det kjem ikkje fram noko om styrkeforholdet mellom faktorane. Modellen fangar heller ikkje opp dei indre motivasjonsfaktorane hjå informantane. Samsvaret mellom faktorar og språkbruk ser ut til å vera størst i høve til dei direkte haldningsgranskingane. Dei tre djupintervju-informantane gav meg inntrykk av at den sterkaste påverknadskjelda på språket deira var dei sosiale normene dei hadde tileigna seg i kontakten med foreldre og vener i det næraste sosiale nettverket. Denne kontakten fortalde òg i høg grad kva normer dei sjølve hadde internalisert, kva verdisyn dei hadde og kven dei identifiserte seg sterkest med.

# Abstract

## **Ragnhild Haugen: Language and language attitudes among adolescents in Sogndal**

In this thesis I have studied 24 linguistic variables, 13 phonological and 11 morphological, from the dialect in Sogndal. I have also studied attitudes towards the dialect in the village. My aim has been to investigate what is happening to the dialect and the attitudes towards it among adolescents in Sogndal. In order to try to explain what is happening, I have used a model from social psychology “the theory of planned behavior” (Ajzen 1988) and have also looked at the informants’ social network with citizens from Sogndal. An in-depth interview with three informants showing different attitudes to the dialect in Sogndal was made in order to try to understand what factors lie behind the language and the attitudes to language that people develop.

I have had four main research questions. The data collection has been carried out in a funnel-shaped model. I started with a wide question and many informants and then narrowed down the perspective and the amount of participants. The research has been carried out using both quantitative and qualitative methods. I have used different attitude research in order to better get hold of the three different attitude components: *conative*, *cognitive* and *affective*.<sup>1</sup>

### **Research question 1: What attitudes do people in Sogndal have to the Sogndal dialect?**

I wanted to find the answer to this question with research based on the conative component. I hoped that a “matched guise” test<sup>2</sup> at the cinema in Sogndal would give me answers to how citizens of Sogndal react when they hear different varieties of the Sogndal dialect. 297 tickets were sold, but only 14 persons, 4,7%, answered. The response from cinemagoers was therefore too small to give any answers to my research question.

---

<sup>1</sup> The three attitude components can be simply explained as a component connected to action (*conative*), a component connected to knowledge (*cognitive*) and an emotional component (*affective*).

<sup>2</sup> In a “matched guise” test the informant is asked to evaluate persons who are linguistically rigged up, i.e. the same person speaks different dialects whilst the voice and the text remain the same. In a “verbal guise” test the informant is also asked to evaluate persons speaking different dialects, but this time the texts are also read by different persons.



**Research question 2: What attitudes do adolescents in Sogndal have to the dialect in Sogndal?**

I wanted to answer this question by doing a “verbal guise” test among all the pupils at Sogndal secondary school the year 2000/2001. I asked 153 pupils to listen to three varieties of the dialect in Sogndal: a traditional (variety 1), a newer (variety 2) and the most modern (variety 3). In this research I mainly wanted to focus on the affective component. I regard these pupils aged 14 – 16 as a random selection of adolescents in Sogndal, in the sense that they represent their adolescent age-group both some years back and some years into the future as long as there are not any major changes in the society of Sogndal that could influence the dialect and people’s attitudes towards it.

The results of this research showed that the girls made more positive comments about all the three linguistic varieties of the dialect in Sogndal than the boys. This difference was significant for variety 2. Within the category of girls and boys, the girls were most positive to variety 2, whilst the boys were most positive to variety 1.

Regarding parental background, informants whose parents both come from Sogndal were most positive to all the varieties. For variety 2, there was a significant difference between informants with both parents from Sogndal and those with neither parent from Sogndal, and between informants with one or both of their parents from Sogndal for variety 1 and 2.

The pupils in year eight were significantly more positive to variety 3 than the pupils in years nine and ten.

After the “verbal guise” test, the pupils were given more information about the next stages of the project and were encouraged to take part. 74 pupils wished to participate, and I picked out 36 of these informants based on the criteria of parental background and gender. These 36 informants were asked to evaluate their own dialect (main focus on the cognitive component) in relation to the three varieties of the dialect in Sogndal. Later, on the tape recordings, they gave statements (a mixture of the cognitive and the affective component) about the dialect in Sogndal.

Results from the direct methods showed that about half of the boys evaluated their language as being most like variety 1, whilst most of the girls were spread over variety 2, 3 or “other”. The same pattern arose on the tape recordings, i.e. the boys expressed themselves more positively about the dialect in Sogndal than the girls.

In the self-evaluation, there was a tendency that informants with parents from Sogndal evaluated their language as being most like one of the three varieties to a higher degree than

informants with no parents from Sogndal. The same pattern was evident in the tape recordings, i.e. informants with one or two parents from Sogndal declared themselves more in favour of the Sogndal dialect than those without that parental background.

Informants from year eight evaluated their language as being closest to variety 3, informants from year nine closest to variety 1 and informants from year ten closest to variety 2. Also, on the tape recordings, informants from year nine seemed to be the ones who were most positive to the traditional Sogndal dialect (variety 1).

### **Research question 3: What characterises the dialect among adolescents in Sogndal?**

In my research with data from 1996 I had 18 linguistic variables and 30 informants aged between 17 and 83. At least one of the informants' parents had to come from Sogndal. The linguistic variables were then divided into two varieties: A traditional (variety 1) and a newer (variety 2). The word <lay> (Norwegian: <leggja>) would for instance be pronounced /lai̯jja/ according to variety 1 and /le̯jja/ according to variety 2. In the new research in 2001 I have determined 24 linguistic variables, where the six that were not there in 1996, now represent what I have called variety 3. Here there are for instance characteristics like /ç̥/ ↔ /ʃ/ as in the word <church> (Norwegian: <kyrkje>) where the pronunciation will be /ç̥ørç̥a/ according to variety 1 and /ʃørʃa/ according to variety 3.

A comparison of the previous and present research shows that the new variants (variety 2) totally dominate in 2001. There is a significant difference between the size of the traditional category in 1996 (77,6% of all the informants and 71,6% of the 16 youngest (17 – 44 years)) compared with the size of the traditional category from the newer research (49% in the 2001 material). If the adolescents in Sogndal do not change their language towards more traditional Sogndal variants as they grow up, this is a sign of linguistic change in the Sogndal dialect. Most of the linguistic variants seem to be moving from variety 1 to variety 2.

If we isolate the research from 2001 and add the six linguistic variables from variety 3, and the informants with no parents from Sogndal, the traditional per cent in 2001 is 58,7. The new variants connected to variety 3, for instance *ao*-dropping, have not caught on and have a relatively weak position in the Sogndal dialect.

As in 1996, the research from 2001 shows boys to have a significantly higher traditional per cent than girls. Informants with two parents from Sogndal have a significantly higher traditional per cent than informants with only one parent from Sogndal, and the latter category also has a significantly higher traditional per cent than informants with no parents

from Sogndal. There is a very high significant difference between girls and boys with both parents from Sogndal, but no significant difference between girls and boys with one or no parents from the village. Nor were there any significant differences between years eight, nine and ten.

The accordance between the social and the linguistic variables must be explained. I have also obtained information about the same 36 informants' social network. Amongst other things, here there were significant differences between the genders in that the boys had more contact with people from Sogndal speaking the Sogndal dialect than the girls. There were also significant differences between the amounts of Sogndal-contacts by informants with at least one of their parents from Sogndal compared with informants without parents from Sogndal. For the three school years there were only quite small differences here.

Information from all the pupils about where they would like to live and work when they finish their education shows that there are significantly more boys than girls who say that they would like to live in Sogndal. Although this is a hypothetical question, the results all the same give indications about how girls and boys think. The information gives important signals about the future. Those who have thought of leaving the village when they grow up do not seem to be equally interested in taking care of and speaking the traditional Sogndal dialect. On the tape recordings many informants claim that it is important to visualise a certain connection to the dialect in Sogndal, but it seems as if they also can show this by speaking variety 2.

#### **Research question 4: Why do the adolescents in Sogndal speak the way they do?**

In order to understand why the informants speak they way they do, I picked out three of the 36 informants based on different traditional per cent and different attitudes to the Sogndal dialect. I also wanted to connect the results from the different research stages to these informants and put it all into Ajzen's model "the theory of planned behavior". This model which is composed by the three components *Attitude toward the behaviour*, *Subjective norm* and *Perceived behavioural control*, worked all right as a list of factors that can influence action. On the other hand, the model cannot predict how people speak, but it can illustrate the factors that visualise it. It does nevertheless not say anything about the relative strength of the different factors; neither can the model tell anything about the informants' inner motivation. The coherence between factors and speech seems to be best in regard to the direct attitude research. The three depth-informants gave me the impression that the social norms they had acquired during their contact with parents and their friends in their closest social network

were the strongest source of influence on their language. This contact also to a great extent showed what norms they had internalised, what they valued and whom they most identified with.

## Kjelder

- Aschehough og Gyldendals store norske leksikon*. 1989. 2. utgåve. Band 5. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Ajzen, Icek. 1988. *Attitudes, Personality, and Behavior*. Milton Keynes: Open University Press.
- Ajzen, Icek. 1995. Attitudes and behavior. I: Manstead, Antony S. R. og Miles Hewstone (red.). *The Blackwell Encyclopedia of Social Psychology: 52 – 57*. Cambridge, Massachusetts, USA: Blackwell.
- Akselberg, Gunnstein. 1995. *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmat i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Band 1. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 1997a. Det norske språksamfunnet sett i det kultursosiologiske perspektivet til Pierre Bourdieu. I: *Nordica Bergensia*. Nr. 13: 105 – 123. Bergen: Nordisk institutt.
- Akselberg, Gunnstein. 1997b. Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikkk. I: Jarle Bondevik, Gjert Kristoffersen, Oddvar Nes og Helge Sandøy (red.). *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4. Mars 1997*: 23 – 34. Bergen: Alma Mater.
- Akselberg, Gunnstein. 2002a. Evaluering av eigen dialekt og aktuelle faktorar i den dialektale sosialiseringprosessen. Talemålsvariasjon og språkhaldningar hjå ungdomar på Voss ved tusenårsskiftet. I: *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg – nr. 6*: 93 – 119. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 2002b. Talespråkleg regionalisering i Noreg – Keisarens nye klede? I: *Nordica Bergensia*. Nr. 28: 35 – 59. Bergen: Nordisk institutt.
- Akselberg, Gunnstein. 2003. Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet. Ei gransking av språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001 – 2002 sett i eit talespråkleg regionaliseringsperspektiv. I: Akselberg, Gunnstein, Anne Marit Bødal og Helge Sandøy (red.). *Nordisk dialektologi*: 197 – 226. Oslo: Novus.
- Almås, Reidar. 1985. *Bygdesosiologi*. Oslo: Samlaget.
- Almås, Reidar. 1995. *Bygdeutvikling*. Oslo: Samlaget.
- Baker, Colin. 1988. *Key Issues in Bilingualism and Bilingual Education*. Clevedon: Multilingual Matters Ltd.
- Baker, Colin. 1992. *Attitudes and Language*. Clevedon: Multilingual Matters Ltd.
- Baron, Robert A., og Donn Byrne. 2000. *Social Psychology*. Boston: Allyn and Bacon.

- Baugh, John. 1993. Adapting dialectology: The conduct of community language studies. I: Preston, Dennis R. (red.). *American Dialect Research*: 167 – 191. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Bayard, Donn, Cynthia Gallois, Ann Weatherall og Jeffery Pittam. 2001. Pax Americana? Accent attitudinal evaluations in New Zealand, Australia and America. I: *Journal of Sociolinguistics*. Volum 5. Nr. 1: 22 – 49.
- Berge Rudi, Nina. 1999. Skilnader i bruken av den heimlege dialekta i Hallingdal og Gudbrandsdalen. I: Kleiva, Turid, Ingeborg Donali, Trygve Nettet og Helen Øygarden (red.). *Austlandsmål i endring*: 74 – 84. Oslo: Samlaget.
- Bjørkum, Andreas. 1974. *Generasjonsskilnad i indresognsmål. Talemålet i industribygd i Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørkum, Andreas. 2002a. Sams drag i indresognsmål og dølemål. I: Olaf Almenningen, Arnold Dalen, Helge Sandøy, Arne Torp, Lars S. Vikør, Geirr Wiggen og Dagfinn Worren (red.). *Målgranskaren frå Årdal. Heidersskrift til Andreas Bjørkum på 70-årsdagen 30. mars 2002*: 35 – 45. Oslo: Seksjon for leksikografi og målføregranskning, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap.
- Bjørkum, Andreas. 2002b. Andreas Bjørkum: Godt arbeid for saukjan, Olav. I: Almenningen, Olaf, Lars S. Vikør, Arnold Dalen, Geirr Wiggen, Helge Sandøy, Dagfinn Worren og Arne Torp (red.). *Målgranskaren frå Årdal. Heidersskrift til Andreas Bjørkum på 70-årsdagen 30. mars 2002*: 97 – 98. Oslo: Seksjon for leksikografi og målføregranskning, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap.
- Boersma, Paul og David Weenink. Nettside om transkripsjonsprogrammet PRAAT. Nedlasta 12.12.2002. <http://www.fon.hum.uva.nl/praat/>
- Boneau, Alan C. 1960. The effects of violation of assumptions underlying the t test. I: *Psychological Bulletin*. Volum 57. Nr. 1: 49 – 64.
- Bourhis, Richard Y. og Howard Giles. 1976. The Language of Cooperation in Wales: A Field Study. I: *Language Sciences*. 42: 13 – 16.
- Breckler, S. J. 1997 [1984]. Attitudes: Structure, Measurement and Functions. Empirical validation of affect, behavior and cognition as distinct components of attitude. I: Hewstone, Miles, Anthony S. R. Manstead og Wolfgang Stroebe (red.). *The Blackwell Reader in Social Psychology*: 221 – 245. Malden: Blackwell.
- Bringedal, Berit. 2000. *Ungdomskulturer og verdier*. Foredrag for Verdikommisjonen 9. november 2000.

- Bringslid, Mary Bente og Gunnar Jørgensen. 1988. *Nærmiljø i Sogndal kommune*. Arbeidsnotat/Sogn og Fjordane distriktshøgskule, 22. Sogndal: Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Broch, Kristin Hagen. 2001. *Ungdomsspråk i Oslo, liksom. En studie av hvordan holdninger til eget talemål kan bidra til å forklare ungdommers valg av språklige strategier*. Universitetet i Oslo: Upublisert hovudoppgåve.
- Brunstad, Endre. 2000. Alltid fleire normer. Refleksjonar kring språknormomgrepet og talemålsgranskinga. I: *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg – nr. 4*: 115 – 128. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Bryman, Alan og Duncan Cramer. 1997. *Quantitative Data Analysis with SPSS for Windows. A guide for social scientists*. London og New York: Routledge.
- Butler, Christopher. 1985. *Statistics in Linguistics*. Oxford: Basil Blackwell.
- Cameron, Deborah. 1985. *Feminism and Linguistic Theory*. London: Macmillan Press.
- Cheshire, Jenny. 1984. The Relationship between Language and Sex in English. I: Trudgill, Peter (red.). *Applied Sociolinguistics*: 33 – 49. London: Academic Press.
- Coupland, Nikolas, Angie Williams og Peter Garrett. 1994. The Social Meanings of Welsh English: Teachers' Stereotyped Judgements. I: *Journal of Multilingual and Multicultural Development*. Volum 15, nr. 6: 471 – 489.
- Cozby, Paul C. 1997. *Methods in Behavioral Research*. 6. utgåve. London: Mayfield Publishing Company.
- Day, Richard R. 1982. Children's attitudes toward language. I: Giles, Howard og Ellen Bouchard Ryen (red.). *Attitudes towards Language Variation. Social and Applied Contexts*: 116 – 131. London: Edward Arnold.
- Eagly, Alice H. og Shelly Chaiken. 1993. *The Psychology of Attitudes*. Fort Worth, Texas: Harcourt Brace Jovanovich.
- Eckert, Penelope. 1989. *Jocks and Burnouts: Social Categories and Identity in the High School*. New York: Teachers College Press.
- Eckert, Penelope og Sally McConnell-Ginet. 2003. *Language and Gender*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Edwards, John R. 1982. Language attitudes and their implications among English speakers. I: Giles, Howard og Ellen Bouchard Ryen (red.). *Attitudes towards Language Variation. Social and Applied Contexts*: 20 – 33. London: Edward Arnold.
- Edwards, John R. 1985. *Language, Society and Identity*. Oxford: Blackwell i samarbeid med Deutsch.



- Elms, Alan C. 1976. *Block 10 Attitudes*. Milton Keynes: The Open University Press.
- Fabrigar, Leandre R. og Jon A. Krosnick. 1995. Attitude measurement and questionnaire design. I: Manstead, Antony S. R. og Miles Hewstone (red.). *The Blackwell Encyclopedia of Social Psychology*: 42 – 47. Cambridge, Massachusetts, USA: Blackwell.
- Farstad, Randi. 1996. *En studie av språkholdninger og stereotype forestillinger om og blant sunnmøringer, romsdalinger og nordmøringer*. Trondheim, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet: Upublisert hovedoppgåve.
- Fimreite, Jan Egil. 2003. Sogningen rundar fem. I: *Sogn Avis*: 5.11.2003.
- Fink, Hans. 1991. Identiteters identitet. I: Fink, Hans og Hauge, Hans (red.). *Identiteter i forandring*. Kulturstudier 12: 204 – 226. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag.
- Fishbein, Martin og Icek Ajzen, I. 1980. *Understanding Attitudes and Predicting Social Behavior*. Englewood Cliffs, New Jersey: Prentice-Hall.
- Fishman, Joshua og Heriberto Casiano. 1971. Puerto Ricans in our Press. I: Joshua A. Fishman, Robert L. Cooper og Roxana Ma (red.). *Bilingualism in the Barrio*: 43 – 55. Bloomington, Indiana: Indiana University Publications.
- Flom, George Tobias. 1944. *The Morphology of the dialect of Aurland (in Sogn, Norway)*. Urbana: The University of Illinois Press.
- Fossåskaret, Erik. 1976. *Bygda – kva er vitsen? Om det verdfulle ved lokalsamfunnet – og om utarmingsutviklinga*. Suldalsprosjektet 5. Sand: Suldalsprosjektet.
- Fossåskaret, Erik. 1997. Ustrukturerde intervjuer med få informanter gir i seg selv ikke noen kvalitativ undersøkelse. I: Fossåskaret, Erik, Otto Laurits Fuglestad og Tor Halfdan Aase (red.). *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*: 11 – 45. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fossåskaret, Erik. 2000. Surapalen som identitetsmarkør. Regionalisering, stad og sjølvforståing. I: *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg – nr. 4*: 27 – 46. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Fredheim, Anne Gro. 2003. Urbant, men ikkje urbant nok. I: *Sogn Avis*. 3.11.2003.
- Frønes, Ivar. 1998. *De likeverdige. Om sosialisering og de jevnaldrendes betydning*. 2. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gabrielsen, Finn. 1984. *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk granskning av yngre mål i Stavanger*. Oslo: Novus.



- Games, Paul A. og Patrick A. Lucas. 1966. Power of analysis of variance of independent groups on non-normal and normally transformed data. I: *Educational and Psychological Measurement*. Volum XXVI. Nr. 2: 311 – 327.
- Garborg, Arne. 1986 [1883]. *Bondestudentar*. Portugal: Den norske Bokklubben.
- Gardner, R.C. 1985. *Social Psychology and Second Language Learning: the Role of Attitudes and Motivation*. The Social psychology of language 4. London: Edward Arnold.
- Garrett, Peter, Nikolas Coupland og Angie Williams. 2003. *Investigating Language Attitudes. Social Meanings of Dialect, Ethnicity and Performance*. Cardiff: University of Wales Press.
- Giddens, Anthony. 1997. *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under sen-moderniteten*. [Omsett til dansk av Søren Schultz Jørgensen.] København: Hans Reitzels Forlag.
- Giles, Howard og Peter F. Powesland. 1975. *Speech Style and Social Evaluation*. London: Academic Press.
- Giles, Howard og Richard Y. Bourhis. 1976. Methodological Issues in Dialect Perception: Some Social Psychological Perspectives. I: *Anthropological Linguistics*. Volum 18: 294 – 304. Indiana: A Publication of the Anthropology Department Indiana University.
- Gilje, Nils og Harald Grimen. 1993. *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gilje, Nils og Harald Grimen. 1995. *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. 2. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grube, Joel W. og Mark Morgan. 1990. Attitude-Social Support Interactions: Contingent Consistency Effects in the Prediction of Adolescent Smoking, Drinking, and Drug Use. I: *Social Psychology Quarterly*. Volum. 53. Nr. 4: 329 – 339.
- Grønmo, Sigmund. 1996. Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærminger i samfunnsforskningen. I: Harriet Holter og Ragnvald Kalleberg (red.). *Kvalitative metoder i samfunnsforskning: 73 – 108*. Oslo: Universitetsforlagets Metodebibliotek.
- Grønmo, Sigmund. 2001. Sosiale nettverk – ressurs, strategi og struktur. I: *P2-akademiet. U*: 116 – 128. Otta: NRK Fakta.
- Halse, John. 1987. De kognitive teorier /Jean Piagets's teori. I: Kjerulf, Stig og Poul Svendsen (red.). *Pedagogiske teorier*. 2. reviderte utgåve: 96 – 103. [København]: Billesø & Baltzer.
- Halvorsen, Eivind Fjeld. 1984. Om uttalen av á i gammelnorsk. I: Bernt Fossetøl, Kjell Ivar Vannebo, Kjell Venås og Finn-Erik Vinje (red.). *Festskrift til Einar Lundebø 3. Oktober 1984*: 239 – 251. Oslo: Novus.
- Haugen, Ragnhild. 1998. Variasjon og endring i sogndalsdialekten. I: *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg – nr 1*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

- Haugen, Ragnhild. 2002a. Språkhaldningstest ved Sogndal kino. I: *Nordica Bergensia*. Nr. 27: 83 – 103. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Haugen, Ragnhild. 2002b. Sjølvrapporterte språkhaldningar frå ungdomar i Sogndal. I: *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsending i Noreg – nr. 6*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Helgander, John. 1996. *Mobilitet och språkförändring. Exemplet Övre Dalarne och det vidare perspektivet*. Rapport 1996: 3. Falun: Högskolan Dalarna.
- Hellevik, Ottar. 2002. *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Herek, Gregory M. 1986. The Instrumentality of Attitudes: Toward a Neofunctional Theory. I: *Journal of Social Issues*. Volum 42, nr. 2: 99 – 114.
- Hernes, Reidunn. 1998. “Eg snakke sånn så – det komme av seg sjøl”. *Ein sosiolingvistisk Analyse av talemålsvariasjon hjå ungdomar i Os*. Bergen: Upublisert hovudoppgåve.
- Hoem, Edvard. 1996. *Mitt tapre språk*. Oslo: Samlaget.
- Hogg, Michael A. og Dominic Abrams. 1988. *Social Identifications. A Social Psychology of Intergroup Relations and Group Processes*. London: Routledge.
- Hogg, Michael A. og Dominic Abrams. 1990. I: Hogg, Michael A. og Dominic Abrams (red.). An introduction to the social identity approach. *Social Identity Theory: Constructive and Critical Advances*: 1 – 9. New York: Springer-Verlag.
- Hogg, Michael A. og Craig McGarty. 1990. I: Hogg, Michael A. og Dominic Abrams (red.). Self-categorization and social identity. *Social Identity Theory: Constructive and Critical Advances*: 10 – 27. New York: Springer-Verlag.
- Hogg, Michael A. og Graham M. Vaughan. 1995. *Social Psychology. An introduction*. London: Prentice Hall.
- Hogg, Michael A. og Graham M. Vaughan. 1998. *Social Psychology*. 2. utgåve. London: Prentice Hall.
- Holm, Anne-Brit. 1999. *Stebarnet nynorsk. Om holdninger til nynorsk i Larviksskolen*. Universitetet i Oslo: Upublisert hovudoppgåve.
- Hompland, Andreas. 1982. Innflyttarplaga – kva skjer når bygd blir til by? I: *Søkelys på Sogn og Fjordane*. Nr. 2/82: 12 – 18.
- Hudson, Richard Anthony. 1996. *Sociolinguistics*. 2. utgåve. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hymes, Dell. 1977. *Foundations in Sociolinguistics. An Ethnographic Approach*. London: Tavistock Publications.

- Imsen, Gunn. 1984. *Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi*. [Oslo]: Tano A/S.
- Jenstad, Tor Erik. 1983. *Eit nytt sentrumsmål veks fram. Drag frå talemålet på Sunndalsøra*. Trondheim: Tapir.
- Johansen, John Agnar. 1979. *Stereotype holdninger til dialekter. En faktoranalytisk studie av dialektstereotypier i Oslo-regionen*. Universitetet i Oslo: Upublisert hovudoppgåve.
- Johansen, Roy. 1998. "Åffer skriver vi hvordan når vi meiner åssen?" *Forholdet mellom talemål og bruk av valfrie skriftspråkformer i bokmål hos ungdomsskoleelevar*. Kristiansand, Høgskolen i Agder: Upublisert hovudoppgåve.
- Johnson, Sally. 1997. *Theorizing Language and Masculinity: A Feminist Perspective*. I: Johnson, Sally og Ulrike Hanna Meinhof (red.). *Language and Masculinity*: 8 – 26. Oxford: Blackwell.
- Johnstone, Barbara. 2000. *Qualitative Methods in Sociolinguistics*. New York: Oxford University Press.
- Jørgensen, Gunnar. 1994. *To ungdomskulturer. Om vedlikehold av sosiale og kulturelle ulikheter i Bygdeby*. Rapport 1/94. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Jørgensen, J. Normann og Kjeld Kristensen. 1994. *Moderne sjællandsk. En undersøgelse af unge sjællenderes talesprog*. København: C.A. Reitzels Forlag.
- Katz, Daniel. 1960. The Functional Approach to the Study of Attitudes. I: *The Public Opinion Quarterly*. Volum XXIV, nr. 2: 163 – 204.
- Kerswill, Paul. 1994. *Dialects Converging. Rural Speech in Urban Norway*. Oxford: Clarendon Press.
- Kinncar, Paul R. og Colin D. Gray. 2000. *SPSS for Windows Made Simple*. 10. utgåve. Hove, East Sussex, UK: Psychology Press.
- Kjørup, Søren. 1999. *Menneskevidenskaberne. Problemer og traditioner i humanioras videnskabsteori*. Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Kleiven, Jo. 1974a. *Some stereotypes attached to social groups in the Bergen region: A Preliminary study*. Bergen: Reports from the Institute of Psychology. Nr. 8, 1972.
- Kleiven, Jo. 1974b. *Social stereotypes elicited by linguistic differences: Descriptive and evaluative aspects*. Bergen: Reports from the Institute of Psychology. Nr. 8, 1974.
- Kleiven, Jo, Kirsti Jørgensen og Henrik Sollie. 1975. Stereotype oppfatninger av dialektbrukere – en pilotundersøkelse fra Bergen. I: *Tidsskrift for Samfunnsforskning*. Band 16: 242 – 249. Oslo: Universitetsforlaget.

- Kotsinas, Ulla-Britt og Anna-Brita Stenström. 2000. Förord. I: Kotsinas, Ulla-Britt, Anna-Brita Stenström og Eli-Marie Drange (red.). *Ungdom, språk og identitet. Rapport fra et nettverksmøte*. Serie: Nord 1999: 30: 7 – 14. København: Nordisk Ministerråd.
- Kramarae, Cheris. 1982. Gender: how she speaks. I: Giles, Howard og Ellen Bouchard Ryan (red.). *Attitudes towards Language Variation. Social and Applied Contexts*: 84 – 98. London: Edward Arnold.
- Kristiansen, Elsa. 1995. *Holdninger til vikværsk. En kvantitativ analyse av skoleelevers holdninger til noen trekk i drammensdialekten*. Universitetet i Oslo: Upublisert hovudoppgåve.
- Kristiansen, Elsa. 1999. Haldningar til vikværsk. I: Kleiva, Turid, Ingeborg Donali, Trygve Nettet og Helen Øygarden (red.). *Austlandsmål i endring*: 140 – 148. Oslo: Samlaget.
- Kristiansen, Tore. 1989. Sprogholdninger i praksis. I: Mette Kunøe og Erik Vive Larsen (red.). *2. Møde om Udforskningen af Dansk Sprog*: 215 – 229. Århus: Aarhus Universitet.
- Kristiansen, Tore. 1991a. *Sproglige normidealer på Næstvedægnen. Kvantitative sprogholdningsstudier*. København: Upublisert PhD-avhandling, Københavns Universitet.
- Kristiansen, Tore. 1991b. Sprogholdninger hos folkeskolelærere, unge mennesker og personalechefer på Næstvedegnen. I: *Danske folkemål*. Band 33: 51 – 62. København: C.A. Reitzels Forlag.
- Kristiansen, Tore. 1992. Har regionalsprog en fremtid i Danmark? I: *Danske Folkemål*. Band 34: 203 – 247. København: C.A. Reitzels Forlag.
- Kristiansen, Tore. 1993. Sidste nyt fra kampen mod de unge tunger. I: Risager, Karen, Anne Holmen og Anna Trosborg (red.). *Sproglig mangfoldighed – om sproglig viden og bevidsthed*: 88 – 97. Roskilde: ADLA – Foreningen for anvendt sprogvidenskab i Danmark.
- Kristiansen, Tore. 1997a. "Language Attitudes in a Danish Cinema". I: Coupland, Nikolas og Adam Jaworski (red.). *Sociolinguistics. A Reader and Coursebook*: 291 – 305. London: Macmillan.
- Kristiansen, Tore. 1997b. Sprogbrug og sprogholdninger. Kommentarer og sammenligninger i anledning af *Moderne Sjællandsk*. I: *Danske folkemål*. Band 39: 3 – 30. København: C.A. Reitzels Forlag.
- Kristiansen, Tore. 1998. The Role of Standard Ideology in the Dissappearance of the Traditional Danish Dialects. I: *Folia Linguistica*. XXXII/1 – 2: 115 – 129. Berlin: Mouton.
- Kristiansen, Tore. 1999. Unge sprogholdninger i Næstved 89 og 98. I: *Danske Folkemål*. Band 41: 139 – 162. København: C.A. Reitzels Forlag.

- Kristiansen, Tore. 2000. Den danske sprogsituation ved årtusindskiftet – status og utviklingslinjer. I: Kolberg, Asbjørn (red.). *“Speider over hav mot Danmark”*: Landskonferansen for norsklærere i lærerutdanninga, Scæffergården 12. – 14. mai 2000: Konferanserapport: 43 – 81. Levanger: Høgskolen i Nord-Trøndelag, Avdeling for sykepleier-, ingeniør- og lærerutdanning; Landsseksjonen for norsk i lærerutdanninga, FFL.
